

# Med skolen som misjonsmark

Den norske vekkingrørslas satsing på  
lærerutdanning 1890–1946

Alf Gunnar Eritsland

Avhandling levert for graden Dr.philos.  
Institutt for pedagogikk, Det utdanningsvitenskapelige fakultet  
Universitetet i Oslo, 2019

© Alf Gunnar Eritsland, 2020

*Doktoravhandlingar forsvart ved  
Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo.  
Nr.319*

ISSN 1501-8962

Det må ikke kopieres fra denne boka i strid med åndsverkloven eller med avtaler om kopiering inngått med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

Omslag: Hanne Baadsgaard Utigard.  
Grafisk produksjon: Representralen, Universitetet i Oslo.

# Med skolen som misjonsmark

---

Den norske vekkingrørslas satsing på  
lærerutdanning 1890–1946

Alf Gunnar Eritsland

Avhandling levert for graden Dr.philos.  
Institutt for pedagogikk, Det utdanningsvitenskapelige fakultet  
Universitetet i Oslo  
2019





# Innhald

<b>Føreord .....</b>	<b>8</b>
<b>Del 1. Innleiing .....</b>	<b>10</b>
Samandrag .....	10
Problemstilling og forskingsspørsmål .....	12
Avhandlingas struktur.....	13
Forskning om vekking og utdanning .....	15
Innleiing .....	15
Skole- og utdanningshistorisk forskning .....	16
Historisk og religionssosiologisk forskning .....	19
Kyrkehistorisk forskning .....	24
Vekkingshistoria fortalt innanfrå .....	26
Oppsummering av forskingsoversynet .....	28
Teoretisk ramme og metodiske merknader.....	29
Vekking og sekularisering .....	29
Målet med avhandlinga.....	32
Historisk tekstskaping.....	33
Ei «whiggish» historieframstilling?.....	34
Erfaring og nærleik .....	36
Kjeldeval og kjeldebruk.....	37
Oppsummering om metode.....	39
Sentrale omgrep .....	40
<b>Del 2. Lærarutdanning i den kristne einskaps-kulturen (1739–1870) .....</b>	<b>47</b>
Innleiing .....	47
Kap. 1. Pietisme og opplæring.....	49
Kap. 2. Lærarutdanning – frå kyrkjeleg til statleg ansvar .....	55
Kap. 3. Asker seminarium som modell.....	65
Kap. 4. Den grundtvigianske impulsen.....	71
Oppsummering 1739–1870.....	83
<b>Del 3. Vekst og uro (1870 –1890) .....</b>	<b>87</b>
Innleiing .....	87
Kap. 5. «Alle Mann på Dæk!».....	89

Kap. 6. Biskop, vekkingssvenn og «overlærer» – Johan Christian Heuch .....	100
Kap. 7. «Den vestnorske vekkinga» .....	107
Kap. 8. Emissæren og læraren .....	120
Kap. 9. Skolelova av 1889, «Spiren til skolens avkristning» .....	130
Oppsummering 1870–1890.....	141
<b>Del 4. Rekristning gjennom lærarutdanning (1890–1930).....</b>	<b>145</b>
Innleiing .....	145
Kap. 10. «Ein åndskamp mot fritenkjarflaumen».....	148
Kap. 11. Nye impulsar og ny lov .....	158
Kap. 12. Dei kristelege ungdomsskolane.....	165
Kap. 13. Privat lærarutdanning på vekkingssgrunn .....	169
Kap. 14. Volden friseminar.....	178
Kap. 15. På sporet av ein vekkingssbasert didaktikk .....	187
Kap. 16. Ole Hallesby – vekkingssrørslas fremste strateg.....	200
Oppsummering 1890–1930.....	219
<b>Del 5. Kamp og nederlag (1930–1946) .....</b>	<b>221</b>
Innleiing .....	221
Kap. 17. Lærarutdanning og kristenliv på 1930-talet .....	223
Kap. 18. Reformpedagogikk og kristendomsopplæring .....	239
Kap. 19. Skolelovene av 1936 og Normalplanen av 1939.....	250
Kap. 20. Oslo lærerskole som vekkingssbasert læringsmiljø.....	258
Kap. 21. Kristeleg lærarutdanning mot slutten .....	268
Oppsummering 1930–1946.....	276
<b>Konklusjonar.....</b>	<b>279</b>
1. Grunngjevinga, gjennomføringa, vurderinga.....	279
2. Vekking, sekularisering og differensiering.....	286
Mine funn.....	289
<b>Kjelder .....</b>	<b>293</b>
Litteratur .....	293
Vedlegg.....	311

## Føreord

Ideen til denne avhandlinga blei til i møte med to av mine besteforeldre, Omine Marie og Ola Vorraa. I 2011 fekk eg i hende ei stor samling brev dei hadde skrive til kvarandre medan dei var nyutdanna lærarar i Rogaland mellom 1917 og 1926. Brev handla om kjærleiken, om trua, om korleis det var å arbeide som kristen lærar. Målsettinga om å påverke barna i vekkingskristen retning hadde dei utvikla medan dei gjekk på lærarskolen i Volda. Syskenbarnet mitt, Ola Vorraa, tok vare på breva, og overlet dei til meg. Takk, Ola! Eg har i dette forskingsarbeidet hatt nytte og glede av samtalanane med slektningar på Karmøy, ikkje minst onkel Valter Vorraa, også han lærar, og med sonen, Vidar Vorraa.

Avhandlinga kan seiast å bygge på erfaringar eg har skaffa meg gjennom eit yrkesliv innan norsk lærarutdanning. Arbeidet har gitt meg høve til å bli kjent med dei aller fleste norske institusjonane som gir lærarutdanning retta mot grunnskolen. Eg tenker med takksemnd på dei mange kontaktane eg har hatt i ulike delar av landet. Dei har tilført meg innsikt og vore samtalepartnarar i spørsmål som står sentralt i avhandlinga. Ein særskilt takk til alle dei eg fekk samarbeide med i Lærarutdanningsrådet.

Den største takken går til professor Fredrik Thue. Han såg tidleg kva som kunne kome ut av den samlinga lause analysar og refleksjonar eg ein gong viste han, tankar knytt til skolen og vekkingsrørsla. Utan hans vennlege og kunnskapsrike oppfølging, tolmodige og uthaldande lesing og kritiske, men konstruktive korrigerer ville dette ikkje blitt ei doktorgradsavhandling. Eg vil også takke førsteamanuensis Per Anders Aas for grundig og kunnskapsrik gjennomgang og hjelp til å sjå sterke og veike sider ved teksten. Takk også til førsteamanuensis Brit Marie Hovland for idear og forslag til endringar.

Lærarutdanninga i Volda står sentralt i historia om vekkingsrørsla og skolen. Eg har derfor søkt kontakt med dei som kjenner denne institusjonen innanfrå. Førsteamanuensis Kjell-Arild Madssen har hjelpt meg til å få kontakt med aktuelle forskarar. Førsteamanuensis Birger Løvlie har lese og kommentert utkast, vist interesse for prosjektet over lang tid og vore ein interessert samtalepartnar. Det same kan eg seie om professor Per Halse, som har gått gjennom manuset og gitt mange råd om endringar og tips til referansar. Forskinga til Løvlie og Halse har inspirert meg og ført prosjektet vidare. Takk også til professor Geir Skeie, Universitetet i Stavanger, for lesing og inspirerande samtale om teksten. Professor Kim Helsvig har gitt idear til granskinga, og ikkje minst bidrege med sentrale referansar.



I eit skapande og skoleretta akademisk miljø ved OsloMet har forskarar og lærarar innan religionsvitskap, pedagogikk, historie og norsk inspirert meg til å fullføre arbeidet. Ikkje minst gjeld dette dosent Mette Elisabeth Nergård, som har gitt både støtte og oppmuntring. Ein takk til Olav Væhle Hauge for språkleg kontroll og rådgjeving, og Kjell Vesterås for inspirerande samtalar kring tema eg arbeider med i avhandlinga. Takk også til biblioteket ved OsloMet, Nasjonalbiblioteket og Riksarkivet for god rettleiing. Ei særskilt takk til Elisabeth Nilsen ved Normisjon for avgjerande hjelp til å finne fram relevant arkivmateriale.

Til sist vil eg takke kona mi, Marit Stenberg, for kompetent gjennomlesing, ideskapande samtalar og tolmod gjennom år med skrivearbeid.

Frode Molven har rett: «*Det er mye arbeid involvert i å presentere fortidsmateriale i noe som ligner en avrundet tekst.*»<sup>1</sup>

Skullerud, november 2019

Alf Gunnar Eritsland

---

<sup>1</sup> Molven 2017:14

# Del 1. Innleiing

## Samandrag

Norsk lærarutdanning blei oppretta med eit kristent misjonsbasert mandat, og hadde religiøs danning som sitt fremste mål. Dei lærarane som gjekk ut i skolen skulle vere lojale formidlarar av evangelisk-luthersk kristendom. Då den moderne kulturen mot slutten av 1800-talet svekte det religiøse aspektet i opplæringa, satsa lekmannsbaserte vekkingorganisasjonar på eigne lærarskolar. Det visjonære målet bak satsinga var eit samfunn der kristendommen på nytt skulle utgjere ein ideologisk fellesnemnar. Denne delen av norsk skolehistorie har vore lite utforska. Sjølv om historikarar har peika på vekkingørslas bruk av lærarutdanninga som ein arena for religiøs påverknad, har denne satsinga ikkje blitt analysert gjennom ein heilskapleg historisk studie. Avhandlinga har som mål å analysere grunngevinga for og gjennomføringa av dette stortenkte opplæringsprosjektet. Til slutt blir det gitt ei vurdering av kva resultat satsinga kan seiast å ha fått.

Avhandlinga dreg linjene tilbake til den kristne einskapskulturen, med ei kollektivt basert religionsutøving. I den pietistiske epoken på 1700-talet fekk skolens opplæring den same målsettinga som kyrkjjas dåpsopplæring. Evangelisk-luthersk kristendom var hovudfaget og konfirmasjonen var eksamen. Kyrkja, det vil seie prestane, hadde ansvar både for skolen og for kvalifiseringa av lærarane.

Dei neste delane av framstillinga handlar om skolen, lærarutdanninga og dei store folkelege vekkingane i andre delen av 1800-talet. Avhandlinga viser her korleis bandet mellom skolen og kyrkja losna gjennom moderniserande og sekulariserande prosessar. Frå midten av 1800-talet blei opplæringa gradvis demokratisert og overført til lokale styresmakter. Innslaget av sekulært lærestoff innebar endringar ikkje minst når det gjaldt det ideologiske og religiøse innhaldet. Også vekkingskristne lærarar og politikarar var med då styringa av skolen blei tatt ut av hendene til prestane. Samtidig som bandet til kyrkja blei svekka, styrkte lærarstanden si stilling som yrkesgruppe. Norsk lærarutdanning blei ein arena for ideologisk, religiøs og pedagogisk strid.

Analysen viser korleis vekkingfolket, i ei tid då kristendommen som samfunnsberande ideologi blei svekt, skilde seg ut som eit avsondra fellesskap av «vekte» og «frelste». Sjølv om dei slik var med på å løyse opp den kyrkjeleg dominerte einskapskulturen, kom dei snart

til å kjempe mot følgjene av denne oppløysinga. Som ein reaksjon mot sekulariserande krefter i skolen blei det oppretta lågkyrkjelege vekkingskristelege lærarskolar. Gjennom samspel med folkehøgskolane kom lærarskolane til å bli påverka av ein grundtvigiansk didaktikk som utfordra den tradisjonelle «puggeskolen». Samtidig viste det seg å vere krevjande å utforme ein misjonsbasert læringskultur i ein pedagogisk kontekst prega av vitskapleg rasjonalitet. Trass i at dei vekkingskristelege lærarskolane i Volda, på Notodden og i Oslo var blant dei største og fagleg sterkaste i landet, møtte dei sterke ytre og indre motkrefter.

Den sterkaste ytre motstandaren var Arbeidarpartiet, som meinte at staten måtte ha hand om utdanninga av einskapsskolens lærarstand. I meir enn to tiår stod det strid om Oslo lærerskole. Analysen min viser at leiinga og eigaren, Det norske lutherske indremisjons-selskap, ikkje makta å skape det vekkingsbaserte læringsmiljøet som var målet med etableringa. Dette skuldast mellom anna at den indre motsetnaden mellom akademiske og vekkingsbaserte forståingsformer i liten grad blei reflektert inn i ein heilskapleg didaktikk. Dermed blei det også krevjande å arbeide for det langsiktige målet bak satsinga, ei misjonsorientert lærarrolle og landsvekking gjennom skolen.

Avhandlinga bygger på historisk metode og vitskapsdiskurs. Dette inneber ei medviten kritisk tilnærming til kjeldene som grunnlag for drøftingar og konklusjonar. Målet er i stor grad å forklare ved å fortelje. Gjennom narrativ framstilling viser avhandlinga samanhengar mellom posisjonar, prosessar, handlingar og hendingar, og legg slik eit grunnlag for å svare på problemstillinga. Historia om kyrkja og skolen, presten og læraren, men først og fremst om dei vekkingskristelege lærarskolane, blir avslutta med ei vurdering av vekkingsrørslas kamp om skolen.

Studien kan bidra med analysar og konklusjonar som er relevante i samtidas skoledebatt. Ikkje minst kan avhandlinga vere ein referanse når ein drøftar lærarrolla i eit religiøst, politisk og normativt perspektiv. Ei erkjenning å ta med seg i så måte er at det i vår relativt nære fortid har stått strid om det forkynnande elementet i den norske lærarens yrkesmandat.

## Problemstilling og forskings spørsmål

*Historisk forskning begynner verken med fakta eller med kilder, men med en problemstilling. (...) bare i forbindelse med en problemstilling kan kildematerialets art og omfang få innflytelse på forskningens forløp.<sup>2</sup>*

I utforminga av ei historisk framstilling er tema og problemstilling ikkje for valet av kjelder, men også for analysen av kva informasjon desse kjeldene kan gi. Problemstillinga er det fremste startpunktet for undersøkinga, og styrande for alle delane av forskings- og framstillingsprosessen.

I dette forskingsprosjektet tar problemstillinga utgangspunkt i eit udekt felt i utdanningsforskningas analyse av dei vekkingskristelege lærarskolane. At vekkingsrørsla starta lærarskolar for å påverke skolen i kristeleg lei har vore kjent. Til no har ein likevel ikkje granska den historiske og idemessige bakgrunnen for satsinga. Ein har ikkje studert vekkingsrørslas val av lærarutdanninga som instrument for landsvekking. Dessutan har ein ikkje analysert institusjonane som yrkesretta læringsmiljø i lys av deira misjonsbaserte målsetting. Problemstillinga kan ut frå dette formulerast slik:

*Kvifor, korleis og med kva verknad satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?*

Avhandlinga vil svare på problemstillinga gjennom arbeid med tre *forskingsspørsmål*:

*1. Kvifor satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?*

Dette forskingsspørsmålet blir drøfta med bakgrunn i den kristelege einskapskulturen, særleg i relasjonen mellom kyrkja og lærarstanden. Det er interessant å sjå kva som skapte så stor uro blant vekkingskristne, ei uro i møtet med ein religionskritisk moderne kultur, men også ei uro knytt til verknaden av tradisjonell forkynning i kyrkje og bedehus. Kva er bakgrunnen for at dei såg på skolen og lærarutdanninga som reiskaper for vekking? Kva meinte dei at læraren kunne få til betre enn presten og predikanten? Fekk satsinga på lærarutdanning ei pedagogisk eller ei teologisk grunngeving?

---

<sup>2</sup> Clausen 1968:48-49

## 2. Korleis satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?

Undersøkinga handlar også om korleis vekkingsrørsla gjekk fram for å utvikle si eiga lærarutdanning. Kven tok initiativet til etableringa, og kven gav satsinga retning? Kva mål blei lagde til grunn for etableringa av dei tre lærarskolane i Volda, på Notodden og i Kristiania/Oslo? Korleis skilde desse institusjonane seg frå kvarandre, og frå dei andre lærarskolane? Kva støtte fekk dette utdanningsprosjektet frå politisk hald, og frå støttegruppene? Kva møtte satsinga av ytre og indre motstand?

## 3. Med kva resultat satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?

Basert på analysen av grunngeving, strategi og gjennomføring undersøker avhandlinga kva resultat satsinga på vekkingskristeleg lærarutdanning kan seiast å ha fått. Kva bidrag gav dei vekkingskristelege lærarskolane til norsk lærarutdanning? Først og fremst stiller avhandlinga spørsmål knytt til danningmålet for satsinga, visjonen om den misjonerande læraren. Makta dei å skape vekkingsorienterte og kristeleg dannande læringsmiljø?

## Avhandlingas struktur

Avhandlinga er utforma kronologisk. Dette har både fordelar og ulemper. Ein fordel er at lesaren lettare kan sjå linjer mellom hendingar og prosessar, samtidig som desse står fram i ein samtidskontekst. Ein ulempe kan vere at enkelte tema som spenner over fleire tidsbolkar får ei oppstykk framstilling, eller bryt grensene for tidsbolken. Slike dilemma i redigeringa blir freista balansert ut frå målet om å skape ein heilskapleg og lesarvennleg tekst.

*Del 1* handlar om rammene for undersøkinga. Det sentrale her er problemstillinga, forskingsoversynet og dei teoretiske og metodiske merknadene.

*Del 2* gir ei historisk framstilling av relasjonen mellom kyrkja, allmugeskolen og lærarutdanninga i tida mellom 1739 og 1870. Målet er å peike på sentrale *føresetnader* for det som skjer i dei seinare tidsbolkanene. Dette handlar ikkje minst om kva kyrkja og prestane gjorde for å fremme utvikling i skolen, og korleis dei tok ansvar for lærarutdanninga. Dernest handlar det om etableringa av statlege seminar, mellom anna ønsket om å kvalifisere lærarar til misjonsverksemd i Norge, i første omgang blant det samiske folket i Finnmark. Haugianismen blir sett på som ein føresetnad for den seinare vekkingsrørsla, og haugiansk syn på kunnskap og danning legg også eit grunnlag for drøftinga av skolesatsinga. Impulsane frå

N.F.S. Grundtvig og Christen Kold, konkretisert gjennom etableringa av norske folkehøgskolar, blir sett på som ein inspirasjon for norsk lærarutdanning. Samtidig blir grundtvigiansk teologi framstilt som ein motstandar for dei vekkingskristne, ikkje minst etter at professor Gisle Johnson karakteriserte Grundtvigs optimistiske menneskesyn som eit teologisk villspor. Skolelova av 1860 blir drøfta som eitt av fleire teikn på at sekulære element var i ferd med å etablere seg i skolen, og utfordre kristendommen som dominerande forståingsform.

*Del 3* handlar om perioden mellom 1870 og 1890. Analysen av vekkingsrørslas relasjon til grundtvigianarane blir her utvikla vidare. Avhandlinga går nærare inn på korleis vekkingsrørsla utfalda seg som religiøs og skolepolitisk aktør. I denne perioden utvikla dei vekkingskristelege organisasjonane ein styrke som sette dei i stand til å ta ansvar for store satsingar. Lars Oftedal, den mektigaste vekkings-leiaren i denne perioden, såg på opplæring som ein sentral del av den forkynnande verksemda. Dette er tida då den moderne kulturen stod fram i Norge. På 1870-talet kom det vi kallar «det moderne gjennombrøtet» i dansk og norsk elitekultur, med brodd mot religion og kyrkje. Reaksjonen frå kristenfolket kom blant anna i boka *Vantroens Væsen* av Johan Christian Heuch og det kristeleg-konservative oppropet *Til Christendommens Venner i vort Land*, som Gisle Johnson stod bak. Desse utspela blir sett på som tidlege varsel om den uroa som skulle legge eit grunnlag for satsinga på lærarutdanning. Skolelova av 1889 peika ut retninga for ein moderne folkeskole, men markerte også eit skilje i relasjonen mellom kyrkja og skolen.<sup>3</sup> Vekkingskristne som hadde vore med på å fremme lova, kom snart til å sjå på henne som ein spire til avkristning. Samtidig forstod dei at ein verdikamp om skolen nærma seg.

*Del 4* handlar om tida mellom 1890 og 1930, hovudepoken for skolesatsinga. Eit sentralt element i denne delen er lova om lærarutdanning av 1890, som opna for etableringa av private kristelege lærarskolar, mellom anna dei i Volda, på Notodden og i Kristiania. Avhandlinga drøftar korleis grundtvigianisme og reformpedagogikk påverka den misjonsorienterte visjonen vekkingskristelege lærarskolar bygde på. Det sentrale punktet i del 4 er analysen av vekkingas skolestrategi frå 1912, formulert av Ole Hallesby. Han peika ut arbeidarrørsla og liberal teologi som dei fremste motstandarane. På dette grunnlaget mobiliserte han til kamp. Lærarutdanninga blei peika ut som den mest sentrale reiskapen i denne «åndskampen».

---

<sup>3</sup> *Lov om Skolerne paa Landet, Stockholm Slot den 26. Juni 1889 / Lov om Skolerne i Byerne, Stockholm Slot den 26. Juni 1889.* Sjølv om det er tale om to lover, ei for landsskolar og ei for byskolar, er desse når det gjeld dei elementa som er aktuelle for denne avhandlinga forma etter same lesten. Eg bruker derfor eintalsformuleringa «Skolelova av 1889».

*Del 5* handlar om åra mellom 1930 og 1946. Her blir sluttkampen om den kristelege lærarutdanninga og resultatane av satsinga presentert og drøfta. Eit sentralt punkt i analysen er knytt til spørsmålet: Fremma læringsmiljøet ved dei kristelege lærarskolane målet om å utdanne misjonerande vekkingskristne lærarar? Skolelova av 1936 og Normalplanen av 1939 har blitt sett på som nederlag for vekkingskristeleg skolesatsing, ein påstand som blir drøfta nærare. Sentralt i denne delen står vidareføringa av kampen mellom Indremisjonen og Arbeidarpartiet på 1930-talet, fram til 1946, då Oslo lærarskole, som den siste i sitt slag blei overtatt av staten. Her blir det tredje forskingsspørsmålet svart på: Med kva resultat satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar? Lukkast dei i å realisere si målsetting?

I *konklusjonen* blir det trekt trådar tilbake til det som er kome fram i dei tidlegare delane. Ikkje minst handlar det om kvifor dei vekkingskristne starta eit så krevjande skoleprosjekt.

## Forsking om vekking og utdanning

### Innleiing

I norsk historisk forsking er det få som har trekt fram vekkingsrørslas engasjement innan lærarutdanninga. Held ein dette opp mot den sterke satsinga rørsla stod for, blir det ein mangel som krev ei forklaring.

Relasjonen mellom vekkingsrørsla og skolen er lite utforska. Dette kan ha fleire grunnar. Medan det i England og USA har vore ei stigande interesse for religion som samfunnsformande kraft, har historikarar og pedagogar her til lands hatt ein tendens til å oppfatte religion som eit epifenomen.<sup>4</sup> Skoleforskinga har vist ein tendens til sekulær framstegsforteljing med vekt på ei gradvis realisering av einskapsskolen. Forteljninga om den motkulturelle vekkingsbaserte satsinga på lærarutdanning passar ikkje heilt inn her.<sup>5</sup>

Norsk skolehistorisk forsking var lenge dominert av makt og styring som tematiske senteringspunkt. I lange periodar handla det om politiske prosessar, om innstillingar og vedtak i Storting og regjering, om drøftingar i politiske parti og faglege organisasjonar. Deretter har analysar av utdanningspolitikk, førande ideologiar, «regime» og institusjonell leiing rådd grunnen. Ikkje minst har det blitt lagt vekt på korleis kyrkja styrte skolen. Dette

---

<sup>4</sup> «Epifenomen betegner noe som er et biprodukt av en prosess uten selv å påvirke prosessens forløp.» (Kjelde: Store norske leksikon (snl.no), <https://snl.no/epifenomen>. Lasta ned 14.11.2019)

<sup>5</sup> Sjå s. 35

perspektivet har stått sentralt også i religionspedagogisk forskning, for eksempel i analysar av kristendomsfaget. Kyrkje- og idehistorikarar har derimot vore opptatt av vekkingørslas forhold til kyrkjeordninga, presteskapet og evangelisk-lutherske teologi, særleg trusvedkjenninga.

Sentrale historikarar som Jens Arup Seip kan ha vore med på å marginalisere religiøse rørslar som tema, og den innverknaden desse hadde på historiske endringsprosessar. Seips sekularistiske livssyn og generelle identifikasjon med det moderne gjennombrøtet kan ha farga forståinga hans av kristendommen, inkludert lekmannsrørsla. Denne rørsla har blitt sett på som ein del av den økonomiske utviklinga og av organisasjonssamfunnet, i mindre grad som ein sjølvstendig aktør, for eksempel på utdanningsfeltet. Dette står i motsetnad til omfanget av det lekmannsbaserte organiserte kristenlivet, og ikkje minst til den reaksjonen spørsmålet om kristendommens posisjon i skolen utløyste i lågkyrkjelege organisasjonar. Historikaren Bjørg Seland har kommentert dette slik:

Like selvfølgelig som vi forstår politisk mobilisering på basis av ideologi, burde vi søke innsikt i trossystemer som inspirerer til sosial mobilisering. Alt i alt ser vi at både kirkens og lekfolkets historie reflekterer grunnleggende perspektiver i den allmenne norgeshistorien, der integrasjon, modernisering og demokratisering konstituerer et overgripende narrativ.<sup>6</sup>

Pedagogisk historieforskning har granska utviklinga innan skole og lærarutdanning ut frå eit idehistorisk, profesjonshistorisk og læreplanhistorisk perspektiv. Likevel har det mangla ein analyse av samanhengen mellom vekking og lærarutdanning.

Skole- og utdanningshistorisk forskning

Gro Hagemanns historiske framstilling av læraren som yrkesgruppe, *Skolefolk. Lærernes historie i Norge*, gir eit breitt bilde av skolen, lærarstanden og fagforeiningane.<sup>7</sup> Når Hagemann drøftar motkulturane og deira innverknad på skoleutviklinga, er det *norskdomsrørsla* og *målrørsla* som får merksemd. Det er talande at det er lærarskolen på Stord, ikkje dei vekkingorienterte lærarskolane, som blir trekt fram som illustrerande eksempel. På same vis blir dei faglege foreiningane *Norges lærerforening* og *Norges lærerinnforbund* grundig presenterte hos Hagemann, medan den vekkingbaserte organisasjonen *Norges kristelige*

<sup>6</sup> Seland, B. (2015). 1800- og 1900-tallets religiøse bevegelser. Historiske perspektiver på forskning og formidling. *Historisk Tidsskrift*, Bind 94, s. 418–453. (Side 450)

<sup>7</sup> Hagemann 1992



*lærerforbund* ikkje blir nemnt. I mi undersøking er denne organisasjonen interessant fordi han på sentrale punkt stod i motstrid til rådande trendar innan skolepolitikken, og fordi han spela på lag med sentrale aktørar innan vekkingrørsla, ikkje minst Ole Hallesby. Dette samspelet handla mellom anna om etableringa av den mest sentrale institusjonen i vekkingrørslas motkulturelle satsing, Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole. Tidsskriftet til foreininga, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, er ei sentral kjelde i avhandlinga mi.

Helge Dahls bok *Norsk lærerutdanning* (1959) har vore referanseverk for nyare forskning om norsk lærerutdanning. Denne boka kan sjåast i samanheng med *En skole gjennom 250 år* (1988) av Hans-Jørgen Dokka, *Den norske skoles utvikling* (1976) av Reidar Myhre, *Norsk utdanningshistorie* (1995) av Liv Kari Tønnesen og *Grunnskolen som nasjonsbygger* (2003) av Alfred Oftedal Telhaug og Odd Asbjørn Mediås. Desse verka gir ein gjennomgang av idebrytingar knytt til overgangen frå kyrkjeskole til folkeskole, men kjem i liten grad inn på visjonen om rekristing av kulturen gjennom læraren. Telhaug og Mediås skildrar rett nok pietismen som sosial kraft innan skole og utdanning, men er mest sentrert kring openbare teikn til underordning og konservatisme. Framstillinga overser frigjerande aspekt ved den moderne vekkingrørslas ideologi og praksis. Då er det meir treffande, også for norske tilhøve, når Ove Korsgaard mfl. ut frå sin danske kontekst peikar på den pietistiske vekkinga som opposisjon:

Inddrager man deres forhold til øvrigheden toner et andet billed frem. De accepterede nemlig ikke Luthers lære om *innordning og lydighet*, at de verdslige myndigheder altid skulle adlydes. (...) og vækkelsesbevægelsen fik da også i løbet af 1840erne en mere politisk karakter.<sup>8</sup>

Skolehistorisk forskning stod både i mellomkrigstida og i tida etter andre verdskrigen fram som ei positiv utviklingsorientert forteljning. Skolens ideologiske grunntrekk blei gjerne analysert i lys av ideen om «nasjonsbygging». Forskarar ved Høgskulen i Volda har halde fram denne sida ved skolens samfunnsfunksjon. Dette gjeld Jostein Nerbøvik i boka *Nasjonsbygging og modernisering*.<sup>9</sup> Det gjeld også Reidun Høydal, i prosjektet om *Vestlandslæraren*,<sup>10</sup> dessutan forskinga til Sveinung Vaage<sup>11</sup> og Oddbjørn Melle.<sup>12</sup> Dei to sistnemnde legg vekt på læraren

---

<sup>8</sup> Korsgaard, Kristiansen, Jensen 2017:215

<sup>9</sup> Nerbøvik 2000

<sup>10</sup> Høydal 1995

<sup>11</sup> Vaage 2001

<sup>12</sup> Melle 2002

som kulturberar og førebilde, på personlegdom og haldningar. Innanfor det same forskingsmiljøet analyserte Brit Marie Hovland dei norske bygdebaserte lærarforeiningane. I boka *For Fedreland og Broderband*, ein del av prosjektet *Utdanning som nasjonsbygging*, viser ho at lærarane gjennom møteverksemda bidrog med si eiga form for nasjonsbygging gjennom siste delen av 1800-talet, eit alternativ til den embetsmanns- og elitebaserte.<sup>13</sup>

Forskinga har dei siste tiåra gitt temaet *lærarens personlegdom* mindre plass. Ein grunn kan vere, slik Telhaug har hevda, at lærarorganisasjonane og den fagpedagogiske ekspertisen i stigande grad har sett på profesjonaliseringa av læraryrket ut frå ein sosiologisk synsstad.<sup>14</sup> Ei anna forklaring kan vere at det som har blitt kalla ei *instrumentell vending* innan pedagogikken har marginalisert forskning knytt til aktørane og til lærarens personlegdom.<sup>15</sup> Dette står i motstrid til den vekta som frå starten av 1800-talet og fram til tida for vekkingas pedagogiske satsing blei lagt på personlegdommen og på det ideologisk formidlande motivet ved lærarrolla.

Skolehistorikaren Per Solberg har i si doktoravhandling frå 1996, *Norske lærebøker i pedagogikk 1902–1938*, undersøkt idegrunnlaget for norsk allmennlærerutdanning gjennom ein omfattande lærebokanalyse.<sup>16</sup> Han viser korleis sjølvforståinga til lærarutdanninga skifta etter vekslende kulturelle og ideologiske trekk i samfunnet, og konkluderer med at det haldningsskapande motivet har stått sterkt. Han slår også fast at den grundtvigianske impulsen og det nasjonsbyggande motivet dominerte framstillinga i lærebøkene etter 1900. Solberg skriv om *læringskulturar*, og finn at desse til vanleg var prega av integrerande og identitetskapande miljø.<sup>17</sup> Vekefaste samlingar med program av allmennkulturell eller fagleg karakter bygde opp under ein appell om kallsmedvit og idealitet. I det kulturperspektivet Solberg legg an ville det vore naturleg også å nemne innslaget av forkynning ved dei kristelege lærarskolane.

At vekkingsrørsla har blitt oversett som dynamisk kraft i utviklinga av skolen, slik Bjørg Seland hevdar, forklarar likevel ikkje fullt ut mangelen på historiske undersøkingar.<sup>18</sup>

---

<sup>13</sup> Hovland 1999

<sup>14</sup> Telhaug 1997

<sup>15</sup> Trygve Bergems doktoravhandling frå 1994, *Tjener, aldri herre. Om lærerutdanning og yrkesetiske holdninger* kan tene som eit unntak i så måte.

<sup>16</sup> Solberg 1996. Analysen gjeld lærebøker i pedagogikk. Sentrale tema frå avhandlinga er forma som artikkel: Solberg, P. (2002). Lærarskolen 100 år, *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 2–3/2002, p. 97–110.

<sup>17</sup> Erving Goffman (1957) omtalar fem typar *totale institusjonar* ut frå deira målsetting og funksjon: omsorg, innesperring, fangenskap, med instrumentelle mål, avsondring. Slik Solberg og andre omtalar folkehøgskolar og internatbaserte lærarskolar, kan desse likne Goffmans kategori «med instrumentale mål».

<sup>18</sup> Seland, B. (2015). 1800- og 1900-tallets religiøse bevegelser. Historiske perspektiver på forskning og formidling. *Historisk Tidsskrift*, Bind 94, s. 418–453

Mangelen kan også ha samanheng med måten ein har organisert kunnskapsfelt innan historieforsking, med ei viss lukking mellom kyrkjhistorisk og skolehistorisk forking, men også mellom historieforskinga og desse to spesialdisiplinane. Dette kan ha ført til at interessante kunnskapsfelt og problemstillingar knytt til folkeleg kristenliv har blitt liggande i skuggen.

Asbjørn Tveitens undersøking *Private lærarskular 1890–1947*<sup>19</sup> har vore eit startpunkt og ei sentral kjelde for mi gransking. Tveiten gir uttrykk for at målet med dei kristelege lærarskolane var å demme opp for rasjonalistisk og sekulariserande «fritenkeri» i skolen. Han konkluderer med at den lågkyrkjelege ideologiske påverknaden frå siste delen av 1800-talet var sterk og vellukka:

Knappt nokon kunne sjå sine skulepolitiske ideal realiserte i så høg grad som moderate og kristelege venstremenn frå Sør-vest-landet. Pietistisk og demokratisk skepsis til det kyrkjelege embetsverket kunne gå saman med arbeidet for ei lovfesta kristeleg målsetjing og eit konfesjonelt grunnlag. Ein visste at lokale skulestyre kunne fyllast med personar som ville fylla rammene i samsvar med kristne verdiar.<sup>20</sup>

Tveiten legg vekt på dei enkelte institusjonane, men ser også på koplinga mellom kristelege lærarskolar og «ulike rørsler, vekkingrørsle, målrørsle osv.».<sup>21</sup> Likevel femner han i liten grad bakgrunnen for at vekkingrørsle tok i bruk lærarutdanninga som reiskap i «åndskampen». Medan Tveiten legg vekta på institusjonane, ligg vekta i denne avhandlinga på den religiøse grunnivinga og den samla strategien. Skolesatsinga blir her undersøkt i høve til den misjonsbaserte målsettinga vekkingrørsle sjølv stilte over den pedagogiske. Med dette som premiss blir resultatet av satsinga på vekkingskristelege lærarskolar analysert og vurdert.<sup>22</sup>

### Historisk og religionssosiologisk forking

Forsking om lågkyrkjeleg kristenliv har dei siste tiåra lagt vekt på korleis vekkingrørsle blei skapt, korleis ho breidde seg, kulminerte og stagnerte. Slike analysar finn vi for eksempel i Bjørg Selands avhandling om lekmannskristendommen i Agderfylka, *Religion på det frie marked. Folkelig pietisme og bedehuskultur*.<sup>23</sup> I Olaf Aagedals avhandling *Bedehusfolket*,<sup>24</sup>

---

<sup>19</sup> Tveiten 1994

<sup>20</sup> S.st. s. 26

<sup>21</sup> S.st. s. 19

<sup>22</sup> S.st. s. 115

<sup>23</sup> Seland 2006

<sup>24</sup> Aagedal 2003

med materiale frå Vestlandet, finn vi eit sosiologisk innanfrå-perspektiv. Seland og Agedal gir i boka *Vekkelsesvind* ein kulturhistorisk analyse av fenomenet vekkingsrørsle, og viser at denne femna langt vidare enn til bedehuset, at ho representerte grunnleggande trekk ved norsk kultur.<sup>25</sup> Seland skriv: «Tiden rundt år 1900 var preget av massevekkelser, de mest omfattende i Norge noensinne. Det var en vekkelsesbølge som ga støtet til religiøs mobilisering i store deler av landet, ikke minst i hovedstaden.»<sup>26</sup> Også teologen og historikaren Berge Furre understrekar at det var tale om ei mektig sosial rørsle, «truleg det største private sosiale tiltak i Norge på 1800-talet.»<sup>27</sup>

Religions sosiologen Pål Repstad har gjennomført ein analyse av den kristelege lekmannskulturen på midten av 1800-talet.<sup>28</sup> Han har særleg undersøkt vekkingsrørslas sosiale og politiske rolle. Repstad viser at rørsla hadde sterkt feste i delar av kystkulturen, der sosiale skilnader blei dempa, og der nyskaping påverka levesett og folkeleg kultur. I tråd med Seland og Furre slår Repstad fast at lekmannrørsla var ein «viktig del av en folkelig, kulturell og politisk reising i forrige århundre».<sup>29</sup> Dette kan forklare noe av den sjølvkjensla og den organisatoriske makta som blei tatt i bruk for å sette strategien om ei vekkingskristeleg lærarutdanning ut i livet.

I forskinga si slår Repstad fast at det skjer eit politisk stemningsskifte blant radikale kristne samtidig med det demokratiske gjennombrotet. Mange politisk aktive vekkingskristne kom, ikkje minst grunna ulikt syn på moral og moderne kultur, til å skilje lag med Venstre, og danne Moderate Venstre. Sjølv om dei hadde støtta overføringa av skolen frå kyrkja til lokaldemokratiet, kom dei snart til å sjå kritisk på utviklinga i skolen. I avhandlinga argumenterer eg for at det var ei *teologisk og moralsk* basert uro knytt til skolens utvikling som la grunnlag for vekkingas satsing på lærarutdanning.

Religionshistorikaren Karstein Hopland har drege fram den vekta vekkingsfolk la på det moralske. Han meiner at deira livsførsle var prega av fråhald, alvor og flid. Deira underkasting av viljen under Guds ord bør etter Hoplands mening ikkje sjåast på som eit reaksjonært trekk i politisk meining. Denne forma for danning var tvert om boren fram av rasjonelle argument, og ein ideologi med systemkritisk potensial.<sup>30</sup> Innsikta om kor stor vekt vekkingsfolket la på

---

<sup>25</sup> Seland & Agedal 2008

<sup>26</sup> Seland 2015

<sup>27</sup> Furre 1990:266

<sup>28</sup> Repstad 1981

<sup>29</sup> S.st. s. 86

<sup>30</sup> Hopland 2005

det moralske blir i mi avhandling ikkje drøfta teologisk, men knytt til etableringa av dei vekkingskristne lærarskolane.

Eit *innanfrå-perspektiv* på kristeleg lærarutdanning finn vi i delar av forskingsprosjektet *Vestlandslæraren*, ikkje minst gjennom historikaren Reidun Høydals studie av Volda lærarskule.<sup>31</sup> Hennes analyse viser korleis denne institusjonen blei eit kjernemiljø for vekkingsorientert lærarutdanning. Høydal analyserte korleis læringsmiljøet ved skolen blei utvikla kring ei lågkyrkjeleg kristendomsforståing, men drøftar ikkje den teologiske og organisasjonsstrategiske grunnivinga for visjonen om ein misjonerande lærar. Denne mangelen er særleg tydeleg når vi kjenner til den dominerande ideologiske krafta rektor og eigar Henrik Kaarstad representerte, ikkje minst hans samspel med leiarar og organisasjonar innan vekkingsrørsla. Høydal går heller ikkje inn på korleis skolens dannelsingsprofil stod seg i møte med den allmenne pedagogiske debatten. Dette er problemstillingar som blir drøfta nærare i denne avhandlinga.

Forskarar innan historie og sosiologi synest å vere einige om at skilnader knytt til økonomi, levevis og driftsmåtar innan landbruket har gitt ulike vekstvilkår for vekking. Å peike på årsak og verknad på dette feltet har likevel vist seg vanskeleg. Eit eksempel på dette er historikaren og teologen Berge Furre sine studie av religiøs oppslutnad om indremisjon sett i samanheng med den økonomiske framgangen i ulike delar av Rogaland sist på 1800-talet.<sup>32</sup> Det same kan seiast om Bjørn Slettans drøfting av sosiale og økonomiske vilkår for vekkingane i Agder-fylka.<sup>33</sup> Sjølv om begge desse forskarane viser til vekslande økonomiske kontekstar, og prøver ut moglege samanhengar med oppkomsten av vekking, viser dette seg å vere svært krevjande. Tilfeldige faktorar som emissær-personlegdom og vekslande sosiale tilhøve lokalt kan ha både hindra og utløyst vekkingsbøljer. Denne avhandlinga har ikkje som mål å undersøke sambandet mellom sosiale og økonomiske prosessar og oppkomsten av vekking.

Utdanningshistorikaren Tone Skinningsrud har drøfta vekkingsrørslas satsing på skolefeltet som ein reaksjon mot svekkinga av kyrkjens makt over skolen.<sup>34</sup> Skinningsrud legg vekt på kyrkjens syn, og tar mindre omsyn til den legitimiteten vekkingsrørsla hadde opparbeidd gjennom deltaking i dei politiske omveltingane på 1880-talet. Etter mitt syn blei satsinga på

---

<sup>31</sup> Høydal 1995

<sup>32</sup> Furre 1987

<sup>33</sup> Slettan 1992b:86

<sup>34</sup> Skinningsrud 2012

lærarutdanning i mindre grad tilskunda av svekt kyrkjeleg makt, i større grad av vekkingørørslas styrka posisjon og deira kamp mot sekulariserande tendensar innan skole og kulturliv.

Helje Kringlebotn Sødal har saman med Knut Dørum redigert boka *Mellom gammelt og nytt. Kristendommen i Noreg på 1800- og 1900-tallet*.<sup>35</sup> Her er det eit mål å vise at «kristendommen spilte en langt større rolle i ulike deler av offentligheten på 1800- og 1900-tallet enn det som vanligvis legges til grunn i historie og samfunnsvitenskapen».<sup>36</sup> I kapitlet «Skolens vekst og fall som kirkelig institusjon» blir særleg den institusjonelle tilknytninga analysert, men også den politiske, kyrkjehistoriske og religionspedagogiske. Mellom anna omtalar Sødal folkeskolelova av 1889 som «sekulariseringens gjennombrudd».<sup>37</sup> Dette er ein synsmåte som finn støtte i denne avhandlinga.

Det er overraskande at historia om kvinnene i så liten grad er med i historiske framstillingar om den vekkingskristelege kulturen. Det gjeld forskinga til Hans Try, men også organisasjonshistoriske framstillingar som Finn W. Sjursens bok *Indremisjon i en ny tid*,<sup>38</sup> Oscar Handelands bok *Vår løysing I-III*, og John Nomes *Demringstid i Norge*.<sup>39</sup> Det leiande sjiktet av menn dominerer desse framstillingane. I Bjørg Selands doktoravhandling om lekmannsrørsla i Agderfylka finn vi derimot ein analyse av kjønnsrollene i vekkingkulturen.<sup>40</sup> Her viser Seland at fellesskapet på bedehuset i periodar gav større rom for kvinneleg utfalding enn vi til no har vore klar over: «Bedehusets fortellertradisjon gestalter en rekke myndige kvinneskikkelser.»<sup>41</sup> Seland viser samtidig at skiftande vilkår kunne redusere rommet for kvinnene når det gjaldt å utøve religiøs makt. Ho gir eksempel på forskarar som har tatt opp dette emnet.<sup>42</sup> Når Bjørn Slettan skildrar stoda for kvinnene i vekkingørørsla, skil han mellom den tidlege vekkinga knytt til Hans Nielsen Hauge, som tok inn kvinner i leiinga, og dei seinare vekkingane, som tok stadig færre kvinner inn i framståande roller og posisjonar. «I denne 30-årsbolken [1840–1870] høyrer vi mindre og mindre til ‘prædikerinderne’, sjølv om dei ikkje heilt blei borte. I staden svermar ‘arbeidsbierne’ fram, dei spinnande og strikkande misjonskvinnene.»<sup>43</sup> Etter 1900 ser vi ei klar feminisering av

---

<sup>35</sup> Dørum og Sødal 2016

<sup>36</sup> S.st. s. 13

<sup>37</sup> Sødal 2016:73

<sup>38</sup> Sjursen 1973

<sup>39</sup> Nome 1942

<sup>40</sup> Seland 2006

<sup>41</sup> Seland, B. (2009). Kjønn og makt – myndige religiøse kvinneroller. *Tidsskrift for kjønnsforskning*, Årgang 33, nr. 1/2, pp. 82–126 (Side 82)

<sup>42</sup> S.st.

<sup>43</sup> Slettan 1986:137

skolen, og kvinnene kom snart i fleirtal også innan vekkingas lærarutdanning.<sup>44</sup> Dette førte med seg eit dilemma for truande kvinnelege lærarar. Den underordna og til dels underdanige funksjonen dei hadde i den moderne vekkingrørsla kom til å stå i motstrid til den framskotne posisjonen dei var tiltenkt i «åndskampen» om skolen.

Sosiologen og historikaren Rune Slagstad framstiller folkeskolen, lekmannsrørslas nye kamparena, som nøkkelinstitusjon i «Venstrestaten». Slagstad ser på vekkingrørslas skolestrategi som eit «danningsprosjekt», med «påvirkningen av disse ‘små mottakelige hjerter’ gjennom kristelige lærarskoler, kristelige ungdomsskoler, bibelskoler, kristelig gymnas».<sup>45</sup> I boka *De nasjonale strateger* og i artikkelen *Hallesby og folkedannelsen* peikar han på at Hallesby var både moderne og tradisjonell.<sup>46</sup> Slagstad ser det kulturreinsande aspektet ved Hallesbys strategiske artiklar frå 1912, men også målet hans om å påverke representantar for høgare sosiale lag i deira formative livsfase, noko som også blir drege fram i denne avhandlinga.

I boka *De nasjonale strateger* løftar Slagstad fram pedagogen og lærarskolemannen Erling Kristviks bidrag til skoletenkinga i første halvdel av 1900-talet. Ikkje minst får han fram korleis Kristvik bygde opp ein pedagogisk filosofi med nær tilknytning til sin eigen sosiale og religiøse bakgrunn. Derimot drøftar han ikkje Kristviks relasjon til vekkingrørslas ideologi eller teologi, og kommenterer heller ikkje korleis denne rørsla kom til å farge det læringsmiljøet Kristvik arbeidde i gjennom store delar av livet, Volda lærarskule.

Vekta Slagstad legg på det pedagogiske dannelsingsaspektet fører til at den teologiske grunngevinga, *frelsesmotivet*, sjølv leiarstjerna i Hallesbys teologi, blir borte. Enkeltmenneskets frelse var det fremste målet for han, som det var for dei kristne lærarane han samarbeidde med i Norges kristelige lærerforbund. Slagstad får dermed ikkje grep om det fremste motivet bak skolestrategien, den kristne lærarens *misjonsmandat*. Han analyserer i det heile ikkje samanhengen mellom dei religiøse rørsle si ideologiske forankring og Hallesbys restaurative visjon om rekristning. Dermed gir han Hallesbys prosjekt ei sterkare *pedagogisk* motivering enn det etter mitt syn er dekning for. Som strateg og leiar på skolefeltet var Hallesby først og fremst teolog og organisasjonsstrateg, ikkje pedagog.

I boka *Livsnær skole. En historie om Erling Kristvik og den fådelte skolen* gir utdanningshistorikaren Vegard Kvam ny innsikt i livshistoria og verksemda til denne originale

---

<sup>44</sup> Feminiseringa av skolen er kort omtala s. 144–146

<sup>45</sup> Slagstad 1998:110

<sup>46</sup> Slagstad 2002

pedagogen og skolemannen.<sup>47</sup> Ikkje minst held han fram Kristviks aksentuering av heimen som modell for læring, oppseding og danning. Kvam understrekar tradisjonsbundne motkulturelle straumdrag i Kristviks pedagogiske filosofi, ikkje minst målet om å styrke heimane: «Bare på den måten kunne krisen i samfunnet helbredes.»<sup>48</sup> Ut frå Kvams forskning er det fruktbart å drøfte Kristviks manglande dialog med vekkingsrørslas pedagogiske ideologi og strategi. Trass i ein omfattande pedagogisk produksjon kom Kristvik ikkje til å skape ein didaktikk for ei kristeleg misjonsorientert lærarrolle. Grunnen er etter mitt syn å finne i Kristviks distanse til vekkingsrørslas *teologiske* profil.

Verken Slagstad eller Kvam har analysert kontakt- og konfliktpunkt mellom dei to markante rektorane ved Volda lærarskule, Erling Kristvik og Henrik Kaarstad. Ein slik analyse kunne ha kasta lys over vanskane vekkingas pedagogar møtte då dei skulle konkretisere sitt syn på lærarrolla og bygge opp ein vekkingsbasert didaktikk. Eg skal dra fram relasjonen mellom desse og gi eit framlegg til forklaring på kvifor samspelet mellom dei var så avgrensa når det gjaldt å realisere ei vekkingskristeleg lærarutdanning.

### Kyrkjehistorisk forskning

Einar Molland har sett kyrkjehistoria inn i ein brei samfunnskontekst. Første bandet i hans *Norsk kirkehistorie for det 19. århundre* blir avslutta med ei framstilling av kyrkjas møte med «det moderne gjennombrotet».<sup>49</sup> Bernt T. Oftestad, Tarald Rasmussen og Jan Schumacher har skrive *Norsk kirkehistorie*. I dette verket blir religion og samfunn drøfta som integrerte tema når det gjeld 1800-talet. Når dei kjem til 1900-talet, er det derimot tale om eit meir sekularisert samfunn. Kyrkjas historie og den generelle samfunnsutviklinga blir her i større grad sett på som skilde storleikar. Carl Fredrik Wisløff og Andreas Aarflot har skrive *Norsk kirkehistorie*. Når desse to historieverka i mindre grad ser religion som samfunnsfenomen i drøftinga av 1900-talet, har dette samanheng med at skolen ikkje lenger kunne reknast som eit kyrkjeleg domene. Dessutan blei lekmannsbasert kommunikasjon kring skole og opplæring skild ut frå den allmenne pedagogiske debatten. Truleg har dette ført til at relasjonen mellom kristenfolket og utdanningspolitikken har blitt oversett.

Tarald Rasmussen skildrar ein prosess der det etablerte presteskapet og vekkingsrørsla gjekk kvar sin veg:

---

<sup>47</sup> Kvam 2009

<sup>48</sup> Kvam 2009:278

<sup>49</sup> Molland 1979



(...) mens deler av presteskapet bestreber seg på å (...) få det dannede borgerskap i tale på deres egne premisser, viser lekfolket innenfor store deler av sin diskurs en mindre interesse for noe slikt. (...) Det ser ut som om lekfolket fortore og mer konsekvent lukker sin diskurs i forhold til den åpne borgerlige diskursen på slutten av 1800-tallet, mens prestene mer bestreber seg på å oppnå kontakt.<sup>50</sup>

Rasmussen gir med dette anslag til utforskning av rørsrlas diskursive lukking i spørsmål om skole og opplæring. Den mediale lukkinga, særleg knytt til vekkingsrørsrlas møte med den moderne kulturen etter 1870, er drøfta i denne avhandlinga. I striden om ideologisk hegemoni viste denne lukkinga seg som *motkultur*.<sup>51</sup> Lukkinga kunne også, for dei vekkingskristne, innebere ei orientering mot *eigne mediale krinslaup*.<sup>52</sup> Dette blir følgt opp i denne avhandlinga gjennom analysen av vekkingskristelege blad.

Kyrkjehistorikaren Dag Thorkildsen understrekar at vekkingsrørsrla stod i gjeld til grundtvigianismen som pedagogisk impuls, trass i skarpe teologiske motsetnader.<sup>53</sup> Forskinga hans på dette punktet står sentralt i mi drøfting av teologiske og pedagogiske grunngevingar for satsinga på lærarutdanning. I artikkelen *1890–1940. Kirkens møte med skolen i en moderne tid*<sup>54</sup> studerer Bernt T. Oftestad vekkingsrørsrlas satsing på utdanning: «På grunn av sin modernitet var de fullt på høyde med samtidens kulturelle situasjon.»<sup>55</sup> Oftestad viser at opplæring blei ein reiskap i kampen om å gjenvinne ideologisk-religiøs dominans, og karakteriserer kampen som ein kristeleg *utopi*: «Det religionspedagogiske ideal som biskopen [Johan Lunde, Oslo] tegnet, kunne vanskelig realiseres i den moderne skole. Lundes ideal var egentlig de moderne vekkelsesbevegelsers utopi.»<sup>56</sup>

Ein analyse av *grundtvigianske* impulsar finn ein hos kyrkjehistorikaren Birger Løvlie, ikkje minst når han skriv om rektor ved Volda lærarskule, Henrik Kaarstad.<sup>57</sup> Løvlie meiner at motsetnaden mellom grundtvigiansk og vekkingsbasert skoletenking har blitt framstilt som meir avklara enn det er dekning for. Som eksempel peikar han på at mange i vekkingsrørsrla tok opp didaktiske element som hadde sitt opphav i grundtvigiansk historieforståing. Ikkje

---

<sup>50</sup> Rasmussen 1996:21-22

<sup>51</sup> Slettan 1995:175. Vekkingskristne støtta i stor grad opp om grunnleggande trekk ved det borgarlege samfunnet. Vekkingsrørsrla gjekk frå å vere motkultur til å bli normdannande, eller normtilsluttande.

<sup>52</sup> Omgrepet «krinslaup» er ein sosiologisk term, og omtalar tendensen til å lukke medlemmene i ei gruppe eller organisasjon i eigne institusjonelle rammer der ein i liten grad møter utanforståande, f.eks. i kristelege skolar, sjukehus, bokhandlar, hotell osv.

<sup>53</sup> Thorkildsen 1998:168

<sup>54</sup> Oftestad 1989

<sup>55</sup> S.st. s. 104

<sup>56</sup> S.st. s. 93

<sup>57</sup> Løvlie 2007

minst handlar dette om innslaget av folkeleg forteljekunst, som segner, eventyr og songar. Ein av dei som brukte dette stofftilfanget var den kjende vekkingsdiktaren Matias Orheim, som Løvlie har portrettert i ei eiga bok.<sup>58</sup> Løvlie slår fast at dialogen mellom grundtvigiansk og vekkingsbasert skolesyn spela seg ut mellom grupper som stod kvarandre nært sosialt og politisk.<sup>59</sup>

Løvlie går ikkje nærare inn på skiljet mellom *frilynt* og *vekkingsbasert* syn på opplæring, men viser til ein dynamikk av tilslutning og avvising mellom dei skolepolitiske aktørane, ikkje minst i skjeringspunktet mellom teologi og pedagogikk. Denne dynamikken blei særleg aktuell då vekkingsrørslas leiarar stod fram som lærarutdannarar. Løvlie viser at Henrik Kaarstad kan sjåast på som ein grundtvigiansk påverka pedagog samtidig som han stod i ein bitter teologisk basert strid med lokale grundtvigianarar.<sup>60</sup> Avhandlinga mi viser at striden mellom grundtvigiansk og vekkingsbasert skolesyn langt på veg blei styrt av dei teologiske premissane, avgrensa til innhald og form på kristendomsopplæringa i skolen. Striden stod ikkje minst om den vekkingsbaserte visjonen «læraren som misjonær». I avhandlinga blir dette ei mogleg forklaring på at den pedagogiske fellesskapen mellom grundtvigianismen og vekkingsrørsla har kome i bakgrunnen innan kyrkje- og skolehistorisk forskning.

Forskarar har i liten grad analysert kva *motkrefter* vekkingsrørslas pedagogiske satsing møtte. Hos Brynjar Haraldsbø blir denne mangelen særleg openbar. I boka *Kirke – skole – stat. 1739–1989* skriv han at Indremisjonen er ei av dei folkerørslene som gjennom skole-satsinga prega kulturutviklinga i det 20. hundreåret.<sup>61</sup> Likevel tar han ikkje opp kva pedagogisk grunnlag satsinga bygde på, den politiske og ideologiske konteksten satsinga skjedde i, eller reaksjonen satsinga utløyste, ikkje minst i arbeidarrørsla. Motstanden satsinga på lærarutdanninga møtte er eit sentralt tema i denne avhandlinga.

### Vekkingshistoria fortalt innanfrå

Vekkingas organisasjonar har vore historisk medvitne, men deira eiga historieskriving, oftast produsert av forfattarar som stod rørsla nær, har for det meste vore retta mot ei intern lesargruppe. Vekkingsfolk blir både aktørar, informantar og implisitte lesarar.<sup>62</sup> Framstillingane er prega av lågkyrkjeleg internt perspektiv, og er som oftast bygde kring eit eskatologisk

---

<sup>58</sup> S.st.

<sup>59</sup> Her fans det klare unntak, mellom anna konservative grundtvigianske prestar.

<sup>60</sup> Løvlie 2007:13

<sup>61</sup> Haraldsbø 1989

<sup>62</sup> Sjå s. 25. Ein kan etter mitt syn også tale om eit særskilt *vekkingsbasert litterært krinslaup*.

narrativ. Vekta ligg på innsatsen som blei gjort for å spreie den evangeliske budskapet og fremme «Guds rike» som ei åndskraft mot det negative ein såg utvikle seg.

Det mest omfattande historiske verket om vekkingsrørsla er *Kristenliv*<sup>63</sup> av Jakob Straume. I ti av dei tolv banda skildrar han det folkelege kristenlivet, ikkje minst verksemda til *Det norske lutherske Kinamisjonsforbund (Kinamisjonen)*. Kristne leiarar og forkynnarar blir framstilte som heltar i ein åndskamp. Sympatien ligg særleg hos dei radikale lågkyrkjelege kristne på Vestlandet. Straume nemner skoleinnsatsen til Kinamisjonen, men ser denne i lys av misjonsmotivet, ikkje som eit uttrykk for ein *indremisjonsbasert* visjon om landsvekking og rekristning.

Den mest framståande vekkingskristne historieforfattaren er etter mitt syn Oscar Handeland. Hovudverket hans, *Vår løysing I–II–III*,<sup>64</sup> skildrar framveksten av dei lågkyrkjelege organisasjonane, og legg særskilt vekt på forteljinga om *Kinamisjonen* og *Det vestlandske indremisjonsforbund*. Handeland vekslar mellom episodiske forteljingar, analysar og biografiske livsskildringar knytt til vekkingas (som oftast mannlege) høvdingar. Han ser hendingar og prosessar frå vekkingas synsvinkel utan at skildringa blir einseitig apologetisk. Satsinga på lærarutdanning blir sett på som eit indremisjonsk tiltak mot «flaumen» av vantru og avkristning. Framstillinga er i liten grad kritisk-analytisk, og gir heller ikkje eit innanfråperspektiv når det gjeld dei kristelege lærarskolane.

Ola Rudvin, forfattar av *Indremisjonssekselskapets historie I–II*,<sup>65</sup> var sjølv lærar, utdanna ved Oslo lærerskole. Han gir ein grundig gjennomgang av utviklinga til Indremisjonen, med vekt på sentrale hendingar og personar. Han markerer sin normative ståstad, og framstillinga gir dei viktigaste hendingane ei ideologisk innramming. Stilen er samtidig nøktern og fakta-basert. Også Rudvin nemner vekkingsrørslas skolesatsing.<sup>66</sup> Han er ein av dei få som gir eit innanfrå-blikk på eit av dei sentrale studieobjekta i denne avhandlinga, Oslo lærerskole. Rudvin nemner Hallesbys strategiske artiklar frå 1912, *Indremisjonen og den nye tid*, og viser korleis visjonen om ei landsdekkande rekke av kristelege lærarskolar vann støtte i vekkingskrinsar. Derimot drøftar han ikkje vekkingsrørslas ideologi og skoleretta tiltak kritisk. Både Handeland og Rudvin slår fast, utan nærare grunngiving eller dokumentasjon, at utbygginga av kristne skolar var vellukka. At alle dei kristelege lærarskolane blei lagt ned eller overtatt av staten, blir ikkje drøfta.

---

<sup>63</sup> Straume 1948–1965

<sup>64</sup> Handeland 1922, 1934, 1936

<sup>65</sup> Rudvin 1970

<sup>66</sup> Han viser mellom anna at Indremisjonens satsing på skole først starta med emissærkurs tidleg på 1890-talet.

Det knyter seg kjeldekritiske problem til organisasjonsbasert historieskriving. Ikkje minst er tilknytninga til ei vekkingsbasert normativ historieforståing problematisk. Likevel gir desse framstillingane innblikk i sider ved vekkingsrørsla som er verdfull. I min analyse blir organisasjonsbaserte kjelder haldne opp mot forskingsbaserte framstillingar.

### Oppsummering av forskingsoversynet

Mange norske forskarar innan historie, kyrkjehistorie og utdanningshistorie har peika på at skolen og lærarutdanninga blei sett på som ein arena for vekkingsbasert kamp mot den moderne sekulære kulturen.<sup>67</sup> Mange har også nemnt at eigne vekkingskristelege institusjonar blei etablerte for å utdanne lærarar til å stå i denne kampen. Det er likevel påfallande at denne delen av skolehistoria til no ikkje har vore nærare utforska.

Det finst fleire grunnar til at forskinga kring vekking og lærarutdanning er mangelfull, og at den vekkingskristne satsinga på lærarutdanning er nær på usynleg i den dominerande historiske forskinga. Temaet synest å falle mellom tre stolar: historisk forskning, skolehistorisk forskning og kyrkjehistorisk forskning. Det som ut frå dette *manglar*, er ein forskingsbasert analyse av:

- opphavet til og grunnivinga for satsinga på ei kristeleg lærarutdanning
- korleis strategien blei utforma, kommunisert og realisert
- kva målsetting den vekkingskristelege lærarutdanninga fekk
- kva ytre og indre motstand satsinga møtte
- korleis aktørane responderte på motstanden
- kva resultat satsinga kunne vise til.

Forskingssituasjonen opnar dermed for ein nærare studie.

---

<sup>67</sup> Høverstad 1918, Handeland 1934, Rudvin 1937, Wisløff 1971, Norborg 1979, Vengen 1985, Haraldsbø 1989, Oftestad 1989, Tveiten 1994, Sjursen 1997, Ramsfjell 1997, Slagstad 1998, Christoffersen 1999, Rasmussen 1999, Helsvig 2003, Hopland 2005, Sødal 2016

## Teoretisk ramme og metodiske merknader

### Vekking og sekularisering

Religiøse førestillingar og praksis gjennomsyra det førsekulære kristne einskapssamfunnet på måtar vi i dag vanskeleg kan førestille oss. Religionen var ikkje *ein del av* kulturen, religionen *var* kulturen. På individplanet var ikkje tilslutninga til det religiøse verdsbildet bygd på val eller tru, «it was a basic to thought as the structure of language and the sense of time and space». <sup>68</sup> Ifølgje Max Weber førte vitskapleg erkjenning til at magiske sider ved tilværet blei fjerna. Til ei slik «Entzauberung der Welt» bidrog også moderniserande religiøsitet gjennom å fjerne natur, ånder og magiske makter frå folks kosmologi. <sup>69</sup> Sidan har ikkje minst den vitskapelege rasjonalismen bidratt til ei intellektualisering «gjennom tekniske midler og beregninger». <sup>70</sup>

I ei sakleggjort og tingleggjort verd kan vi med Weber seie at rasjonaliseringa har fjerna «vår ytre naud», men ikkje «vår indre». Gjennom sekulariserande prosessar har vitskapleg rasjonalitet undergrave tradisjonelle metafysisk-religiøse forklaringar og hindra leitinga etter meining. Slik blei meiningsproblemet akutt ved inntoget av ein moderne kultur. Filosofen Nils Gilje seier det slik: «En kultur der metafysiske tolkingsmonopol er oppløst, får [...] et mer presserende meningsproblem.» <sup>71</sup> Denne innsikta om meiningsstap knytt til stigande modernitet og sekularisering ligg til grunn for min analyse av det religiøst opplæringstiltaket, ei vekkingskristeleg lærarutdanning. Innan rammene av ein rasjonelt prega opplæringskultur gjekk rørsla til ein motkulturell kamp. Målet for kampen og for satsinga var formulert som ein restaurativ visjon om ein kristeleg einskapskultur der meining var knytt til den religiøse trua.

Ulike sekulariseringsteoriar legg etter mitt syn eit grunnlag for å drøfte grunngevinga for, og resultatet av dette opplæringstiltaket. Forsking om sekularisering hadde lenge *bortfall* av religion som premiss. Dette synet inneber at mennesket, kulturen og samfunnslivet blir oppfatta som frigjorde frå religiøse autoritetar, at den religiøse dimensjonen i tankegang, symbolikk og språk blir redusert eller fjerna. Det handlar om minkande deltaking i religiøse ritual, fellesskap, foreiningar og organisasjonar.

---

<sup>68</sup> Sommerville 1992:17

<sup>69</sup> Weber 1985:594. Weber reknar protestantismen som den siste fasen i ei slik avmystifisering av verda.

<sup>70</sup> Gilje 1988:150

<sup>71</sup> S.st. s. 153

Det klassiske uttrykket for denne forståinga er knytt til Peter Berger.<sup>72</sup> I boka *The Sacred Canopy* definerte han sekularisering som «prosessen der sektorer i samfunn og kultur fjernes fra religiøse institusjoners og symbolers herredømme».<sup>73</sup> Tesen hans innebar at samfunnsinstitusjonane ikkje lenger blei legitimerede ut frå førestillinga om ein guddommeleg orden og ei religiøst basert meining med tilværet. Trua på Gud blei ikkje lenger tatt for gitt. Bortfallet av det religiøse som dominerande forståingsramme blei sett på som ei side ved det moderne. Å vere moderne blei oppfatta som det å vere sekulær i meininga ikkje-religiøs.<sup>74</sup>

Opphavet til sekularisering som bortfall av religion har forskarar paradoksalt nok funne i kjernen av protestantisk teologi. Luthers lære om «dei to regimenta» innebar at Guds styring og makt viser seg på to ulike måtar, direkte gjennom kyrkja, indirekte gjennom dei verdslege ordningane.<sup>75</sup> Reformasjonen etablerte på denne måten eit nytt syn på «verda» utanfor det truande fellesskapet. Det inneber at Gud ikkje direkte grip inn i samfunnslivet, men impliserer heller ikkje at Gud er død. Verdslege yrke blei av Luther sett på som eit kall frå Gud.<sup>76</sup>

Då moderniserande prosessar skuva religiøs praksis over frå den offentlege til den private sfæren, blei religion som *kultur* til religion som *individuell fenomen*.<sup>77</sup> Den borgarlege religionsfridommen forsterka det individuelle aspektet ved religiøs praksis. Det var innan denne ramma pietismen og dei folkelege vekkingane utvikla seg. Dei vekkingskristne stilte krav om medviten tilslutning, personleg omvendning og streng individuell moral. Slik opna dei også for truas negasjon, vantru.

Omgrepet sekularisering har dei siste åra fått eit nytt innhald knytt til eit endra syn på religion i det moderne. Historikarar har hevda at sekulariseringsprosessane ikkje bare kom til uttrykk som den nemnde nedgangen i religiøs deltaking, men også som *endring* av religiøse førestillingar og praksis. Endringane kom ikkje minst til syne som *differensiering*. Dette opna for kulturformer som verka i motstrid til den hegemoniske religionen eller trusforma. Sfærane for religion og allmennkultur/vitskap blei meir isolerte frå kvarandre, og verna om sin eigen interne logikk. Gjennom desse differensierande prosessane braut den religiøse einskapskulturen saman. Med dette som premiss har det blitt hevda at sekularisering også kan sjåast på som ei ramme for nye former for religiøsitet, for ei ny religiøs oppblomstring knytt til religiøs fridom og engasjementet for misjon.

---

<sup>72</sup> Berger 1991 [1967]

<sup>73</sup> S.st. s. 107, 169-184

<sup>74</sup> Sanders 2004:11

<sup>75</sup> Dette blir omtala som «toregimentslæra». Sjå s. 92 og 205

<sup>76</sup> Det tyske ordet *Beruf* tyder då også både yrke og kall.

<sup>77</sup> Taylor 2007:3

Jonathan Sheehan hevdar i eit forskingsoversyn om sekularisering at mange historikarar i dag ser «relegation [of religion] to the private consciences of individual believers» som det fremste uttrykket for religiøsitet.<sup>78</sup> Han meiner at det vi ser er ein overgang frå einskapskultur til fellesskap av personleg truande som særtrekk ved religionens funksjon i det moderne. Peter Berger har også revidert sin opphavlege tese om sekularisering som bortfall av religion, og drøftar tendensar til resakralisering og auka religiøst engasjement.<sup>79</sup> Ut frå dette kan det utformast ein definisjon av omgrepet sekularisering som femner både den opphavlege og den utvida forståinga, og som blir lagt til grunn for denne undersøkinga:

*Sekularisering inneber prosessar som gjer at religiøs deltaking blir redusert, og at samfunnet ikkje lenger blir organisert ut frå ei bestemt tru. Samtidig legg desse prosessane grunnlag for nye former for religiøst engasjement, mellom anna motkulturelle aksjonar.*

Slik kan religiøs oppblomstring innan ein avgrensa religiøs sfære bli styrka av den tiltakande differensieringa. Den moderne vekkingsrørsla, slik vi kjenner henne i skandinaviske samfunn, er eksempel på sekulariserande endringar som har skjedd i tråd med eit luthersk syn på trua, samfunnet og etikken. I den lutherske forståingsramma blir eksistensen av ein vantru kultur eit vilkår for vekkingsrørslas eksistens og funksjon. I tråd med denne tanken hevdar den norske teologen Jan-Olav Henriksen at delar av den teologisk tenkinga i det 20. hundreåret ser det som «verdifulle fra et kristent teologisk ståsted at samfunnet er preget av sekularitet».<sup>80</sup> I denne konteksten blir frontane mellom truande og vantruande klare, motstandarane til vekkingsrørsla synlege, og misjonskallet får sitt tydelege objekt og legitimitet. Ei *misjonsorientert* lærarutdanning som reiskap i kampen om skolen kan dermed forståast som ein adekvat religiøs respons på sekularisering og differensiering.<sup>81</sup>

For denne undersøkinga kan det vere tenleg å spørje: Kva har det å seie for forståinga av vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning at denne skjer innan rammene av ein sekulariserande prosess? Dette spørsmålet blir drøfta og svart på i Konklusjonar.

---

<sup>78</sup> Sheehan 2003:1074

<sup>79</sup> Berger 1999; Vetlesen 2007

<sup>80</sup> Henriksen 2012:147. Det verdifulle viser seg ikkje minst som religionsfridom, ved at denne legg grunnlag for respekt og dialog trusretningar og religionar imellom.

<sup>81</sup> Gilje 1995:218, McLeod 2009:8, Sommerville 1992:17, Sanders 2004:8, 11

## Målet med avhandlinga

I avhandlinga er målet å skildre og analysere ei pedagogisk satsing som blei initiert, utvikla og avvikla innan eit tidsrom på om lag 50 år. Analysen av dette vekkingskristelege opplæringsprosjektet har fokus på interne prosessar og grunngevingar. Som bakgrunn for analysen drar eg linjer i norsk vekkingshistorie og lærarutdanning frå midt på 1700-talet. Eg har sideblikk på den samfunnsmessige samanhengen, men det har som nemnt ikkje vore eit mål å gi ein analyse av økonomiske og sosiale drivkrefter.

Undersøkinga siktar mot det Ottar Dahl kallar *historisk teori*, det vil seie «sammenfattende utsagn som beskriver store og sammensette strukturer og prosesser innenfor grupper, samfunn eller hele 'kulturer' i en relativt enkel og abstrakt form». <sup>82</sup> Dahl ser slike teoriar som målet for forskinga, men minner om at desse må stå i eit spenningshøve til «mer elementære teorier og i siste instans til kildedata.» <sup>83</sup> Han nemner tre slags teoriar: *forklarande*, *beskrivande* og *vurderande*. <sup>84</sup> Dette er teoriformer som samsvarar med den tredelte problemstillinga i denne avhandlinga: *Kvifor, korleis og med kva resultat satsa vekkingsrørsla på lærarutdanning?* <sup>85</sup>

Kjernen i avhandlinga er knytt til den aktive perioden for etableringa av vekkingskristelege lærarskolar, mellom 1890, då vi fekk den første eigne lova om lærarutdanning, og 1946, då den siste av dei vekkingskristelege lærarskolane blei overtatt av staten. Det pedagogiske engasjementet til vekkingsrørsla enda ikkje med dette, men mi utgreiing om den strategiske, målretta og misjonsorienterte satsinga på kristeleg lærarutdanning sluttar med at staten tar over den siste institusjonen av dette slaget, Oslo lærerskole.

Omtalen av dei enkelte aktørane blir integrert i analysane og i den narrative kronologien. Nokre sentrale aktørar får likevel ei særskild merksemd, men målet er ikkje å gi eit biografisk dekkande bilde av livslauf eller meiningsunivers. Dei enkelte er trekte fram som tolkarar av idear og strategiar knytt til aktuelle organisasjonar. Ein slik representativitet blir grunnlagt ut frå den formelle rolla og profilen til den enkelte, som produktiv eller handlingsretta aktør, som leiar, prest, forkynnar eller pedagog.

---

<sup>82</sup> Dahl 1967:84-85

<sup>83</sup> S.st.

<sup>84</sup> S.st. s. 89

<sup>85</sup> S.st.



## Historisk tekstskaping

I historisk forskning kan skrivninga seiast å vere ein konstituerande del av granskninga, at «[t]ankene oppstår underveis, av selve anstrengelsen med å formulere seg».<sup>86</sup> Hayden White såg konstruksjonen av den forteljande fagteksten som ein del av den historiske analysen.<sup>87</sup> Han understreka at historieframstillinga krev utveljande og strukturerande medvit, at hendingar «ikke berre følger etter hverandre, men også [...] *av* hverandre».<sup>88</sup> Gjennom valet av faktamoment og framstillinga av desse strekker narrativt orientert historieskriving seg etter å skape ein forklarande samanheng av detaljane.<sup>89</sup>

I denne avhandlinga blir kjeldene brukte til å forme ein narrativ struktur med forklarande potensial.<sup>90</sup> Utveljinga av element er dels bygd på intuisjon, dels på meir eller mindre medvitne allmenne førestillingar om kva som er viktig og truverdig.<sup>91</sup> I valet av ein kronologi basert på periodar, har det vore eit mål å la periodane avspegle sentrale hendingar, brot og overgangar knytte til «plottet». Relasjonen mellom delane kan dermed tene eit analytisk føremål. For eksempel blei analysen tydelegare ved at eg utforska kyrkja, vekkingrørsla, skolen og lærarkvalifiseringa frå midten av 1700-talet. Denne delen av utgreiinga tener som forklarande bakgrunn for omtalen av den vekkingskristelege satsinga. I arbeidet blei det også klart kva grundtvigiansk teologi og pedagogikk hadde å seie for vekkingrørslas motkulturelle strategi. På dette grunnlaget bli det utvikla eit plot der konflikten mellom sentrale aktørar og ideologiar spelar seg ut innan rammene av den vekkingskristelege lærarutdanninga. Gjennom forskingsprosessen ga dette ei stadig sterkare forklaring på kvifor og korleis dei kristelege lærarskolane blei etablerte. Avhandlinga viser, ikkje minst gjennom den narrative strukturen, verknaden av *utløysande* hendingar. For eksempel er tilsettinga av den liberale og vekkingfientlege teologen Johannes Ording til styrar ved Holmestrand seminar i 1904 framstilt som utløysande for etableringa av den kristelege lærarskolen på Notodden.

Ei historisk framstilling som denne avhandlinga bygger ikkje på eit fastlagd teknisk *språk*. Ho tar i bruk daglegspråket, men tilpassar dette til sjangeren, den historiske forteljninga. Det er samtidig grunn til å reflektere over korleis ein slik forskingsretta språkbruk skil seg frå daglegspråket. Dette handlar mellom anna om at ein i vitskapleg analytisk tekstskaping

---

<sup>86</sup> Johansen 2009:17

<sup>87</sup> Molven 2017:34–36

<sup>88</sup> Johansen 2001:171

<sup>89</sup> Knutsen 2002:41

<sup>90</sup> Knut Kjeldstadli drøftar, med utgangspunkt i Jörn Rüsen, kva som skal med i forteljninga dersom ho skal ha forklarande kraft. (Kjeldstadli 1999:125).

<sup>91</sup> Med «element» meiner eg ikkje bare aktørar og hendingar. Også ikkje-narrative element som kvantitative data og enkeltanalysar spelar ei rolle i framstillinga mi.

utviklar og bruker *omgrep* med større krav til klårleik, systematikk og presisjon, og med større grad av hierarkisk relasjon.<sup>92</sup> Det klaraste skiljet mellom skjønnlitterær narrativ framstilling og forskingsretta historisk tekstkonstruksjon ligg likevel i relasjonen til *kjeldene og røyndommen*. Avgjerande for den historiske teksten blir ikkje *at* forteljaren etablerer kjelde-materialet, men *korleis* fakta blir stilt saman. Krava til framstillinga av fakta frå materialet er også meir forpliktande i den forskingsretta historiske framstillinga.<sup>93</sup>

Trass i ei grunnleggande narrativ strukturering er denne avhandlinga sjangermessig «urein». Ved sida av forteljande element nyttar eg analysar, skildringar, referansar og tematiske oppsummeringar. I vekselverknad med den kjeldebaserte granskinga og den narrativt baserte tekstkonstruksjonen verkar desse elementa med til å forme den meiningsberande tekstlege heilskapen.

Ei «whiggish» historiefamstilling?

Var vekkingas motkulturelle satsing dømt til å tape i møte med ei mektig sekularisering? Kva slags forteljing om vekkingas utdanningsprosjekt blei rekna som gyldig blant aktørane? I kva grad samsvarar avhandlingas analysar med gjengse framstillingar av den skolehistoriske utviklinga?

Historikaren Herbert Butterfield (1900–1979) kritiserte i boka *The Whig Interpretation of History* teknologioptimistisk og teleologisk historieskriving.<sup>94</sup> I føreordet skriv han: «What is discussed is the tendency in many historians to [...] emphasize certain principles of progress in the past and to produce a story which is the ratification if not the glorification of the present»<sup>95</sup> Ei «whiggish» historieforteljing fremma etter hans forståing (skrivarens og lesarens) samtid med politiske liberalisme og personleg fridom som mål. Eit eksempel på ei slik historiefamstilling er Robert Herbert Quicks studie av skolereformar. Han meinte at fortidas hendingar var kumulative, og at ein derfor kunne bygge ei forståing stein på stein. Dermed ville historikarar «raise to a higher standing point from which we may see much that will make the right road clear to us».<sup>96</sup> Historisk forskning handlar i denne meininga om å finne vegen frå fortida manglar og feiltrinn fram til historias høgdepunkt, notidas moralske og sivilisatorisk tilstand.

---

<sup>92</sup> Vygotsky 2001:146

<sup>93</sup> Dette har dei siste ti åra blitt aktualisert gjennom debattar om såkalla *røyndomsbasert litteratur*.

<sup>94</sup> Butterfield 1931

<sup>95</sup> S.st. s. 2

<sup>96</sup> Sitert frå McCulloch 2011:29

Sjølv om Butterfields kritiske omgrep er uklart, har det blitt brukt til å sette ord på sentrale dilemma innan historieforskinga: Skal historia få meining for lesarar i dag, må ho langt på veg forklarast ut frå notida. Det kan derfor vere vanskeleg å unngå ei eller anna form for whiggisk skrivemåte om utvikling mot eit mål.

Norsk skolehistorie har langt på veg blitt framstilt som ein prosess mot stadig større autonomi, humanitet og rasjonalitet. Ikkje minst har ein demokratisk einskapsskole blitt stilt opp som målet for det skolehistoriske plottet. I eit slikt framstegsoptimistisk narrativ overskrid politisk integrerande prosessar sosiale og geografiske skiljelinjer. Progressive krefter som målrørsla, ungdomsrørsla, lekmannsrørsla og arbeidarrørsla driv fram historia mot målet, ein skole for alle. Dei fremste aktørane er likevel kunnige lærarar, formidlarar mellom sosiale lag og mellom sentrum og periferi. Utviklinga innan skole og lærarutdanning blir i dette narrativet langt på veg framstilt som ein uunngåeleg prosess mot demokrati og opplysning. Desse prosessane kan samtidig sjåast på som delforteljingar i eit endå større narrativ – om ei sigrande sekularisering med dagens vitskapsbaserte rasjonalitet som mål.

Korleis stiller denne avhandlinga seg i høve til utviklingsoptimistiske førestillingar om ein sigrande sekularitet? Eg vil først svare med referanse til mi kjeldebaserte framstilling av vekkingsrørslas kamp mot sekulære innslag i opplæringa. Som eg skal vise, bygde denne kampen på ei kriseforståing av samtida. Ifølgje denne forståinga braut sekulariseringa med det vekkingskristne idealet om eit moralsk samfunn. Det dei vekkingskristne såg, var stadig frekkare angrep på den sanne trua.<sup>97</sup> I eskatologiske og eksistensialistiske termar heldt dei fram at både frelsa til den enkelte og eksistensen til samfunnet stod på spel. I si motstand mot sekulariseringa, forstått som avkristning og vantru, kunne rørsla vise til framgang og sigrar. Mellom anna vann ho allmenn tilslutning kring si individbaserte forståing av kva det vil seie å vere ein kristen, at trua må vise seg i eit moralsk liv. Men avhandlinga viser også at vekkingsrørsla i kampen mot ei tiltakande sekularisering møtte stadig mektigare motstand, og opplevde sviande nederlag.

Rørslas eiga forståing av trugsmålet frå sekulariseringa, og av si eiga rolle i den motkulturelle «åndskampen», kjem til uttrykk i ei omfattande historieskriving innanfrå. Her viser den nemnde kriseforståinga seg som eit *skifte* i vekkingas sjølvforståing. I møte med den moderne kulturen innser dei vekkingskristne at også forkynninga og fellesskapane i kyrkje og bedehus er påverka av sekulariseringa.<sup>98</sup> Ut frå ein teologisk grunna utopii utformar

<sup>97</sup> Hallesby 1948:47–48

<sup>98</sup> Dei vekkingsbaserte pionerane Jakob Sverdrup og Asbjørn Knutsen seier og skriv at forkynninga ikkje lenger når dei unge med evangeliet.

dei ei eskatologisk forteljing der dei kjempar på lag med Gud og alle gode krefter, mot vantru og sekularitet. I dette plottet vil den no så mektige motstandaren ein gong bli nedkjempa. Slik forma dei ei motforteljing til *whig history*-narrativet om skolens «rette veg», og med notida som eit historisk høgdepunkt. Satsinga på kristeleg lærarutdanning bar dermed på ei spenning mellom den moderne forteljinga om sekularisering og den teologiske og vekkingsbaserte om «åndskamp».

Mi framstilling av vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning, med motgang og nederlag som sluttunkt, kan langt på veg sjåast på som ei stadfesting av den store forteljinga om sekularisering. Samtidig kan avhandlinga lesast som ei kritisk nyansering av dette narrativet. Nederlaget til vekkingsrørsla blir i avhandlinga ikkje karakterisert som fullstendig eller uavvendelig. At det gjekk slik det gjekk, kunne også skuldast ei svak forståing hos aktørane av motsetnaden mellom «forkynnande» og «faglege» mål, manglande didaktisk kapasitet og sviktande politisk medvit. Dessutan har eg vist til at vekkingsbasert lærarutdanning etter andre verdskrigen har blitt starta på nytt, og at delar av ideen bak satsinga har blitt ført vidare. Tilfeldige vilkår knytt til enkeltpersonar og hendingar spela med då vekkingsfolket blei mobilisert til kamp mot «tidsånda». Historia om vekkingas satsing på lærarutdanning kunne altså tatt ulike vegar. Dermed kan avhandlinga, som ei kjeldenær forteljing om sigrar og nederlag, bidra til å nyansere eit skolehistorisk narrativ om ei strak utvikling mot eit fastlagt mål.

### Erfaring og nærleik

Eit velbrukt hermeneutisk prinsipp er at ein skal stille seg på parti med kjelda og forstå henne ut frå hennar eigne vilkår. Samtidig veit forskaren at ei historisk tekstskaping blir påverka av personleg erfaring med verdimesige og kunnskapsbaserte føresetnader og tildriv. Ingen kan heve seg over si eiga tid. Jens Arup Seips sa det slik: «Også historikeren står i tiden; han ser tingene og tenker over dem ut fra et perspektiv, en teori, der det kan ligge en misvisning som det står ham selv å korrigere så langt det er ham gitt.»<sup>99</sup> Når vi studerer eit objekt som står oss nær, inneber dette at vi må vere særleg merksame på korleis førforståinga kan kome til å styre vår oppfatning av stoffet. Strevet for ei mest mogleg sannferdig framstilling inneber at ein tar omsyn til den misvisinga som kan ligge i nære band eller kjenslemessig avstand til ideologi og miljø.<sup>100</sup> Jo nærare forskaren står stoffet, dess sterkare vil personleg erfaring verke inn.

---

<sup>99</sup> Seip 1983:11

<sup>100</sup> Andresen et al 2012/2015:54

Som ung var eg aktiv i Indremisjonen. I vaksen alder har eg studert kristendomskunnskap på Menighetsfakultetet. Avstanden eg i dag har til vekkingsrørsla er grunna i kritiske refleksjonar over stoff frå studium og erfaringar frå barndom og ungdom. Dei første undervisningstimane mine hadde eg ved Oslo lærerskole, i ei tid då skolen enno heldt oppe ei sjølvforståing som hadde rot i skolens vekkingskristelege fortid. Sidan har eg hatt ulike stillingar innan norsk lærarutdanning, både som lærar og leiar.

Det er verken mogleg eller ønskeleg å nøytralisere ein slik personleg ballast. Skal eg i forskingsarbeidet greie å halde oppe ein kritisk distanse, krev det ein medviten bruk av vitkapsbasert språk og metode, men også haldningsmessig merksemd, kanskje også ei form for «analytisk kynisme».<sup>101</sup>

Menneskesynet som ligg til grunn for denne undersøkinga inneber ein skepsis til kva liebhaberar og sentrale aktørar gir til kjenne om eigne handlingar og val. Dette gjeld også historiske framstillingar skrivne innanfor ramma av vekkingsrørsla. Men mistru til aktørar kan også skjerme for sentrale sider ved kjeldene. Eit gjennomgåande negativt syn på den enkelte aktørs fridom kan hemme innsikta i «det mangfoldet som styrer menneskelig handlingsmotivasjon».<sup>102</sup> For den enkelte aktøren kan sjølv sagt personleg makt og eigeninteresse vere sterke drivkrefter, men religiøst baserte førestillingar og motiv kan også legge grunnen for ein genuin vilje til omsyn og strev for eit felles beste. Dette inneber at det kan ligge både altruisme og irrasjonalitet bak eit mangfaldig tiltak som vekkingsbasert lærarutdanning. Ei medviten veksling mellom nærleik og distanse i tekstskaping, dessutan ein aktiv og kritisk bruk av eit stort kjeldetilfang, kan vere tenleg og bidra til eit truverdig bilde av det nemnde mangfaldet.

### Kjeldeval og kjeldebruk

Tolkinga av *tekstar* som kjelde er underlagd komplekse vilkår knytt til skrivning og lesing. Sidan vi ikkje kan gjenskape ein *skrivekontekst*, må vi innsjå at vi som lesarar heller ikkje fullt ut kan fastlegge forfattarens motiv og mening. Dei skriftene som i denne avhandlinga blir tolka og sette opp mot kvarandre, blir lesne i lys av historiske, teologiske eller pedagogisk samanhengar. Sjølv om det ville sprengje rammene for avhandlinga å gi eit bilde av ulike tidars skrivar- og lesarvilkår, blir skrivekonteksten i nokre tilfelle skildra nærare. Når artiklar i *For Fattig og Rig* for eksempel blir brukte som kjelde til analysen av Oslo lærerskole, er opplys-

<sup>101</sup> Ottar Dahl oppsummerer dette slik: «Jeg vil (...) hevde en begrenset objektivitet som et realistisk krav til forskningen.» (Dahl 1967:131)

<sup>102</sup> Seland 2006:55

ningar om andre lærarskolar brukte som validerande referansar. På liknande vis blir Hallesbys artiklar i 1912 sett i lys av motkulturelle opprop forfatta av to andre vekkingsbaserte aktørar, Johan Christian Heuch og Gisle Johnson. Slike samanstillingar kan utgjere tenlege «tolkningsnøklar».<sup>103</sup>

*Sekundærkjelder.* Når det gjeld sekundærkjelder, er desse først og fremst forskingsbidrag (avhandlingar, vitenskaplege artiklar), historieverk, jubileumsskift m.m. Somme av desse kan også tene som primærkjelde, for eksempel når det gjeld analyse av haldningar og framstillingsmåte i vekkingsintern historieskriving.

I dette prosjektet blir det brukt tekstar der aktørane skildrar hendingar og meiningar. Desse kjeldene er *beretningar* når dei blir brukte som vitnemål, men er *leivningar* når dei blir analyserte for å gi kunnskap om opphavsmannen, om skrivesituasjonen eller den prosessen som låg til grunn for dokumentet. I avhandlinga gjeld dette kjelder som ser vekkingsrørsla innanfrå. Desse blir ofte vurderte som leivningar ut frå tilknyttinga dei har til ein institusjon, ei gruppe eller ein organisasjon.

Eg tar i bruk bøker og avisartiklar frå sentrale aktørar, referat frå faglege og politiske debattar, offentlege dokument, styringsdokument og planar frå institusjonane osv. Mange observatørar og tolkarar blir brukt som referansar. Ikkje minst blir det drege inn forskingsbasert drøfting i analysearbeidet. Slik kan forståinga mi bli brynt mot det andre har sett og forstått.

*Primærkjelder.* Eg har hatt tilgang til korrespondanse mellom styresmaktene og aktuelle personar og institusjonar. Ikkje minst er desse kjeldene interessante som ei sjølvframstilling frå institusjonane (ofte leiaren, rektor og/eller styre) og responsen desse fekk hos styresmaktene. For dei kristelege lærarskolane var det eit element av spenning i denne relasjonen. Arbeidet med desse kjeldene har gitt ein nærleik til samtidskonteksten, skrivesituasjonen og formuleringsmåten dei enkelte tok i bruk for å gi sitt syn til kjenne.

I arbeid med historia til Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole har eg hatt tilgang til materiale henta ut frå Normisjons arkiv. Dette er ei ukatalogisert og lite nytta kjelde som likevel har gitt eit klarare bilde av debattar og vedtak knytt til denne viktige delen av mi undersøking. Her fanst ikkje minst protokollar frå hovudstyret i Indremisjonen, dessutan møtereferat og vedtaksprotokollar for forstandarskapet og lærarrådet ved denne Oslo

---

<sup>103</sup> Kvam 2009:37, Skinner 1988

lærerskole. Desse kjeldene har gitt innsikt i strategi og gjennomføring av satsinga på lærarutdanning frå 1912 til 1946. Jubileumsbøker og biografiar knytt til lærarskolane har gjerne tabellar og oversiktar som for eksempel gir stoff til analyse av geografisk og kjønnsmessig profil ved læringsmiljøa.

Analysen av tre sentrale vekkingsblad, *Sambaandet*, *Kineseren* og *For Fattig og Rik (FFoR)* gjeld først og fremst dei formative åra då vekkingsrørslas skolestrategi blei utvikla og sett ut i livet, mellom 1910–1930. Analysen har eit særleg nært blick på åra før og etter 1912, då Hallesby lanserte sin strategi for ei kristeleg lærarutdanning. Unntaket frå denne tidsramma er analysen av *FFoR*. Bladet var hovudorgan for den største aktøren innan skolesatsinga, Indremisjonen. Omtalen *FFoR* gir av Oslo lærerskole blir derfor følgt fram til 1946, då staten overtok skolen.

Referat frå møte i lokale og regionale lærarforeiningar ligg i ei gråsone mellom primær- og sekundærkjelder. Referat frå lærarmøta kan vere samla i bøker, men også trykte i aviser og tidsskrift, ikkje minst dei som var retta mot lærarane, som *Lærer-standens avis* og *Den norske Folkeskole*. Det hender at dei publiserte referata viser korleis organisasjonane ønskte å formulere sine standpunkt – samtidig som dei gjentar formuleringar og synsmåtar frå møta. Ein kan likevel gå ut frå at dei i det store og heile viser korleis lærarar utvikla sin eigen faglege debatt. Møtereferata har blitt brukt til forskning innan skolehistorie, mellom anna av Brit Marie Hovland, i hennar studie av lærarane si møteverksemd mellom 1850 og 1870.<sup>104</sup> Særleg verdi får referata i mitt prosjekt når dei blir haldne opp mot den rolla vekkingskristne lærarar spela i demokratiseringa fram til 1884, og seinare i vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning.

Eg har gått gjennom *partiprogram*, *prinsipp-program* og *arbeidsprogram* for *Det norske Arbeidarparti* for perioden 1891–1939. Dette har vore den sentrale kjelda i arbeidet med vekkingsrørslas sterkaste motstandar på utdanningsfeltet, arbeidarrørsla.

## Oppsummering om metode

I avhandlinga vil det bli gitt ein historisk bakgrunn for vekkingsrørslas engasjement innan lærarutdanning. Framstillinga av denne bakgrunnen, som spenner frå 1739 til 1890, bygger for det meste på ei samanstilling av kjent kunnskap. Utvalet og analysen av fakta og formuleringa av teoriar legg så grunnlag for hovudanalysen, sentrert om tidsrommet 1890–1946. Del 4 og 5 bygger i alt vesentleg på ny kunnskap eg har skaffa fram gjennom undersøking og

---

<sup>104</sup> Hovland 1999

samanstillinga av ei lang rekke kjelder. Avhandlinga blir avslutta med konklusjonar der eg ser dei ulike delane i samanhengen, og dreg slutningar på eit overordna teoretisk plan.

Avhandlinga legg til grunn ei *narrativ* forståing av historisk tekstskaping. Dette inneber at ho bygger på ei forteljande form med vekt både på struktur og intensivering. Ut frå målet om å gi ei heilskapleg framstilling av eit mangfaldig materiale er det narrative blanda med resonnerande, deskriptive og argumenterande tekstformer. Det overordna målet er å binde dei ulike delane av den historiske forteljinga saman til ein meiningsberande heilskap, formulert som historiske teoriar.

*Problemstillinga* er rettesnor for valet av kjelder og analysen av desse. Mot slutten av kvar del i avhandlinga blir funn og innsikter sett opp mot problemformuleringa og forskings-spørsmåla. Samtidig vil det finnast meir eller mindre eksplisitte referansar til problemstillinga gjennom heile teksten.

Avhandlinga bygger både på primær- og sekundærlitteratur. Framstillinga, særleg av tida etter 1890, bygger i stor grad på primærkjelder. Lesinga av desse inneber ei dialogisk tekstforståing, der historisk kunnskap og erfaringsbasert kjennskap ligg til grunn for tolking av tekstane, og for «samtale» med andre tekstar.

Kjeldeutvalet mitt ikkje er «det endelege» eller «rette». Det finst tekstar eg ikkje kjenner, som andre ville sett på som relevante og sentrale. Samtidig gjer storleiken på og mangfaldet av materialet det mindre truleg at korrigerande *perspektiv* er utelatne. Bruken av syntetiserande historiske framstillingar vil også vere ei viss sikring mot «hol» i kjeldegrunlaget.

## Sentrale omgrep

*Pietisme* (latin, *pietas* = *fromheit*) bygger på ei særleg intens forståing av det etiske aspektet ved truslivet. Opphavet er ei religiøs og pedagogisk rørsle med senter i Halle i Tyskland på slutten av 1600-talet. I Danmark-Norge gjekk kong Kristian VI (1730–1746) inn for å spreie denne forma for kristendom gjennom kyrkja og skolen. Medan ortodoks lutheranisme såg på verda som ein jammerdal, introduserte pietismen ei tru på at verda let seg forbetre gjennom religiøst motivert oppdragings- og reformarbeid. Pioneren August Herman Franckes slagord var *Weltverbesserung durch Menschenverbesserung*. Også staten måtte føre en aktiv politikk for å oppdra folket og utløyse ibuande krefter i samfunnet.

Frå midten av 1800-talet oppfatta vekkingsfolket i stigande grad seg sjølv som annleis enn dei ikkje-omvende. Dei avviste å delta i fleire sider ved den allmenne kulturen, noko som



gav nemninga «pietistisk» negative konnotasjonar. Omdømet til vekkingakristne kom til å handle om at dei heldt seg for seg sjølv, og meinte at dei hadde høgare moralske ideal enn folk flest. Vekkingefolk brukte sjølv «pietist» som ei heidersnemning. Mellom anna kalla den svenske forkynnaren Carl Olof Rosenius misjonsbladet sitt for «Pietisten». Ole Hallesby brukte også nemninga i positiv meining. Ordet blir i denne avhandlinga brukt som ei kyrkjehistorisk nøytral nemning.

*Vekking.* Nemninga «vekking» understrekar at omvendinga til «personleg kristen» blir opplevd som ei *oppvakning*. Eit teologisk aspekt ved vekkinga bygger på førestillinga om at ei «endetid», og at det gjeld å få flest mogleg til å innsjå dette, og bli «frelst». Kyrkjehistorikaren Tarald Rasmussen gir følgjande definisjon: «Vekkelse, i religiøs språkbruk menneskets overgang fra vantro til gudstro og syndsbevissthet; livet i vantro betraktes som en søvn eller død.»<sup>105</sup> Læraren Sigrid Svendsen gir i ein artikkel frå 1920, i det vekkingakristelege lærartidsskriftet *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, ein innanfrå-forklaring av omgrepet: «Med religiøs vekkelse mener vi at et menneske som lever uten særlig tanke paa og interesse for Gud og kristendom, faar en saadan rystelse i sin sjel at de religiøse spørsmål blir levende og det blir en trang for ham aa komme til klarhet og faa en ny sindsretning.»<sup>106</sup>

I *sosiologisk* terminologi kan «vekking» forståast som ei lokal oppflamming av religiøs entusiasme i ei avgrensa gruppe med mange omvendingar på relativt kort tid. Olaf Aagedal og Bjørg Seland definerer «vekking» slik: «(...) ein prosess der ein heller stor flokk menneske nokolunde samtidig opplever ei omvending som gir ny meining i tilværet.»<sup>107</sup> Vekkinga som sosialt drivkraft la grunnlag for nye fellesskap, på tvers av, men også i konkurranse med, det «verdslege». Som sosial rørsle kunne vekkinga fremme individualisme og ein demokratisk kultur, mellom anna ved å målbera opposisjon.<sup>108</sup> Vekkingane hadde ulikt nedslag lokalt, både i karakter og omfang. Talet på mindre vekkingar er derfor vanskeleg å slå fast. Historikaren Bjørn Slettan rekna ut at det mellom 1860 og 1920 oppstod 135 større og mindre vekkingar bare i Agder.<sup>109</sup>

---

<sup>105</sup> Stor norske leksikon (SNL), Tarald Rasmussen (2009, 15. februar. Henta 6. juni 2018 frå <https://snl.no/vekkelse>.

<sup>106</sup> Svendsen, S. (1921). Barnevekkelse. *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift*, Nr. 6, Juni 1921

<sup>107</sup> Seland og Aagedal 2008

<sup>108</sup> Thorkildsen 1998

<sup>109</sup> Slettan 1995

*Lekmanns- og vekkingrørsle.* Medan norske kyrkjhistorikarar ofte bruker nemninga «lekmannsrørsle»,<sup>110</sup> er det i danske og svenske kyrkjhistoriske verk vanleg å bruke nemninga «vekkingsrørsle». «Lekmannsrørsle» er ei nemning som dekker alle slags frivillige, kristelege samanslutningar utanfor geisteleg leiarskap. Denne avhandlinga dreier seg om dei lekmanbaserte organisasjonane som står i Den norske kyrkja, rett nok med svært ulik nærleik til den kyrkjelege strukturen og presteskapet. Eg har valt å bruke omgrepet «vekkingsrørsle», og meiner med dette *frivillige religiøse organisasjonar som la vekt på markant omvendning og personleg tilslutning til den kristne trua og ei moralsk fornya livsførsle.*<sup>111</sup>

I analysen av det tradisjonelle førmoderne samfunnet er det vanleg å bruke «rørsle» om meir eller mindre lause samanslutningar, som Hauge-rørsle eller Lofthus-rørsle. Omtalar ein dei breie rørslene på 1800- og 1900-talet, er desse ofte sett på som «folkerørsler». Det er her tale om meir organiserte nettverk av meiningsfellar i og utanfor formaliserte frivillige organisasjonar. Ei vidare avgrensing skjer ved at nemninga blir brukt i bestemt form eintal: «vekkingsrørsle». Med det meinast her den evangelisk-lutherske, lekmanbaserte rørsle i den haugianske tradisjonen innan Den norske kyrkja. Dette inneber ei avgrensing i høve til vekkingar og organisasjonar knytt til trussamfunn utanfor kyrkja.<sup>112</sup>

Eg drar fram særleg to «versjonar» av vekkingrørsle etter haugianismen: den johnsonske og den vestlandske. Desse blir likevel nemnt samla, særleg etter 1890, som «vekkingsrørsle». Nemninga «den moderne vekkingrørsle» handlar om den forma vekkingas organisasjonar fekk etter om lag 1870, i motsetning til den haugianske vekkinga. Grunnen er dels at moderne trekk ved rørsle slik kjem tydelegare fram, dels at nemninga skil den yngre versjonen av rørsle frå den eldre, først og fremst den haugianske, men også den johnsonske. Bruken av omgrepet «vekkingsrørsle» blir variert med nyanserande synonym som «vekkingsfolket» og «vekkingskristne». Det er den moderne varianten av norsk vekkingrørsle som står sentralt i denne undersøkinga. Denne rørsle hadde på det meste ein svært stor medlemsmasse. Det er rekna ut at i år 1900 var omlag 20 prosent av det norske folket medlemmer i ei indremisjonsforeining.<sup>113</sup>

---

<sup>110</sup> «Lekmannsbevegelse, den strømning innen norsk kirkeliv som er utgått fra lekmen og er båret oppe av dem. Bevegelsen føres gjerne tilbake til Hans Nielsen Hauge og de haugianske lekpredikanter.» (Stor norske leksikon, (SNL), Hallgeir Elstad. <https://snl.no/lekmannsbevegelse>. Lasta ned 24.11.2016)

<sup>111</sup> Det same gjer somme norske historikarar, sjå Try 1995:407

<sup>112</sup> Sødal 2013

<sup>113</sup> Stensvold 2005:328

*Pilarisering/Avsondring.* Filosofen Nils Giljes tese om sekularisering seier at tilbaketrekkinga frå den borgarlege offentlegheita kan ha stimulert utviklinga av eigne foreiningar og institusjonar. Dette kallar Gilje «pilarisering»:

Når religiøse miljø møter ytre press i form av funksjonell differensiering, vil de ofte svare med 'pilarisering' (Versäulung), dvs at de søker å organisere sine medlemmer innenfor nyopprettede religiøse institusjoner som blir alternativer til verdslige institusjoner. Opprettelsen av kristne fagforeninger, politiske partier, skoler, sykehus og liknende kan tjene som eksempler på pilarisering.<sup>114</sup>

I denne avhandlinga blir omgrepet «*avsondring*» brukt for å skildre den lågkyrkjelege utskiljinga frå den allmenne kulturen. Brotet med «verda» var ein ideologisk arv frå pietismen på 1700-talet, uttrykt mellom anna i Pontoppidans forklaring, spørsmål nr. 524. Her blir det sagt at dei omvende skal skilje seg ut frå dei ikkje-truande, men må akseptere at dei har med hyklarar å gjere i «handel og arbeid og annen nødvendig omgang, (...) ellers måtte de gå ut av verden».<sup>115</sup>

Vekkingskristne vende i stigande grad den allmenne kulturen ryggen.<sup>116</sup> Avsondringa bygde på ei teologisk basert demonisering av «verda», noko som særleg i siste delen av 1800-talet la grunnlag for eit sosialt skilje mellom «truande» og «verdslege». Hallesby gav i 1928 uttrykk for kva teologisk grunngeving dette bygde på: «All empirisk [verdsleg] kultur er organisert ikke *om* korset, men *utenfor* korset, størsteparten også *mot* korset. (...) Derfor maa den kristne staa ikke bare kritisk, men i mange tilfælde ogsaa benektende og avvisende overfor kulturen.»<sup>117</sup> Etter det moderne gjennombrotet i andre halvdel av 1800-talet kom avsondring frå verda til uttrykk som vekkingsrørslas norm om kulturell avvising, og handla ikkje minst om det folkelege kulturlivet, dessutan om forskning og vitskap, også innan teologi.

*Misjon* (latin: *missio* = å sende ut) blir brukt om å arbeide for at andre skal slutte seg til eller styrke relasjonen til ein religion eller ei trusretning. «Misjon» er å forstå som informerende verksemd om trusspørsmål. Det blir brukt i fleire religionar, men blir i norsk ofte forstått som «kristen ytremisjon», det vil seie forkynning for menneske med ein annan religion, eller «utan religion», «heidningar». *Indremisjon* er vekkingsretta forkynning for menneske i eit samfunn

---

<sup>114</sup> Gilje 1995:218

<sup>115</sup> Pontoppidans *Sandhed til Gudfryktighed*. Sitert etter Rasmussen 2004:38

<sup>116</sup> Thorkildsen 1998:170

<sup>117</sup> Hallesby 1928b:270

med ein kristen religion. Denne forma for misjon bygger på vekkingørslas forståing av at også menneske som lever i ein kristen kultur må bli «personleg truande eller vekte». Den vekkingskristne forfattaren Ola Rudvin sa det slik: «Hver kristen er misjonær, d.v.s. en sjelevinner! Det bør være siktepunktet for all kristelig virksomhet, enten den utføres av den offisielle kirke, av frittliggende sammenslutninger eller av den enkelte kristne.»<sup>118</sup> Dette inneber at den som er omvend skal bere bodskapen vidare til dei som har falle tilbake i ein passiv relasjon til truslæra. I denne meininga, som opplysning og påverknad, blir «misjon» brukt om den rolla truande vekkingorienterte lærarar skulle utdannast til.

*Konservativ teologi* handlar om eit tradisjonelt syn på kristne dogme. Termen blir for det meste brukt om evangelisk-luthersk konfesjon, men fins også innan andre kristne retningar, for eksempel Den romersk-katolske kyrkja. I Norge har det vore konflikhtar mellom konservative kristne og andre grupperingar innan kyrkja. Striden om eit professorat i teologi ved Universitetet i Oslo, der ein liberal teolog blei tilsett til store protestar frå konservative vekkingorienterte lekfolk, førte til opprettinga av Det teologiske Menighetsfakultet i 1907.<sup>119</sup>

*Liberal teologi* er ei retning innan protestantisk teologi på 1800- og 1900-talet. Grunnlaget var at ein ville framstille kristendommen i ei form som verka akseptabel for moderne menneske. Dette gjorde ein ved å ta omsyn til eit naturvitskapleg verdsbilde og den historiske bibelforskinga. I oppfatninga av Det nye testamente skilde ein mellom Jesu «enkle evangelium» om Faderen, og det mytiske evangeliet om Kristus skapt av kyrkja. Ein ville tilbake til «Jesu enkle lære». I Norge blei opposisjonen mot retninga særleg sterk. Frå midten av 1890-åra blei liberal teologi framstilt i ei radikal form av dogmatikaren Johannes Ording. Organ for retninga var *Norsk Kirkeblad* (1904–1957).

*Rekristning/gjenkristning/kristianisering/landsvekking*. Desse omgrepa handlar om at kristendommen som verdigrunnlag, etter ein periode med tiltakande sekularisering, på nytt gjennomsyrrer kulturen, gjerne samfunnet som heilskap, at folket på nytt gir den kristne bodskapen ei medviten tilslutning. Satsinga på lærarutdanning blir ofte kalla «rekristning» og «kristianisering». Hos Hallesby blir målet for satsinga kalla «landsvekking».

---

<sup>118</sup> Rudvin 1970:304

<sup>119</sup> I dag: MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn

*Moderne/modernisering/modernitet.* Disse omgrepa dekker mange særdrag ved samfunnet, mellom anna individualitet, rasjonalitet, utviklingsorientering, reformvilje, demokrati, ytrings-, trus- og organisasjonsfridom, spesialisering og differensiering. «Moderne» kan også forståast som antonym til «førmoderne», som gjerne blir definert som politisk og religiøs einsretting, autoritært styresett, avgrensa individuell fridom, kontroll av tanke- og trusfridom, fortidsretta bevaringsorientering. Trass i det upresise ved omgrepet «moderne» fyller det ei rolle ved å vere eit samla uttrykk for komplekse prosessar. Det er også brukt i forskingslitteraturen i ulike fag. Rune Slagstad meiner at vekkingsrørsler hadde moderniserande verknad i samfunnslivet innan eit tidsrom som kan avgrensast til hundreåret 1870–1970.<sup>120</sup> Han viser til moderniserande sider ved Ole Hallesby, og samanliknar han med den andre store folkerørsle i samtida, arbeidarrørsla, og leiaren Martin Tranmæl.<sup>121</sup> Dei bygde begge på førestillinga om at ein kan påverke samfunnet gjennom organisert felles strev for å realisere framtidvisjonar.

Eg sluttar meg til det synspunktet Willy Guneriussen gir uttrykk for når det gjeld vekkingsrørslas skolesatsing: «Det noen oppfatter som antimoderne (...) kan vise seg å være uttrykk for en annen slags modernitetsvisjon.»<sup>122</sup>

---

<sup>120</sup> Seland 2006:72

<sup>121</sup> Slagstad 1998:113 ff.

<sup>122</sup> Guneriussen 1999:14–15



## Del 2. Lærarutdanning i den kristne einskapskulturen (1739–1870)

### Innleiing

Denne delen handlar om korleis utdanninga av lærarar for allmugeskolen blei organisert og praktisert frå midten av 1700-talet. Opphavet til vekkingrørslas engasjement innan norsk lærarutdanning er nemleg å finne i den kulturkonteksten som har fått nemninga *statspietismen*. Dette var på fleire måtar eit paradoksalt prosjekt. Med utgangspunkt i den religiøse opplevinga til den enkelte og fellesskapet av sanne truande satsa ein i praksis på religiøs oppdraging og kunnskapsformidling *ovanfrå*, i kongens namn.

Vekkingrørslas syn på lærarutdanninga viser tilbake til denne tidlege perioden, då misjon i dei samiske områda la ei overordna forkynnande mål til grunn for etableringa av statlege lærarseminar. Dessutan skal haugianismen og grundtvigianismen analyserast som moglege impulsar for vekkingrørslas pedagogiske engasjement.

*Kong Kristian VI av Danmark-Norge* (1730–1746) var pietist. Som eineveldig regent var han også kyrkjas øvste leiar. Skolen og lærarutdanninga blei underlagt kyrkja, og dermed kongen. Gjennom pliktig opplæring ville kongen gjere folket til fromme kristne.<sup>123</sup> Målet med lovene om konfirmasjon (1736) og allmugeskolen (1739) var at kristeleg kunnskap skulle hindre moralsk forfall, opprør og kaos, og fremme lojalitet til konge og embetsverk. Sjølv om pietismen som hegemonisk ideologi blei borte kring 1750, levde han vidare som sentral grunngeving for opplæring og kristeleg danning. Sterkast verknad hadde Pontoppidans katekismeforklaring, *Sandhed til Gudfrygtighed*.<sup>124</sup> Læreboka skulle kome til å dominere kristendomsopplæringa i norske skolar i mest 150 år.

Hans Nielsen Hauge la grunnlaget for utfoldinga av folkeleg religiøsitet, men var også medviten om kva kunnskap, både som grunnleggande lesedugleik og som yrkeskvalifisering, hadde å seie for folkeleg danning og moralitet. Derfor tala han skolen, og ikkje minst lærarane

<sup>123</sup> Thorkildsen 2002:117

<sup>124</sup> Bokas fulle tittel er *Sandhed til Gudfrygtighed: udi en eenfoldig og efter Muelighed kort, dog tilstrekkelig Forklaring over Sal. Doct. Mort. Luthers Liden Catechismo, indeholdende alt det, som den, der vil blive salig, har behov, at vide og gjøre*. (Sist utgitt av Det evangelisk-lutherske kirkesamfund, 1954) Sjå omtale av Pontoppidan og Forklaringa i Rasmussen 2004:33–43.

si sak. Mot slutten av denne perioden, på 1860-talet, påverka N. F. S. Grundtvigs pedagogiske idear lærarutdanninga i Norge gjennom folkehøgskolane. Dette var ein realitet då vekkingsrørsla etablerte si eiga lærarutdanning. Striden mellom desse ideologiane skapte både underliggande og eksplisitte motsetnader i dei vekkingsbaserte seminara/lærarskolane. Derfor er det eit mål for denne granskinga å finne ut kva grundtvigianismen hadde å seie for det vekkingskristne synet på lærarutdanning og skole.

Sist i del 2 blir det drøfta korleis den gryande sekulariseringa av skolen kom til syne i lova for allmugeskolen (1860) og ny lesebok (1863). Gjennom skoledirektørembetet blei statens makt over skolen styrkt.<sup>125</sup> Reglementet for seminara (1867) viste den same tendensen som for skolen, ein utvida sekulær fagkrins. Sjølv om lærarutdanninga enno var styrt av teologar, blei seminara som statlege institusjonar i stigande grad fristilt presteskapet.

Del 2 sluttar ved 1870, då mobiliseringa kring dei lekmannsbaserte organisasjonane skaut fart, vann politisk makt, og la grunnlaget for ei moderne vekkingsrørsla som blei ein kraftfull aktør innan skole- og utdanningspolitikken. Denne delen av avhandlinga bygger i stor grad på kyrkjehistorisk forskning av Svein Aage Christoffersen, Dag Thorkildsen, Tarald Rasmussen, og Bernt T. Oftestad; dessutan på utdanningshistorisk forskning, i særleg grad av Helge Dahl.

Drøftinga i denne delen er knytt til temaet for avhandlinga, lærarutdanninga som arena for forkynning og kristeleg påverknad. Vilkåret for den religiøse påverknaden og opplæringa var ein annan innan det vi kallar den kristelege einskapskulturen. Vekkingsrørslas lærarutdanning peika tilbake til denne kulturen, og stod dermed fram som eit restaurativt prosjekt. Utgreiinga om tidsrommet frå 1739 til 1870 kan derfor kontrastere det som seinare blir sagt om den vekkingskristne lærarutdanning etter 1895. Kva grunngeving hadde vekkingsfolket sjølv for å sjå skolen og lærarutdanninga i den kristelege einskapskulturen frå midten av 1700-talet som eit ideal for eiga satsing – etter 1895?

---

<sup>125</sup> Prestane var framleis leiarar for skolestyra. Prestane synest å ha vore lojale også mot reformene knytt til skolelova av 1860. I eit tilbakeblikk peikar Arne Garborg (*Lærer-standens avis*, 25de jan. 1873) på at prestane hadde hatt mykje å seie for å overtyde folk om at reforma, ikkje minst vedtaket om fastskolar, var til beste for skolen og elevane.



## Kap. 1. Pietisme og opplæring

Det er sagt at kyrkja ikkje har hatt større innverknad på noko samfunnsområde enn på skolen. Einevaldstidas syn på opplæring bygde på ei førestillinga om at folket likna eit barn som ikkje av seg sjølv kunne utvikle kunnskap og danning.<sup>126</sup>

Eit særtrekk ved den pietistiske rørsla var vekta medlemmene la på omvending, eit moralsk «heilagt» liv, sosial omsorg og opplæring. Philipp Jakob Spener (1635-1705), «pietismens far», var prest i Frankfurt. Han understreka at mennesket kan miste frelsa som var gitt i dåpen, og treng derfor ei ny *omvending* for å blir «frelst frå synd».<sup>127</sup> Dette synet skulle i sin tur legge grunnlag for eit klart skilje mellom dei omvende og andre.<sup>128</sup> Pietismen spreidde seg frå Tyskland til Danmark-Norge. Som teologisk impuls påverka han kristenlivet i desse landa fram til om lag 1750.

Pietismens understrekning av det individuelle gudstilhøvet og *det allmenne prestedømmet*<sup>129</sup> førebudde opplysningas ideal om det autonome subjektet. Dei pietistiske forsamlingane kan derfor seiast å peike fram mot sosiale møte- og organisasjonsformer innan den borgarlege offentlegheita. Den tidlege pietismen stod også fram som ei *pedagogisk* rørsla.<sup>130</sup> August Herman Francke (1663-1727)<sup>131</sup> meinte at opplæring var ein avgjerande føresetnad for kristen praksis. Pietistisk pedagogikk handla om forming av personlegdommen, oppøving av viljen og tileigning av kristelege livsvanar. Som syndige alt frå fødselen av måtte barn vernast frå verdslege impulsar. Pliktig skolegang prega av tukt skulle fremme eit dydig liv. Elevane lærte at dei skulle avvise verdsleg «tidtrøyte» som dans, teater, kortspel, tobakk, alkohol osv. Den aktive kristelege «godhugen» var det sentrale dannelsingsmålet. Den tidlege pietismen i Danmark-Norge stod fram med tilsvarande pedagogisk-didaktiske ideal.<sup>132</sup>

Allmenn skoleplikt blei etablert som ei *kyrkjeleg* reform. Som pietist ville Kristian VI styrke kjennskapen til Bibelen og truslæra. Påbodet om å bli ein opplyst kristen blei knytt til kravet om å kunne lese og skrive, og la grunnlaget for allmenn skoleplikt.<sup>133</sup> Gjennom

<sup>126</sup> Markussen 1995

<sup>127</sup> Galatarbrevet 4.19

<sup>128</sup> Dette er eit skilje vi ikkje finn hos Luther.

<sup>129</sup> Dette er den haugianske læra om at alle som kjente kallet, også kvinner, kunne forkynne gudsordet.

<sup>130</sup> Telhaug & Mediås 2003:37

<sup>131</sup> Sjå s. 40 og 114

<sup>132</sup> Telhaug & Mediås 2003:37

<sup>133</sup> Rostrup, R. (2005). Ei forordning frå 1617 om norske og tyske skular i Bergen. *Bergenposten* 2/2005, s. 31. Bergen: Statsarkivet i Bergen

*Forordning om konfirmasjon av 1736* blei det obligatorisk for alle unge å ta imot opplæring og framstille seg for eksaminasjon hos presten: «Ingen Børn maae til Confirmation antages, med mindre de til forn ere holdne til Skole og underviste i de nødvendigste Christendoms Stykker.»<sup>134</sup> Konfirmasjonen var porten til vaksenlivet. «Presten regulerte adgangen til arbeidslivet. Ingen slapp inn på arbeidsmarknaden før dei slapp fram for presten ved konfirmasjon.»<sup>135</sup>

*Forordning om skolen av 1739*<sup>136</sup> fastsette at prestane skulle vere leiarar av skolestyret, og ansvarlege for utdanninga av lærarar. Biskopen fekk det overordna tilsynsansvaret: «§2. Bisperne skal strax nøye erkyndige sig om alle i deres Stift nu værende Klokkere, om de til Skolehold i alle Stykker ere bequemme.»<sup>137</sup> Lærarprøva var derimot delegert: «Enhver, som til Skolehold efterdags skal antages, maa forud af Prousten og Sogne Præsten (...) nøye og med Fliid examineres og prøves.»<sup>138</sup>

Den 5. mai 1741 kom eit tillegg til skolelova, *Plakat og nærmere anordning angående Skolerne på Landet i Norge, 1741*.<sup>139</sup> Her blei det lagt opp til at prestane skulle innkalle fire av dei kyndigaste mennene i kvart prestegjeld for å avgjere korleis ein ville ordne skolevesenet. Denne pragmatiske endringa kom ikkje bare til å avgjere utviklinga av allmugeskolen. Ho blei også kimen til det vi i dag ser på som ein vesentleg del av det demokratiske systemet i Norge, lokalt sjølvstyre.<sup>140</sup>

Forordninga av 1739 og Plakaten av 1741 understreka at opplæringa hadde eit *forkynnande* mål. Dette var ei naturleg forståing av lærarens mandat i og med at skolen var underlagt kyrkja. I tråd med det ekspressive elementet i pietismen blei det understreka at trusopplæringa ikkje burde gjennomførast livlaust, som ei leseøving, men «med indrettede Bønner, som ey just oplæses af en Bog.»<sup>141</sup> I tillegg til sjølvve undervisninga skulle lærarens eksempl, hans veremåte og etiske standard, bidra til å føre elevane på «den rette vegen». I tråd med pietismens moralske krav skulle lærarens heile livsverd sjåast på som ein del av den forkynnande lærarrolla.

---

<sup>134</sup> *Forordning om konfirmasjon av 13. januar 1736*

<sup>135</sup> Furre 1987:33

<sup>136</sup> *Forordning om skolerne paa Landet i Norge og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor maa nyte. Knh., 23de januar 1739*. Her sitert frå Tønnesen 1966:27

<sup>137</sup> Furre 1987:29

<sup>138</sup> S.st. s. 32

<sup>139</sup> Folk omtala dette som «Skolefundasen», eller bare «Fundasen».

<sup>140</sup> På skolefeltet peika *Fundasen av 1741* fram mot Lov om folkeskolen av 1889, der skolestyringa blei eit kommunalt ansvar.

<sup>141</sup> *Fundasen av 1741*:33

Med kristendom som hovudfag blei det religiøse og moralske motivet styrande også for utforminga av *dei statlege seminara* frå 1820-talet. Analysen eg skal gi av reglementet for Asker seminar viser at lærarens religiøst modellerande funksjon kom til å stå sterkt i norsk lærarutdanning fram til slutten av 1800-talet.

Den praktiske opplæringa i skolen kom likevel ikkje, så langt det er mogleg å vurdere i dag, til å oppfylle dei ambisiøse didaktiske intensjonane i forordninga. Pietismen, bygd på førestillinga om det allmenne prestedømmet, hadde som mål å frigjere menneska frå tilstivna vanekristendom, men søkte å gjere dette gjennom ei trusopplæring prega av pugg og tvang. I tillegg til ein minnebasert skoletradisjon kan dette forklarast med at lærarane hadde dårleg utdanning, at klassane jamt over var store, og at dei fysiske rammene var svært vekslende. Konflikten mellom trusretta intensjonar og formelprega opplæring kan sjåast på som ei latent spenning i det statspietistiske skoleprogrammet.<sup>142</sup> Trass i freistnader på å trekke inn individualiserande element i opplæringa, kom ein ikkje til å frigjere undervisninga frå den formelprega tradisjonen. Om konfirmantane svarte på kva sann omvending er, kunne ikkje svaret oppfattast som eit teikn på at dei var omvende. Kyrkja prøvde å dempe dette pedagogiske paradokset ved å personleggjere sjølve konfirmasjonsritualet med ei munnleg høyring, følgt av eit løfte og eit handslag. Motsetnaden mellom den enkelte si religiøse oppleving og opplæringas «fasit» blei likevel skjerpa då den herbartske minneorienterte pedagogikken kom til å prege skolen på 1800-talet.<sup>143</sup>

Ikkje bare undervisningsforma, men også den sentrale læreboka, *Pontoppidans forklaring*, fremma ei formelprega minnebasert innlæring. Boka var bygd opp kring pietistisk teologi, der det mest sentrale temaet var frelse, eller «saliggjeringas orden» (*ordo salutis*). Forklaringa hadde vaksenlivet som modell, og la vekt på kunnskap som grunnlag for tru. Didaktikken bygde på ei sterk lærarstyring, og at elevane skulle hugse lærestoffet ordrett. Tanken var at sann kunnskap lært som barn ville bli verande i minnet og med åra vekse til ei mogen innsikt og overtyding. Boka var på dansk, som elevane nok forstod, men som låg svært langt frå deira daglegtale. I løpet av sju skoleår, kvart var på inntil 12 veker, skulle barna både lære å lese og hugse 759 spørsmål og svar om truslæra.

---

<sup>142</sup> Rasmussen 1993:147

<sup>143</sup> Sjø s. 239 og 248

## «Den Hellig Aands Verk-Stæd»

Forfattern av den nemnde læreboka, Erik Pontoppidan, biskop i Bergen 1747–1754, var levande interessert i skolen, men ikkje minst i lærarutdanninga.<sup>144</sup> Forkynning til tru var for han ei felles målsetting for presten og læraren. I sine mange skriv til prestane gav han til kjenne ei breidd av didaktiske refleksjonar. Her ser han på undervisninga som ei forlenging av preika. Læraren skal sjå til at elevane ikkje bare får kristeleg kunnskap i tråd med det som blei forkynt i kyrkja, dei skal også *møte det heilage* i klasserommet. Pontoppidan omtalar derfor skolen som «Den Hellig Aands Værk-Stæd».<sup>145</sup> For han er lærargjeringa ei *misjonsverksemd* der budskapet kan bli spreidd ved at dei vaksne heime lærer av det barna har høyrte og lese på skolen. Han trur at foreldra vil møte det dei høyrer av barna med «(...) mere Lyst og attention, end af Præsten selv.»<sup>146</sup> I det heile har han sans for psykologiske aspekt ved undervisning og læring.

Pontoppidan var kritisk til vilkåra lærarane arbeidde under. I 1748 skreiv han at skolen i Bergen «er her saa slet og ilde bestilt, at man skulle slutte den seeneste Allernaadigste Kongelige Forordning var her Knap bleven publiceret [...] end sige sat i nogen Execution».<sup>147</sup> Biskopen meinte at den største vansken i tillegg til ei svak lærarutdanning var uviljen frå allmugen. «[E]ndog gode Præster [har] ikke kundet trænge igjennem alle de objectioner som Almuen, og meest de formuende Bønder, idelig gjøre mod den Kongelige Forordnings Execution.»<sup>148</sup> Eit anna problem var den dårlege løna til lærarane. Dette var særleg eit problem i kystbygdene, der det var betre utkome i anna arbeid. Ansvar for skolane låg i øvste instans på biskopane. Dei skulle vurdere og tilsette lærarar, og representerte i så måte den første tilsynsordninga for skolen. Fram til om lag 1900 var møtet med lærarane ein sentral del av bispevisitasane.<sup>149</sup>

I eit nasjonalt perspektiv blei lærarutdanninga frå om lag 1800 sett på som eit utviklingsfelt for folkeleg opplysning og eit gryande politisk opprør mot embetsmannsveldet. Vegen

<sup>144</sup> Erik Pontoppidan (1698–1764) var dansk. Han var biskop i Bergen i 1746–1754. Han etablerte eit kateketisk seminar for lærenemme bondegutar og ein skole på gymnasnivå, *Seminarium Fridericianum*. Årleg sende han ut hyrdebrev til prestane sine.

<sup>145</sup> Pontoppidan 1756. Her sitert etter Tønnesen 1966:44

<sup>146</sup> Tønnesen 1966:46. Synspunktet liknar mykje på det vi møter hos Kinamisjonens misjonærar kring 1920 når dei argumenterer for å drive skole som ein del av misjonsverksemda.

<sup>147</sup> Riksarkivet, GKIK, L0001; Pontoppidan til Kirkekollegiet, 24. des. 1748. Se også GKIK, 0001, Paludan til Kirkekollegiet, 19. jan. 1753.

<sup>148</sup> Riksarkivet, GKIK, 0001. Visitas i Sund prestegjeld, 22. sept. 1748.

<sup>149</sup> Biskop J. C. Heuchs visitasar på slutten av 1800-talet viser korleis kristeleg undervisning heldt fram som eit sentralt tema i møtet mellom biskop og lærarar. Sjå s. 60, 100 f.

mot ein myndigare og meir kunnskapsrik lærarstand som agentar for folkeleg-demokratisk danning var dermed peika ut.

## Haugianismen – vekking og opplysning

Den moderne vekkingsrørslas påverknad på skole og opplæring kan sjåast i samanheng med den haugianske rørsla. Inspirert av Hans Nielsen Hauge la lekfolk utover på 1800-talet vekt på plikta den enkelte hadde til sjølv å gjere seg kjend med Bibelen og truslæra. Ved sida av den religiøse vekkinga Hauge skapte, la bruken av oppbyggeleg litteratur eit grunnlag for folkeleg lesedugleik og opplysning. Hauge bygde vidare på moralske, sosiale og pedagogiske grunntrekk ved pietismen, men meinte at den kristne læra var for folket, ikkje bare for teologane.

Det som skjedde var mest ikkje til å tru. Ein fattig bondeson frå Tune i Østfold, utan utdanning, pengar, embete eller makt kom til å endre det norske religiøse landskapet for godt. Etter at han den 5. april 1796 fekk ein visjon medan han arbeidde på åkeren, via han livet sitt til tenesta som omreisande forkynnar, forfattar og vekkingsleiar. Fram til 1804 gjekk han landet på kryss og tvers, om lag 15000 kilometer, for å treffe folk der dei budde. Han hjelpte dei i arbeidet, og delte med dei den kunnskapen han hadde om gardsdrift og dyrkingsmetodar. Samtidig forkynte han budskapet om tru og omvending. Slik skapte han ei mengd vekkingsreligiøse «vennesamfunn». Desse forsamlingane, ja, heile Hauges møteverksemd, blei sett på av prestar og styresmakter som ei farleg opposisjonell verksemd. Den juridiske grunnlaget for å arrestere han blei heimla i *Konventikkelplakaten* frå 1741.<sup>150</sup>

Hauge kjempa mot presteskapets makt og deira religiøse tolkingsmonopol. Ved å fremme den enkelte sin rett til å forme og utøve sitt personlege trusliv la han eit sosialt, psykologisk og teologisk grunnlag for den moderne vekkingsrørsla. Forkynninga hans verka frigjerande på det religiøse livet, og skapte samtidig eit potensial for folkeleg danning og sosial

---

<sup>150</sup> Innføringa av paragrafen i Noreg hadde samanheng med den herrnhutiske religiøse aktiviteten. Steinar Supphellen (2012) har vist at konventikkelplakaten fekk ei påfallande mild utforming. Enkelte prestar såg positivt på at Bibelen blei lesen og diskutert sokneborn imellom, medan andre oppfatta dette som eit trugsmål mot kyrkjens teologiske autoritet og mot øvrigheita meir allment. Styresmaktene ville opne opp for religiøs aktivitet nedanfrå samtidig som dei såg til at aktiviteten heldt seg innanfor eineveldets religiøse og sosiale fundament. Dette innebar at ein måtte melde frå til presten dersom ein skulle halde religiøse møte. Det var ein nær på sovande paragraf styresmaktene vekte til live då dei såg seg tente med å sette ein juridisk stoppar for Hans Nielsen Hauges verksemd.

mobilitet.<sup>151</sup> Når folk lærte å tenke fritt om religion, kunne dei også tenke fritt om sin eigen sosiale posisjon. Berge Furre skriv:

Hans forkynning truga eineveldets religiøst fundamenterte lydnadssamfunn. Reaksjonane måtte bli heftige. Det var nemleg eineveldets tankegang at statens orden kviler på kyrkjeleg orden. Det er den felles tru og den felles moral som prestane forkynner som held riket saman.<sup>152</sup>

For Hauge var det avgjerande at vennene ikkje braut med kyrkja og stifta egne trussamfunn. Gjennom haldninga «innanfor kyrkja, men likevel fristilt» blei haugianismen eit førebilde for den doble relasjonen til kyrkja som også skulle prege den moderne vekkingrørsla. Sjølv om venneflokkane var spreidde og ofte fåtalige, kan haugianarane seiast å ha fremma ei folkeleg opplysning og demokratisering.<sup>153</sup> Det går ei linje frå Hauges forkynning til vekkingane og den demokratiske reisinga i andre halvdel av 1800-talet.<sup>154</sup>

Hauges syn på «verda» innebar ei utviding av den lutherske forståinga av Guds styring gjennom «dei to regimenta». Han la til rette for at dei truande aktivt skulle delta i næringsretta verksemder. Desse blei forstått som reiskaper i ein strategi om å utbreie Guds rike. Hundre år seinare førte Ole Hallesby dette synet vidare då han i 1912 formulerte si grunngeving for vekkingbasert innsats på sentrale samfunnsfelt som lærarutdanning og omsorg.

Haugebiografen Michel Grøndahl peika alt i 1848 på samanhengen mellom haugianismen og utviklinga av det vaknande sivilsamfunnet.<sup>155</sup> Han understreka det dannande elementet i rørsla, ikkje minst den verknaden som innebar at så mange hadde endra livet sitt og fått ein ny moralsk standard. Grøndahl skreiv at haugianarane i den første tida blei skulda for å vere fiendar av kunnskap, men meinte at dette blei tilbakevist ved at så mange Hauge-venner var komne til høge stillingar og hadde fått stort ansvar i samfunnet. Eit kyndig, myndig og truande menneske blei sett på som eit danningsideal blant «vennene».<sup>156</sup>

---

<sup>151</sup> Try 1995:417

<sup>152</sup> Furre 1996:10

<sup>153</sup> Aagedal 2003

<sup>154</sup> Straume 1957. Haugianaren John Haugvaldstad i Stavanger var eit bindeledd i så måte. Sjå s. 107 f.

<sup>155</sup> Grendahl 1848

<sup>156</sup> Flint 1990:112

## Kap. 2. Lærarutdanning – frå kyrkjeleg til statleg ansvar

I *Forordningen om skolen av 1739* var krava til læraren at han kunne lære barn å lese, at han forstod katekisma, at han hadde god vandel, at han skreiv ortografisk dansk og kunne rekne. Soknepresten skulle lære opp ungdommar til tenesta som «skoleholdere». Han skulle vere merksam på gåverik ungdom blant konfirmantane: «(...) de beste og skikkeligste som befinnes å ha et godt nemme og å være lydige, sindige og gudfryktige til skolemestre prepareres (...)»<sup>157</sup>

Tilbodet om lærarutdanning var på 1700-talet mildt sagt vekslande. I beste fall gav presten den komande læraren ei viss kursing, gjerne som «modell-læring» ved at presten sjølv underviste i religion ein gong i veka. Også her tok Erik Pontoppidan eit nyskapande initiativ. Han sette i gang si eiga opplæring av lærarar i Bergen. I 1748 bad han prestane sende inn namn på sedelege og kristeleg sinna unge menn som kunne innkallast til teneste i skolen. Desse skulle få seks månader opplæring ved *Kristi Krybbe*, ein skole ved Korskirken for barn frå fattige heimar. Her la Pontoppidan til rette for praksisopplæring med rettleiing. Lærarelevane skulle assistere ved katekisasjon i kyrkjene, og etter kvart sjølv øve seg i å katekisere under oppsyn av skolehaldaren.<sup>158</sup> Lærarkursa til Pontoppidan blei avvikla etter tre år, då han reiste frå byen.

Vi må rekne med at prestane heldt lærarkurs med vekslande engasjement. Det finst likevel eksempel på at prestar la ned ein stor innsats på skolefeltet. I Jelsa, Rogaland, blei det i 1741 halde eit lærarmøte. Sokneprest Domenicus Nagell hadde utforma ein «mønsterplan» for skolen i Skjold. Denne planen blei på møtet gjort gjeldande for heile Ryfylke prosti, og sidan godkjent av stiftamtman og biskop. Her stod det om kristendomsopplæringa:

Dog skal Skolemester og Børnene altid om Søndagerne være i de Kirker hvor ingen Tieneste af Presten holdes, og der katecisere, og nøie forfare om de Yngre har beholdt hvad de om Vinterene indeni Bogen have lært.<sup>159</sup>

<sup>157</sup> *Forordning om skolerne paa Landet i Noreg og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor maa nyte. Knh., 23de januar 1739. §12.* Sitert etter Tønnesen 1966:32

<sup>158</sup> Brev frå Erik Pontoppidan 1751. Her sitert etter Bechholm, 1920:28

<sup>159</sup> Domenicus Nagell, *Mønsterplan for skolen i Skjold* (1741). Her sitert etter Veka 1980:20

Kyrkjesongaren ved hovudkyrkja i prestegjeldet fekk etter kvart ansvar for opplæring av lærarkandidatane. Prosten stod for eksamineringa, og skulle vurdere om kandidatane kunne skrive og rekne, om dei kjende katekisma og trusartiklane, og om dei kunne undervise. Dessutan måtte dei ha godt ord på seg.

Peder Hansen blei biskop i Kristiansand i 1798. Han var ein av tidas mest ytterleggående rasjonalistar, ein ihuga opplysningsmann. Mellom anna stifta han folkeboksamlingar, såkalla «Læse-Selskab», i dei fleste hovudsoknene.<sup>160</sup> Hansen såg korleis prestane sleit med å rekruttere dugande lærarkandidatar. Ungdommen på landsbygda er «ædel, skjønn og god» skreiv han, «men savner Kundskab».<sup>161</sup> I 1799 samla han 102 unge menn til lærarkurs. Dei kom frå mest alle delane av det store stiftet. Kandidatane fekk ei grunnleggjande fagleg og pedagogisk opplæring, ti veker før jul og ti etter.<sup>162</sup> I 1802 oppsummerte Hansen det siste lærarkurset, og slo fast at resultatet, trass i den korte tida, var særst godt. Kurset i bispegarden i Kristiansand var eit systematisk tiltak for lærarutdanning, truleg det første med formalisert læreplan: *Plan for Skolerne paa Landet i Christiansand Stift*.<sup>163</sup>

Utbygginga av allmugeskolen utover på 1700-talet gjorde at det blei vanskeleg å skaffe nok lærarar. Trass i krava i *Forordningen* stod det derfor jamt over dårleg til med kvalifikasjonane. Yrket hadde låg sosial status, det blei sagt at det ikkje ein gong nådde opp på husmannsnivå. Lærarane kunne sleppe militærtjeneste dersom dei blei i yrket i sju år. Dermed oppstod «sjuårslæraren». Dette la grunnlag for fråsegner om at det var dei dovnaste og mest «forkjælede» unge som søkte dette yrket. I eit tilbakeblikk på denne ordninga skriv *Rogaland Lærarlag* i referatet frå eit lærarmøte: «[D]et var tvillaust til skade for skulen og lærarstandet, for mange tok lærarpost berre for å verta fri militærtjenesta og soleis utan kall og givnad til det. Skulen var ikkje tent med slike 'leiesvende'».<sup>164</sup> Ordninga stod likevel ved lag til 1876.

Vitnemål om dårlege vilkår for lærarkvalifiseringa finn vi i lang tid framover. På midten av 1800-talet skreiv styrar ved lærarskolen i Kopervik, A. Budde, eit klageskrift, der han klaga på den dårlege løna til læraren, og kor lett det var å tene pengar som fiskar:

<sup>160</sup> Bøker han foreslo i boksamlingane var mellom anna: *Ledetraad ved Børns første Undervisning, Hjelpesaaer til Overtroens Udryddelse, Sundheds-Catekismus, Nyttige Havevexters Dyrkning*. Peder Hansen skriv til finnøypresten Søren Georg Abel (far til matematikaren Nils Henrik Abel): «Læse-Selskabet vil være den gemene Mand til megen nyttig Kundskab og Oppbyggelse.» (Veka, 1980:23)

<sup>161</sup> Veka 1980:21

<sup>162</sup> S.st.

<sup>163</sup> Statsarkivet i Kristiansand (SAK): Biskopen i Kristiansand (BK): Gf- C VI-Skolevesenet, 1678–1841: - C 105: Biskop Hansens plan for skolene på landet i Kristiansand stift.

<sup>164</sup> Rogaland Lærarlag 1952:22



I disse Egne er en altfor let Adgang til Fortjeneste ved fiskeriet, til at nogen duelig Person kan ansee denne Løn som tilstrækkelig Godtgjørelse for saamegen Tids Opofrelse. (...) En saa stædig alvorlig og anstrængende Beskæftigelse, som Skoleholderens, skyes derfor undtagen av den Sløve, der intet Begreb har om aandelig Anstrængelse. – Naar han derfor bliver opmærksom paa, at (...) en Skoleholder har mere at gjøre end at sidde med Pegepinden, ønsker ogsaa han sig fri for dette lidet lønnede Bryderi. (...)

*Ærbødigst A. Budde*<sup>165</sup>

For pietistane tente vaisenhuset i Halle i Tyskland som modell også når det gjaldt lærarutdanning. Påverknaden kom først til Danmark, der presten H. Lindegård i Glenstrup 28. jan. 1738 sende eit forslag til *Generalkirkeinspeksjonen* om at vaisenhusutdanna unge menn burde bli «skoleholdere» også i Norge. Biskop Peder Hersleb frå Akershus var med i kyrkjeinspeksjonen, og meinte at desse lærarane ikkje ville passe i Norge. Dei som skulle arbeide i den norske skolen burde vere «landets levemåte og kost bevante», meinte han.<sup>166</sup> Dette synspunktet må ha verka overtydande, for det kom inn i *Plakaten av 5. mai 1741*.

Påverknaden frå pietistane i Halle blei likevel tydeleg. J.C. Schrønheyder, biskop i Trondheim 1788-1803, ivra for lærarutdanning ved vaisenhuset der i byen. Han nemner metodikken for opplæringa. Mellom anna skin interessa for eleven gjennom når han minner prestane om at dei under katekisasjonar må «beflitte sig paa aa bygge paa barnas tankekraft og følelse samt tillike gi skoleholdere anvisning og eksempel på hvorledes man rettelig holder religionssamtaler med barn.»<sup>167</sup> Ved vaisenhuset i Trondheim blei det gitt lærarutdanning frå 1802. Biskopen sjølv ville gi undervisning i «botanikken, og især innenlandske veksters kjennemerker og deres husholdnings og lægedoms nytte».<sup>168</sup>

---

<sup>165</sup> Riksarkivet. Beretning til Kirke- og Undervisningsdepartementet 3. jan 1843 / Mappe: Indberetn. og Karakterlister fra Hans Holst og Anne Eegs faste skole i Kobervig 1842-1854 / Journalistbilag Skolekontor D / Boks 24: Kirke og Undervisningsdepartementet, skole og fattigkontor/Lærerskolene / Innberetninger og karakterlister.

<sup>166</sup> Schrønheyder sitert etter Bechholm 1920:30

<sup>167</sup> Bechholm 1920:31. Vi kan legge merke til at formuleringa om 'samtale' minner om den omtalen Henrik Kaarstad ved Volda lærarskule om lag 100 år seinare gav av katekiseringa. Sjå s. 67 f.

<sup>168</sup> S.st.

## Lærarskolane – lokal og folkeleg yrkeskvalifisering

Lærarutdanning for allmugeskolen var gjennom fleire tiår eit ansvar for presten, som oftast korte kurs på prestegarden. I siste delen av 1700-talet blei det utvikla lokale kurs med ei noko fastare organisering. Desse kursa blei kalla *lærarskolar*.<sup>169</sup> Dei skal omtalast særskilt her fordi denne korte lærarutdanninga blei første steget bort frå prestegard og kyrkje, men også fordi desse kursa hadde ein annan sosial og pedagogisk profil enn dei seinare lærarseminara.<sup>170</sup>

Ein av dei første lærarskolane i landet blei starta i Rogaland i 1773, på prestegarden i Jelsa. Sjølv om han hadde eit kort liv, viste denne skolen trekk som skulle bli eit særkjenne ved lærarutdanninga heilt fram til moderne tid. Dette gjaldt ikkje minst samspelet mellom opplæring og praksis. Kandidatane ved lærarskolen i Jelsa fekk kvar dag øving i å undervise.

Den andre lærarskolen i Rogaland blei etablert i Kopervik på Karmøy, og fekk ei lang og fargerik historie. Denne skolen var ikkje lagt til ein prestegard. Det blei reist skole, lærarbustad og eit lite gardsbruk. Tenlege bygdingar for føremålet blei henta så langt borte som i Hardanger. Bakgrunnen for dei rause vilkåra var at handelsmannen Hans Holst, så han i gifte seg i 1776, testamenterte 4000 riksdalar til stiftinga av ein skole for fattige barn i heimbyen sin, Kopervik. Etter at han døydde i 1796, gjennomførte enka, Anna Eeg Holst, denne avtalen. Gåva la også grunnlag for å løne to lærarar og rikeleg med nye kart, plansjar og andre læremiddel. Skolen fekk namnet «Det Kobber-vigske Skoleinstitut». Til denne skolen blei det i 1823 lagt eit kort kurs for dugande elevar som ville gå ut i teneste som lærar.

God fagleg og pedagogisk kvalitet verka med til å sikre formell godkjenning og økonomisk støtte frå staten.<sup>171</sup> Etter at lærarskolen i Kopervik hadde verka i femten år, blei det i 1838 ved ein kongeleg resolusjon fastsett at Oplysningsvesenets fond skulle sikre eittårig kursing av lærarar i Kopervik gjennom årvisse tilskot på 133 spesidalar.<sup>172</sup> Det var enno ikkje etablert noko seminar på Vestlandet, derfor kom denne lærarskolen til å dekke behovet for lærarar i eit større område enn ein først hadde tenkt.

<sup>169</sup> Namnet på dette skoleslaget er forvirrande. «Lærarskole» var fram til 1883 namnet på kortare lærar-kurs som var retta inn mot arbeid primært i omgangsskolen. Det same namnet blei etter om 1910 brukt på dei tidlegare seminara, som var 2-årige kurs, og som blei normalordninga etter 1890.

<sup>170</sup> Det første seminaret blei etablert på Trondenes ved Harstad i 1826. Det var første gongen staten tok ansvar for organiseringa av lærarutdanning. Seminara var til vanleg toårige kurs (etter allmugeskolen). Desse skolane blei ikkje lagt til prestegarden (bortsett frå Trondenes), og hadde etter seminarlova av 1827 ei statleg organisering og regulering.

<sup>171</sup> Fundas dat. 1. juni 1801, referert i kgl. Res. 22.1.1838

<sup>172</sup> Toskedal 2005:16. Spesidalaren blei hovudmynt i det norske myntsystem av 1816. Ved overgangen til kronemynt 1874 blei 1 spesidalar = 4 kr. (Kjelde: SNL)

Lærarskolane levde vidare også etter at seminarutdanning hadde blitt den dominerande yrkeskvalifiseringa for arbeid i skolen. Då allmugeskolen ekspanderte kring midten av 1800-talet, blei det ikkje aktuelt å legge ned lærarskolane, slik meininga hadde vore då staten hadde begynt å etablere seminar. I *Lov om Almueskolevæsenet* av 1860 heiter det derfor i §60:

Til Uddannelse af Almueskolelærere skal der foruden Stiftsseminarierne være mindre Læreranstalter eller Lærerskoler, der enten som Paralelclasser knyttes til en høiere Almueskole eller som høiere Classer til en Kredsskole. Disse Lærerskoler oprettes efter Overeenskomst med vedkommende Commune og staae under Stiftsdirectionens Bestyrelse samt under Tilsyn af vedkommende Provst og Præst.<sup>173</sup>

Lærarskolane hadde si glanstid nettopp på 1860-talet. Då fekk dette skoleslaget, etter mest 40 års verksemd, formell juridisk heimel (1862). No var det ikkje bare tale om eit tilfeldig tiltak som skulle rette opp ein lokal mangel. Ved sida av Kopervik var det lærarskolar i Kviteseid, Solum, Tønsberg, Rakkestad, Land, Voss, Alta, Vefsn, Støren, Tynset, Nesset, Volda, Balestrand, Egersund og Søgne. Kursa blei mange stader utvida til eitt og eit halvt, i nokre tilfelle heilt opp til to år. Så seint som i 1878 blei det uteksaminert fleire kandidatar frå lærarskolane enn frå seminara.<sup>174</sup>

Ein særleg grunn til å drøfte historia til lærarskolane er at samansettinga av elevgruppa her var noko annleis enn ved seminara. Lærarskolane hadde mange elevar frå den lågare gardbrukarklassen og frå husmenn, ungdom som ikkje hadde hatt råd til å ta seminarutdanning. Ein del borgarar og embetsmenn sende sønene til seminara. Ved lærarskolane var det ingen frå dette sosiale laget. «Liksom forkunnskapen lå lavere ved lærerskolene, slik lå elevene sosialt og økonomisk sett som regel også lavere, enda det ikke er tale om noen absolutt forskjell.»<sup>175</sup> Dette førte til at lærarstanden, også den delen av han som hadde yrkesutdanning, hadde eit vidare spekter av sosial tilhøyrslø. Dette kan ha hatt noko å seie for rekrutteringa av lærarar til dei frivillige lågkyrkjelege rørsle, ikkje minst til den delen av vekkingsrørsla på Vestlandet som kom til å stå i klarast opposisjon til embetsmennene, særleg til presteskabet.

Som eg skal vise i analysen, kom ein i den vekkingskristelege lærarutdanninga til å legge stor vekt på personleg vandel og moralsk danning hos kandidatane. Dette er eit trekk som kan sporast tilbake til den pedagogiske forståinga av læringsmåla i lærarskolane. Eit vitnemål frå

<sup>173</sup> Lov om almueskolevæsenet paa landet 1860 (Også kjent som Fastskolelova).  
[http://www.fagsider.org/kirkehistorie/lover/1860\\_skole.htm#pp60](http://www.fagsider.org/kirkehistorie/lover/1860_skole.htm#pp60). Lasta ned 5.1.2018

<sup>174</sup> Dahl 1959:98

<sup>175</sup> S.st. s. 92

lærarskolen i Kopervik kan illustrere korleis lærarskolen fanga opp og gav opplæring til ungdom som elles ville hatt vanskar med å kome inn i vidare skolegang. Vitnemålet til Ole Olsen Leirvåg viser korleis *karakterdanninga* blei halden som eit sentralt mål. Utdanninga var i dette tilfellet var avgrensa til 5 månader.

Ole Olsen Leirvog, nogle og tyve Aar gammel, søgte Skolen fra Midten av Marts indtil Examen 17. Oktober, havde iforvejen kun saare Lidet af den Dannelse og Føjelighed, som Omgang med Mennesker giver, enten det var fordi hans Fader boede paa saa et isolert Sted, eller fordi han selv var af en Karakter, der har vanskelighed for at opfatte af Andre end at benytte egne Erfaringer og dømme sundt om disse. - Af moralsk Karakter er han godmodig, alvorlig, retsindig og flittig, saa det er at haabe, at han vil skride fremad, omend noget langsom, saa dog sikker, og med Tiden blive en flink skoleholder, et Predikat, som man for Øjeblikket ikke ganske kan tillægge ham. Han dimmitteres i Oktober med Karakteren: «Duelig».<sup>176</sup>

Også geografisk var det skilnad mellom lærarskolar og seminar. Lærarskolane rekrutterte meir lokalt enn seminara. Mange av elevane i Kopervik fekk hjelp frå heimbygda til opphaldet ved skolen. Vilkaoret for stønaden var gjerne at dei forplikta seg til å undervise i den heimlege skolen etter at dei var ferdige med lærarkurset. Læraren kom på denne måten til å stå i eit nærare og truleg meir forpliktande samspel med det lokale, ofte hans eigen heimstad, enn dei som seinare tok seminarutdanning, som ofte reiste lengre for å ta utdanning, og som deretter gjerne tok ei lærarstilling utanfor heimbygda.

Lærarskolane la, i endå større grad enn seminara, grunnlag for ulike yrke. Mange elevar enda opp som handelsmenn, sjømenn, fiskarar eller gardbrukarar. Slik bidrog lærarskolen til allmenn kunnskapsauke, ikkje bare lærarkvalifisering. Med lokal rekruttering og yrkesretting har denne tidlege forma for lærarutdanning hatt ein sterkare formande innverknad på det allmenne dannelsingsnivået enn ein til no har vore klar over.<sup>177</sup>

Biskop i Agder, Johan Cristian Heuch, tok denne korte og meir praktisk retta lærarutdanninga i forsvar. I ei visitasberetning frå 1890 gav han eit spark til seminara fordi undervisninga der var livsfjern. Han meinte at dei som hadde gått på ein lærarskole i større

<sup>176</sup> Riksarkivet. Beretning til Kirke- og Undervisningsdepartementet 11. Februar 1855 fra Det Kobbervigske Skoleinstitut / Mappe: Indberetn. og Karakterlister fra Hans Holst og Anne Eegs faste skole i Kobbervig 1842-1854 / Journalistbilag Skolekontor D / Boks 24: Kirke og Undervisningsdepartementet, skole og Fattigkontor / Lærerskolene / Innberetninger og karakterlister.

<sup>177</sup> Veka 1980

grad synest å kunne snakka til elevane ut frå ei personleg og kjenslebasert tolking av den kristne bodskapen. På denne måten greidde dei å gjere truslæra aktuell i livet til elevane. Heuch fann at «naar en Lærer katekiserede, saa det forstodes, at han tok Sigte paa Børnenes Samvittighed, og jeg saa efter paa Listen over Lærernes Uddannelse, fandt jeg, at han var Lærerskoleelev, ikke Seminarist.»<sup>178</sup>

Timefordelinga blei i mindre grad regulert, og lengda på utdanninga kunne variere sterkt. Den religiøse opplæring var likevel som i seminara. Iallfall var det ved lærarskolen i Kopervik ingen fag som kom i nærleiken av kristendomsfaget i omfang. Dette faget aleine hadde halvparten av timetalet. I 1848 såg fordelinga slik ut:

*Timefordeling mellom faga. Det Kobbervigske Skoleinstitutt, 1848*<sup>179</sup>

Bibelforklaringer:	3 t/u
Religion og Bibelhistorie:	3 t/u
Norsk	2 t/u
Geografi	1 t/u
Regning og Lesning	2 t/u
Sang	1 t/u

Sjølvstende-strevet før og etter 1814 la eit særskilt ansvar på læraren. Oppgåva blei å gi barn idear og kunnskap så dei kunne bygge opp landet og føre folket til fridom og velstand. Dette blei brukt som grunngeving for å opprette ei lærarutdanning i Telemark. Der gjekk ni prestegjeld saman om å stifte lærarskole i Kviteseid. Denne ordninga blei godkjent gjennom Kgl. res. av 13. mars 1818, og starta si verksemd 19. januar 1819 med 14 elevar.<sup>180</sup> Trass i vanskelege tilhøve viste lærarskolen ei imponerande livskraft. Skal vi trekke slutningar om den sosiale profilen på opplæringa, er det talande at dei fleste som gjekk ut frå denne skolen blei omgangsskolelærarar.

Helge Dahl hevdar at ideal knytt til opplæringa ved lærarskolane blei ført vidare då planane for einskapsskolen blei utvikla frå slutten av 1880-talet.<sup>181</sup> Det sosiale og bygdenære

<sup>178</sup> Bøe 1965:38

<sup>179</sup> Riksarkivet. Indberetn. og Karakterlister fra Hans Holst og Anne Eegs faste skole i Kobbervig 1842 1854/Journalistbilag D / Boks 24: Kirke og Undervisningsdepartementet, Skole og fattigkont. / Lærer-Skolene / Indberetninger og karakterlister 1848.

<sup>180</sup> Skolen fekk namnet «seminar», men var i form og funksjon ein lærarskole.

<sup>181</sup> Dahl 1959:99. «Einskapsskolen» blei ikkje etablert i ein enkelt omgang eller gjennom ein særskilt politisk prosess. Norsk skolehistorisk forskning om dette temaet er omfattande, og viser at «etableringa» gjekk gjennom mange fasar, tidfesta til årstal som: 1920, 1939, 1960–1969.

var også aspekt ved den lærarrolla som blei utvikla ved den kristelege lærarutdanninga ved Volda lærarskule frå 1895. Der i bygda hadde det vore lærarskole mellom 1861 og 1880. Til seminaret kom Erling Kristvik, han skulle kome til å utforme den pedagogiske ideen om ein «livsnær skole». I utteikninga av dette skolesynet såg han føre seg at lokalt basert kunnskap skulle stå sentralt i undervisninga, ikkje minst som «heimstadlære».<sup>182</sup>

Lærarskolane møtte kritikk for at dei var korte kurs, og at dei dermed var lite eigna til å heve folkeopplysninga. I 1863 stod det i *Den norske folkeskole* følgjande oppfordring: «La ikke landet oversvømmes av små lærerskoler! (...) Tenkte vi paa folkets sanne tarv, da var det mer om å gjøre å skaffe det virkelig dyktige enn å by det billige lærere.»<sup>183</sup>

På 1880-talet rann tida ut for lærarskolane. Kravet til kunnskap gjorde det naturleg å satse på den lengre seminarutdanninga som normalordning. Då lærarskolen Kopervik blei lagt ned 31. mars 1883, hadde det blitt utdanna 350 lærarar der. Kviteseid lærarskole blei, som den siste i sitt slag, lagt ned i 1889.

## Lærarutdanning som misjonsskole

Som det alt er peika på, var utdanning av lærarar i Norge frå starten av bygd på eit *misjonsmotiv*. Klarast kom dette til syne i dei første seminara, som tok sikte på at lærarane skulle tene som misjonærar i dei samiske områda.<sup>184</sup> Finnmark var formelt rekna som ei misjonsmark fram til 1730, då området blei innordna den normale kyrkjestrukturen med prestar i staden for misjonærar. På 1700-talet blei det gjort to freistnader på å utdanne lærarar for arbeid i dei samiske områda. Den første var det *Thomas von Westen* som stod for. Han dreiv eit seminar for misjonsretta opplæring mellom 1717 og 1727. Femti år seinare, i 1772, blei *Seminarium Lapponii* oppretta i Trondheim. Det blei nedlagt alt to år etter, men midlane som hadde finansiert denne institusjonen blei ståande i *Seminarium Lapponii Fond*, og la i 1826 grunnlag for oppretting av lærarutdanning ved Trondenes utanfor Harstad, det første statlege seminaret.<sup>185</sup>

Iveren etter å skaffe norsk skole til dei samiske områda bygde både på eit filantropisk, eit misjonsbasert og eit politisk motiv. I første delen av 1800-talet var det i Aust-Finnmark bare

<sup>182</sup> Sjø s. 66

<sup>183</sup> *Den norske folkeskole*, 1864:159

<sup>184</sup> Når eg omtalar forsøk på å etablere lærarutdanning retta mot det samiske folket som 'misjon', er dette ikkje heilt i den same meininga som eg omtalar den kristelege lærarutdanningas syn på «misjonsoppgåva» til den kristne læraren. Skole i dei samiske områda blei starta på linje med ytre misjon fordi samane hadde eigen religion og fordi styresmaktene ønskte å markere og sikre Finnmark som dansk-norsk territorium.

<sup>185</sup> Jensen 1998

ein prest, *Peder Wogelius Deinboll*. Han budde i Vadsø, og viste stor interesse for utviklinga av landsdelen. Gjennom fleire år gjennomførte han ei undersøking om skoletilhøva og kunnskapsnivået i det store soknet, som frå eine til andre enden var meir enn 300 km. Forholda var etter hans syn nedslåande.<sup>186</sup> På dette grunnlaget la Deinboll fram eit forslag om ei ny skoleordning. Han meinte at det burde opprettast eit eige seminar for å skaffe lærarar til Finnmark.

Mit yndlingsønske om et seminarium for Finmarkens skolelærere kan jeg ikke give slip paa. Men maaske Vadsoe ikke er det bekvemmeste sted, da det ligger ved de yderste Grænsen af landet. Maaske Talvik [Alta] eller Tromsø vil være mere passende.<sup>187</sup>

I 1821 fekk Deinboll plass på Stortinget. Han arbeidde for ei lov om lærarutdanning og skole. Dette lukkast ikkje. Derimot vedtok Stortinget i 1821 å etablere eit seminar for Nordland, Troms og Finnmark.<sup>188</sup> Det blei strid om plasseringa. Seminaret burde ligge på landsbygda, meinte mange. Det var billigare, og kandidatane ville slik oppleve nærleiken til den typen miljø dei skulle tene i etter eksamen. «Aa flytta ein bondegut til ein skule i byen, er aa riva han upp med roti» hevda ein lærar i diskusjonen.<sup>189</sup> Seminaret blei plassert ved prestegarden i Trondenes. I 1840 skreiv ein innsendar om seminaret i *Tromsø Tidende*:

Har leseren noensinne sett seminarbygningen på Trondenes, nogen sinde vært der inne? (...) Disipler hvis vordende kall er at nedlegge det hellige frø i smussige bondehytter, bør ikke forderves med et praktfullt ytre.<sup>190</sup>

Seminaret greidde ikkje gjere kandidatane dugande til å møte dei kulturelle og språklege utfordringane knytt til ei misjonsgjerning i Finnmark. Undervisninga i samisk fall etter kvart bort. Då seminaret 15 år seinare blei flytta til Tromsø, blei den samiske læraren Nils Gundersen erstatta av ein norsktalande lærar.

Fram til 1814 var lærarutdanninga jamt over knytt til prest og klokkar. Målet var å lære å innprente kristendomskunnskap i barna. Lærarprøva var eksaminasjon hos presten eller klokkaren. Men snart kom det krav om eit vidare tilfang av kunnskap. Læraren fekk ansvar

---

<sup>186</sup> Barlindhaug 1926:17

<sup>187</sup> Deinboll sitert etter Barlindhaug 1926:18

<sup>188</sup> Fondet blir i dag brukt til å gi stipend til lærarstudentar som tar samisk som ei del av si utdanning. (UiT, 2013: [https://uit.no/Content/351751/NO\\_utlysning.pdf](https://uit.no/Content/351751/NO_utlysning.pdf). Lasta ned 26.1.2018)

<sup>189</sup> Hagemann 1992:124

<sup>190</sup> Dahl 1976:16

både for den kristelege og borgarlege danninga. I 1810 la *Det kongelige Selskabet for Norges Vel* fram ein plan om eit seminar i kvart prosti med ein kapellan og ein kyrkjesongar som lærarar. Planen gjekk ut på at ein kunne gi eit par månader undervisning kvart år i tre år. Dette var meint som ei enkel kursing hos prest og klokkar, den mest vanlege ramma for lærarkvalifisering fram til 1820-talet.

## Staten tar ansvar

*Lov, angaaende Almue-Skolevæsenet paa Landet*<sup>191</sup> kan reknast som det første vedtaket som gav staten og prestane formelt ansvar for å etablere lærarutdanning i alle delar av landet. «De, som ville blive omgaaende Skoleholdere, oplæres af Hovedsognets Kirkesanger, under tilsyn af Sognepræsten, der tillige, om han dertil er villig, deltager i Undervisningen.»<sup>192</sup> I lova fekk utbygginga av seminar, og plasseringa av dei, eit eige avsnitt. Lova påla regjeringa å opprette fleire nye seminar, eitt i kvart stift, bestemme kvar desse skulle ligge, og kor lang utdanninga skulle vere. Det blei også fastsett kva fag opplæringa skulle innehalde, kva krav ein dessutan skulle stille til lærekrefter, økonomi og reglement for drifta. Lova utløyste stor etableringsiver. Det første tiåret blei det i tillegg til seminaret på Trondenes starta seminar i Klæbu, på Stord, på Holt ved Tvedestrand og i Asker.

*Allmugeskoleloven av 1827* la opp til at Oppsyningsvesenets fond kunne brukast til å etablere institusjonar med tanke på å utdanne lærarar. Dei lokale lærarskolane hadde som nemnt for det meste vore retta mot undervisning i omgangsskolen. For lærarutdanninga til fastskolane var lova av 1827 eit vendepunkt. Frå då av var det regjeringas sak å avgjere ordninga med lærarseminar, talet på seminar, plasseringa deira, lengda på utdanninga, fagleg innhald, val av lærekrefter og løn. Dette var ei naturleg sentralisering all den tid regjeringa finansierte utdanninga. Torstein Høverstad viser til at bondeopposisjonen fremma stor utbygging av seminar, medan regjeringa heldt igjen, og viste mest interesse for den lærde skolen og universitetet. Trass i denne striden var det alt i 1839 eit seminar i kvart stift.

Sjølv om ingen i samtida såg det slik, kan lova om seminaropplæring av 1827, saman med nye teksttypar i lesebøkene, sjåast på som første kimen til *skolens sekularisering*.<sup>193</sup> Sjølv med ein prest som leiar skulle Asker seminar kome til å stadfeste denne utviklinga.

<sup>191</sup> *Lov, angaaende Almue-Skolevæsenet paa Landet*. 14de Juli 1827. Christiania: Chr. Grøndahl

<sup>192</sup> S.st. §10. Her sitert etter Tønnesen 1966:75

<sup>193</sup> Sjødal 2016:60



### Kap. 3. Asker seminarium som modell

Med grunnlag i seminarlova av 1827 blei *Asker seminarium* oppretta ved Kgl. res. 6/5 1834. Seminaret blei lagt til Bjerke gård ved Tanum kirke i Bærum.<sup>194</sup> Dette var det tredje lærarseminaret i Norge. Skolen var 2-årig. Internatet blei ferdig i 1841, og frå då av var kontrollen med lærarelevane streng etter pietistisk mønster. Asker seminar blei flytta til Holmestrand i 1899.<sup>195</sup>

Knud Gislesen var den første styraren.<sup>196</sup> I resolusjonen som oppretta seminaret fekk han av departementet fullmakt til å lage eit mellombels reglement. Dette blei i 1837 godkjent som reglement også for andre seminar.<sup>197</sup> Departementet meinte nemleg at seminaret i Asker kunne tene som eit mønster. Reglementet gir eit bilde av dei faglege og pedagogiske prioriteringane ved seminaret, og blei godt mottatt innan lærarutdanninga. Leiarar ved andre seminar kom til Asker for å gjere seg kjende med korleis planen blei praktisert. Då departementet utvikla eit nytt felles reglementet for dei norske seminara, *Reglement for Rigets Stiftseminarier av 31. juli 1869*, bygde dei vidare på erfaringane med Asker-reglementet, som dermed kom til å prege norsk lærarutdanning heilt fram til lærarskolelova av 1890.

Asker-reglementet gir ikkje bare eit bilde av styring og administrasjon, men også av pedagogiske og religiøse målsettingar for lærarkvalifiseringa. Brevvekslinga mellom Gislesen og departementet viser korleis både form og innhald i opplæringa blei fastsett i dialogen mellom dei to partane. På dette grunnlaget er det rimeleg å meine at retninga for norsk lærarutdanning for lang tid framover blei utforma gjennom denne skriveprosessen.<sup>198</sup> Samtidig er det klart at eit reglement bare viser kva *mål* og *ideal* som blei sett opp for utdanninga, ikkje kva som blei gjennomført i den praktiske opplæringa.

Reglementet viser at nye sekulære fag blei etablerte i seminaropplæringa på denne tida. Hovudfaga var kristendomskunnskap, morsmål, rekning, skriving og øving i å undervise.

<sup>194</sup> Denne delen av Bærum hørde til Asker prestegjeld.

<sup>195</sup> SAO/A-11099 Asker Seminarium 1834 – 1931 Publisert på: 04 Jul, 2011

<sup>196</sup> *Knud Gislesen* (1801–1860) var styrar frå 1834 til 1855, då han blei biskop i Tromsø. Han dreiv Asker seminar fram til å bli eit av dei fremste i landet. Han var orientert innan europeisk pedagogikk, og var særleg påverka av Johan Pestalozzi (folkeskole) og W. Harnisch (lærarutdanning). Han fekk interesse for «Lanchester-Bull-metoden», som innebar gruppearbeid under leiing av flinke elevar. Han hadde haugiansk ballast med seg frå oppveksten. Samtidig var han påverka av Grundtvig. Det er ikkje utan- kjeleg at denne doble teologisk-pedagogiske arven hadde noko å seie då Gislesen utvikla reglementet for Asker-seminaret, og på denne måten påverka utviklinga innan norsk lærarutdanning.

<sup>197</sup> Reglementet for Asker seminar 1837. Dep.tid. 1837, s. 238-251

<sup>198</sup> Korrespondansen er henta i Riksarkivet: Boks: Kirke- og Utdanningsdepartementet, Skole og Fattig- kontoret, Journalbilag D, Lærerskolene, Asker, 1826–1851. Kirkedepet. Kontor D. Skolekontoret

Dessutan ville ein gi lærarskoleelevane kunnskap i fedrelandets historie og geografi, grunnlova, helselære, song og husstell. Kunnskap om naturhistorie og «verdsbygninga» kunne nemnast når ein fekk tid til det.<sup>199</sup> Slik fekk lærarutdanninga eit tilfang av fag som føregreip skolelova av 1860.

Når det gjaldt målet for undervisninga, ville seminaret vekke elevens tankeevne og blick for nytten ved kunnskap, særleg for den kunnskapen som var tenleg for bonden. Den faglege opplæringa skulle vere yrkesretta ved at ho samsvara med opplæringa som blei gitt i allmugeskolen. Samtidig skulle kandidatane bli kjende med dei viktigaste resultata av vitskaplege undersøkingar innan «empirisk Psychologie og Pædagogik», kunnskap ein meinte ville bli til nytte for dei som lærarar. Psykologi blei sett på som «Sjelelære og Tænkjelære», eit syntetiserande fag som skulle fremme åndeleg vokster. Men først og fremst skulle faget vere hjelpevitskap for kristendomsfaget.<sup>200</sup>

Lærebøkene var som oftast tyske eller danske. Desse passa ofte dårleg til norske tilhøve. Vanskane lærarskoleelevane hadde med å lese lærebøkene, førte til at lærarane gjerne dikterte frå læreboka i undervisninga, eller laga samandrag på norsk. Helge Dahl skriv: «Alt som ikke hadde noen praktisk betydning for allmennlæreren ble utelatt, likeens alle unødvendige fremmedord. Så sent som i 1860 klager en tidligere elev over at lærer Daae foruten kirkehistorie dikterte metodelære og sjelelære.»<sup>201</sup> Det same året kom den første norske læreboka i «sjelelære», *Kort Omrids af Sjelelæren*, av E. F. B. Horn, lærar ved seminaret i Asker.

Undervisninga i *omgrepsutvikling* innebar ei form for språkleg-logisk øving i å tenke systematisk. Dette skulle legge grunnlaget for den nye forma for undervisning som blei kalla *anskuelsesundervisning*. Målet var å fremme førestillingsevna, minnet, vurderingsevna, taleevna og rett munnleg framstilling. Denne opplæringsforma hadde innslag av retorisk kunnskap, men kan også setjast i samanheng med den grundtvigianske impulsen med vekt på munnleg forteljing. Ein av lærarane på Asker seminar, H. Hansen, hadde omsett ei tysk lærebok i faget til norsk, og føregreip det som seinare blei kalla «heimstadlære». Vekta blei lagt på det å skildre det kjende, konkrete og heimlege, å deretter utvide til skolen og bygda, for så å gå til det fremmende, det meir og meir abstrakte. Aasmund Olavsson Vinje meinte at dette faget gav høve til å sanse verda rundt seg i ein heilskap, «og så tenkje over småting i

<sup>199</sup> Asker Seminarium, Kopibok 16.11.1833

<sup>200</sup> Dahl 1959:33

<sup>201</sup> S.st. s. 36

livets daglege lag». <sup>202</sup> Ole Vig meinte derimot at det å krevje klare omgrep frå barna før dei var mogne til det var som å vente frukt om våren.

Lærarelevane fekk etter Asker-reglementet ei sær brei innføring i kristendomskunnskap. Faget hadde 11 timar i veka, det klart største faget. Når det gjaldt målet for opplæringa, blei det understreka at lærarelevane skulle skaffe seg grundig innsikt i alle dei kristne kunnskapsfelt, og kunne forklare innhaldet i dei bibelske bøkene. <sup>203</sup> Særleg skulle Luthers katekisme og Pontoppidans forklaring bli gjennomgått og samanlikna.

Her er det interessant å sjå på reglementet som i 1818 blei vedtatt for *dansk lærarutdanning*. Der blei det, klarare enn i det norske reglementet, understreka at *dei religiøse kjenslene* skulle stimulerast.

§1: I ethvert Skolelærer-Seminarium bør fornemmelig drages Omsorg for, at Seminaristens religiøse Følelse vækkes ved Undervisningen, og at den næres og skjærpes ved Naturens Betragtning og ved Bibelens Læsning. Den Sindsstemning, som derved fremkaldes hos ham, bør end videre gjøres livelig ved blid Omgang; (...). <sup>204</sup>

På denne tida, mot midten av 1800-talet, kom det til syne gryande kritikk av dei pietistisk-rasjonalistiske puggemetodane. Pontoppidans forklaring, med faste spørsmål og svar, blei sett på som eit hinder for den *samtaleprega katekiseringa*. Gislesen laga derfor ein revidert versjon av katekismeforklaringa. Denne samsvarar med haldninga vi seinare møter i den vekkingskristelege lærarutdanninga, ikkje minst hos Henrik Kaarstad. <sup>205</sup> Den sveitsiske pedagogen Johan Heinrich Pestalozzi hadde utvikla denne undervisningsforma vidare frå eit oldtidig mønster. <sup>206</sup> Læraren skulle gjennom spørsmål lokke fram elevens forståing av innhald

<sup>202</sup> Vinje 1943:240–241

<sup>203</sup> *Reglement for Asker seminar* §3-4

<sup>204</sup> *Reglement for samtlige Skolelærer-Seminarier i Danmark, København*, den 10de Februari 1818. København: Det Schultziske Oficin. Kyrkje- og Undervisningsdepartementet kan ha hatt det danske reglementet som førelegg i arbeidet med reglement for Asker Seminarium. Det danske ligg i Riksarkivet som vedlegg til dokumenta knytt til det norske reglementet. At denne formuleringa ikkje er tatt inn i det norske reglementet, tyder sjølvsagt ikkje at norske seminar såg bort frå karakterdanninga og kjensler i samband med kristendomsopplæringa. Når reglementet for Asker Seminarium er meir kunnskaps- og vitskapsorientert, peikar dette likevel framover.

<sup>205</sup> Sjå s. 82, 88, 113, 196

<sup>206</sup> *Johann Heinrich Pestalozzi (1746–1827)*, sveitsisk pedagog, filantrop og skolereformator. Han retta spesielt merksemda mot yngre elever, og arbeidde for å fremme barnas intellektuelle, moralske religiøse og manuelle dugleikar innan alle område på ein harmonisk måte.

og samanheng i lærestoffet. Denne metoden kunne likne ein sokratiske samtale, men kunne også forfalle til rutinisert eksaminasjon.

Det blei lagt vekt på opplæring som kunne verke dannande for dei unge. Reglementet for Asker-seminaret framheva *lærarens veremåte og framferd*. Planen understreka at læraren i all si ferd skulle vere eit mønster for andre. Samtidig måtte han ikkje skilje seg frå det jamne folket og deira «sedvanlige levemåte».<sup>207</sup> I meldinga for året 1853 skreiv Gislesen at lærarane ved seminaret gjorde sitt til at kristendommen skulle bli ei hjartesak for dei unge. Trass i dette meinte A. O. Vinje at opplæringa fremma «papegøye-læring».<sup>208</sup>

For denne avhandlinga er det interessant å legge merke til korleis Gislesen skreiv om haldninga til religion blant tilsette og lærarelevar. Det som førte til strid skulle bli dempa i undervisninga, slik at ein kunne legge vekt på å fremme eit «sant åndeleg liv».<sup>209</sup> Etter Gislesens syn fall den religiøse undervisninga i god jord.<sup>210</sup> Så var då heller ikkje dei som søkte seg dit motstandarar av religion. Styraren registrerte at det var fleire haugianske ungdommar blant seminaristane. Dei syntest å vere særleg mottakelege for religionsundervisninga.<sup>211</sup>

Dei tilsette ved Asker-seminaret søkte å halde dei unge borte frå einsidige religiøse retningar. Helge Dahl meiner at dette var mynta på grundtvigianarane, og hevdar at deira innverknad på norsk lærarutdanning har blitt sterkt overdrive. Han presiserer at dette handlar om deira teologiske standpunkt. I tråd med konklusjonen i denne avhandlinga slår han fast at den grundtvigianske påverknaden på det pedagogiske feltet innan lærarutdanninga var sterk og varig.<sup>212</sup>

Jens Vevelstad skriv at Asbjørn Knutsen, stiftaren av seminaret på Notodden, reagerte då den liberale teologen Georg Fasting i 1892 blei tilsett som styrar ved Asker seminar.<sup>213</sup> Då han blei kjend med tilsettinga, kjende Knutsen at han måtte reagere. Han kalla saman kjende og vener til ei stifting av kristeleg seminar på Notodden. Slik blei ei tilsetting ved Asker seminar, som starta ut som ein modell for norsk lærarutdanning, den gneisten som tende vekkingsrørslas opprør på skolefeltet.

<sup>207</sup> SAO/A-11099 Asker seminar 1834 – 1931, Kopibok 31.10.1864

<sup>208</sup> Vinje 1944:52–53

<sup>209</sup> K. Gislesen i *Den norske Folkeskole* 1863 s. 378f.

<sup>210</sup> Dahl 1959: 54

<sup>211</sup> SAO/A-11099 Asker seminar 1834 – 1931. Asker seminar: Kopibok 5.1.1838

<sup>212</sup> Dahl 1959:55

<sup>213</sup> *Georg Fasting* (1837–1914) var skolemann og liberal teolog. Han var ein skarp kritikar av pietismen, som han hadde skrive ei doktoravhandling om. Han var styrar ved Asker seminar frå 1892, og følgde med då skolen i 1899 blei flytta, og blei *Holmestrand off. lærerskole*. Det var stor strid om hans teologiske standpunkt. Han blei i 1902 fritatt frå å undervise i kristendom. Fasting gjekk av i 1912.

## Kristendom som felles verdigrunnlag i lærarutdanninga

Sjølv om ulike kulturstraumar fekk eit visst fotfeste i lærarutdanninga også før 1870, stod seminarane på kyrkjens grunn i den meininga at det blei undervist i tråd med kyrkjens lære. Ein brukte også lærebøker som framstilte kyrkjens luthersk-evangeliske trusform som den einaste rette. Kristendom var hovudfaget, dei andre var nærast for hjelpefag å rekne. Undervisninga blei jamt over halden av utdanna teologar og prestar. Det var dessutan sjølv sagt at leiarane ved seminarane skulle vere utdanna i teologi. Ut frå den allmenne kyrkjelege dominansen, som i liten grad var kontroversiell, må ein også rekne med at lærarane som gjekk ut i yrket slutta opp om allmugeskolens religiøse mål.<sup>214</sup>

Forkynninga – andakt, salmesong og bøn – var ramma kring dagen på norske seminar. Søndag var det pliktig kyrkjegong. Også ved Stord seminar blei det stilt opp som eit mål at opplæringa skulle fremme «Karakterens og Livets Renhed», og luthersk kristendom «uden Heldning enten til den ene eller anden af de i vort Land fremtrædende sygelige Retninger».<sup>215</sup> Dette målet synest å ha blitt nådd. I det konservative kristelege miljøet på Stord blei lærarskoleelevane roste for å vere enkle menneske utan flotte faktar og utan hang til avvikande trusformer. Stiftaren av seminaret, sokneprest Claus Daae, skreiv i den første årsmeldinga til Kyrkjedepartementet i 1840 at seminarane er «(...) tarvelige, simple, beskjedne, aldeles frie for al både politisk og religiøs smitte».<sup>216</sup> Men så blei det også stilt makt bak dannelsingskravet. Elevar som ikkje ope vedkjende seg til den rette læra kunne så seint som i 1879 få nedsett ordenskarakter.<sup>217</sup> Først etter 1869 kunne andre enn teologar tilsettast som leiarar ved seminarane. Men teologi heldt fram å vere den dominerande faglege bakgrunnen for lærarar og leiarar på seminarane heilt fram til 1930-talet.<sup>218</sup>

Då fleire fag kom inn i planane, førte dette til eit vidare spenn i læringskulturen ved seminarane. Skolehistorikaren Torstein Høverstad meinte at den faglege utvidinga gav lærarelevane, som for det meste var vaksne vitehuga bondeungdommar, eit vidare kulturelt perspektiv. Grunnen til dette var at «arbeidet med humane fag som saga og sjelelære måtte føra til eit vidare syn på kulturlivet enn den som haugianismen vanleg åtte.»<sup>219</sup>

<sup>214</sup> Høverstad 1924, Dokka 1967, Dahl 1959, Tveiten 1994

<sup>215</sup> Bjørnøy 1989:10

<sup>216</sup> S.st.

<sup>217</sup> Først etter 1890 kunne medlemmer av andre trussamfunn enn den norske kyrkja få opptak på seminarane, og først i 1930 fekk søkarar frå ikkje-kristne religionar opptak.

<sup>218</sup> Dahl 1959

<sup>219</sup> Høverstad 1924:11

Samtidig levde tanken om at seminarutdanninga skulle utgjere ein dannande *heilskap*. Arne Garborg gav eit normativt og apellativt uttrykk for dette i ein artikkel frå 1872. Her minte han om at kunnskapen i lærarutdanninga var i ferd med å bli stykka opp i usamanhengande bitar. Dei smeltar ikkje saman, skriv han, «men spalter sig i mangfoldige, hinanden uvedkommende smaastumper. Hvert fag staar ene for sig i sin krog som noget aldeles særegent – ofte modstridende, alltid i forvirring. Der maa være noget, som danne kjernen eller hoved-stammen. (...)»<sup>220</sup> Ei tilsvarande splitting blir i analysen av Oslo lærerskole vist til som ein «indre motstandar» for utviklinga av eit vekkingorientert dannande læringsmiljø.

---

<sup>220</sup> A. Garborg i *Lærer-standens avis*, juli 1872

## Kap. 4. Den grundtvigianske impulsen<sup>221</sup>

*Det er ikke det grand mer kristelig å kunne Fadervår eller trosbekjennelsen enn å kunne multiplikasjonstabellen! (Grundtvig)<sup>222</sup>*

Den norske folkehøgskolerørsla er kjend for å vere grundtvigsk i sitt opphav. Det er også kjent at ho har hatt sterk innverknad på norsk lærarutdanning. Det som er mindre kjent, er at den andre pioneren i denne rørsla, *Christen Kold* (1816–1870), var ein vekkingsorientert lærar og folkehøgskolestiftar. Han var oppvaksen i eit pietistisk miljø. Lærargjeringa hans starta med ei religiøs omvendning, der visjonen om ein kjærleg Gud la grunnlag for hans pedagogiske livsoppgåve. I det danske oversynsverket *Pædagogikkens idehistorie* blir Kold sett på som ein original og sjølvstendig pedagog.<sup>223</sup> Han og Grundtvig var på linje i synet på opplæringas mål og metodar, men usamde når det gjaldt religionsfaget.

Kold var positiv til kristendomsopplæring i skolen. Bakgrunnen var at han ikkje trekte eit skilje mellom kristeleg og nasjonal-folkeleg opplysning. «For Kold var religiøs vekkelse og national vekkelse to sider af den samme sag.»<sup>224</sup> Med utgangspunkt i sine erfaringar frå religiøse møte i dei lekmannskristne heimar skapte Kold ei undervisningsform basert på nærleiken mellom lærar og elev, og på munnleg forteljing.

Skilnaden mellom Grundtvig og Kold i synet på religionsopplæringa er mindre kjend i Norge, men handla om at religiøs forkynning og vekking etter Grundtvigs meining ikkje hadde noko i skolen å gjere.<sup>225</sup> Kold på si side stod fram som ei blanding av forkynnar og lærar. Den danske Kold-biografen Hanne Engberg skriv: «Iakttagelsen viser, at Kold indgående kendte de følelsesmekanismer hos børn og voksne, han som lærer bearbejder. Hans utredning afslører den erfarne misjonær.»<sup>226</sup> Grundtvig på si side var skeptisk til den forma kristendomsopplæringa hadde i skolen.<sup>227</sup> For han var trua ikkje noko ein kan lære, og derfor

<sup>221</sup> I framstillinga står eg særleg i gjeld til Bugge 1965, Engberg 1985 og Korsgaard, Kristiansen og Jensen 2017

<sup>222</sup> Grundtvig, sitert etter Skard 1926:17–18,47

<sup>223</sup> Korsgaard, Kristiansen, Jensen 2017:232

<sup>224</sup> S.st.

<sup>225</sup> Grundtvig 1836/1842

<sup>226</sup> Engberg 1985:160. Dette er synspunkt som også kom til orde hos den norske grundtvigianske pioneren Ole Vig. Han skreiv at lærarens oppgåve «nærmest maa være at bibringe Børnene de religiøse Begreber, stræbe efter at høve deres Sind og Hjerter til Gud.» (*Den norske Folkeskole* nr. 7, jan. 1853)

<sup>227</sup> Nærare om Grundtvigs skolesyn i Bugge 1965.

ikkje ei skolesak. Sidan skolen var bygd på tvang, stod tradisjonell opplæring til tru etter hans syn i skarp motsetnad til sann forkynning, noko han oppsummerte i sentensen «Tvang til tro er dårers tale».<sup>228</sup>

Skilnaden mellom Grundtvig og Kold er relevant for denne avhandlinga for det første fordi den grundtvigianske impulsen fekk følgjer for norsk lærarutdanning på det *pedagogiske* feltet samtidig som vekkingrørsla førte ein hard *teologisk* kamp mot Grundtvig.<sup>229</sup> For det andre er skilnaden relevant fordi Kold viste ein ideologisk og religiøs profil som likna målsettinga for den norsk vekkingrørslas skolevisjonen, nemleg lands-vekking. Koldbiografen Engberg skriv: «Med naturlig kraft og dyktighed mener han at de anlæg, som vækkelsen har vist ham, findes i de lavere folkeklasser, han kender. Dem vil han have udviklet, for at et kristent samfund kan blive resultatet (...).»<sup>230</sup> Kold hevda at utan åndeleg vekking ville all kristeleg undervisning bli kald kunnskap utan verknad og evne til å skape «liv» og «lys» i elevane. Som Hans Nielsen Hauge heldt han fram idealet om sparsemd, sjølvoppofring og hardt arbeid.<sup>231</sup> Kold utvikla ein original didaktikk gjennom praksis, men skoleideane hans blei som nemnt mindre kjende i Norge.<sup>232</sup> Grunnen er truleg at han publiserte svært lite medan han levde. Det blei Grundtvig som målbar folkehøgskolerørslas idear utanfor Danmark. Skriftene hans blei lesne, og sentrale norske skolefolk som Arvesen, Anker, Vig og Bruun besøkte Grundtvig.

Alt då den moderne vekkinga vakna på 1850-talet, blei Grundtvigs teologi det fremste målet for kritikk og avvising. Den grundtvigske impulsen skapte eit dilemma innan det vekkingorienterte synet på skolen. Ein tok skarp avstand frå Grundtvigs syn på skolens religiøse opplæring, men slutta seg til fleire av hans sentrale pedagogiske ideal – utan å flagge denne arven.

Vekkingrørslas engasjement innan lærarutdanninga kom til å lide under mangelen på didaktisk refleksjon kring religionspedagogiske element i lærarens mandat, ikkje minst kring dikotomien forkynning – undervisning. Etter mitt syn kunne Christen Kolds forståing av religion i skolen lagt eit grunnlag for ein markert vekkingbasert didaktikk.

<sup>228</sup> N .F. S. Grundtvig: *Tvang til tro er dårers tale*. Salme nr. 476, Landstads reviderte salmebok, utg. 1972. Oslo: Andaktsbokselskapets Forlag

<sup>229</sup> Det er også verdt å nemne som eit atterhald at grundtvigianismen i Noreg aldri blei ei folkeleg rørsle, slik han blei i Danmark. Dermed blir samanlikninga mellom dei to landa vanskeleg.

<sup>230</sup> Engberg 1985:164

<sup>231</sup> Kulich 1997

<sup>232</sup> Sju år etter at han gjekk bort kom den einaste boka hans, *Om Børneskolen* (1877), ei lita «avhandling» på eit halvt hundre sider. Skilnaden til Grundtvig, som skreiv eit heilt bibliotek, er derfor slåande på meir enn eitt vis.



## Offentleg debatt mellom folkehøgskole og seminar

På Hamar blei det i løpet av 1860-talet etablert to pedagogiske institusjonar som skulle kome til å setje spor etter seg. Dei kom i open strid om undervisningas grunnlag og form. Striden er relevant for denne undersøkinga fordi han handla om den ideologiske og didaktiske profilen til norsk lærarutdanning.

I 1864 blei den første grundtvigianske folkehøgskolen, *Sagatun*, starta opp like utanfor Hamar.<sup>233</sup> Med Herman Anker og Olaus Arnesen i leiinga blei skolen prega av eit lyst og optimistisk menneske- og kristendomssyn i skarp motstrid til pietismen. Føremålet var å gi dei unge folkeleg opplysning og kristeleg oppseding. Tre år seinare, i 1867, blei *Hamar Seminarium* etablert med den konservative teologen Nils Hertzberg som styrar. Han la sterk vekt på fagleg kunnskap, noko som fekk forkjemparane for folkehøgskolen til å skildre seminaret som ein «latinskole», med pugg og anna åndløyse. På si side fekk folkehøgskolen kritikk for å ville «høyne og løfte» på kjensler og stemningar, utan høge krav til kunnskap.<sup>234</sup>

Då det kom til open strid mellom desse partane, var det den første offentlege debatten om lærarutdanning her til lands. Striden gjaldt særleg opplæringa i kristendom. Debatten blei etter kvart dramatisk tilspissa ved at kjende politikarar og kulturpersonar engasjerte seg. I tillegg til Anker og Arvesen stod grundtvigianaren Christopher Bruun frå Vonheim i Gausdal og sambygdingen hans, Bjørnstjerne Bjørnson, mot Nils Hertzberg og læraren Oluf Saxe. Ifølgje Helge Dahl blei Hamar med dette eit senter for pedagogisk kamp med nasjonal gjenklang:

Det begynte med meningsutvekslinger i små og private kretser, og etter hvert sluttet meningsfeller seg til den ene eller den andre part. Kretsene ble utvidet til større møter særlig av lærere i Hamar og omegn, og snart kom både byfolk og bøndene med. Til slutt ble det hele folkemøter med flere hundre deltakere.<sup>235</sup>

At denne skolestriden blei godt kjent, vitnar ein artikkel Arne Garborg skreiv i bladet sitt, *Lærer-standens avis* (1872). Her slår han fast at det hadde utvikla seg to leirar innan norsk skoletenking, den grundtvigianske og den pietistiske. Han meinte at grundtvigianarane såg på undervisninga som ein lek, medan det pietistiske synet heldt på at kristeleg kunnskap og forstand var det fremste målet. Garborg inntok sjølv eit mellomstandpunkt: «Vi for vor part

<sup>233</sup> Sjø s. 137

<sup>234</sup> Dahl 1959

<sup>235</sup> Dahl 1959:140–141. Det Dahl her skriv stør opp under mitt syn på ambivalens innan vekkingsrørsla når det gjaldt synet på den grundtvigianske impulsen. Vekkingskristne lærarar hadde lært å avvise Grundtvigs teologi, men sette i stigande grad pris på dei undervisningsformene folkehøgskolen fremma.

synes det her, om aldrig ellers, er soleklart, at det rette ligger midt imellem, og at den grundtvigianske oppfattelse har sine mangler og fordele ligesaavel som den ‘pietistiske’ (johnsonske).»<sup>236</sup> Han meinte at også dei fleste lærarane stod ein stad mellom pietisme og grundtvigianisme.

Det var ikkje usemje om undervisningsforma som først og fremst skapte strid. Dahl skriv: «Det er tydelig at motsetningen mellom de to skoleslag hadde bakgrunn mer i politikk, livsanskuelse og kultursyn enn i rent pedagogiske forhold.»<sup>237</sup> Motsetnaden mellom grundtvigianisme og konservative kristne bygde i skole spørsmål meir på religiøse enn på pedagogiske motsetningar. Samtidig kan debatten på Hamar seiast å vere startpunktet for ei tilnærming mellom folkehøgskolen og lærarutdanninga. For første gong fekk seminaropp-læringa ein markert kritiskar. Påverknaden frå grundtvigianarane handla om sjølve «ånda» i undervisninga. Norsk lærarutdanning fekk nye impulsar gjennom å bli objekt for eit ordskifte som det på Hamar. Posisjonane kom i rørsle.

På den same tida, kring 1868, fekk lærarutdanninga kritikk også frå politisk hald. Det blei hevda at seminara måtte legge av sine stive og livsfjerne trekk. Stortingsmann J. Olafsen meinte at folkehøgskolen ville verke positivt inn på seminara. I ein artikkel i *Den Norske Folkeskole* skreiv han at seminara hadde misforstått si oppgåve. På grunn av den makta teologane hadde i lærarutdanninga mangla dei syn for det folket trong av kunnskap. Resultatet var «Ufolkelighet og Skakkjørthet i Tanken».<sup>238</sup> Olafsen konkluderte med at folkehøgskolane «[u]ten tvil ville bli det eneste middel til folkelig undervisning».<sup>239</sup> Folkehøgskolen blei av fleire sett på som noko av eit mønster for seminara.<sup>240</sup>

Sjølv om seminaret på Hamar stod for eit meir pietistisk kunnskapssyn, verka dei pedagogiske ideane frå Sagatun stimulerande også der. Dette viste seg mellom anna ved at Hertzberg etter kvart utvikla eit opnare og meir heilskapleg syn på læring. Han organiserte mellom anna møte med kunstnarleg og allment dannande preg. Jubileumsboka for Hamar lærerskole frå 1967, *Hamar lærerskole 100 år*, oppsummerer med at debatten i 1867 ikkje hadde vore av det vonde. I boka blir Hertzbergs referert slik:

---

<sup>236</sup> Per Buestreng (A. Garborg): «Bør folkehøgskolen paavirke elever i religiøs retning og i saafald hvorledes?» *Lærer-standens avis* 13. juli 1872.

<sup>237</sup> Dahl 1959:140–141

<sup>238</sup> J. Olafsen i *Den norske Folkeskole* 1868, s. 385–387

<sup>239</sup> S.st.

<sup>240</sup> Dahl 1959:138

Grundtvigianerne brakte ikke lite av en friskere ånd inn i skolestua og gjorde skolen kjærere for barna.<sup>241</sup> [...] Det nasjonale og kristelige liv som ble vekt av grundtvigianismen, kom både lærerutdanningen og folkeskolen til gode. For så vidt hadde Sagatun gjort sin gjerning.<sup>242</sup>

Pedagogiske idear frå grundtvigianismen slo rot i lærerutdanninga. Ei pragmatisk-pedagogisk tilnærming hadde starta. I si tid kom også dei kristelege lærarskolane til å bygge på impulsen frå det grundtvigianske synet på didaktikk, ikkje minst knytt til bruken av munnleg formidling.

### Grundtvigianismen, vekkingsrørsla og læraren

Trass i den inspirasjonen han stod for i det pedagogiske, blei Grundtvig i vekkingskrinsar fordømt som teologisk vranglærer. Prestelæraren og vekkingsleiaren Gisle Johnson var den som først og sterkast avviste Grundtvig. Så klar var avvisinga at det å undervise på ein grundtvigiansk måte kunne bli sett på som religiøst suspekt. Denne kritikken kunne også ramme undervisningsformer som kan seiast å samsvare med vekkingsrørslas verdiar og pedagogiske ideal. Lærer Jens Lerberg frå Nannestad formulerte dette slik:

Naar så en lærer helst i andres paahør, talte indtrængende med barna om kristenlivets vekst, blev han straks mistænkt for at være grundtvigianer. Denne mistænksomhet gjorde mangen troende lærer saa nervøst forsigtig med sine ord at livet blev borte av hans undervisning.<sup>243</sup>

Vekkingsbasert kamp mot grundtvigianismen kunne i det heile få temmeleg grove utslag lokalt. Historikaren Hans Try fortel om Johannes Helleland, som starta ein grundtvigiansk folkehøgskole i Ullensvang i 1870. Helleland var sjølv bondegut, men skolen hans kom i miskreditt hos bygdefolket. Han fortalde at dei «vakte» alltid hadde fordømt skolen som ein ugudeleg anstalt, ein «Satans synagoge», fordi det ikkje «undervises i religion», ikkje blir halde morgon- og kveldsbøn. «Det blir klaga», skriv han, «fordi vi syng ‘fædrelands- og folkesange’, som de kaller ‘raler viser’, fordi vi læser fortellinger, historie, som de tror, vi vil lægge til grund for menneskets salighetshåb, fordi vi driver undervisningen så frit som muligt

<sup>241</sup> Fladsrud mfl. 1967:44

<sup>242</sup> S.st. s. 46

<sup>243</sup> Lærer Jens Lerberg, Nannestad, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, Nr 1, jan. 1913

uden leksetvang og militær disciplin, og fordi vi ikke vil optræde som politispioner ved elevernes liv udenfor skolen.»<sup>244</sup>

Viggo Ullmann, grundtvigianar, venstrepolitkar og folkehøgskolemann frå Telemark, kom også i strid med vekkingsfolket, ikkje minst med dei som kjempa for kristendomsfaget. Han meinte at forkynning høyrer heime i kyrkja eller bedehuset, ikkje i skolestova. Denne striden blei halden i live som teologisk usemje også frå Grundtvigs side. Det pietistane har gløymt, hevda han, er den fundamentale sanninga at Gud er skapar, at alt menneskeliv derfor er gud-skapt. Også den naturen pietistane ser som negativ og syndig er ein del av skaparverket. Livet er derfor ingen jammerdal, ikkje noko vi skal fortrenge eller vende ryggen til. Eit slagord for Grundtvig blei derfor «Menneske først, kristen saa!».<sup>245</sup> Målet for ein kristen er ikkje å omskape verda i kristeleg lei. Menneskelivet er nemleg ikkje eit botnlaust mørker. I eit utkast frå 1817 står den kjende formuleringa: «En Djævel er Mennesket ikke, kan det oprinnelig slet ikke have været (...)»<sup>246</sup> Grundtvig var ein skarp kritikar av alle tankar om allmennkulturell rekristning eller landsvekking.

I Grundtvigs pedagogikk spela *historia* ei sentral rolle i mennesket si livsorientering. Det finst ei tid i livet då mennesket er særskilt ope for denne innsikta. Dette er «Aandens Skabertime».<sup>247</sup> Då kan barnet bli medvite striden mellom lyse og mørke makter i tilværet. Syndefallet er ikkje fundamentalt, mennesket har «gudsgneisten» i seg. Restar av gudsbildet kan kallast fram og stimulerast gjennom kunnskap og opplysning, ikkje minst gjennom innleving i historia og den nasjonale kulturen. Det var dette synet Gisle Johnson såg på som Grundtvigs største teologiske mistak.

Vekkingsrørsla såg med særskilt mistru på kristendomsopplæringa som blei gitt i dei grundtvigianske skolane. Den vekkingsorienterte historikaren Oscar Handeland skreiv at ho var verre enn inga opplæring: (...) paa grunmuren under folkehøgskulen stod det skrive:

<sup>244</sup> Helleland sitert etter Try 1995:414

<sup>245</sup> Dette er tittelen og første verselinje i eit dikt av Grundtvig. Her er første strofa:

Menneske først og Christen saa  
kun det er Livets Orden,  
kaldes vi Faar, tænk dog ej paa  
at lægge Dyr til Hjorden!  
Og Djævelskab til Christendom  
kan Almagt selv ei skabe om,  
kast ei for Svinet Perlen!

<sup>246</sup> N. F. S. Grundtvig, Fasc. 157, 4 r2– 4r2. Her sitert etter Bugge 1965:211

<sup>247</sup> Grundtvig 1929:123

‘Norskdøm og kristendom’. Men so sterkt var det nye straumdraget, at ialfall sume av høgskulane jamna vegen baade for ‘fritenkjararne’ og for ‘europæismen’.»<sup>248</sup>

I kortform kan motsetnaden mellom grundtvigiansk og vekkingsbasert opplæring i kristendom formulerast slik: Medan dei grundtvigianske ville vekke elevane til ei åndeleg og nasjonal gjenføding *i verda*, stod vekkingsrørsla for ei pietistisk-etisk omvending vend *bort frå verda*, med frelse i det evige livet som endeleg mål. Samtidig er det ikkje vanskeleg å sjå likskapar mellom «fiendane». Det erfaringsbaserte og ekspressivt subjektive hos grundtvigianarane stemte med den moderne vekkingas grunnleggande syn på omvendinga som ei personleg avgjerd hos eit myndig individ. Ikkje minst la begge partane vekt på etikk, på at trua måtte levast ut i kvardagen. Etter kvart som lærarane begynte å organisere seg og drøfte faglege spørsmål, kom også påverknaden frå Grundtvig positivt til syne mellom dei. Vedtak frå eit stort lærarmøte i Kristiania i 1854 avspeglar eit grundtvigiansk skolesyn: «Frihed i Undervisningsmaaden, kun at Daabspakten bør være Udgangspunktet for Kristendomsundervisningen, saavel som det Punkt man særlig har for Øie.»<sup>249</sup>

Påverknaden frå grundtvigiansk pedagogikk på norsk skole og kultur blir av enkelte forskarar kalla reell, men *uklar*. Rune Slagstad skriv: «De grundtvigske folkehøyskolene som så å si institusjonaliserte det romantiske dannelsesmotiv, kom i Norge til å ha en pregende betydning, men på en mer indirekte og derfor vanskeligere identifiserbar måte enn i Danmark (...).»<sup>250</sup> Dette bildet er etter mitt syn ikkje heilt dekkande. Dei norske lærarseminara blei påverka klart og direkte av grundtvigianske idear om folkeleg danning, det levande ordet, vekta på historie, og ideen om ei folkeånd. Dette var Torstein Høverstad den første til å peike på.<sup>251</sup> Det pedagogiske skiljet mellom det grundtvigianske og det pietistiske blei innan *lærarutdanninga* i mange tilfelle heilt usynleg. Kyrkjehistorikaren Einar Molland meinte at grundtvigianismen fekk sitt sterke fotfeste i norsk lærarutdanning om lag samtidig som Asker seminar blei etablert.<sup>252</sup> Han meinte at denne utdanninga i løpet av få år blei «forvandlet til arnesteder for norsk grundtvigiansk ånd med folkelig vekkelse og grundtvigiansk kristendomsoppfatning. (...) Blant de hundrer av unger menn som gikk gjennom seminariene i 1840-årene, slo de grundtvigianske idéer rot. Vi fikk en hel generasjon av grundtvigiansk pregede folkeopplysningsmenn.»<sup>253</sup> Dette gjaldt først og sterkast for seminara i Klæbu, Asker,

---

<sup>248</sup> Handeland 1922:300

<sup>249</sup> *Den norske Folkeskole*, 1854–55, s. 127

<sup>250</sup> Slagstad 2002:62

<sup>251</sup> Høverstad 1924:11

<sup>252</sup> Sjå omtale av Asker seminarium s. 65ff.

<sup>253</sup> Molland 1979:273

Holt og Stord. Desse seminara tok opp grundtvigianske idear om opplæring og gav dei ei spreining i skole-Norge.

Når dei fleste seminara alt på slutten av 1840-åra hadde fått eit grundtvigiansk preg, slik Einar Molland hevda,<sup>254</sup> kan dette i ikkje liten grad skuldast at det reglementet for lærarutdanning som blei utvikla av rektor Gislesen ved Asker seminar, kom til å bli sjølv førelegget for utviklinga av målformuleringar innan norsk lærarutdanning heilt fram til 1890-talet. Denne påverknaden varte altså heilt inn i den sentrale tidsbolken for vekkingrørslas skolesatsing. Utdanningsforskarer Per Solberg avsluttar sin analyse av lærebøker i pedagogikk etter 1900 slik: «Lærerskolen var i stor utstrekning en forlengelse av folkehøgskolen. (...) Folkelige grunntanker satte sitt preg på den i like høy grad som den pedagogiske ekspertise, og ga både klangbunn for og klangfarge til grunntonen.»<sup>255</sup>

På *det pedagogiske feltet* blei motsetnaden mellom grundtvigianarane og vekkingrørsla dermed ikkje sett på spissen, heller ikkje gjennom rørslas satsing på lærarutdanning frå 1890-talet.<sup>256</sup> Det var etter mitt syn folkehøgskolen som først og sterkast formidla og forvalta dei nye ideane om ei heilskapleg folkeleg opplysning, og viste korleis desse ideane kunne utformast i praksis. Om dette skriv Asbjørn Tveiten: «Det er truleg rettare å tala om at grundtvigiansk pedagogisk tenking var teken opp i eit pietistisk konsept enn motsett.»<sup>257</sup>

Som eg skal kome tilbake til, kan denne understraumen av grundtvigiansk didaktisk påverknad ha verka dempende på den pedagogiske skaparkrafta innan vekkingrørslas eiga lærarutdanning.

## Strid om lærebøker og menneskesyn

Frå grundtvigiansk hald kom det skarp kritikk av Pontoppidans forklaring og den undervisningsforma denne læreboka fremma.<sup>258</sup> I 1848 kom ei lærebok som i hundre år skulle prege kristendomsopplæringa i skolen, og gjere forteljinga til den sentrale metoden i opplæringa, *Bibelhistorie med lidt af Kirkens Historie*. Forfattaren var *Volrath Vogt*.<sup>259</sup> Denne læreboka blei ein klassikar trykt i om lag 100 opplag, og viste korleis ei forteljande tilnærming kunne

<sup>254</sup> Molland 1972:29

<sup>255</sup> Solberg 1996:413

<sup>256</sup> Eit unntak frå dette kan vere striden mellom vekkingfolk og grundtvigianarar i Volda på slutten av 1880-talet, men den striden handla ikkje om skolesyn og didaktikk. Sjå s. 180 ff.

<sup>257</sup> Tveiten 1995:64

<sup>258</sup> At boka var på dansk bokspråk, som folk nok forstod, men som låg svært langt frå deira daglegspråk, blei omtala som uheldig, men ikkje som eit reelt hinder.

<sup>259</sup> Vogt 1848. Det 32. opplaget kom i 1900, omsett til nynorsk av Per Riste. Kristiania: B. J. Stensballes Bokhandel eftflg.

erstatte den dogmatiske katekismeopplæringa og puggemetodikken. Forklaringa frå 1737 hadde endeleg fått sin avløyser. På eit lærarmøte i Trondheim fire år seinare blei det gjort vedtak om at Pontoppidans forklaring ikkje skulle lærast utanboks, men bare vere ei handbok for læraren.<sup>260</sup>

Mange reagerte likevel negativt på at det blei klussa med Pontoppidan. Den sterkaste reaksjon kom då katekismeforklaringa til grundtvigianaren og professoren i teologi, Wilhelm Andreas Wexels, blei godkjent til bruk i skolen.<sup>261</sup> Wexels var ein svoren fiende av vekkingsfolket. Han kalla dei ureine element i kyrkjas åker, noko han meinte fortente langt strengare «refselse og bekjempelse».<sup>262</sup> Wexels var ein av dei fremste geistlige forkynnaren i Norge, og ein framstående salmediktar. Einar Molland ser på han som «Norges mest innflytelsesrike prest i 1830-, 40- og 50-årene».<sup>263</sup> Katekismeforklaringa til Wexels vekte det som har blitt kalla «Forklaringsstriden». Boka hadde ei skildring av Kristus som forkynner for sjelene i dødsriket. Vekkingskristne reagerte forferda, og hevda at dersom mennesket fekk «ein ny sjanse» etter døden, ville dette slå beina under all forkynning om frelse her i livet.<sup>264</sup> Reaksjonen på boka kom ikkje bare frå «bibelbeltet». Adressebladet i Trondheim skulda grundtvigianarane for radikalisme og vantru. «Er det sandt, hvad lector Gisle Johnson siger at Grundtvigianismen har en Tendens i sig til at undergrave Kirkens Mure, saa ser det at maaske den største Deel af Lærerne ere Grundtvigianere betænkelig ud.»<sup>265</sup>

Vekkingsfolket mobiliserte mot Wexels. Motstanden blei leia av den radikale lekmannen Olaus Nielsen (1810–1888) frå Fredrikshald (Halden). Gjennom blad og pamflettar greidde han å skape ein folkeleg opposisjon mot tradisjonsbrotet. Det oppstod ei todeling av landet mellom Sør/Vest og Aust/Nord i denne saka. Pontoppidan blei skifta ut med Wexels' omarbeidde utgåve i 49 prestegjeld i Kristiania, 33 i Bergen, 34 i Trondheim og 37 i Troms. I Kristiansand bispedømme blei ho derimot skifta ut bare i fem prestegjeld. Dette viser at skolane (foreldre og lærarar) i sør og sør-vest forsvarte Pontoppidan i tradisjonell utgåve.<sup>266</sup> Her blei den grundtvigianske kritikken av kristendomsopplæringa avvist. Dette stemmer med

<sup>260</sup> *Den norske Folkeskole* 1860:879

<sup>261</sup> *Wilhelm Andreas Wexels* (1797–1866) fødd i Danmark, teolog; kom til Noreg 1814. Professor i praktisk teologi. Gjennom herrnhutaren N. J. Holm blei Wexels interessert i misjonen. Seinare blei han den fremste forkjemparen for grundtvigianismen innan kyrkja.

<sup>262</sup> Straume 1957:53

<sup>263</sup> Molland 1972:28

<sup>264</sup> Thorkildsen 1999:142

<sup>265</sup> S.st. Ut frå temaet for denne avhandlinga er det interessant at det i det offentlege ordsiftet på 1860-talet fanst ei førestilling om at lærarane som yrkesgruppe hadde blitt sterkt påverka av Grundtvig.

<sup>266</sup> Skrondal 1929:217

at den teologisk konservative vekkingsrørsla bare eit tiår seinare kom til å dominere det religiøse livet i desse delane av landet.

Presset blei med dette for stort på styresmaktene. Departementet gav etter. Dei bestemte i 1852 at det framleis skulle vere høve til å bruke den gamle uendra utgåva av Pontoppidans forklaring.

På 1860-talet gjekk skolefolk med grundtvigiansk syn til pedagogisk storm mot den allmenne «menighetsskolen», som dei meinte bare var ei førebuing til konfirmasjonen.<sup>267</sup> Medlemmer av Kristiania lærerforening reagerte på at biskopane «overhørte» lærarane i ulike fag. Dei gav ei fråsegn om at kyrkja her handla uklokt, og viste til den veksande motstanden og protesten mot prestemakta i skolen.<sup>268</sup> I *Norsk Skoletidende* blei det kommentert at ingen kyrkjelege interesser stod på spel i rekning, skriving og grammatikk.<sup>269</sup>

Då professor Wexels døyde i 1866, mista grundtvigianismen det kyrkjelege samlingspunktet sitt i Norge, og blei på 1880-talet borte som kyrkjeleg retning. Bakgrunnen for nedgangen var også framveksten av den moderne vekkingsrørsla og det engasjementet innan skole og opplæring denne rørsla stod for. Dessutan førte samspelet med akademikarar og embetsmenn til at grundtvigianismen blei isolert frå dei folkelege rørsleane som på denne tida fekk overtaket i norsk kristenliv.<sup>270</sup> Einar Molland skriv at grundtvigianismen blei redusert frå å vere eit «kirkelig parti» til å bli ein impuls, eit «incitament i kirkens liv».<sup>271</sup> I tillegg var som nemnt dei grundtvigske ideane ei inspirasjonskjelde i pedagogikken, ikkje minst innan norsk lærarutdanning, inkludert den vekkingskristelege.

## Grundtvigianismen og vekkingas lærarutdanning

Utover på 1870-talet blei striden kring skoleforståinga dempa. Gjennom etableringa av folkehøgskolar let mange skolefolk seg påverke av Grundtvig.<sup>272</sup> Jakob Sverdrup, prest, vekkingsven, etablerte den første kristelege «ungdomsskolen» i Sogndal. Sjølv om denne skolen var meint som ei motvekt og eit alternativ til dei grundtvigianske, let Sverdrup seg inspirere av den store danske teologen og pedagogen, og skreiv i 1870: «Grundtvig optraadte

---

<sup>267</sup> Holter 1989

<sup>268</sup> Møtet blei halde den 14.12.1888

<sup>269</sup> Holter 1989

<sup>270</sup> Lövgren 2018

<sup>271</sup> Molland 1972:52

<sup>272</sup> Løvlie 2007



som den sande levende Kristendoms Forsvarer mod en hul og død Fornuftslære, en selvbehagelig og indbildsk Taler om Dyd og Fortjeneste.»<sup>273</sup>

På 1890-talet, då den vestlandske vekkinga med radikale skolefolk blei ei leiande kraft innan lågkyrkjeleg kristenliv, finn vi fleire teikn på at grundtvigiansk skoletenking hadde overlevd som pedagogisk-didaktisk impuls, også i den kristelege lærarutdanninga. Fleire vekkingorienterte pedagogar var inspirerte av Grundtvig. Dette gjaldt ikkje minst Anders Feragen ved Holt seminar, Ole Irgens, skoleinspektør i Bergen, og stiftar av det vekkingorienterte seminaret på Notodden, Asbjørn Knutsen. Knutsen var nær venn med Christopher Bruun, og skreiv at Grundtvigs «geniale» skoletankar var idear i pakt med livet, og at dei samstemte med luthersk ånd.<sup>274</sup>

Grundtvigiansk pedagogikk fekk gjennomslag også gjennom skolelova av 1860, som la vekt på folkeleg litteratur, munnleg forteljande formidling og lærarens engasjement. «Det levande ordet» blei ei programmatisk formulering ikkje bare for grundtvigianarar, men etter kvart også for vekkingas skolefolk, som let seg inspirere av det ekspressive og optimistiske i dei grundtvigske opplæringsidealet. Eit slikt slektskap finn vi ikkje minst mellom Grundtvig (munnleg forteljing, engasjement og motivasjon, kunnskap for kvardagen) og ein av dei fremste leiarane innan vekkingbasert lærarutdanning, rektor og eigar ved Volda lærarskule, Henrik Kaarstad (munnleg forteljing, vekt på elevens føresetnader, klare svar).<sup>275</sup>

Religionshistorikaren Karstein Hopland meiner at grundtvigianismens opplæringsprogram i Norge kom inn i ein blindgate på 1880-talet. Bakgrunnen var, meiner han, at dei blei knytt til kulturradikalisme, liberal teologi og kyrkjekritikk. I tråd med det som er hevda ovanfor vil eg nyansere Hoplands teori ved bruk av eit funn i denne avhandlingsa, nemleg at den vekkingskristelege lærarutdanninga i praktisk pedagogikk *bygde vidare på* sentrale element i den grundtvigske synet på opplæring, men at dei gjorde det utan å eksplisitt vise til det grundtvigske opphavet. Samansmeltinga av grundtvigianismens pedagogikk og vekkingørslas ideologi kjem særleg til uttrykk gjennom den kallsbaserte og ekspressive sjølvforståinga lærargruppa utvikla mot hundreårsskiftet, i tida for etablering av vekkingskristeleg lærarutdanning.<sup>276</sup> Etter mitt syn blei pedagogiske impulsar frå grundtvigianismen aktivert nettopp i den kristelege lærarutdanninga. Dette har samanheng med at utdanninga av læraren som ein *integrert kristen personlegdom* blir eit hovudmotiv i det vekkingskristelege

---

<sup>273</sup> Sverdrup 1870:57

<sup>274</sup> Løvlie 2007:14

<sup>275</sup> Som eg har vist til, kunne dei vekkingskristne likevel ikkje ope og fullt ut slutte set til det grundtvigske skolesynet. Denne togn gjaldt også Kaarstad.

<sup>276</sup> Hopland 2005:70

synet på lærarens mandat. Skilnaden kan formulerast slik: Grundtvig såg det som eit mål at opplæringa i skolen skulle ha eit personleg og religiøst dannande mål: «seg selv og Gud at kjende». <sup>277</sup> Han meinte at skolens kulturelle danning er ei *hjelp på vegen* til det spesifikkt kristne. Vekkingakristne på si side understreka at målet med opplæringa i skolen var det same som i kyrkjjas dåpsopplæring, nemleg omvending og tru, og at den allmenne kulturen i denne samanhengen var *meir ei hindring enn ei hjelp*.

Skilnaden mellom posisjonane ligg også i det semantiske, ikkje minst knytt til omgrepa «vekking» og «omvending». Når Grundtvig, og ikkje minst Ole Vig, vil ha vekking gjennom skolens opplæring, tyder dette noko anna enn hos Kaarstad og Hallesby. <sup>278</sup> Vig såg føre seg ei *nasjonal oppvakning* som resultat av undervisninga, medan vekkingseiarar som Ole Hallesby heldt fram visjonen om personleg religiøs frelse på den eine sida og kulturell fornying på den andre.

Per Halse meiner at Grundtvigs lyse syn på mennesket la grunnlag for ei oppgradering av eleven som lærande individ. Lærarens engasjement skulle i tråd med dette framfor alt *utløyse* kunnskap hos elevane. I denne meininga kan grundtvigiansk skoletenking oppfattast som ei 1800-tals-utgåve av *dialogpedagogikken*, opplysning gjennom samtale, og opplysning som grunnlag for intellektuell og åndeleg vekking og vekst. <sup>279</sup> Utdanningsforskarer Johan Lövgren meiner dette har kome til uttrykk i norske folkehøgskolar som ei form for dialogbasert misjonsverksemd heilt fram til i dag. Målet er å tilskunde ei personleg livssyns-avklaring hos elevane. <sup>280</sup> Forskinga til Per Halse og Birger Løvlie gir grunnlag for å hevde at grundtvigianismen som pedagogisk impuls påverka norsk lærarutdanning sterkare enn Rune Slagstad indikerer og Helge Dahl hevdar. <sup>281</sup> Dahl er etter mitt syn uklar når han ikkje skil mellom teologiske og pedagogiske element i den grundtvigianske påverknaden. <sup>282</sup> Når han dreg slutningar om påverknad ut frå talet på grundtvigianarar blant elevane og dei tilsette, meiner eg ei slik talfesting er krevjande å tolke. Ytringar om meir eller mindre personleg tilslutning seier ikkje i kva grad grundtvigianske pedagogiske idear blei aksepterte og praktiserte ved seminara.

<sup>277</sup> Halse, P. (1996). Pietistisk eller frilynt? : Folkehøgskolane i spenninga mellom bedehus og ungdomshus. *Kirke og kultur* 1/1996, s. 51–61

<sup>278</sup> Sjå f.eks. kva Vig seier om kristendomsopplæring og vekking: Høverstad 1924:188ff.

<sup>279</sup> Halse 1996

<sup>280</sup> Lövgren 2018:83

<sup>281</sup> Dahl 1959:65

<sup>282</sup> S.st. Dahl går langt i retning av å påstå at ein kan fastlegge styrken i denne påverknaden ut frå kor mange lærarelevar som såg på seg sjølv som grundtvigianarar.

Etter skolestriden på Hamar i 1867 synest grundtvigianske pedagogisk idear å ha fått sterkt fotfeste i seminaropplæringa. Kor sterk denne påverknaden var, er det umuleg å gi eit klart svar på. Trass i at Grundtvig som teolog var blitt ein persona non grata i vekkingskrinsar, viser mange fråsegner i samtida at grundtvigianismen gjennom folkehøgskolen fekk følgjer også for vekkingsrørslas lærarutdanning. Eit poeng eg skal kome tilbake til, er at denne påverknaden, sterk eller svak, i liten grad synest å bli reflektert inn i den vekkingskristne lærarutdanninga. Eg meiner dette kan ha verka hemmande på utviklinga av ein misjonsretta didaktikk.

## Oppsummering 1739–1870

Eg har i denne delen trekt opp historiske linjer tilbake til allmugeskolens opphav, og ført desse fram til den tida då dei første teikna på ein moderne sekulær skole viste seg. Ved starten i 1739 stod skolen fram som ein del av kyrkjjas domene. Den eineveldige kongen såg på skolen som ein reiskap til å fremme pietistisk ideologi med eit mål om å sikre politisk stabilitet. Forståinga av lærarens mandat blei i dette religionsdidaktiske paradigmet knytt til oppgåva å gi barn og unge ei opplæring og ei moralsk danning som sikra einskap og lojalitet. Trass i pietismens vekt på personleg tilslutning blei truslæra i skolen likevel formidla gjennom ein formelbasert og puggprega metodikk.

Den haugianske rørsla auka spenninga mellom religiøs subjektiv tilslutning og skolens vekt på formelprega læring. Bygd på lokale vekkingar voks det utover på 1800-talet fram ei folkeleg rørsle prega av ekspressiv og kjenslebasert forkynning, streng etisk normkultur, kristeleg opplæring og omsorg for nesten. Frivillige lokale foreiningar og landsdekkande organisasjonar viste seg som kraftfulle pådrivarar for misjon.<sup>283</sup>

Kyrkja hadde fram til midten av 1800-talet kontroll med det religiøse innhaldet i skolens opplæring, ikkje minst gjennom vurderingsordninga og tilsettinga av lærarar. Nokre endringar i sekulariserande retning kom med ei ny skolelov i 1860. I tiåra etter dette gjekk skolen gradvis over frå å vere ein kyrkjeskole til å bli ein nytteorientert borgarskole.<sup>284</sup> Lokalt baserte lærarskolar levde før og samtidig med seminara. Desse lærarskolane kan ha føregripe sosiale og didaktiske særdrag ved den kristelege lærarutdanninga.

---

<sup>283</sup> Jens Arup Seip har omtala det yrande foreningslivet som voks fram frå midten av 1800-talet som eit slags «profant menighetsliv». Kristne målsettingar som *misjon* og *vekking* kan i tråd med denne tesen seiast å ha fått ei modellskapende rolle også for andre typar organisasjonar.

<sup>284</sup> Hovland 1999:37

Reglementet for Asker Seminarium frå 1837 blei retningsgivande for lærarutdanninga heilt fram mot 1890-talet. Her finn vi eit større spenn av nytteorienterte fag, meir dialogbaserte undervisningsformer, større vekt på personleg danning, og lojalitet til kyrkjens lære.

På 1860-talet kom det ein skarp tone i skoledebatten. Reaksjonen på Jensens lesebok og protesten mot revisjonen av Pontoppidans forklaring vekte hos vekkingskristne ei uro for verdsleggjering av skolens lærestoff. Her ligg etter mitt syn kimen til den reaksjonen som nokre tiår seinare skulle legge grunnlaget for ei misjonsretta satsing på ei vekkingskristeleg lærarutdanning.

Striden mellom grundtvigiansk og pietistisk syn på opplæring og skole handla ikkje minst om kva rolle kristendomsopplæringa skulle spele. Eit funn i analysen kan formulerast slik: Det er mogleg å påvise ein skilnad mellom den *korte og veike* påverknaden grundtvigianismen hadde som teologisk impuls og den *lange og djupe* verknaden han hadde på det pedagogiske feltet. Som teologisk kraftkjelde slutta han å verke på 1870-talet, medan den pedagogiske verknaden heldt seg og blei spreidd gjennom folkehøgskolen og lærarutdanninga heilt fram til andre verdskrigen.<sup>285</sup> Med dette som bakgrunn er det rimeleg å hevde at vekkingsrørslas lærarutdannarar kunne identifisere seg med grundtvigianismen på pedagogiske premissar utan å bli knytt til den teologiske kritikken av Grundtvig. At også den vekkingskristelige lærarutdanninga langt på veg må reknast som ein arvtakar etter grundtvigianske førestillingar om opplæringas form, om ikkje læringsmål, er eit funn i denne avhandlinga.

Frå midten av 1800-talet blei skolen stadig meir fristilt kyrkja. Skolelova av 1860 kan kallast eit gjennombrot ved at ho tok opp i seg religiøse, pedagogiske og utdanningsstrategiske straumdrag. Ikkje minst innebar ho eit gjennombrot ved at føremålet for opplæringa blei utvida til også å skulle føre elevane «videre frem i Almendannelse».<sup>286</sup> Lova la også grunnlag for eit stofftilfang som spegla denne utvidinga av læringsmålet: «(...) Udvalgte Stykker af Læsebogen (...) der angaar Jordbeskrivelse, Naturkundskab og Historie.»<sup>287</sup>

Kyrkja hadde ikkje bare ansvaret for lærarutdanninga i dei initierande fasane kring midten av 1700-talet. Fram til 1820-talet bar prestane det daglege ansvaret for lærarkvalifiseringa. Men også etter at staten etablerte seminar hadde kyrkja eit grep om desse institusjonane. Framleis var kristendom det sentrale faget, og dei fleste lærarane og leiarane ved seminara

<sup>285</sup> Dette har ein parallell i den påverknaden *statspietismen* hadde på 1700-talet. Han slutta å verke som teologisk impuls kring 1750, men heldt fram som pedagogisk kraft fram til om lag 1810.

<sup>286</sup> *Lov om skolen paa Landet 1860*, §1

<sup>287</sup> S.st. §5

var teologar. Styraren ved seminaret i Asker, Knud Gislesens, meinte at seminara var den faste borga for *rett tru* i Norge .

Trass i at kyrkjas makt over lærarutdanninga frå midten av 1800-talet var i ferd med å losne, var opplæringa i kristendom framleis ein del av kyrkjas domene, ei førebuing til konfirmasjonen. På denne bakgrunnen er det vanskeleg å tenke seg at det skulle vere behov for ei særskilt kristeleg lærarutdanning. Då dei vekkingskristne nokon tiår seinare innsåg verknadene av dei sekulariserande prosessane (som dei sjølv hadde deltatt i), ønska mange seg på nytt ein skole og ei lærarutdanning dominert av konservativ kristendom. I tida fram til 1870 såg ein bare veike konturar av desse prosessane. Spørsmålet om *kvifor* lærarutdanninga blei sett på som ein tenleg reiskap for vekkingsbasert rekristning skal derfor svarast nærare på i del 3, som handlar om perioden 1870–1890.



## Del 3. Vekst og uro (1870 –1890)

### Innleiing

Frå midten av 1800-talet gjekk Bygde-Norge gjennom grunnleggande endringar. I løpet av dei neste hundre åra skulle arbeid knytt til jordbruk og fiske gå over frå å vere tradisjonelle livsformer som sysselsette størstedelen av folket til å bli spesialiserte yrke for eit mindretal. Skole og opplæring blei ein veg bort, mot deltaking i samfunnet utanfor bygda. Endringane rokka ved innarbeidde normer og vanar knytt til utøving av kristentrua. Moderne vitskap og ein liberal borgarleg kultur utfordra kristendommens hegemoni. Embetsmennene, i særleg grad prestane, møtte krav om folkeleg deltaking. Statusen til prestane minka, og nærma seg den til lærarane, som hadde ei stigande sosial kurve. I andre delen av 1800-talet var det kulturelle senteret i bygdene i ferd med å flytte seg frå kyrkja og prestegarden til skolestova og lærarbustaden. Alt dette førte til endringar når det gjaldt kyrkjjas makt over skolen og lærarutdanninga. Ein myndigare lærarstand organiserte seg og kravde ei betre utdanning – fristilt geisteleg kontroll.

I tiåra etter 1870 blei vilkåra for religiøs, politisk og pedagogisk verksemd endra. Vekkingskristne deltok i den demokratiske utviklinga gjennom partiet Venstre. Der var dei med på å kjempe fram skolelova av 1889, ei lov som overførte makt over skolen frå kyrkja til det lokale demokratiet. Lova har blitt ståande som eit vegskilje i norsk skolehistorie. Ei mengd konflikter kulminerte i debatten kring denne lova. I den politiske striden braut samspelet mellom dominerande vekkingsgrupper og konservative kyrkjeleiarar saman. Deretter la innslaget av sekulære kulturtrekk i skolen grunnlag for ein samla motstand, denne gongen med vekkingsrørsla som leiande aktør. Den tiltakande sekulariseringa mobiliserte lekfolket, og rydda grunnen for ei vekkingsbasert lærarutdanning.

Etter skolelova av 1860 kunne ikkje allmugeskolen fullt ut reknast som ein kyrkjeskole. Han var i ferd med å bli ein kristeleg-borgarleg institusjon. Skoledirektørane hadde fått tilsynet med opplæringa, eit ansvar prest og biskop før hadde. Også innan lærarutdanninga såg ein endringar. Då det i 1867 blei starta eit seminar på Hamar, blei det for første gong tilsett ein styrar som ikkje kombinerte leiarrolla med ei presteteneste.

*Reglement for Rigets Stiftseminarier av 31. juli 1869* gav etter manges meining utdanninga ei for teoretisk retning. Sjølv Nils Hertzberg meinte at det blei lese for mykje på seminara. Fleire lærarmøte hevda at det ikkje gjaldt å lære meir, men betre. Men reglementet viste nye trekk. Mellom anna blei det sagt at stoffet gjerne kunne formidlast gjennom frie foredrag og samtale. Slik ville stoffet i større grad bli ein personleg eigedom for lærarelevane, for då blei «deres språk og hele deres opptreden som lærere friere og freidigere».<sup>288</sup> Reglementet innførte fleire fag som konkurrerte med kristendomsfaget. Samtidig slo det fast at dagen skulle starte og slutte med bøn eller salmesong.<sup>289</sup> Den gamle ordninga med obligatorisk frammøte ved gudstenesta og kravet om deltaking i kyrkjesongen fall derimot bort.

Tida etter 1869 har blitt sett på som «ein ny arbeidsdag» for seminara.<sup>290</sup> Utvidinga av fagkrinsen innebar at hovudfaget kristendomskunnskap blei sett under press. Det kunne igjen føre til at ein måtte gå raskare gjennom lærestoffet. Arne Garborg skreiv at dette gjorde religionsopplæringa overflatisk. Dersom seminara i lengda skulle greie seg, blei dei nøydde til å lære av folkehøgskolane både i metode og målsetting, «thi hvad tiden kræver, for di den alt for meget mangler det, er netop sundt og kraftigt `udviklede personligheder`».<sup>291</sup> Seminarreglementet frå 1869 var påverka av grundtvigiansk didaktikk ved at det munnlege lærarføredraget blei trekt fram som ein sentral metode.

Vekkingsfolket var med på å drive fram endringar i moderne lei ved at dei stilte seg kritiske til den tradisjonelle bygdebaserte kulturen, og ved at dei utvikla landsdekkande organisasjonar. Samtidig avviste dei den moderne religionskritiske kulturstraumen i åndslivet. Gisle Johnson og Johan Christian Heuch gjekk i samspel med vekkingsrørsla i eit håp om å trenge vantru og moderne kultur og moral tilbake. Slik bidrog dei til å førebu ein vekkingsbasert kulturkamp.

Utover på 1880-talet kom stadig fleire vekkingsfolk til å meine at kristendommens posisjon i skolen var truga. Denne uroa verka samlande og mobiliserande, men enno hadde ingen utvikla ein strategi for motstand. Del 2 og del 3 gir eit bilde av det ideologiske og skolepolitiske grunnlaget for satsinga på ei vekkingskristeleg lærarutdanning. Forskingsspørsmålet for denne delen av undersøkinga blir: *Kvifor satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?*

<sup>288</sup> Stfh. 1865–1866 III nr. 4. s.101–102

<sup>289</sup> Etter 1869 blei det lov å velje ein av delane.

<sup>290</sup> Dahl 1959:135

<sup>291</sup> Arne Garborg i *Lærere-standens Avis* 1872, s. 140–150



## Kap. 5. «Alle Mann på Dæk!»<sup>292</sup>

### Det moderne gjennombrøtet

Oppbrøtet frå den kristelege einskapskulturen kan i Norge sjåast i samanheng med prosessar som starta i dansk-norsk elitekultur. Ikkje minst blei relasjonen mellom kyrkja og skolen påverka av det som har blitt kalla *Det moderne gjennombrøtet*. Dette handla mellom anna om kva plass religionen skulle ha i samfunnet. Eit skifte i tenkesett endra relasjonen mellom eliten og lekfolket i kyrkje og bedehus. Denne eliten var ei relativt lita gruppe intellektuelle og kunstnarar som med stor gjennomslagskraft målbar liberale ideologiske standpunkt.<sup>293</sup> «Gjennombrøtet» fall i tid saman med framveksten av den moderne vekkingsrørsla. Sjølv om dei truande stilte seg på avstand til dei radikale, kan bildet som blei skapt av dette kulturskiftet ha verka mobiliserande på lek og lærd i kyrkja. Det bidrog ikkje minst til ei grunnleggande uro blant vekkingskristne.

Det kulturradikale<sup>294</sup> skiftet starta for alvor då den danske litteraturkritikaren Georg Brandes i 1871 heldt ei førelesingsrekke ved Københavns Universitet med tittelen *Hovedstrømninger i det 19de Aarhundredes Litteratur*.<sup>295</sup> Her kom han med den kjende programerklæringa for ein ny samfunnskritisk og realistisk litteratur: «Det, at en Litteratur i vore Dage lever, viser sig i, at den sætter Problemer under Debat.»<sup>296</sup> I 1876 heldt Brandes fire foredrag om Søren Kierkegaard i Kristiania. Det akademiske kollegiet hadde nekta han plass, men studentane tok imot han. Brandes tala med utgangspunkt i Kierkegaards tolking av kristendommen og hans angrep på statskyrkja. Det sentrale hos Kierkegaard, hevda Brandes, var at han viste «kristendommens umulighet».<sup>297</sup> Ei hovudsak for Brandes og den kulturradikale eliten var kampen mot autoritære ideologiar og strukturar. Individet skulle ikkje minst frigjerast frå religiøse illusjonar. Etter første foredraget sa Brandes at han såg på kristen-

<sup>292</sup> Gisle Johnson, *Luthersk Kirketidende* 1882 II, s. 169–182.

<sup>293</sup> Dette temaet har vore meir drøfta innan litteraturvitskaplege krinsar enn innan historieforskinga.

<sup>294</sup> Eg viser til bruken Jens Arup Seip gjer av denne nemninga i *Utsikt over Noreg s historie, 2, Tidsrommet ca. 1850-1884*: «'Det moderne gjennombruddet' i åndslivet førte i 1870–80 årene til en 'kulturkamp' som gjaldt grunnleggende holdninger i tankeliv og samfunnssyn. Kulturradikalernes 'motkultur' var av en egen art, for så vidt som den ikke var bundet til ulikt sosialt utspring. Den var båret av akademikere, og det var i meget et opprop av de unge – og de ikke fullt så unge – mot de eldre.» (Seip 1981:134)

<sup>295</sup> Brandes 1923:13

<sup>296</sup> S.st.

<sup>297</sup> Wisløff 1971:88

dommen som «mørke og overtro».<sup>298</sup> Religionen blei stilt opp som hovudfiende fordi han heldt folket nede i avmakt og fåkunne. I staden for lydig underkasting stilte Brandes opp idealet om eit liv i tråd med vitskapleg innsikt og rasjonalitet.<sup>299</sup>

Bjørnstjerne Bjørnson hadde blitt sett på som den sterkaste talsmannen for grundtvigiansk kristendomsforståing i Norge.<sup>300</sup> Då han braut med barnetrua, blei dette naturleg nok oppfatta som eit negativt varsel for mange. Bjørnson markerte brotet mellom anna gjennom diktet *Salme II*, som har blitt kalla «Darwinisme på vers». Han gjekk også til direkte angrep på religionsopplæringa i skolen. I ein flammande artikkel i *Norsk Skoletidende* i 1879 var han både kierkegaardsk og grundtvigiansk då han omtala religionsopplæringa i skolen som ein fiende av sann kristendom:

Væk med Pontoppidan, væk med hele religionspugget. (...) Religionsundervisningen paa Folkeskolen er bondens værste tyrann; hans livs hindring, det uoverstigelige grænseskjel for hans trang til frigjørelse. (...) Lad i religionens eget navn ikke gudsdyrkelsen være et lovpålagt ugeslid, lad Gud faa en frivillig og oplyst slægt at arbeide i.<sup>301</sup>

Det moderne gjennombrøtet kom til å legge viktige premissar for kyrkjjas relasjon til kulturlivet. For vekkingsrørsla var dette eit mobiliserande skræmeskot. Utviklinga innan kulturen sette støkk i vekkingsfolket, og motiverte til samspel på tvers av skiljet mellom lek og lærd. Gisle Johnson forsvarte lekmenns rett til å forkynne. Bakgrunnen var den krisa kristendommen og kyrkja var komen i som moralsk og ideologisk grunnlag for samfunnet. Johnson gav krisestemminga eit fengande uttrykk gjennom tittelen på eit føredrag han heldt i 1883: «Alle Mann på Dæk!».

I den vidare utgreiinga skal eg gå nærare inn på tre kristenleiarar som bidrog til samspelet mellom vekkingsrørsla, skolen og lærarutdanninga: Gisle Johnson, Johan Christian Heuch og Lars Oftedal. På ulike måtar kom desse tre til å legge eit grunnlag for den motkulturelle aksjonen som førte til etableringa av ei vekkingskristeleg lærarutdanning.

---

<sup>298</sup> S.st.

<sup>299</sup> Amdam 1993: 447–478; Keel 1999:20, 27–31, 71–74

<sup>300</sup> Diktet *Salme II*, i *Digte og sange 2* (1880) startar med desse linene: «Ære det evige Foraar i Livet som allting har skapt.» Diktet har i litteraturhistoria blitt ståande som sjølv hovudmarkøren for skiftet frå kristen-tradisjonell til moderne humanistisk livshaldning hos Bjørnson.

<sup>301</sup> *Norsk Skoletidend*, 13.3.1879, nr. 11, s. 366

## Gisle Johnson – prestelærer og vekkingseiar

Gisle Johnson (1822–1894) var professor i teologi, men ikkje ordinert prest.<sup>302</sup> Samtidig var han gjennom fleire tiår leiar av den største vekkingorienterte organisasjonen, Lutherstiftelsen, innstifta 1868 (frå 1891: Det norske lutherske Indremissionselskab). Med denne dobbeltstillinga greidde han å legge til rette for eit samspel mellom presteskapet og det vekkingskristne lekfolket. Johnsons kamp mot grundtvigianismen, det moderne gjennombrøtet, og den kulturelle sekulariseringa skulle gjere dette samspelet sterkt og handlekraftig gjennom 1870-talet. Då delar av vekkingrørsla etter 1880 gjekk til venstre i politikken, reagerte Johnson med eit opprop som skapte strid og splid i den einskapen han sjølv hadde vore med på å etablere.

Johnson viste si evne til å nå lekfolket med si forkynning då han i 1851 heldt «bibellesninger» i Christiania, noko som utløyste store vekkingar. Undervisninga hans førte til at dei som gjekk ut i prestenesta såg på seg sjølv som vekkingforkynnarar. Dag Thorkildsen har omtala den drivande organisatorisk krafta til Johnson og den store påverknaden han hadde på prestar og lekfolk:

[...] hvis man skal forklare Johnsons store innflytelse, må man trekke fram hans geniale strategiske evner: hans nedkjempelse av grundtvigianismen, det organisatoriske nettverk han skapte, hvor venner og disipler bekleddede de sentrale posisjoner, og hans etablering av en alternativ kristelig offentlighet, hvor hans analyser, paroler og bannlysninger kunne kommuniseres til brede lag av kirke- og organisasjonslivet.<sup>303</sup>

Berge Furre omtala Johnsons alliansebygging som ein «genial» strategi.<sup>304</sup> Hallgeir Elstad skriv i si doktoravhandling om dei «johnsonske prestane» og «preste-vekkinga».<sup>305</sup> Han peikar på at Johnson stod fast på den kyrkjelege ordninga formulert i *Confessio Augustana XIV*, som sa at den som skal forkynne for «alle og ein kvar» må vere «rett kalla». I norsk samanheng blei dette forstått som «prestevigd av staten». Johnson greidde likevel å grunnegi lekmannsforkynning gjennom å slå fast at regelen om «rett kalla» blei sett ut av spel når kyrkja var «i naud» fordi ho mangla prestar, og fordi det fanst ikkje-truande vigsla prestar («heidenskap i kyrkja»)<sup>306</sup>.

<sup>302</sup> Molland 1979:187–202, Aarflot 1967:252–264, Rudvin 1967:199–215, Norseth 2007

<sup>303</sup> Thorkildsen 1997:3

<sup>304</sup> Furre 1990:103-104

<sup>305</sup> Elstad 1997

<sup>306</sup> Elstad 1997:89

Johnsons undervisning og forkynning la grunnlaget for den ekspansive *misjonsstrategien* vekkingrørsla utvikla, men også for det strenge kravet til *rett syn* i teologiske spørsmål som kom til å prege rørsla. Målet hans var å vekke folket til «sann kristendom». Visjonen om «det reine nattverdsbordet» innebar at bare truande og omvende menneske gjekk til nattverd.<sup>307</sup> Her var han påverka av Kierkegaards kyrkjekritikk, men i endå større grad av religionsfilosofen Friedrich Schleiermacher, som la vekt på ei inderleg tru, og ei erfaringsbasert forkynning med utgangspunkt i «det subjektive trusmedvitet».<sup>308</sup> I Norge viste denne vekkingkristendommen seg som ein kombinasjon av det subjektivt inderlege og det etisk puritanske.<sup>309</sup> Johnson inviterte ikkje til teologisk refleksjon og debatt. «Det johnsonske system» var eit slutta teologisk byggverk som var meint å gi svar på alt.

Dei fleste vekkingorganisasjonane hadde ordet «luthersk» i namnet. Men var den johnsonske vekkinga luthersk? I sitt kyrkjesyn synest Gisle Johnson å bygge på ei endra tolking av Luthers toregimentslære. Statens oppgåve var etter hans syn å «tilføre samfunnet og den enkelte medlem av samfunnet etikk og moral».<sup>310</sup> Dermed blei staten sett på som berar av kristne verdiar. Etter teologen Dag Christoffersens mening er dette ei forståing som ikkje er å finne hos Luther.<sup>311</sup> Som det skal argumenterast for i del 4, kom den største strategen blant vekkingrørslas leiarar, Ole Hallesby, til å føre Johnsons utvida tolkinga av Luthers toregimentslære vidare som grunnlag for indremisjonens visjon om landsvekking.<sup>312</sup>

Mellom 1850 og 1875 gjekk prestar ut frå den johnsonske undervisninga ved universitetet med eit klart mål om å vekke folk til medviten omvendning.<sup>313</sup> Dei tok avstand frå «vane-kristendom», ikkje minst knytt til nattverd.<sup>314</sup> «Mot vanealtergangen begynte de johnsonske

<sup>307</sup> Johnson brukte drastiske ord om å gå til nattverd utan å vere «gjenfødd». Han kalla det å «ete og drikke seg til doms». (Elstad 1998:94)

<sup>308</sup> Elstad 1997:80

<sup>309</sup> Stensvold 2005

<sup>310</sup> Christoffersen 1995:233–239

<sup>311</sup> S.st.

<sup>312</sup> Luther meinte at Gud etablerte to styresett i verda, det åndelege og det verdslege «regimentet». I desse regimenta styrer Gud på ulike måtar og med ulike mål. Det verdslege regimentet skal gjere at ikkje-kristne og vonde blei haldne i sjakk.<sup>312</sup> Regimenta må ikkje blandast, men er begge naudsynte – det eine til rettferd for Gud og det andre for å hindre vondskap. Luther meinte at evangeliet *ikkje* kunne leggst til grunn for eit allment styresett. Den kristne skal ifølge Luther vise styresmaktene respekt, noe som har ført til at ein i større grad har lagt vekt på skiljet mellom «regimenta» enn at Gud viser si makt i begge. Tolkingar av den lutherske toregimentslæra i det 19. og godt inn i det 20 hundreåret kom til å understreke motsetnaden mellom regimenta, og at dei fungerer moralsk uavhengig av kvarandre. (Sjå Tønnessen, A.V. (2011). Velferdsstaten og den lutherske toregimentslæren, *Norsk Teologisk Tidsskrift*, 3–4, 2011)

<sup>313</sup> Flint 1990:107. Det er også rett, slik mellom anna Hallesby gjer det, å omtale Den johnsonske vekkinga som ei 'prestevekking'. (Hallesby 1948:114–115)

<sup>314</sup> Dette var vanleg i dei indre tradisjonsorienterte delane av Vestlandet, i dei indre stroka, i fjordane og i dalane mot aust.

prester en bitter krig», skriv Ivar Welle.<sup>315</sup> Appellen i forkynninga blei gjerne ei åtvaring mot trua på at kyrkjegang og sakrament kunne berge frå fortaping.

Johnson meinte, i tråd med dei pietistiske pionerane, at mennesket er prega av synd, og at det kristne fellesskapet derfor bør skiljast ut frå «verda». I norsk kyrkjeliv legg Johnson med dette synet grunnlaget for ei aukande splitting mellom «folkekyrkja» (alle medlemmer av kyrkja) og det avgrensa fellesskapet av omvende truande. Slik la han også opp til at dei vekkingskristne skulle avsondra seg frå den allmenne kulturen. Hallgeir Elstad uttrykker dette slik: «Kjerkeomgrepet til Johnson impliserer såleis eit brot med verda og det naturlege menneskelivet.»<sup>316</sup> Også med dette standpunktet skulle Johnson kome til å prege den moderne vekkingsrørsla.

Frå om lag 1870 kjølna reformkreftene knytt til den johnsonske vekkinga. Ein stor del av presteskapet gjekk mot høgre då den politiske reaksjonen breidde seg i embetsstanden.<sup>317</sup> Også Johnson kom til å sjå på folket med stigande mistru, særleg når det gjaldt kyrkjas indre liv: «Den ukirkelige Flerhed» måtte ikkje få kyrkjeleg stemmerett, meinte han, for det er det same som «Masseherredømme i Kirken».<sup>318</sup> Ansvar for at splittinga mellom høg og låg i kyrkja auka plasserer kyrkjarahistorikaren Carl Fredrik Wisløff hos det konservative presteskapet, og hos Johnson.<sup>319</sup> Hallgeir Elstad understrekar at det var i politikken at vegane skildest, særleg i synet på demokratiet i samfunn og i kyrkja. «Den pietistiske kristendomsforma hadde presteskap og lekfolk i stor utstrekning felles.»<sup>320</sup>

Gjennom det politiske oppropet *Til Christendommens Venner i vort Land* forsterka Johnson splittinga mellom konservative og radikale delar av vekkingsrørsla. Samtidig var oppropet eitt av fleire varsel til dei vekkingskristne, eit varsel om å gå til aksjon mot sekularisering og vantru.

---

<sup>315</sup> Welle 1948:219

<sup>316</sup> Elstad 1997:85

<sup>317</sup> Unntak frå dette finn vi særleg på Vestlandet.

<sup>318</sup> Wisløff 1961:28

<sup>319</sup> S.st. s. 27, 46-48

<sup>320</sup> Elstad 1997:97

«Til Christendommens Væner i vort Land» (1883)

Gisle Johnson hadde sidan 1850-talet vore «den ruvende teologiske skikkelsen» i norsk vekkingsrørsle.<sup>321</sup> Han hadde skilt skarpt mellom forkynning og politikk. Forkynninga skulle ikkje, meinte han, «(...) inspirere til innsats for forbedring av samfunnsforholdene eller overhodet til interesse for politikk.»<sup>322</sup> Paradoksalt nok blei Johnson ansvarleg for eit opprop som skapte politisk splid mellom vekkingskristne.<sup>323</sup> Oppropet fekk namnet «Til Christendommens Væner i vort Land». Tidspunktet var avgjerande for verknaden. Etter venstresidas valsiger i 1882 var riksrettsak og innføring av parlamentarisme og demokratiske ordningar like rundt hjørnet.

Historikaren Alf Kaartvedt er ein av dei som grundigast har studert oppropet og dei som stod bak. Han har funne at initiativet kom frå den konservative kyrkjestatsråden Nils Hertzberg, med støtte frå andre regjeringskollegaer. Statsråden hadde sett den antireligiøse tendensen hos mange radikale. At Johnson blei beden om å skrive oppropet, hadde samanheng med posisjonen han hadde i kyrkja og i vekkingsrørsla. Dessutan hadde den aldrande professoren markert seg med kritikk av dei radikale. I 1882, det året dei radikale vann sin store valsiger, publiserte Johnson den nemnde artikkelen «Alle Mann på Dæk!»,<sup>324</sup> med ein skarp konservativ brodd.<sup>325</sup> Derfor var det naturleg at Hertzberg bad han gå til aksjon: «Alle alvorlig Christne ville skjønne, at der er fare paa færde, naar han finder at burde træde ud af sin mythiske Dunkelhed.»<sup>326</sup> Johnson let seg overtale. Oppropet kan sjåast på som ein konservativ vekkingsbasert reaksjon på den demokratiske utviklinga. For Johnson og hans menn var Grunnlova ein garanti for at landet var ein kristeleg nasjon.

Det kreves nu, at Enhver i sin Kreds i Ord og Gjærning aflægger sit Vitnesbyrd mod den Vantro, som holder paa at trænge sig ind i vort Folk, og med den politiske

---

<sup>321</sup> Slagstad 1998:88

<sup>322</sup> Wisløff 1961:13–14

<sup>323</sup> Ein strid som gav opphav til partiet Høgre. (Kaartvedt 1967)

<sup>324</sup> Dette var eit uttrykk Gisle Johnson hadde brukt året før, i eit kyrkjeleg stiftsmøte i Kristiania, 1882. Foredraget blei trykt i *Luthersk Kirketidende* 1882 II, s. 169–182. At det var statsråd Hertzberg som alt då stod bak engasjeringa av Johnson, viser brevet Hertzberg skreiv 20. november 1882 til Chr. H. Schweigaard. I samanheng med Johnsons tale på stiftsmøtet står det at han «holdt sit Løfte som 'a Christian and a gentleman'». Hertzberg tar her mykje av æra for at Johnson svara ja. (C. H. Schweigaards arkiv, U.B. Referert etter Wisløff 1961:69)

<sup>325</sup> Molland 1979:365

<sup>326</sup> Kaartvedt 1967: 256

Bevægelse, gennem hvilken den søger at naa sine Maal, tilintetgjørelse af den Magt, Christendommen hidtil har havt over vort Folkeliv.<sup>327</sup>

Mot dette meinte det radikale lekfolket at grunnlova ikkje var nokon garanti for ein kristeleg *kultur*. Ut frå deira demokratiske grunnsyn skulle kyrkja reformerast nedanfrå og innanfrå, der truande medlemmer kunne verke som surdeigen i brødet.

Oppropet var støtta av ein komité på åtte personar, og underskrive av 450 menn frå alle kantar av landet, mellom anna dei seks bispene, dessutan av seks professorar, 77 prestar og 87 lærarar. Skrivet blei trykt i mange aviser, og seinare følgd opp med fleire småskrifter. Saman med dei påfølgjande publikasjonane blei det distribuert gjennom Lutherstiftelsens kontaktnett til prestar og lekfolk over heile landet.

Dei radikale som skyteskive

Hovudinnhaldet i Johnsons opprop var eit beiskt angrep på radikale idear som ifølgje skrivet undergrov den rådande samfunnsordninga.<sup>328</sup> Ikkje minst var den radikale pressa skyteskive. Ho blei skulda for å spreie ein «uchristelig, ja antichristelig Verdensanskuelse».<sup>329</sup> I teksten blei dei radikale sidestilte med fritenkarar og gudsfornektarar. Det demokratiske opprøret blei omtala som eit brot med ei samfunnsordning innsett av Gud. Målet med oppropet var å vekke folk til medvit om denne farlege utviklinga.<sup>330</sup>

Oppropet gav uttrykk for at sekulariseringa var nært knytt til den radikale politiske rørsla: «Christendommens Fortrængelse fra den Stilling, den hidtil har indehavt i vort Folk er den nødvendige Følge af hele denne Bevægelse, men tillige dens siste Maal».<sup>331</sup> Fritenkeriet, den moderne vantrua, sjølvve drivkrafta i radikalismen, kjem rikeleg til orde i pressa, hevda oppropet. Johnson heldt ikkje tilbake då han karakteriserte den radikale journalistikken:

I denne Presse raader en Aand, som baade i den ene og den anden Retning holder paa at forgifte hele vort Folkeliv. Ved den bliver en mægtig Strøm af uchristelig, ja

<sup>327</sup> Løvlie 2009:84

<sup>328</sup> *Gro Hagemann* legg vekt på at skrivet var retta mot radikale idear som undergrov 'den bestående Samfunnsorden'. Det handla likevel både om politikk og kulturkamp: «Oppropet var et innlegg i den tilspissede politiske striden og i en mer omfattende kulturdebatt.» (Hagemann 1998:108–109)

<sup>329</sup> Gisle Johnson, *Aftenposten* 27. jan. 1883

<sup>330</sup> Hagemann 1998:108

<sup>331</sup> Gisle Johnson, *Aftenposten*, 27. jan. 1883

antichristelig Verdensanskuelse uafsladelig ledet ind i vort Folk, som i sin Troskyldighed for en stor Del tager imod den med aabne Arme.<sup>332</sup>

I oppropet blir det sagt at folk ikkje lenger søkte Guds ord, men let seg sluke av den politiske striden og den radikale politikken sin demoraliserande verknad.<sup>333</sup> Dei nedbrytande kreftene

tilegner sig den jesuitiske Grundsætning, at hensigten helliger Midlet, træder Sandhed og Ret under Fødder og ved denne sin Fremfærd mere og mere nedbryder Agtelsen for Alt, hvad der er høit og helligt, sætter alle onde Lidenskaber i Bevægelse og fremkalder en Ufred i Folket, en Splittelse mellem de forskjellige Samfundsklasser, som burde minde os om hint Herrens Ord: 'Hvert Rige, som bliver splidagtigt med sig selv, vorder øde.' (Matt. 12, 25).<sup>334</sup>

Dette er harde, ja, nådelause ord. Ikkje minst må dei ha blitt opplevd rammande for kristne som hørde til i Venstre, partiet som var målskive for angrepet. Oppropet skulle då også legge grunnlaget for eit skarpere klima mellom den radikale og den konservative delen av kyrkja.

For ettertida har oppropet til Johnson blitt ståande som eit eksempel på misbruk av kristendommen i politikken teneste.<sup>335</sup> Denne kritikken kom ikkje minst frå vest, der mange vekkingkristne sjølv hadde gått inn i aktiv politisk verksemd på venstresida.<sup>336</sup> Johnsons livsverk, samlinga av lekmannsrørsla kring det lutherske, mot grundtvigianismen, var truga, i ferd med å smuldre bort.

## Reaksjon og verknad

Skal vi forstå krafta i den reaksjonen oppropet vekke, må det nemnast at Johnson på 1870-talet hadde mista mykje av sin folkelege appell. Saman med han gjekk ein stor del av dei geistlege til høgre i kyrkjesyn og embetsoppfatning. Fram til omlag 1870 kunne kristendommen reknast som det ideologiske fundamentet for det norske samfunnet. I 1883,

<sup>332</sup> S. St.

<sup>333</sup> Frå Time på Jæren sende ordførar S. C. Aasland si takk til Johnson, men han såg ikkje lyst på situasjonen: «– efter at Politiken blev en Modesag, er det religiøse Liv – saa at sige lagt paa Hylden, hvorhos de som var mest paavirkede af Pastor L. Oftedal ogsaa blev de mest fanatiske Venstre-Mænd». (Oberst Ingv. Smidt, 23.august 1883. Sitert frå Wisløff 1961:93)

<sup>334</sup> Johnson, *Aftenposten* 27. jan. 1883

<sup>335</sup> Wisløff 1961:11. Boka *Kristendom og politikk* gir ein vitskapleg gjennomgang av den religiøse og politiske samanhengen skrivet stod i. Carl Fredrik Wisløff, som sjølv var professor i teologi, viser her korleis Johnson gjekk frå å vere lekfolks tillitsmann og leiar, til å bli ein tenar for høgrekreftene i kyrkja og i politikken. Wisløff gir også utrykk for at ein sliten og tilbaketrekt Johnson let seg bruke av den handlekraftige kyrkjeministeren Nils Hertzberg.

<sup>336</sup> Enkelte vekkingkristne leiarar utanom Oftedal gjekk aktivt inn i Venstre, som Andreas Lavik.



då Johnsons opprop blei publisert, var bildet eit anna. Mellom desse tidspunkta hadde vi hatt «det moderne gjennombrotet» og ei politisk radikaliserings som også hadde sett spor i kyrkja. Det er også verdt å minne om at oppropet kom året før krisa i 1884. I denne konteksten var det ikkje mogleg å oppfatte eit slikt skriv som noko anna enn eit politisk utspel.

Mange radikale kristne, også i Lutherstiftelsen, var skuffa over Johnson. Dei meinte å sjå ein mann som gjekk frå tidlegare vener, som vende dei ryggen. Oppropet blei også for dei eit bevis på at Johnson let seg bruke som talsmann for embetsmannsveldet og høgrekraftene. Det vekke bitre kjensler at ein som hadde arbeidd for lekfolket blei så inderleg omfamna i høgborga til dei konservative, *Morgenbladet*.<sup>337</sup>

Gruppa som fylka seg rundt Lars Oftedal hadde blitt radikaliseret, og utgjorde då skrivet kom ut ei politisk kraft å rekne med.<sup>338</sup> I Oftedals avis, *Vestlandsposten*, kom det ein storm av artiklar mot Johnsons opprop, som blei kalla ein politisk pamflett. Avisa *Fædrelandet* talde etter i juni 1884, og fann at det til då hadde vore «27 lange Redaktionsartikler mod Opraabskrifterne» i *Vestlandsposten*, og kommenterte dette slik: «Nu får det være nok –.»<sup>339</sup> Også *Bergens Tidende* slo på redaksjonelt hald fast at oppropet hadde brukt kristendommen til å fremme politiske mål.

Vurderinga av den politiske profilen til skrivet må likevel nyanserast. Kyrkjehistorikaren Hallgeir Elstad meiner at skrivet var embetsmannsorientert, men ikkje eintydig antidemokratisk. Etter hans syn meinte skrivarane nemleg at det var opp til folket sjølv å bestemme kva posisjon religionen skulle ha i samfunnet. Målet var å vise kva som heldt på å skje, og sjå til at folket ikkje handla i blinde, men «visste hva det gjorde».<sup>340</sup> Historikaren John. T. Flint meiner at målet med oppropet var å splitte den politiske venstresida ved å peike på kor stor religiøs avstand det var mellom dei ulike sidene i den radikale grupperinga Venstre, mellom kristne i vest og «fritenkjarar» i aust.

I tråd med temaet for denne avhandlinga er det interessant å sjå korleis *lærarane* stilte seg til oppropet. Då *Norsk Skoletidende* trykte skrivet, var det første gongen det blei sendt ut eit

<sup>337</sup> Det har vore ei innarbeidd oppfatning at oppropet først blei trykt i *Morgenbladet*, men det stod først i *Aftenposten*, og i *Morgenbladet* dagen etter, 28. januar 1883. Det vekke oppsikt at *Morgenbladet* «omfamna» oppropet og Johnson.

<sup>338</sup> Furre 1990

<sup>339</sup> *Fædrelandet* 5. juni 1884

<sup>340</sup> Elstad, H. (2008). «Det gjælder en Kamp for vort Folks Velfærd». Til tolkinga av «Til Christendommens Venner i vort Land». *Historisk tidsskrift* 04 / 2008, vol. 87, s. 633–655 (side 634)  
At denne tiltalen til folket gjennom eit opprop skulle vise ei demokratisk haldning, slik Elstad dels argumenterer for, finn eg noko svakt underbygd. Ein kan vanskeleg tenke seg ei anna adekvat handlingsform når det gjeld å skape ein reaksjon mot den folkelege støtta parlamentarismen òg Venstre hadde på denne tida. Det var ingen tendens til autoritær politisk maktbruk mot meiningsmotstandarane i kulturelle spørsmål, heller ikkje frå konservative statsrådar som Hertzberg og Selmer.

politisk opprop til lærarar i heile landet. Dei var også den største enkeltgruppa som underskreiv, eit teikn på at dei ikkje fullt ut kunne reknast som ei lojal støttegruppe for lågkyrkjeleg kristendom. Dei lærarane som skreiv under, kan likevel ikkje sjåast som representative verken for vekkingsrørsla eller lærarstanden. Gjennomlesing av debattar i lokale lærarmøte viser at svært mange var kritiske til oppropet, ikkje minst fordi det blei sett på som splittande for einskapen mellom lek og lærd. Lærarar gav uttrykk for at eit brot mellom radikale og konservative kristne var ein fare for det religiøse grunnlaget til skolen, og dermed for trusopplæringa.<sup>341</sup>

Frå det folkelege grunnplanet kom det fleire stader til open motstand mot Johnson og oppropet. Eit kristenmøte i *Fyresdal* samla 100 personar. Dei vedtok ein uttale om at dei ville stå vakt om kristendommens sak i samfunnet, men at dei såg med «dyp Beklagelse» på oppropets «politiske Brug af Kristendommen». Deretter samla dei inn 40 kr. til «Oftedals Stiftelser».<sup>342</sup> Også den vekkingsorienterte historikaren Oscar Handeland skreiv negativt om oppropet:

[...] kristendomen, og ikkje minst Gisle Johnsons parti, tok stor skade. Bjørnson fekk mykje rett i det han skreiv i ‘Verdens Gang’, at med dette ‘oldingord’ gav ‘den engang saa mægtige Gisle Johnson’ magti fraa seg. ‘Kristendoms-uppropet’ gjorde meir vondt for kristendomen enn nokon av fritenkjarane hadde magta.<sup>343</sup>

Oppropet kan, på kort sikt, seiast å vere eit strategisk mistak. Etter mitt syn lukkast Johnson likevel med å setje ord på den stigande uroa mange kristne kjende på. Ideen frå oppropet om kamp for kristendommen som grunnvilkår for eit moralsk samfunn levde då også vidare med mobiliserande kraft. Oppropet kan ha styrkt den sjølvrefleksjonen kring kristendommens posisjon i skolen som vekkingsrørsla gjekk gjennom etter skolelova av 1889. Det skulle også vise seg at oppropet ikkje på varig basis hadde splitta vekkingsfolket. Angrepet på «den moderne vantro» skulle snart bli ein akseptert samtidsanalyse i vekkingskrinsar. Johnsons opprop, saman med andre bøker og skriv frå kristne leiarar, kom derfor til å føregripe skolesatsinga og bidra til å samle vekkingsfolket til kamp.

Det står samtidig fast at Johnson, ved å fremme interesser og synsmåtar frå det gamle embetsmannsregimet, kom på kant med sine eigne, og bidrog til ein strid mellom konservative

<sup>341</sup> Eg bygger her på referat frå lærarmøte på Vestlandet, særleg i Hordaland og Rogaland. (Hoprekstad 1960, 1961; Rogaland lærarlag 1952)

<sup>342</sup> *Romsdals Budstikke* 2. juli 1883. Her sitert etter Wisløff, 1961:186

<sup>343</sup> Handeland 1922:151

og radikale, prestar og lekfolk. Sjølv om mange prestar gjekk aktivt inn i lekmannsorganisasjonane, skulle vekkingrørsla aldri sidan sjå seg styrt av kyrkja eller dominert av prestar. Dette kom ikkje minst til syne då vekkingskristne stemte fram ei lov som førte makt og styring i skolen over frå presteskapet til det lokale demokratiet, skolelova av 1889.

## Kap. 6. Biskop, vekkingssvenn og «overlæran» – Johan Christian Heuch

*At ein biskop kunne finna på å koma på eit vanleg møte i bedehuset, var mest like utenkeleg som at mannen i månen steig inn dørene.*<sup>344</sup>

Ein annan teolog som spela på lag med vekkingssvennen var biskop i Agder, J. C. Heuch. Han var den kyrkjeleiaren som sterkast, mest uthaldande, og med størst verknad kjempa for «det bestående» mot liberale og sekulariserande tendensar i dei stormande siste tiåra av 1800-talet. Verksemda hans som biskop viser breidda, men også spenninga i den *kulturfronten* dei vekkingskristne var i ferd med å bygge opp.<sup>345</sup>

Tidleg på 1880-talet meinte Heuch at tida var mogen for å ta til motmæle mot den moderne liberale kulturen, og at alle kristne måtte stå saman i kampen. Bakgrunnen var ei kjensle av at heile det religiøst baserte fundamentet i samfunnet var truga. Den moderne tidsånd blei sett på som nedbrytande med si tru på vitskap, sine radikale fridoms- og framstegsidear og sin kritikk av tradisjonelle institusjonar.<sup>346</sup>

*Johan Christian Heuch* (1838–1904) var fødd i Kragerø, i ein skipsreiarfamilie. Han studerte teologi under Gisle Johnson, og opplevde ei religiøs omvending. «Han fikk nåde til å tro seg frelst for Jesu skyld.»<sup>347</sup> Gjennom teologistudiet i Leipzig utvikla han si lutherske grunnhaldning, «ved tru aleine». Soknepresten i Bragernes, Jørgen Moe, bad Heuch søke stilling som kapellan. Dei to kom til å arbeide saman i ti år, først i Bragernes, sidan i Vestre Aker utanfor Kristiania. Som biskop i Agder, i «bibelbeltet», blei Heuch noko så uvanleg som ein folkekjær biskop.

Heuch får ein særskild plass her fordi han samarbeidde med lekfolket, og fordi han kom til å stå i ein medviten og aktiv relasjon til lærarane. Han var pedagogisk interessert og kompetent, men møtte også kritikk og motstand frå lærarhald. På grunnlag av samtalar med

---

<sup>344</sup> Handeland 1948:319

<sup>345</sup> Felles med vekkingssvennen la han vekt på mennesket sine subjektive religiøse erfaringar.

<sup>346</sup> Løken, H. (2010). «(...) fordi just Kristendommen ved, hvad Tidsaanden har glemt...». Johan Christian Heuchs møte med det moderne gjennombrudd. *Norsk Teologisk Tidsskrift* 03/2010 (Volum 111). S. 159–179 (Side 159)

<sup>347</sup> Bøe 1965:11

lærarane skreiv han bøker og visitasberetninger som kunne lagt grunnlag for ein religionsdidaktikk. Han hadde også sans for vekkingørslas poengtering av skolen som sentral arena for opplæringa i kristendom, og såg verdien i ei kristeleg skolesatsing. Han var ein mektig konservativ kyrkjeleiar, men i møte med lærarane måtte han lære seg å trø varsamt.

Retorisk likna Heuch dei store vekkingspredikantane. Som Lars Oftedal brukte han bilde og forteljingar frå kvardagslivet, og snakka i det heile slik at folk kjende seg igjen.<sup>348</sup> Som prest kunne han samle skarar av tilhøyrarar. Gjennom 1880- og 1890-talet var han aktiv i politikken, og møtte som suppleant (vara) fleire gonger på Stortinget for Høgre. Han foreslo mellom anna at det blei oppretta eit «diakonats» som skulle godkjenne lekpredikantar, slik at vekkinga kunne kome inn under kyrkjeleg kontroll. Forslaget utløyste ein storm mellom lekmannsvennlege politikarar, og blei avvist med stort fleirtal.<sup>349</sup>

Etter at han blei biskop i Kristiansand i 1889, såg han det som si oppgåve å mobilisere alle truande kristne til kamp mot rasjonalistisk og liberal «vantru». Også dei store massane av truande måtte med i striden, meinte han. Denne mobiliseringa gjorde han til ein aktør i samtalanane mellom kyrkja og vekkingørsla. Han snakka med vekkingas emissærar som likemenn. Eksempel på kor intenst samspelet med bedehusfolket var etter at han kom til Kristiansand finn vi i breva den kjende forkynnaren Thormod Rettedal skreiv frå si forkynnarferd i Agder på midten av 1890-talet:

Biskoppen har skrevet til Sverdrup<sup>350</sup> om at han maa faa istand en resolution som gir lægfolk adgang til prækestolen (i kirkerne). Mon det ikke skulde hjælpe naar de hører at den før saa høykirkelige Heuch vil have lægfolk paa prækestolen? De tror vel at alt har snud sig op ned nu.<sup>351</sup>

Endå eit eksempel på korleis Heuch spela saman med vekkingørsla er meklinga han bidrog med for å stifte ein felles organisasjon for indremisjon. Drøftinga gjekk mellom vestnorske oftedalske indremisjonsfolk på den eine sida og dei austnorske johnsonske i Lutherstiftelsen på den andre. I juli 1891 var det samla 500 deltakarar som diskuterte samling av dei to grupperingane. Møtet gjekk føre seg i forsamlingshuset Bethanien i Stavanger.<sup>352</sup> Handeland refererte Heuch slik:

---

<sup>348</sup> Heuch skreiv den første norske læreboka i sjelesorg: *Sjælesorgen hos de syge* (1880). Sjå omtale av Heuch, og særleg boka om sjelesorg i Gilje 2014:429

<sup>349</sup> Molland 1972:44

<sup>350</sup> Jakob Sverdrup, kyrkjestatsråd.

<sup>351</sup> Rettedals brev frå Kristiansand 19. mars 1896 referert i Handeland, 1922:289.

<sup>352</sup> Det er tankevekkande å merke seg at dette møtet, der Heuch og Oftedal må ha møtt kvarandre og

Ein laut ta folket som det var, og lægmanns-arbeidet som folket vilde ha det. So tala dei um skilnaden millom Austland og Vestland. Han sjølv var austlending, men daa han fekk embættet her vest, tok dei kristne imot han so varmt at han gløynde det aldri.<sup>353</sup>

Heuch gjekk altså i samarbeid med bedehusfolket.<sup>354</sup> Det er likevel grunn til å sjå denne «andre omvendinga» hans i eit vidare perspektiv. Rett nok var det strategisk klokt å utvide hærstyrken i kampen mot vantrua. Ei meir djuptgåande forklaring handlar om at vekkingsrørsla etter 1870 hadde organisert seg på landsplan, og ikkje minst danna skolar, deltatt i offentlege ordskifte, og blitt ein maktfaktor i politikken. Mange vekkingskristne høyrde ikkje lenger til dei låge samfunnslaga. Dei var teologisk konservative, hadde ei særleg uro for utviklinga innan den religiøse opplæringa, og var i ferd med å skaffe seg hegemonisk stilling i kristen-Norge, ei gruppe å rekne med.<sup>355</sup> Det politisk radikale preget var blitt dempa. Dette var noko Heuch kan ha lagt positiv vekt på.<sup>356</sup>

## Biskopen, lærarane og pietistane

Visitaseretningane til Heuch, som han skreiv fleire av sjølv, blei eit førebilde når det gjaldt pedagogiske rettleiing. Han utvikla eit fast visitasprogram som gjekk over fire dagar. Den tredje dagen møtte han lærarane. Meininga var ikkje bare å kontrollere kva kunnskapar dei hadde, og korleis dei la fram stoffet for elevane. Målet var også å gi lærarane djupare innsikt i truslæra, dessutan inspirere og instruere dei til å formidle den kristne budskapet på ein klar og truverdig måte. Visitasane hans var ei eksemplarisk praktisk-pedagogisk opplæring.

Skildringane frå møtet med lærarane viser eit intenst pedagogisk engasjement, men osar også av klerikalt maktmedvit. Biskop Wilhelm Bugge har gitt ei inngåande skildring av møtet mellom Heuch og lærarane. «Skolernes Dag» starta med at lærarane blei presenterte for biskopen i koret.

---

arbeidd saman, gjekk føre seg bare fire månader før Heuch måtte presse Oftedal til å vedkjenne si synd og stå fram for kyrkjelyden som ein fallen mann.

<sup>353</sup> Handeland 1922:261

<sup>354</sup> Molland 1972:112

<sup>355</sup> Filosofen *Gunnar Skirbekk* meiner at dette ansvaret for kunnskapsutvikling og opplæring var ein grunn til at vekkingsrørsla opparbeidde seg tillit hos embetsmenn. Desse oppfatta etter kvart motstandarane sine som «rimeleg fornuftige og ansvarlege». (Skirbekk 2010:30)

<sup>356</sup> Engasjementet til Heuch i stiftinga av Notodden lærarskole, og hans tale ved opninga, viser at han var positiv til private kristelege skolar, ikkje minst innan lærarutdanninga. Sjå s. 105f.

Han håndhilser på hver enkelt av dem. (...) Mens lærerne katekiserer, sitter biskopen og gjør sine notater. Mellom hver katekisasjon et salmevers etter lærernes eget valg. Biskopen er da ikke redd for å si fra hvis han synes sangen er dårlig. (...) Han slutter med en kort tale til dem fra kordøren om barnesynder og barnedyder i hjem og skole. (...) Under sammenkomsten med lærerne i sakristiet etterpå behandler han både den tekniske side ved katekisasjonene og stoffets kateketiske behandling. En ting glemte han aldri å understreke: den praktiske anvendelse av stoffet.<sup>357</sup>

Som eg har vist, var også Heuch medviten om den rolla skolen spela i kampen for ei evangelisk «sann» kristentru:

(...) i enhver kulturkamp vil det være om Skolen, at Hovedslaget kommer til at staa, thi det er gennem Skolen, at en Kulturretning gennemtrænger den hele Slægt og gennem de opvoxende Generationer bereder sig en Fremtid hos Folket.<sup>358</sup>

Heuch kritiserte skjematisk kristendomsundervisning. Han skreiv at dei aller fleste lærarane var nøgde om dei fekk elevane til å gjennomføre ei overflatisk logisk slutning, som den at vi skal be om Guds vilje, fordi denne viljen alltid er den beste. Det han kritiserte, var at bøna ikkje blei sett i samanheng med kvardagen til elevane. Lærarane burde bruke eksempel frå livet og ikkje vere nøgde, slik dei fleste var, med ei ordrett formelprega oppramsing av katekisma. Også når lærarane underviste i Bibelhistorie var det etter hans meining tørr bokleg lærdom barna fekk, ikkje visdom for livet: «(...) som oftest holdt man sig til Skallet og lod Kjærnen ligge.»<sup>359</sup> I denne kritikken kan vi høyre ekko frå grundtvigiansk pedagogikk. Som vi ser var Heuch metodisk interessert, men gav ikkje ei samla framstilling av sine didaktiske standpunkt og refleksjonar. Han forma heller ikkje ein medviten strategi for kulturell og moralsk fornying gjennom skolen.

Ikkje alle lærarane likte det Heuch kom med. Det kan vere eit teikn på myndig opposisjon mot kyrkjemakta at lærarar reagerte med kritikk, også mot den omtykte biskopen og hans pedagogiske råd. Dette kan tyde på at kyrkja var i ferd med å miste legitimitet som rettleiar i møte med lærarane. Heuch merka seg stemningsskiftet blant lærarane. Dei er så fintfølande, klaga han:

<sup>357</sup> Oslo bispearkiv. Prekener, katekisasjoner, allokusjoner m.m. ved biskop Bugge, 1961. Her sitert etter Bøe 1965:15

<sup>358</sup> Heuch, J.C. (1884). *Luthersk Ugeskrift*, 15de Halvaar, Januar–Juni, 1884, s. 409. Her sitert etter Hellern 1968:104

<sup>359</sup> Bøe 1965:35

Jeg maatte gjøre mig ret Umage for at belægge mine Ord for ikke at saare dem; jeg maatte holde hele Indledningsforedrag for at vise dem, at jeg ved min Samtale kun tilsiktede at være en 'Medarbeider til deres Glæde'; ellers følte de sig strax krænkede; naar jeg søgte at give dem almindelige Vyer, indbildte de sig, at Alt dette gjaldt, hvad de tilfældigvis havde sagt og følte sig saare uretfærdigt behandlede; navnlig lærte jeg at afholde mig fra al, selv den godmodigste Ironi.<sup>360</sup>

Heuch såg vantrua vekse fram og styrke seg. Samtidig meinte han at kristenlivet mange stader var i full bløming, ikkje minst på Vestlandet. «Man mærker endnu overalt paa Vestlandet, at Kristendommen er en Magt i Folket. Kirkelige og kristelige spørsmåal interessere over alt Andet. (...) En kone med Taarer bad mig sørge for, at Kingo ikke blev afskaffet i Siredalen, saalænge Verden stod.»<sup>361</sup> Særleg nøgd var han med den mottakinga han hadde fått og den interessa han har møtt på Karmøy.

Større religiøs Interesse end hos Folket i Karmsund og Ryfylke skal man vist have vanskelig for at træffe. (...) Under Børneoverhøringen, som ellers kun pleier at overværes af faa Voxne, var der i Kopervik saa stor menighed tilsteede, at jeg slet ikke kunde faa Øie paa Børnene. Men ikke eet mødepliktigtigt Barn var borte.<sup>362</sup>

Sjølv var han ingen pietist. Når han skreiv om dei unge, og klaga over drukkenskap og seksuell utgliding knytt til «nattfrieri», la han dels skulda på den moralistiske pietismen: «Dette kan heller ikke ventes annerledes, da de Ældres strenge Pietisme kuer Ungdommen paa en Maade, som maa ventes at give den Afsmag for al alvorlig Kristendom.»<sup>363</sup> Heuch hadde fleire negative merknader til den pietismen han møtte på Karmøy, men orsaka folket i lett nedlatande vendingar med at dei hadde lite utdanning og stod fast i tradisjonen. Han blei altså venn av vekkinga, men kritiserte den forkynninga han meinte var eit spel med folks kjensler:

[...] den bløde vestlandske Folkekarakter eiendommeligt tillaes af Alt, hvad der gjør Indtryk paa Følelsen, medens den kirkelige Orden og Autoritet saa gjerne opfattes som unødvendige og hindrende Inddæmninger for Aandens sprudlende Liv.<sup>364</sup>

---

<sup>360</sup> Bøe 1965:5

<sup>361</sup> S.st. s. 34/35

<sup>362</sup> S.st. s. 40

<sup>363</sup> S.st. s. 36

<sup>364</sup> Bøe 1965:23



Vekkingsfolk på Karmøy kom i diskusjon med biskopen om kristen etikk og moral. Ein mann klagde på at ein lærar hadde gått i vantruas teneste ved å halde eit verdsleg foredrag om «Vennskap» på ein søndag. Heuch svarte med at sneversynt pietisme var ein av grunnane til at vantrua vann fram og gjorde folk til kyrkjefiendar og trusfornektarar. Eit meir liberalt syn på kva som er synd ville gjere kristendommen meir lokkande for dei unge, meinte han.<sup>365</sup> Han trudde likevel at ein dyktig prest ville kunne føre «Bevægelsen» inn i eit «velsignet Spor».<sup>366</sup>

#### «Vantroens Væsen»

I 1883 gav Heuch ut boka *Vantroens Væsen*, ei samling med åtte lange artiklar. Boka inneheldt redigerte utgåver av foredrag han hadde halde på universitetet vinteren 1881. Her gjekk han krast ut mot religiøs rasjonalisme og politisk radikalisme.<sup>367</sup> Vantru var for han at fornufta blei halden for å vere det einaste kriteriet for sanning, også i tolkinga av Bibelen. «Vantroen kjender alene Tankens Erkjendelse som Veien til at forstaa og derved blive overbevist om Sandheden.»<sup>368</sup> Heuch skreiv at han hadde venta på at andre skulle ta ordet:

Men hidttil har jeg ventet forgjæves. Saa kunde jeg ikke vente længere, om jeg end med stor Frygt har gjort Arbeidet. At det trænges, at Vantroen bliver fremstillet i sit nøgne Væsen, saa Alle kunde se dens Syndighed, vil ingen Kristen benægte.<sup>369</sup>

Heile boka er eit argument mot «Selve Vantroens Grundaxiom, at kun hvad der ad Erkjendelsens Vei kan begribes, er Sandhed for os (...)»<sup>370</sup>

#### «Mod Strømmen»

Mot slutten av livet viste den konservative og dels aristokratiske biskopen i Agder at mange murar var brotne ned mellom presteskabet og vekkingsrørsla, og at grunnlaget for ei motkulturell satsing dermed hadde blitt sterkt og breitt. Heuchs siste polemiske bidrag i kampen mot sekulariseringa kom i 1902, gjennom kampskriftet *Mod Strømmen*. Han sa sjølv at han med denne boka kanskje ville bli sett på som ein sliten gammal mann «som med hæse Ugleskrig vil skræmme opp Menigheden».<sup>371</sup> Boka er spekka med eldfulle angrep på den

<sup>365</sup> Her rører biskopen ved det poenget som er vist til s. 35 ff., at det var eit dynamisk relasjon mellom sekularisering og oppbløming av kristenliv.

<sup>366</sup> Bøe 1965:23

<sup>367</sup> Heuch 1883

<sup>368</sup> S.st. s. 12

<sup>369</sup> S.st. s. Forordet

<sup>370</sup> S.st. s. 279

<sup>371</sup> Heuch 1902:288

rasjonalistiske forkynninga, som etter hans meining var i ferd med å rive grunnen bort under kristentrua. Det er tomheita i den liberale teologien han rasar mot, særleg tanken om å forsone kristendommen med vitskapleg tenking. Det er eit svikefullt feilspor, meinte Heuch, for dei kristne sanningane kan ikkje gripast med ein rasjonell tanke, bare med tru.<sup>372</sup>

Heuchs vektlegging av frelsesmotivet kom indirekte til å påverke den vekkingsbaserte skolesatsinga. Hallesby-biografen Dag Kullerud har vist at boka til Heuch var medverkande då Ole Hallesby vende om frå eit liberalt syn til eit vekkingsorientert evangelisk syn.<sup>373</sup> I tråd med budskapet i *Mod Strømmen* kom Hallesby til å gjere nettopp frelsemotivet til hovudsaka i sin teologi. Det å kjempe mot liberal teologi, og ikkje minst den rasjonalistiske innverknaden i skolen, blei også eit sentralt element i Hallesbys strategi då han i 1912 skreiv sitt store opprop om skolesatsinga i *For Fattig og Rig*. Heuch sette med denne boka også ord på den uroa vekkingskristne kjende på. Som Gisle Johnsens opprop i 1883 fekk kampskriftet til Heuch stor merksemd. *Mod Strømmen* var mellom dei tre mest selde bøkene i 1902, og blei debattert ikkje bare i kristne krinsar, men i alle dei store avisene.

Kampen knytt til *Mod Strømmen* var den siste Heuch kjempa. Då han året etter at boka kom ut låg ved Holmenkollen Sanatorium, hadde han samtalar med den kjende presten J. J. Jansen. Sjuk i astma reiste han stemmen til eit utbrot:

Jeg orker ikke mere. Men gid jeg var stærk fremdeles, da vilde jeg af al min Kraft og Evne reise Lægfolket fra Nordkap til Lindesnæs, jeg vilde reise dem til Kamp paa Liv og Død mod den moderne Behandlingen af Bibelen. Jeg vilde faa dem til at væрге sig med alle Midler, der stod til deres Raadighed, mod Lærebøger, som var smittet af det moderne Syn.<sup>374</sup>

Det bildet som her er gitt av biskop Heuch er meint som eit bakteppe for analysen av vekkingsrørslas kamp om lærarutdanning og skole. Ikkje minst er målet å vise korleis krisekjensla knytt til sekularisering, liberal teologi og moralsk forfall skapte ein handlekraftig allianse mellom kyrkja og vekkingsrørsla. Heuch var hovudtalar då den kristelege lærarutdanninga på Notodden blei opna.

<sup>372</sup> Det er verdt å nemne at Grundtvig kjempa mot kristeleg rasjonalisme alt på 1830-talet. Skilnaden mellom han og Heuch er likevel tydeleg. Grundtvigs påstand var ei vektlegging av livet her og no: «Det modsatte af fornuft var stadig kristelig tro på et himmelsk håb om frelse, men denne frelse gjaldt menneskelivet som det er, og ikke et liv efter døden, som alt jordisk skal være en foreberedelse til.» (Engberg 1985:44)

<sup>373</sup> Kullerud 2016

<sup>374</sup> *Luthersk Ugeskrift*, 15de Halvaar, Januar–Juni 1884, s. 408

<sup>374</sup> Jansen 1909:230

## Kap. 7. «Den vestnorske vekkinga»

### Ei meir radikal rørsle

Etter at Gisle Johnson hadde initiert ei indremisjonsk vekking med senter i Christiania, gjekk det tidleg på 1860-talet ei radikal og lekmannsdominert vekkingsbølje over Sørlandet og Vestlandet. Ho bygde vidare på den haugianske, men også den herrnhutiske rørsla.<sup>375</sup> Dette innebar ein skjerp tone i høve til den johnsonske konservativismen. Vekkingsfolket i vest utvikla ei omfattande og vidfemnande sosial, pedagogisk og medial verksemd. Med dette følgde både politisk og organisatorisk sjølvkjensle, og peika fram mot den styrken vekkingsrørsla kom til å vise på 1890-talet. Denne sjølvkjensla kan vere ein bakgrunn for at rørsla i vest såg seg meir fristilt den kyrkjelege makta og talsmennene for det gamle embetsmannsregimet. I staden for å gjere seg avhengige av støtte frå konservative prestar, baserte vekkingskristne seg på eiga arbeidskraft, eigne idear, eigne pengar. Her stod også ein av dei fremste vekkingskristne leiarane fram, Lars Oftedal.

Bergen blei det første senteret for organisert vekkingsrørsle på Vestlandet. Den 16. desember 1863 blei *Foreningen for Indre Mission i Bergen og Omegn* stifta, med Johan Petter Gjertsen som føregangsmann. Dei som stod bak stiftinga tok avstand frå Gisle Johnsons strenge naudsprinsipp, og hevda lekmenns fulle rett til å forkynne. Foreininga voks fort. I 1870 hadde ho 600 medlemmer og sterke forkynnarar som Lars Oftedal, Jacob Traadahl, Thormod Rettedal, Andreas Lavik og Tor Eriksen Frønsdal. Snart var det bygd ut verksemd på heile Vestlandet, noko som etter kvart førte til at nye misjonsorganisasjonar blei stifta: *Havnemisjonen*, *Den indre sjømannsmisjon* og *Det norske lutherske Kinamisjonsforbund*.

På Sør-Vestlandet var vekkinga frå starten av dominert av Hauge-rørslas folk. Ikkje minst bygde ein på den vidfemnande aktiviteten haugianaren John Haugvaldstad (1770–1859) hadde utfalda i Stavanger.<sup>376</sup> Etter at han slo seg ned i byen, utvikla han ei næringsverksemd som levde opp til Hauges appell om tiltaksevne, nøysemd og flid. Haugvaldstad reiste eit av

<sup>375</sup> *Brødre menigheita, herrnhuterane*, er eit kristeleg trussamfunn organisert 1727 omkring menigheita Herrnhut ('Herrens vern') i Sachsen. Dei ville vere ei samlande rørsle innan kyrkja. Deira misjonsinnsats har vore eineståande i kyrkjarahistoria. I Noreg blei det danna 'sosietetar' i Oslo (1737) og Bergen (1740). I dag har trussamfunnet omlag 400 000 medlemmer på verdsbasis. (Kjelde: SNL, Jane Skjoldli)

<sup>376</sup> Straume 1957

dei første bedehusa i landet, starta fargereri, bakeri, bondehandel, veveri, spinneri, mølle, sildesalteri og gardsbruk. Han hadde meir enn 30 tilsette.

I denne krinsen av vekte (mest haugianarar og herrnhutarar) blei det haugianske synet på opplysning og filantropi sett ut i livet. Barns oppvekstvilkår uroa Haugvaldstad. Han var merksam på problemet med fattige barn, og blei einig med vennene om å starte ein barneheim. I 1834 stifta dei ein skole og oppdragingsanstalt for fattige jenter, *Josephines Stiftelse*. «Hensigten er at opdrage fattige Pigebarn til duelige Tjenestetyende, og, saavidt Stiftelsens Virkekreds naaer, aat søge at fremme Guds frygt, Sedelighed, Arbeidssomhed og Tarvelighed.»<sup>377</sup> I 1841 hadde barneheimen 20 jenter. Denne institusjonen har levd vidare, og er i dag den eldste barnevernsinstitusjonen i landet. Reidar Østerhaug har skrivne om Josefine-stiftelsen, og understrekar at det var ei klar kopling mellom indremisjon og skoledrift for dei haugianske og lekmannskristne stiftarane.<sup>378</sup>

Haugvaldstad fekk syn for misjonssaka på ei reise til Hamburg, og stifta i 1842, saman med haugianske venner, *Det Norske Misjonsselskab (NMS)*. Dette blei den første demokratiske landsdekkande foreininga i Norge. Det nye var at organisasjonen blei styrt av ei forsamling delegatar, utsendingar som representerte lokale foreiningar.<sup>379</sup> Her var reglar for korleis styre og leiing skulle veljast og saker avgjerast. Alle delegatane hadde si rolle definert av kven dei representerte og ut frå kva oppgåve dei hadde i organisasjonen, ikkje ut frå si sivile stilling eller sin sosiale posisjon. I denne organisasjonen stod ikkje prestane over lekfolket. «Sjølv om prestane kunne dominere i Det norske Misjonsselskap, gjorde dei det fordi dei var valde, ikkje på grunnlag av embetet.»<sup>380</sup>

Som haugerørsla var den moderne vekkingsrørsla individorientert, og understreka at sann kristentru måtte vise seg gjennom ei markert omvending og eit «heilagt liv». På det organisatoriske planet var det likevel ein klar skilnad. Medan Hauge let sosiale band vere limet i eit laust landsdekkande fellesskap, utvikla vekkingskristne i siste delen av 1800-talet verksemda si gjennom moderne demokratiske organisasjonar. Den haugianske venneflokk hadde vore ei relativt fåtaleg gruppe, med sterkast gjennomslag på Austlandet. Den moderne vekkingsrørsla fekk sterkast feste i vest. Ikkje minst knytt til Oftedals forkynning voks ho til å bli den største masserørsla ein til då hadde sett.<sup>381</sup> Store folkemengder kom i rørsla, både

<sup>377</sup> §1, Plan for Jofephines Stiftelse, en Opdragelses-Anstalt for fattige Pigebørn i Stavanger, 1837

<sup>378</sup> Østerhaug 2009

<sup>379</sup> Det norske Misjonsselskabs arkiv 1841–1919 (Stavanger), boks 3:3: Konstituenternes navn ved Stiftelsen 1842. Jfr boks 3.2.

<sup>380</sup> Try 1985:15

<sup>381</sup> Furre 1987:34

geografisk, mentalt og sosialt. På «misjonsstemna» møtte gjerne mange tusen.<sup>382</sup> Nye former for kommunikasjon, som post og jernbane, blei tatt i bruk for å samle så store massar. Til årsmøtet for Indremisjonen på Voss i 1883 møtte 12000 deltakarar.<sup>383</sup>

Når Hardanger, Søndhordland og Voss Indre Misjon hadde sine store stemner på forsommaren med ti-tusen deltakarar eller meir, vart alle dampskip i landsdelen tekne ut av rute og sett i spesialtrafikk til stemnebygda. Og det er ein tett samanheng mellom bygginga av Saron på Bryne – og Jærbanen.<sup>384</sup>

Både den johnsonske og den vestlandske vekkinga heldt seg innan dei kyrkjelege rammene. Men striden mellom dei blei sterkare utover på 1870-talet. Motstanden mot Johnsons naudsprinsipp blei frå dei vekkingskristne i vest forklart teologisk. At dei som lekfolk kunne forkynne, blei i statuttane grunngitt med «de kristnes alminnelige vitneplikt, vitnetrang og vitnerett», og det nødvendige «ytre kall» blei gitt av «eldre, anerkjente og ledende brødre».<sup>385</sup>

På Vestlandet organiserte vekkingsfolket seg i regionale fellesforeiningar, som *Ryfylke og Jæren Indre Mission* og *Sunnhordland, Hardanger og Voss fellesforening*. Målet var å kunne gjere større og meir krevjande felles løft. Ein fekk på denne måten styrke til å tilsette forkynnarar, bygge bedehus, trykke og utbreie skrifter, halde store stemne og oppbyggingsmøte. Vi ser her spiren til den organisatoriske og økonomiske makta som skulle gjere det mogleg å starte store fellesprosjekt, som stiftinga av skolar av mange slag.

Frå 1870-talet blei Rogaland, og i særleg grad Stavanger, eit stadig sterkare senter for indremisjon. Byen utvikla seg til ein «religiøs supermarknad», basert på eit organisatorisk entreprenørskap ein ikkje hadde sett maken til i Norge. Den vestnorske delen av vekkingsfolket, med Lars Oftedal som uformell leiar, utgjorde etter kvart også ei politiske makt som ein del av Venstre sitt veljargrunnlag.<sup>386</sup> At Oftedal kunne markere styrke, viste seg då han

---

<sup>382</sup> Siste delen av 1800-talet er ikkje bare 'talarane si tid', det er også *stemmene og folkemøta si tid*. Ikkje bare vekkingsrørsla samla store folkemassar. Det same gjorde andre folkerørslar, som norsksdomsrørsla, fråhaldsrørsla og arbeidarrørsla. På Jæren gjekk det i min barndom segner om desse massemonstringane. Mellom anna høyrde vi om løgeolv som brast under vekta av ei stor menneskemengd.

<sup>383</sup> *Bergens Tidende* 19. juli 1883

<sup>384</sup> Furre 1987:39

<sup>385</sup> Wisløff 1961:37

<sup>386</sup> Tidleg på 1880-talet stod det ein lærar som leiar i meir enn halvparten av alle venstreforeiningar, og det i ei tid då svært få lærarar hadde stemmerett. (Svenningsrud 2012:378)

gjekk ut av Venstre, og saman med presten og politikaren Jakob Sverdrup, stifta Moderate Vestre.<sup>387</sup>

Den radikale indremisjonsleiaren Andreas Lavik tok på 1890-talet til orde for ei samordning av verksemda på Vestlandet.<sup>388</sup> I 1892 blei etableringa av ei «landssammenslutning i vårt indremisjonsarbeid» drøfta på eit møte i Stavanger, men dei 500 som deltok blei ikkje einige om å gå i fellesskap med den austlandskdominerte Indremisjonen. Det fremste ankepunktet var framleis Johnsons prinsipielt negative syn på lekmannsforkynning. Derfor blei *Bergen krets av Det norske lutherske Indremisjonsselskap* oppretta. Den vestlandske vekkinga skulle få sitt fremste organisatoriske uttrykk då Lavik i 1898 fekk ei forsamling av representantar frå heile Vestlandet med på å stifte *Det Vestlandske Indremisjonsforbund*.

Mellom 1870 og 1890 bygde vekkingas organisasjonar opp store verdiar gjennom innsamling av gåver, boksal, avisdrift og forvaltning av eigedom. På 1870-talet samla Lars Oftedals verksemdar bare gjennom frivillige gåver inn omlag 32 000 kroner i året til humanitært arbeid og opplæring.<sup>389</sup> Dette var eit stort løft for folk i ei tid då pengar «bokstavleg tala var ei sjeldan vare».<sup>390</sup> Slik voks rørsla nedanfrå, som ein reaksjon mot, eller eit alternativ til, det prestestyrt kyrkjelege fellesskapet. Det økonomiske sjølvstendet, den organisatoriske styrken og det teologiske medvitet vekkingsrørsla utvikla i perioden 1870–1890 la grunnlag for ei sjølvkjensle som gjorde rørsla mindre avhengig av støtte frå kyrkja og presteskapat. Når vi legg til at dei fleste prestane ikkje var radikale politisk, er det lett forklarleg at den vestlandske vekkinga kom til å distansere seg meir frå kyrkjeleg makt. Sjølv om mange sentrale prestar støtta opp om satsinga på eiga lærarutdanning, det ser vi ikkje minst i *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, kom det manglande samspelet mellom kyrkja som organisasjon og vekkingsrørsla til å bli «ein sjanse som glapp».

<sup>387</sup> «Moderate Venstre» var namnet på den konservative delen av Venstre som samla seg som ei eiga gruppe ved stortingsvalet 1888. Grappa fekk 23 stortingsrepresentantar; leiarar var Jakob Sverdrup og B. Haugland. Moderate Venstre hadde størst tilslutning på Vestlandet. Dei kom til å spele ei viss politisk rolle til omlag 1900. (Kjelde: Store norske leksikon: [https://snl.no/Moderate Venstre](https://snl.no/Moderate_Venstre). Lese 27. mai 2016)

<sup>388</sup> *Andreas Lavik* (1854–1918) var lekpredikant frå Kvinnherad, sekretær i *Det vestlandske Indremisjonsforbund* frå 1898, og redaktør av deira organ, *Sambaandet*. Stortingsrepresentant 1889–1891. Medlem av kyrkjekommisjonen av 1908. Frå 1917 var han leiar for *Bibelskolen* i Bergen. (Kjelde: SNL)

<sup>389</sup> Årsløna for ein lærar var i åra etter 1876 frå 960 kroner til ei toppløn på 1280 kroner, som tilsvarar om lag 80 000 kroner i dag.

<sup>390</sup> Furre 1990:286

Lars Oftedal – prest, vekkingisleiar og skolemann<sup>391</sup>

Det folkelege elementet i vekkingrørsla sigra rundt 1870. Til då hadde embetsmenn, det vil seie prestar, dominert ikkje minst den johnsonske vekkinga. Politisk fekk vekkingfolket makt på nasjonalt plan vel eit tiår seinare. Jens Arup Seip skriv: «Bevegelsen, med tyngde på Sørvestlandet, sikret ‘den mørke kyststripe’ for folkepartiet ved det avgjørende valg i 1882. Den fikk politiske ledere av dimensjoner.»<sup>392</sup> Den fremste av desse leiarane var både prest, politikar, redaktør, vekkingforkynnar og skolemann. *Lars Oftedal* (1838–1900) blei ein av dei fremste kristenleiarane landet har hatt.<sup>393</sup> Han bygde bedehus, stifta aviser og starta ei omfattande filantropisk verksemd, eit vaisenhus og ein skole for «vanartige» gutar. Han var stortingspolitikar for Venstre, og var med på å stifte Moderate Venstre. Oftedal var ein stridsmann heile livet. Han blei hundsa av kultureliten, nedkjempa av sine egne og avsett av biskopen utan nåde, men reiste seg på nytt.

Heilt frå den statspietistiske epoken på 1700-talet hadde opplysningsmedvitne prestar invitert gåverik ungdom til ekstraundervisning. Søndagsskolen, ein grundtvigiansk ide, var eit tiltak som også hadde som mål å styrke kunnskapen til bøndene.<sup>394</sup> Oftedal sette denne ideen ut i livet ved å gi undervisning til alle som ville. Opplæringa hadde eit religiøst, men også eit moralsk og praktisk siktemål. Han ville gi dei unge noko som kunne konkurrere med «de gammelt tilvante stevnemøter ude paa veiene».<sup>395</sup>

Oftedal var vaksen opp i ein lærarheim, og før han sjølv blei prest, underviste han ved Kongsgård skole i Stavanger. Der fekk han attest for å ha vist «en uvanlig stor Nidkjærhed for sin Gjerning», ein som «vandt de små Elevers Godhed og Hengivenhed».<sup>396</sup> Verkeleg skolemann i vekkingas teneste blei han likevel først på Avaldsnes. Der starta han ekstrakurs for ungdom og vaksne. Han opna prestegarden for bygdefolket, og gav fattige mat og opplæring. Elevane kom i hundretal, jentene laurdag ettermiddag, gutane søndag kveld. Faga var skriving og rekning, men mest av alt bibellesing, song og bøn.<sup>397</sup> «Den 13. december bespistes omkring 100 fattige paa prestegaarden baade legemligt og aandeligt. Derefter havde

<sup>391</sup> I denne framstillinga har eg hatt mest nytte av Berge Furre: *Soga om Lars Oftedal* (1999), Jakob Straume: *Kristenliv i Rogaland* (1957) og Emil Birkeli: *Kirke og kristenliv gjennom tidene* (1979).

<sup>392</sup> Seip 1981:130

<sup>393</sup> Jens Arup Seip har meint at det var svært få venstreorienterte prestar, kanskje så få som 20! (Seip 1981:132)

<sup>394</sup> Rådmand Erik Nicolai Saxild (1787–1846) var drivkrafta bak desse skolane, som blei drivne i grundtvigiansk ånd. Sjå Thorkildsen, 1999:143

<sup>395</sup> Furre 1990:139

<sup>396</sup> S.st. s. 51

<sup>397</sup> Kanskje kan denne ideen om søndagsskole vere noko av bakgrunnen då biskop Heuch på 1890-talet var så over seg i undring over den kunnskapen om kristelege emne han møtte hos dei unge der på øya.

vi visnesskolen paa skolehuset, og da var det saa pakket af tilhørere, at jeg maatte gaa ind gjennom vinduet.»<sup>398</sup>

Læretida si hadde han i Agder-fylka på slutten av 1860-talet.<sup>399</sup> Berge Furre skriv i biografien *Soga om Lars Oftedal*:

Vekkinga fylgde han frå bygd til bygd. Han fann vokstergrunn: Lesarflokkane. Deira tid kom i 1870-åra: Glørne låg der og ulma. Heigraset var turt. Det tok til å brenna. Flokkane vart større – somme stader så store at det gav åtgauum ut over grenda. No går det vekking over den bygda og!<sup>400</sup>

Oftedal blei beden av biskopen i Kristiansand, Jacob von der Lippe, om å reise frå uroa han hadde skapt på Sørlandet: «Reis til Karmøy og la os faa fred!» Han fekk eit ledig prestevikariat på Avaldsnes, Karmøy, og skreiv i dagboka eit par år seinare at han «dro dit for der at tilbringe et av de lykkeligste aar af mit liv».<sup>401</sup>

Møtet mellom forkynnaren og folket verka formande på han sjølv, men også på bygda og øya. Her fann han kven han ville vere som prest og predikant. Han gjekk ned frå preikestolen og ut til folket, der dei budde og arbeidde. Vekkinga spreidde seg. Ho skulle få eit omfang og ein styrke ingen før hadde sett, og kom til å endre folks syn på kva det vil seie å vere ein «kristen». Oftedal lukkast fordi han kjende folket, snakka språket deira, og trefte dei heime, både i konkret og overført tyding. Den kvardagsnære forkynninga hans var ingen einssidig kritikk av bygdefellesskapet. Tvert om opplevde folk at han tala deira sak mot det framande og nye som trengde på. Han var demokratisk orientert, la lite vekt på tradisjonelle skilje mellom høg og låg, innanfor og utanfor. Forkynninga hans verka samlande.

Oftedal føregrip skolesatsinga

Som forkynnar, politkar og skolemann la Oftedal grunnen for den vekkingsbaserte skolesatsinga. Gjennom ein intens aktivitet på mange felt bygde han vidare på det folkelege gjennomslaget vekkingane gav, men styrkte også rørsle som organisasjon. Gjennom si verksemd innan media viste han korleis budskapet kunne formidlast i ein moderne samfunns-kontekst, som skolemann og skoleeigar korleis kristeleg kunnskap og danning kunne spreiest gjennom opplæring.

---

<sup>398</sup> Furre 1990:139

<sup>399</sup> Furre 1992

<sup>400</sup> Furre 1990:118

<sup>401</sup> S.st. s. 133



I Time på Jæren, der Oftedal kom i 1873, var han på det mest aktive som lærar og kurshaldar. Han heldt ein fast *vaksenskole* i prestegarden og i kyrkja. Folk frå hans eige prestegjeld, men også frå andre delar av Jæren, kunne melde seg på og følge opplæringa med samlingar ein til to gonger i veka. «Gråhærde kallar og grønne ungdomar sat jamsides paa 'skulebenken'». <sup>402</sup> På det meste hadde han 600–700 vaksne elevar. <sup>403</sup> Denne verksemda peika fram mot Oftedals politiske strategi, der opplæring stod i vekselverknad med religiøs forkynning. Innhaldet i opplæringa var konsentrert om truslære og bibelsoge. Samtidig ville han formidle kunnskap i historie og demokrati, og la vekt på at bøndene gjorde seg kjende med samfunnsforholda.

Var den forma Oftedal gav si undervisning ein modell for den vekkingsbaserte skole-satsinga frå 1890-talet? Det er vanskeleg å svare på. Opplæringa hans blei ikkje referert til av seinare vekkingsorienterte skolefolk. Grunnane til dette kan vere at han ikkje formulerte noka didaktisk «eigenerklæring», og at han etter 1891 var personleg miskreditert som prest og forkynnar. Vi kjenner heller ikkje så mykje til undervisningsforma hans, men ut frå det vi veit, er det meir enn truleg at han sjølv heldt *lærarføredrag med forteljing*. Ikkje minst innan emnefeltet Bibelsoge blei forteljing populært i andre halvdel av 1800-talet. <sup>404</sup> Truleg er det også at Oftedal tok i bruk opplæringssamtale eller *katekisering*, som også var vanleg i skolen, det vil seie formidling gjennom spørsmål og svar. Læraren stilte spørsmål frå læreboka, som oftast var Pontoppidans forklaring, eleven hadde lært svara utanboks. Denne metoden levde vidare enno nokre tiår, men katekiseringa blei seinare oppmjuka med at læraren forklarte innhaldet i teksten, og gjennom *samtale* leidde eleven til det rette svaret.

Det er likevel interessant at skoletiltaka til Oftedal synest å minne om Grundtvigs ideal om «ein skole for folket». <sup>405</sup> Men «voxenskolen» skilde seg frå den grundtvigianske ved at Oftedal ville *forkynne* gjennom å formidle kristeleg kunnskap. På denne måten kom han til å legge grunnlaget for det vekkingskristeleg synet på ein *misjonerande* lærar. Det var Israels historie elevane hans las, ikkje Norges. Det var Brorson dei song, ikkje folkeviser og heltekvad. Opplæringa hans var ei forlenging av gudstenesta, slik Pontoppidan hadde skildra

---

<sup>402</sup> S.st.

<sup>403</sup> Handeland 1922:49

<sup>404</sup> Som metode stod munnleg forteljing i skuld til grundtvigiansk pedagogikk. Denne forma reflekterer mellom andre Henrik Kaarstad over som ei tenleg metodisk form.

<sup>405</sup> Slik eg ser det, kan både Oftedals og Heuchs didaktiske idear vere «roads not taken» når det gjeld å etablere ein vekkingsbasert didaktikk for misjon gjennom opplæring.

dette 120 år tidlegare.<sup>406</sup> Som grundtvigianarane la han også vekt på nyttig kunnskap og demokratisk danning, ikkje minst at den enkelte skulle bruke sitt eige talemål.

Ser vi på planen for opplæringa i Time ei tilfeldig veke i 1878, 11.–18. mars, blir «Voxenskole» halde med to ulike klassar på tysdagar og onsdagar, kl. tre og kl. åtte.<sup>407</sup> Dette viser at Oftedal hadde utvikla sitt skoleprogram langt ut over den naudløysinga han starta på Avaldsnes, der helgeundervisninga var retta mot å «reparere» den mangelfulle etiske opplæringa ungdommen fekk i skolen. I Time hadde opplæringa eit vidare demokratisk og yrkesmessig siktemål, sjølv om kristeleg basert kunnskap også her stod i sentrum. Dessutan hadde kurset fått eit langt større omfang, blitt retta mot vaksne, og organisert som eit stabilt opplæringstilbod med påmelding og ein plan for kva ein skulle gå gjennom av lærestoff.

Den pedagogiske og filantropiske sida ved vekkinga utvikla Oftedal vidare då han slo seg ned i heimbyen Stavanger. Snart var ingen forsamlingsal stor nok, endå han delte «disiplane» i fire klassar. Handeland skriv: «Som av seg sjølv vakna daa tanken um eit større hus, og ‘Lars’ var ikkje den som talde lenge paa knappane.»<sup>408</sup> Den første tomte kjøpte han i Berge-landsgaten på vegne av det han kalla «Skoleforeningen». I januar 1877 opna han vaisenhus på staden. Han stod sjølv som styrar av skolen. Her blei 50 gutar i alderen 12–14 år stua saman på 270 kvadratmeter, ei fattig og forsømt gruppe gutar med mange vonde erfaringar i livet. Her skulle dei ha både skole og heim.

### Forkynning gjennom opplæring

Barneheimideen er eldre enn pietismen. Studiar har likevel vist at det er ein sterk samanheng mellom utbreinga av barneheimsideen og religiøs grunngeving knytt til omsorg for fattige. Då Francke oppretta sitt *Waisenhaus*,<sup>409</sup> var det for å skjerme fattige barn frå nedbrytande påverknad og for å sikre dei eit minimum av opplæring. Då rørsle spreidde seg til Skandinavia, blei dei pietistiske pedagogiske institusjonane som oftast underlagt kristeleg organisasjonar, eller legat med eit religiøst føremål. Den tyske utdanningsforskarer Maria Crespo har gjort ein omfattande gjennomgang av vaisenhus i dei to hundreåra mellom 1637 og 1837.<sup>410</sup> Ho understrekar det nære sambandet det var mellom filantropi, tukt og religiøs forkynning i desse institusjonane.

---

<sup>406</sup> Sjø s. 52

<sup>407</sup> Furre 1990:253

<sup>408</sup> Handeland 1922:50

<sup>409</sup> Sjø s. 57, 111

<sup>410</sup> Crespo 2001

Die Religion im Waisenhaus war von gottesdienstlichen Übungen eingerahmt und strukturiert, Morgens und Abends wurde je eine (im Ablauf minutiös vorgeschriebene) Andacht in den Schulstuben abgehalten und die Mahlzeiten wurden mit einem Tischgebet begonnen und abgeschlossen. Pro Woche erteilte Pfarrer des Waisenhauses insgesamt drei Stunden Religionsunterricht („Catechisation“), jeweils im Anschluss an die ordentliche Schule von 10–11 Uhr. Der Sonntag war – abgesehen von den Freistunden – ganz den religiösen Handlungen gewidnet.<sup>411</sup>

Slik Berge Furre skildrar *Vaisenhus-skolen* til Lars Oftedal, etablert 1877, var dette eit sosialt og pedagogisk eksperiment. Skolen blei prega av tradisjonell disiplin og pugg med tukt og straff, også fysisk straff. Oftedal tilsette først ein mild forstandar som sleit seg ut dei første kaotiske åra. Deretter sette han inn ein «sterk mann», Gabriel Baardsen. Han hadde vist trufast lojalitet til Oftedal, og fekk ansvaret for å tukte og oppdra guteflokken. I kapittelet *Barnekår i Vaisenhuset* omtalar Furre det som var nærast eit fengsel for elevane, med utstrekkt bruk av vald. Oftedal deltok sjølv i den hardaste avstraffinga.<sup>412</sup>

Vaisenhuset ser ut til å vere bygd på ein tradisjonell pietistisk mal. Skoledagen var prega av trusopplæring og forkynning, «det daglege brødet» for barna. «Det kristne var ikke berre et tilbud, men og tvang. Å ikke delta i den pålagte aktiviteten førte oftest til represalier.»<sup>413</sup> Pontoppidans forklaring blei brukt som lærebok. Opplæringa varte i 11 timar, med bordbøn og song, med Guds ord morgon og kveld, og med kyrkjegong på søndag. Skolen hadde ei utvida kristendomsopplæring, men var også yrkesretta.

Elevane skulle læra dei same faga som i allmugeskulen, bli gode i rekning og skriving, og dessutan få direkte kontakt med arbeidslivet, læra arbeida ved verkstader og andre tiltak i Kvartalet. Skule og arbeid skulle gå hand i hand og førebu til eit liv i trott og ‘Herrens Tukt og Formaning’ på vegen til Himmelen.<sup>414</sup>

På Lindøy nord for Stavanger oppretta Lars Oftedal ein skoleheim for «vanartede og fordervede gutter». Han kjøpte den 280 mål store øya i 1887, og opna året etter *Redningshjem og Oppdragelsesanstalt* med det religiøst prega namnet «Håpet». Skoleheimen hadde plass til 30 gutar i alderen 10–16 år. Tiltaket blei sett på som ein del av vekkingsrørslas filantropiske

---

<sup>411</sup> Crespo 2001:88

<sup>412</sup> Furre 1990:301

<sup>413</sup> Eikeland 2007:46

<sup>414</sup> Furre 1990:302

og pedagogiske verksemd. Dette blei ein heim for gutar som var uskikka til å bu i Vaisenhuset i Stavanger.

Vekking, konsernbygging – og fall

Vekkingane kom og gjekk, men Oftedal samla alltid store folkemengder. Sterkast inntrykk gjorde han med forteljingane knytt til det yrket og den kvardagen tilhøyrarane levde i. Han brukte også forteljingar og likningar frå Bibelen, men ikkje teologiske utlegningar. Som forkynnar viste han at han kjende slitet og gledene folk levde med til dagleg. Slik kunne han trollbinde ei forsamling. Det fekk Arne Garborg oppleve. Han hørde den store vekkingseleiaren tale i Nærbø kyrkje.

So sat eg der og hørde på han. Og han var go'! Det var noko luthersk eller amerikansk djervt i måten hans. (...) Men han tala til meg. Endefram til meg. Som det kunne vera han far eller ein annan av mine eigne. Eg sat der fjetra, rådlaus, mest redd. Visste ikkje kvar eg skulle gjera av meg. Han kom så beint innpå meg.<sup>415</sup>

Stillfarande haugianarar hadde møtt kvarandre til fellesskap og oppbygging i Nygaders Forsamlingshus i Stavanger. For møta til Lars Oftedal var ingen tradisjonelle bedehus store nok. I 1874 opna han det største forsamlingslokalet i Stavanger, *Betania*. Huset blei snart utvida til å ta 3500 menneske, og blei dermed eit av dei største forsamlingslokala i landet. Då han skulle markere opninga av Vaisenhuset på nabotomta, visste han at det ville bli kaos. Han la derfor møtet til ein kald dag i februar, kl. 5.30 om morgonen. Likevel blei salen meir enn full.<sup>416</sup>

På tre–fire år reiste han 10 bygningar i bakken aust for Breiavannet. Dette blei eit kultursenter på vekkingas grunn, eit konsern for sosial, religiøs, mediemessig, politisk og pedagogisk verksemd. Berge Furre skriv at det frå rørsle trykkeri, forlag og bokhandel «gjekk ein strid straum av aviser, blad og bøker».<sup>417</sup>

Frå den tida Oftedal kom til Karmøy, spreidde vekkingane seg både i Agder og i Rogaland. Gjennom folkelege stemne, men ikkje minst gjennom aviser og bøker, fekk rørsle ei heilt anna spreiding enn på Hauges tid. Informasjon og kristeleg forkynning blei etter kvart gitt i ulike publikasjonar. Mellom 1870 og 1884 auka talet på aviser i Norge frå 70 til 256.

<sup>415</sup> Garborg, sitert etter Straume 1957:55

<sup>416</sup> Furre 1987:34

<sup>417</sup> Furre 1990: 266

Leseinteressa eksploderte. Det fanst snart aviser i byar og bygdesentra over det meste av landet. Dei ulike vekkingorganisasjonane starta sine egne aviser til spreiding av den kristne bodskapen, og til intern oppbygging og informasjon. Den første avisa til Oftedal, *Vestlandsposten*, blei den største utanfor Kristiania. Her blei religiøse og sosiale spørsmål drøfta og analysert. Vekkinga var dermed ikkje bare basert på emissærkorps og bedehusmøte. «Bodberaren» var ikkje lenger eit enkelt «bibelbud», men eit raskt veksande mediehus. Dette endra kommunikasjonen i vekkingrørsla, internt og eksternt. Ein vekkingorientert *mediekultur* var i ferd med å vekse fram.<sup>418</sup> Bruken av media, institusjonsbygginga, den filantropiske og pedagogiske verksemda, alt stod under vekkingas fane og målsetting: «det ene nødvendige», «sjelers frelse».<sup>419</sup>

Oftedal var ein kampglad mann, men motstanden auka og striden blei hard. Alt frå han var sjømannsprest i Cardiff og omreisande emissær i Agder hadde han terga på seg dei kyrkjelege autoritetane. Stadig låg han i kamp med lokale prestar, som Anton Christian Meyer, sokneprest i Time. Fleire gonger nekta han Oftedal å tale i kyrkja, men måtte til sist gi etter for press frå lekfolket.

Til slutt blei motstandarane for sterke. Den mektige lågkyrkjelege appellen, den sterke ekspansjonen innan næringslivet, dei radikale sosiale og politiske synsmåtane, og ikkje minst mangelen på audmjukne og respekt for kyrkjelege autoritetar, vekte ein motstand så sterk at sjølv ikkje Oftedal kunne bli ståande. Han blei pressa til å trekke seg frå prestestillinga, og det på den mest audmjukande og dramatiske måten. Leiarane i kyrkja, med biskop Heuch i spissen, fekk han til å vedkjenne «usedeleg åtferd». Allehelgensdag, 1. november 1891, stod Oftedal fram i kordøra i Petri kirke og fortalde at han hadde gjort seg skuldig i synd mot det sjette bodet, og at han derfor måtte slutte som prest. Dei som var i Petri kirke denne søndagen, fekk sjokk. Nyheita slo ned som lyn blant venner og tilhengjarar.

Heuch, som jo var blitt venn med vekkingrørsla, og med Oftedal, kom i ei ubehageleg klemme. Han sende ikkje ut noko «hyrdebrev» til prestar og menigheiter om saka. Dette grunn gav han med at fallet til Oftedal var ei personleg synd, ikkje ei hending som kunne setjast i samband med rørsla han var ein kjend, men omstridd leiar for. På denne måten frikjende Heuch rørsla som «medskuldig» i Oftedals fall.

Etter nokre år skulle Oftedal kome til å reise seg. Det meste av det han bygde opp levde også vidare. Ikkje minst har sambandet mellom sosial verksemd, opplysning, skole og misjon

---

<sup>418</sup> Furre 1990:342

<sup>419</sup> Også i bruken av media fins det ein samband mellom *Hans Nielsen Hauge* og *Lars Oftedal*. (Haukland 2014)

blitt ståande. Mykje av dette peikar tilbake til tida då forkynninga hans først utløyste den store vekkinga på Avaldsnes. Det peikar også framover mot vekkingisleiarar som såg på skolen som ein reiskap i kampen mot moralsk utgliding og liberal teologi.

### Skolesatsingas moralske fundament

Oftedal formidla som nemnt budskapet gjennom moderne medium. Slik peika han fram mot Hallesby, som ein generasjon seinare, gjennom *For Fattig og Rig*, skulle tenne vekkingrørsla til medviten innsats innan skole og lærarutdanning. Begge desse leiarane hadde *moralsk uro* som grunngeving for sin strategi på samfunnsplanet. Berge Furre formulerer denne uroa slik: «Utan at folk flest respekterte kristne moralnormer, ville samfunnet søkkja ned i kaos og kriminalitet.»<sup>420</sup> Både Oftedal og Hallesby meinte at skuggesida av demokratiseringa var ei verdsleggjering av staten, og i neste omgang av skolen. Begge bidrog til at skolesatsinga fekk eit moralsk fundament, og begge hadde rekristning av samfunnet som mål.

Det var enno ei utbreidd førestilling at kristentrua var sjølve limet i samfunnet. Samtidig blei det ståande som eit paradoks at det liberale samfunnet skulle vere avhengig av eit bestemt livssyn for å hindre kaos og anarki.<sup>421</sup> Dette var eit framhald av haldningar frå den statspietistiske tida då kongen og staten meinte at folkeleg opplysning handla om «rikets tryggleik». Opplæringa i kristendom var dermed ikkje bare i kyrkjias interesse, ho blei også sett på som ein måte å sikre lojaliteten til statsstyret, og dermed ei sikring av den nasjonale einskapen.

Verken Oftedal eller Hallesby meinte at kristeleg fornying kunne sikrast bare gjennom statens midlar og tiltak. Fornyninga måtte kome frå den enkelte, og skape ei reising av folkelege verdjar i sivilsamfunnet. Begge såg ein motstandar i den sekulariserte indifferensen hos den sosiale og kulturelle eliten. Oftedal såg nok skolen som eit ansvar for vekkingrørsla og den enkelte kristne, men først hos Hallesby blei dette eksplisitt uttrykt. Der Oftedal nærast intuitivt la vekt på kristeleg opplysning som eit *supplement* til den offentlege skolen, utforma Hallesby ein medviten handlingsretta strategi for rekristning av folket *gjennom* skolen. Dette viser både ei utvikling innan vekkingrørsla, men også ibuande motsetnader ved vekkingrørslas ideologi. Omvendinga innebar ei inderleg tilslutning *innanfrå*, og vekkinga representerte ei samfunnskraft *nedanfrå*. Samtidig ville ein realisere visjonen gjennom «øvrighetsstatens» folkeskole, og bygde dermed ein skolestrategi med mål om kristianisering *ovanfrå*.

---

<sup>420</sup> Furre 1990:114

<sup>421</sup> S.st. s. 14

Denne framstillinga av synet til leiande konservative kyrkjefolk og radikale vekkingsfolk er ei forenkling, men viser til den sjølvmedvitne haldninga vekkingsrørsla utvikla mot slutten av 1800-talet. Sjølvkjensla bygde på sentrale aspekt ved skolesatsinga:

- Dei vekkingskristne hadde utvikla ei teologisk forståing som gav rom for lekmannsbasert forkynning og dermed fast tilsette emissærer
- Vekkingsrørsla hadde utvikla landsdekkande organisasjonar
- Rørsla hadde vist økonomisk styrke til å ta på seg store samfunnsoppgåver
- Sjølv om dei var medlemmer av kyrkja, såg dei vekkingskristne seg frie i høve til den kyrkjelege maktstrukturen
- Rørsla hadde utvikla moderne mediale kanalar for intern og ekstern kommunikasjon
- Opplæring i «sann» kristendom blei sett på som einaste vegen ut av den krisa samfunnet gjennom sekulariseringa var komen i.

## Kap. 8. Emissæren og læraren

### Emissæren – ny arbeidar i «Guds hage»

I siste delen av 1800-talet bles sterke vekkingssvindar på Sørlandet og Vestlandet, men også i Vestfold, Østfold og Kristiania. For å stimulere til vekking, og halde trua levande i dei nyomvende, engasjerte organisasjonane omreisande forkynnarar. Skikken med vennebesøk var kjend frå haugianarane. «Førebildet låg i forkynnarferdene til apostlane. Med utspring i haugianar-tradisjonen kunne den som kjende seg kalla til det, dra ut som ‘reisande broder’». <sup>422</sup> Vekkingas formidlarar, lekpredikantane og emissærane, hadde eit sosialt opphav som likna det til lærarane. <sup>423</sup> Dei var menn av folket, til vanleg søner av bønder og fiskarar, sjeldnare husmenn og arbeidarar. <sup>424</sup> Oscar Handeland gir eksempel på korleis omreisande talarar såg på forkynninga som ei *pedagogisk* oppgåve, som då ein talar aktiviserte forsamlinga ved å gi ordet til unge nyomvende, som vitna om sin veg til omvendning og «nytt liv». <sup>425</sup>

Emissæren stod i ein sosial mellomposisjon, med ein annan legitimitet enn presten. Han tala i ein folkeleg, ikkje-akademisk stil, som regel på dialekt. Kontrasten mellom prest og predikant er skildra i eit situasjonsbilde frå bedehuset i Åseral. Året er 1874. Emissæren heitte Thormod Rettedal. <sup>426</sup>

Lekpreikaren stig fram. Det er som heile samlinga får nytt liv straks han opnar munnen. Han bruker målet så det syng, og då det lid mot slutten, spring skumet fram i munnvikene. Men folket hefter seg ikkje så mykje ved dette, dei sit gripne av åndsmakta som strøymmer ut frå mannen. For deira indre auga veks han til ei åndskjempe, og presten attved kryp i hop som ein skulegut. <sup>427</sup>

<sup>422</sup> Seland og Agedal 2008:62

<sup>423</sup> Det har i historiske framstillingar blitt vanleg å sjå utviklinga av den leke forkynnaren i tre fasar: 1. Den haugianske vennebesøk (etter 1800), 2. Den amatørlekepredikanten eller «bibelbodet» (etter 1860), 3. Den tilsette emissæren (etter 1900). (Fossåskaret 1987, Furre 1992b)

<sup>424</sup> Handeland 1948:532

<sup>425</sup> S.st. s. 532

<sup>426</sup> *Thormod Rettedal* (1849–1909) starta som ‘bibelbud’ i Lutherstiftelsen. Han utløyste store vekkingar på Sør- og Vestlandet. Han kom ofte i konflikt med prestane. I 1885 kom han til koparverket Visnes på Karmøy, der Oftedal hadde forkynt i 1870. Det er fortalt at han gjekk på dansetilstelling, og talte slik at han fekk heile forsamlinga til å falle på kne. Etter dette kalla biskop Heuch Karmøy ‘de helliges ø’ (‘Insula sanctorium’). Det kom mange klager mot Rettedal for hans krasse stil.

(Kjelde: Nils Dybdal Holthe, <http://biografier.blogspot.no/2011/02/46thormodrettedal.html>)

<sup>427</sup> Handeland 1966:60



Historikaren May-Brith Ohman Nielsen har omtala tida for dei store vekkingane, mellom 1870 og 1930, som «talarane si tid». Ho meiner at det var dei folkelege vekkingane som la grunnlaget for at det på denne tida blei utvikla «stor folkelig og intellektuell respekt for den gode taleren og for talen som arena for påvirkning av menneskers tenkning og adferd».<sup>428</sup> Gjennom dyktige talarar fekk vekkingsrørsla status. Nielsen meiner at den religiøse talen som sjanger blei paradigmatisk for den politiske talen.<sup>429</sup> Slik det var knytt ein viss respektfull avstand til lærarrolla, kravde også emissærrolla ein autoritativ distanse til folket. I tråd med grunntonen i budskapet måtte det tvers gjennom det kvardagslege skapast «ein aura av høgtid rundt hans person».<sup>430</sup> Samtidig var emissærane, som lærarane, avhengige av både sosial og formell aksept.

Ikkje mange år etter dei første store vekkingane på Vestlandet blei det diskusjon om ordninga med fast tilsette forkynnarar. I 1878 kom spørsmålet opp på eit kristeleg storstemne i Ulvik i Hardanger: «Er det nok at predikantane har eit ‘indre Kald’, eller måtte dei også ha eit ‘ytre’ – ein autorisasjon?»<sup>431</sup> Dette var eit spørsmål med prinsipielle implikasjonar. Skulle vekkingsrørsla, bare nokre tiår etter at kristenfolket hadde fått fridom til å forkynne, binde seg til eit «privat embetsverk», no representert ved profesjonelle forkynnarar tilsette i Indremisjonen? Samtidig måtte ein ta omsyn til at det kunne bli spreidd mykje heimesnekra teologi som ville rive ned det ein var i ferd med å bygge opp. Møtet i Ulvik slutta seg til tradisjonen frå haugianarane om at dei «eldste» i forsamlinga skulle seie ja eller nei til forkynnarane som kom til bygda: «Det ydre Kald bestaar i en Opfordring, Opmuntring, Anbefaling fra de Ældre, anerkjødte og ledende Brødre fra det Sted, hvor en optræder.»<sup>432</sup>

Det var ei hard teneste under krevjande vilkår dei stod i, emissærane. Med låg løn og utan velferdsgode av noko slag reiste dei land og strand rundt, og tok inn i privatheimar, som gjerne var enkle, tronge og fulle av barn.<sup>433</sup> Reaksjonen mot fast tilsette forkynnarar baserte seg truleg på redsla for at det spontane og kjenslebaserte skulle kome i bakgrunnen, at det emotive særtrekket ved vekkinga som motiv for tilslutning skulle bli svekt.

---

<sup>428</sup> Nielsen 1995:75

<sup>429</sup> S.st.

<sup>430</sup> Agedal og Seland 2008:71

<sup>431</sup> Furre 1990:567

<sup>432</sup> *Bibelbudet* 33/1878. Dette bladet kom ut kvar veke frå 1872 til 1891. Det inneheldt mest stoff skrivne av Lars Oftedal. Her finn vi mellom anna preiker, ulike ‘Betraktninger’, forteljingar og ei mengd songar og salmer.

<sup>433</sup> I boka *Mors og fars historie*<sup>433</sup> har Edvard Hoem skildra det sterke kallet som dreiv verksemda til far hans, emissær i Indremisjonen, bort frå gard, kone og barn halve året. Som tilsette fekk emissærane etter kvart avtale om løn, arbeidstid, overnattingsvilkår og transport. I *Det norske misjonsselskap* hadde dei frå 1913 ein avtale om at «for sykkelkjøring fra 10 km. og opover kan emissærene beregne sig 10 øre pr. km.». (Seland & Agedal 2008:64)

Organisasjonane på Vestlandet gav emissæren ei særleg fri og myndig stilling. Her blei forkynninga til lekmenn halden for å vere likeverdig med den til prestane. Dette innebar eit klarare brot med kyrkjemakta enn den johnsonske grupperinga kunne stå inne for. Ut frå styrken i denne endringa konkluderer Berge Furre med at embetsmenn på denne tida «miste kontrollen og styringa med religionsutøvinga».<sup>434</sup>

## Læraren – ein folkeleg dannelsingsagent

Læraren kunne likne emissæren. «Oppgåva hans var å *vekke* elevenes kristne og nasjonale sinnelag og forløse deres iboende potensial som mennesker.»<sup>435</sup> Desse to yrkesrollene utvikla seg også lenge gjennom liknande steg. Dette skjedde samtidig med etableringa av det lokale demokratiet som styrande aktør i skolen. Omgangsskolelæraren, som gjekk mellom gardane og heldt skole, var nær bygdefolket på godt og vondt. Trass i den forakta mange kjende for den omflakkande, dårleg utdanna og ille løna skolehaldaren, var han ein av deira eigne, ikkje ein fjern embetsmann.<sup>436</sup> Yrkesidentiteten hans var forma av det kvardagsnære samspelet med bygdefolket. T.O. Aasland var omgangsskolelærer i Time på Jæren frå 1858. Han tok seminareksamen, og fekk stilling ved ein folkeskole i Stavanger. Aasland fortalde seinare om tida som lærar i Time. Der kom han ein gong til

en gard hvor man fandt frem tomtønder, lagde fjæle ovenpå, og det lange skolebord var ferdigt. Der i huset havde man netop et grisebøle på 8-10 stykker. Under sine øvelser på gulvet kommer de næsevise grise for nær tønderne, og skolebordet med Grøgård og Pontoppidan må samles op af gulvet.<sup>437</sup>

Nærleiken til bøndene bygde også på at læraren gjerne dyrka jorda ved sida av tenesta i klasserommet. Var han fast tilsett, fekk han sin eigen bustad, i første omgang i sjølve skolehuset. Det blei gjerne lagt jord til lærarbustaden.<sup>438</sup> Dei fleste lærarane hadde også vakse opp med gardsarbeid, og kunne hjelpe bøndene til å gjere seg kjende med nye dyrkings-

---

<sup>434</sup> Furre 1987:37

<sup>435</sup> Thue 2019

<sup>436</sup> Per Riste, målagitator og grundtvigianar, meinte frå si reise blant bøndene på Sunnmøre 1872 å ha «prov» på at omgangsskulelæraren kom i nærare kontakt med folket enn fastskolelæraren. (Riste 1934:1309)

<sup>437</sup> Rogaland lærarlag 1952:81

<sup>438</sup> Det blei gjort då den andre fastskolen i Rogaland blei etablert i Kopervik i 1798. Så seint som i *Lov om skolen på landet, 1936*, stod det om jord for læraren: §24 «Hus og jord til læraren. Vil eit herad leggja jordveg til ein lærarpost, kan det få avgjeve prestegardsjord eller bygdeledigt benefisert gods eller statsgods.» (*Lov um folkeskulen på landet frå 16. juli 1936*. Oslo: J.M.Stenersens Forlag)

metodar gjennom bøker og blad. Denne «doble lærarkompetansen» letta innpassinga til bygdekulturen, ikkje minst for dei som kom utanfrå.<sup>439</sup> Optimisme trass tronge kår er grunntonen når den sunnmørske læraren Per Riste fortel om Per Lid, ein kollega som sleit for føda:

Men det er med honom som med so mange skulelærarar. Det er smaatt med honom. Han hev kone og tri born, og so heve han ei god tredve Dalar i Løn og ein liten Mole med Skrapemark aa liva utav. Men hans Mod er ungt og rankt. Det heve dei vaate Myrarne og Steinarne fenget kjenna, so myket at der no er ein pen Grasvoll og ein Hage kring Skulehuset.<sup>440</sup>

Med styrkt utdanning stod lærarane i stigande grad fram som sjølvmedvitne bygdeleiarar på det kulturelle feltet. Som representant for mellomlag kunne den utdanna læraren vende seg i fleire retningar, sosialt og politisk. Dette kunne samtidig gjere at avstanden til bygdefolket auka, at lærarane blei fine på det. At læraren sosialt sett var på veg opp, kom til uttrykk i ei utsegn frå skolestyraren Torkell Mauland i Time. Han fann grunn til å minne lærarane om kvar dei høyrde heime, at dei medvite måtte velje bondestanden framfor overklassen, elles ville dei bare kome til å «halde i Skautet på Storfolki».<sup>441</sup>

Lærarane hadde verken god løn eller privilegium, heller ikkje etter den opprustinga skolelova av 1860 innebar. Enno hadde dei lite politisk makt. Vile dei spele ei rolle i det framveksande borgarsamfunnet, og for eksempel gå inn i politikken, måtte dei bli jordeigarar. Men med statens satsing på seminar etter 1860 var optimismen innan lærarutdanninga stigande. Det var meir enn sjølvskryt på vegne av seminaret på Hamar då Nils Hertzberg i eit tilbakeblikk i 1910 skildra arbeidsviljen til dei unge lærarskoleelevane på det nystifta Hamar seminar.

Opmerksomme og mer pliktopfyldende Dicile end Seminarlæringerne har jeg aldrig havt. Overfor dem gjaldt det heller at holde deres Lærelyst og Flid i tømme end at anspore dem; de slugte hvert Ord af Lærerens Mund og bevarede dem i et tro Minde. (...) jeg tør sige at det var Blomsten af Bonde-Ungdommen. Maatte det alltid kunne siges om vor Folkeskoles Lærere; der er ingen Stand i Landet, der har en saa

---

<sup>439</sup> Haugland 1995:106

<sup>440</sup> Riste, P. (1934). Dagbok på Ferdi Sumaren 1872. *Tidsskrift for Sunnmøre historielag*, 1933–34. (s. 1309)

<sup>441</sup> T. Mauland i målbladet *Svein Urædd*, 14.07.1870

betydningsfull Gjerning og et saa stort Ansvar som de: paa deres Arbeide hviler Massen af Folkets Religiøsitet, Sædelighed og Oplysning.<sup>442</sup>

I *Lærer-standens avis* skildra redaktøren Arne Garborg den leiarrolla læraren var i ferd med å få i bygdene. Han skreiv i 1871 at læraren var på veg frå å vere

en abc-indbanker i kakkellovns-krogen til en folkelærer i og for livet. Og lærerne begynder fra en flok spredte individer uden indre forbindelse, at blive til en enhed, til et hele, der føler sig mer og mer som staaende i samfund, kort til, hvad man aandeligt talt kan kalde en stand.<sup>443</sup>

Lærargjeringa var etter Garborgs meining eit høgverdig etisk dannelsingsoppdrag. «Det hjelper korkje timeplanar elder instruksar elder nokon ting; det som gjer skulen til det han er, det er læraren.»<sup>444</sup> I dramaet *Læraren* (1896) seier han at presten hentar autoriteten ovanfrå, medan læraren hentar han frå bygdefellesskapet.

Historikaren Kjell Haugland fortel om ein folkekjær og sjølvmedviten lærar, seminaristen Mons Bjørlo frå Nordfjord. Han hadde lærarstilling i Oppdal gjennom 40 år. Bjørlo tok i 1867 initiativ til den første politiske organisasjonen i bygda. Dei aller fleste av dei om lag to hundre som melde seg inn i *Folkeforeningen i Opdal* var bønder, ikkje ein av dei var husmann. «Ei yrkesgruppe er til gjengjeld påfallande overrepresentert: lærarstanden. Minst sju lærarar, truleg ni, melde seg inn, og det var nesten heile yrkesgruppa på den tida. Og dei fekk sentrale posisjonar.»<sup>445</sup>

Lærargruppa i Oppdal viste teikn til stigande status. Dette kom til syne ikkje minst då Bjørlo stod opp mot presten i bygda, kapellanen Hakon Arnesen, som ville nekte elevane å synge fedrelandssongar i skolen: «Der gik en hovmodighedens Aand gennem vore National-sange, en gudløs Lameks Aand, og den var det, som stødte Kristenfolket.»<sup>446</sup> Den eine læraren etter den andre reiste seg og støtta Bjørlo, som hevda at fedrelandssongane var eit tenleg middel i opplæringa, for dei kunne «vække skjønne og blide Minder om Fædrenes Daad og Bedrifter».<sup>447</sup>

---

<sup>442</sup> Hertzberg 1910:54

<sup>443</sup> Per Buestreng (A. Garborg) *Lærer-standens avis*, 27. juli 1872, s. 131

<sup>444</sup> S.st.

<sup>445</sup> Haugland 1995:102

<sup>446</sup> S.st. s. 106

<sup>447</sup> S.st.

Lærarar som Bjørlo tok ansvar på det kulturelle, religiøse og politiske feltet. Saman med bestillingsmenn, handelsmenn, skipparar, jernbanefolk osv. stod dei fram som ei ny og veksande mellomgruppe. Hans Try understrekar at desse bygdebaserte gruppene var meir medvitne sin eigenart enn arbeidarane i byane. Særleg i egalitære miljø, der bare presten raga over bøndene i status, fekk lærarrolla stort spelerom og ei bratt sosial stiging.

Lærarane markerte seg etter kvart på landsplan.<sup>448</sup> Dei spela ei formande og formidlande rolle då det parlamentariske styresettet blei kjempa fram. Ikkje minst tok dei del i den politiske kampen for folkeleg opplysning, og var med på å skape ein skole for alle. Try skriv at dei «fremhevet sitt ‘kall’ som folkets oppdragere, men ønsket også å bedre sine kår og sin stilling. Samtidig ønsket de å markere at de tilhørte ‘folket’». <sup>449</sup> I starten gjekk dei lokale *lærarlaga* inn for å styrke yrkesmedvitet til medlemmene. Etter kvart som foreiningane blei avgrensa til utdanna lærarar, kjempa dei for økonomiske krav på vegne av desse. Samtidig ville dei påverke styresmaktene ved å uttale seg om skolepolitikk, ikkje minst om lærarutdanninga.<sup>450</sup> Try peikar på at utviklinga, særleg etter 1860, ikkje bare gjaldt lærarens ytre vilkår, men slo ut i større sjølvkjensle knytt til eigne evner og eigen sosial posisjon.<sup>451</sup>

Med ei lengre og meir kunnskapsbasert yrkesutdanning auka den folkelege tilliten til lærarane som yrkesgruppe. Eit eksempel på dette gir historikaren Kjell Haugland når han omtalar foreldre som kommenterte at ein lærar i bygda brått hadde innført landsmål i opplæringa. «Då han byrja med landsmålet sitt i skulen, let dei han halde på med det, for dei visste at han bare gjorde det som tente borni best.»<sup>452</sup> Folkeminnegranskaren Ørnulf Hodne omtalar den rolla læraren spela som sentral aktør i det kulturelle livet i bygda:

Læraren hadde høge hugmål, og var engasjert i fråhaldssak, målsak, norskdøm og kristendom. Han levde med folket i glede og sorg, og han var kyrkjesongar, og forsongar ved gravferder og slikt. På 17de mai var han sjølvskriven talar. Det var han som hadde lengste maisløyfa i jakkeslaget, og det var oppfatta som at han var den som stod på høgaste nivå i kunnskap og nasjonalkjensle.<sup>453</sup>

---

<sup>448</sup> Try 1995:12

<sup>449</sup> S.st. s. 383

<sup>450</sup> Skinningsrud 2012:377

<sup>451</sup> Try 1995

<sup>452</sup> Haugland 1977:181

<sup>453</sup> Hodne 1987:75

## «Ei ufolkeleg lærarutdanning»

Alt i 1840 hadde bondeopposisjonen på Stortinget hevda at seminara var dyre og stod fjernt frå folket, at opplæringa av lærarar til omgangsskolen blei forsømt. Det blei sagt at ein heller burde satse på dei lokale lærarskolane, og la desse arbeide for opplysning, ikkje minst i dei lågare lag av folket.<sup>454</sup> Kritikken heldt seg inn i siste delen av hundreåret. I ein tilbake-skodande refleksjon omtala Nils Hertzberg tendensen til «klosterånd» som hadde etablert seg også på «modellskolen» i Asker:

Den mørke, nesten klosterlige Aand, som (...) var indført på Asker, Landets ældste egentlige Seminar, og som havde forplantet sig til de andre, havde skabt en Seminartisttype som ikke var heldig. De unge Mænd fra Landsbygderne var blevne rykkede op fra sin naturlige og hjemlige Jordbund og plantede over i en ny, hvor de ikke kunde feste Rod.<sup>455</sup>

Kritikarane meinte at lærarutdanninga hang etter i utviklinga, medan allmugeskolen, gjennom innføring av nye lesebøker og nye fag, blei reformert i nasjonal retning. Sterke lærarstemmer tok til motmæle mot denne kritikken. Arne Garborg, sjølv lærarutdanna frå Holt seminar, skreiv artiklar om det han meinte var eit oppkok på den gamle visa om seminaristane, at dei var livsfjerne og ufolkelege. Han meinte at kritikken var basert på skepsis mot ny kunnskap, og på førestillinga om at alle som går ut frå folket og tar utdanning fjernar seg frå det tradisjonelle fellesskapet i bygda.<sup>456</sup>

Kritikken mot lærarutdanninga var samtidig eit teikn på at utdanninga blei omfatta med stigande interesse. I kjølvatnet av skolelova av 1860 kom det ei reform innan norsk lærarutdanning. Gjennom det før nemnde *Reglement for Rigets Stiftseminarier av 31. juli 1869* auka graden av samordning og regulering. Dette påverka også den pedagogiske retninga lærarutdanninga skulle kome til å ta. Reglementet hadde eit sosialt og demokratisk siktemål. Mellom anna blei seminara pålagde å ta omsyn til kva føresetnader søkarane hadde, for eksempel om dei tala dialekt. Det blei også slått fast at lærarutdanninga måtte gi ei breiare fagleg opplæring fordi skolelova av 1860 hadde innført fleire fag i skolen.

---

<sup>454</sup> Sjå s. 58ff, 64

<sup>455</sup> Hertzberg 1910:51

<sup>456</sup> Nettopp denne opprivande tendensen ved høgare utdanning var det Garborg skildra i romanen *Bondestudentar* (1883)

I tiåra etter 1860 blei det ein auka debatt om *det religiøse innhaldet* i opplæringa. Konservative kristne såg med bekymring på at verdslege tekstar, tenkemåtar og kunnskapsformer pressa på, sjølv om kristeleg opplæring framleis skulle vere hovudsaka i skolen og i lærarutdanninga. Hans-Jørgen Dokka kommenterer dette slik: «Å sørge for at lærerne kunne det som barna skulle lære, måtte bli hovedsaken, dvs. at opplæringen av de vordende lærere måtte i første rekke konsentreres om kristendoms kunnskap.»<sup>457</sup>

Etter kvart som vekkingsbasert ideologi markerte avsondring frå verda som eit merke på omvending, blei rolla som deltakar i den folkelege bygdekulturen mindre aktuell for *den truande læraren*. Skild frå det verdslege kunne han, og etter kvart *ho*, i staden sjå den misjonerande lærarrolla som ei aktuell sjølvforståing.

## Læraren og presten

På det lokale planet stod lærarane gjerne saman med prestane, ikkje minst ved at desse (fram til 1889) var sjølvskrivne som formenn i skolestyret. Denne prestelege dominansen gjaldt også innan lærarutdanninga. Den kongelege resolusjonen som fastsette opprettinga av seminara i Klæbu, Holt og på Stord, fastslo at soknepresten skulle vere styrar, og, mot ei viss godtgjering, også forstandar.<sup>458</sup>

Som yrkesgruppe med høgare utdanning var prestane spreidde utover landet. Mange av dei hadde engasjert seg i utdanninga av lærarar, truleg langt ut over det som var kravd, og gjort ein innsats for å få ei statleg lærarutdanning på beina. Helge Dahl slår fast at på dei fleste seminara var det leiarar som viste ei imponerende handlekraft og dessutan både fagleg og pedagogisk innsikt. Også blant dei fagleg tilsette var det mange teologar. Dahl omtalar desse som «våkne og begavede menn som hadde evne til å orientere seg ut over teologien.»<sup>459</sup> Kva grunnlag Dahl hadde for denne karakteristikken er vanskeleg å slå fast, men det er likevel rimeleg å meine at det i stor grad var teologar som bygde opp norsk lærarutdanning.

Då den politiske omveltinga skaut fart i siste delen av 1800-talet, konkurrerte lærarane med prestane om kulturell og politisk leiande roller i bygdefellesskapet, i organisasjonane, og i dei politiske partia. Alt i 1880 var det 13 lærarar på Stortinget.<sup>460</sup> I regionale *lærarmøte* kom det til uttrykk ein klar opposisjon til presteskapet si makt og rolle i skolen. I 1860 hevda

<sup>457</sup> Dokka 1967:49, Sjø også Dokka 1988:74

<sup>458</sup> I religiøse institusjonar og trussamfunn har det blitt etablert eit skilje mellom styrar, leiar, direktør. Rolla til forstandaren er i dag regulert i *Lov om trudomssamfunn og ymist anna*, av 13. juni 1969.

<sup>459</sup> Dahl 1959:24

<sup>460</sup> Bull 1981:240

lærarar på Austlandet i eit møte at teologane på seminara burde vike for andre fagmenn, at dette var ein logisk konsekvens av endringane i den nye skolelova.<sup>461</sup>

Innan vekkingsrørsla var bøndene godt representerte ved sida av prestane. «Begge blir likevel overgått av skolelærerne, som etter midten av århundret utgjør mellom en fjerdepart og en tredjepart av de deputerte.»<sup>462</sup> Som yrkesgruppe og som enkeltpersonar skulle lærarane kome til å spele ei stadig sterkare rolle i organisasjonslivet og på bedehuset. Bjørn Slettan har undersøkt kva yrkesbakgrunn utsendingane til generalforsamlinga i Det norske misjons-selskap hadde. Han fann at talet på utsendingar med teologisk bakgrunn blei mindre etter 1850. Samtidig stod lærarane fram som leiarar alt i rørslas «geistlege periode» på, 1860- og 1870-talet.<sup>463</sup> På det frivillige kyrkjelege landsmøtet i Kristiania i 1873 var 115 av 575 utsendingar lærarar.<sup>464</sup> På 1890-talet var det mange lærarar i styrande organ i dei kristelege organisasjonane.

At kristne lærarar var i ferd med å etablere ein ny autoritet, viste vekkingsfolks reaksjon på det kyrkjekonservative oppropet *Til Christendommens Venner i vort Land* i 1883.<sup>465</sup> Misjonsleiaren Emil Birkeli<sup>466</sup> meinte at der geistlege hadde ført ordet med sikker sjølvkjensle, kom no myndige og mogne lærartypar. «De gjør seg efterhvert gjeldende og viser seg å være utmerkede ledere for det kristelige arbeid.»<sup>467</sup> Dei hadde utdanning, var taleføre, og blei derfor lettare valde til lokale leiarar.

Truande lærarar skulle kome til å delta aktivt i kampen mot sekularisering i skolen. Dette skjedde særleg etter hundreårsskiftet, då dei samla seg i lokale kristelege lærarforeiningar. I 1909 gjekk desse saman i eit landsdekkande forbund, *Norges kristelige lærerforbund*. Denne organisasjonen skal omtalast nærare som ein sentral aktør innan vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning, ikkje minst som medspelar for den fremste strategen på dette feltet, Ole Hallesby. I publikasjonen til forbundet, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*,<sup>468</sup> sa mange truande lærarar seg einige med leiande prestar og lekfolk når desse åtvare mot avkristning og verdsleggjing i skolen, og drøfta korleis dei kunne kjempe mot denne utviklinga.<sup>469</sup>

---

<sup>461</sup> Hovland 1999:78

<sup>462</sup> Slettan 1995:179

<sup>463</sup> Med dette meiner eg den perioden då prestar utdanna under Gisle Johnson var 'emissærer' for folkeleg kristendom. Dette handlar om perioden mellom 1850 og 1870.

<sup>464</sup> Løvlie 2016:99

<sup>465</sup> Sjø s. 94

<sup>466</sup> Emil Birkeli (1877–1952), misjonær, religions- og misjonshistorikar. Han redigerte i ei årrekkje *Norsk Misjonstidende*.

<sup>467</sup> Birkeli 1946:145–146

<sup>468</sup> Starta i 1909 med namnet *Fra Noreg s Kristelige Lærerforbund*, frå 1911: *Kristelig pædagogisk tidsskrift*.

<sup>469</sup> Slettan 1995:185



## Presten, emissæren og læraren. Ei oppsummering

Emissæren og læraren har blitt omtala som folkelege danningsagentar. Dette innebar at dei begge spela ei rolle i den demokratiske utviklinga og oppvakninga av det sivile samfunnet. Som aktørar med folkelege røter verka dei med til å danne sosiale og ikkje minst retoriske alternativ til presteskapet.

Rommet etter ein vikande pretestand blei fylte av ein stadig meir opplyst allmuge som skapte religiøse rørsler organisert etter moderne prinsipp, med formelle retningsliner og tilsette forkynnarar og leiarar. Lærarane stod frå 1870-talet fram som ei veksande gruppe aktørar med utdanning. Bakgrunnen for at lærarane fekk ein annan status og ein annan funksjon, var dessutan at dei blei tilsette i den offentlege utdanningsstrukturen, og var dermed omslutta av plikter, goder og normer knytt til statens og kommunens stigande medvit som skoleeigarar. Ein lærarstand med styrkt yrkesutdanning, høgare sosial status og tilsvarande sjølvkjensle kom til å spele ei leiande rolle ikkje minst i politiske styrande organ lokalt og nasjonalt.

Love og retningslinjer, betre fagleg og pedagogisk kvalifisering, og ikkje minst betre intern organisering, endra lærargruppas posisjon. Som offentleg tilsette kom dei til å bli forplikta på læreplanar med ideologiske og religiøse implikasjonar. Slik skulle dei kome til å skilje lag med emissæren som yrkesgruppe. Formidlinga av den kristne budskapet i skolen blei sett under press og skulle kome til å skilje lag med forkynninga til presten i kyrkja og emissæren på bedehuset. Gjennom profesjonaliseringa blei lærarrolla i stadig mindre grad identifisert med forkynning i vekkingsbasert meining. Slik gjekk læraren, forenkla uttrykt, frå å vere ein formidlar av truslære i «Den Hellig Aands Værk-Stæd»,<sup>470</sup> til å bli ein tilsett i statens og kommunens teneste.

Det første skolepolitiske styringsinstrumentet som viste dette skiftet, var skolelova av 1889. Ut frå den lærarrolla som der blei skissert vil eg sjå på lova som eit skolepolitisk vegskilje. Slik vil eg også svare på det første forskingsspørsmålet: *Kvifor satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?*

---

<sup>470</sup> Sjå s. 52

## Kap. 9. Skolelova av 1889, «Spiren til skolens avkristning»<sup>471</sup>

*[S]kolen tilhører ikke lenger kirken, men staten.*<sup>472</sup>

### Eit vegskilje

*Skolelova for landsfolkeskolen og byfolkeskolen av 26. juni 1889* har blitt ståande som eit vegskilje i norsk skolehistorie. Lova gav uttrykk for Venstres visjon, folkeskolen, og la grunnlag for Arbeidarpartiets visjon, einskapsskolen. Målet var å dempe og på sikt avskaffe det kulturelle skiljet mellom allmugen og høgare sosiale lag. Samtidig fremma lova ei utvikling som i stigande grad fjerna skolen frå kyrkja og svekte den kristne einskapskulturen. Etter at lova var vedtatt, gjekk det opp for mange vekkingskristne at den moderne verdslege kulturen var i ferd med å feste grepet om skolen. Målet med denne utgreiinga er å vise skolelova som føresetnad for vekkingsrørslas pedagogiske visjon og strategi. Deira satsing kom først til syne gjennom etableringa av kristelege ungdomsskolar, men fekk etter 1895 sitt sterkaste uttrykk gjennom stiftinga av to vekkingskristelege lærarskolar.

Lova blei signert på dagen fem år etter at Johan Sverdrup, som ny statsminister, i eit ope brev til kyrkjestatsråd Elias Blix hadde peika ut kunnskap og opplæring som ei sentral politisk oppgåve for det nye statsstyret: «Jeg har talt og virket for Folkets Selvstyre; dette forplikter mig til at tale og virke for Folkets Oplysning.»<sup>473</sup> Mange vekkingskristne, ikkje minst dei som støtta Lars Oftedal, var med på å fremme lova som ei sentral sak for Venstre. I tiltru til det lokale demokratiet, til foreldra og truande enkeltmenneske i by og bygd, aksepterte dei også at store delar av læreplanen skulle bli utforma lokalt. Dei la, i tråd med vekkingas teologiske profil, vekt på sinnelaget og kristentrua til læraren. Dette innebar i neste omgang at vekkingsfolk kom til å sjå på lærarutdanning som eit verkemiddel i forsvaret av det kristelege innhaldet i skolen.

<sup>471</sup> Lærarmøtet i Søndre Søndhordlands prostis lærerforening i eit brev til Stortinget, mai 1888. Sitert etter Hoprekstad 1960:15

<sup>472</sup> Johannes Steen i ein stortingsdebatt om allmugeskolen i 1880. St.forh. i Odelst. 1880, 2den Gangs Behandling af Lov om Allmueskolevæsenet i Købstæderne, s. 385

<sup>473</sup> Koht 1925:145

Spørsmålet om styringa av skolen hadde blitt drøfta tidlegare. Som eit ekko av Søren Jaabæks rasande angrep på skoledirektørembetet kring 1865 hadde mange lærarar uttalt seg kritisk til denne statlege stillinga. Eit eksempel er årsmøtet som i 1875 blei halde i *Stavanger, Jæren og Ryfylke Lærarlag*. Her blei det diskutert korleis ein kunne få redusert statens makt på skolefeltet. Skoledirektøren skulle ha tilsyn med altfor mange skolar og lærarar, blei det sagt. Han kunne umogleg vere til hjelp for alle dei som trong det. «Og so var han statens mann. Det var ikkje so radt gildt heller.»<sup>474</sup> Det går fram frå referatet at lærarane i Sør-Rogland heller ville ha ein mann som kunne gi lærarane fagleg og pedagogisk rettleiing.

Ein folkevald amtsinspektør ville vera noko heilt anna, då visst for læraren. Han måtte vera ein av deira fremste jamnlikingar, og av han kunne alle venta å få hjelp og rettleiing. Nokon tenkte seg han som ein emissær i avhalds- eller misjonsverksemda. Andre ville heller kalla han gartner eller amtsargronom, og i alle høve både for folket og læraren ein ven, ‘som vilde bringe glæde ind både i skolen og hjemmet hver gang han besøgte en bygd. Med læreren vilde han tale som en rådgiver, (...) med et mere praktisk skjønn. Foreldrene vilde han påvirket og vække interesse for skolen, hvor den ikke var før. Men skulde han kunne gjøre dette, måtte han være en mand som folk flest.’<sup>475</sup>

Skolen skulle etter 1889 styrast av folket gjennom det lokale demokratiet, ikkje av kyrkjasmenn. Det konkrete uttrykket for dette var vedtaket om at presten ikkje lenger skulle vere den sjølvskriven leiar av skolestyret. For dei konservative i kyrkja blei denne endringa opplevd som eit nederlag.<sup>476</sup> Alt i 1880 hadde *Luthersk Kirketidende* ein lang redaksjonell artikkelserie med negative reaksjonar på ideen om demokratisk styring av skolen. Skoledøra ville med dette bli sett på vidt gap for vantru, heitte det. I 1888 kritiserte *Luthersk Ugeskrift* at kyrkja med dette mista formell makt over skolen. «[E]n Skoleordning som det kun er altfor stor Grund til at frygte for vilde blive et Overgangsstadium til vort Folks fuldstændige Afkristning».<sup>477</sup> Radikale vekkingskristne gav i *Nye Lutherske Kirketidende* følgjande demokratisk baserte tilsvar: «Finder et folk, at sund og god Oplysning bedst fremmes ved, at Skolen er en Kommunesag, saa lærer Kristendommen os at agte og ære en saadan ordning.»<sup>478</sup> Dei

<sup>474</sup> Rogaland lærarlag 1952:23

<sup>475</sup> S.st. s. 24

<sup>476</sup> Baune 2007:65

<sup>477</sup> *Luthersk Ugeskrift*, 1888:32

<sup>478</sup> *Ny Luthersk Kirketidende* 1880:263. Her sitert etter Løvlie 2007:14

ville ha ein kristeleg skole, også dei vekkingskristne venstrefolka i vest, men denne skolen var det lærarane og foreldra som måtte skape, ikkje prestane.

Også lærarane var bekymra for den retninga skolen tok. På eit lærarmøte i 1888 blei det slått fast at skolen lenge hadde vore på veg bort frå kyrkja, at legitimeringa av skolens føremål med forankring i religion hadde blitt gradvis svekt heilt frå innføringa av obligatorisk allmugeskole i 1739.<sup>479</sup>

Vekkingsfolk innsåg at den kristelege einskapskulturen var i krise. «Kristendommen var ikkje lenger det sjølvsgatte åndelege firmamentet over kvardagen.»<sup>480</sup> Samtidig utvikla det seg ei førestilling i vekkingskrinsar om at ein burde arbeide for å gjenopprette kristendommens posisjon i samfunnet, ikkje minst i skolen. Det var likevel uklart korleis dette kunne gjerast. Ingen kristne ønska ein skole utan kristendom, men delar av lekfolket, presteskapet og dei frikyrkjelege meinte at med ein skole på veg bort frå sann kristendom måtte nye generasjonar primært kristnast gjennom heim og kyrkjelyd.<sup>481</sup> På 1890-talet, som ein reaksjon på debatten kring lova av 1889, blei dette motsagt av ei ny forståing innan vekkingsrørsla, målboren av politikarar, vekkingsleiarar og skolefolk som Lars Liestøl (1887), Jakob Sverdrup (1889), Asbjørn Knutsen (1895) og Henrik Kaarstad (1895). Deira tanke om skolen som reiskap for vekking fekk gjennomslag i dei store lågkyrkjelege organisasjonane, og la grunnen for eit vaknande ønskje om ei vekkingskristeleg lærarutdanning.

Ein av vanskane var at den avsondrande ideologien innan den moderne vekkingsrørsla, med eit klart skilje mellom det kristelege og det verdslege, ikkje gjekk saman med tanken om kulturell einskap. Dessutan kom det til eit anna didaktisk dilemma. Skolen hadde alt som oppgåve å føre barn og unge fram til konfirmasjonen. Medlemskap i kyrkja var målet for opplæringa i kristendom. Men denne opplæringa var kunnskapsbasert med overhøring i kyrkja som avgangsprøve. Mot dette stod den moderne vekkingsbaserte forståinga av syndserkjenning, omvending og personleg tilslutning som merke på «sann tru». Å revitalisere opplæringsparadigmet frå den kristne einskapskulturen med vekt på utanåtlæring av sentrale tekstar, blei problematisk. På dette grunnlaget blei spørsmålet stilt: Korleis kan læraren føre

<sup>479</sup> Lærarmøte 1888. Sitert frå Stortingsmelding 32: 2000–2001. Eg har elles ikkje sett at sekulariseringa av skolen har blitt omtala med så lange historiske røter.

<sup>480</sup> Slettan 1992b:23. Det er freistande å sjå *einskapsskolen* som ei form for «erstatning» for den kulturelle og ideologiske einskapen som hadde gått tapt. Skolefolk innan Arbeidarpartiet ville truleg ikkje ha avvist ein slik tanke.

<sup>481</sup> Sødal 2016:72

barn og unge fram til ei levande tru gjennom opplæringa i ein skole på veg bort frå kristendommen?<sup>482</sup>

Skolefolk og politikarar, også dei som ikkje stod på vekkingas grunn, såg dilemmaet. Venstremannen Lars Liestøl, medlem i lovkomiteen, skreiv i 1887 ein merknad i innstillinga til den nye skolelova. Her hevda han at prestane gjennom visitasar, overhøyringar og konfirmasjon hadde hatt den illusjonen at dei fremma ei levande tru i folket. Etter Liestøls syn var det derimot *læraren* som måtte setjast i stand til å fremme sunn og sann kristendom. På dette grunnlaget kom han med ein kritikk av lærarutdanninga. Ho hadde hatt eit mål som likna rasjonalismen, meinte han, nemleg at kristentrua skulle styrkast ved «den Teologiske Videnskabs Autoritet og skarpsindige Bevisførelse».<sup>483</sup> Mot dette stilte han eit nytt mål for lærarens yrkesutdanning: «Udvikling af Selvtænkning og Hjertets Dannelse og Trang til større og klarere Lys over Menneskelivet og Naturens Kræfter».<sup>484</sup> Med uttrykket «hjertets dannelse» formulerte Liestøl eit opplæringsideal som likna vekkingrørslas subjektive forståing av tru og tilslutning. Samtidig klang fråsegna hans saman med grundtvigiansk didaktikk, ikkje minst når han hevda at tørr bokleg lærdom ikkje dugde, verken som grunnlag for kvardagslivet eller truslivet. Gjennom dette innlegget var Liestøl den første som tok til orde for å utdanne ein *særskilt kristeleg danna lærarstand*. Snart skulle denne tanken bli fremma av fleire pedagogiske aktørar innan vekkingrørsla.

Staten hadde, trass i overføringa av makt til lokale styresmakter, ikkje slept taket i skolen. Mellom anna hadde sentrale styresmakter hand om den økonomiske og lovgivande makta. Etter 1889 auka det økonomiske bidraget til skolestellet. Hans-Jørgen Dokka kommenterer dette slik: «Med økende statsstøtte ble kommunemenighetens befatning med og ansvar for allmueskolenopplysningen svekket.»<sup>485</sup> Det lokale folkevalde skolestyret fekk ansvar for drifta av skolen, med to unntak: 1. Regulering av skolekrinsane. Her gjorde kommunestyret vedtak. 2. Tilsetting av lærarar. Kommunestyret var ankeinstans ved tilsetting.

Prestane si oppgåve i skolen blei med lova redusert til rettleiing og tilsyn.<sup>486</sup> Slik kan vi seie at skolen blei eit felles ansvar for kommune og stat. Den parten som fekk ei redusert rolle,

---

<sup>482</sup> Slike debattar såg vi utfalde seg også i andre land. Vi kjenner det i dei tidlege grundtvigianske reformene i Danmark. I Tyskland har angrepet på den tradisjonelle religionsundervisninga blitt tolka som ein katalysator for den reformpedagogiske rørsla. (Baader, M. S. (2002). *Erziehung als Erlösung : religiöse Dimensionen der Reformpädagogik. Zeitschrift für pädagogische Historiographie*. 8. Jahrgang /2002.

<sup>483</sup> Indstilling fra Kirkekomiteen, 1887:41f.

<sup>484</sup> S.st.

<sup>485</sup> Dokka 1967:154

<sup>486</sup> Lunde 1974

var kyrkja. Samtidig skulle det sekulariserande elementet i lova av 1889 kome til å motivere for ei vekkingbasert satsing på lærarutdanning.<sup>487</sup>

### Kristendomsfaget i debatten kring skolelova

Debatten om kristendomsfaget hadde starta med ny skolelov og nye lesebøker på 1860-talet. Kyrkja blei i tiåra deretter opptatt av å forsvare religionens plass og rolle i skolen. På eit møte i *Bergen Almueskolelærerforening* 7. april 1866 la prestane fram krav om at lærarane måtte intensivere kristendomsundervisninga. Innhaldet i kravet viste at prestane var bekymra for den vegen opplæringa i skolen var i ferd med å ta.<sup>488</sup> Dei meinte at lærarane måtte gjennomføre ein handfast kontroll med elevane før desse kunne konfirmerast, «fremfor alt – at de maa være sikker i Saliggjørelsens Orden».<sup>489</sup> Kravet var også at lærarane skulle melde frå «i forseglede Sedler» kvar den enkelte eleven stod på dei ulike punkta, blant anna «hvormeget Læreren deraf antager, at hvert Barn nogenlunde kan udenad».<sup>490</sup> Etter møtet blei det nedsett ein komite som skulle utforme eit svar. Dette førte til ei lang og «svivande utgreiing».<sup>491</sup> Komiteen slo fast at elevane kunne mindre truslære fordi dei no hadde færre timar til kristendomsundervisning, samtidig som kravet til kunnskap var blitt høgare også i dette faget. Lærarane måtte «sanna at dei ikkje var dugande nok til å få elevane so langt fram som presteskapet vilde».<sup>492</sup> Det dei sa med det lange svaret, var at kravet frå prestane var urimeleg og vanskeleg for lærarane å gå med på. Referenten kunne oppsummere lakonisk: «Det visse er at dette kravet frå presteskapet i Bergen ikkje kom fram meir.»<sup>493</sup>

Samtidig med at den store vekkinga begynte å breie seg på Vestlandet på 1870-talet, hadde lærarar gitt uttrykk for at opplæringa i kristendom måtte ha som mål ei levande tru, ikkje bare kunnskap innlært gjennom pugg og tukt. På eit møte i *Rogaland lærarlag* 1872, der vekkingshøvdingen Lars Oftedal var til stades, diskuterte dei spørsmålet om kunnskap og trusliv. Jærbuen Lars Ånestad formulerte temaet slik: «Kræver ikkje almugen forliden kristendom i skule og heim? Folk kræver svært mykje kristeleg kunnskap, men forlite kristenliv.»<sup>494</sup> Det var altfor mykje slik, meinte han, at det som blei kalla kristendom, var noko

<sup>487</sup> Jmf. Gilje 1995:218.

<sup>488</sup> Som leiarar av skolestyra, og ansvarlege for det meste av lærarutdanninga, hadde prestane ei tung stemme i skoledebattar som denne.

<sup>489</sup> Hoprekstad 1961:16

<sup>490</sup> S.st.

<sup>491</sup> S.st.

<sup>492</sup> S.st.

<sup>493</sup> S.st.

<sup>494</sup> Rogaland lærarlag 1952:23

«utanpåklint medan det indre livet vanta».<sup>495</sup> I referatet står det at «Lars Oftedal og fleire ga han rett i det, at hovudsaka måtte vera at kristendomen vart ei makt som gjennomtrengde heile livet, alt ein hadde for seg i heim og skule.»<sup>496</sup>

Skolelova av 1889 blei tidleg sett på som eit brot med *kyrkjas skolesyn*, deira forståing av kunnskap og opplæring. For ein del prestar skulle det bli «eit sårt punkt» at skolen var i ferd med å bryte med kyrkja. Biskop Heuch såg naturleg nok på dette med mishag:

De nye skolelove fratager jo Biskopen enhver Befatning med skolens Gjerning undtagen, hvad det ene Fag, Kristendomsundervisning, vedkommer. (...) Men selv hvad Kristendomsundervisningen angaar, har Biskopen tabt den stærke Indflydelse, (...). Alene hans saakaldte «Overtilsyn» med Kristendomsundervisningen er bleven tilbage.<sup>497</sup>

Biskopen meinte at han etter dette stod meir eller mindre makteslaus i relasjonen til lærarane:

(...) hvis Skolestyret ikke agter hans Raad eller Lærerne hans Kritik, er hans Magt udtømt. (...) Nu maa hans Indflydelse udelukkende bero paa hans egen Personlighed, paa det Indtryk, han formaar at give Lærerne og Forældrene af sin egen Indsigt, saa de villigt lytter til hans Raad.<sup>498</sup>

I skolepolitiske krinsar blei det ei auka forståing for at den demokratiske og vitskaplege utviklinga fremma ein stadig djupare og breiare kritikk av faget kristendom. Pedagogiske reformer var dessutan i ferd med å legge eit nytt grunnlag for opplæringa. Idealet blei at det religiøse stoffet ikkje skulle leggst fram som ei gitt sanning, men som grunnlag for personleg refleksjon og val. Spørsmålet blei stilt om det var rett at kristeleg truslære og etikk skulle «gjennomsyre alle fag», eit synspunkt som stod sentralt i vekkingrørslas syn på trusopp-læringa i skolen.<sup>499</sup>

Leiarane i Moderate Venstre, Lars Oftedal og Jakob Sverdrup, stod i front for ei gruppe som ville ha ein konfesjonell skole, men meinte, ut frå sitt demokratiske grunnsyn, at utviding av skolens faglege innhald ville styrke skolen som kristeleg institusjon, sjølv og faget

---

<sup>495</sup> S.st.

<sup>496</sup> S.st.

<sup>497</sup> Bøe 1965:24

<sup>498</sup> S.st.:25

<sup>499</sup> Venstremannen *Viggo Ullman* ironiserte over dette synet, og spurte retorisk om det fans ein fysikk for kristne og ein for ikkje kristne. «Man tænke sig, Undervisningen i Reguladetri [rekning] skal være gennemsyret af den kristelige Aand!» St.forh. 1889, 8, s. 539.

kristendom blei redusert. Bakgrunnen var at ein hadde tillit til det lokale demokratiske styret av skolen.<sup>500</sup>

### Ein siger for Venstre, eit nederlag for kyrkja

Skolelova av 1889 blei ein siger for partiet Venstre. Dei hadde sett lova som ei «åndsfrihedens merkesak».<sup>501</sup> Det blei sagt at vi her for første gong ser «[den] moderne pedagogiske stat trer fram».<sup>502</sup> Ein skole dominert av kyrkja var avløyst av ein allmenndannande offentleg og lokalt styrt borgarskole.<sup>503</sup> No skulle folket i by og bygd ta hand om skolens kvardag: tilsetjing, fagplanar, timeplanar, val av (godkjende) lærebøker.<sup>504</sup> I føremålsparagrafen blei kristeleg oppdraging og allmenndanning sidestilt. Også fag som avspegla eit vitskapleg verdsbilde, ikkje minst naturfag og geografi, skulle «bidrage til at styrke Barnet i sit Gudsforhold, skal staa tjenende i dets Forhold til (...) det viktigste og helligste, som skolen har at bibringe den unge Slægt».<sup>505</sup> Også talsmenn for staten hadde tapt illusjonen om at «folkeskolen ennå kunne fortsette som en kirkeskole».<sup>506</sup>

Paragraf 12 i skolelova, om den evangelisk-lutherske «bekjendelse», altså konfesjons-tilknyttinga, har blitt tolka som eit teikn på at fristillinga frå kyrkja likevel var nølande og delvis, slett ikkje noko radikalt brot. Men at konfesjonskravet i det heile måtte nemnast, at målet med religionsopplæringa måtte definerast nærare, har også blitt tolka som eit teikn nettopp på større avstand til kyrkja. Før dette hadde den kristne forankringa og målsettinga blitt tatt for gitt. Hans-Jørgen Dokka har tolka §12 som eit teikn på at relasjonen mellom skolen og kyrkja var blitt meir uviss:

Når folkeskolelovene gjorde den evangelisk-lutherske bekjennelse bindende for kristendomsundervisningen, var det således ikke et uttrykk for skolens avhengighet av, men for den større frihet overfor den institusjon som den tidligere hadde vært så sterkt knyttet til. (...) Ved de samme bestemmelsene ble samtidig den gamle forbindelsen brutt mellom skolen og konfirmasjonen.<sup>507</sup>

---

<sup>500</sup> Sødal 2016:66

<sup>501</sup> Dokka 1967:314

<sup>502</sup> Oftestad 1994:9. Oftestad meiner at ein sekulær «konfesjonsstat» har tatt kyrkjas plass.

<sup>503</sup> Oftestad 1991

<sup>504</sup> § 50: «Skolestyret udarbejder de i § 9 og § 12 omhandlede Skoleplaner med undervisningsplan og Timefordelingsplan»

<sup>505</sup> St.forh. 1889, 8, s. 396

<sup>506</sup> Holter 1989:115

<sup>507</sup> Dokka 1967:377



Vekkingsfolk innsåg at skolen hadde slått inn på ein ny veg når det gjaldt tilknytninga til kyrkjjas dåpsopplæring. Kva følgjer dette ville få for innhaldet i opplæringa og for lærarens syn på yrkesoppgåva si, var likevel høgst uklart. Dei som støtta lova syntest å gå varsamt fram for ikkje å bli klaga for å setje skolens kristne forankring i spel. Venstres poeng hadde heller ikkje vore å avkristne, men å demokratisere. Reaksjonane frå kristne lærarar viste at deira uro likevel blei sterkare i åra som følgde. Dei kom til å meine at skolen var på veg bort, ikkje bare frå kyrkja, men frå det dei såg på som sann kristendom, at «gifta», vantrua, alt var på veg inn i skolen.<sup>508</sup>

### Stigande uro – og motstand

Som nemnt opplevde vekkingsrørsla i siste delen av 1880-talet ei uvisse knytt til sekulariseringa i kulturen. Snart fekk dei syn for segn. Eit talande teikn i så måte var det som har blitt kalla «åndsfrihetsmøtet» på den frilynte folkehøgskolen Sagatun ved Hamar i 1886. Målet med møtet var å samle alle venner av åndsfridom til kamp mot pietisme og bakstrev. På møtet skræmde den danske presten Brückner mange av tilhørarane med å seie at han las Bibelen på same måten som han las eikvar anna bok, for eksempel ei bok av Bjørnstjerne Bjørnson. Han fann mange feil i Bibelen, sa han, og hevda at det er det kristelige «truslivet» som er norma for sann kristendom, ikkje Bibelen. Viggo Ullmann, folkehøgskolerektor og stortingsmann for Venstre, gav Brückner si fulle støtte.

Reaksjonane på Hamar-møtet førte til ei sprenging av den grundtvigianske fløya.<sup>509</sup> Kristenfolket tok avstand frå det som kom fram av grundtvigiansk teologi. Etter dette blei grundtvigianismen som kyrkjeleg retning i Norge endå meir svekka. For vekkingsrørsla blei møtet samtidig eit varsel om kva motstand den kristelege impulsen i skolen no kom til å møte.

For kristenfolket var skolen framleis ein reiskap for trusopplæring, det religionspedagogen Ole Øystese omtalar som «eksemplarisk både fra kristelig og luthersk synspunkt».<sup>510</sup> For andre var det mest sentrale at skolen fekk eit breiare tilfang av fag, kunnskapsformer og læringsmål. Opplæringa skulle leggast nærare kvardagen til elevane, og tilpassast forholda på staden. Det lokale skolestyret, der presten var medlem, men ikkje sjølvskriven formann, skulle vedta fagplanar, timeplanar og lærartilsettingar: «(...) inn på den nye folkeskolens arena kommer det myndiggjorte skolestyret.»<sup>511</sup>

<sup>508</sup> Hallesby, *For Fattig og Rig*, 24/1912. Sjå s. 204

<sup>509</sup> Wisløff 1971:84.

<sup>510</sup> Øystese 1985:55

<sup>511</sup> Holter 1989:68. Sjå også Hovland 2016

Ei konkret endring som svekte kyrkjias rolle var at skolen ikkje lenger trong slutte når elevane var konfirmerte. Dette kan synast som ein banal detalj. Det var det ikkje. Koplinga mellom kristendomsopplæringa i skolen og kyrkjias dåpsopplæring blei klart svekka ved at konfirmasjonen ikkje lenger var avgangsprøve for undervisninga. Grunnen var at skolen dermed kunne opprette sin eigen eksamen basert på opplæringa, også i kristendom, ein eksamen som blei styrande for det reelle innhaldet i opplæringa.<sup>512</sup> Den *faglege* opplæringa blei med dette styrka, og den *trusretta* opplæringa svekt.

For den fremste konservative skolepolitikaren, Nils Hertzberg, gjaldt striden om landet framleis skulle ha ein «evangelisk luthersk Menighetskole», eller «en blot bar borgerlig eller verdslig Kommuneskole».<sup>513</sup> Han spela på vekkingsrørslas argument då han understreka at skolen *i alle fag* måtte ha som mål å «styrke gudsforholdet hos barnet, og læreren må stå som et forbilde ikke minst som statskirke-medlem».<sup>514</sup> Han la også vekt på det synet vekkingsbaserte ideologar seinare brukte som argument for kristeleg lærarutdanning, nemleg at lærarens personlege tru er eit vilkår for ei autentisk kristeleg opplæring. Den konservative Hertzberg stod på dette punktet saman med vekkingsrørsla i kampen om kristendommens plass i skolen.

Venstre hadde som nemnt ikkje meint å svekke skolens kristelege karakter. Det var heller slik at kristendomsfientlege straumdrag frå dei høgare samfunnslaga hadde vunne innpass på ein slik måte at det også kunne påverke skolen.<sup>515</sup> Det var derfor viktig at det lokale skolestyret fekk ansvar for tilsettinga av lærarar. Slik kunne ein vurdere om søkjaren var eigna for yrket. Venstremannen Vilhelm Andreas Wexelsen<sup>516</sup> hevda at for læraren måtte overtyding og personleg dugleik telje meir enn «Pibekraver og Broderier paa Frakken».<sup>517</sup> Formell kyrkjeleg makt blei jo ikkje lenger sett på som ein garanti for sann kristeleg opplæring. Det viktige var «den Tro Manden har», sa Viggo Ullmann.<sup>518</sup> Både landsskolelova (§30) og byskolelova (§31) kom såleis til å gi skolestyret rett til å tilsette i alle lærarpostar.<sup>519</sup>

<sup>512</sup> Denne innsikta viste staten ved at ein i oppretta ein *Eksamenskommissjon* for lærarutdanninga med det målet å styrke kvaliteten på opplæringa. Kommisjonen blei oppretta gjennom seminarlova av 1890. Han skulle ha ansvar for skriftlege prøver og oppgåver til opptaksprøver og avsluttande lærarprøve, og delta i sensuren, både den munnlege og den skriftlege. Frå 1929 var namnet *Lærerskolerådet*, og frå 1961 *Lærerutdanningsrådet*. (Halvorsen 1999)

<sup>513</sup> Hertzberg 1888:7 og St.forh. 1889, 8, O., s. 536

<sup>514</sup> St.forh. 1889, 8, O. s. 536

<sup>515</sup> Dokka 1967:364

<sup>516</sup> Geisteleg og politikar, 1849–1909, fødd i Trondheim. Biskop, stortingsmann og statsråd for Venstre.

<sup>517</sup> St.forh. 1889, 8, O. s. 397

<sup>518</sup> St.forh. 1889, 8, O. s. 374

<sup>519</sup> Dokka 1967:365. Som nemnt ovafor var kommunestyret ankeinstans ved tilsetting.

Lova av 1889 var radikal ved at skolestyret også skulle utarbeide skole- og undervisningsplanar og timefordelingsplanar.<sup>520</sup> Bare eitt fag blei sett i ei særstilling, kristendom. Skolestyret fekk bestemme talet på undervisningstimar også i dette faget, men målet for opplæringa var formulert i lova: «(...) sikker Kjendskab til det væsentlige Indhold af den bibelske Historie samt til den kristelige Barnelærdom efter den evangelisk-lutherske Bekjendelse».<sup>521</sup> Det blei tydeleg formulert at målet med opplæringa var å fremme «Børnenes kristelige Opdragelse».<sup>522</sup> Framleis hadde også bibelske tekstar, salmesong og bøn ein sikker plass i skolekvardagen.<sup>523</sup> Men fleirtalet i Stortinget meinte at den konkrete *planen* for opplæringa, også i kristendomsfaget, skulle avgjerast lokalt, «af Folket selv og dets Opfatning paa de forskjellige Steder og til de forskjellige Tider».<sup>524</sup>

I skoledebatten fram mot lova var det for dei fleste likevel uklart om lokal makt over skolen ville sikre ei opplæring klart forankra i kristendommen. På Vestlandet drøfta lærarar lova, og mange gav uttrykk for uvisse på dette punktet. Rogaland lærarlag hadde møte i Egersund 1883. Prost Irgens heldt foredraget *De moderne verdensanskuelsers forhold og krav til folkeskolen*. Han skildra dei farane han meinte truga folkeskolen, «frå rasjonalismen, pantheismen og materialismen»,<sup>525</sup> og bad lærarane vere vakne for desse trugsmåla, og gjera kraftig motstand. I referatet står det: «Mange var med i ordskiftet. Heile dagen gjekk til dette.»<sup>526</sup> I Søndre Søndhordland prosti lærerforening blei det på eit møte den 22. og 23. mai 1888 vedtatt å sende brev til Stortinget om at lova, dersom ho blei vedtatt, ville føre skolen over frå å vere «kirkeskole til kommuneskole, hvorved spiren er lagt til skolens afkristning».<sup>527</sup> På eit lærarmøte i Bergen i september 1888, der den framveksande vantrua var tema, åtvara prost Bøckman frå Skånevik mot den verdsleggjeringa han såg kome. Han minte forsamlinga om at den norske skolen heilt frå starten av hadde vore «en kirkeskole og en menighetsskole, men ingen kommuneskole. Dersom dette princip blir krænket, har man krænket et grundprincip, som er dybere og viktigere end andre.»<sup>528</sup> Dersom den nedbrytande utviklinga heldt fram, såg Bøckman ein fare for at «skolen, kirkens datter, måtte blive deretter».<sup>529</sup>

<sup>520</sup> *Lov om Folkeskolen paa landet* §9,12 og 59; *Lov om Folkeskolen i Købstæderne* §§13 og 43

<sup>521</sup> *Lov om Folkeskolen paa landet* § 12 og *Lov om Folkeskolen i Købstæderne* § 13

<sup>522</sup> *Lov om Folkeskolen paa landet/Lov om Folkeskolen i Købstæderne*, af 26. juni 1889. §1

<sup>523</sup> S.st. §12d

<sup>524</sup> St.forh. 1889, 8, s. 397

<sup>525</sup> Rogaland lærarlag 1952:32

<sup>526</sup> S.st.

<sup>527</sup> Hoprekstad 1960:15

<sup>528</sup> Hoprekstad 1961:70

<sup>529</sup> S.st.

I stortingsdebatten om skolelova meinte sokneprest Heffermehl at spørsmålet om å la dissentarar undervise i kristendom var ein ting, like alvorleg var det med alle lærarane som underviste utan å tru. Etter hans syn var det viktig at skolen hadde *truande lærarar i alle fag*. At det fans ukristeleg naturvitskap, gav soknepresten eksempel på. Ein professor i astronomi hadde gjort stygge innhogg i barnetrua til studentane.<sup>530</sup> Viggo Ullman svarte at alle visste det var mange slike, men at ingen våga å snakke om det. Han omtala på dette grunnlaget alle garantiar knytt til den norske «menighetsskole» som falske fantasiar.<sup>531</sup> Då lova var vedtatt, skreiv *Bergens Aftenblad* pessimistisk:

Vi tager neppe fejl naar vi antager at aanden egentlig er angivet gennem de to invalgte kvindelige medlemmer fruene Ellen Brunchorst og Anna Stejneger. De vil ganske vist blive skolestyrets mest radikale krefter, som kommer til at lede dets virksomhed og drage de svage elementer efter sig. (...) De mørke udsikter, som den nye skolelov har beredt for udviklingen af vor skole, skal visselig ikke blive lysere ved den sammensætning det nye skolestyret har faaet.<sup>532</sup>

Det var samtidig mange som støtta lova, og var mindre urolege for kva ho kunne kome til å innebere. Lokal styring av skolen blei sett på som ein siger også blant demokratiske vekking-kristne, som optimistisk meinte at lokal makt ville gi rom for kristne lekfolk i styringa av skolen. Dei merka seg også med glede at skriftlesing og bøn blei eit lovfesta innslag i skoledagen. Sokneprest Frølich meinte at kommunane ikkje kom til å avkristne skolen. Dei som frykta det, mangla tiltru til det norske lekfolket og til kristendommen som åndsmakt, meinte han.<sup>533</sup>

Frå forskingshald har dei endringane lova av 1889 innebar blitt tolka som alvorlege for kyrkja. Åsmund Strømnes skriv: «Prestens vurdering av læraren er ikkje lenger på same måten interessant som først i hundreåret. Kyrkja hadde tapt kampen om eigeomsretten til skulen.»<sup>534</sup> Reidun Høydal meiner at «Lova av 1889 markerte for alvor overgangen frå kristeleg skole til moderne allmenndannande skole».<sup>535</sup> Bernt T. Oftestad ser på lova som eit

---

<sup>530</sup> St.forh. 1889, 8, s. 546

<sup>531</sup> S.st. s. 540

<sup>532</sup> *Bergens Aftenblad*, 26.09.1889, sitert etter Hoprekstad 1960:28

<sup>533</sup> St.forh. 1889, 8, s. 540

<sup>534</sup> Strømnes 1989:17

<sup>535</sup> Høydal 1995:82, Haraldsø 1989:74

signal på ein overgang frå «livssynsskole» til «nøytral skole».<sup>536</sup> Helje Kringlebotn Sødal meiner at skolelova av 1889 var det sekulære gjennombruddet i skolen. «Gjennombruddet kom som følge av den juridiske og pedagogiske utviklingen i skolen gjennom hele 1800-tallet.»<sup>537</sup> Brit Marie Hovland meiner at lova innebar ei sekularisering gjennom endringar innan struktur og administrasjon, ikkje minst gjennom nyskapinga «skolestyret»: «Skolestyret representerte i seg selv et sekulariserende steg bort fra kirkens makt over skolen. Skolen fikk egne styringsorgan frigjort fra de kirkelige.»<sup>538</sup>

Snart nok skulle dei vekkingskristne kome til å innsjå at lova av 1889 ikkje styrkte den folkeleg-religiøse impulsen i skolen, heller ikkje posisjonen til kristendomsfaget. Mange av dei kom til å sjå henne som ein spire til skolens avkristning. Dermed kan lova, trass i støtta ho hadde frå kristne politikarar, sjåast på som eit startpunkt for vekkingsrørslas motstand mot dei nedbrytande kreftene som etter rørslas syn var i ferd med å feste grepet om skolen.

## Oppsummering 1870–1890

Perioden mellom 1870 og 1890 var prega av oppbrot og nyorientering når det gjaldt skolens ideologiske grunnlag. Ein kultur som stod friare i høve til kyrkje og religion begynte å sette sitt preg på opplæringa, noko som skapte stigande uro blant vekkingskristne.

Fram til om lag 1890 blei det gjort fleire freistnader på å få i stand eit samspel mellom vekkingsrørsla og kyrkjelege leiarar. Ikkje minst ønskte kyrkjefolk å spele på lag med vekkingsrørsla i kampen mot radikale og sekulariserande kulturdrag. Dette samspelet gjekk av ulike grunnar i oppløysing. Det hadde mellom anna samanheng med den politiseringa også kyrkja og dei vekkingskristne gruppene gjekk gjennom i samband med striden om demokrati og parlamentarisme. Splitting og strid mellom lek og lærd innan kyrkja kan også skuldast at forsvaret av den kristne felleskulturen blei gjort på premissane til det vikande embetsmannsveldet. Eit talande eksempel på dette er biskop Heuchs forslag om at lekpredikantar skulle bli godkjende av prestane. Endå ei forklaring kan ligge i at ei sjølvstendig og stadig mektigare vekkingsrørslle kom til å sjå seg fri frå kyrkjeleg styring då dei på 1890-talet starta kampen om skolen.

---

<sup>536</sup> Oftestad 1994:10

<sup>537</sup> Sødal 2016:66

<sup>538</sup> Hovland 2016:73 (note 203)

Vekkingskristne lærarar var aktive i førearbeidet til skolelova av 1889. Somme av dei var som politikarar medansvarlege for vedtaket og gjennomføringa. Lova, som har blitt sett på som eit vegskilje når det gjeld kyrkjjas relasjon til skolen, innebar først og fremst at skolen blei overført frå kyrkja til det lokale demokratiet, men også at sekulær kunnskap fekk sterkare feste i læreplanen. Konservative prestar meinte at kristne stortingspolitikarar var naive då dei var med på å «avkristne» skolen. Svaret kom kontant frå vekkingsfolket på Vestlandet, og var poengtert luthersk: «Kommuneskolen er en borgerlig Ordning, der som andre borgerlige Anordninger er Guds gode Gjerning.»<sup>539</sup> Det store spranget var tatt – langt på veg signa av vekkingsfolk.<sup>540</sup> Like fullt skulle dei snart oppleve at lova blei eit nederlag for deira fremste skolesak, opplæringa i «sann kristendom».

Posisjonen til lærarane blei styrkt. Seminarreformene på 1860-talet blei no sett ut i livet, og førte til ei betra yrkesutdanning. Gjennom deltaking i venstrerørsla og dei politiske kampane på 1880-talet fekk lærarane som gruppe auka politisk trening og tillit. Organiseringa i lokale lærarlag gav dei som yrkesgruppe ein myndigare stemme i samfunnsdebatten. Her drøfta dei utdanningsspørsmål, mellom anna høvet mellom kyrkja og skolen. Her kom dei også med kritikk av den rolla maktinstansar som skoledirektøren, presten og biskopen spela i møtet med skolen, læraren og elevane. Lærarar spela ei stadig meir sentral rolle i vekkingsrørslas organisasjonar. På kristelege møte og stemne, lokalt, regionalt og nasjonalt, blei spørsmål knytt til skole og kristendom drøfta.

I denne perioden fekk ei lekmannsbasert kristendomsforståing auka folkeleg tilslutning. Vekkingas religionsoppfatning fekk ein surdeigseffekt i samfunnet sterkare enn talet på «personleg kristne» skulle tilseie.<sup>541</sup> Eitt eksempel på denne innverknaden er at rørsla greidde å endre den allmenne førestillinga om kva det vil seie å vere «kristen». Den ideologiske og organisatoriske styrken skapte sjølvkjensle, og motiverte for å ta på seg krevjande prosjekt, som utviklinga av ei eiga lærarutdanning.

For vekkingsfolk skulle ikkje følgjene av 1889-lova bli slik dei håpte. Snart innsåg både radikale og konservative kristne leiarar at den skolen dei hadde vore med på å etablere i stigande grad opna dørene for verdslegdom og vantru. Utover på 1890-talet innsåg vekkingsfolk i aust og vest at dei i spørsmålet om skolen hadde ei felles sak med konservative

<sup>539</sup> *Ny luthersk kirketidend* 1880:262f.

<sup>540</sup> Løvlie 2009. Det er verdt å merke seg at dette svaret spelar på den tradisjonelt positive forståinga av «verda», det offentlege som ein del av Guds skaparverk, noko også Grundtvig poengterte, men som i vekkingas teologi blei skuva i bakgrunnen i tråd med det eg omtala som «demoniseringa av verda».

<sup>541</sup> Slettan 1995:175

innan presteskapet. Dei skulle snart gi sitt svar på utfordringa gjennom ei vekkingskristeleg lærarutdanning.<sup>542</sup>

Vekkingsrørslas etablering av eigne seminar/lærarskolar bygde ikkje på ei negativ vurdering av at det lokale demokratiet skulle ta over styringa av skolen. Heller ikkje baserte den vekkingskristne motstanden seg på ein analyse av dei statlege lærarskolane. I den grad dei vekkingskristne var bekymra for lærarutdanninga, var dette knytt til religionens plass i opplæringa, ikkje til utdanningas pedagogiske profil. Når tilsettinga av Georg Fasting som styrar ved Asker seminar blir sett på som utløyssande faktor for etableringa av det kristeleg seminaret på Notodden, var det styrarens *teologiske* standpunkt som vekte «sorg», ikkje hans *pedagogiske* synsmåtar.

Vekkingsfolket og deira leiarar såg med uro på sekulariseringa av kulturen og skolen. Ikkje minst såg dei teikn på at liberal teologi var i ferd med å få plass i lærarutdanninga, og dermed kom til å forgifte barnesinnet via lærarane. Løysinga dei såg var derfor å skape eigne kristeleg skolar. *Som svar på forskingsspørsmål 1*, kan eg derfor slå fast at grunngevinga for å sjå lærarutdanninga som ein reiskap i ein vekkingsbasert kulturkamp var ei teologisk og moralsk basert kriseforståing av situasjonen i samfunnet og skolen.

*Korleis* uroa dei kjende kom til uttrykk i ein konkret plan for utdanning av misjonerande lærarar, kan først svarast på i den neste delen, om tidsbolken 1890–1930. Eit av dei sentrale spørsmåla som blir undersøkt i del 4 er om vekkingsrørsla greidde å legge eit pedagogisk-didaktisk grunnlag for utviklinga av sin visjon, den misjonerande læraren.

---

<sup>542</sup> Den konservative skoleleiaren biskop Heuch var eksponent for dette pragmatiske samarbeidet.





## Del 4. Rekristning gjennom lærarutdanning (1890–1930)

*Pietismen drømte om det gjenfødte mennesket og en kristning av hele folket gjennom det Hallesby kalte 'landsvekkelsen'. (...) For lekmannsbevegelsen ble det et hovedmål å utdanne kristne lærere gjennom private lærerskoler som i sin tur kunne påvirke den oppvoksende slekt.<sup>543</sup>*

### Innleiing

I denne delen av undersøkinga blir vekkingsrørslas etablering av eigne kristelege lærarskolar analysert. Ikkje minst spør eg kva støtte satsinga fekk og kva motstand ho møtte. Korleis blei det strategiske grunnlaget for satsinga formulert? Korleis blei religiøse og pedagogiske grunngevingar kommunisert til vekkingsfolket? Korleis takla vekkingsrørsla ytre og indre motstand når det gjaldt skolesatsinga?

Mot slutten av 1800-talet hadde både skolen og læraryrket endra seg på avgjerande måtar. Ein stadig meir myndig lærarstand hadde fått tilsetning i faste skolar. Styresmaktene hadde tatt ansvar både for utbygginga av skolen, og for innhaldet i opplæringa. Dei tok også eit initi-erande og regulerande ansvar for lærarutdanninga, men let også private bygge opp seminar og drive desse innan dei rammene Stortinget fastsette. Opplæringa blei i stigande grad regulert av lover, læreplanar og administrative ordningar. Institusjonane blei kontrollerte av statlege instansar.<sup>544</sup> Lærarutdanninga blei forlenga, og fekk eit vidare spekter av fag. Kapasiteten blei auka i tråd med behovet for fleire lærarar. Etter påtrykk, ikkje minst frå grundtvigianske skolefolk, opna seminarlova av 1890 for privat lærarutdanning, og for at kvinner kunne søke opptak til seminarane.

Dei religiøse organisasjonane verka som ein katalysator for *kvinneleg deltaking* i det framveksande organisasjonssamfunnet. Kvinner kunne her realisere noko av sitt kjønns-spesifikke, kristne kall som hustru og mor utanfor heimens fire vegger. Medan Luther bygde

<sup>543</sup> Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), pp. 447–461 (Side 452)

<sup>544</sup> Jmf. innstiftinga av ein eigen Eksamenskommissjon. Sjå s. 161f., 172, note 512

all autoritet i samfunnet på mannleg autoritet, kunne kvinner no utvikle ein offentleg autoritet etter modell av mødrenes kristne oppdragargjerninga i heimen, som i det borgarlege samfunnet på 1800-talet i stor grad hadde blitt ei kvinneoppgåve. Opplæring og skole fekk med dette eit meir feminint preg.<sup>545</sup> Frå midten av 1800-talet finn vi flest kvinnelege lærarar i byane. Dei lærarskolane som låg i byar, eller i tilknytning til større byar, hadde dermed lettast for å rekruttere kvinnelege lærarskoleelevar.<sup>546</sup> Men tilstrøyminga av kvinner auka dramatisk etter 1909. Etter første verdskrigen var det like mange kvinner som menn som tok lærarutdanning. Kvinner frå byane var også dei som oftast melde seg då studentlinjer blei oppretta.

Stadig større grupper unge menn frå *landsbygda* såg på denne tida utdanning som ein veg ut og opp. Innslaget av «landselevar» i lærarutdanninga avspegla at det hadde blitt overskot av menn i landbruket. Rekruttering av kandidatar frå Bygde-Norge var lenge eit særtrekk ved denne utdanninga. Mangelen på storbønder på Vestlandet gav større aksept for den sosiale og kulturelle kapitalen lærarane med bondebakgrunn bar med seg. For perioden 1895–1920 var 90,7% av lærarskoleelevane i Volda bygdeungdom. For Asker seminar/Holmestrand lærarskole i same tidsrom var om lag 70% av elevane frå Bygde-Norge. Dette mønsteret i rekrutteringa heldt seg trass i at utdanninga blei skulda for å føre dei unge bort frå bygda, og at ho var ei «grunnskuring i embetsmannskulturens normsystem og levevis».<sup>547</sup> Samla kan det seiast at utdanninga hadde som mål å «kjempe fram bedre ‘opplysning’ og lede folket inn i den nye tid.»<sup>548</sup> I realiteten kom dei fleste som gjekk ut av seminara til å arbeide i ei bygd, ikkje i ein by.

Ei undersøking om rekrutteringa av lærarar til Volda, Stord, Levanger, Hamar og Holmestrand har vist at søkarmassen var svakt stigande dei første åra etter hundreårsskiftet.<sup>549</sup> Så steig kurva brått frå 1909. Auken blir forklart med at lærarane fekk betre løn. Reidun Høydal viser til at det særleg på landet kom ein auke i lærarstillingar.<sup>550</sup> Dette førte til at lærarskolane i endå større grad trekte til seg ungdom frå bygdene, noko som blant anna kan forklare den sterke veksten ved lærarskolen i Volda.

Perioden mellom 1910 og 1920 var ein uvanleg sterk vekstperiode for norsk lærarutdanning. Talet på undervisningsstillingar i skolen auka med 30%. Dette kan forklarast med at

---

<sup>545</sup> Thue 2019

<sup>546</sup> Høydal 1995:114–115

<sup>547</sup> Try 1995:383

<sup>548</sup> S.st. s. 384

<sup>549</sup> Nordstrand 1975

<sup>550</sup> Høydal 1995:104

det så seint som i 1920 var eit lærarunderskot på 1139.<sup>551</sup> Alle lærarskolane som kunne, opna for ekstra opptak, noko som lenger ut på 1920-talet førte til dramatisk overproduksjon av lærarar.<sup>552</sup> Det var som ein del av denne ekspansjonen den vekkingskristne lærarut-danninga blei etablert. På dette grunnlaget stiller eg spørsmålet: Blei dei vekkingskristelege lærarskolane godtatt fordi dei løyste ein kritisk lærarmangel, eller hadde aksepten djupare ideologiske røter?

Kampen om Oslo lærerskole står sentralt i denne delen, ein strid som langt på veg avspeglar dei dilemma som knytte seg til vekkingsrørslas syn på ei misjonsorientert lærarut-danning i ein akademisk pedagogisk kontekst.

Del 4 dekkjer kjerneperioden for vekkingsrørslas pedagogiske satsing, og gir svar på det andre forskingsspørsmålet: *Korleis satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskol-ar?*

---

<sup>551</sup> Nordstrand 1975:16

<sup>552</sup> Tveiten 1994:88–93

## Kap. 10. «Ein åndskamp mot fritenkjarflaumen»<sup>553</sup>

### Bandet mellom skolen og kyrkja losnar

I tiåret etter 1889 stod vekkingrørsla saman med resten av kyrkja i kampen for ei evangelisk-luthersk kristendomsopplæring i skolen. Bakgrunnen var ei stigande uvisse om kva posisjon kristeleg kunnskap og danning ville få i den lokalt styrte skolen. Debatten blei halden ved like ikkje minst frå kyrkjeleg hald. Det synest å utvikle seg ei oppleving av krise knytt til at kristendomsfaget fekk redusert status og omfang – sjølv om det ikkje var målet med 1889-lova. Endringa for dette faget hadde samanheng med at skolens religiøse opplæring ikkje lenger hadde konfirmasjonen som mål. Særleg ville Venstre få bukt med alt som framstilte konfirmasjonen som målet for opplæringa. Viggo Ullmann gav tydeleg uttrykk for at den nye folkeskolen skulle ha like lite med konfirmasjonen å gjere som middelskolen og alle andre skoleslag.<sup>554</sup>

*Kirkekommisjonen av 1908* hadde som oppgåve å vurdere reformer i kyrkjeordninga. Her blei det drøfta kva det ville føre til at den religiøse opplæringa blei svekt. Kommisjonen meinte at kristendomsfaget som opplæring til ei levande tru ikkje kunne haldast oppe dersom stat og kommune la skolen open for ei nøytral formidling av kristendom. Det blei også hevda at dette ville vere eit effektivt pådriv i retning av sekularisering, farlegare enn inga kristendomsundervisning.<sup>555</sup>

Kirkekommisjonen hadde også eit forfatningsbaserte og juridiske argument for å halde på eit sterkt innslag av kristendom i folkeskolen: Grunnlova slår fast at evangelisk-luthersk kristendom er statens religion, og skolens føremålsparagraf seier at opplæringa skal gi «kristelig og moralsk oppdragelse».<sup>556</sup> Ut frå dette gjentok kommisjonen det synspunktet som alt var etablert mellom vekkingrørslas skolefolk, at *alle* lærarar var forplikta til å undervise i tråd med den evangelisk-lutherske kristendomsforståinga.<sup>557</sup> Så lenge skolen stod under den kristne staten, kunne ein ikkje legge undervisninga open for religiøs pluralisme, enn seie formidle den kristne budskapet i ei nøytral form.

---

<sup>553</sup> Handeland 1922:305

<sup>554</sup> St.forh. 1889, 8. O. s. 234–235

<sup>555</sup> Kirkekommisjonen av 1908, Indstilling IV, s. 84–86

<sup>556</sup> Kirkekommisjonen av 1908, Indstilling IV, §1

<sup>557</sup> Dette handlar om eit trekk som også fins ved vekkingrørslas skolesyn i fleire tider og situasjonar: trua på vern gjennom lovverk, målformulering, føremålsparagrafar. Sjø s. 209f., 228f.

Ut frå denne tolkinga av 1889-lova kunne ikkje kyrkja sleppe den tilsynsmakta dei hadde over kristendomsfaget gjennom *bispevisitasane*. Samtidig blei bispemakta på nytt kritisert frå lærarhald. Rogaland Lærarlag sende i 1906 ein resolusjon der dei omtala den forma visitasane hadde som «utidsmæssig»:

[D]en nuværende form for bispe- og provstvisitatserne, hvad overhøringerne av børn og ungdom i kirken angår, er utidsmæssig og lidet svarende til visitatsernes hensikt, idet disse overhøringer vanskelig kan virke vækkende og befruktende, ligesålidt som de kan give et sandt billede av den religionsundervisning, som drives i skolerne, eller i nævneværdig grad være et kontrolmiddel overfor mulige avvigelser fra kirkens lære.<sup>558</sup>

Referat frå lærarmøta viser at mange heller ville at biskopen skulle kome til skolen, gjere seg kjend med lærarane, elevane og undervisninga, og gi dei råd og rettleiing ut frå nærleik og kjennskap. *Norges Lærerforening* meinte at skolearbeidet ikkje burde bli forstyrra av opplæring i kyrkja. Dei tilrådde derfor at prestane var tilbakehaldne, og at deltakinga i bispevisitasane blei gjort frivillig. Dette synspunktet vann fram. Etter forslag frå lærarskolerektor Olav Andreas Eftestøl vedtok Stortinget i 1908 at lærarane og skolebarna skulle vere fritatt frå obligatorisk fram møte i kyrkja under visitasane. I 1911 og 1912 kom lover som gjorde konfirmasjonen til ei frivillig sak, fristilt skolen, bygd på eit personleg val. Dette innebar at kristendomsfaget først og fremst skulle støtte opplæringa i heimen, ikkje i kyrkja.<sup>559</sup>

Bandet mellom kyrkje og skole blei likevel ikkje slite heilt over. Som nemnt hadde skolen kristeleg føremålparagraf og konfesjonsband. Presten hadde framleis tilsyn med kristendomsopplæringa. Historikaren Kim Helsvig peikar på at kristendomsfaget heldt fram som ein viktig del av kyrkjias opplæring. «[A]ll undervisning forble prinsipielt bundet til kirkens *bekjennelse*, og regelen om at skoledagen skulle begynne og slutte med salmesang og bønn ble lovfestet».<sup>560</sup> Også i godkjenningsordninga for lærebøker av 1908 blei særstillinga til kristendomsfaget understreka.

I arbeidet fram mot lova av 1889 hadde radikale politiske krefter, deriblant vekkingørslas representantar, vist ei tillitsfull haldning til dei som lokalt skulle ta ansvar for skolen.

<sup>558</sup> Rogaland lærarlag 1952:50–51

<sup>559</sup> Uvissa når det gjeld kristendomsfaget som dåpsopplæring kan seiast å ligge til grunn for den didaktiske opprustinga vi ser hos kristne organisasjonar etter andre verdskrigen, først og fremst gjennom *Institutt for Kristen Oppeding*. (Helsvig 2005)

<sup>560</sup> Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), pp. 447–461 (Side 166)

Partane, både til venstre og høgre, viste også ei raus haldning gjennom arbeidet med lova. Kyrkjehistorikaren Åge Holter omtalar den samlinga av tidlegare stridande partar som blei skapt gjennom pragmatisk skolepolitisk samarbeid: «[N]år lekfolket i skolestyrene blir erklært myndige nok til å styre, kunne kirkelige reformvenner på Vestlandet møtes med venstrepolitikere og grundtvigianske skolemenn.»<sup>561</sup> Den vekkingsorienterte historikaren Oscar Handeland omtala det samlande arbeidet med lova som ein siger. Han roste kristenfolket og meinte at dei ingenting hadde å skamme seg over. Likevel minte han om at ein i politisk arbeid lett kan bli ført vill. Han gav ein truverdig analyse av det som skjedde då vekkingsfolk deltok i den politiske striden, og sidan såg klarare kva dei hadde vore med på. I vekkingsrørslas språk gav Handeland uttrykk for at ein «åndskamp» nærma seg:

[H]adde dei kristne vinstremenn halde seg burte fraa aktiv politikk, vilde daa ikkje 'fritenkjarane' ha faat rett i at kristendom og bakstræv var eitt? No gjorde dei ikkje dette, dei fleste var med av all si magt og synte folket at kristendom og bakstræv var ikkje eitt. Men politikken er eit faarleg arbeidsreiskap. Ein kan og lett sverta fingrane sine. (...) Skal ein orka aa stengja ute ein aandsstrøm, so nyttar det ikkje anten med jamring eller politikk. Ein maa møta han med aandsmagt.<sup>562</sup>

Handelands bakgrunn for å støtte lova var at han hadde utvikla ei kritisk haldning til tradisjonell kristendomsopplæring, prega som ho var av «et uoverskuelig kunnskapsstoff uten indre struktur og verdiprioritering».<sup>563</sup> For han, som for Sverdrup, Knutsen, Kaarstad og Hallesby, var det openbart at den gamle forkynninga ikkje dugde mot «fritenkjarflaumen». Dei sterkaste angrepa på kristentraua kom etter Handelands meining frå dei høgare samfunns-laga, derfor måtte ein ta i bruk nye middel og metodar.<sup>564</sup> Ut frå dette såg han at skolen blei ein viktig arena for åndskamp: «Det var i skule-vegen dei norske kristne gjorde den sterkaste motstøyten.»<sup>565</sup>

*Partiet Høgre* stod fast på at skolen var ei «Samfundssag af Første Rang»,<sup>566</sup> men gjekk imot den fristillinga av skolen frå kyrkja som dei radikale i Venstre gjekk inn for. Høgre meinte at splitting mellom skolen og kyrkja kunne bere «Spiren i sig til Kirkens og Statens

---

<sup>561</sup> Holter 1989:44

<sup>562</sup> Handeland 1922:304

<sup>563</sup> Asheim 1989:162

<sup>564</sup> Handeland meinte at borgarskapet hadde størst «ansvar» for den negative utviklinga. Også Hallesby meinte at angrepet kom både frå borgarskapet og arbeidarklassen. Sjå s. 118, s. 205

<sup>565</sup> Handeland 1922:305

<sup>566</sup> Lunde 1974:33

Adskillelse fra Kristendommen».<sup>567</sup> Det mest sentrale målet var for Høgre oppdraging av gode borgarar. Ei slik oppgåve kunne ein ikkje fullt ut overlate til foreldra. Heller ikkje kommunane kunne ta den endelege avgjerda på skolefeltet, det ville føre til ei «babelsk forvirring», meinte partiet. Statsadministrasjonen var den makta som kunne balansere omsynet til både kyrkja og skolen og berge «Skolens Christelige Karakter».<sup>568</sup> Men staten var i så måte fullt og heilt avhengig av læraren. Ei fornying av lærarutdanninga i kristeleg retning hadde derfor støtte frå Høgre.

## Arbeidarpartiet – skolesatsingas fremste motstandar

Som det blei vist til i analysen av skoledebatten fram mot 1889, gjekk Venstre langt i retning av å ønske eit skarpere brot mellom kyrkja og skolen. På radikalt hald blei det viktig å skilje ut alle kyrkjelege innslag i læreplanen. Den skarpaste politiske striden om kristendomsfaget stod likevel mellom dei konservative kristne på den eine sida og arbeidarrørsla på den andre.

I 1887 blei *Det forenede norske Arbeidarparti* stifta i Arendal.<sup>569</sup> Partiet skulle kome til å bli vekkingsrørslas klaraste motstandar når det gjaldt skole og lærarutdanning. Dei to rørslene hadde likevel noko felles. Dei bygde begge på folkeleg tilslutning, hadde ein visjon knytt til skolen, og stod saman i synet på sosial rettferd, sjølv om det dreidde seg meir om mål enn om middel.<sup>570</sup> Samtidig var den ideologiske motsetnaden mellom dei klar. Denne handla ikkje minst om moral og kultur. Vekkingsrørsla avviste den verdslege kulturen, og markerte kva som er synd og kva som er «uheldig» for ein kristen, dei såkalla «mellomtinga»: verdsleg musikk, media, klesmote, spel og sport, politisk verksemd. Mykje av dette var ein sjølvsgatt del av arbeidarkulturen.

Arbeidarrørsla starta ikkje som eit opprør mot religion. Tvert imot omtala Marcus Thrane den sosiale og politiske kampen i religiøse termar. I det første nummeret av *Arbeider-Foreningens Blad* opna han med desse orda: «Gud være med Eder! Gud være med os alle; en Kamp vil begynde, en Kamp må begynde. Gud lede denne Kamp saaledes at den bliver aandelig og ikke legemlig».<sup>571</sup> Utan å gå imot religiøs opplæring i seg sjølv, formulerte han

---

<sup>567</sup> S.st.

<sup>568</sup> Lunde 1974:44–45

<sup>569</sup> Skifta namn til *Det norske Arbeidarparti* i 1891. Frå 2011: *Arbeidarpartiet*

<sup>570</sup> Arbeidarrørsla har då også blitt kalla «lågkyrkjelegheit uten Gud». Då striden om Oslo lærerskole toppa seg i 1946, skreiv Hallesby at han hadde mykje til felles med deira synspunkt. Hallesby, O.: Oslo lærerskole, *For Fattig og Rik* 1. des. 1946.

<sup>571</sup> Sitert etter Thorkildsen 1998:167

synsmåtar om korleis skolen burde utformast for å tene det arbeidande folket til opplysning og nytte. I 1850 sende Thrane eit bønneskriv til kongen med synsmåtar på religionsopplæringa. Her gav han uttrykk for idear og standpunkt som likna dei Grundtvig og Nissen stod for. Han bad om «en Reform der maa sætte Skolen i Forbindelse med Livet og en i Sandhed statsborgerlig Opdragelse. (...) Er Skolen en Statsanstalt eller en religiøs Anstalt? Bør den være Folkeskole uavhengig av al Trosbekjendelse?»<sup>572</sup> I skrivet blei det formulert eit skoleprogram med ulike natur- og samfunnsorienterte fag. Thrane tok avstand frå den suverene posisjonen og den forma kristendomsopplæringa hadde:

Skolen bør ikke som forhen være en Anstalt hvor Barnet tvinges til alene at puge de reglementerede Religionsbøger, men en sand Folkeskole hvor der undervises i alle de Kundskaber, det siden tiltrænger baade som Medlem af Kirke og Stat, altsaa i Naturlære, Historie, Geografi, Grammatikk, Skrivning, Regning, Konstitutionshistorie, Statsøkonomi, Naturkræfternes Anvendelse og, naar det ved anførte Fag var kommen til Tænkning, i Religionslære.<sup>573</sup>

«Kristendomskundskap utgaar av skolens fagkreds»

I 1880 uttrykte *Det Første Norske Arbeidermøte* at religionsopplæringa måtte sjåast på som ein sektor for seg, skild frå allmenn kunnskapsutvikling og læring. Det blei på møtet føreslått at ein skulle avskaffe religionsopplæringa i skolen.<sup>574</sup> Grunngevinga handla om at undervisninga var prega av pugg, noko som undergrov respekten for faget. Ein burde derfor starte eigne kyrkjeskolar. Møtet slo også fast at ein offentleg skole ikkje burde bygge på ei «tilfeldig» trusvedkjening, men på «de vitenskapelige over den hele Verden som ubestridelige anerkjendte almindelige Sandheder».<sup>575</sup> Forslaget fall i 1880, men i 1888 vedtok *Det Fjerde Norske Arbeidermøde* at «Kristendomsundervisningen bør saavel af Hensyn til det kristelige Livs Fremme som af Hensyn til den medborgerlige Uddannelse udgaa som Fag i Folkeskolen og henlægges til Kirken».<sup>576</sup> Framlegget blei vedtatt med 47 mot 18 stemmer.<sup>577</sup>

I tida etter 1889-lova markerte arbeidarrørsla klar kritikk av vekkingsrørslas skolesyn. Eg har gjort ein gjennomgang av partiprogram, prinsippprogram og arbeidsprogram for Arbeidar-

<sup>572</sup> Marcus Thrane: Opfordring fra arbeiderforeningen til kongen. *Arbeider-Foreningenes blad*, nr. 44, 1850. Sitert etter Dokka 1967:134

<sup>573</sup> S.st. s. 13

<sup>574</sup> *Forhandlinger ved Det Første Norske Arbeidermøde*, 1880, s. 28. Her sitert etter Hellern 1968:94

<sup>575</sup> S.st.

<sup>576</sup> *Forhandlinger ved Det Fjerde Norske Arbeidermøde*, Hamar, 8.–12./7- 1888, Kra. 1889, s. 36

<sup>577</sup> Hellern 1968:94



partiet 1891–1939. Partiet vedtok alt i 1891 at opplæringa i religion burde vere ubunden av kyrkja. I partiprogrammet Art. VII stod det: «Alle bidrag av offentlige midler til religiøse formål opphører. De kirkelige samfunn blir å betrakte som religiøse foreninger.»<sup>578</sup> Art. VIII: «Skolen er konfesjonsløs».<sup>579</sup> Punktet om å fjerne støtta til religiøse føremål blei stroke i 1901, men punktet om konfesjonslaus undervisning blei ståande.

Olav Kringen, journalist og politiskar,<sup>580</sup> gav i 1904 ut boka *Kirken sett fra et socialistisk synspunkt*.<sup>581</sup> Her gav han uttrykk for at åndsfridommen er best tent med ei statskyrkje. Dette var likevel eit strategisk synspunkt, for kyrkja blei rekna som ein del av det borgarlege samfunnet, og dermed som ein fiende av sosialismen.

I innstillinga frå Stortingskomiteen til debatten om byskolelova i 1917 viste sosialistane på nytt at dei gjekk inn for ein religionsfri skole. I 1918 stod det i partiprogrammet: «Kristendomskundskap utgaar av skolens fagkreds. Den nødvendige kirke- og religionshistoriske kundskap meddeles som led i historieundervisningen.»<sup>582</sup>

Vedtaket om ein religionslaus skole vekte naturleg nok skarpe reaksjonar, ikkje minst frå kristne lærarar. I *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift* kom følgjande kommentar: «Dette er rene linjer: En tvungen religionsløs folkeskole for alle barn. En tvungen religionsløs ungdoms- eller fagskole for al ungdom. Det kan man kalde at avkristne barne- og ungdomsopdragelsen til bunds.»<sup>583</sup> Forfattaren meinte at representantane som ville fjerne kristendomsopplæringa hadde ein ivrig støttespelar i den nye formannen i Arbeidarpartiet, Kyrre Grepp. Han blei i det kristelege tidsskriftet omtala som ein fanatisk ateist på linje med andre i sentralstyret i partiet, Emil Stang, Martin Tranmæl, og ikkje minst Edvard Bull d.e..

Truleg var det redaktør R. J. Ringdal som hadde skrive artikkelen. Han stilte spørsmålet om kva ein kunne vente dersom sosialistane fekk makta. Svaret gav han sjølv: då vil både indre- og ytre-misjonsfolket slutte seg saman for å opprette private kristelege skolar. Kristenfolket ofra alt millionar i året på ytre og indre misjon, på kristelege lærarskolar og andre skolar, meinte han. «Men en ting maa nu være klart for hvert menneske i dette land som ikke er idiot, at hvis socialisterne faar flertal ved valget til høsten saa gjennomfører de sit

<sup>578</sup> Det norske Arbeidarpartis program av 1891, Art. VII. Sitert etter Bull 1985:395

<sup>579</sup> S.st.

<sup>580</sup> Olav Kringen, (1867–1951) var redaktør av *Social-Demokraten* i 1897–1899 og 1903–1905. Han omsette Internasjonalen til norsk.

<sup>581</sup> Kringen 1904

<sup>582</sup> Sosialisternes program ved stortingsvalget 1918, Vedtat paa Det norske Arbeidarpartiets landsmøte 29. marts – 1. april 1918.

<sup>583</sup> *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift*, Nr 6, 1918: Konfesjonsløs folkeskole?

skoleprogram. Derfor maa alle som er imot deres religionsprogram heller ikke gi dem sin stemme.»<sup>584</sup>

Arbeidarpartiet viste i sine program i denne radikale perioden ei klar markering av einskapsskolen, ein felles skole for heile folket, for alle samfunnslag. Også Johan Gjøstein, fremste talsmann for einskapsskolen, meinte i 1918 at folkeskolen burde vere konfesjonslaus, og at religion burde gå ut av fagkrinsen. Han såg spørsmålet om kristendomsopplæring i lys av den fremste utdanningspolitiske kampsaka, einskapsskolen. Derfor var det ikkje eit primært mål å kome religionen til livs, men

at ta bort fra folkeskolen alt hvad der kan antas at hindre denne skole fra at bli omfattet med ubetinget sympati og tillid av det hele folk, og dette blir saa meget mere nødvendig som den dag nærmer sig med sterke skridt da folkeskolen blir landets eneste barneskole.<sup>585</sup>

Dette er taktisk-politiske resonnement. Argumentet til Gjøstein var at religionen «har en tendens til at sette ondt blod».<sup>586</sup> Derfor burde skolen frigjerast frå kristendomsfaget, og i staden, som i andre land, gi undervisning i morallære, religionshistorie eller liknande. Gjøstein oppmoda derfor regjeringa til å greie ut spørsmålet om ein konfesjonslaus folkeskole. Han siterte Otto Andersen, professor i pedagogikk,<sup>587</sup> som sa at kyrkja må slutte å kreve at skolen underviser i kyrkjeleg teologi, noko som etter hans syn må bli kyrkjias sak. Kyrkje-komitéformannen, sokneprest Fretheim, svara på vegne av komitéfleirtalet at så lenge vi har statskyrkje, må vi også ha religionsundervisning i skolen. Regjeringa, ved statsråd Jørgen Løvland, slutta seg til dette synet.

Professor Karl Vold<sup>588</sup> ved Menighetsfakultetet peika ut Arbeidarpartiet som den fremste motstandaren i skolespørsmålet, men også, i ei vidare meining, som representant for den kristendomsfientlege delen av kulturen:

---

<sup>584</sup> S.st.

<sup>585</sup> Odelstinget den 15. nov. 1918. St.forh. s. 993 ff.

<sup>586</sup> S.st.

<sup>587</sup> *Otto Andersen* var rektor ved pedagogisk seminar, Universitetet i Kristiania, og professor same staden 1918–1922. Han var forfattar av pedagogisk idehistorie, mellom anna *Billeder av dannelsesarbeidets historie, I–IV*, og *Noreg s høiere skolevesen, 1814–1914*.

<sup>588</sup> *Karl Vold* (1875–1948) overtok etter Peder Hognestad som lærar i Det gamle testamentet på Menighetsfakultetet. Han målbar eit folkekyrkjeleg syn, ein stridbar konservativ teologi og kampstilling mot arbeidarrørsla. Vold gav ut bøkene *Kristendom og samfundsliv* (2 bd., 1924), *Moderne religionsdannelser og religionssurrogater* (1934) og *Det hellige kall og den hellige lidenskap* (1941). Posthumt kom i 1949 *To kirkehøvdinger*, eit bittert angrep på Eivind Berggrav og Ole Hallesby. (Kjelde: SNL, Hallgeir Elstad)

Det socialistiske parti har hat den konfessionsløse skole paa sit program, idet det hævder at religionen kun er en privatsak: 'De kristelige samfund blir at betragte som private foreninger. Skolen er konfesjonsløs.' I 1901 blev kirkeposten strøket efter forslag av Namsos arbeider-organisation. I 1911 vedtok man at religionsundervisningen skulde være 'bekjendelsesfri' uten konfessionstvang.<sup>589</sup>

### Edvard Bull d.e. – APs radikale religionskritikar

Det skarpaste angrepet på vekkingsrørslas skolesatsing kom frå Edvard Bull d.e. (1881–1932), historieprofessor, utanriksminister og nestformann i Arbeidarpartiet. Kyrkjekritikken hans kom særleg fram i boka *Kommunisme og religion* frå 1923. Religion er ei privatsak, meinte Bull, men kyrkja er ei samfunnssak.<sup>590</sup> Han gjekk til kraftig angrep på kyrkja som eit organ for den kapitalistiske samfunnsordenen, og slo fast at ho derfor måtte nedkjempast. Det kunne best skje gjennom skolen, og gjennom at styresmaktene fekk kontroll med lærarutdanninga.<sup>591</sup> Det er talande, ikkje minst for makta dei lågkyrkjelege organisasjonane hadde på denne tida, at Bull rekna bedehuset som ein viktigare motstandar enn kyrkja. Med referanse til Hallesbys strategi om rekristning gjennom lærarutdanning meinte han at kristenfolket alt hadde ein talarstol i skolen.

Som medlem av *Den parlamentariske skolekommissjon av 1922* foreslo Bull, saman med to andre, at religion gjekk ut av både folkeskolen og den høgare skolen. Innstillinga frå kommisjonen kom i 1928, og hadde ei ny og sterkt avbleika målformulering når det gjaldt kristendomsfaget: «Godt kjennskap til den almennelige religionshistorie med særleg sikte på de jødiske og kristelige religionsformers utvikling. Historisk kunnskap om de bibelske skrifers tilblivelse og innhold. Oversikt over de religiøse dogmers og moralbegreper utvikling med noget fyldigere kjennskap til innholdet i den lutherske kirke.»<sup>592</sup>

Utover i mellomkrigstida stod kampen om lærarskolen mellom dei konservative i kyrkja og vekkingsrørsla på den eine sida, og politisk radikale, først og fremst innan Arbeidarpartiet, på den andre.<sup>593</sup> Edvard Bull d.e. hadde mildt sagt ikkje noko til overs for lærarskolens vekkingsbaserte ideologi. Han meinte at arbeidarrørsla burde delta i kampen om skolen

<sup>589</sup> Vold, K. (1913). Kampen om religionsundervisningen i den moderne skole. *Kristelig Pædagogisk tidsskrift*. Nr. 6, Januar, 1913

<sup>590</sup> Midttun 1995

<sup>591</sup> Bull 1923:31 ff.

<sup>592</sup> Eftestøl 1928:149

<sup>593</sup> Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), pp. 447–461. (Side 166)

gjennom å gjere all lærarutdanning offentleg. Asbjørn Tveiten oppsummerer synspunkta til Bull slik: «Først måtte lærarskulane verta offentlege. Då var det råd å få dei vrasta ut av ‘kirkefolkets’ hender.»<sup>594</sup> Bull skreiv i *Kommunisme og religion*:<sup>595</sup>

Kirkens egentlige maktposisjon i vårt samfund ligger i skolen. Gjennem kristendomsundervisningen får den tak i praktisk talt alle landets barn i de mest påvirkelige årene. Og er det så, at kirken er vår fiende, blir det først og fremst klart at skolen må bli helt og ubetinget offentlig. (...) har man fått læreransettelsene og lærerskoleundervisningen i statens hender – så skal vi sørge for å avkristne skolene og derefter folket.<sup>596</sup>

Slik Hallesby hadde gjort det, hevda altså Bull at lærarutdanninga kom til å spele ei nøkkelrolle i kampen om barna og folket. Han hevda også at religionsundervisninga i skolen måtte vere forteljande orientering, ikkje forkynning:

Her som overalt elles i vår skolepolitikk må vi begynde med grunnlaget, med lærerne og med lærernes utdanning. Våre nuværende lærerskoler – ikke bare de ‘kristelige’, men også de andre – er i stor utstrækning teologiske opplæringsanstalter, hvor seminaristene dresseres i kristelig dogmatikk og moral, (...). Skolen skal gi undervisning om religion; (...) Men den skal ikke gi opplæring i religion; den skal ikke være oppbyggelig og missionerende.<sup>597</sup>

Reaksjonen på Bulls pamflett og erfaringane frå valet i 1930 førte til ei revidering av religionskritikken i Arbeidarpartiet, ein politikk som blei dempa fram mot valet i 1933 og regjeringsdanninga i 1935.<sup>598</sup> I spørsmålet om kristendomsopplæring i skolen gjekk partiet gjennom eit linjeskifte. Den avvisande haldninga blei erstatta av eit balansert standpunkt der kristendom skulle halde fram som sentralt fag, men samtidig bli konfrontert med andre trusformer. Alt skulle innordnast demokratisk danning som overordna læringsmål. Trass i at dette var eit linjeskifte, var synsmåtane til Arbeidarpartiet framleis ein klar konfrontasjon med dei standpunkta vekkingsrørsla målbar. I del 5 skal eg analysere kampen om Oslo lærarskole

---

<sup>594</sup> Tveiten 1994:165

<sup>595</sup> Bull 1923. Denne vesle boka kan seiast å vere eit sosialistisk motstykke til oppropa frå Heuch, Johnson og Hallesby.

<sup>596</sup> Bull 1923:29–30

<sup>597</sup> Bull 1923:31

<sup>598</sup> Midttun 1995:18

og konfrontasjonen mellom Indremisjonen og Arbeidarpartiet. Denne kampen utgjør ein slutfase i vekkingssrørslas satsing på landsvekking og rekristering gjennom lærarutdanning.

I det offentlege ordskiftet knytt til etableringa av Oslo lærerskole blei denne institusjonen omtala som ei kjelde til den svartaste pietisme. *Arbeiderbladet* meinte at organisasjonane som hadde etablert skolen var ein fare for åndslivet, at dei representerte ein «mørk middelaldersk og livsfiendtlig kristendom».<sup>599</sup> Arbeidarpartiet heldt fast ved at staten burde ha hand om utdanninga av lærarar for den offentlege skolen. Leiarane i Indremisjonen svara med at staten alt hadde makt gjennom eksamensretten og gjennom regulering av opptaket, gjennom styringa av nasjonal læreplan og felles eksamen. Etter deira syn var forsvaret av privat lærarutdanning eit vern av religiøse verdiar, av frivillig kristeleg skolearbeid, ja, av posisjonen til kristendommen i norsk kultur.

---

<sup>599</sup> *Arbeiderbladet*, mai 1927

## Kap. 11. Nye impulsar og ny lov

### Nytteorientering

Historikaren Brit Marie Hovland har i sin analyse av *dei lokale lærarmøta* på 1860-talet funne at lærarane gjekk inn for ein skole der kunnskapen i sterkare grad skulle kome elevane til nytte. Ikkje minst reagerte lærarane på den geistlege dominansen når det gjaldt fagtilfang og skoleleiing. «Synspunktet tok først og fremst utgangspunkt i den nytteverdien kunnskaps-tileigninga ville få for individet – og då først og fremst for allmugen, men òg for staten.»<sup>600</sup> Standpunktet til lærarane var at skolen skulle støtte utviklinga av demokratiet ved å sette allmugen i stand til å hevde sine meiningar. Med det Hovland omtalar som «sosialreformatorisk utilitarisme» fremma lærarane ein sekulær tankegang.<sup>601</sup> Dei kjempa ikkje mot religionsopplæringa i skolen, men for eit større tilfang av «nyttige» fag. Dette kan sjåast i samanheng med ei utvikling innan filosofien og pedagogikken.

Debatten mellom nyhumanisme og realisme/utilitarisme innan pedagogikken er ein klassisk debatt som kom opp fleire gonger. Vi ser han i starten av 1800-talet. Då skole-spørsmål etter 1870 på nytt kom til å stå sentralt i samfunnsdebatten, handla det i mindre grad om prinsipielle pedagogiske spørsmål, meir om praktiske tilpassingar av utdanningspolitikk, om økonomi og organisering. Likevel kan vi sjå at nye pedagogiske tankesett gav både grundtvigiansk og pietistisk pedagogikk motstand. Det vi i dag kallar positivistisk tenkemåte innebar at ein, basert ikkje minst på nyvunnen naturvitskapleg kunnskap, ville bort frå metafysikk i opplæringa. Dei nye faga som kom inn bygde i stor grad på det positivt kjende, på det observerbare, på sansing og røynsle.

Franskmannen August Comte utvikla ein vitskapsfilosofi der ein skulle legge empiri (observasjon og eksperiment) til grunn for forskinga med det målet å utvikle den høgste forma for menneskeleg erkjenning. Denne «objektive» metoden blei også applisert på historieforskinga og på samfunnsfaga. John Stuart Mill utforma sin etikk og si samfunnslære i tilknytning til erfaringsfilosofien. Han vidareførte «utilitarismen», eller nytte- og lykke-moralen, som var formulert av Jeremy Bentham. «Målet for våre handlinger må være ‘størst

---

<sup>600</sup> Hovland 1999:35

<sup>601</sup> S.st. s. 19, 39

mulig lykke for flest mulig mennesker' – et lykkebegrep som omfatter både materielle og åndelige goder.»<sup>602</sup>

Psykologisk kunnskap blei sett på som ein reiskap til å omforme den menneskelege naturen. Ein la vekt på kva mennesket kan nå ved eiga kraft, ikkje minst korleis opplæring kan gjere mennesket stadig meir livsdugande. Meininga var at dei verdiane mennesket samla opp og utvikla gjennom vellukka undervisning etter kvart ville endre det naturlege arvegrunnlaget. Ved å dyrke byggande impulsar i menneskesinnet skulle ein vinne over negative og utviklingsfiendtlege krefter. Ein såg føre seg ei evolusjonsmessig endring av moralen både på samfunnsplanet og i det enkelte mennesket.

Slike tankar kom til uttrykk i Herbert Spencers bok *Education* frå 1895,<sup>603</sup> men blei ikkje direkte ein del av norsk pedagogisk debatt. Likevel var det her til lands ei veksande tiltru til positivistisk filosofi og naturvitskapleg kunnskap.<sup>604</sup> I skolesamanheng førte dette til eit ønske om at opplæringa skulle gi varige positive moralske verknader.<sup>605</sup> Innan liberale delar av politikken hadde allmenn opplæring blitt sett på som nødvendig dersom dei demokratiske rettane skulle bli ein røyndom for den enkelte. Statsminister Johan Sverdrup peika i 1884 på den samfunnsbyggande nytten opplæringa kunne ha som føresetnad for nasjonal einskap og framsteg. Dette kjem til uttrykk i hans grunngeving for reformer i skolen:

Ved opplysningens jevne utbredelse opnaes den faste og underlige sammenhæng mellom individene, kommunerne og distrikterne, der gjør befolkningen til en helstøpt, harmonisk udviklet nation, i hvilken fremskridtet kan gaa for sig stadig, energisk og fast (...).<sup>606</sup>

---

<sup>602</sup> Beyer 1975:45–46

<sup>603</sup> *Herbert Spencer*, 1820–1903, engelsk moralfilosof og utilitarist. Han meinte at dei lovene som gjaldt for menneskets biologiske utvikling også gjaldt for samfunnslivet, kunsten og vitskapen. (Kjelde: SNL/Tomas Stølen) Boka *Education* kom ut i dansk omsetning i 1895 med tittelen *Om Opdragelse*. København: Andr. Fred. Høst & Sønns Forlag

<sup>604</sup> Verk frå tre kjende norske forfattarar viser at desse tankane var i omlaup: Ibsens 'Gjengangere', Lies 'Gaa paa' og Bjørnsons 'Det flagger i byen og paa havnen' har alle innslag som handlar om at tileigna menneskelege eigenskapar kan nedarvast og at miljøet kan påverke den menneskelege naturen. Særleg Bjørnsons roman samsvarar med Spencers pedagogiske program. Her blir det sagt at kvinna har ein meir moralsk natur fordi ho har levd eit reinare liv, ein veg også mannen må gå. Georg Brandes formulerte noko av det same i førelesningane sine i 1871.

<sup>605</sup> Denne førestillinga ser vi igjen når vekkingas skolefolk legg vekt på det etiske i sitt skoleprogram. Skilnaden frå utilitaristisk tenking er at for vekkinga var trua det mest avgjerande elementet i ei slik kulturell danning, sjølv om dei også såg verdien i allmenn moralsk «reinsing».

<sup>606</sup> Statsminister Sverdrups *Forslag til Reform i vort Folkeskolevesen*. Kra. 1884, s. 12. Dette er ord som minner om formuleringar Gudmund Hernes brukte då han formulerte retning for reformer i skolen og høgere utdanning meir enn hundre år etter Sverdrup: *Med viten og vilje*. NOU 1988:28. Universitets- og høyskoleutvalget.

Pedagogen Bjarne Bjørndal meiner at nytteperspektivet på opplæring blei konkretisert ikkje minst i faget historie. I tråd med Spencer blei den historiske utviklinga knytt til naturvitskaplege lover og årsaksfaktorar (fysiske, geologiske, biologiske), men også til sosiologiske og psykologiske faktorar.<sup>607</sup>

Den positivistiske og utilitaristiske impulsen førte til at det blei lagt meir vekt på praktisk kunnskap, det som kunne gjere elevane dugande for *yrkeslivet*. Den norske teologen og skolemannen Frants Grung<sup>608</sup> skreiv om *arbeidsskolen* eit halvt hundreår før dette omgrepet festa seg som pedagogisk term innan reformpedagogikken.

Fra alle sider lyder Raabet: 'Giv os en meere praktisk Skoleopdragelse.' I sin Grund vil det sige, at Skolen i høiere Grad, end nu er Tilfældet, maa sysselsætte sig med det, som giver det bedste Udbytte for det praktiske Liv.<sup>609</sup>

Utilitaristisk syn på kunnskap og opplæring kom til uttrykk ikkje minst i utgreiinga om lærarutdanninga. Dei som gjekk ut i skolen burde vere dugande til å formidle nyttig kunnskap. Undervisninga deira skulle vere nyttig også i den meininga at ho hadde eit sosialt utjamnande siktemål. Tidsskriftet *Vor Ungdom* hadde i 1880 ein artikkel der det blei sagt at læraren måtte «blive den talsmand og veileder, de mindre bemidlede klasser under det politiske livs mangehaande brytninger og kampe naturligen vil slutte sig om».<sup>610</sup> Skolen skulle gi elevane rom til å utfalde seg aktivt lærande, og skape vilkår for ei heldig utvikling av personlegdommen. Det skulle skje ved at ein knytte opplæringa tettare til aktuelle livsproblem. Lærdommen som blei formidla skulle altså vere til nytte for den enkelte, men måtte også tene ei sunn utvikling av samfunnet som heilskap.

Vekkingskristne skolefolk hadde ikkje bydd fram eit klart svar på den grundtvigske utfordringa, og gjorde det heller ikkje då den nytteorienterte pedagogikken begynte å feste seg i norsk skoledebatt. Pietistisk teologi gav likevel haldepunkt for nokre kritiske merkingar. Dette gjaldt ikkje minst den religiøse opplæringa. Sann og tenleg kunnskap blei i skolens hovudfag, kristendom, framleis forstått som kyrkjas autoriserte dogmatikk. Tanken var at denne kunnskapen, lært som barn, med åra kunne vekse til kristeleg overtyding, og slik legge grunnlaget for omvendning og tru. «Nytten» ved den kristeleg opplæringa var etter

---

<sup>607</sup> Bjørndal 1959:87–93

<sup>608</sup> *Frants Grung* (1847–1931) studerte teologi, og vann pris for ei avhandling om gresk filosofi og religion. Han blei dr.philos. i Heidelberg på ei avhandling om Kant. Styrar ved ein middelskole i Risør. Sitatet er frå boka «Skolearbeide og Arbeidsskole» (1887)

<sup>609</sup> Grung 1887:VIII

<sup>610</sup> *Vor Ungdom* 1880:66



vekkingsbasert syn dermed at ho gjorde elevane livsdugande både i dette livet og i det komande. Dilemmaet var at den pietistisk baserte religionsopplæringa hadde blitt prega av ei formalorientert undervisningsform, av mange omtala nedsettande som ein livsfjern «puggeskole». I møte med nye pedagogiske trendar og retningar blei denne tradisjonen utfordra også innan vekkingsrørsla, men likevel ikkje klart avvist.

Den pietistiske opplæringstradisjonen kom i eit dilemma mellom dogmatisk trusopp-læring og eit stigande ønske om at skolen skulle tene livet her og no. Utover på 1900-talet kom denne nytteorienteringa, saman med barnesentreringa i reformpedagogikken, til å legge eit press på den kristelege opplæringa i skolen. Då dei vekkingskristne utvikla si eiga lærarut-danning, kom denne til å ta opp i seg fleire trekk ved det nye innan filosofi og pedagogikk, men slepte aldri taket i den pietistiske arven. Dermed levde ulike forståingar av «nytte» vidare.

### Seminarlova av 1890<sup>611</sup>

I løpet av 1880-talet hadde staten gjennom den økonomiske makta rimeleg god overordna styring med norsk lærarutdanning, men greip likevel lite inn i seminardrifta. Følgjen var at skilnaden mellom institusjonane som gav lærarutdanning blei stor. Det blei etter skolelovene av 1889 sett på som eit krav at seminarutdanninga blei endra i tråd med den nye lova, og dernest at det blei større kontroll med seminara for å gjere dei meir like. Lovkommisjonen understreka at lærarutdanninga generelt var for svak, at ho i for stor grad blei ei barnleg opplæring for vaksne. Han hevda at det ein fekk var ein utdanna lærar, men ikkje «en sund og kraftig Personlighed».<sup>612</sup> Dette er synsmåtar som la grunnlaget for ei reform innan norsk lærarutdanning.

I den første eigne seminarlova, *Lov af 14. juni 1890 om Seminarier og prøver for lærere og Lærerinder i Folkeskolen*, og tilhørande reglement fra 1891, fekk seminara som nasjonal utdanning auka status og ein sjølvstendig identitet. Samtidig blei det ei skjerpastatsstyring av institusjonane, med lov og reglement som sentrale styringsmiddel. Lova innførte ei eksamens-ordning med offentleg oppnemnde sensorar, felles sensur og felles eksamensoppgåver. For å sjå til at alle lærarar hadde eit rimeleg nivå av fagleg og pedagogisk kunnskap, oppretta regjeringa *Eksamenskommisjonen*, det seinare Lærarutdanningsrådet, for å iverksette lova.

<sup>611</sup> *Lov af 14. juni 1890 om Seminarier og prøver for lærere og Lærerinder i Folkeskolen*

<sup>612</sup> Dahl 1959:177 Dette var usakleg, meinte Dahl. Det trur eg han har rett i. Ei slik fråsegn kan synast å vere meir eit uttrykk for populære førestillingar om utdanninga enn av nær kjennskap til henne. Så var det då heller ingen av medlemmene i kommisjonen som arbeidde ved eit seminar.

Dette tiltaket styrkte den faglege kvaliteten ved opplæringa, og gjorde skilnaden mellom seminara mindre. Dermed fekk utdanninga også ein større folkeleg aksept, men det førte også til ei sterkare offentleg styring med utdanninga. Snart blei kommisjonens mandat utvida til å gjelde både generell rådgiving og kontroll.<sup>613</sup>

I førearbeidet til seminarlova av 1890 blei det hevda at kravet til lærarutdanninga var «sunne, sterke personligheter med solide kunnskaper, utviklet intelligens og et livvsyn modnet gjennom tenkning og erfaring».<sup>614</sup> Lærarelevane skulle med «åpent sinn for ungdommens sjele- og tankeliv kunne knytte de unge til seg og skape den rette vekselvirkning under det personlege samliv».<sup>615</sup> Ved sida av lærarføredrag og eksaminasjon la ein vekt på samtalar og meningsutveksling. Målet var ikkje å skape fullt ferdige lærarar, men personar med evne og trong til vidare utvikling. «Lærerutdanningen maa anlægges paa at dygtiggjøre til at danne Mennesker.»<sup>616</sup> Dette var ideal som minte om føremålsformuleringar for frilynte folkehøgskolar. Så var då også fleire grundtvigianarar medverkande til utviklinga av seminarlova.

I samanheng med dei kristelege lærarskolane som fem år seinare blei etablert i Volda og på Notodden, er det interessant å legge merke til at dei leiarane som argumenterte for desse skolane viste til kva det innebar å utvikle heilstøypte kristne personlegdommar. Den same vekta på individuell danning hos læraren finn vi dermed både i lovkommissjonen og hos skoleleiarane innan den kristne lærarutdanninga. Igjen viser dette at det ikkje låg pedagogiske motsetnader eller misnøye med undervisningsforma til grunn for vekkingas aksjon på lærarutdanningsfeltet. Så hadde då også offentlege og private seminar den formelle statlege ramma felles. Dei var nært knytte til ein grundtvigiansk arv på det pedagogisk-didaktiske feltet – bortsett frå når det gjaldt kristendomsopplæringa. Dessutan hadde all norsk lærarutdanning lenge hatt ein felles referanse i det nemnde reglementet som opphavleg var utforma av leiaren ved Asker seminarium.

I planen for seminaret i Asker hadde *vitskapsbasert psykologisk kunnskap* blitt lagt inn i utdanninga som ein hjelpevitskap til religionsopplæringa. Faget skulle ikkje bare hjelpe lærarane til å forstå barnesinnet, men også legge til rette for at dei sjølve utvikla ein heilskapleg og kristeleg danna personlegdom. Dette var synsmåtar på lærarrolla vekkingskristelege

---

<sup>613</sup> Det første bidraget frå Eksamenskommissjonen var at dei påviste kor vekslende kvalitet det var på opplæringa og på kunnskapen kandidatane hadde med seg ut i skolen. Det andre var den rådgivinga og det felles opplegget for eksamensordningar og –prøver kommisjonen etablerte, funksjonar og ordningar som blei haldne ved lag i Lærarutdanningsrådet heilt til slutten av 1980-talet.

<sup>614</sup> Innst. II, s. 12. Sitert etter Dahl 1959:189

<sup>615</sup> S.st.

<sup>616</sup> S.st.

skolefolk som Kaarstad og Hallesby greip tilbake til då dei omtala lærarens personlege trusliv som ein føresetnad for at læraren kan formidle «sann kristendom».<sup>617</sup>

Når vekkingas skolefolk la vekt på lærarens tru og moral, bygde dei altså vidare på ein tradisjon innan seminarutdanninga om ein personleg formande læringskultur. Vekkingørørslas særtrekk i denne samanheng var deira aksentuering av ein pietistisk farga teologi med vekt på omvending og på moralsk og kulturell avsondring. Dette vekkingsprega etiske idealet kom til å legge grunnlag for visjonen om læraren som misjonær.

Overføringa av det formelle tilsynet frå biskop til skoledirektør gjorde at ein frå 1890 kan sjå på norsk lærarutdanning som eit reint verdslig tiltak.<sup>618</sup> Ordninga som blei etablert med fritt val av lærarar til seminarane innebar at teologi ikkje skulle vere noko utdanningskrav. Dette var også meint å motverke den teologiske dominansen. Kyrkjens skolefolk reagerte. Stiftsdireksjonen i Kristiania meinte at ein her ikkje bare ville «berøve Kristendommen dens Plads den hidtil har havt i Seminarierne, men endog vilde nægte den, hvad der maa fordres for den».<sup>619</sup>

Lova opna for *privat lærarutdanning*, for såkalla friseminar. Bakgrunnen for dette var ikkje eit uttrykt ønske eller politisk påtrykk frå kyrkja eller vekkingørørsla. Heller var det eit resultat av den tanken ikkje minst grundtvigianarane i kommisjonen målbar, nemleg at undervisningsformene kunne bli utvikla friare ved private seminar enn ved statlege. Grunnivinga for privat lærarutdanning var dessutan at ho kom til å bli billigare for staten, og at drifta kunn bli mindre tungrodd. Det blei også lagt inn ei formulering som truleg var meint å gjere det enklare å legge ned dei private: «Rett til å holde lærerprøver eller noen del av dem med samme virkning som de offentlige seminarer kan av Kongen tilstås bestyrer av privat seminar, for så vidt og så lenge dets ordning og virksomhet finnes tilfredsstillende.»<sup>620</sup> I del 4 analyserer eg etableringa av kristelege lærarskolar heimla i denne lova, og viser at dei private friseminara gjennom lovarbeidet blei sett på med stor velvilje, ja, at denne typer seminar gjennom lova fekk vind i segla. Grunnane til dette var ikkje bare at dei private kunne fremme ei friare pedagogisk utvikling, eller at dei var billige og fleksible, men også trua på at pågangsmotet hos private eigarar kunne gjere utdanninga tenleg trass i krevjande vilkår.

Det blei strid om kristendomsopplæringa. Religion blei nok framleis sett på som det viktigaste faget, men var ikkje nemnt under den generelle drøftinga av mål. Somme vekking-

<sup>617</sup> Kaarstad 1920a:158/155; Sjå s. 91, 132

<sup>618</sup> Dahl 1959:191

<sup>619</sup> Stortingsforhandlingar 1890 III, Ot.pr. nr. 24, bilag 6, s. 47. Her sitert etter Dahl 1959:191

<sup>620</sup> *Seminarlova av 1890* §23

kristne kom til å meine at ein her hadde gløymt det «himmelske målet» med all skole. I debatten om lova var det også dei som meinte at kristendomsopplæringa burde leggest om. Ho burde ikkje lenger vere eit ekko av forkynninga i kyrkja, men formast meir i tråd med historisk forståing og forklaringsmåte. Målformuleringa i lovforslaget sa at det i opplæringa først og fremst gjaldt å klargjere den *historiske* utviklinga til den kristne læra. Dette var truleg påverka av teologisk liberale grundtvigianarar i kommisjonen, som hadde sett seg leie på ortodokse særtrekk ved seminaropplæringa i kristendom. Høyringsfråsegnene gjekk derimot inn for at seminara måtte gi komande lærarar «den klare, ordnede innsikt» i den kristne truslæra som einkvar religionslærer måtte ha. Stortinget fall ned på ei formulering som understreka den evangelisk-lutherske konfesjonen som grunnlag for kristendomsopplæringa. Men for urolege vekkingskristne var denne debatten nok eit skræmeskot.<sup>621</sup>

---

<sup>621</sup> Dahl 1959:162

## Kap. 12. Dei kristelege ungdomsskolane

### Ein førskole til lærarutdanninga

Eg har nemnt at det frå 1870-talet av blei etablert kristelege ungdomsskolar som alternativ til dei grundtvigianske folkehøgskolane. I 1912 var det opna 10 vekkingsorienterte ungdomsskolar. Mellom 1912 og 1923, den mest ekspansive perioden for den vekkingskristelege skolesatsinga, blei følgjande ungdomsskolar opna: Haugetun, Birkeland, Danvik, Fredheim, Solborg, Framnes, Sagavoll. Bakketun, Heimly, Sunnmøre. Nordhordaland, Viken, Frekhaug, Fjellhaug, Møre, Rauma, Tryggheim, Nordmøre. Rødde og Grenland.<sup>622</sup> I styringsdokumenta til Sørlandets kristelige ungdomsskole står det at skolen blei opna i Birkeland i 1912, og var initiert av Indremisjonsselskapet som eigar, med støtte frå kristelige ungdomsforeiningar lokalt. «Å vinne ungdom for Kristus var hovudoppgåva for skulen.»<sup>623</sup>

Ideen om ein kristeleg motpol til dei grundtvigianske folkehøgskolane starta med den konservative teologen Peter Lorentzen Hærem (1840–1878). Han var ihuga indremisjonmann. I 1867 stifta han *Kristiania Ynglingeforening*. I 1870 gjekk han saman med mellom andre Gisle Johnson i ein komité som skulle gi økonomisk støtte til folkeopplysning utan grundtvigianisme. Ingen av dei hadde lærarerfaring eller nokon klar pedagogisk visjon som grunnlag for eit alternativ til dei grundtvigianske folkehøgskolane.

I 1871 starta som nemnt sokneprest Jakob Sverdrup ein ungdomsskole med norsk vekkingsrørsle som ideologisk grunnlag, *Ungdomsskolen i Sogndal*.<sup>624</sup> Sverdrup hadde nære band til vestlandsk indremisjon. Skolen fekk eit pedagogisk program som skilde seg noko frå dei grundtvigianske ved at opplæringa skulle vere meir kunnskapsretta og at opplæringa i kristendom med bibeltolking skulle stå sentralt. Men Jakob Sverdrup la også vekt på at ei samfunnsmessig orientering skulle prege opplæringa. Han var vekkingsorientert, men hadde sans for det nasjonale aspektet ved grundtvigiansk skoletenking, og såg nasjonal einskap som ei målsetting:

(...) bevidstheden om at vi er et folk med en opgave, og at ingen har lov at trække sig tilbage (...) Folke-høiskolen skulde give de unge betingelserne for at forstaa de

<sup>622</sup> Norborg 1979:89

<sup>623</sup> Sitert etter Seland 2006:193

<sup>624</sup> Sjø s. 80

bevegelser, der rører sig gennem tiden (...) Over folkehøiskolens dør skulde staa: 'Tag dine sko av; thi det sted, hvorpaa du står, er helligt'.<sup>625</sup>

Ungdomsskolen i Sogndal blei relativt tidleg oppfatta som ein eigentleg folkehøgskole. Han hadde så mykje felles med dei grundtvigianske at han neppe kunne reknast som eit reelt alternativ til desse.<sup>626</sup> Med dette som premiss må vi tidfeste starten av den kristelege ungdomsskole-/folkehøgskolerørsla til 1893, då Asbjørn Knutsen etablerte ein ungdomsskole på Notodden i Telemark.<sup>627</sup> Denne skolen flytta etter kvart til Gvarv, og fekk då det grundtvigiansk-klingande namnet *Sagavoll*.<sup>628</sup> Knutsen ville starte ein kristeleg skole med praktisk retta opplæring. Siktemålet var å verke på tvers av sosiale og økonomiske skiljeliner.

Knutsen kan reknast som vekkingsorientert, men samarbeidde breitt med prestar og biskopar. Fri frå grundtvigiansk påverknad var heller ikkje han. Ein av vennene hans, den grundtvigianske leiaren Christopher Bruun, blei trekt aktivt inn i etableringa av ungdomsskolen. Knutsen tilbød han også ein plass i styret. Bruun takka nei, men gav likevel gåver til skolen.

Mange av dei kristelege ungdomsskolane blei i mindre grad ein *pedagogisk motpol* til dei frilynte folkehøgskolane, slik skolepolitikaren Nils Hertzberg hadde tenkt seg. Trass i den kristelege grunnivinga for desse skolane tok dei opp i seg sider ved grundtvigiansk pedagogikk. Dei kom nok til å legge større vekt på kunnskap, ikkje minst yrkesrelevant fagkunnskap,<sup>629</sup> men læringsmiljøet gav også rom for religiøs påverknad og direkte forkynning. Utdanningsforskaren og folkehøgskolelæraren Johan Lövgren viser i si doktoravhandling at tilknytning til grundtvigiansk pedagogikk kom til å prege den religiøse opplæringa i dei kristelege folkehøgskolane: «Religion is described in relational terms closely connected to the heritage from Grundtvig.»<sup>630</sup>

Trass i dette slektskapet viste Ole Hallesby, i sine strategiske artiklar om skolesatsinga i *FFoR* i 1912, til etableringa av indremisjonens ungdomsskolar som ei førebuing og eit startpunkt for satsinga på vekkingskristeleg lærarutdanning.<sup>631</sup> Dei ti kristelege ungdomsskolane som då var etablerte blei innlemma i ein samlande vekkingsbasert utdannings-

<sup>625</sup> Jakob Sverdrup på lærarmøte i Drammen. Referert i *Lærer-standens avis* 20. juli 1872.

<sup>626</sup> Samtale med religionsforskaren Per Halse, august 2017

<sup>627</sup> Skolen, grunnlagt i 1893 på Notodden, blei flytta til Gvarv i Sauherad 1914. (Sjå Halse 1996)

<sup>628</sup> Eg bygger her på e-post-svar frå Per Halse 3. sep. 2017.

<sup>629</sup> Rudvin 1970, Halse 1996

<sup>630</sup> Lövgren 2018:79

<sup>631</sup> Hallesby, O. (1912). Indremisjonen og den nye tid. *For Fattig og Riig*, 1912/20–25. (Sjå s. 201)

strategi.<sup>632</sup> På sine eldre dagar såg Hallesby tilbake og gledde seg over at skolestrategien hadde ført til ei storstilt skoleutbygging:

[...] med en imponerende energi og offervilje reiser nå det norske kristenfolk den ene kristelige ungdomsskole etter den annen. Hvor mange penger der er nedlagt i disse skolebygninger kan jeg i øyeblikket ikke angi nøyaktig, men tallet ligger et steds mellom fem og ti millioner. Og vitner mektig om hva de troende i Norge er villige til å ofre for sin ungdom.<sup>633</sup>

Ei vidare utbygging av kristelege ungdomsskolar utgjorde eit særskilt *indremisjons*prosjekt. Indremisjonsselskapets historieskrivar Ola Rudvin hevdar at skiljet mellom ungdomsskolane og dei grundtvigianske folkehøgskolane ikkje bare handla om opplæringa i kristendom. Det var også eit skilje når det gjaldt pedagogiske *ideal*:

Med hensyn til selve undervisningen ville de kristelige ungdomsskolene legge stor vekt på kunnskapsmeddelelsen. De gikk en middelvei mellom folkehøgskolene og fylkesskolene. Også praktiske fag fikk etterhånden stor plass.<sup>634</sup>

Samtidig dempar Rudvin sjølv dette argumentet:

Det har forresten innenfor den kristelige ungdomsskolerørsla ned gjennom årene vært et visst tvedrag mellom det vekkende og karakterdannende på den ene siden og det 'nyttige' (kunnskap og praksis) på den andre siden.<sup>635</sup>

Ut frå den same synsstaden omtalar Oscar Handeland skiljet mellom desse skoleslaga.<sup>636</sup> Som Rudvin understrekar han motsetnaden mellom dei frilynte og dei kristelege skolane.

Det er rimeleg å meine at desse to forfattarane dreg for vide konklusjonar ut frå teologiske og ideologiske særtrekk ved dei kristelege ungdomsskolane. I tråd med forskinga til Per Halse meiner eg at det i åra etter 1912 er vanskeleg å finne klare skiljeliner mellom dei frilynte folkehøgskolane og dei kristelege ungdomsskolane når det gjeld pedagogisk profil. Dette er

---

<sup>632</sup> I dei same artiklane dempa Hallesby kritikken av grundtvigianarane. Han viste til deira skoleengasjement med ein overraskande respekt.

<sup>633</sup> Hallesby 1948:213

<sup>634</sup> Rudvin 1970:125

<sup>635</sup> Rudvin 1970:125

<sup>636</sup> Handeland 1922:71.

likevel ein noko uviss konklusjon, for dei kristelege ungdomsskolane skulle kome til å få eit relativt sterkt lokalt preg, med stort rom for organisasjonane til å prege «sin skole».<sup>637</sup>

Ei side ved den vekkingsbaserte skolesatsinga var at det utvikla seg eit nært *samspel* mellom kristelege skolar på ulike nivå, ikkje minst mellom ungdomsskolane og lærarskolane. Eit år på ein kristeleg ungdomsskole blei eit startpunkt for mange elevar som søkte opptak ved ein kristeleg lærarskole. Så vanleg blei dette at ein langt på veg kan seie at lærarane slik fekk lagt eit år til utdanninga si. Dei kristelege lærarskolane på si side utgjorde eit grunnlag for leiarar og lærarar i kristelege ungdomsskolar. Av 47 styrarar ved kristelege ungdomsskolar tilsette før andre verdskrigen kom to tredelar frå dei tre kristelege lærarskolane.<sup>638</sup> «Samtidig voks rekrutteringa frå ungdomsskolar til dei kristelege lærarskolane.»<sup>639</sup> Derimot var det mest inga utveksling mellom dei frilynte folkehøgskolane og kristelege ungdomsskolar. Bakgrunnen var, iføljje Asbjørn Tveiten, at synet på kristendommen og religionsopplæringa var for ulikt mellom desse skoleslaga. Dette støttar tesen om at skilnaden mellom vekkingsbaserte ungdomsskolar og grundtvigianske folkehøgskolar først og fremst handla om teologisk ståstad.

I striden mot liberal teologi frå slutten av 1890-talet valde vekkingsrørsla den konservative sida, medan grundtvigianske teologar og skolefolk i stor grad kom til å støtte dei liberale. Dette er bakgrunnen for eit funn i analysen av vekkingsbasert skolesyn: I eit debattklima prega av teologisk kamp mot liberal teologi, og strid om religionsopplæringa, kunne ikkje vekkingsorienterte skolefolk flagge tilslutning til grundtvigianismen. Likevel var dei påverka av folkehøgskolens didaktikk og praksis. Dette er etter mitt syn ei grunngeving for å hevde at skiljet i den samla folkehøgskolerørsla mellom «frilynt» og «kristeleg» i stor grad har basert seg på *ideologisk-teologiske*, i liten grad på *pedagogisk-didaktiske* markørar.<sup>640</sup>

<sup>637</sup> Denne konklusjonen bygger på mi gjennomlesing av dei tre vekkingsblada *For Fattig og Rik*, *Sambaandet* og *Kineseren*. Sjå Vedlegg nr. 6

<sup>638</sup> Tveiten 1995:72

<sup>639</sup> S.st.

<sup>640</sup> Lövgren 2018. Frilynte og kristelege folkehøgskolar gjekk i nærare samarbeid då dei fekk felles lov i 1949. Organisasjonane på landsplan, Norsk Folkehøgskolelag (NF) og Noregs Kristelige Folkehøgskolelag i 1979 gjekk saman i Folkehøgskolerådet, med eige sekretariat frå 1996.



## Kap. 13. Privat lærarutdanning på vekkingssgrunn

*Det var visjonen om den truande læraren som dreiv fram dei kristelege private lærarskulane. Ein vona at ein gjennom desse kunne vera med å fylla den offentlege folkeskolen med kristne lærarar. Vegen mot det målet var ikkje lovregulering, men utdanning.<sup>641</sup>*

### Ideen blir sådd

For leiande vekkingskristne ideologar stod det klart at sekulariseringa var i ferd med å bryte ned det religiøse og moralske grunnlaget samfunnet kvilte på. I motsetning til den kultur-radikale delen av Venstre meinte «oftedølane» at kristendommens posisjon stod i fare. Fram til 1890 hadde det blitt stifta tallause lokale foreiningar for indremisjon, bygde på tanken om å «rekristne» Norge.<sup>642</sup> No blei spørsmålet stilt: Kva kan vi gjere for at skolen, i ei tid med tiltakande sekularisering, skal kunne gi ei opplæring i sann tru og kristeleg danning?<sup>643</sup>

Spørsmålet engasjerte sterkt. I oktober 1892 blei det halde eit kristeleg stormøte for indremisjon i Bergen stift.<sup>644</sup> Tusen deltakarar, både kyrkjefolk og representantar frå lågkyrkjelege organisasjonar, drøfta temaet kristendom og skole. På dette møtet blei det for første gong lufta idear og moglege tiltak mot sekulære tendensar i folkeskolen. Jakob Sverdrup heldt foredrag om kristen forkynning i den nye kultursituasjonen. Han åtvara om av at skolen var i ferd med å vende seg bort frå kristendommen, og tok til orde for at kyrkja og lekmannsorganisasjonane måtte kjempe aktivt for å motverke det religiøse forfallet.

Sverdrup meinte likevel at lova av 1889 la til rette for at skolen kunne forståast og forsvarast som kristeleg. Rett nok stod skolen som institusjon og struktur friare i høve til kyrkja, men var lagt i «befolkningens hender», og var dermed ikkje tapt. Tvert om kunne lokalsamfunna reise ein vernande mur kring skolen. Forsamlinga støtta Sverdrup då han gjekk inn for at kristendomsopplæringa måtte få større plass, at bibelhistoria måtte vere hovudsaka i dette faget, medan katekismeforklaringa kunne få ein plass dei siste to åra av folkeskolen. Møtelyden meinte at skolen framleis måtte forståast både som ein kyrkjeskole og ein

---

<sup>641</sup> Tveiten 1995:71

<sup>642</sup> Seland, B. (2015). 1800- og 1900-tallets religiøse bevegelser. Historiske perspektiver på forskning og formidling. *Historisk Tidsskrift*, Bind 94, s. 418–453

<sup>643</sup> Handeland 1922, Birkeli 1946

<sup>644</sup> Referat i *Aftenposten* 1892, 28. og 29. okt. *Bergens Tidende* 26. og 27. okt.

borgarskole. Dei framømte var einige om å arbeide for at menn og kvinner som «har syn for Børnenes religiøse Opdragelse» gjekk inn i skolestyra.<sup>645</sup>

I talen gjekk Sverdrup imot eit forslag Asbjørn Knutsen hadde fremma om å styrke kristendomsfaget ved å tilsette eigne religionslærarar. Dette ville vere umogleg å gjennomføre på små skolar, meinte Sverdrup. Det kunne dessutan føre til eit skarpare skilje mellom stat og kyrkje ved at lærarar i andre fag kjende seg meir fristilte kyrkjeleg påverknad. Dersom timetalet for kristendomsfaget i framtida blei redusert, kunne vegen til ein religionslaus skole bli kortare, blei det sagt. Møtet samla seg om standpunktet som lenge hadde vore vanleg i vekkingsrørsla, nemleg at *alle* lærarar måtte sjå det som si oppgåve å vere religionslærarar. Dette samsvarte etter deira meining best med at all opplæring var underlagt den kristelege føremålsparagrafen. Ved avstemminga fall Knutsens forslag mot to-tre stemmer.<sup>646</sup>

På det same møtet i 1892 blei for første gong forslaget om *eigne kristelege lærarskolar* drøfta. Asbjørn Knutsen hadde sådd ideen året før,<sup>647</sup> men det var den langt meir drivne skolepolitikaren Jakob Sverdrup som skapte debatt om spørsmålet.<sup>648</sup> Ideen blei grundig vurdert i foredraget han heldt. Han peika på at den nye seminarlova av 1890 hadde opna for ikkje-statlege «friseminar» med rett til å utdanne lærarar for folkeskolen. Han åtvare om at andre, som arbeidde mot kyrkja, ville starte lærarskolar.

Ligesom jeg tror Kirken maa følge Læreruddannelsen med stor Opmerksomhed, saaledes staar det for mig som en nærliggende Tanke, at Kristenfolket bør bruge denne Adgang til at oprette Friseminarier med Examensret som Loven hjemler. Jeg tviler ikke paa, at Retninger, der staar i et mere eller mindre løst Forhold til Kirkens Tro, vil benytte sig deraf. Kirkens Venner maa her ikke holde sig tilbage, de bør ofre denne Sag den omhyggeligste Overveielse.<sup>649</sup>

Sverdrup ville straks gå frå ord til handling, og undersøkte i tida etter møtet om det var mogleg å starte eit kristeleg seminar.<sup>650</sup> På eit lågkyrkjeleg stiftsmøte i Kristiania, bare ein månad

---

<sup>645</sup> S.st.

<sup>646</sup> Tveiten 1997:46

<sup>647</sup> S.st. s. 46–47

<sup>648</sup> I år med krasse debattar fekk Sverdrup som politakar sterk kritikk for å vere ein «kompromiss-mann». Han var uvanleg dyktig til å fange opp det som var av idear i tida. I 1880 tok han til orde for det som seinare skulle bli omtala som «einskapsskolen». Ideane hans på dette feltet innarbeidde onkelen, statsminister Johan Sverdrup, i sitt utkast til folkeskoleprogram i 1884. (Sjå Tveiten 1997:46)

<sup>649</sup> Sverdrup 1892. Her sitert etter Tveiten 1997:46. Vestlandsposten hadde referat frå møtet den 22. og 29. oktober 1892, dessutan 2. og 3. november same året.

<sup>650</sup> Han vende seg mellom anna til biskop Heuch, som var positiv til ideen, men fann tanken «lite ut-teikna». (Tveiten 1997:47)

seinare, i november 1892,<sup>651</sup> drøfta ei forsamling på meir enn 800 personar spørsmål knytt til skole og kyrkje, kristendomsopplæring og forkynning. Dei to vennene Asbjørn Knutsen og Christopher Bruun var inviterte som talarar. Knutsen meinte at kristenfolket burde bry seg meir om skolen i det lokale, og sjå på denne som ein institusjon for kristeleg danning. Han argumenterte på nytt for kristeleg lærarutdanning. Kristelege seminar ville bli *vennesamfunnets forlenga arm* inn i skoleverket, meinte han:

I ethvert Fald burde Kristenfolket i vort Land have sine Øine henvendt paa Oprettelsen av kristelige Friseminar som maatte staa paa fuld Høide med de andre Seminarier, men med den kristelige Karakter stærkt udpreget.<sup>652</sup>

Det kom fram motargument som gjekk ut på at kristelege seminar ikkje meir enn offentlege ville fremme personleg kristenliv hos elevane. Tveiten skriv om møtet: «Den kjende skulestyraren J. Søyland ville ikkje vera med på ‘Friseminarier og Frikirke’ før han var nøydd til det.»<sup>653</sup> Møtelyden i Kristiania stemte ned forslaget om eigne kristelege seminar, men vedtok at ein burde ta spørsmålet opp til nærare drøfting året etter.

Knutsen var blitt ein ihuga tilhengarar av tanken om kristelege seminar. Også i Volda var det ein kristen skolemann som ikkje let tanken kvile, Henrik Kaarstad. Bare tre år seinare kunne kristenfolket konstatere at to seminar på kristeleg grunn var oppretta, eitt i Volda og eitt på Notodden.

## Opninga

Den statleg oppnemnde kommisjonen som hadde utforma forslag til skolelovene av 1889, tok på seg arbeidet med å skrive utkast til ei eiga lov for lærarutdanninga, *Lov af 14. juni 1890 om Seminarier og prøver for lærere og Lærerinder i Folkeskolen*. Utdanningsforskararen Gustav Karlsen oppsummerer dette slik: «Samlet innebar dette i et styringsperspektiv at lærerutdanningen gradvis kom inn under en byråkratisk styringslogikk.»<sup>654</sup>

Opninga for vekkingsbasert lærarutdanning, og etableringa av lærarskolane i Volda og på Notodden, var ikkje resultatet av ein koordinert strategi. Dei hadde likevel eit felles ideologisk grunnlag, vekkingsrørslas syn på omvending og kristentru, dessutan bygde dei på eit veksande

<sup>651</sup> Referat frå dette møtet finst i *Aftenposten*, 1892, 23., 24., og 25. nov. *Morgenbladet* 23. og 24. nov. *Verdens Gang* og *Dagbladet* hadde kortare referat frå møtet.

<sup>652</sup> Referat frå stiftsmøtet i Kristiania 1892: *Aftenposten* 1892, 23.–25. nov.

<sup>653</sup> Tveiten 1997:47

<sup>654</sup> Karlsen 2005

medvit om trugsmålet frå ei auka sekularisering. Først med Hallesbys artiklar i 1912 blei desse lærarskolane, saman med Den nye lærarskole i Kristiania, sett inn i ein heilskapleg strategi, og ei medviten satsing.

I drøftinga om handlingsrommet for dei private friseminara kan ein skilje mellom ytre og indre fridom.<sup>655</sup> Den *ytre* fridommen gjaldt det handlingsrommet lover og forskrifter gav for styringa. Denne fridommen var relativt avgrensa. Med retten til å halde eksamen følgde for eksempel spesifiserte krav til lokale, utstyr og tilgang til øvingsundervisning osv. Den *indre* fridommen var derimot vidare, og gjaldt det faglege og pedagogiske handlingsrommet, ikkje minst rekruttering av tilsette og elevar. Når skolen først var etablert, kunne ein velje lærarar og fastsetje løn utan innblanding frå styresmaktene. Dermed kunne ein bygge opp profilerte lærargrupper. Undervisningsplanar med bruk av særskilte arbeidsmåtar og vurderingsformer kunne gi utdanninga eit tydeleg preg. Helge Dahl konkluderer: «De fleste [skolene] hadde sitt tydelige program, enten det var kristelig eller nasjonalt, eller begge deler. Ledelsens personlege syn kom sterkere fram enn ved statsskolene.»<sup>656</sup>

Men ei sak er intensjonsnivået, noko anna er gjennomføringa. Denne føresette at leiinga var medviten og fremma den ideologiske profilen gjennom organisering av undervisninga og utvikling av læringsmiljøet. Det var, som vi skal sjå, ikkje alltid tilfelle.

Avveginga av kapasiteten i lærarutdanninga, også fordelinga av elevplassar mellom statlege og private institusjonar, blei eit politisk tema med ikkje minst distriktpolitiske implikasjonar. I førearbeidet til seminarlova av 1890 hadde lovkommissjonen sagt at talet på statsseminar skulle sjåast i høve til kor mange privatseminar ein ville få.<sup>657</sup> Den politiske velviljen når det gjaldt dei private var ikkje minst knytt til at dei var billigare. Staten betalte 395 kroner i snitt per år for kvar offentleg lærarskoleelev (Stord lågast: 251, Tromsø høgast: 758), men bare 41 kroner for kvar elev i dei private lærarskolane.

Den 7. februar 1907 var det debatt i Stortinget om kapasiteten i lærarutdanninga. Kyrkje-komiteen hadde, på grunnlag av fråsegn mellom anna frå Eksamenskommissjonen, levert ei innstilling der ein gjekk inn for at nokre private og nokre offentlege lærarskolar burde leggjast ned. Komiteen peika særleg på utdanninga i Tromsø, som bare hadde 39 elevar fordelt på tre klassar. I debatten kom det fram også andre argument enn dei økonomiske. Distriktsomsynet, meinte somme, tilsa at ein ikkje kunne sjå på at den einaste lærarutdanninga i Nord-Norge blei lagd ned. Nokre representantar meinte dessutan at det var viktig å halde på spenninga

---

<sup>655</sup> Tveiten 1994

<sup>656</sup> Dahl 1959:242

<sup>657</sup> S.st. s. 243

mellom dei private og dei statlege, «slik at det ble vekselvirkning og brytning mellom de forskjellige ideer og anskuelser».<sup>658</sup> I innlegget til den høgre-liberale representanten Chr. Knudsen finn vi det synet som før hadde vore omstridt, at alle skulle få tilgang til den same skolen, og at folkeskolen «i alle deler var et offentlig ansvar».<sup>659</sup> Vedtaket blei at ein skulle undersøke nærare kva institusjonar som burde leggest ned. Men snart skulle saka snu. Det blei lærarmangel, og ein trong heller å utvide enn å innskrenke.

Innan dei to kristelege lærarskolane blei den pedagogiske fridommen primært definert ut frå det religiøse grunnsynet skolane bygde på. Utvikling og utprøving av nye undervisningsformer synest i liten grad å vere kopla til dette grunnsynet. Helge Dahl omtalar også skilnaden i pedagogisk tilnærming mellom dei statlege og dei private som temmeleg usynleg: «Hva undervisningen og i det hele forberedelsen til læreryrket angikk, var det vel ikke noen avgjørende forskjell.»<sup>660</sup> Så var, som nemnt, heller ikkje pedagogisk utprøving sentralt motiv ved etableringa av dei kristelege lærarskolane.<sup>661</sup> Då Erling Kristvik på 1930-talet gjorde Volda lærarskule til ein føregangsskole for pedagogisk utprøving, blei dette ikkje gjort på grunnlag av den misjonsbaserte dannelsvisjonen Kaarstad hadde utvikla.<sup>662</sup> Då var skolen også for lengst overtatt av staten.

Den relative fridommen skulle kome til å koste dyrt for dei private lærarskolane. Kravet om økonomisk inntening førte til at dei i eitt og alt måtte setje tæring etter næring, avhengige som dei var av innsamlingar og skolepengar. Dei var ofte i pengenaud, sjølv om lærarlønene var lågare enn ved dei statlege skolane. Mi gjennomlesing av vekkingsblada viser at temaet pengeinnsamling dominerte oppslaga om dei kristelege lærarskolane. Særleg etter 1920 sleit dei med økonomien.<sup>663</sup>

Arbeidssituasjonen for lærarane i dei private lærarskolane varierte, men var jamt over krevjande, med større klassar, fleire undervisningstimar og lågare løn enn ved dei statlege.<sup>664</sup> Dette kan ha ført til at tilsettinga ved desse skolane blei ei startstilling for lærarane, noko som igjen innebar større utskifting av medarbeidarar. For elevane var det lettare å kome inn ved dei private skolane. Ofte blei det tatt opp elevar utan nødvendig førkunnskap, gjerne også utan opptaksprøve. Dette gjorde arbeidssituasjonen for lærarane endå meir krevjande. Skoleåret

---

<sup>658</sup> S.st. s. 245

<sup>659</sup> S.st.

<sup>660</sup> Dahl 1959:245

<sup>661</sup> Tveiten 1994:119.

<sup>662</sup> Tveiten 1994:71, 192, 241, 282..

<sup>663</sup> Sjå Vedlegg 6

<sup>664</sup> Dahl 1959:252

1912–1913 gjekk det mellom 31 og 35 elevar per klasse ved dei offentlege lærarskolane, men mellom 44 og 47 elevar i dei private. I ekstreme tilfelle blei det tatt opp 60 elevar i private lærarskoleklassar. I verkeleg tronge tider, ikkje minst etter 1920, måtte elevtalet aukast ytterlegare. Dette kunne få uheldige følgjer. Dahl skriv: «Driften kunne lett få noe forretningsmessig over seg.»<sup>665</sup>

Arbeidsvilkåra ved lærarskolane blei drøfta offentleg. I 1913 summerte Kaarstad opp kva klagar som blei retta mot dei private: at dei ofte skifta lærarar, at dei hadde overfylte klasserom, dreiv eksamensdressur og var meir som forretningar å rekne. Han meinte likevel at når det gjaldt gjennomføringa av lærarutdanninga, var det like gjerne dei offentlege som lærte av dei kristelege som omvendt. Den største fordelten ved privat lærarutdanning var etter hans meining at ein der fritt kunne velje lærarar. Dette blei mot slutten av debatten ståande som den klaraste skilnaden mellom privat og offentleg lærarutdanning.<sup>666</sup>

Ordninga med friseminar var lenge ein suksess i den meininga at *kapasiteten* innan norsk lærarutdanning auka dramatisk. Dei private lærarskolane viste snart at dei fylte si oppgåve. Mellom 1896 og 1906 gjekk det ut 1801 kandidatar frå dei private lærarskolane, 1714 frå dei statlege. I 1922, tre tiår etter at det blei opna for private lærarskolar, hadde desse skolane 1400 elevar, dei offentlege 1065. Volda var privat og størst, med 413 elevar. Den største offentlege var Stord, med 323 elevar.<sup>667</sup> Mellom 1890 og 1946 tok 51% av alle kandidatane eksamen ved offentlege lærarskolar, 43,7% ved private skolar, og 5% direkte under Eksamenkommissjonen.

Dei private lærarskolane hadde mykje å seie også *kvalitativt*. At friskoleordninga gav styrarane og lærarane høve til å profilere skolen sin, kan ha verka inspirerande. «Yngre, virkelystne menn eller kvinner hadde her adgang til å føre skoletanker de var grepet av, ut i livet, og mange evnerike, energiske og interesserte lærere fant veien til de private lærarskolene.»<sup>668</sup> Når private lærarskolar trass krevjande vilkår kunne vise til gode resultat, seier dette noko om innsatsen til leiarane og dei tilsette. Oslo lærarskole er eit eksempel på at ein privat lærarskole greidde å utvikle eit sterkt fagleg nivå trass økonomiske vanskar.<sup>669</sup>

---

<sup>665</sup> Dahl 1959:252.

<sup>666</sup> Tveiten 1994:128. Analysen av Oslo lærarskole viser at dei ikkje fullt ut brukte retten til å profilere skolen for å utvikle eit vekkingbasert læringsmiljø.

<sup>667</sup> Statistisk informasjon er henta frå Dahl 1959 og Tveiten 1997

<sup>668</sup> Dahl 1959:242

<sup>669</sup> Ikkje minst gjekk det på utviklinga av lærarutdanning for *studentar*, eit studietilbod som straks blei dominert av kvinner.

Nye pedagogiske straumdrag nådde norsk lærarutdanning. Eit eksempel er at den første innstillinga frå *Lærarutdanningskomiteen av 1915*, som skulle vurdere ei omlegging av utdanninga, tok til orde for *arbeidsskoleprinsippet*. Målet blei at kandidatane ikkje bare skulle greie ei eksamensprøve, men at læringsmiljøet skulle stimulere dei til sjølvstendig tenking. Det er som nemnt liten grunn til å meine at dei private seminara peika seg ut med ein annan pedagogisk profil enn dei statlege.<sup>670</sup> Samanhengen mellom målsettinga ved dei tre kristlege lærarskolane og den forma for pedagogisk opplæring dei stod for, er i alle høve uklar. Ei forklaring, i tillegg til det eg har nemnt om statleg styring, er at alle lærarskolane, også dei kristlege, hadde utvikla seg i dialog med dei to same pedagogiske kjeldene, grundtvigiansk og reformpedagogisk tenking og praksis.

### Seminaret på Notodden – kristeleg, men mindre vekkingsorientert

Då den radikale rasjonalisten Georg Fasting i 1892 blei tilsett som styrar ved Asker seminar, såg kristne skolefolk dette som eit faresignal.<sup>671</sup> «Det utløyste ein storm av motvilje og ei djup sorg i mange hjarto», skriv Jens Vevelstad om denne tilsettinga.<sup>672</sup> Asbjørn Knutsen meinte at ein positivistisk ande hadde kledd seg om og smyge seg inn i den norske skolen. Etter hans syn kom dette ikkje minst av at kristendomsopplæringa hadde vike av frå den lutherske læra. «Det gjorde at eg ikkje fekk fred. Eg laut ta opp arbeidet for sann, levande kristendom og for det nasjonale i alle former.»<sup>673</sup>

Denne gongen gjekk Knutsen frå ord til handling. 8. juni 1893 sende han eit brev til kristne venner om etableringa av eit kristeleg friseminar i Telemark. I innbydinga bad han mottakarane teikne seg som bidragsytarar. «Vi tror (...) å imøtekomme en dyp trang hos kristeligsinnede menn og kvinner i vårt land når vi herved udsteder en innbydelse til opprettelse av et friseminar til utdannelse av dyktige og kristelig-sinnede lærere og lærerinner.»<sup>674</sup> Seminaret opna i 1895 på Skoland i Notodden. Biskop J. C. Heuch sa i vigslingstalen: «Seminaret på Notodden skal sprede livsfriske, kunnskapsrike, praktisk troende lærere som en velsignet grøde over landet.»<sup>675</sup>

---

<sup>670</sup> Dahl 1959

<sup>671</sup> Vevelstad 1951:100

<sup>672</sup> Vevelstad 1951:101. Dette er ei sak som minner om «professorstriden» ved Det teologiske Fakultet i 1907, som blei grunnlaget for etableringa av Menighetsfakultetet. Slik sett har teologisk strid også vore bakgrunn for etableringa av kristeleg lærarutdanning.

<sup>673</sup> Vevelstad 1951:101

<sup>674</sup> S.st. s. 176

<sup>675</sup> S.st.

*Asbjørn Knutsen* (1842–1917) kom frå enkle sosiale kår, men hadde gjennomlevd det vi kallar ei klassereise. Ein periode var han skipsreiar, og fekk nære relasjonar til dei høgste samfunnslaga. Han blei mellom anna venn med den mektige kvalfangstreiaren og kristenleiaren Svend Foyn.<sup>676</sup> Knutsen la vekt på at ein gjennom lærarutdanninga kunne nå dei danna delane av folket, «få kristeleg syn også innover mot utdanning og embetsmennene».<sup>677</sup> Han markerte ein viss distanse til vekkingsrørsla, mellom anna gjennom det nemnde vennskapet med Christopher Bruun. Sjølv om han ikkje tok imot ei stilling ved seminaret, gjorde Bruun, saman med Peter Hognestad og den første styraren, Bernt Støylen, sitt til at det kyrkjelege og det nasjonale blei særleg nært knytt saman i det ideologiske grunnlaget for denne institusjonen.

Kyrkehistorikaren Carl Fredrik Wisløff ser både ein samanheng og ei motsetning mellom grundtvigianismen og det synet på kristendommen som blei grunnlaget for opplæringa på Notodden. Momenta i det kristne livssynet var dei same som hos Grundtvig, men rekkefølga var ei anna. Der Grundtvig sa «mennesket først, kristen så», sa rektor Støylen at ein første og fremst må møte dei unge med ei varm personleg kristentru – og så kjem dei jordiske oppgåvene deretter. Wisløff kommenterer i si kyrkehistorie at det var «den nye skolebevegelse» som her tala.<sup>678</sup>

Seminaret på Notodden fekk ikkje ein så klar vekkingsprofil som lærarskolane i Volda og Kristiania/Oslo. Ei utsegn frå Jens Vevelstad, Knutsens biograf, illustrerer dette. Han skreiv at det «gjeikk ut mange livsfriske, kunnskapsrike, enkle og folkelege kristne lærarar (...). Men det var ikkje få av dei som helst ville ha minst mogleg med lekmennene og prestane å gjera.»<sup>679</sup> Likevel meiner Asbjørn Tveiten at uttrykk som «den truande læraren» eller «den kristeligsinnede lærer» også samlar i seg viktige sider ved opplæringa og yrkesdanninga ved seminaret på Notodden. Målet var her, som ved lærarskulane i Volda og Kristiania/Oslo, å utdanne lærarar med personlegdommar som integrerte «kristentru, menneskelegdom og lærarfagleg dugleik.»<sup>680</sup>

<sup>676</sup> Kvalfangstreiaren *Svend Foyn* hadde lese ein tale Asbjørn Knutsen hadde halde i eit Indremisjonsmøte, og ville ha Knutsen som lærar på ein emissærskole i Tønsberg. Knutsen sa ja. Skolen varte bare eitt år. Men dei to skulle saman bli sentrale i etableringa av lærarutdanninga på Notodden, som Foyn støtta med 10000 kroner. I 1905 gjeikk den store formuen hans (over 3 millionar kr) til «Svend Foyn og Hustrus Missionsfond». (Thoresen, 2009. Norsk biografisk leksikon. Henta 7. mars 2018 fra [https://nbl.snl.no/Svend\\_Foyn](https://nbl.snl.no/Svend_Foyn).)

<sup>677</sup> Vevelstad 1951:198. På denne måten fremma han den tanken som skulle bli så sentral for Ole Hallsby, at ein gjennom å vinne innpass i utdanninga vil nå dei leiande gruppene i folket med frelsingsbodskapen.

<sup>678</sup> Wisløff 1971:88

<sup>679</sup> Vevelstad 1951:197

<sup>680</sup> Tveiten 1994:76



At dei kristelege lærarskolane formulerte sine grunnverdiar noko ulikt, at leiarane hadde den eine eller andre tilknytninga gjennom utdanning og yrkesrolle, innebar ikkje utan vidare at utdanninga fekk tilsvarande særtrekk som identitetsskapande opplæringsmiljø. Det er likevel truleg at *vekkingsprofilen* ved lærarskolen på Notodden blei svekt ved at stiftaren og seinare leiarar hadde ein veikare relasjon til vekkingsorganisasjonane. Samspelet med kyrkja og med prestar var sterkare og tydelegare her enn ved dei to andre kristelege lærarskolane.

Vi ser ein viss skilnad også i styringsdokumenta for lærarskolen på Notodden i høve til dei to andre. Trass i at Knutsen var den første som tok til orde for kristeleg lærarutdanning som eit svar på vantru og fråfall, blei det ved etableringa av seminaret *ikkje* brukt formuleringar som tilsvara visjonen om ein «misjonerande lærar». Denne formuleringa møter vi sterkast ved lærarutdanninga i Volda. Knutsen slutta seg heller ikkje ope til strategien som Hallesby trekte opp om landsvekking gjennom lærarutdanning og skole.

Konklusjonen må bli at lærarutdanninga på Notodden først og fremst kom til å stå på *kyrkjeleg* grunn med klare *nasjonalkulturelle* danningsmål. Tilknytninga til vekkingsrørsla var veikare, og *den misjonsorienterte ideologien* synest å mangle heilt.

## Kap. 14. Volden friseminar

### Lærarskolen (1861-1880)

At det blei starta eit vekkingskristeleg seminar nettopp i Volda, hadde samanheng med lange og djupe kulturelle og pedagogiske tradisjonar i denne vestlandsbygda.<sup>681</sup> Den framsynte ordføraren Mauritz A. Aarflot overtalte kommunen til å satse både på ein fastskole og ein lærarskole.<sup>682</sup> Han skreiv at det som mangla var eit «institut» for utdanning av lærarar. «Men naar vort Almueskolevæsen have lidt herunder, da viser dette tydelig, at netop Savnet af et saadant Overled ved Almueskolen som det forelaaede er Hovedsagen til den mislige Tilstand.»<sup>683</sup> I 1861 blei ein *lærarskole* etablert, *Volden høiere Almueskole med annecteret Dannelsesanstalt for Almueskolelærere*.<sup>684</sup> Denne lærarskolen blei halden i drift frå 1861 til 1880, og hadde mykje å seie for utviklinga av allmugeskolen og kulturlivet på Sunnmøre. Historikaren Jostein Nerbøvik skriv: «Berre namnelista over dei 255 skulelærarane som tok eksamen i Volda i åra 1861–80 inneheld fortetta kulturhistorie. Her er det mangt eit spor inn i det norske landskapet.»<sup>685</sup> At det hadde vore ein lærarskole i bygda, og at Henrik Kaarstad hadde undervist på denne skolen, kan også ha påverka den forma det private friseminaret fekk då dette blei starta i 1895.

### Henrik Kaarstads initiativ

*Henrik Kaarstad* (1865–1927) voks opp i Utvik, og gjekk på seminaret på Stord. Han hadde tenkt å studere teologi, men blei i 1886 tilsett som lærar ved Volden høiere Almueskole. I boka *Henrik Kaarstad og Volda lærarskule* (1998) viser Peder Bergem kor stor tillit Kaarstad møtte som forkynnar og kristen leiar. I første omgang blei han engasjert i Indremisjonen, som dreiv møteverksemd og diakonalt arbeid frå 1887. Kaarstad sat i styret for denne foreininga til han døydde. Han blei i 1891 kalla til å vere forkynnar «i de dage han kan afse til tjeneste

<sup>681</sup> Tradisjonen med kulturell og intellektuell verksemd går tilbake til opplysningspresten Hans Strøm (1726–1797). Lokalavisa *Møre* reknar seg som Noregs eldste lokalavis (1810). På Ekset låg det første trykkeriet på landsbygda, *Aarflots prenteverk*, som vart starta opp i 1808.

<sup>682</sup> Her i meininga kortare lærarkurs. Sjå nærare omtale av dette skoleslaget s. 58

<sup>683</sup> Forhandlingsprotokold for Volden formandskap 1848–1857, s. 125 ff.

<sup>684</sup> Nerbøvik 1993

<sup>685</sup> Nerbøvik 1995:151/2000:197

inden foreningen».<sup>686</sup> Som utsending til lekmannsmøtet i Bergen i 1898 var han med på å opprette *Det vestlandske indremisjonsselskap*. Etter kvart var det likevel *Kinamisjonsforbundet* som stod han nærast. Han var formann i lokalforeininga for denne organisasjonen frå 1898 og livet ut. «Ingen veit talet på alle dei talar som han heldt i store og små tilstellingar for misjonen og alle dei misjonsferder han gjorde.»<sup>687</sup> Då Kaarstad i 1894 tok kontakt med misjonsleiaren Johannes Brandtzæg med tanke på å starte eit lærarseminar i Volda, grunn gav han initiativet slik:

Naar det saa betænkes, hvilken betydning det har for det kristelige liv i vort land, at vordende lærere kan modtage under sin skolegang personlig paavirkning og enkelte ved Guds naade ledes til hel erkjendelse af Kristus, saa forstaaes hvilken umaadelig betydning et kristelig friseminar kan faa. Hvis skolen i almindelighed kan betegnes som kirkens kraftige støtte, saa er det end meget mer tilfælde med et kristelig seminarium.<sup>688</sup>

Brandtzæg slutta seg til ideen, men kunne ikkje bli med. Saman med *Samuel Aage Sofus Stabell (1864–1936)* starta Kaarstad i 1895 *Volden friseminar*. Dei to delte livssyn og utfylte kvarandre som leiarar.<sup>689</sup> I jubileumsbøker og biografiar finn vi stoff som kan vise kva motivasjon som låg til grunn for etableringa. Det gjennomgåande synspunktet var at ein lærar som hadde gått ut frå Volda skulle vere i stand til å undervise i tråd med skolens kristelege målsetting. «Hans bodskap skulle forkynnast både i og utanfor skulestova.»<sup>690</sup>

Lærarutdanninga ved Volden friseminar starta i 1895 med 20 «læresveinar». Eigarane søkte departementet om eksamensrett i 1896, men fekk avslag. I ein ny søknad, 3. november 1897, skreiv dei at fag- og timefordelinga er som ved dei offentlege seminarane, med unntak av ein time mindre gymnastikk, men ein time meir norsk og ein time meir song. Eksamenskommissjonen oppheldt seg i to dagar ved seminaret, og følgde undervisninga og dei praktiske øvingane. Verken i søknaden frå seminaret, eller i vurderinga frå kommissjonen om det faglege innhaldet og undervisninga, er den religiøse profilen nemnt med eitt ord. Tildelinga av eksamensrett 1897, og dermed innlemminga av dette private kristelege seminaret i det

<sup>686</sup> Forhandlingsprotokoll for Volden indremissionsforening 1888–1931. Møtereferat frå 13.04.1891

<sup>687</sup> Straume 1966, sitert etter Bergem 1998:170

<sup>688</sup> Kaarstadbrev, Brantzægarkivet, Fjellhaug skoler, 1894: 27. aug, 8. sep. 2. nov.

<sup>689</sup> Stabel blei rektor ved Molde Gymnas i 1909, i 1913 rektor ved Kristelig Gymnasium i Kristiania. (Bergem 1995:99)

<sup>690</sup> Høydal 1995:192

offentlege systemet for lærarutdanning, blir altså *ikkje grunnlagt ut frå ein religiøs eller ideologisk profil*.<sup>691</sup>

Kaarstad knytte kontakt mellom lærarutdanninga og miljøet på det lokale bedehuset. Mellom anna fekk han engasjert fleire tilsette ved lærarskolen i det kristelege arbeidet. «Ein må såleis trygt kunne slå fast at tilsette ved lærarskulen gjorde ein stor innsats i indremisjonsarbeidet i Volda i denne tida.»<sup>692</sup> Bergem skriv at Kaarstad var den største lekmannehovdingen i Volda.<sup>693</sup> I livssoga hans finn vi grunnar til at denne mannen blei ein så framstående eksponent for vekkingbasert skoletenking og -praksis. Han var likevel først og fremst ein institusjonsbygger. Reidun Høydal omtalar han som ein pragmatisk fundamentalist:

Livsverket hans er imponerende. Utviklinga frå den skrale starten i 1895, utan eksamensrett, hus, utstyr og pengar, og fram til skulen i staseleg nybygg var den største i Skandinavia tidleg på 1920-talet, fortel om sterk vilje, strategiske og taktiske evner, i det heile om dynamisk leiarskap.<sup>694</sup>

Kva syn på kunnskap ein finn i undervisning og skolekultur ved ein institusjon som Volda lærarskule er forma av mange faktorar. Eg har valt å legge vekt på strategiske synsmåtar, målformuleringar og læreplanar, men også på vitnemål frå elevar, dessutan forskingsanalysar, først og fremst frå Reidun Høydal. Ho skriv: «(...) den sterke vekta på det personlege, kristne engasjementet gjer at Volda lærarskule stod fram med ein markert livssynsprofil, forankra i ein lekmanstradisjon med klare fundamentalistiske trekk.»<sup>695</sup>

Når det gjeld læringsmiljøet, er kjeldene einige om nokon særtrekk. Trass i målet om kristeleg påverknad ser det ut til å ha vore rom for ein open debatt både om religiøse, politiske og kulturelle spørsmål. Samtidig var leiarane tydelege i si støtte til vekkingas verdiar og teologiske grunnsyn. Høydal har skildra det første tiåret, 1895–1905, som ein frisk og open verdikamp med harde slag, ein kamp vekkingfolket, gjerne kalla «pietistane», kom styrkte ut av.<sup>696</sup>

<sup>691</sup> Riksarkivet. Innberetning 2. okt 1896 fra Examenskommissjonen for Seminarierner til Kirke Dept. / Skolekontor. Journalbilag D. / Lærerskolene / Private / Volda, Elverum, Notodden

<sup>692</sup> Bergem 1998:169. Dette står i kontrast til lærarstaben ved Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo Lærerskole. Kjeldene mine i analysen av denne skolen viser at det i liten grad var utveksling mellom verksemda ved Oslo lærerskole og bibelskolen og møteverksemda i det kristelege 'kvartalet' til Indremisjonen, Staffeldts gate 4. Dette hadde mellom anna samanheng med ulik rekrutteringspraksis til faglege stillingar ved dei to lærarskolane.

<sup>693</sup> Bergem 1998:166

<sup>694</sup> Høydal 1995:185

<sup>695</sup> S.st. s. 192

<sup>696</sup> S.st.

Lærarskolen i Volda utvikla ein religiøs, idealistisk og politisk debattkultur med sterk oppmoding om samfunnsdeltaking.<sup>697</sup> Dette kom til uttrykk i den institusjonelle profilen Høydal omtalar som «eit nasjonalt og kristeleg lærarskuleprogram».<sup>698</sup> Helge Dahl meiner at elevane blei innprenta oppgåva «å spre både kristelig og borgerlig opplysning i barneflokk, gi den idealer, gjøre den forberedt til livet, og legge grunnlaget for generasjonenes arbeid med å bygge opp landet og føre folket fram til frihet og velstand».<sup>699</sup>

Lærarutdanninga i Volda blei prega av vekkingane som gjekk over landsdelen på slutten av 1800-talet. Det som gjorde verknaden så sterk nettopp i denne bygda, var at kyrkja og lekfolket drog i same retning. Ikkje minst var det avgjerande at kallskapellan, seinare sokneprest, prost og redaktør Johannes Barstad stod fram som ei drivande kraft både i kyrkja og i venneflokk på bedehuset. I 1887 stod han i spissen for ei rekke opne samtalemøte om religiøse emne. Desse møta blei, strategisk nok, haldne i det nybygde bedehuset. Ved sida av Barstad stod forkynnaren, læraren og rektoren Henrik Kaarstad.

Kaarstad meinte at det etisk-religiøse er det mest sentrale i personlegdommen. Kristeleg opplæring må derfor bli det viktigaste i skolen. Ein av lærarane, og forfattar av institusjonshistoria om lærarskolen, Rasmus Øvrelid, sa det slik: «Kunde lærarane verta varme, medvitne, gode kristne, (...) so vil han i fullaste mun verta ein lærar og ein hjelpesmann for ungdomen i bygdi».<sup>700</sup> Slik blei danninga av eit kristeleg sinnelag hos truande lærarar sett på som det sterkaste grunnlaget for ei truverdig kristeleg-etisk opplæring i folkeskolen.

Undervisninga ved seminaret blei tufta på eit vekkingsbasert syn på mennesket og samfunnet. Der blei det nasjonale og sosiale, målsaka og fråhaldssaka sett i lys av det religiøse. Når ein for eksempel åtvara dei unge mot alkohol og tobakk, meinte ein at appellen fekk størst verknad om han blei framført med ei religiøs-etisk grunngeving og eit kristeleg sinnelag. For å nå målet med opplæringa, ein integrert kristen personlegdom, blei lærarelevane engasjerte i ulike aktivitetar: leselag og diskusjonsklubbar, bibeltimar og andaktar.<sup>701</sup>

Reidun Høydal skriv at Kaarstad tilsette seminarlærarane med omhug, like mykje etter haldningar og interesser som etter fagleg dugleik. Det er eit påfallande særtrekk at heile 47 av 78 lærarar i perioden 1895 til 1930 sjølv hadde vore elevar ved skolen. Dette kan ha skapt eit læringsmiljø der lojalitet til institusjonen, verdiane og eigaren var særleg sterk:

<sup>697</sup> Dette kan ha blitt endra då Kristvik tok over som rektor. Han var kjend for ikkje å like å bli motsagt.

<sup>698</sup> Høydal 1995:190

<sup>699</sup> Dahl 1959:1

<sup>700</sup> Øvrelid 1920. Sitata er frå Høydal 1995:191–192

<sup>701</sup> Høydal 1995:190–232

Som tidlegare elevar hadde dei stått i eit underordningsforhold til Kaarstad, eit forhold som må ha forsterka den autoriteten Kaarstad fekk som skulestyrar og arbeidsgjevar. Visse normer, haldningar og åtferdsmønster må ha blitt internaliserte på ein annan og meir effektiv måte enn hjå lærarar som kom utanfrå. Det kan ikkje vere tvil om at dette har styrka Kaarstad sin innverknad på lærarane. Ein homogen lærarstab må såleis ha gitt stor gjennomslagskraft for det ideologiske og kulturelle læringsprogrammet Henrik Kaarstad utforma.<sup>702</sup>

Formell utdanning kan legge grunnlag for sosial distansering. Ut frå denne tanken blei det hevda at levestet til lærarkandidatane burde fremme ei solidarisk samkjensle. Derfor kunne gjerne seminarbygningane likne enkle husmannshytter.<sup>703</sup> Lærarskolen i vestlandsbygda Volda likna på ingen måte ei husmannshytte. Likevel stod den ideologiske målsettinga om bygdebasert identitet og sosial innstilling ved lag i læringskulturen. Ved sida av det religiøse og nasjonale la seminaret vekt på ein kjend verdi innan vekkingsrørsla, omsorg for svake og utstøytte. I ei jubileumbok frå 1920 skreiv Rasmus Øvrelid:<sup>704</sup> «Skulen freista alltid virka på elevane, so at dei kunde vera jamne og folkelege lærarar, som kunde skyna og elska småfolket og vera dei til hjelp i alle høve.»<sup>705</sup> Læraren skulle kjenne samhug med bygda, med bonden og fiskaren. Slik ville læraren også vinne respekt og tillit.

### Strid mellom vekkingskristne og grundtvigianarar

Den teologisk grunngitte motstanden mot grundtvigianismen hadde festa seg mellom vekkingsfolket, i alle fall på det ekspressive planet. Konfrontasjonen mellom desse rørsleane fekk ei særleg konkret og dramatisk form i Volda. Striden blei personrelatert, knytt til Henrik Kaarstad og Johannes Barstad på den eine sida, og lærarekteparet Per og Synnøve Riste på den andre. Denne delen av lokalhistoria er med her fordi ho har illustrerande relevans når det gjeld striden mellom grundtvigianisme og vekking, men også fordi ho kan tene som bakgrunn for kor sjølvmedviten, men også motsetningsfull, den vekkingsorienterte læringskulturen ved Volda lærarskule blei.

---

<sup>702</sup> Høydal 1995:189

<sup>703</sup> Sjø Dahl 1976:16 om seminarbygningen på Trondenes.

<sup>704</sup> Rasmus Øvrelid (1876–1932) tok eksamen ved Voldens Privatseminarium i 1897. Han underviste i norsk, pedagogikk og kristendom, 1897–1903 og 1916–1932. I mellomperioden var han styrar ved Sunnfjord ungdomsskule, ein kristeleg skole med forankring i indremisjonsmiljø. (Høydal 1995:190)

<sup>705</sup> Øvrelid 1920:9

Læraren *Per Riste*<sup>706</sup> var frå Sande på Sunnmøre, og gjekk ihuga inn for målsaka. Han kom til Volda i 1875, og starta ein kveldsskole i landsmål. Her hadde han ein oppglødd og kunnskapsrik elev i *Synnøve Aarflot*, dotter til stortingsmann og ordførar Rasmus Aarflot. Då Per fridde til henne, sa Synnøve at før ho gifta seg ville ho ut og lære meir. Ho drog til Gausdal i Gudbrandsdalen, til den grundtvigianske folkehøgskolen Vonheim, der Christopher Bruun var styrar. Under dette opphaldet såg Synnøve heimbygda på avstand. I ein skolestil skreiv ho at pietismen hadde spreidd dømmesjuka, svartsjuka og hykleri i Volda. Hovudpersonen i forteljinga møter fordøming for å ville danse, leike og synge noko anna enn kristelege songar. Synnøve tona ut stilen med å la hovudpersonen reflektere over intoleransen i bygdesamfunnet.

Men er det kristeligt det, å dømme so kjærleikslaut og hardt om andre? Nei, eg kan inkje forsone meg med den tanken. Eg lengtar ret myket etter å få kome vekk or denne usunne lufti og ut i fri luft. For her er so mange av desse myrke pietista med sine domar, so her ligg som ei myrk skodde yver bygdi.<sup>707</sup>

Synnøve Aarflot kom heim som ein skarp kritkar av vekkingsfolket.<sup>708</sup> Etter at ho hadde gifta seg med Per Riste, starta dei i 1885 ein målskole. Snart kom dei i strid med Barstad og Kaarstad. Ein av grunnane til dette var den radikale målavisa Vestmannen som Synnøve hadde tatt initiativ til å starte. Den 25. oktober 1887 kom første nummeret ut med Rasmus Steinsvik som redaktør. Gjennom artiklar i dette bladet la Riste-miljøet seg ut med mektige krefter i bygda. Striden handla ikkje minst om synet på skole og kristendom.<sup>709</sup>

Pietistane mobiliserte. Det blei hevda at målfolket rundt ekteparet Riste hadde haldningar og livssyn som verka støytande på lekfolk og nedbrytande på samfunnet. Det blei også sagt at Steinsvik og venene hans gjennom Vestmannen skada målsaka med sitt «fritænkeri og socialistiske rodhuggeri».<sup>710</sup> Det blei ei klar målsetting for pietistane å sette ein stoppar for

<sup>706</sup> «*Per Riste* var fødd i Sande på Søre Sunnmøre 20. februar 1846 og døydde i Volda i 1930. Han voks opp i små kår, men var gåverik og fekk studere ved Volden høiere Almue- og Lærerskole i åra 1861–63 og ved Stord seminar i 1868–70. Så var han lærar i Gursken i heimkommunen i fleire år.» (www.allkunne.no. Sitert 13.03.2018)

<sup>707</sup> Brev frå Synnøve Aarflot til Per Riste 22.8.1880. Avskrift v/IRØ, Riksarkivet. Her sitert frå Høydal 1995:66

<sup>708</sup> På denne måten heldt ho fram den kritikken *Ivar Aasen* i 1836 formulerte mot kunnskapssynet til pietistane: «Det herskede (...) paa den Tid i vore Bygder en mærkværdig religiøs Begeistring eller Hellighedsaand, (om jeg saa maa uttrykke mig) (...). Men man vilde paa eengang danne et Aandens Rige, hvorfra alt værdsligt skule udelukkes, og kun de meest Mystisk-Aandelige høres og lides. (...) Jeg havde tildeels Adgang til et Laanebibliotek i Nærheden, men altid hørte jeg: 'D'æ bære Hørg!', altid advaredes jeg mod at spille tiden paa saadant 'pure Valsj'» (Djupedal 1957:36)

<sup>709</sup> Høydal 1995:65

<sup>710</sup> Kopi av brev frå J. Barstad til M. Aarflot 13.2.1888. Aarflotarkivet v/JN. Her sitert frå Høydal 1995:81

kritikken frå ristemiljøet og målavisa. Snart skulle dei få eit påskot til å nedkjempe den radikale motstanden. Synnøve var engasjert i kvinnesaka, og kritisk til det synet på kvinns rolle som rådde grunnen både i norskskdoms- og vekkingsrørsla. Ho skreiv i 1888:

Eg tenker den tidi maa koma no, daa me ikkje ser paa gjenta berre som ei ‘gjøledokke’, som ikkje dugar til annat enn aa sulla i svevn ein skrikande unge og koka ein skapeleg graut. (...) ho skal kunne liva sitt eget tankeliv og hava eit sjølvstendugt, fritt syn paa livets spursmaal, med eit ord: trælemerket skal sopast vekk fraa panna hennar, ogso paa dette området.<sup>711</sup>

Det som for alvor snudde folkemeininga mot målmennene, særleg mot Synnøve og Per Riste, var eit dikt som stod i Vestmannen, ei humoristisk vise om jentene i Volda som let seg svimeslå av den pietistiske vekkinga, og heilt gløynde pliktene sine i heimen. Forfattaren var den seinare høgt respekterte salmediktaren Anders Hovden («Fagert er landet» o.a.). Diktet, ei skjemtevis, blei skriven på oppmoding frå Synnøve, som i eit brev bad Hovden «smeise i hop ei lang oppbyggeleg vise um gjentorne her i Voldi. Eller um den nye vekkelse her».<sup>712</sup> Hovden skreid til verket. Her er eit lite utdrag av visa:

Og halvgalne preikarar samvitslaust lokkar,  
og gjentorne fyl dei som saueflokkar!  
(...)  
I stova er ustelt, kvart kjerald er skitet,  
men ho spring ifraa det, ho er i fraa vitet!  
(...)  
Upp jente, bruk vitet, la galskapen ende.  
Kast blodiglen av deg! Og syn du er kvende!<sup>713</sup>

Synnøve Riste hadde ein grunn til å bestille ei smedevise mot pietistane. Ho hadde kjent seg utpeika og fordømd som ugudeleg av Henrik Kaarstad, og svara med å hevde at pietistane si opplysningsfientlege haldning var «ei skam for den store Volda, so gjerne vil hava ord for aa

<sup>711</sup> *Vestmannen*, 15.2.1888

<sup>712</sup> Brev frå S. Rise til A. Hovden 27.2.1888, brevs. 549, UBO

<sup>713</sup> *Vestmannen* 14.3.1888. Her sitert frå Høydal 1995:51



vera eit kultursentrum». <sup>714</sup> I brevet til Anders Hovden gav ho ei beisk skildring av Kaarstad som predikant, og meir enn hinta om at han blanda inn erotiske element i forkynninga.

Du kjenner Kårstad læraren utpå den høiere almenkskole? Ein ung sangvinsk nordfjording. (...) Han slepp vansmekte for gjentor! Han er vorten så gudeleg og no hev han drive på sida i haust med å fare omkring i heile Voldi å halde bønemøter (...) Han brukar ikkje same måten som Morten Kruse i «st. hans fest» <sup>715</sup>. Nei, det er mildt smektande: blikket og tala er søt og likande um Kristi kjærleik og so stend han og utbreider favnen mot dei og bed dei koma. Han forvekslar seg og Jesus rett som det er. <sup>716</sup>

Den påfallande krasse tonen kan dels forklarast med at striden kjendest personleg støytande for Synnøve. Både ho og faren hadde blitt offer for nedsetjande rykte.

Diktet til Hovden blei for mykje for dei leiande pietistane. Kapellan Barstad skreiv rett ut at Vestmannen burde stansast. Dei trong ikkje vente lenge. Bladet forsvann ut av bygda året etter, i 1889, men på ein meir dramatisk måte enn nokon kunna tenke seg. Det hadde blitt eit nært forhold mellom redaktøren i Vestmannen, Rasmus Steinsvik og Synnøve Riste. Då Ivar Mortensson-Egnund vinteren 1889 bad Steinsvik kome til Tynset for å ta over *Fedraheimen*, var Synnøve gravid, og Steinsvik var faren. Han drog, og tok bladet *Vestmannen* med seg. <sup>717</sup> Synnøve døydde av barsel feber, 31 år gammal. <sup>718</sup> Med henne forsvann også samlingspunktet i det radikale norskdømsmiljøet, og den kritiske kjernen i motstanden mot vekkingsfolket.

Denne lokale kulturkampen fekk fleire etterspel. Bygdefolket, dei same personane som nokre få år tidlegare hadde nekta å støtte Per Riste sine planar om ein grundtvigiansk frilynt folkehøgskule, støtta Kaarstad då han søkte lån til å starte ein høgare allmennskole på kristeleg grunn, og seinare eit lærarseminar. Per fekk problem då han søkte lærarstillingar rundt om på Sunnmøre. Han blei vraka fordi han var frilynt målmann. Det blei rekna som ukristeleg. Også det skulle det bli ei endring på.

Ein kulturkamp var over. «Det radikale miljøet var knust og ufarleggjort og motstandarane var i ferd med å overta kampsakene deira.» <sup>719</sup> Barstad og Kaarstad gjorde ei

<sup>714</sup> Høydal 1995:72

<sup>715</sup> Oftedal-figuren i A. Kielland: *St. Hans fest* (1887)

<sup>716</sup> Brev frå S. Riste til A. Hovden 27.2.1888, brevs. 549, UBO. Her sitert frå Høydal 1995:51

<sup>717</sup> www.allkunne.no. Sitert den 3. mars 2017

<sup>718</sup> Barnet, fødd 1. oktober 1889, fekk namnet til mora. Ho budde heile sitt vaksne liv i Volda, der ho var lærar.

<sup>719</sup> Høydal 1995:78. Sjå også J. Tvinnereim: «Då landsmålet vart kristna», *Syn og Segn* nr. 10/1973

talande symbolsk handling då dei i 1889 stifta eit kristeleg målblad som skulle ta over etter «fritenkjarbladet» Vestmannen,<sup>720</sup> og gav det eit vekkingasklingande namn, *Stille Stunder*. Bladet fekk stor autoritet innan lekmanns- og målrørsla, og er i dag det nest eldste norske målbladet. Barstad, som redigerte det i 40 år, ville demme opp for den skadelege innverknaden verdsleg mållitteraturen kunne ha på ungdommen. Han knytte til seg både teologar og leke kristenleiarar i bladarbeidet.

Kampen mellom vekkingfolket og dei grundtvigianske skapte likevel ikkje nokon ny dynamikk innan lærarutdanninga, slik skoledebatten på Hamar hadde gjort. Volden friseminar var stifta på vekkingas verdigrunnlag, og blei under påverknad frå Kaarstad det klaraste eksemplet på det ein kan kalle pietistisk basert lærarutdanning i Norge. Samtidig var skolen ein suksess når det gjaldt rekruttering. Korleis denne lærarskolen verka som reiskap for vekkingas ambisjon om å utdanne vekkingskristne lærarar er likevel ei anna sak. Spørsmålet om relasjonen til folkehøgskolerørsla og grundtvigianismen, og om skolen som vekkingskristeleg læringsmiljø må etter mitt syn knytast til den *didaktikken* som blei lagt til grunn for lærarkvalifiseringa ved Volda lærarskule.

---

<sup>720</sup> Per Halse fortel at Vestmannen blei kalla «Styggemannen» i lokalmiljøet. (Halse 2011:214)

## Kap. 15. På sporet av ein vekningsbasert didaktikk

Prestar som var lærte opp under Gisle Johnsons kateter kunne ha ei nedlatande haldning til lekfolket som rekna seg som grundtvigianarar. Likevel meiner Birger Løvlie at denne motsetnaden var mindre markert i det praktiske kyrkjelivet enn Johnsons skarpe kritikk og retorikken i debatten kunne gi inntrykk av.

Leiarane for det lågkyrkjelege lekfolket hadde liten lojalitet overfor Johnson og læresveinane hans, og dei vart gode grundtvigianarar på den måten at dei vart inspirerte av Grundtvig sine pedagogiske tankar. Denne påverknaden kom gjennom dugande skulefolk på ulike nivå, og dei hadde kontakt med grasrota.<sup>721</sup>

Det Løvlie ikkje gjer merksam på, er at motsetnaden mellom dei nemnde partane heldt fram på eitt punkt. Då Sverdrup, Knutsen og Kaarstad utforma ein strategi for påverknad gjennom kristelege lærarskolar, blei spørsmålet om ei *frelsingsorientert* undervisning eit klart skilje mellom grundtvigiansk og vekningsbasert skoletenking. Grundtvig hadde vore imot å sjå på skolens kristendomsopplæring som ein veg til tru for elevane.<sup>722</sup> Slik kan vi seie at vi hos vekningsorienterte skolefolk ser ein ambivalens mellom det grundtvigianske og det misjonsorienterte.

Den grundtvigianske kritikken av pietistisk basert opplæring i kristendom blei boren vidare av ein sentral skolepolitisk aktør, Olav Andreas Eftestøl. Han var tidleg ute med kritikk av den konservative forma for kristendomsopplæring.<sup>723</sup> Slik ikkje minst skapingsforteljingane blei framstilt, meinte han at desse forvirra elevane, og at trua deira fekk ein knekk i møtet med moderne vitenskap: «(...) troen ikke bare på Det gamle, men også Det nye testamentet svinner samtidig med at tilliten til skolens religionsundervisning blir borte.»<sup>724</sup>

Vekningskristne som Kaarstad var stort sett tause om den grundtvigianske pedagogiske påverknaden. Den viktigaste grunnen var truleg at det ikkje var teologisk akseptabelt for dei

---

<sup>721</sup> Løvlie 2007:13–14

<sup>722</sup> Truleg også i norske lærarskolar, påverka som dei var av folkehøgskolens pedagogiske praksis. Dette negative synet på kristendomsopplæring som grunnlag for frelse kom også til å prege norske frilynte folkehøgskolar.

<sup>723</sup> «I religion bør elevene faa kjendskab til det aandsfrihetens gjennebrud som skaller av gamle døde opfatninger og samler sig saameget sterkere om det som er kristendommens kjerne i tro og liv.» (Eftestøl, *Norsk Skoletidende* 1916 nr. 13, s. 195)

<sup>724</sup> Eftestøl 1928:154

å flagge noka tilknytning til Grundtvig. Kaarstad bygde sine religionsdidaktiske refleksjonar på tilnæringsmåtar kjende frå forkynningas retoriske repertoar, med hyppige referansar til Bibelen og Luther. Sjølv om han skreiv mange tekstar med religionsdidaktisk innhald, blei førestillingane hans om den misjonerande læraren ståande som ein didaktisk sett lite avklara visjon.

### Det personlege truslivet til læraren

Dei kristelege lærarskolane knyter si verksemd til «det gudelege og det nationale», skreiv Kaarstad i 25-årsmeldinga om Volda lærarskule.<sup>725</sup> Ein lærar med eit personleg trusliv har etter hans syn ein «medhjelpar» i alt skolearbeid. Særleg når den kristne budskapet skal gjerast levande for barna, vil *Den heilage ande* rettleie den truande læraren:

Det er Heilaganden, som er den høgste og beste uppsedar av hjarto og sinn og dermed av personlivet hjå eit menneske, so sant det tek imot han. (...) Det er denne hjelp som er hovudløyndomen ved den makt som den kristne lærarpersonlegheit utøver. Utan denne hjelp kan dei kristne skular ikkje klara si store oppgåve.<sup>726</sup>

For Kaarstad var det som nemnt klart at kristendom fremma «sjæleleg vokster i alt sant menneskeliv».<sup>727</sup> Læraren skulle derfor i alle fag stå fram som eit moralsk førebilde, ein oppdragar og åndeleg rettleiar. Kaarstad mana til samspel og stille overtiding, ikkje til kamp, «til varsemd i dei religiøse spørsmåla, og til å halde seg til det sentrale i kristendomsundervisninga.»<sup>728</sup> I alt han gjorde skulle læraren legge vekt på verdiar vi kjenner frå pietistisk etikk. I tillegg til det moralske skulle han fremme sosialt medvit og demokratiske verdiar hos elevane. For Kaarstad var målet med ei «sann kristen opplæring» likevel at opplevingsdimensjonen skulle legge grunnen for ei levande og medviten tilslutning til trua.

Ansaret for elevens danning handla om heile skolemiljøet, ikkje bare om undervisninga. Då seminaret i Volda blei etablert, oppmuntra Kaarstad derfor til ulike former for kristeleg lagsverksemd. Tveiten meiner at andaktane ved Volda lærarskule «gav skulen identitet».<sup>729</sup> Det er fortalt at desse kunne få eit inderleggjort forkynnande preg, ikkje minst i den halvprivate samanhengen då rektor Kaarstads samla «læresveinane» til diskusjonar og

---

<sup>725</sup> Kaarstad 1920a:10

<sup>726</sup> Volda lærarskule i 25 år. s. 53

<sup>727</sup> Kaarstad 1920a:105

<sup>728</sup> Tveiten 1994:102; Kaarstad 1920a:174 f.

<sup>729</sup> Tveiten 1995:76

religiøse møte utanom skoletida. Målet var at tilhøyraren sjølv skulle oppleve «desse sanningar på sitt eige hjarte».<sup>730</sup> Saman med kona Johanne opna han heimen på laurdagskveldane, med bibellesing, samtale, song, bøn og vitnemål. Etterpå vanka det kjøtsuppe.<sup>731</sup>

Denne vekkingorienterte læringskulturen blei kritisert av enkelte elevar. I skolebladet *Ivar* (1907) skreiv Lyder Aarset at sjølve verdigrunnlaget for lærarskolen og vekkinga var feil. I artikkelen såg han dette som eit trugsmål mot sjølvstendig tenking. Han hadde sjølv blitt omvendt, men det var «berre utanpå», noko som førte til at han fekk «tunge, myrke tankar» om den kristendomstypen vekkinga førte med seg.<sup>732</sup> Ein annan skribent (anonym) i det same nummeret skildra korleis han sleit med motivasjonen for læraryrket. Han hadde hatt gode eksamenar, plettfri vandel m.m., men meinte at han ikkje kunne bli lærar, for han var ikkje omvend. Fordi han ikkje kunne sjå mennesket som «den bundfordærvede, syndfulle, (...) skapning i Guds bilæte» skulle han og andre uomvende ikkje få «taka paa med det som me her hev ofra so mykje paa, og som me tenkte skulle verta vaar livsgjerning».<sup>733</sup> Forfattaren gjekk til felts mot det synet at læraren si oppgåve er kristeleg forkynning. Det har vi prestar til, meinte han. Ein tredje lærarskoleelev, Erling Birkeland, karakteriserte miljøet som «pietistisk, trongt og kvalmande».<sup>734</sup> Han meinte at elevane blei kontrollerte, også i fritida. Inntrykket som festar seg er at skolen hadde eit dominerande og altomfattande normsystem, og at det trass i ein relativt open debattkultur fanst eit sterkt press om å innordne seg.

Ikkje bare elevar stod opp mot Kaarstad. Realfaglæraren Olaf B. Vig gjekk imot leiaren då han nekta å presentere evolusjonslæra ut frå ei religiøs vinkling. Vig meinte at styraren ikkje kunne bestemme kva syn dei tilsette på lærarskolen skulle stå for. Medan Kaarstad heldt fram kristendommen som viktigaste faget for moralsk oppseding, ironiserte Vig over Hallesby si utsegn om at skolane måtte erobrast fordi «lærarane dryp åndeleg gift i bornesjeli».<sup>735</sup> Han

---

<sup>730</sup> Kaarstad 1920a:156

<sup>731</sup> Skolemiljøet endra seg nok etter at den personlege påverknaden frå Henrik og Johanne var borte. Likevel verkar det som om vekkingas verdiar sat særleg lenge i ved Volda lærarskule. Ein lærarstudent ved Høgskolen i Volda stilte på 1990-talet spørsmål ved om det var rett at dei enno praktiserte bordbøn ved offisielle samlingar på lærarhøgskulen. Ein av dei eldre lærarane skal då ha svart med ein sukk: «Ta ikkje også dette frå oss!» Tanken bak sukket var truleg at avkristninga, også innan den lågkyrkjelege bastionen i Volda, hadde kome så langt at ein, nærast av nostalgiske grunnar, ønskte å bevare denne fliken av kristeleg tradisjon. (Ref.: Samtale med prof. Peder Haug, 2015)

<sup>732</sup> Aarset, L. Innlegg i Skolebladet *Ivar*, Volda lærarskule. 22.03.1907

<sup>733</sup> Høydal 1995:207

<sup>734</sup> Høydal 1995:209. Det er interessant, og truleg talande, for Kaarstad og læringsmiljøet, at det var rom for ein så krass og direkte kritikk. Ytringsfridommen blei altså halden ved lag trass i ein dominerande leiar og eigar.

<sup>735</sup> Pedagoglaget, Volda lærarskule, 30.4.1912

var elles opptatt av at elevane måtte møtast med opne og utforskande problemstillingar, med reelle spørsmål som ikkje fremma ei bestemt oppfatning.

Trass i det som her er sagt, viser vitnemål frå elevane at Kaarstad sjølv hadde evne til konstruktiv samtale med meiningsmotstandarar. Også når han valde lærarar til dei faglege stillingane, var han open for å bryne seg på dei som ikkje var einige med han. Det kunne vere høg temperatur i drøftingane, og fleire synspunkt kom til orde. På denne måten viste han ei lyttande evne som stod i motstrid til forkynningas einvegstale. Han stod likevel fast på sitt, og var den som avgjorde til slutt.

Andre kristne lærarar formulerte dei same tankane om læraryrket som Kaarstad. I *Kristelig pædagogisk tidsskrift* skreiv sokneprest Ragnvald Gjerløw om «levande kunnskap». Med dette meinte han kunnskap som er «nøie og personlig knyttet til hans egen personlighet». <sup>736</sup> Han ville vise at opplæringa måtte gjennomførast ut frå ei levande tru dersom ho skulle bli sann.

Den store opgave for aandslivets menn og kvinder er at smelte sine kundskaper sammen med sit inderste væsen, saa kundskaperne blir virkelige led i hans livsanskuelser, virkelige led i hans liv. Selv de saakaldte tørre kundskaper, f.eks. matematik, vil blir personlighetspræget. <sup>737</sup>

Tanken var at bodskapan frå læraren må røre ved det som alt er levande førestillingar i barnets livsverd. Bare slik kan den misjonerande læraren nå fram til barna, meinte Gjerløw. Han tok sterkt i når han kritiserte dei som overfløynde barn med død kunnskap som barnet ikkje kunne forstå. Å slik påtvinge barn abstrakt teologi, «kristenlæren», er synd mot naturen, meinte han. Dette er særleg alvorleg i kristendomsopplæringa, som i ei høgare meining er «livskunnskap». Tar vi slik livslovene ut av opplæringa, «blir det den synd, som skriften kalder at 'plyndre det hellige'». <sup>738</sup>

I eit føredrag for kristne lærarar i 1912 understreka skolestyrar Anton M. Grevskott <sup>739</sup> at målet for religionsopplæringa var at elevane skulle leve etter det dei hadde lært. Han gjekk nærare inn på korleis ein kan arbeide mot dette målet, og la vekt på at undervisninga ikkje bare må tale til tankane, men vere «anskuelig», vekke kjensler og førestillingar hos elevane.

<sup>736</sup> *Kristelig pædagogisk tidsskrift* nr 1, feb., 1911

<sup>737</sup> S.st.

<sup>738</sup> S.st.

<sup>739</sup> Anton M. Grevskott (1865–1955) tok eksamen ved Klæbu lærerskole i 1888. Lærer ved Fredly ungdomsskole i 24 år, 1901–1925.

Nu, det er en kjendt ting at al undervisning skal være anskuelig, og jeg vil føie til, religionsundervisningen især. Vor store overlærer, Jesus fra Nazaret, har git os mange træffende eksempler paa anskuelig religionsundervisning. Naar han vilde indprente os budet om nestekjærligheten, saa fortalte han os om 'den barmhjertige samaritan'.<sup>740</sup>

Grevskott gjekk vidare med eksempel på korleis truslæra kan illustrerast med forteljingar frå kvardagen til barna, frå det dei ser og høyrer. Når ein snakkar om nestekjærleik, kan læraren peike på korleis denne viser seg gjennom «barmhjertighetsarbeid», sjukepleie, og arbeid for «edruelighet». Ein må altså ikkje bare gi ei teoretisk utgreiing, men vise barnet at ein som lærar sjølv er barmhjertig. Det hjelper lite å tale om kjærleik og omtanke for andre dersom ein ikkje sjølv kan styre sinnet. Den som vil oppdra barn i etisk reinleik, må ikkje sjølv vere uhøvisk i ord og gjerning. Ein må kort sagt vere ein modell for elevane.

Han maa baade blant barn og ungdom lægge an paa og utbe sig fra Gud kraft til at vise at han selv ved Kristi evangelium er blit en lykkelig kristen. Barnet skjønner utrolig snart om religionen er en livssak for læreren, og det skjønner ogsaa om kristendommen har gjort ham lykkelig. En livsglad kristendom vil virke dragende paa barnet, men en tungsindig kristendom vil støte det bort.<sup>741</sup>

Dette kan læraren gjere ved å ta del i barns leik, i alle fall av og til. Barna må likevel greie å skilje mellom uskuldige og tvilsame «fornøyelsar». Grevskott åtvare ein kvar religionslærer mot å delta i tvilsam moro. Dei vil neppe kunne utrette noko godt med det, slo han fast.

### Spørsmålet om forkynning for barn

Kaarstad la vekt på at læraren må nå elevane med ein bodskap om frelse. I neste omgang skal dette legge grunnlag for ei etisk-kulturell fornying. Også Gisle Johnson hadde meint at barn måtte omvendast. Dette grunnga han i det synet at mennesket frå fødselen av er syndig, utan håp om frelse i seg sjølv. Han omtala dette i samband med at baptistane begynte å få fotfeste med sitt syn på dåpen som «gjenfødelse». Johnson slo då fast at «Er barnet en Synder, saa trænger det til Frelse; trænger det ogsaa til Gjenfødelse; trænger det til Gjenfødelse, saa trænger det til Daab.»<sup>742</sup> Dette kom til å forme vekkingsrørslas syn om at mennesket treng omvendning sjølv etter at barnet er døypt.

<sup>740</sup> S. st.

<sup>741</sup> Grevskott, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, nr 6, 1913

<sup>742</sup> Johnson 1857:95

Skilnaden mellom barn og vaksne når det gjeld vekking og omvending blei drøfta i to artiklar i *Kristelig pædagogisk tidsskrift*. Artiklane handla om korleis ein skulle forstå forkynning for barn. Den eine artikkelen var skriven av Bernt Støylen, som meinte at barn har ein medfødd mental trong til å ta imot religiøse impulsar. Førestillingane barn har om det religiøse er likevel ikkje spesifikke eller «bestemte», men kjem til syne i alle kulturar. Når det gjaldt den kristne opplæringa i møte med barn, heldt Støylen fram *forteljinga* som metodisk tilnærming, og viste til Bibelens likningar som modell. Han meinte at læraren må tenke over kva bakgrunn elevane har, om dei er vane med dei kristne omgrepa og kjenner Bibelen.<sup>743</sup>

Støylen understreka at ein, når ein skal føre barn til trua, ikkje må stille krav om dei same prosessane med anger og bot som ein ser hos vaksne. Opplæringa må vere ein integrert heilskap, og ikkje vilkårlig påverke barna med appell om syndserkjenning og omvending som på eit bedehusmøte. Ein bør i det heile ikkje undervise eller forkynne for barn på ein slik måte at ein føreset dei same religiøse erfaringane som hos vaksne.

Angående vækkelsesmøder for barn maa bemerkes, at den løsrevne og vilkaarlige paavirkning paa barnesjælen naar den er løsrevet fra opdragelsen virker i almindelighet skadelig. Å påvirke slik er som å trykke på en gummiball. Naar trykket ophører, antar den sin gamle form.<sup>744</sup>

Støylen meinte at påverknaden bør gå føre seg i det stille. Det som bur i oss kan kome til syne utan at vi tenker over det. Når vi snakkar om noko vi har kjær, vil det spegle seg i ansiktet, i stemmen, det vil farge kjenslene våre, og leie våre ord og handlingar. Derfor er det kjenslene som må påverkast i skolens kristendomsopplæring, meir enn intellektet. Det å kome nær Gud skal framstillast som ei god, lystprega oppleving. Derfor må foreldre og lærarar vise barna at dei ber, og lære dei å be. Dei må lære å kjenne Guds ord. Dei må bli glade i å gå til gudsteneste. Ikkje minst må oppdragaren sjølv leve etter dei etiske krava som blir stilt til barnet, skreiv Støylen.

Skoleinspektør Sven Svendsen skreiv i det same bladet at elevane har svært ulik bakgrunn og erfaring når det gjeld religiøs påverknad. Barn må forstå at trua ikkje bare er noko som handlar om vaksenlivet, men også om det å vere barn. Målet er kort sagt at dei skal bli gripne av religionen. «Vi har vel lov å bruke vekkelse om en undervisning som naar noget av dette.»<sup>745</sup> Svendsen ville ikkje nekte for at det kan vere tenleg med slike barnevekkingar.

<sup>743</sup> Jmf. Kaarstad 1913

<sup>744</sup> Støylen, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, 1910:12

<sup>745</sup> Svendsen, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, 1921:6



Likevel meinte han at den forma for vekking som er vanleg mellom vaksne, ikkje bør fremmast mellom barn. Han kritiserte Francke og Pontoppidan for å mangle sans for barns sjeleliv.

Også Andreas Lavik, leiaren av Det vestlandske indremisjonsforbund, drøfta forkynning for barn. Han var klar på at barna er heilt dominerte av synda. Dei må alvorleg minnst på kva følgjer det kan få om dei ikkje ber om tilgiving:

Vi har set, at barnet maa føres til en personlig, bevisst levende tro paa Jesus og til at stille sig i dicipelforhold til ham. (...) Med hellig alvor maa det lægges frem for børnene, at enhver, der vælger synden og lever i den, mister livet i Gud. Thi ogsaa vor Gud er en fortærende ild. Synden taaler han ikke. (...) Lad børnene paa den anden side faa fuld beskjed om den velsignelse der følger dem, som frygter Gud i sandhed og skyr synden fra barndommen af.<sup>746</sup>

I avhandlinga si om Ole Hallesby og omvendinga har teologen Steinar Moe vist korleis Hallesby såg på forkynning for barn.<sup>747</sup> Grunnsynet hans bygde på ei luthersk oppfatning om arvesynd, at mennesket er grunnleggande syndig frå fødselen av. Derfor må også barn bli medvitne om si synd, lære å vedkjenne synder og be om tilgiving. Likevel er det ein skilnad mellom barn og vaksne i det at synda enno ikkje har øydelagt så mykje hos barnet.<sup>748</sup> Det syndige livet har så å seie sin eigen vokster i menneskesinnet. Ifølge Hallesby måtte også det «gudfryktige barn – helst i ungdomsalderen – omvende seg etter samme mønster som det frafalne menneske».<sup>749</sup>

Trass i at han la vekt på omvendinga også som ei viljeshandling, meinte Ole Hallesby at ein ikkje kan stille dei same krava om medvitne val til barn.<sup>750</sup> Derfor reserverte han i prinsippet omvendinga til den vaksne. For han var ungdomstida mest avgjerande når det gjeld å *mognast for omvending*. Dei unge kunne etter hans syn gjennomleve omvending på same måten som vaksne.<sup>751</sup> Derfor la han stor vekt på å nå denne gruppa gjennom kristelege skolar. Føresetnaden var at desse skolane, og ikkje minst lærarane som underviste i kristendom, viste dei unge vegen til omvending og frelse. Han meinte at Indremisjonen, ut frå ønsket om å

---

<sup>746</sup> Lavik, *Sambaandet* aug. 1908

<sup>747</sup> Moe 1996

<sup>748</sup> Hallesby 1919:14

<sup>749</sup> Austad, T. (2006). Dåp og omvendelse i lys av brytningen mellom lutherdom og pietisme. *Tidsskrift for teologi og Kirke* 04/2006 (volum 77) s. 271–280 (s. 273)

<sup>750</sup> Hallesby 1923:22

<sup>751</sup> Moe 1996:4

påverke elevane i kristeleg lei, særleg burde etablere internatskolar prega av heimleg omsorg og forkynning.

I den mest mottagelige ungdomstid lever de unge gutter og jenter med daglig paavirkning av troende lærere og lærerinder. Her vækkes, styrkes og utvikles aandelig liv hos mange. Og – vel at mærke – hos unge, og det bedste: ogsaa hos unge mænd.<sup>752</sup> (...) Vi maa oprætte et gymnasium med troende lærere og knytte ogsaa til dette et skolehjem, hvor eleverne kan bo sammen under en troende husfars og en troende husmors tilsyn og indflytelse.<sup>753</sup>

Det kan seiast at Støylen, Svendsen, Lavik og Hallesby her gir eksempel på at det var ein intern didaktisk refleksjon innan vekkingsrørsla. Det er på eitt vis rett, men det må også seiast at desse innspela ikkje er nok til å endre det allmenne inntrykket frå lesinga av tre vekkingsbaserte aviser og eit kristeleg lærartidsskrift gjennom fleire tiår, nemleg at didaktiske spørsmålet ikkje blei debattert nærare. Heller ikkje utforma nokon av desse fire ein breiare og meir samanhengande kritisk-didaktisk argumentasjon.

## Den personleg kristne læraren

*Den leiande visjonen var heile tida 'den truande læraren'. Denne visjonen dreiv fram dei kristelege lærarskulane og motiverte til å be kristen ungdom ta lærarutdanning.*<sup>754</sup>

Mot slutten av 1800-talet auka lærarens makt og status. Dette kunne gi opphav til stordomstankar og sosial distansering. Reidun Høydal kommenterer situasjonen for lærarane slik: «Orienteringa mot det kulturelle feltet gav standen høve til å skaffe seg makt og prestisje gjennom å realisere ei leiarrolle som likna på den presten hadde. Ein slik posisjon var det altså mogeleg å skaffe seg gjennom lærarutdanning (...).»<sup>755</sup> Men status er tviægga. Haldninga til seminara hadde vore negativ innan delar av lekmannsmiljøa. Det kan ha kome av at det framleis var embetsmenn, særleg teologar, som var styrarar ved dei fleste seminara. Desse kunne gi lærarskoleelevane eit temmeleg negativt syn på folkeleg kristenliv. Trass i at kristendom enno var blant dei viktigaste faga, kunne også deira faglege forplikting på vitskapleg kunnskap gi seminara ord på seg for å vere negative til vekkingsbaserte trusformer.

<sup>752</sup> Hallesby *For Fattig og Rig*, 1912, nr 24, s. 189

<sup>753</sup> Hallesby, *For Fattig og Rig*, 1912, nr 25, s. 196

<sup>754</sup> Tveiten 1994:276

<sup>755</sup> Høydal 1995:335

Den kjende leiaren av Kinamisjonen Ludvig Hope hadde tidleg meint at lærarskolane, også dei på Notodden og i Volda, sende ut «fritenkarar». «Mange av dei kom ut or skulen nokså krye og høge i hatten, fullproppa med flat darwinisme og med vanvyrndnad for kristendommen.»<sup>756</sup> Nokre år seinare hadde han eit anna syn. Då kunne han med glede konstatere at desse «herrane» var erstatta av «ein ny lærartype»:

Når desse kom på talarstolen i hop med leikpreikaren og mana ungdomen til å søka Gud og gi han hjarta sitt, så gjekk det fort å få huva av nakken, mannen or døra og ungdomen frå gangen. Mange stader, helst utover bygdene, tok dei desse lærarane framfor andre, og så blei hine ikkje lenger so kaute som før. Det synte seg å vera folk so visste like mykje som dei og likevel trudde på Gud.<sup>757</sup>

Vi kan merke oss at Hope ikkje omtalar læraren som forkynnar eller (indre-)misjonær i klasserommet, men viser til den rolla læraren enno hadde som bygdeleiar på det kulturelle feltet, og som aktiv deltakar i fellesskapet på bedehuset. Han gir altså ikkje uttrykk for at læraren forvaltar eit misjonskall i si daglege undervisning.

Tanken om skolen som ein arena for religiøs påverknad festa seg særleg sterkt ved lærarskolen i Volda.<sup>758</sup> I Kaarstads tekstar om opplæring går det fram at han heldt pietistiske idear om trusoppleving og truserfaring som relevante også for danninga til lærarpersonlegdommen. Peder Bergem peikar på denne visjonen som sjølv grunnlaget for opprettinga av lærarutdanninga i Volda: «Kaarstad la altså vekt på at undervisninga i kristendoms-kunnskap skulle føre til omvendning og personleg tru. Skulle dette lukkast, måtte lærarane sjølv vera ‘personleg kristne’». <sup>759</sup> Fagleg kunnskap stod sentralt, men fremst stod visjonen om den truande og misjonerande læraren.<sup>760</sup>

I skoleforskinga har det enno ikkje kome noka samla drøfting av norsk pietistisk pedagogikk. For denne avhandlinga er det likevel relevant å slå fast at Kaarstad aldri blei den teoretisk skolerte og systembyggande pedagogen vekkingsrørsla kunne ha bruk for. Han kom

<sup>756</sup> Hope 1923. Her sitert frå Handeland 1966:67

<sup>757</sup> S.st.

<sup>758</sup> Likevel var det enkeltpersonar og mindre grupper, også mellom elevane, som stilte spørsmål ved den lågkyrkjelege dominansen. Forfattaren *Inge Krokann* var ein av dei. Han var elev ved Volda lærarskule 1915–1918.

<sup>759</sup> Bergem 1998:95. Dette var eit synspunkt som hadde ei lang historie, ikkje minst fremma av grundtvigianske skoletenkjarar. I Ole Vigs skoleblad *Den norske Folkeskole* står det ein redaksjonell artikkel i 1852 om lærarens haldningar: Læraren må vere kristen ‘til Liv og Sjæl’ både når han underviser, forkynnar, åtvarar eller straffar. Det kjem nærast av seg sjølv at barna blir vekt og kristeleg opplyst dersom læraren er ‘besjela’ med eit kristlege sinn og omfattar heile sitt kall med varme. (*Den norske Folkeskole*, 1852, s. 209)

<sup>760</sup> Kaarstad 1913, 1920a

heller ikkje til å gi eit originalt pedagogisk bidrag. Asbjørn Tveiten omtalar han slik: «Kaarstad var ein lærar og styrar som la intensitet i arbeidet, skapte påverknad, men den prinsipielle drøftinga av tilhøvet mellom teologi, psykologi og pedagogikk kravde truleg meir både av tid og kunnskap enn han hadde.»<sup>761</sup>

I artikkelen *Jesus som fyredøme for oppsedaren* frå 1920<sup>762</sup> blei Jesu liv med læresveinane brukt som ideal for god oppseding og opplæring: «For den kristne oppsedar vil det vere av stort verd å leggje merke til korleis Jesus tok det, når han oppseda sine læresveinar.»<sup>763</sup> Kaarstad set opp ei liste over berande normer for den kristne læraren. Denne kan tene som ei momentliste for nokre sentrale trekk ved *pietistisk pedagogikk*:

- Ein lærar skal vise godhug og hjartelag for eleven
- All oppseding og undervisning bygger på misjonsbefalinga
- Oppdraginga bygger på det eleven lærer i heimen
- Eleven bør ikkje rivast opp or sitt heimlege miljø
- Eit enkelt materielt liv og dugleik i arbeidet er ei stor vinning
- Barn må mognast i tru og kjærleik før ein ventar at dei gjev til kjenne si tru
- Læraren skal vere streng, tukte med sterke ord som kan føre til skam
- Ein skal likevel vere overberande mot feil og brester så ein ikkje jagar nokon frå seg
- Læraren skal sjølv vere ein modell for elevane
- Opplæringa må illustrerast med eksempel frå det levande livet og frå naturen
- Læraren skal be for elevane.<sup>764</sup>

Kaarstad meinte at læraren må legge stoffet til rette munnleg slik at det høver til elevens alder, mogning og interesse. Han la vekt på det munnlege, men kritiserte også den einsidige forteljande metoden. Han framheva *samtalen*.

Då leier læraren barnet gjennom spursmål og svar fram til sjølvstendig å få ei meining um ei sak. Vert den katekistiske metoden driven for vidt, so ein spør fram det som

---

<sup>761</sup> Tveiten 1994:115

<sup>762</sup> I Jubileumboka *Volda lærarskule 25 år, 1895–1920*

<sup>763</sup> Kaarstad 1920c:13. Sjå også Baader 2002

<sup>764</sup> S.st.

aldri før har vore i barnet sin tanke, kallar me det sokratisering eller den majevtiske metoden (jordmorkunst).<sup>765</sup>

I sine religionsdidaktiske tekstar synest Kaarstad ikkje å kjenne seg heime i den elevsentreringa som blei formulert av *reformpedagogar* som Dewey, Kristvik, Ribsskog og Sethne. Sjølv om *katekiseringa* han tilrådde blei framstilt som ein samtalande metode, var denne heilt styrt av læraren, og hadde sitt faste mønster av spørsmål og ferdigformulerte svar. Kaarstad meinte at elevane i katekiseringa skulle leiast fram til *det rette svaret*, også på samansette etiske og religiøse spørsmål. Denne sida ved religionsopplæringa drøfta han likevel ikkje kritisk. Han la vekt på at utfordringa for læraren er å framstille stoffet i si systematiske form, fordi katekisma «ser djupare i ting».<sup>766</sup>

Vi ser hos Kaarstad linjer til Kristviks didaktikk, mellom anna til formulering om at den som skal nå fram til barn og unge må ha «eld i hugen». Dette blei hos Kaarstad til ein refleksjon om at den truande læraren bør be: Den beste hjelpa «finn den kristne læraren i bøn for sine elevar».<sup>767</sup> I si eiga lærargjerning bygde Kaarstad på formidlingsnormer frå vekkingsbasert retorikk, det emotive elementet, vekt på autentisitet og engasjement hos formidlaren. «Fyrste vilkåret er at ein er glad i den sanning ein skal fortelja om (...) Endeleg at eg legg heile mi sjælskraft i undervisninga, so mi eiga kjensle er med, at ånd kan tala til ånd.»<sup>768</sup> Kaarstad la vekt på at læraren sjølv har opplevd «(...) desse sanningane på sitt eige hjarte. Først då kan han verta eit vitne eller tala av personleg røynsle. Han vert ein forkynnar for borna.»<sup>769</sup>

Skal vi forstå Kaarstads tankar om opplæring og forkynning, må vi ha i minne at vekkingskristne ikkje godtok noko prinsipielt skilje mellom kristendomsopplæringa i skolen og dåpsopplæringa i kyrkja. I det heile formidla Kaarstad ein motvilje mot å skilje opplæring og forkynning. Vi har vitnemål om at han heller ikkje i sine eigne kristendomstimar skilde mellom formidling av kunnskap og vekkingsprega appell. Oscar Handeland skriv om dette: «Då han stod i si beste kraft, var opplæringa hans ikkje berre meisterleg klår, men ho åtte og

---

<sup>765</sup> Kaarstad 1920c:10

<sup>766</sup> S.st.s. 16

<sup>767</sup> Kaarstad 1920a:158/155

<sup>768</sup> S.st.s. 120

<sup>769</sup> S.st.s. 155

makt og velde, så det kunne vera som å høyre på den mest levande og åndsborne forkynning.»<sup>770</sup>

Kaarstad var likevel lite konkret når det gjaldt korleis påverknaden frå den truande læraren skulle skje, men understreka mellom anna at han måtte ta omsyn til mottakaren, til den enkelte eleven. Derfor ville han skilje mellom *truande* («gudfryktige») og *ikkje-truande* barn. Ut frå misjonsmotivet måtte opplæringa ha noka ulik målsetting for dei to gruppene. For den siste gruppa, dei ikkje-truande, var målet sjølv sagt at dei skulle leiast fram til ei personleg tru. Men kva med dei som alt trudde? Her blei den etiske rettleiinga ei hovudsak: «Det gudfryktige barnet skal læra å vera endå meir sannordig, påliteleg, hjelpsam o.s.b. enn andre.»<sup>771</sup>

Då Kaarstad utforma planen for opplæringa, meinte han at mandatet til den truande læraren ikkje bare gjaldt opplæringa i kristendom. Argumentet bygde på premissen om at trua vil gi ei positiv utvikling av sjelskreftene til elevane.<sup>772</sup> Kaarstad skriv at ein legg «ofte merke til at dei menneskje som er sterkast gripne av kristendom, ogso vaknar sjæleleg til vokster i alt sant menneskjeliv».<sup>773</sup> Meininga er at sidan trua gir uttrykk for det naturlege, blir kristeleg opplæring ei hjelp til å bli det mennesket ein er meint å vere. Han la derfor vekt på at læraren må nå elevane med ein bodskap om *tru, frelse og omvendning*. Hos han blir heile breidda av opplæringa ei teneste med det målet å «vinne» barn og unge. Her ligg grunnlaget for visjonen om *den misjonerande læraren*:

Til den religiøse [oppsedinga] høyrer å føra borna til personleg kjennskap til Gud og samfund med han ved tru på Jesus Kristus. Det bør ikkje gløymast at den religiøse trongen er menneskeleg og har krav på næring og utvikling. Det når foreldre og lærarar gjennom andaktar, kristeleg song og kristendomsopplæring.<sup>774</sup>

Ved lærarutdanninga i Volda blei lærarrolla omtala som eit kristeleg «kall», og læraren både som religiøs rettleiar og kunnskapsformidlar. Det var også i tråd med vekkingsrørslas syn på «verda» at Kaarstad omtala skolen som ei *misjonsmark*, den truande læraren som *misjonær*, og elevane som *potensielt frelste individ*. Han la vekt på kulturdimensjonen, ikkje bare frelsa

---

<sup>770</sup> Handeland 1934:316. Asbjørn Tveiten skriv også at det i arkivet ved Volda lærarskule var brev som fortalde om at vekkingar mellom elevane hadde mykje å seie for mange, også for dålevande informantar. (Tveiten 1994:103)

<sup>771</sup> Kaarstad 1920a:161

<sup>772</sup> Høydal 1995:209

<sup>773</sup> Kaarstad 1920a:79

<sup>774</sup> S.st.s. 161

for den enkelte, når han hevda at omvendinga kunne legge grunnlaget for ei folkeleg kulturell fornying. Tveiten omtalar denne sida ved Kaarstads didaktikk også som ein sosial visjon: «Gjennom den personlege omvendinga vert ein atterfødd til ei kallsteneste som har ei gjennomgripande forbetring av samfunnet som mål.»<sup>775</sup> Eg er samd med Tveiten i denne vurderinga. Med «forbetring» meinte Kaarstad og dei andre vekkingseiarane først og fremst evna til å leve i nærare samsvar med den kristne trua. Denne forma for «opplysning» bygde på sosiale og politiske mål om rettferd og demokrati.

Kaarstads syn på religionsopplæring sameina mange av dei ideologiske straumdraga i tida, som målsak, nasjonalsaka, fråhaldssaka og vekkingbasert kristendom. Ser vi etter kva kjelder han hadde for sine didaktiske refleksjonar, finn vi ikkje minst pedagogiske idear og praksis frå den pietistiske pioneren August Herman Francke. For Kaarstad, som for Francke, var kunnskap viktig, men endå viktigare var kristen omvending og tru. Kaarstad meinte at misjonsaspektet var det mest sentrale ved lærarrolla, og innebar målet om «å rettleie elevane til kristeleg klokskap».<sup>776</sup>

---

<sup>775</sup> Tveiten 1994:117

<sup>776</sup> S.st.s. 115

## Kap. 16. Ole Hallesby – vekkingørslas fremste strateg

*Vi vet at få indremisjonspenger kan anvendes bedre enn til å skaffe vårt folk troende lærere og lærerinner.<sup>777</sup>*

Som professor ved Menighetsfakultetet i 42 år (1909–1951), og som formann i Indremisjonen i 33 år (1923–1956), påverka Ole Hallesby ikkje bare generasjonar av prestar og lekfolk, men i vid meining heile den kristne kulturen i landet. Han gjekk inn i Indremisjonens hovudstyre i 1912. Det same året utforma han gjennom fem artiklar i *For Fattig og Rig* strategien for vekkingørslas satsing på ei kristeleg lærarutdanning.

*Ole Hallesby* (1879–1961) var både tradisjonell og moderne. Han var teologisk forankra i ei pietistisk tolking av den lutherske læra med vekt på omvending og frelse. Samtidig sikta han si organisatoriske skaparkraft inn mot å styrke og utvide det vekkingskristne fellesskapet lokalt og nasjonalt. Han var både strateg og feltherre for ei vidfemnande vekkingskristeleg pedagogiske satsing i første halvdel av 1900-talet. Hallesby stod bak etableringa av ein presteskole, ein lærarskole, eit gymnas, ein bibelskole, ein landbruksskole og fleire ungdomsskolar. Hans fremste utdanningspolitiske bidrag var likevel at han la eit teologisk og strategisk grunnlag for heile den vekkingbaserte skolesatsinga. Han viste ei særskild evne til å mobilisere store delar av kristen-Norge rundt sin visjon om rekristning av kulturen gjennom lærarutdanning og skole. Han var ekstremt aktiv, reiste land og strand rundt, og talte i kyrkjer og bedehus kvar han kom. I tillegg skreiv han ei mengd artiklar og bøker. I Hallesby fekk skolesatsinga ein genial leiar som agiterte med eineståande retorisk appell i ein moderne lågkyrkjeleg mediekultur.<sup>778</sup>

Etter at han som ung var påverka av liberal teologi, opplevde Hallesby ei omvending basert på vekkingskristen tolking av den lutherske læra. Han stod deretter fram som kompromisslaus motstandar av liberale prestar og teologar, som etter hans meining fremma ei avkristning «innanfrå». Ein radikal konsekvens av dette standpunktet var at han nekta å samarbeide med prestar som ikkje kunne slutte seg til alle delane av den apostoliske

---

<sup>777</sup> Hallesby 1928/1948:219

<sup>778</sup> Store folkemengder samla seg under hans talarstol. I 1921 samla han for eksempel 8000 tilhøyrarar på eit pinsemøte i Brevik.



trusvedkjenninga. Standpunktet hans, og kampane han gjekk inn i, blei ofte omtala i avisene, og utløyste fleire gonger storm mot dei liberale teologane.

Hallesby såg på liberal teologi som det fremste symptomet på moderne vantru, og utforma ein motstrategi med Indremisjonen som leiande aktør. Strategien bygde på ein skarp, ja nådelaus analyse av samtida. Ikkje minst handla denne om trugsmålet frå politiske og kulturelle grupperingar som ope forneakta dei kristne dogma. Heller ikkje skolen gav barn og unge vern mot liberal teologi og sekulær kultur, hevda han. Som eit radikalt ekko frå vekkingsleiarane på 1890-talet gav han uttrykk for at vantrua gjennom skolen gjekk direkte til angrep på barna: «Ti fra nu av vil giften dryppes allerede i barnesjælen.»<sup>779</sup> I tale og skrift appellerte han til dei kristelege organisasjonane om å ruste seg til kamp mot dette trugsmålet. Han såg føre seg ei åndeleg oppvakning gjennom kristeleg påverknad av barn og unge. Her var den truande læraren si fremste oppgåve, meinte han.

«Indremisjonen og den nye tid» – skolesatsingas grunntekst

*Hvorlænge skal vi staa og se paa at den ungdom avkristnes, som dog om faa aar sitter i landets ledende stillinger?*<sup>780</sup>

Hovudkjelda for analysen av vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning er fem artiklar – pluss introduksjon – skrivne av Ole Hallesby i bladet til Indremisjonen, *For Fattig og Rig*, (1912, nr. 20–25). Her stod han for første gong fram som organisasjonsstrateg, ikkje minst på skolefeltet. Tittelen på artikkelserien var *Indremisjonen og den nye tid*. Artiklane er det klaraste eksempelet vi har på ein samla vekkingsbasert skolestrategi, og innebar eit organisasjonsstrategisk og skolepolitisk oppgjer. Tekstane er forma som ei åtvaring om at staten, den verdslege kulturen og den liberale teologien har svekt kristendommens rolle i samfunnet, ikkje minst i skolen. Bodskapen var klar: gjennom skolearbeidet skal «sekulariseringens ideologier og retning drives tilbake – først fra menneskenes sinn, dernest fra offentligheten.»<sup>781</sup>

Artiklane blei trykte i fleire aviser og tidsskrift: *Hyrden*, *Kristelig Ugeblad*, *Norsk Misjonstidend*, *Sambaandet* og *Samleren*. Dei fekk stor merksemd og verknad, og kom til å legge det teologiske og strategiske grunnlaget for utbygginga av kristelege skolar, i første

<sup>779</sup> Hallesby, *For Fattig og Rig*, 1912, nr. 24

<sup>780</sup> Hallesby, O. (1912). Indremisjonen og den nye tid. *For Fattig og Rig*, 1912, nr. 25

<sup>781</sup> Oftestad 1982:190

omgang ein lærarskole og eit gymnas i hovudstaden. Appellen blei særleg retta mot lærarane, som blei tildelt eit krevjande oppdrag: «Norge for Kristus!»<sup>782</sup> Synspunkta til Hallesby fekk brei støtte. Eit vitnemål om dette er at *Kristelig Ugeblad* på redaksjonshald slutta seg til strategien han hadde formulert. I tråd med hans synsmåtar og retorikk omtala dette bladet kampen mot sekulariseringa som ein «angrepskrig».<sup>783</sup> Då artikkelserien til Hallesby var fullført, hadde mange famlande forsøk på motkulturell reaksjon frå vekkingsrørsla fått retning og mobiliserande kraft.

Eg ser ei linje mellom fire opprop eller religionspolitiske dokument: Gisle Johnsons konservative opprop mot radikalisme (*Til Christendommens Venner i vort Land*, 1883), Johan Christian Heuchs teologiske opprop mot rasjonalisme (*Vantroens Væsen*, 1883 og *Mod Strømmen*, 1902), og Ole Hallesbys strategiske opprop mot liberal teologi og sekularisme (*Indremisjonen og den nye tid*, 1912). Alle dokumenta kan sjåast på som steg i oppbygginga av skolesatsinga som motkulturell aksjon. Felles er også adressaten, dei vender seg til vekkingskristne. Dei hadde også det same utgangspunktet, uroa for kristendommens stilling og faren for moralsk forfall. Bekymringa til forfattarane grunna seg i førestillinga om kristen tru og etikk som grunnvilkår for fellesskapet. Dei viser til kristendommens svekte stilling, og teiknar eit dramatisk bilde av kva som vil skje dersom den sekulære kulturen tar over for kristendommen som samfunnsberande ideologi. Premissen er også den same: fell kristendommen bort som grunnlag for folks moral, trugar det sjølve eksistensen til samfunnet. Den appellative sluttsatsen er også lik: kristenfolket må rustast til kamp for trua mot nedbrytande tendensar i samtida.

Det er likevel mykje som skil desse forfattarane. Hallesby såg vantrua som eit produkt av liberal teologi meir enn av radikal politikk, som for Johnson var hovudfienden. Heuchs bøker er meir teologiske, i mindre grad politiske eller strategiske kampskrifter. I så måte liknar dei på artiklane til Hallesby. Desse to ville tale til forsvar for «den sanne trua». Hovudangrepet deira var retta mot rasjonalismen og positivismen, som på denne tida blei lagt til grunn også for teologisk forskning, det som kom til å gå under den samlande nemninga «liberal teologi».

Det som skilde desse forfattarane botnar mellom anna i politiske endringar mellom 1883 og 1912, men ikkje minst i ulik sosial og retoriske posisjonering. Johnson var aristokratisk og autoritær, Heuch var også aristokrat, men med ei mildare tilnærming, Hallesby var sosialt medviten, men i teologiske spørsmål autoritær på grensa til militant.<sup>784</sup> Hallesbys opprop

<sup>782</sup> Rudvin 1970:115

<sup>783</sup> *Kristelig Ugeblad* nr. 36, 1912

<sup>784</sup> Hallesby viste også aristokratiske takter, ikkje minst i måten han bygde opp den sentrale leiinga

fekk, i langt større grad enn Heuchs og Johnsons, ein massemobiliserande verknad. Dei fem artiklane hans skapte ikkje ein opprivande strid, heller ikkje mellom vekkingsrørsla og dei konservative i kyrkja. Tvert om fekk dei ei viljesterk oppslutning frå breie grupper innan vekkingsrørsla. Enkeltmenneske og organisasjonar aksjonerte på grunnlag av artiklane. Hallesby kalla inn til «kristelege vennemøte». På Lillehammer møtte 800. Temaet var «Den nye tid», og handla om den nedbrytande sekulariseringa som la det kristelege arbeidet aude. Det blei arrangert fleire liknande møte. Indremisjonens skolesatsing i åra etter 1912 kan langt på veg sjåast som ei oppfølging av appellen i dei fem artiklane.

### Hallesbys strategi

Hallesby hadde tidleg syn for skolen som arena for vekkingskristeleg opplæring. Han blei alt i 1903 medlem i *Lærernes vennekreds i Kristiania*, og var hovudtalar på eit landslærarstemne på Voss i 1910. Her heldt han åtte foredrag og sju oppbyggelege talar i løpet av dei åtte dagane møtet varte. Biografen Sverre Norborg skriv at Hallesby fann samværet med denne skaren av kristelege lærarar inspirerande, «for han så i disse 560 deltakerne i et stevne på kristen grunn en lys fremtid for kristendommen innen norsk skolevesen. For denne fremtiden gikk han selv og bar på visse praktiske ideer».<sup>785</sup> Desse ideane skulle to år seinare blir publiserte som dei nemnde strategiske artiklane.

Hallesby introduserte ei nytolking av arven frå Hans Nielsen Hauge når det gjaldt synet på skolen. Han fann ein «ubalanse i haugianernes tankeverden». Dei hadde vore opptatt av den «jordiske kallsgjærning» meinte han, men hadde ikkje eit tilsvarende syn for den skolen barna gjekk i. Etter hans syn innsåg dei at skolen kunne vere ein reiskap for vekking først mot slutten av 1800-talet, då dei såg at unge gjennom dei kristelege skolane blei vekke og omvende. Slik lærte dei å sjå skolen som ei misjonsmark, hevda han.<sup>786</sup> Denne tolkinga av haugianismen har møtt motbør på forskingshald.<sup>787</sup>

---

av Indremisjonen i sentrum av Oslo. Ut frå sin storbondebakgrunn kan han ha kjent seg dregen mot dei høgare sosiale laga, og kan på fleire måtar ha identifiserte seg med eliten. Han var også særleg opptatt av å nå overklassen med den kristne bodskapen. Samtidig var han hard i kritikken av samfunnsgrupper med utdanning og makt. Han skulda dei for å ha minst interesse for og kunnskap om kristendommen, at dei avviste trua og var mest opne for liberal 'vantru'.

<sup>785</sup> Norborg 1979:73

<sup>786</sup> Hallesby, O. (1946). Haugianernes inntog i skolen. I: *Ungdomsskolen i femti år*, Stavanger. Side 284

<sup>787</sup> Kyrkjehistorikaren Finn Wiig Sjursen [1997] hevdar at Hans Nielsen Hauge hadde syn for skolen *som instrument for kristeleg påverknad*. Han viser til at haugianarane gjennom mange tiår spela ei aktiv rolle når det gjaldt å fornye skolen. Stod det til haugianarane, ville «den norske, offentlige allmueskolen vært utbygd meget raskere og bedre enn tilfellet var». [S.st.] Skulda for det seine tempoet legg Sjursen på embetsstanden, og deira «klamme hånd over nær sagt ethvert initiativ som kom nedenfra». [S.st.] Han siterer kyrkjeminister Hans Riddervold, som sa at «Lyset må komme ovenfra!» [Høverstad 1930:360]

Hallesby starta artikkelserien med å kritisere indremisjonsfolket fordi dei ikkje tidleg nok nådde dei unge med den kristne budskapet. Indremisjonen kjem for seint med sine oppbyggelege møte, skreiv han, men «Gud har allerede lagt mange midler til rette for os, som vi bare behøver at ta i bruk. (...) Jeg mener skolerne.»<sup>788</sup> Han stilte lærarane fremst i kampen mot vantrua, ikkje minst fordi dei møtte barna oftare enn presten og søndagsskolelæraren.

I endå sterkare grad enn Sverdrup, Knutsen, Kaarstad og Ringdal understreka Hallesby at målet med opplæringa i skolen var å vekke dei unge til tru og nytt liv. Som den finske teologen Osmo Tiililä har understreka, prega *frelsesspørsmålet* Hallesby som teolog og forkynnar: «Det er frågan om huru människan blir Guds barn som bildar kjärnpunkten i hans teologiske arbete.»<sup>789</sup> Læraren skal derfor arbeide «slik at alt som staar til skolens raadighet, maa bidra til at opdra levende personlige kristne», skreiv Hallesby.<sup>790</sup> Alle lærarar, ikkje bare dei som underviser i kristendom, må arbeide for sjelers frelse, og «opdrage unge til kristne personligheter».<sup>791</sup> Også Sverre Norborg skriv i sin Hallesby-biografi, *Vekkeren fra Aremark*, at Hallesby «aldri ble trett av å minne sine tilhørere om at Kristus hadde gitt sine vitner en hovedoppgave, den som er påbudt – med løfte – i misjonsbefalingen. Verden skal frelses.»<sup>792</sup>

Dette misjonerande mandatet gir motivasjon for å fremme ei kristeleg lærarutdanning og deretter ein kristeleg skole, hevda Hallesby. Han argumenterte for etablering av ei landsdekkande rekke av kristelege lærarskolar. Målet var konkret og ambisiøst: ein kristeleg lærarskole i kvart bispedømme. Han såg utviklinga av slike institusjonar som eit kjernepunkt i kulturkampen, og meinte at Indremisjonen alt hadde lagt eit grunnlag for denne skolesatsinga:

Vi har – Gud være lovet – allerede 2 private kristelige lærerskoler.<sup>793</sup> Indremisjonen vet neppe, hvad hjælp den har i disse. Visste den det, da tror jeg at vi om faa aar fik 6 kristelige lærerskoler – 1 i hvert stift – baaret av indremisjonen. Den dag det skjer, vil bli et vendepunkt i vort indremisjonsarbeide.<sup>794</sup>

---

<sup>788</sup> *For Fattig og Rig* 23/1912

<sup>789</sup> Tiililä 1949:19

<sup>790</sup> Hallesby, O. (1913). Ungdommen for Kristus : Belysningen Vanskelighederne Midlerne. *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift*, Nr 1, jan 1913 (Side 52) Hallesby 1913:52

<sup>791</sup> Hallesby, *For Fattig og Rig* 24/1912

<sup>792</sup> Norborg 1979: 145

<sup>793</sup> Hallesby reknar her med lærarskolen i Volda og Notodden. Indremisjonen etablerte Den nye Lærerskolen i Kristiania i 1912 og Nidaros lærerskule i 1922. Eg har valt å ikkje omtale denne siste fordi han bare heldt det gåande i 7 år, utan eksamensrett. Nidaros lærerskole er omtala av Tveiten: «Kristenfolket viste på nytt lag og styrke ved å skipa og driva ein skule så pass lenge i urolege år.» (Tveiten 1994:140)

<sup>794</sup> Hallesby 1912: *For Fattig og Rik*, nr. 23, s. 189

## Landsvekking gjennom truande lærarar

Hallesby såg i sin argumentasjon for kristne skolar to mål: frelse for den enkelte og fornying av kulturen. Slik John Nome peikar på, fremma artiklane

(...) ideen om en kristen skole og dens samfunnsmessige betydning både i individuell retning: som innflytelse på den enkelte elevs kristne modning og senere livsholdning, og med et videre folkepedagogisk aspekt: som mulighet for påvirkning av folkemoralen i kristent perspektiv.<sup>795</sup>

Hallesby hadde altså ein *kulturorientert* visjon for skolen og lærarutdanninga. Som nemnt understreka han at religionen utgjorde eit vilkår for moralen. Han kritiserte derfor politikarar, ikkje minst dei konservative, som meinte at religion er staten uvedkommande.<sup>796</sup> I boka *Den kristelige sedelære* skriv han at staten ikkje er «en menneskelig ting, men en guddommelig ordning, som går forut for og ligger over enhver menneskelig kontrakt».<sup>797</sup> Derfor er ei av dei viktigaste oppgåvene for staten å sjå til at det religiøse livet til innbyggjarane får utfalde seg. Men her har staten etter hans meining svikta. I den same boka slår han fast at ein tvers igjennom kristen kultur aldri har eksistert, og heller aldri vil oppstå.<sup>798</sup> Det ville jo gjere verda til eit paradisi, noko som strir klart mot den lutherske og pietistiske teologien. Likevel arbeider han for at kristelege verdiar skal prege samfunnet.

Uro for moralen i samfunnet er eit djupt konservativt drag hos Hallesby. At sekulariseringa truga med å bryte ned den kristne felleskulturen, var for han eit motiv til kamp. Trugsmålet kom etter hans syn frå to kantar, frå sosialistane og arbeidarrørsla «nedanfrå», og frå rasjonalistane i danna krinsar «ovanfrå». I boka *Fra arbeidsmarken* (1928) held han fast på førestillinga om «det bevisste hedenskap, som trenger inn både oppe og nede i samfunnet og målbevisst søker å avskaffe det kristelige syn på samfunnet og dens lovgivning, [som] hittil har vært det herskende iallfall teoretisk.»<sup>799</sup> Borgarskapet og dei velutdanna med makt

<sup>795</sup> Nome 1966:15

<sup>796</sup> Vekkingsrørsla var prega av den tolkinga av Luthers *toregimentslære* som blei vanleg på 1900-talet. Stadig sterkare såg ein staten som autonom i høve til det religiøse livet, som blei plassert i det indre menneske, i det andeleg og private. Hallesby utfordra denne tolkinga, ikkje minst då han peika på at staten hadde ansvar for det religiøse, men hadde svikta dette ansvaret, i høve til kristendomsopplærninga i skolen. Under andre verdskrigen gjekk han likevel saman med Eivind Berggrav i forminga av ei felles kyrkjeleg motstand mot naziregimet, med den grunnvinginga at ei *vond* statsmakt ikkje kan gripe inn i styringa av kyrkja. (Hallesby 1928b:317–320)

<sup>797</sup> Hallesby 1928b: 298–300. Ut frå dette sitatet kan det diskutertast kor demokratisk Hallesby var. Men igjen ser vi at han vekslar noko i syn på samfunnet som sekulær og gudgitt ordning.

<sup>798</sup> Hallesby 1928b:270

<sup>799</sup> Hallesby 1928a

viser forakt for kristne verdier. Ikkje minst er det forfattarane, godt støtta av staten, som åndeleg talt forgiftar folket. Dei forkynner ein heidensk moral, hevdar Hallesby. Denne kritikken av kultureliten stemmer med sosiale særdrag ved vekkingsrørsla, som ofte fremma puritanske verdier knytt til kulturell avsondring og nøysemd.<sup>800</sup>

På linje med vekkingsleiaren Andreas Lavik meinte Hallesby at fråfallet viste seg først i heimane: «Syndens frekkhet særpreger vår tid. Hjemmets liv rives i stykker etter de laveste lyster og tilfeldige luner.»<sup>801</sup> Han ønskte seg derfor tilbake til einskapskulturen der kristne verdier hadde hegemoni, og drøymde om det gjenfødde mennesket og ei rekristning av folket.<sup>802</sup> Han aksepterte ikkje den sekulære kulturen slik denne kom til uttrykk i skolens planar og lærebøker.

Kim Helsvig peikar på at eit sentralt punkt i motstrategien til Hallesby var å utdanne *kulturkritiske* lærarar som i sin tur kunne påverke den oppveksande slekta.<sup>803</sup> Ein kristeleg skolekultur kunne få sterk spreiringseffekt, meinte Hallesby. Prosjektet han skreiv om tok sikte på å lære folket å prioritere det indre mennesket. I tråd med vekkingsideologien bygde han på premissen om at den omvende braut med det tidlegare livet. Hallesbys program var etter Tarald Rasmussens meining «en fremtidsrettet gudsrrike-utopi basert på individuelle omvendelseserfaringer i et slikt omfang at det ville få sosiale og kulturelle konsekvenser».<sup>804</sup> Kristelege lærarskolar skulle i Hallesbys strategi fremme ei slik kulturell landsvekking.<sup>805</sup> Kristendommen blir altså ikkje bare tenkt som frelse for den enkelte, men som eit ideologisk grunnlag for eit program med det målet å redde kulturen frå kollektiv moralsk undergang.<sup>806</sup>

## Ein stortenkt skoleplan

Strategien var stortenkt. Hallesby la vekt på at ein burde utvikle eit mest mogleg samanhengande skoletilbod med kristeleg preg. Han såg føre seg at Indremisjonen utvikla ei utdanningslinje: ungdomsskolar, gymnas, yrkesskolar, lærarutdanning, presteutdanning, emissærutdann-

<sup>800</sup> Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), pp. 447–461. (Side 452). Også her viser Hallesby fram ei spenning i skolesatsinga. Sjå analysen av læringsmiljøet ved Oslo lærerskole (Side 257ff.)

<sup>801</sup> Hallesby 1948:47–48

<sup>802</sup> Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), s. 452

<sup>803</sup> S.st.

<sup>804</sup> Rasmussen 1991:253

<sup>805</sup> Arne B. Amundsen gir uttrykk for at denne strategien fekk fotfeste i «Indremisjonsselskapets egen vektlegging». (Amundsen 2002, note 112) Bakgrunnen for dette er at Hallesbys *Håndbok for indremisjonsarbeidet* (Oslo 1947), på mange måtar er ei storstilt manifestasjon av «arbeidsprogrammet» frå 1928.

<sup>806</sup> Hopland 2005:70

ing, misjonærutdanning.<sup>807</sup> Ungdomsskolane blir her sett på som den første lekken i ei kjede av skolar med eit felles mål om å sikre ungdom kristeleg opplæring og vekke dei til tru.

Hallesby greidde å mobilisere dei store vekkingsbaserte organisasjonane for denne skolestrategien. Dette viser tilslutninga han fekk på det årvisse *Geilomøtet*, ei samling av leiarar for lekmannsorganisasjonane. Hausten 1917 blei skolen sett på programmet gjennom opprettinga av *Geilomøtets religions-undervisningskomité*. Dermed blei kristendomsfaget ei kampsak, slik Bernt T. Oftestad formulerer det, «av det store kirkepolitiske format for disse organisasjonene».<sup>808</sup> Ei felleserklæring frå Geilomøtet slo fast, heilt i tråd med Hallesby, at god kristendomskunnskap legg grunnlaget for «vort folks religiøse, moralske og borgerlige liv. Kristendomskunnskap må få rang som et hovedfag i barneskolen».<sup>809</sup>

Hallesby var først og fremst *strateg* når det gjaldt skole og lærarutdanning. Han utforma ingen systematisk didaktikk for religionsopplæringa. Sverre Norborg slår fast at Hallesbys kall ikkje var «å diskutere pedagogiske detaljspørsmål. Han så også de nasjonale skoleproblemen under en metafysisk synsvinkel».<sup>810</sup> Nokre didaktiske merknader finn vi likevel i bøkene og artiklane hans. Slik han såg det, fjerna skolen seg klarast frå den kristne livsforståinga gjennom det vitskaplege grunnlaget for opplæringa, særleg innan fag som naturfag og geografi. Ei rettesnor for den kristne læraren blir derfor å stille seg kritisk til læreplanar og lærebøker i den offentlege skolen, særleg til faglege framstillingar som ikkje gir opning for ein metafysisk realitet. Han gir også uttrykk for at lærarane på kristne skolar dagleg kan påverke dei unge. Derfor måtte ein gjennom lærarutdanninga fremme «kristne personligheter der i ord og liv søker at føre de unge til Frelseren».<sup>811</sup> Innhaldet i denne påverknaden er det ikkje sagt så mykje om. Tru blir her på ein eller annan måte tenkt som eit resultat av påverknad i eit tett læringsmiljø. I norsk samanheng er Hallesby den første som også såg akademiske utdanningsmiljø som ein arena for ein slik påverknad.<sup>812</sup>

Hallesby henta inspirasjon frå folkehøgskolerørsla når han peika på korleis ein kan bruke skolen som reiskap for spreiding av ideologi. «Grundtvigianerne benyttet skolen i 30 aar (folkehøgskolen) før indremisjonen fik øinene op for skole som middel til at vinde de unge for

---

<sup>807</sup> Eit uttrykk for dette fellesskapet er det at vi finn ei sterk rekruttering av leiarar og lærarar mellom desse skoleslaga. Eit eksempel her er at rektor ved Framnes ungdomsskule, Johannes Leere, blei «kalla» av Hallesby som rektor ved Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole. (Etterfølgjaren hans, Arnfred Slyngstad, var tidlegare Volda-elev.)

<sup>808</sup> Oftestad 1989:82–83

<sup>809</sup> *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift* 7/1917, s. 110

<sup>810</sup> Norborg 1979:91

<sup>811</sup> Hallesby, FFoR 25/1912

<sup>812</sup> Vengen 1985:124

Kristus.»<sup>813</sup> Referansen til Grundtvigs skolestrategi er grunna i ei pragmatisk interesse, ikkje eit prinsipielt brot med Gisle Johnsons teologisk baserte avvising. Men Hallesby viser også samklang med Grundtvig på det ideologiske planet, mellom anna i synet på vanlege folk som berarar av kjerneverdier i samfunnet. Likskapen mellom desse to viste seg også i det retoriske, ein likskap Slagstad indirekte har peika på: «[D]en subjektivt orienterte inderlighetspatos delte pietismen med romantikken.»<sup>814</sup> Samtidig står skilnaden når det gjeld synet på kristendomsopplæringa ved lag.

Ei gruppe innan kyrkja reagerte negativt på skolesatsinga til Hallesby og Indremisjonen. Dei liberale teologane hadde alt lenge vore hans bitre motstandarar. Dei såg skolesatsinga som eit unødvendig og skadeleg tiltak fordi særskilte kristelege skolar kunne føre til at interessa for kristendomsopplæring generelt blei skada.<sup>815</sup> Hallesbys opprop og skolebaserte aksjon kan tolkast som ein respons på sekulariseringa innan samfunn og skole, ikkje minst den liberal-teologiske «vantrua». Her finn vi altså to motstridande syn på korleis sekulariseringa i samfunnet skal møtast: På den eine sida det liberale, som inneber ei rasjonelt basert tilpassing til vitenskap og modernitet, på den andre sida det pietistisk-ortodokse, som kjempa mot alle sekulære trekk i kulturen. Målet for Hallesby var å gjere menneska til *homo religiosus*, som «strever etter det evige liv og frelse fra synd».<sup>816</sup> I dette ligg vekkingas argument om at rørsles skoleaksjon ikkje er eit pedagogisk overgrep, fordi kristentrua, slik Henrik Kaarstad gong på gong understreka, samsvarar med menneskas inste vilje og vesen.

## Norges kristelige lærerforbund – ein alliansepartner

Hallesby hadde eit nært samarbeid med vekkingakristne lærarar. I Kristiania blei det i 1901 stifta ein kristeleg lærarorganisasjon, *Lærernes Vennekreds*. Her blei Hallesby medlem.<sup>817</sup> I 1909 gjekk desse saman i ei landsdekkande foreining, *Norges kristelige lærerforbund*, med overlærer R. J. Ringdal som formann. I 1916 hadde dei 32 lokallag med 2500 medlemmer. Bladet til forbundet, *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift*,<sup>818</sup> skulle kome til å spele ei rolle i

<sup>813</sup> Hallesby, *For Fattig og Rik*, nr 24, 1912, s. 189

<sup>814</sup> Slagstad 2002:62

<sup>815</sup> Rudvin 1970:128–129

<sup>816</sup> Gilje 1995:224

<sup>817</sup> Han blei også medlem av *Norges kristelige lærerforbund* (stifta 1909). Så seint som i 1917 stilte han som representant for denne foreininga i forstandarskapet for Den nye lærerskole i Kristiania, ikkje som medlem i styret for Indremisjonen. (Kjelde: Møteprotokollen for Forstanderskapet Den nye lærerskole i Kristiania, Normisjons arkiv)

<sup>818</sup> Tidsskriftet blei i 1920 trykt i 2000 eksemplar



kampen for ein kristen skole. Hallesby var ein mykje brukt talar på møte og kurs i forbundet, og ein flittig skribent i tidsskriftet deira.

Det var eit sterkt samanfall i synsmåtar og strategi mellom Indremisjonen og Norges kristelige lærerforbund. Eit uttrykk for dette finn vi i det skrivet redaktør Ringdal utforma i samband med reformasjonsjubileet i 1917. Han publiserte 95 tesar som eit opprop mot tidas religiøse forfall, eit skriv han ville henge «på skolens og kirkens dør».<sup>819</sup> Dette var ei omfattande programerklæring med ein appell om å sikre Bibelen og vekkingas trusform rett plass i skolen. Borgarsamfunnet burde etter hans meining innsjå at kristendommen var det beste grunnlaget for lukke og framgang.

Ringdal slutta seg til Hallesbys visjon om å nå dei leiande øvre sosiale laga med budskapen. Samarbeidet mellom dei to hadde starta med ideen om å etablere ein kristeleg lærarskole i hovudstaden. Å nå barn og unge gjennom skolen var etter Hallesbys syn den største tanken i det frivillige kristelege arbeidet sidan Hans Nielsen Hauge.<sup>820</sup> I oppsummeringa si om indremisjonsarbeidet, *Fra arbeidsmarken*, er det eit kapittel han kallar «Den stille vekkelse». Her omtalar han «ekte og dyp vekkelse i det små og unnselige, men forente og enkle bønnelivet lokalt».<sup>821</sup> Det er bønnelivet og det personlege truslivet hos den enkelte kristne som er nøkkelen til vekking, ikkje ytre arrangement og tiltak. Dette er tankar som etter hans syn burde bli retningsgivande, ikkje minst for dei kristne lærarane. Også dei trong dagleg oppbygging og bøn.<sup>822</sup> Resultatet av den stille påverknaden ville bli stort, meinte han. «Folk vil komme strømmende. Av seg selv kommer de i flokkevis. Du vet nesten ikke hvor de er fra, alle disse mennesker!»<sup>823</sup>

Som vi har sett, hadde Norges kristelige lærerforbund sidan starten i 1909 formidla den same uroa for situasjonen i skolen som Hallesby gav uttrykk for. Til 50-årsskriftet i 1959 blei det gitt ut ei bok med ein historisk gjennomgang av målsettinga og verksemda til forbundet. Ein av artiklane var skriven av biskop Karl Martinussen. Han la til grunn det synspunktet som var dominerande i *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, nemleg at skolens føremålsparagraf gjer kristendomsopplæringa til ein del av kyrkjas dåpsopplæring. Dermed har kyrkja eit *juridisk*

<sup>819</sup> *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, 7,8,9/1917

<sup>820</sup> S.st

<sup>821</sup> Hallesby 1928:129

<sup>822</sup> Tanken var ikkje minst å verne dei unge mot skadelege impulsar, særleg i byane, men også gi dei jamn kristeleg påverknad frå omsorgsfulle kristne lærarar. Han ville særleg at Kristeleg Gymnas i Kristiania skulle vere internatskole. Den planen blei ikkje realisert, men i Pilestredet 100 kjøpte Indremisjonen eit hus som fungerte som ein kristeleg elev- og studentheim.

<sup>823</sup> Hallesby 1928:129

ansvar, ikkje bare for kristendomsfaget, men for skolens «kristne total karakter». Denne forståinga var dei fleste politikarane på denne tida i ferd med å gå bort frå.

Martinussen skilde mellom lærarens «ytre» og ei «indre» teneste. Den «ytre» handla om det faglege og pedagogisk aspektet ved opplæringa. Den «indre» tenesta var misjonskallet, ansvaret for sjelers frelse. «[D]et mest presserende for oss må være arbeidet på den indre linje, arbeidet i skolestuene landet rundt, i heimen, på lærermøtene, på lærerværelsene, i lærerlagene osv.»<sup>824</sup> Martinussen meinte at «det må skapes en sterk front av personlig bevisste kristne lærere over det hele land.»<sup>825</sup>

Redaktøren for jubileumsskriftet, Georg Egenberg, hadde vore med i leiinga i Norges kristelige lærerforbund frå 1930-talet. I eit tilbakeblikk slo han fast, slik Hallesby hadde gjort det i 1912, at bakgrunnen for stiftinga av forbundet var innsikta om at staten ikkje makta gjere noko på det religiøse feltet i skolen. At kristne lærarar «i vår skoles skjebnetime» slutta seg saman til hjelp for kvarandre, var ei støtte til synet på lærararbeidet som ei misjonsteneste. Det pedagogiske er i dette perspektivet ei sekundær oppgåve for læraren, hevda Egenberg. Som ei stadfesting av denne prioriteringa rekna han opp dei fire oppgåvene for ein kristen lærar:

1. Den misjonerande, 2. Den pedagogiske, 3. Samarbeid med kyrkja, og 4. Skolen og kyrkja sitt ansvar andsynes heimane. Det primære må vera å vekke og fremje kristeleg liv, så Jesus Kristus kan få koma til med sitt kall: Vert min, fylg meg, gjer viljen min. Våre serlege oppgåver har si rot i det bod Jesus ga læresveinane: «Gak då ut og gjer alle folki til læresveinar – og – lær dei å halde alt det som eg har bode dykk». Vi veit so vel at dette gjeld kvar kristen. Men læraren har eit sers kall han skal svara for (...).<sup>826</sup>

Egenberg slo fast at den rådande kristendoms pedagogikken ikkje heldt mål. Skulle faget kome tilbake på første plass i skolen, måtte det skje gjennom kamp frå dei kristne lærarane. Ved sida av heimane var skolen det strategisk viktigaste verkemidlet i den kristeleg danninga. Samfunnsansvaret til læraren var derfor å halde skolen oppe som ein kristeleg institusjon. Det måtte skje gjennom klar bibelsk forkynning og «eit levande kristent vitnemål i kvardag og helg».<sup>827</sup>

---

<sup>824</sup> Martinussen 1959:29

<sup>825</sup> S.st. Dette lyder svært likt det ropet til aksjon Hallesby gav uttrykk for i *For Fattig og Rig* i 1912.

<sup>826</sup> Egenberg 1959:30–31

<sup>827</sup> Egenberg 1959:37

Blant kristne lærarar blei debatten om religion i skolen ofte ført i dramatiske vendingar. I *Kristelig pædagogisk tidsskrift* skreiv teologen Karl Vold i 1913 om det han kalla ei «forferdelig faneflukt» frå kristendom og kyrkje.<sup>828</sup> Han hevda at teologisk fritenkeri, i tråd med «bestemte sider av den Darwinske evolutionshypotese»,<sup>829</sup> målbar at mennesket ikkje treng kristendom, at religionsundervisninga er forfeila. Vold meinte at talsmenn for den religionskritiske kulturen fekk med seg lærarar, gripne av «tidens veir og vind». Korleis kan desse lærarane undervise i kristendom, spurte han.<sup>830</sup>

Vold meinte at kyrkja måtte avvise den liberale teologien som falsk. «Kirken og menigheten maa forlange, at barnene undervises efter Guds ord og menighetens bekjendelse.»<sup>831</sup> Vold heldt så fram den tanken Hallesby året før hadde fremma, at det trengs ei folkeleg religiøs vekking gjennom skolen. Målet må vere, meinte han, at ein vender tilbake til «den kristelige enhetsskole».<sup>832</sup> Men eit slikt mål syntest langt borte, det var meir i tida å snakke om udogmatisk kristendomsundervisning, ikkje bunden av ei særskilt konfesjonell tilknytning. Vold slutta utgreiinga med å åtvare mot det som var i ferd med å skje i Kristiania, der ein hadde redusert timetalet i kristendomskunnskap, og gått bort frå puggprega læring av katekisma. Appellen hans var klar:

Avskaf ikke lærebok i forklaring! Indskrænk ikke katekiseringen! (...) Menigheten maa forlange en bibelsk og bekjendelsestro undervisning. De lærere som ikke kan gi saadan, maa derfor skaffes adgang til at fritas for religionsundervisning. La os slaa vakt om vor skole som kristen skole! La os bære den og dens lærere frem i bøn!<sup>833</sup>

Innlegg som dette viser det *hegemonisøkande* målet med vekkingsrørslas skolesatsing. For Ole Hallesby, som for Gisle Johnson og Lars Oftedal, var heile samfunnet objektet for misjon. Dei ville at vekkingas verdiar og etikk skulle prege utviklinga på alle plan, frå oppseding i heim og skole, til bygdestyring, arbeidsliv og næringsdrift, media, sosialteneste og helsestell. I Volds artikkel kjenner vi igjen Hallesbys tanke om kulturell «reisning», eit restaurativt mål om tilbakevending til den kristelege einskapskulturen og den kristelege «einskapsskolen».

---

<sup>828</sup> Vold, K. (1913). Kampen om religionsundervisningen i den moderne skole. *Kristelig Pædagogisk tidsskrift*. Nr. 6, Januar, 1913

<sup>829</sup> S.st.

<sup>830</sup> S.st.

<sup>831</sup> S.st.

<sup>832</sup> S.st.

<sup>833</sup> Vold, K. (1913). Kampen om religionsundervisningen i den moderne skole. *Kristelig Pædagogisk tidsskrift*. Nr. 6, Januar, 1913

Strategien for denne kampen blei i 1912 formulert som Indremisjonens kamp mot liberal teologi og ein sekularisert kultur.<sup>834</sup>

## Vekkingsbasert stormarkering – Calmeyergatens Missionshus 1920

Som eg alt har peika på, gav Hallesby satsinga på lærarutdanning og skole særskilt kraft ved å kople henne til kampen mot liberal teologi.<sup>835</sup> Den største markeringa i denne kampen gjekk føre seg i *Kristiania 15.–18. februar 1920*. Møtet fann stad i eitt av dei største forsamlingslokala i landet, Calmeyergatens Missionshus.<sup>836</sup> Her møtte 3000 deltakarar, av dei var 950 delegatar frå 24 kristeleg organisasjonar.<sup>837</sup> Leiarane i Indremisjonen, Hallesby og Wisløff, stod for invitasjonen til møtet. Med seg hadde dei Ludvig Hope, den mektige leiaren i Kinamisjonen.

Hallesby hadde året før, altså i 1919, skrive nye kampprega artiklar i *FFoR* mot det han såg på som liberal vranglære. Med glitrande retorikk, klare poeng og språkleg slagkraft gjekk han til felts mot alt som smakte av religiøs rasjonalisme. Titlane på artiklane er slåande: «Hva striden gjelder.» (13.9.1919); «Hva vi nå vet» (16.9.1919); «Hva striden viser oss» (13.10.1919) «Hva vi nå må gjøre.» (15. 10.1919)<sup>838</sup>

På møtet innleidde Hallesby sjølv om faren han såg, og stempla dei liberale teologane som villfarne, og ideane deira som mennesketankar stilt opp mot Guds ord. Han meinte at dei var i ferd med å innføre ein ny religion med støtte frå staten. Kva kan dei liberale teologane forkynne, spurte han retorisk, og svara: Ingenting! Han bad om ei folkeleg vekking mellom dei geistlege og blant kristenfolket, og åtvara tilhøyrarane om ikkje å møte ein prest med tillit om han ikkje er gjenfødd, frelst.

<sup>834</sup> Som eg har vist til, var *Olav Andreas Eftestøl* ein uthaldande kritiker av vekkingsbasert forståing av kristendomsopplæringa. Dette synet kom fram i hans artikkel om lærarutdanninga frå 1916, men også i 1928 omtalar han kor varsam ein bør vere med å forkynne: «Lærerenes egne betraktninger, hans fri forkynnelse spiller ikke den rolle som prestens forkynnelse i kirken, den er til en viss grad bundet av lærebøkene. Det har meget å si at læreren er varsom, behandler stoffet med alvor og vogter sig fra enhver agitasjon.» (Eftestøl 1928:150)

<sup>835</sup> Tarald Rasmussen gjer denne koplinga i drøftinga av Hallesby og skolen. (Rasmussen 1999:38)

<sup>836</sup> Huset kunne romme 5000 menneske, og hadde i fleire tiår vore eit senter for lekmannsrørsla. Under ei stor vekking i 1905 hadde huset vore smekkefullt kvar kveld gjennom fleire veker. (Lundby 1987:150)

<sup>837</sup> *Dagbladet* hadde fanga opp dette med den store tilstrøyminga, og vitsa om «De 1000 rettferdiges landsmøte.» (Rudvin 1970:431)

<sup>838</sup> Hallesby 1919. Her sitert etter Kullerud 1987:156, som også peikar på likskap mellom den retoriske stilen til Hallesby og biskop Heuch.

Representantane kunne einast om at dei ikkje skulle samarbeide med liberale teologar. Dette har gått inn i norsk kyrkjeehistorie som «*calmeyergatelinja*».<sup>839</sup> Sjølv om kampen mot liberal teologi var ei viktig sak for Hallesby, hadde han sett føre seg ei meir omfattande kyrkjepolitisk markering, mellom anna på skolefeltet. Møtet kom ikkje med nye signal eller strategiske impulsar når det gjaldt skolesatsinga, men ei klar tilslutning til den misjonsbaserte målsettinga dei kristelege lærarskolane var bygde på.

Henrik Kaarstad deltok på møtet. Wisløff ville ha han med i ein komité som skulle arbeide vidare med det ein blei einige om. Kaarstad var rekna som ein framstående skoleleiar, og ein av dei mest omtykte talarane.<sup>840</sup> Han kalla hovudforedraget sitt «Korleis kan vi møte den liberale teologien i skulen?». Mellom meiningsfeller trong ikkje den erfarne forkynnen og lærarutdannaren legge band på seg. Om målet for opplæringa i kristendomskunnskap sa han:

Det kan ikkje berre vere å gje historisk kunnskap um kristendomen som religion ved sida av andre, jamvel um han er den beste. Heller ikkje ein kristeleg kultur. Heller ikkje aa gjeva kristelege grunnsetningar berre. Ja, ikkje eingong det aa tilfredsstilla den naturlege religiøse trong. Maalet er aa skapa eit personlegt kristenliv, faa deim til umvending fraa synd til personleg tru på Jesus Kristus som frelsar fraa synd.<sup>841</sup>

Skulle dette vere mogleg i ei tid der også skolen var påverka av liberale tankar, måtte læraren sjølv vere «personleg kristen», konkluderte Kaarstad. Han formidla eit kristeleg-konservativt syn på undervisning då han forsvarte bruken av katekisma med desse orda: «Katekismen er paa ein maate ein folkedogmatikk, og mister me den, mister me ryggraden i den kristne tru paa ein maate.»<sup>842</sup> Han var kompromisslaus då han sa at kristne lærarar ikkje burde gå saman med ateistar: «Me maa vera varsame at slike alliansar skulle taka burt noko av det som eg vil kalla livsglod, eld, og kraft i det personlege vitnesbyrd um synd og naade og umvending og personleg tru.»<sup>843</sup>

<sup>839</sup> I tillegg til at vedtaket la grunnlaget for den interne praksisen i organisasjonane, blei det sendt til kongen, Kyrkjedepartementet og Stortinget for å be styresmaktene fremme og forsvare luthersk evangelisk kristendom i Noreg. Kong Haakon svarte, takka for brevet, og skreiv at han håpte møtet ville fremme kristeleg nestekjærleik. Det balanserte svaret var truleg eit vonbrot for deltakarane.

<sup>840</sup> Ei kjelde for innhaldet i møtet i Calmeyergaten Missionshus i 1920 er Joh. M. Wisløff, *Landsmøtet i anledning kirkestriden* (1920). Boka inneheld talar og drøftingar frå møtet. Kaarstad er blant dei sju mest sentrale blant «lekmannshøvdingane». (Bergem 1998)

<sup>841</sup> Wisløff 1920:102

<sup>842</sup> S.st.

<sup>843</sup> S.st.

Som Hallesby var Kaarstad klar på at den kristne læraren må sjå elevens omvending og personlege tru som det fremste målet med lærargjeringa.<sup>844</sup> Ei lærarrolle med forkynning i sentrum måtte derfor vere rettesnor for opplæringa ved lærarskolane, som etter hans syn burde gi ein massiv kristeleg påverknad. Etter møtet i Calmeyergaten, i april 1920, skreiv Kaarstad ein artikkel i *Kristelig pædagogisk tidsskrift* om læraryrket. Her vende han seg til kristne lærarar, og skildra yrket klart og tydeleg som eit *misjonskall*. Han hevda at skolen var i fare. Skulle ikkje den levande trua døy ut, måtte læraren gjere så mange elevar som mogleg til Jesu læresveinar.

Og det er vår fulle overtyding at dette når me åleine forkynner og lærer um Jesu Kristi død for våre synder og uppreist til vår rettferd slik som Bibelen vitnar og som evangeliet har lytt. Eg har lang røynsle for at berre Jesu Kristi evangelium, slik som me har det i det nye testamente, skapar levande og bekjennande kristne millom vår ungdom.<sup>845</sup>

Når Kaarstads understrelar lærarens personlege tru, liknar dette den vekkingsbaserte reaksjonen på rasjonalistisk pedagogikk frå tidleg på 1800-talet.<sup>846</sup> Dette bildet av lærargjeringa kjenner vi også igjen i den organisasjonen for kristne lærarar som også Kaarstad slutta seg til, og brukte som kanal for budskapet sin, Norges kristelige lærerforbund.

## Vekkingsfolket støttar skolesatsinga

Eg har analysert stoffet om skole og kristendom i tre vekkingsblad: *For Fattig og Rik*, *Sambaandet* og *Kineseren*. Analysen viser korleis skolesatsinga til dei tre største vekkingsbaserte organisasjonane kom til uttrykk i spaltene. Gjennomgangen er avgrensa til tida for rørslas sterkaste strategiske oppbygging av kristelege skolar, mellom 1905 og 1930. Avgrensinga er gjort fordi omtalen av skole og opplæring endrar seg mest i denne perioden.<sup>847</sup>

Det er eit samsvar i måten desse tre kristelege blada grunngir satsinga på kristelege skolar. Grunngevinga blir knytt til Hallesbys forståing av sekulariseringa i folkeskolen og den sviktande rekrutteringa til tradisjonell forkynning. Den teologiske og skolestrategiske

<sup>844</sup> Dette er eit kjernepunkt i vekkingsrørslas forståing av skolen og lærarrolla. Interessant nok var det også ein del av Grundtvigs tidlege pedagogiske filosofi (Bugge 1965:170), og i Christen Kolds syn på lærarrolla.

<sup>845</sup> Kaarstad 1920b

<sup>846</sup> Grundtvig la i ein tidleg periode (1810–1812) stor vekt på lærarens kristelege sinnelag. (Bugge 1965: 164–165). Dette er også synsmåtar som kom sterkt fram etter det moderne gjennombrøtet, med vekt på lærarens individuelle fridom og ansvar. Arne Garborg understreka i ein artikkel i *Lærer-standens avis* nr. 7, sep. 1872 den moralske sida ved personleg danning som det sentrale i lærarutdanninga.

<sup>847</sup> Sjå Vedlegg nr. 6

vektlegginga av kristeleg påverknad, barn og unges frelse, blir halden fram som det mest sentrale argumentet. Ein viss skilnad mellom blada knyter seg til *gjennomføringa* av skolesatsinga, noko som har samanheng med om verksemda til dei ulike organisasjonane er retta mot ytre- eller indremisjon. I framstillinga av innhaldet i opplæringa, anten denne er grunnutdanning eller yrkesutdanning, er alle tre blada klare på at det skal vere ein balanse mellom fagleg kvalitet og kristeleg påverknad. Både kunnskap og tru blir sett på som relevante mål for undervisninga. Men misjonsaspektet blir halde fram som det mest sentrale.

Når *FFoR* har mindre stoff om eigen lærarskole i Oslo enn av bibelskolar og ungdomsskolar, har eg tolka dette som eit signal om uvisse knytt til den vekkingorienterte profilen ved denne lærarskolen. Analysen av bladet *Kineseren* viser at Kinamisjonen i denne perioden ikkje var direkte involvert i utviklinga av kristeleg lærarutdanning retta mot den norske grunnskolen. Dei støtta etableringa av mellom anna Kristelig Gymnas, og var ikkje ueinige i grunngivinga og målsettinga for skolesatsinga, men prioriterte sjølv lærarutdanning retta mot tenesta på misjonsmarka, først og fremst i Kina.

Alle tre blada understreka at lærarar som skulle verke misjonerande måtte ha eit nært og personleg tilhøve til den kristne bodskapen. Dette vilkåret blei omtala i tydelege ordelag av dei fleste som omtala skolestrategien, ikkje minst Kaarstad og Hallesby. Lærarane måtte ikkje bare vere kvalifiserte fagpersonar, men også «varmhjertede kristne, som arbeider med det bestemte maal for øie at vinde eleverne for Kristus.»<sup>848</sup>

I dei kristelege avisene finn eg ikkje eksempel på didaktisk refleksjon knytt til slike dilemma eller ei kritisk drøfting av visjonen om den misjonerande læraren.<sup>849</sup> Som analysen min av Oslo lærarskole viser, skulle målsettinga om vekkingssreligiøst engasjement ikkje bli lett å kombinere med ei moderne lærarutdanning med høge faglege ambisjonar.

Hallesby omtala skolesatsinga som ei sentral oppgåve for Indremisjonen, ei satsing som viste at vekkingskristne tok samfunnsansvar. I artikkelen *Vår pietistiske linje* (*FFoR* 1946) peika han på at det ikkje er historisk rett at pietismen hadde trekt seg tilbake frå verda. Tvert om hadde kristne tatt ansvar «på banebrytende vis inn i sin samtids timelige og åndelige nød».<sup>850</sup> Han viste til alle dei skoleslaga og sosiale tiltaka der rørsla hadde markert seg, «(...) ungdomsskoler, lærerskoler, gymnasium, handelsskoler, jordbruksskole, hagebruksskole, (...) barneheimer, fiskerheimer, pressekontor og pedagogisk kontor. (...) Jeg kunne ha lyst til

---

<sup>848</sup> *Kineseren*, juli 1915

<sup>849</sup> Sjå oppsummering av analysen i Vedlegg 3

<sup>850</sup> Hallesby, *For Fattig og Rik* 17. feb. 1946

å spørre pietismens kritikere: hvor finner en her i landet mer handledyktige og offervillige mennesker enn pietistene?»<sup>851</sup>

Hallesby heldt fast ved at målet for skolesatsinga var å forkynne for dei unge slik at flest mogleg av dei «gir seg over til Gud».<sup>852</sup> Kristne foreldre burde vise omsorg for barna sine ved å sende dei til kristelege skolar. «Og blir de vakte under sitt opphold på skolen, så sørg for å få dem inn i ungdomsforeningen straks de kommer hjem.»<sup>853</sup> Påverknaden i skolen er «surdeigen» som på lengre sikt kan føre til vekking. «Dette er indremisjonens innerste vesen.»<sup>854</sup> Slik kunne skolen tene to sentrale oppgaver for den kristne forsamlinga: forkynning til frelse og bygging av ein åndeleg fellesskap mellom truande.

Som nemnt formulerte Hallesby ikkje ein retningsgivande *pedagogisk-didaktisk* refleksjon knytt til lærarens misjonsmandat. Hans syn på læring og oppdraging kan kort karakteriserast som ein «enkel, einssidig og einvegs påverknadspedagogikk, der barnet og den unge relativt passivt verkt objekt for inntrykk og påverknad».<sup>855</sup> Han var som nemnt ikkje utan meining om religionspedagogikk, men stilte seg utanfor den allmenne utviklinga av pedagogiske tenkinga og debatten. Dette skulle også få følger for utforminga av den vekkingskristelege lærarskolen i Oslo. Spenninga mellom ein vekking- og ein vitskapleg basert diskurs er eit tema i analysen min av læringsmiljøet ved Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole.

## Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole

*Den faglige utdanningen er egentlig ikke poenget, men det åndelige miljø som vil utvikles ved disse skolene. Der skal en pietistisk vekkellesånd rå, slik at det frembringer «gjenfødte» personligheter (...).*<sup>856</sup>

For Hallesby og Indremisjonen, men også for vennene hans i Norges kristelige lærerforbund, skulle ein institusjon kome til å stå i fremste linje i skolesatsinga, *Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole*. Som Indremisjonens og Hallesbys fremste institusjon i deira satsing på lærarutdanning skal denne skolen viast særskild merksemd.

---

<sup>851</sup> S.st.

<sup>852</sup> Hallesby 1948:218

<sup>853</sup> S.st.

<sup>854</sup> Hallesby 1948:46

<sup>855</sup> Vengen 1985:122–123

<sup>856</sup> Oftestad, Rasmussen og Schumacher 1993:254



Den målretta satsinga på kristeleg lærarutdanning vekte som nemnt positiv interesse i Indremisjonen, men også i andre delar av norsk kristenliv. Hallesby var heller ikkje den som let ei sak kvile dersom han var sikker. I 1912, same året som han publiserte sine strategiske artiklar, kalla han inn til eit drøftingsmøte heime hos seg. I tillegg til han sjølv var desse med: prestane Bernt Støylen, Peder Hognestad og O. Gude Due, dessutan overlærer R. J. Ringdal.<sup>857</sup> Den 11. og 25. april 1912 blei det så halde møte mellom 6 kristelege organisasjonar om saka. Dei blei einige om å støtte tiltaket. Saka blei drøfta i hovudstyret i Indremisjonen den 25. april: «Tanken paa opprettelse av en saadan lærerskole fandt alminnelig tilslutning. Man opsatte følgende forslagsliste: Sogneprest Sverdrup, dr. Hallesby, klokker Rustad, grosserer Høst.»<sup>858</sup> Dei organisasjonane som saman stifta Den nye lærarskole i Kristiania/Oslo lærarskole var: *Norges kristelige lærerforbund*, *Lærernes vennekreds i Kristiania*, *Det norske lutherske indremisjonsselskap*, *Kristiania indremisjon*, *Norges kristelige ungdomsforbund* og *Kristiania stiftskomite*.<sup>859</sup>

Hallesby gav i 1931 denne grunngevinga for initiativet:

Når jeg undtar mødrene, så finnes der ingen som øver større innflytelse i vort folk enn våre lærere og lærerinner i folkeskolen. (...) Fra det øieblikk da dette gikk opp for meg, har jeg sett på arbeidet for en kristelig lærerutdanning som en av indremisjonens aller viktigste arbeidsgrener.<sup>860</sup>

Ved oppstarten blei det tilsvarande slått fast at den nye lærarskolens fremste oppgåve var å utdanne truande lærarar. I «Grunnreglene» for skolen blei følgjande målsetting fastsett:

§1: Den nye lærarskole i Kristiania har som formaal at utdanne lærere og lærerinder for folkeskolen paa Guds ords og vor kirkes bekjendelses grund. Det skal herunder være et hovedformaal at vække og bevare kristelig liv hos elevene.<sup>861</sup>

Den første rektoren, *Anton Elias Leere* (1869–1945), formulerte i treårsmeldinga i 1915 dannelsmålet for den nye lærarskolen. Her blei trua til dei blivande lærarane ikkje bare sett

<sup>857</sup> Hallesby var på denne tida formann i Santalmisjonen (1912–1916), men gjekk samtidig inn i styret for Det norske lutherske Indremisjonsselskap. Her var han formann 1923–1956.

<sup>858</sup> Beretning Hovedstyret i Indremisjonen, 25de april 1912. Møteprotokoll, Arkivet til Normisjon

<sup>859</sup> Det er verdt å legge merke til at Kinamisjonen ikkje var direkte involvert i lærarutdanninga, verken i Volda, på Notodden eller i Kristiania. Dette viser ikkje mindre engasjement innan kristeleg lærarutdanning. Bakgrunnen var at Kinamisjonen sjølv hadde ei lærarutdanning på misjonsskolen, både då denne var på Framnes, og då han blei flytta til Fjellhaug i Oslo.

<sup>860</sup> *For Fattig og Rik* nr. 8, 1931

<sup>861</sup> Leere 1915. Sitert frå Ramsfjell 1997:19

på som eit mål for religionsopplæringa, heller ikkje bare for undervisninga i fag og pedagogikk, men som eit integrerande dannelsingsmål for alle sidene ved læringsmiljøet. Leere skreiv i meldinga: «Men er lærerens person det avgjørende for elevene, saa maa den kristelige skole sørge for saavidt mulig – at alle lærere, uanset undervisningsfag, med sin person vinder de unge til Kristus, at de alle, pædagogisk set, blir «lærere» i Kristendom, ikke bare den ene som underviser i Kristendoms-kunnskap.»<sup>862</sup> Denne målsettinga blei også brukt eksternt i argumentasjonen for lærarskolens relevans, ikkje minst etter at det midt på 1920-talet bles opp til politisk strid om private lærarskolar. Som eg skal vise, blei ikkje denne målsettinga følgt opp konsekvent, heller ikkje i det Henrik Kaarstad hadde sett på som det mest sentrale delen av leiaransvaret, rekrutteringa av fagleg tilsette.

I artikkelar og talar peika Hallesby på at skikka er bare den læraren som ved sida av fagleg og pedagogisk dugleik også eig eit personleg liv i Gud. «Og det er nettopp dette de kristelige lærerskoler ønsker å hjelpe de vordende lærere og lærerinner med.»<sup>863</sup> Skolestyrar Hans Høeg ved Kristelig Gymnas skreiv i *FFoR* i 1931: «En varmhjertet troende lærerstand vil være det beste bolverk mot alle kristendomsfientlige og samfunnsnedbrytende angrep.»<sup>864</sup> Arnfred Slyngstad, lærar, rektor ved Oslo lærarskole på 1930-talet, sa det slik: «Den nyeste form for evangeliseringsarbeide er det kristelige skolearbeide.»<sup>865</sup>

Ein kristeleg lærarskole midt i hovudstaden vekte kritiske reaksjonar frå fleire hald, ikkje bare frå arbeidarrørsla. Ved opprettinga omtala også krinsar knytt til *Frisinnede Venstre* Den nye lærarskole i Kristiania som eit «menighetsfakultet for lærere»: «(...) med de anskuelser som representeres i styre og råd, vil skolen i særlig grad bli en strengt kristelig skole, og det vil bestemt bli hevdet at det hele bygger på den lutherske kirkes bekjennelsesskrifter.»<sup>866</sup>

Dersom ein skulle vinne respekt på politisk nivå og i leiande samfunnslag, meinte leiinga at den nye lærarskolen måtte stå for høgast mogleg kvalitet i det faglege. Stiftingsdokumenta la som nemnt vekt på den kristelega målsettinga, men understreka samtidig at opplæringa måtte fremme solid fagkunnskap. Gjennom tillegget (§2) som blei lagt inn då Det norske lutherske Indremisjonsselskap blei einaste eigar av lærarskolen, 23. januar 1923, kom det misjonerande og forkynnande målet endå klarare fram:

§2: Dette formaal søkes oppnaad ved at sikre sig – saa vidt mulig – at alt samlede lærer-

<sup>862</sup> Leere 1915, Her sitert etter Ramsfjell 1997:20

<sup>863</sup> Hallesby 1937:10–11

<sup>864</sup> Høeg, *For Fattig og Rik*, 1931, 22. feb.

<sup>865</sup> Slyngstad 1937:16

<sup>866</sup> *Tidens Tegn* 1912

personale ser det som sin oppgave i som utenfor undervisningen at vinde og bevare den unge for Kristus.

Lærarskolen ved Slottsparken blei på fleire måtar eit unntak mellom lærarskolane. Trass i skolens forankring i vekkingsrørsla, og trass i den kritikken som hadde blitt retta mot lærarutdanninga generelt, møtte skolen velvilje og respekt langt ut over kristne krinsar. Bakgrunnen var at skolen utvikla eit fagleg nivå som få kunne måle seg med innan norsk lærarutdanning. Ein grunn til dette var at skolen valde å tilsette nokre av dei fremste fagfolka på ulike felt. Det kanskje klaraste eksempelet i så måte er tilsettinga av barneforskaren Helga Eng, som blei professor i pedagogikk og seinare den første leiaren ved Pedagogisk institutt ved Universitetet i Oslo. Ho hadde stilling som pedagogikklærer ved Oslo lærerskole i to periodar: 1923–1927 og 1932–1936.

Den sterke faglege vektlegginga og den framstående fagkompetansen stod i kontrast til den vi fann ved fleire andre lærarskolar. Ola Rudvin meinte at «som skole betraktet hadde Oslo lærerskole vunnet udelt anerkjennelse på alle hold. Ingen hadde noe å utsette på den i så henseende.»<sup>867</sup> I del 5 skal eg, i analysen av *skolesatsingas resultat*, gå nærare inn på ei vurdering av Oslo lærerskole som vekkingskristeleg læringsmiljø.

## Oppsummering 1890–1930

I analysen av denne sentrale tidsbolken for skolesatsinga har eg spent opp eit breitt lerret. Skoleaksjonen var då også storslått på fleire måtar. Målet var å endre kulturen i landet ved først å gjenreise kristendommens posisjon i skolen, og dernest i folket og i det offentlege, i styringa av landet. Reiskapen dei tok i bruk var vekkingskristeleg lærarutdanning. Strategien gjekk ut på å dekke landet med kristelege lærarskolar og folkeskolen med truande og misjonerande lærarar. I staden for å justere desse ambisjonane til den krevjande og motvillige røyndommen dei møtte, heldt leiarane fast ved utopien om ei landsvekking, ein utopi som viste seg å ha ei mobiliserande kraft mellom vekkingsfolket. Dei greidde på kort tid å bygge fleire framstående institusjonar, ikkje minst tre av landets fremste lærarskolar.

---

<sup>867</sup> Rudvin 1970:241

Undersøkinga mi har så langt vist at dei kristelege lærarskolane blei etablerte med klare målsettingar om å skaffe den norske skolen personleg truande lærarar som skulle stå imot presset frå den sekulære kulturen. Likevel søkte ingen av dei vekkingskristne friseminara om godkjenning, eller blei tildelt eksamensrett, på grunnlag av religiøse eller pedagogiske visjonar eller standpunkt. Institusjonane blei også drivne innan rammene av gjeldande lover og reglar for norsk lærarutdanning, kontrollerte av Eksamenskommissjonen. Fridommen dei hadde gjaldt undervisningsforma, dessutan rekruttering og avlønning av lærarar. Målet om å utdanne truande lærarar skulle dei nå gjennom eit læringsmiljø særskilt retta inn mot å fremme tru og omvending hos lærarelevane. Det er samtidig eit funn i denne undersøkinga at dei kristelege lærarskolane la stor vekt på det faglege, ja, at dei kom til å bli blant dei fremste i landet på dette punktet.

I Volda blei storparten av lærarane rekrutterte internt, frå lærarelevar som hadde gått ved skolen. Her var truleg tilslutning til vekkingas verdiar eit element i vurderinga av kandidatane, ved sida av deira faglege kompetanse. På det pedagogiske feltet synest det særleg i Volda å vere spirar til ei utvikling av ein vekkingsbasert didaktikk. I eit tenkt samspel mellom Henrik Kaarstad og Erling Kristvik kunne det ha blitt formulert ein filosofisk og pedagogisk retning for skolesatsinga, noko Kaarstad ikkje makta på eiga hand. At dette ikkje skjedde, kan forklarast med at avstanden når det gjaldt intellektuell utrustning, vitskapleg danning og religiøs ståstad stod i vegen for ein skapande dialog dei imellom.

*Som svar på forskingsspørsmål 2* har eg drøfta etableringa av tre institusjonar oppretta som eit vekkingskristeleg alternativ til statens lærarskolar. Dei tre vekkingskristelege lærarskolane som her er omtala fekk ei aukande rekruttering, og spela i så måte ei avgjerande rolle i den ekspansive perioden i norsk skole – fram til 1920-talet. Det skulle samtidig samtidig vise seg å bli krevjande å balansere den misjonsorienterte målsettinga med kravet om vitskapsbasert kunnskap innan mange fag. Målsettinga om å utdanne lærarar som misjonærar i skolen blei først og fremst knytt til lærarskolane i Volda og Oslo. Ved Notodden lærarskole kan ei sterkare tilknytning til kyrkja, og ei ideologisk markering av det nasjonale ved sida av det kristelege, ha ført til at det vekkingsorienterte preget blei dempa.

Målet med undersøkinga av tidsepoken mellom 1930 og 1946 blir å finne ut korleis vekkingsrørslas kamp for ei misjonsorientert lærarkvalifisering enda, og kva resultat satsinga førte til. Då skal også historia til den vekkingskristne lærarutdanninga oppsummerast og vurderast.

## Del 5. Kamp og nederlag (1930–1946)

### Innleiing

Då krisa i verdsøkonomien på slutten av 1920-talet slo inn over Norge med prisfall og arbeidsløyse, ramma ho hardt.<sup>868</sup> Mellom 1900 og 1920 hadde 200 000 utvandra, men den økonomiske nedgangen internasjonalt gjorde no utvandring umogleg. Auka barnekull melde seg på arbeidsmarknaden. Ein svekka økonomi førte til nedslag i lønene. I 1932 var 160 000 avhengige av fattigkassa. Motsetnaden mellom by og land blei skjerpa. På bygdene førte dette til at arbeidsstokken innan landbruket blei redusert. Mange bønder blei gjeldsslavar. Det spreidde seg ei stemning av undergang. Ikkje minst Menstadslaget viste at høgrekreftene var villige til å bruke makt mot streikande arbeidarar. Krisa i økonomien ramma kvinnene særleg hardt. Kvinner som var gifte blei oppsagde eller ikkje tilsette. I 1930 var den kvinnelege delen av arbeidsstokken mindre enn i 1900.

Trass i den omfattande økonomiske, sosiale og politiske krisa såg ein også evne til omstilling og nyskaping. Småindustrien, som gjerne var heimebasert, tok seg opp. Dette gjaldt for eksempel det som skulle bli ein livskraftig møbel- og tekstilindustri på Sunnmøre. Utover på 1930-talet såg ein også ein tendens til færre politiske konfliktrar. Eit samfunn som hadde vore gjennom djupe kriser nærma seg ein gryande stabilitet. Dette hadde også bakgrunn i at arbeidarrørsla gjekk over frå å vere ei av dei mest kløyvande kreftene til å bli ei integrerande politisk kraft i industrisamfunnet. Ein ny, konsum- og fritidsbasert kultur var i emning, knytt til auka kjøpekraft. Den kulturelle integrasjonen peika fram mot ein ny sosial orden, velferdsstaten. *Lov om alderstrygd* og *Lov om arbeidarvern* kom i 1936, og omfatta 500 000 lønstakarar. Slik blei samfunnsklassane meir integrerte, sjølv om eigedomstilhøva blei uendra.

Trua på tradisjonelle ordningar fekk gjennom krisa eit grunnskot. Ideologiske grupper og leiarar kjempa om den rette tolkinga av situasjonen. Kulturliberal litteratur og psykologisk forskning fremma ei seksuell frigjering som kyrkja og vekkingsrørsla såg på som moralsk

---

<sup>868</sup> Prisane på landbruksvarer fall frå 1925 til 1934 med 66% (Tvedt 2018)

forfall. Oxfordrørsla innvarsla ein kristendomsbasert moralsk reaksjon mot det Ronald Fangen omtala som «demoniserende ideologier». Hallesby fortalde årsmøtet i Indremisjonen i 1932 at krisa hadde bakgrunn i gudløyse, sekularisering, materialisme og veikskap hos dei truande. Vekkingsrørsla opplevde ei oppblomstring med stigande aktivitet, samtidig som striden om kristne verdiar og kristendomsfaget i skolen blei skjerpa.

Det som har blitt kalla «utdanningssamfunnet» fekk sterkare feste. Skiljet mellom by og land hadde vore særleg skarpt når det gjaldt skoletilbod. Sjølv om høgare delar av skoleverket enno hadde eit elitepreg, var målet for styresmaktene, ikkje minst etter at Arbeidarpartiet fekk regjeringsmakt i 1935, at fleire skulle få utdanning, at opplæring skulle bli ein rett for alle, same kva geografisk eller sosial bakgrunn dei hadde.

Økonomiske nedgangstider, ein svekt kommuneøkonomi og reduksjon i fødselstal hadde ramma også lærarskolane. Overproduksjonen av lærarar frå 1920-talet heldt fram også etter 1930. Økonomisk tronge tider førte ikkje til ein fullstendig reformpause i skolepolitikken, men mange av reformene kom ikkje lenger enn til utgreiing og vedtak, iverksettinga blei stansa av krisa og seinare av krigen.<sup>869</sup> Det kom nye lover for heile skoleverket, og debatten om innhaldet i opplæringa blei skjerpa. Staten tok meir ansvar for utgiftene i skolen, men kravde også å få sterkare styring over klassesdeling, utstyrsnivå osv. Lærarane kunne i stigande grad oppfattast som funksjonærar i statens teneste.

Normalplanen av 1939 bygde på element vi kjenner frå reformpedagogikken: demokratiske verdiar, vekt på elevaktiv læring, og eit vitskapsbasert kunnskapssyn. I denne konteksten synest målet om opplæring til kristen tru å bli svekt.<sup>870</sup> Korleis evna dei kristne lærarane og leiarane å hevde sin ståstad og fremme sine strategiske mål? Kva rolle spela og kva lagnad fekk den vekkingsreligiøse lærarutdanninga?

Del 5 handlar om korleis ytre og indre motstand auka for dei kristelege lærarskolane, og kva følgjer dette fekk. Til kampen bar rørsla med seg kraftfulle organisasjonar, ein storslått visjon, og ein målretta strategi. Denne strategien var utforma i skjeringspunktet mellom religion og pedagogikk, misjon og opplysning. I det ytre møtte vekkingsrørsla ein stadig mektigare motstandar i arbeidarrørsla. Sjølv om kyrkjekritikken blei svekka i Arbeidarpartiet, blei prinsippet om at all lærarutdanning skulle på statens hender halde ved like.

<sup>869</sup> Dette har det vore noko ulike meiningar om. Kari Melby legg vekt på at arbeidarpertiregjeringa i 1935 tok opp att og gjennomførte reformer som hadde blitt verande på idestadiet: «Politisk førte krisen til reformpause blant annet i skolepolitikken. Nye ideer kom til tegnebrettet omkring 1920, men ble først satt ut i livet femten år senere.» (Melby 1995:11)

<sup>870</sup> Tvedt 2018

## Kap. 17. Lærerutdanning og kristenliv på 1930-talet

### Krise og fornying

*Den parlamentariske skolekommisjonen av 1922* la mot slutten av tiåret fram forslag til ny lov om lærerutdanning. Særleg meinte dei sosialistiske medlemmene i kommisjonen at utdanninga måtte knytast nærare til utviklinga av einskapsskolen. Deira framlegg til lov om lærerutdanning heldt på den gjeldande 3-årige lærerutdanninga (etter folkeskolen), trass i at kravet om 4-årig utdanning var blitt sterkt. Kommisjonen gjekk inn for å skjerpe opptakskrava i kristendom, historie, geografi og norsk.

Eitt av dei nye forslaga frå kommisjonen var knytt til faget pedagogikk, som gav større plass for vitenskapleg stoff, mellom anna innan psykologi. Mindretalet i skolekommisjonen ville at timetalet i faget kristendomskunnskap skulle reduserast ytterlegare, til 2 timar i veka, og at historisk religionsopplæring skulle dominere. Dette gjekk fleirtalet imot.

Relasjonen mellom private og offentlege lærarskolar var eit sentralt punkt i arbeidet til kommisjonen. Sterke krefter stod bak kravet om framleis privat lærerutdanning, medan andre gjekk prinsipielt mot det som blei kalla «religiøse særformål». Det var eit dilemma for fleire i kommisjonen at ein sat med overkapasitet innan lærerutdanninga. Presset var stort i retning av å legge ned elevplassar. Samtidig kjendest det moralsk vanskeleg å avvikle institusjonar som gjennom mange år med lærarmangel hadde strekt seg langt for å ta opp stadig større kull lærarelevar. Fleire lærarskolar sat med dyre bygg som var reiste i trua på vidare ekspansjon. Oslo lærerskole var ein av desse.

Då underskotet på lærarar tidleg på 1920-talet blei snudd til overskot, var det fleire debattantar som viste tilbake til planløysa i utdanningspolitikken på 1890-talet, då staten hadde gitt fritt spelrom for privat lærerutdanning i staden for å ta ansvar for utbygging av kapasiteten i den offentlege delen av denne sektoren. Midt på 1820-talet blei det derfor krevjande å forsvare ei vidare utvikling av dei private skolane. Fleire av dei fekk økonomiske vanskar då overproduksjonen av lærarar blei tydleg. Det blei dessutan stilt strengare vilkår til eksamensretten. Resultatet blei at staten tok over fleire av dei private lærarskolane. Oslo lærerskole levde vidare, men hadde eit nybygg å ta vare på, samtidig som Stortinget i 1926 reduserte tilskotet til drifta. Børa som blei lagt på vekkingsfolket blei dermed tyngre.

Det viste seg at talet på arbeidsledige lærarar var vanskeleg å få ned. I 1929 var det 1680 lærarar utan arbeid, i 1934 var talet framleis så høgt som 1259. Overproduksjonen gjorde at lærarskolane i seks år (1927–1929 og 1933 – 1935) ikkje tok opp elevar.<sup>871</sup> For dei lærarskolane som sleit økonomisk var siste delen av 1920-talet og første delen av 1930-talet ein periode med samanhengande krise. Dei mange ledige lærarane blei også brukt som eit argument mot Oslo lærarskole. Indremisjonen skulle, frå midten av 1920-talet, oppleve at det politiske presset mot deira engasjement innan lærarutdanning auka i styrke, og at kravet om nedlegging kom tilbake gong etter gong.

Trass i tunge tider innebar *Lov om lærarutdanning av 1930* på fleire måtar ei styrking av norsk lærarutdanning. Helge Dahl meiner at lova innebar eit vegskilje i norsk utdanningshistorie. Grunnen er at utdanninga då fann den strukturen (4 år utan artium, 2 år med artium) som skulle kome til å peike ut retninga for utdanningas framtidige utvikling. Etter lova av 1930 blei to- og fireårig lærarutdanning formelt likeverdige. Det blei no hevda at ein skulle satse meir på den toårige linja, altså lærarutdanning på grunnlag av eksamen artium, og slik spare pengar. Motargumentet var at dette ville skape ei sosialt skeiv rekruttering til utdanninga, noko som særleg ville ramme skolane i distrikta. Bondepartiet og Arbeidarpartiet var nokså negative til studentlinjene. Bakgrunnen var truleg at desse linjene lenge blei fylt opp med søkjarar frå øvre sosiale lag i byane.

Samkjøringa av to- og fireårige linjer viste seg å bli vanskeleg. Det blei formulert dei same kunnskapsmåla i dei to linjene, noko som kunne bli krevjande å gjennomføre i praksis. I lova av 1930 hadde det kome inn nye fag i lærarutdanninga: engelsk/tyisk, bibliotekstell og hagestell. Dessutan blei husstell frivillig. Dermed auka presset mot mellom anna kristendoms-kunnskap. I 1936 laga Lærarskolerådet ein ny plan for utdanninga. Året etter blei det nedsett ei gruppe som skulle førebu ei ny lov. I denne gruppa sat to av dei som klarast hadde fremma einskapsskoletanken og arbeidsskoletanken, Bernhoft Ribsskog og Anna Sethne. Målet var å skaffe lærarutdanninga eit innhald som svarte til dei endringane ein såg føre seg i skolen.

Utvalet gav si innstilling til ny lov om norsk lærarutdanning i mars 1937. Her gjekk dei inn for strengare faglege krav til dei som skulle undervise i lærarskolane. *Pedagogikkfaget* fekk ein særleg grundig omtale. Heile retninga for faget blei endra. Temaet skolehistorie kom i bakgrunnen. I staden blei det stilt krav om kjennskap til «sjelelæra i grunndrag», moderne barnepsykologi, oppdragslære i historisk lys, didaktikk i faga, skolelovgiving og skolehygiene. Målsettinga for faget var ambisiøs og omfattande. Medan lova frå 1902 hadde hatt

---

<sup>871</sup> Dahl 1979:323. Dette innebar at lærarskolane året 1929–1930 stod tomme for lærarelevar.



to sider om didaktikk, var det i forslaget av 1937 heile sju sider om dette emnet. Lova innvarsla ein periode då pedagogikk skulle bli omtala som hovudfaget i lærarutdanninga. Det faget som med dette fekk ein meir avgrensa plass, var kristendom, som blei redusert frå 12 til 10 timar per veke frå 1930 til 1937 for den fireårige utdanninga, og frå 8 til 6 timar per veke i den toårige.

*Lov om lærerskoler* blei sanksjonert den 11. februar 1938. Med dette såg vi starten på ei utvikling som skulle kome til å prege norsk lærarutdanning fram til 1990-talet. To trekk særkjenner denne lova. For det første kom det, i tråd med den nemnde innstillinga, ei sterk sentrering kring pedagogikkfagleg kunnskap. Dette skulle innebere ei vitskapleggjing av normative trekk ved pedagogikk som fag. For det andre viste det seg ein endå klarare vilje til å la innhaldet spegle utviklinga i folkeskolen. Dette innebar at lærarutdanninga blei forplikta på dei demokratiske, elevsentrerte og aktivitetsretta måla som var knytt til einskapsskolen og «arbeidsskolen/aktivitetsskolen».<sup>872</sup> Lov om lærerskoler av 1938 står fram som det klaraste uttrykket vi har hatt i norsk skole av det vi kallar arbeidsskolepedagogiske prinsipp: «Arbeidet i lærarskolen blir drivi på ein slik måte at det i størst mogleg mon krev sjølvverksemd av eleven. Arbeidsskuleprinsippet bør vera det som rår allstad der det let seg gjera.»<sup>873</sup>

I tillegg blir det stilt opp detaljerte lister av «arbeids- og oversynsbolkar». Det blir lagt stor vekt på integrering av fag og samspel med folkeskolen. Opplæringa må ikkje få ein einsegn «teoretisk svip», men må «utdjupa kunnskapar og fremma dugleik som elevane beinveges eller omvegs får nytte av når dei skal bli lærarar.»<sup>874</sup>

## Vekkinga lever

I 1920-åra gjekk nedgangen i økonomien naturleg nok også ut over dei vekkingakristne organisasjonane. Særleg Kinamisjonen og Det Norske Misjonsselskap hadde dramatisk nedgang i inntekter. Det blei også klaga på nedgang i frammøte på møter og gudstenester. Ludvig Hope konstaterte at det også var færre som søkte skolane til Kinamisjonen. Framleis blei det likevel talt og skrive om landsvekking. Rundt 1930 meinte mange innan vekkingørsla at det var i ferd med å kome inn ei ny «åndelig luftning» i det lågkyrkjelege kristenlivet. Det blei på nytt talte om vekking.<sup>875</sup> Særleg hadde Hans Edvard Wisløff store tilhørarskarar kvar han enn talte. Som småkyrkjeprest i Tøyen i Oslo blei han ein mykje brukt leiar og

<sup>872</sup> Sjø Dahl, H. (1959). Om enhetsskolen og lærarutdanningen, *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 1959/h., s. 49-61

<sup>873</sup> *Lov om lærarutdanning* 1938, Note 5

<sup>874</sup> *Lov om lærarutdanning* 1938, Note 8

<sup>875</sup> Wisløff 1971:395

sjelesørgjar. Han skreiv også ei lang rekke oppbyggelege bøker. Ei ny vekking kom i 1932 med Den svensk-finske predikanten Frank Mangs. Det var Misjonsforbundet som hadde invitert han, men til møta kom folk frå mange trussamfunn, også frå vekkingsrørslas organisasjonar. Det var knapt noka kristeleg forsamling i Oslo som ikkje blei påverka av denne vekkinga. Ernst Hallen er ein annan av dei kjende vekkingsforkynnarane. Han var generalsekretær i Santalmisjonen frå 1938–1958, og var mellom dei som forkynte forsoning mellom stridande partar innan kristen-Norge.

Kristelege organisasjonar gjekk saman om å hjelpe menneske som hadde blitt offer for dei økonomiske nedgangstidene. I Oslo tok Pastor Egil Brekke initiativ til ei innsamling som skulle hjelpe arbeidslaus ungdom. Brekke var sekretær i Oslo Indremisjon under storkonflikten i 1931, ein konflikt som varte i fem månader. Brekke ville samle eit fond som kunne brukast til å skaffe ungdom produktivt arbeid eller praktisk opplæring. På møtet i Det frivillige Kirkerådet 23. november 1931 blei det valt ein komité for å leie arbeidet, som fekk namnet «Ungdomshjelpen». Innsamlinga enda med å reise ein sum på meir enn ein halv million kroner.<sup>876</sup>

Merksemda mot skolen vakna på nytt, ikkje minst som ein følge av vekkinga i Oslo rundt 1930. Dei truande kjende ansvar for å møte ungdom innan ulike greiner av skoleverket. Indremisjonen kjøpte Tomb Herregård og starta jordbruksskole der, seinare bygde dei Gjennestad hagebruksskole. *Skolelaget* var ein avleggar av vekkingsrørsla. Det blei stifta kristelege lag på gymnas og ungdomsskolar.

I 1934 nådde *Oxfordrørsla* landet.<sup>877</sup> Eit «team» av amerikanske forkynnarar leia av amerikanaren Frank Buchman møtte på Høsbjør hotell nord for Hamar ei stor forsamling til oppbygging og vekking. Mange av deltakarane var menn frå øvre sosiale lag, folk som ikkje var assosierte med lekmannsrørsla, mellom anna Ronald Fangen og C. J. Hambro. Denne forsamlinga har blitt omtala som ei av dei «mest spesielle enkeltforsamlingene i norsk kirkehistorie».<sup>878</sup> Her opplevde dei frammøtte vekkingsmøte av eit uvanleg slag, utan lange talar, med korte vitnesbyrd om syndevedkjening og eit nytt moralsk liv. Bodskapen var ofte innhylla i humor, til då ukjent i den norske forkynnartradisjonen. Buchman og teamet hans heldt «houseparties» over fleire dagar, kristelege stemne knytt til forkynning og drøftingar av

<sup>876</sup> Ein rapport blei gitt ut om denne innsamlinga: *Ungdomshjelpen. Beretning ved sentralkomite og bispedømmekomiteer*, i kommisjon hos Lutherstiftelsens forlag 1933.

<sup>877</sup> S.st. s. 409

<sup>878</sup> Sødal 2015:105

etiske spørsmål. På det personlege planet la ein vekt på «stille stunder» med bøn og meditasjon, der ein særleg la vekt på å få «leiing» når det gjaldt små og store val.<sup>879</sup>

I Norge møtte ikkje rørsla den same avvisande haldninga frå etablerte kristne som i mange andre land i Europa. Sjølv om forma var ny, innebar rørsla heller ikkje eit opprør mot det etablerte. Dei som blei omvende, blei også jamt over ståande i kyrkja. Ikkje få prestar slutta seg til. Fleire av deltakarane såg skolen som eit verkemiddel for ei endring av kulturen i kristen retning. Likevel kom det aldri til å bli etablert egne skolar på grunnlag av deira kristendomssyn og ideologi. Oxfordrørsla blei då også meir eit nettverk enn ein organisasjon. I praksis verka ho bare i seks år før andre verdskrigen, og hadde ikkje som målsetting å gå inn i krevjande samfunnsretta prosjekt. Oxfordvekkingas leiarar var positive til lærarutdanningas kristelege forankring, og hadde, som Hallesby, ei særskild merksemd mot dei høgare sosiale laga.

Sentrale deltakarar i Oxfordrørsla reagerte samtidig negativt på den versjonen av pietismen som Indremisjonen og Ole Hallesby stod for. Ikkje minst Ronald Fangen viste dette i ein glødande kritikk av Hallesbys *Sedelære* frå 1828. «Hvad Hallesbys dogmatikk og sedelære enn er – kristendom er det ikke!», skreiv han.<sup>880</sup> Korleis reagerte vekkingsrørsla? I 1935 heldt Indremisjonsselskapet generalforsamling i deira nye praktbygg, Staffeldts gate 4, i Oslo. Generalsekretær Joh. M. Wisløff talte, og sa at Indremisjonen ikkje kunne sjå bort frå at Oxfordrørsla var «korsløs» og «læreløs».<sup>881</sup> Sjølv om det var dei som meinte at dette var for hard dom over den nye rørsla, tok formannen, Ole Hallesby ordet og støtta det Wisløff hadde sagt. Dette la grunnlag for ei teologisk basert avvising av samarbeid med Frank Buchman og norske oxfordianarar. Hallesby meinte at Oxford forkynte eit «korsløst evangelium».<sup>882</sup> I brev til ein ven utdjupa han synet sitt:

De som er særlig grepet her i landet, er en del «kulturmennesker» som før ikke brydde seg om kristendom, dessuten de religiøse som ikke har tålt korset og «dogmene», og endelig et stort antall prester, både liberale og positive. Og man synes å ville slette ut enhver grense mellom positive og liberale. Derfor er de liberale særlig begeistret i denne tid.<sup>883</sup>

---

<sup>879</sup> Sødal 2015

<sup>880</sup> Fangen 1934:140. Her sitert etter Sødal 2013:314

<sup>881</sup> Oftestad 1993:255, Wisløff 1971:404-405

<sup>882</sup> Norborg 1979:167

<sup>883</sup> Hallesby, *Brev til en venn*, 15. desember 1934

Fleire vekkingsorienterte teologar og skolefolk var for ei tid interesserte i Oxfordrørsla, som Arnfred Slyngstad, rektor ved Oslo lærerskole (1939–1964). Også Erling Kristvik, rektor ved Volda lærarskule (1930–1946), blei gripen av rørsla, som etter hans syn ikkje hadde pietismens mørke alvor. Likevel var det sider ved rørsla som streid mot hans syn. Mellom anna reagerte han på rørslass passive haldning til «sosiale-politiske kristenoppgåver».<sup>884</sup>

Når det gjeld praktisk trusliv, viser vekkingsrørsla og Oxfordrørsla likskapar. Bruken av «stille stunder» som kontemplativ spiritualitet innan Oxfordrørsla viser likskap med dei førestillingane vi finn hos norske lutherske vekkingskristne, konsentrasjonen om bøn og bibellesing i einerom. Ikkje minst gir dei begge råd til komande lærarar om at dei må legge vekt på personleg oppbygging. Som hos Oxford-rørsla fekk dette aspektet ved den kristne didaktikken eit konkret uttrykk gjennom vekkingsrørslass bønemøte, det som ofte blei kalla «ettermøte», utan fast program.<sup>885</sup>

## Indremisjonen og lærarskolen

Den viktigaste saka på Indremisjonens generalforsamling i 1929 var lærarskolesaka. Ein innsåg at det hadde blitt vanskeleg å drive privat kristeleg lærarutdanning. Møtet konkluderte med at det ville vere umogleg å halde fram drifta av Nidaros lærerskole, som etter 7 års drift ikkje hadde fått eksamensrett. Det blei sendt ei telegrafisk helsing til skolen, som stod midt i avslutninga av skoleåret, med takk for dei gode resultatane som var oppnådd i skolens korte levetid. Når det gjaldt Oslo lærerskole, som hadde fått redusert statstilskot, fekk leiinga støtte frå møtet til å drive skolen vidare, om nødvendig utan statsbidrag. Dei fekk også støtte til å fullføre reisinga av det nye bygget i Wergelandsveien 29 på det vilkåret at det ikkje blei tatt opp ytterlegare lån på eigedommen. Rektor Leere heldt foredraget «Ansvaret for og betydningen av en kristelig lærerutdanning.»<sup>886</sup>

På generalforsamlinga til Indremisjonen i 1932, i Sandefjord, var lærarskolesaka på nytt eit sentralt tema. Her blei motstanden mot skolesaka drøfta. Også dette året heldt leiaren ved Oslo lærerskole tale, og hadde skjerpa retorikken. Han viste til det han såg på som antikristeleg propaganda, som han meinte hadde blitt særleg merkbar i den høgare skolen. I tilslutning til dette foredraget blei det vedtatt ein resolusjon i ei merkbart skjerpa form, der ein også tok i bruk juridiske argument:

<sup>884</sup> Nationalbiblioteket i Oslo, Nr. 598. Skard, Eiliv, 24 brev. Her sitert etter Kvam 2009:48

<sup>885</sup> Sødal 2014:7

<sup>886</sup> Rudvin 1970

Så vel i dagpressen som i faglige tidsskrifter er det opplyst at der ved de høiere skoler drives en bevisst antikristelig propaganda med det mål å rive kristendommen ut av barnas og ungdommens sinn. (Knf. Aftenposten 26-6-1932).

Indremisjonselskapets generalforsamling nedlegger en bestemt protest mot denne helt ulovlige propaganda, som krenker så vel rikets grunnlov som loven om høiere almenskoler, som uttrykkelig påbyder at «både middelskolen og gymnaset skal medvirke til elevenes kristelige og sedelige opdragelse».

Vi krever derfor at det ikke tillates noen antikristelig propaganda i skolen. Kristi navn må ikke krenkes. Vi henstiller til alle foreldre å holde vakt herom ved å melde for rektor ethvert forsøk herpå og ber skolens myndigheter, så vel departementet som de stedlige autoriteter å verne om kristendommens ukrenkelighet i våre skoler.<sup>887</sup>

Eg tolkar den krasse ordlyden som uttrykk for aukande intensitet i striden knytt til utdanningsprosjektet. Den aggressive tonen kan kanskje også seiast å avspegle ei krisestemning knytt til den satsinga Indremisjonen så lenge og med så store kostnader hadde stått i bresjen for. Fråsegna gir også eit inntrykk av sterke defensive kjensler når ein i argumentasjonen tar i bruk politisk-militær terminologi («propaganda», «holde vakt», «verne»), og viser til lov og rett som forsvar mot fiendens angrep. Det er også verdt å merke seg at ein her søker vern hos dei statsmaktene ein tidlegare ikkje hadde hatt tillit til i spørsmålet om kristeleg opplæring.

Dette er talemåtar som på denne tida synest å ta overhand hos den vekkingskristelege lærarutdanningas forsvararar. Ola Rudvin omtalar då også, i boka si om Indremisjonens historie, 1930-åra som ei aukande krisetid og eit varsel for dei truande. Her knyter han stoda for kristenfolket også til den dystre politisk-kulturelle konteksten: «[U]roen, åndsbyrtingene og hendingene for øvrig ble ikke innledning til en folkevår med grotid og vekst, men tvert imot forvarsel om de onde og skjebnesvangre tider som folket gikk i møte, en mørketid av de aller verste.»<sup>888</sup> Han ser også stoda for Indremisjonen i lys av det som skjedde på 1880-talet, då vekkingskristne i stigande grad kjende uro for den sekulære innslaget i kulturen, særleg i skolen:

<sup>887</sup> Resolusjon frå Indremisjonens generalforsamling 30. juni–3. juli 1932. Her sitert frå Rudvin 1970:297

<sup>888</sup> Rudvin 1970:299. Det er truleg at Rudvin her tenkjer på nazismen og krigen.

Kulturradikalismen førte på ny det store ord, og kampen mellom tro og vantro, kristendom og «fritenkeri» blusset opp igjen med stor heftighet. Kristendommens pågående og målbevisste motstandere sørget for at spørsmålene omkring religion og moral ble det stående tema i dagens debatt.<sup>889</sup>

Rudvin kan seiast å vere ein representativ intern tolkar av synsmåtar i vekkingskrinsar. I denne rolla legg han vekt på at det særleg var moralsynet som skilde dei truande frå dei ikkje-truande, og hevdar at det på 1930-talet utvikla seg ein aggressiv tone mot det kristne livssynet, med angrep og latterleggjing. Motstanden baserte seg etter hans syn på at dei kristne normene blei oppfatta som eit stengsel for fri og lykkeleg livsutfalding. Dei kulturradikale blir skulda for å sjå på ei «gudsopenbaring» som «atavisme og vederstyggelighet, og de la ingenlunde skjul på at de i synet på disse spørsmål var å betrakte som hedninger (...)»<sup>890</sup>

Ser vi bort frå retoriske særtrekk, gir denne framstillinga etter mitt syn ei truverdig framstilling av den opplevinga vekkingsfolket hadde av å møte ein stadig mektigare og «frekkare» motstandar i dei kulturradikale krinsane. Sigurd Hoel, Arnulf Øverland og Helge Krog blir omtala som «norsk kulturradikalisme personifisert i en ubrytelig treenighet».<sup>891</sup> Rudvin skriv med open ironi om den fridommen frå religion denne «treenigheten» kjempa for.

Hausten 1932 hadde Nationalteatret planar om å sette opp den amerikanske komedien «Guds grønne enger», som inneheldt harselas med kristendommen. Då stykket gjekk i svenske teater, kom det sterke protestar frå kyrkjehald. I Norge var det mange som retta kritikk mot at teateret ville vise stykket. Denne protesten var grunnlaget for det kjende foredraget Arnulf Øverland heldt i Studentersamfunnet, *Kristendommen – den tiende landeplage*. Her kom han med sterk spott mot dei kristne førestillingane. Han sa for eksempel om nattverden at «[d]enne vemmelige kanibalske magi praktiseres den dag i dag. Men kan man bekvemme seg til å delta i den, da er man frelst. Da kan man tillate seg nær sagt hvilken som helst skjendighet, bare man ber til Gud etterpå.»<sup>892</sup> For dette foredraget blei Øverland tiltala etter §142 i straffelova «for offentlig å ha drevet spott med eller forhånet noen trosbekjennelse hvis utøvelse her i riket er tilstedt». Øverland blei frikjend med knapt fleirtal, men frifinninga førte til sterke protestar. Det blei debatt i Stortinget om blasfemiparagrafen, som deretter blei

---

<sup>889</sup> Rudvin 1970:300

<sup>890</sup> S.st.

<sup>891</sup> S.st.

<sup>892</sup> Øverland 1935:69

skjerpa. Etter Øverlandsaka fann Nationalteatret at det ikkje var klokt å sette opp «Guds grønne enger», og viste stykket bare nokre få gonger for ei lukka forsamling. Sjølv om det ein kan kalle ei kulturradikal gruppe må seiast å utgjere eit lite mindretal, greidde ho altså å sette sitt preg på den kulturelle debatten, ikkje minst ved at framstående diktarar støtta den radikale sida i politikken. Øverland skreiv: «Stryk kristenkorset av ditt flagg og heis det rent og rødt.»<sup>893</sup>

Den sterke motstanden frå radikalt hald frå 1920-talet hadde ført til at mange i vekkingrørsla meinte at dei nok ein gong måtte skjerpe innsatsen på det kulturelle feltet som ei motvekt mot «avkristninga i samfunnet». Ein heldt framleis på tanken om å nå dei unge gjennom kristelege skolar, men tanken om eit politisk parti blei også fremma. Det første tilløpet hadde kome ved kommunevalet i Sarpsborg i 1913, då ein del kyrkjefolk og dissentarar danna «Det kristelige folkeparti». Fredrik Wisløff omtala saka i *FFoR*, men var skeptisk. Han meinte politisk verksemd kunne svekke omtanken for den delen av verksemda som meir direkte hadde med forkynning å gjere.

På nytt er det moralske spørsmål som står i sentrum for bekymringa til vekkingfolket, ikkje minst seksualmoralen. Ein kunne i liten grad stole på at dei etablerte partia ville stå opp for dei kristelege verdiane og for vekkingfolkets krav. Styresmaktene hadde til då ikkje tatt nemneleg omsyn til dei protestane og fråsegnene desse hadde kome med i ulike saker.<sup>894</sup> På Geilomøtet den 14.-17. januar 1919 blei saka drøfta, og forslaget frå Wisløff om å greie ut saka blei vedtatt.

Den 9. september 1933 blei Kristelig Folkeparti registrert hos styresmaktene og stilte denne første gongen eiga liste i Hordaland, med bibelskolestyrar Nils Lavik (1884–1966) som førstemann. Venstre hadde stroke Lavik frå lista, i strid med ønsket frå mange vekkingfolk. Dette var den konkrete bakgrunnen for at det nettopp der og då blei stilt ei liste for det nye kristelege partiet. Lavik blei vald, og motet hos vekkingfolket steig med tanke på politisk makt. Ved valet i 1936 kom Kristeleg Folkeparti inn på Stortinget med to representantar, Nils

---

<sup>893</sup> Øverland: Diktet «Rent flagg»

Stryk kristenkorset av ditt flagg,  
og heis det rent og rødt!  
La ingen by dig det bedrag  
at "frelseren" er født!  
Og vil du ikke dø som trell,  
så får du saktens fri dig selv!

Det er sagt at diktet ga seg utslag i stiftinga av *Kristne arbeideres forbund* i 1939, eit forbund som har påverka Arbeidarpartiet, særleg på 1950-tallet, då det hadde fleire tusen medlemmer. Oppslutninga ligg i dag på vel 300.

<sup>894</sup> Rudvin 1970:306

Lavik og skolestyrar Hans Svarstad. Kristeleg Folkeparti blei partiet for dei som gjekk inn for eit sterkare kristeleg innslag i samfunnslivet. Gjennom politisk verksemd ville dei fremme saker i tråd med grunnsynet partiet bygde på, nemleg at det norske folket framleis skulle vere eit kristent folk.

Skolesaka kom til å stå sentralt hos det nye partiet. Å fremme saker som styrkte innslaget av kristen kunnskap og påverknad i alle delar av skoleverket skulle bli ei av dei mest sentrale delane av programmet. Utover på 1930-talet kom likevel spørsmålet om eit større politisk perspektiv, krig eller fred i Europa og verda, til å stå meir og meir sentralt. Også kristne leiarar såg med uro på det utanrikspolitiske trugsmålet. Ole Hallesby skreiv ein artikkel like over nyttår 1934 der han spurte: «Står vi overfor en skjebnetime i Guds rikes historie? (...) Også her (i nasjonalsosialismen som i det kommunistiske diktaturet) møter vi en brutal krenkelse av religionsfriheten.»<sup>895</sup>

Midt på 1930-talet stod framleis skolesaka sentralt for leiarane i Indremisjonen. Wisløff var positiv då forslaget om å utvide spekteret av skolar med kristeleg profil kom opp i 1937. Det var no tale om å etablere ein kristeleg jordbruksskole. Det var behov for å opne ein «ny vei for evangeliet inn i det norske folk». Midlar ville kome dersom ein viste til ei sak som verkeleg appellerte til kristenfolket, meinte Wisløff. Han la saka fram for hovudstyret, som nedsette ein komité til å førebu opprettinga av ein yrkesskole for bondenæringa. Indremisjonen kjøpte Tomb jordbruksskole i 1938. I ein tale ved opninga sa Wisløff om skolen: «Den bærer ikke ordet kristelig i navnet. Men vi ønsker av hele vårt hjerte at den må være en kristelig jordbruksskole.»<sup>896</sup> Deretter heldt professor Hallesby innviingstalen, forma som ein programtale, der han streka under at ein slik skole var ei vidareføring av den haugianske tradisjonen.<sup>897</sup>

1930-åra var kriseår for kristenfolket, likevel verka motstanden også skjerpande for medlemmene av dei lågkyrkjelege organisasjonane. Det blei lettare å samle folk til møte, og åra kring 1930 blir omtala som ei vekkingstid i kyrkjehistoria. I lys av vekkingrørslas høge og visjonære målsetting om landsvekking og rekristning var likevel lite vunne. Carl Fredrik Wisløff skriv i si kyrkjehistorie om vekkingas organisasjonar: «De nådde ikkje på avgjørende måte inn på arbeidsplassene, i politikken og i kulturlivet. Sekulariseringen fortsatte, selve undervannsstrømninger i folkelivet syntes fortsatt å bevege seg bort fra den kristne tro.»<sup>898</sup>

<sup>895</sup> Hallesby, *For Fattig og Rik* nr. 1, 1934

<sup>896</sup> Referat frå innviinga, med heile talen til Hallesby, står i *For Fattig og Rik*, 1939, nr. 40

<sup>897</sup> Hallesby viser her til den vekta på yrkesmessige opplæring som hadde vore ein tradisjon og eit særdrag innan Hauge-rørsla.

<sup>898</sup> Wisløff 1971:410



Trass i ein periode med vekking kom fronten frå «calmeyermøtet» i 1920 mot avkristning, liberal teologi og radikal politikk til å gå i oppløysing. Frå midten av 1930-talet betra dei økonomiske kåra seg, og Arbeidarpartiet dempa kritikken av kristendommens posisjon i samfunn og skole. Då Nygaardsvold la fram regjeringserklæringa si i 1935, var det i ei positiv stemning innan norsk politikk, samtidig som dei fleste såg med redsle på utviklinga i Tyskland. Vekkingskristne syntest å veksle mellom tru og tvil når det gjaldt den tunge satsing på skole og utdanning. Men i Wergelandsveien 29 stod eit nytt praktbygg klart til bruk for vekkingsrørslas lærarutdanning.

### Lærarutdanninga og seminartradisjonen

Lærarutdanninga kom på 1930-talet til å bli prega av einskapsskolen. Det langsiktige strevet for dette skoleidealet, ein skole for alle, blei brukt som eit argument mot privat lærarutdanning. For Arbeidarpartiet, som var prinsipielle i denne saka, stod det klart at lærarutdanninga måtte vere mest mogleg lik over heile landet, og at ho derfor burde vere på statens hender. Ei utdanning som skulle kvalifisere for undervisning i einskapsskolen burde også bygge på dei faglege måla og dei grunnleggande pedagogiske prinsippa som var knytt til dette skoleidealet.

Skulle ein styrke det faglege nivået i lærarskolane, og utvikle institusjonane som yrkesutdanning, måtte ein også bryte med seminartradisjonens allmenndannande preg. Det innebar at opplæringa måtte starta på det nivået lærarelevane hadde frå tidlegare skolegang. Å bygge lærfarens yrkeskvalifisering på eksamen artium blei sett på som eit viktig steg i etableringa av folkeskolen som einskapsskole. På dette grunnlaget endra Arbeidarpartiet sitt kritiske syn på studentlinjene innan lærarutdanninga.

Ut frå nye pedagogiske idear og tenkemåtar blei det lagt opp til endra undervisnings- og læringsformer. Lærarelevens evne til sjølv å søke fram kunnskap skulle stimulerast. Dette blei konkretisert som didaktisk rettesnor også i pedagogikkfaget. I norsk, historie, geografi og naturkunnskap blei det lagt opp til at dei blivande lærarane skulle finne fram og presentere kunnskap for andre, gjennomføre kjeldestudier, bruke arbeidsbøker, elevøvingar osv.<sup>899</sup>

På 1930-talet stod det framleis strid mellom det akademiske og det yrkesretta. Lærarskolerådet la opp til ei sterk utviding av pensum og skjerping av eksamen. I politiske debattar blei det åtvare mot ei ytterlegare teoretisering av utdanninga. Målet måtte heller vere å «fremja dugleik som elevane beinveges eller omveges får nytte av når dei blir lærarar».<sup>900</sup>

<sup>899</sup> Dahl 1959:359

<sup>900</sup> St.forh. 1930 III. Ot.prp. nr. 18 s.10

Utdanninga skulle også fremme demokratisk medvit og kritiske haldningar, og måtte derfor gjennomførast i tråd med den vitskapsbaserte trenden innan høgre utdanning. Dette måtte også gjelde det faget som no blei det mest sentralt i utdanninga, pedagogikk.

Mot dette var vekkingrørslas skolesatsing bygd på ein visjonen om å vende tilbake til opplæringsideal frå den kristne einskapskulturen. I denne kulturen blei all fagkunnskap i prinsippet stilt under målet om kristen tru og moralsk danning. Men motsetninga mellom vekking og moderne pedagogikk var ikkje minst knytt til synet på læraren. Framleis heldt vekkingfolket fast ved at lærarens fremste mandat var å føre barn og unge fram til ei levande tru, og at den evangelisk-lutherske truslæra utgjorde det einaste rette svaret.

Lærarskoleelevar uttalar seg om livssyn og påverknad i skolen

Lærarskoleleiaren August Lange<sup>901</sup> gjennomførte i 1938 ei undersøking om læraryrket blant nye lærarskoleelevar: *Hvem blir lærere – og hvorfor?*<sup>902</sup> Spørjeskjemaet han brukte blei fylt ut anonymt av elevane i første klasse ved alle lærarskolane, 159 jenter og 207 gutar, til saman 366 svar.<sup>903</sup> To av spørsmåla i skjemaet var:

8a. Vil du gjerne være med å vinne barn og ungdom for et bestemt livssyn, en bestemt tro, en bestemt sak?

8b. Hvilket livssyn, hvilken tro eller sak er det i tilfelle du vil arbeide for?

Denne spørjeundersøkinga, gjennomført om lag eit halvt hundreår etter 1889, er interessant fordi det ikkje hadde vore gjort ei slik før, og fordi ho handla om læraren som ideologisk og religiøs formidlar.

Undersøkinga viser at spørsmålet om påverknad av barn og unge opptok lærarelevane. Ein stor del av respondentane slutta seg til det tradisjonelle synet på yrket, at læraren har ei oppgåve som normativ formidlar. På spørsmålet (8a) om dei som lærarar ville gå inn for å vinne barn og ungdom for eit bestemt livssyn, tru eller sak, svara 85,5% at det ville dei. For

<sup>901</sup> *Christian August Manthey Lange* (1907–1970) var kulturattache i Moskva 1946–1948, lektor ved Oslo offentlige lærerskole 1948–1953, rektor ved Hamar lærerskole 1953–1958, ved Statens lærerskoleklasser i Oslo (frå 1960: Sagene lærerskole), 1958–1962, og lektor ved Universitetet i Oslo frå 1962. Då han blei tilsett i lærarutdanninga, søkte han og fekk unntak frå vedkjenningsplikta. (Kjelde: Norsk Biografisk Leksikon.)

<sup>902</sup> Lange 1947. Undersøkinga blei initiert av B. Ribsskog og Komiteen for Pedagogisk Forsking. Ho blei ikkje publisert før i 1947 på grunn av «forhold som okkupasjonen førte med seg». (Føreordet.) Lange sat i Sachsenhausen.

<sup>903</sup> Svarprosenten er faktisk *over 100* (det var 348 nye lærarskoleelevar). Grunnen var at ein 2- klasse ved ein feil fekk skjemaet. Dette svekker ikkje verdien av svara på dei spørsmåla eg her kommenterer.

25% av desse var det *kristendommen* dei helst ville fremme, og for ytterlegare 20% var den kristne trua nemnt blant andre «saker» dei ville «vinne barn og unge for».<sup>904</sup> Om lag 5% av lærarskoleelevane svarte at dei valde yrket nettopp *fordi* dei som lærarar ville få høve til å arbeide for å utbreie sitt livssyn: «Den største fordel: ein har høve til å skapa ei lita barnesjel så nær sitt livssyn.»<sup>905</sup>

Det er rimeleg å tolke undersøkinga slik at førestillingar om ei religiøst påverkande lærarrolle fanst hos dei som begynte på lærarskolen i 1938. August Lange understreka i sin kommentar at det i gruppa som ville påverke i kristeleg retning truleg fanst mange ulike haldningar til trua, frå dei mest liberale til dei mest ortodokse.

Blant tekstsvara er det ikkje vanskeleg å finne typisk vekkingbaserte haldningar. Desse respondentane skriv at dei ønsker å skape ei sterk kristen overtiding og medviten engasjert tilslutning hos elevane. Ein informant tar i bruk kjende kyrkje-liturgiske formuleringar. Ho vil «at barna må bli hos Kristus likesom de ved dåpen er innpodet i Ham».<sup>906</sup> Ei anna nyttar bedehusets retoriske vendingar: «Det er mitt inderlige ønske at Jesus kan bruke meg til å vinne noen for hans store sak. (...) Hvor meget kan ikke en lærer være for barna. De er helt i hans hender, lette å påvirke, slik at han kan få dem dit han vil.»<sup>907</sup>

Andre respondentar viser tvert om ei tilbakehalden innstilling når det gjeld religiøs påverknad. Her er det heller tale om å hjelpe elevane til å finne sitt livssyn:

Eg vil ikkje vere med på å innpode mitt eige livssyn i kvar enkelt elev, men hjelpa til så dei kan dane seg eit personleg livssyn.<sup>908</sup>

Nei. Lærerne burde berre tilrettelegge fakta og gi elevene en metode til å vurdere og bedømme disse fakta.<sup>909</sup>

---

<sup>904</sup> Lange 1947:100

<sup>905</sup> Lange 1947:73–74. Knf. Bjørnsons strofe: «Hver barnesjel vi folder ut, hver tankegnist som livet klarer, hver daad som øker og bevarer, – er en provins til landet lagt, og for vor frihet varig vakt!» (Bjørnson, B. 1864: *Den gang vort eget land vi tok.*) Denne formuleringa blei sitert i lærarane si erklæring mot naziststyret 9.4.1942.

<sup>906</sup> Lange 1947:101

<sup>907</sup> S.st.

<sup>908</sup> Lange 1947:99

<sup>909</sup> S.st.

## Lærarens tru

August Lange understrekar i sin kommentar til funna den gjennomgåande *idealistiske* tonen hos respondentane når læraryrket skal skildrast. Eit typisk svar i så måte er: «Læraryrket er ei livsoppgåve, ikke et levebrød.»<sup>910</sup> Om lag 15% av lærarelevane nemner, utan at det er spurt om det, at ein lærar, for å utvikle ein integrert personlegdom, sjølv bør ha eit medvite livssyn. «Læraren må vera ein personlegdom, han må ha funne fram til eit livssyn.»<sup>911</sup>

Nokre få, om lag 5%, nemner at læraren bør ha eit kristent livssyn. I enkelte svar blir verdien av eit livssyn trekt svært langt: «Han (hun) bør være personlig kristen, for derved får vedkommende alle egenskaper som trengs: kjærlighet til barna og arbeidet, ærlighet, renhet, uselviskhet og tålmodighet. Er man en virkelig kristen, da har man kontakt med Gud og får kraft til alt.»<sup>912</sup>

Ei gruppe på om lag 10% meiner tvert om at den religiøse opplæringa vil vere særleg *krevjande*, at det «kan være vanskelig å være helt ærlig i religionsopplæringen». Det kan særleg vere vanskeleg «å få fag som naturlære og religion til å stemme overens». Ein respondent skriv rett ut at «[e]n lærer må ofte lyve i religionstimene».<sup>913</sup> Ein annan er særleg klar på at læraren i altfor stor grad er bunden av pålegg knytt til den religiøse påverknaden:

Ulempen blir at ateister og irreligiøse mennesker ofte blir nødt til å gå på akkord med seg sjøl ved å bindes til en skoleplan som er formet av et bestemt livssyn. Folkeskolen i dag er gjennomsyret av kristendom og kristne lærere, og de som i det hele tatt vil gjøre seg håp om å komme inn i folkeskolen, må (ut fra min erfaring) godta (eller late som de godtar) det kristne synspunkt.<sup>914</sup>

Denne lærarskoleeleven meiner altså at skolens læreplan og mengda kristne lærarar skaper eit press for den som ikkje trur. Dette kan vi ta som ei personleg ytring, med eigne erfaringar som grunnlag.

---

<sup>910</sup> S.st. s. 72

<sup>911</sup> S.st. s. 93

<sup>912</sup> S.st. s. 94

<sup>913</sup> S.st. s. 76–77

<sup>914</sup> S.st. s. 77

## Få lærarelevar aksepterer ei misjonsorientert lærarrolle

Lange-undersøkinga viser at flesteparten av dei unge som kom til lærarskolane meinte at det var legitimt å påverke elevane i retning av eit livssyn. Dette kan oppfattast som lite overraskande, i og med at skolen hadde ein kristeleg føremålsparagraf, og at kristendoms-kunnskap framleis var eitt av skolens mest sentrale fag. Gruppa som synest å dele vekkingrørslas syn på undervisninga, der elevens kristne tru blir det viktigaste målet for lærargjerninga, er likevel lita. Slik eg tolkar undersøkinga, er denne gruppa på mellom fem og ti prosent. Denne vesle gruppa lærarskoleelevar gir på ulike måtar uttrykk for ei *misjonsorientert* forståing av læraryrket.

På grunnlag av denne undersøkinga er det ikkje råd å slå fast om ei vekkingorientert innstilling til læraryrket hadde halde seg, spreidd seg eller gått tilbake. Storparten av dei unge lærarelevane meinte at mange livssyn kunne fremmast av læraren, og opna med dette for ei forståing av lærarmandatet som føreset ein meir pluralistisk skole enn ein faktisk hadde. Haldninga nærma seg likevel det synet som året etter blei nedfelt i *Normalplanen* av 1939, nemleg at undervisninga skal fremme *medvit* kring livssyn (ikkje bare det kristne), og at læraren skal fremme elevens livssynsmessige identitetsbygging.

Dette kullet av unge lærarskoleelevar stengte altså ikkje heilt for ei misjonerande lærarrolle. Dei aller fleste omtala likevel yrket på ein måte som ikkje gav rom for religiøs *forkynning*. Det går også klart fram at nokre av dei framtidige lærarane såg det som eit problem at dei ville bli pålagde å undervise ut frå eit særskilt religiøst syn.

Respondentane i Lange-undersøkinga var ungdommar i ei tid då politiske spenningar i Norge var i ferd med å bli dempa. Arbeidarpartiet hadde blitt eit parti «med plass til alle», med eit opnare og meir tolerant syn på religion. Det hadde også blitt meir samarbeid mellom staten og organisasjonane til vern om dei svakaste. Skoledebatten var i ferd med å bli avideologisert. Erling Lars Dale sa det slik: «Generelt var tankegangen at en skulle legge fag- og sakkunnskap til grunn.»<sup>915</sup> I dette skolepolitiske klimaet vedtok ein å opprette Pedagogisk forskingsinstitutt. Tiltaket understreka den nye sosialdemokratiske tankegangen, at forskning skulle leggast til grunn for opplæringa, ikkje ideologiar, religiøse dogme og tradisjonar.

For religiøse og nasjonale rørsler innebar dette eit vindskifte. Dei opplevde det i stigande grad som ei rasjonalistisk motbør. Dale omtala dette slik i ein polemikk med Rune Slagstad:

---

<sup>915</sup> Dale 1999:53

Tradisjon, gamle vaner, overtro og spekulasjoner av religiøs eller annen art – hele den historisk orienterte pedagogikken som preget den idéstrømningen Slagstad fremhever – ble utfordret av et rasjonalistisk program om nyskapende ordninger i skolen basert på pedagogisk og empirisk forskning.<sup>916</sup>

Ei moderne open haldninga til religiøst mangfald blei avspegla i *Normalplanen av 1939*. Det var i dette klimaet dei unge lærarelevane i Lange-undersøkinga omtala si yrkeskvalifisering og sitt framtidige yrkesliv i skolen. Mange av dei var opne for livssynsmessig påverknad av elevane, men hadde ei uklar haldning til kva livssyn læraren skulle eller kunne fremme. Undersøkinga gir såleis ikkje grunnlag for å seie at vekkingas syn på lærarrolla hadde fått gjennomslag mellom dei unge. Samtidig viser ho at førestillinga om ei misjonsbasert lærarrolle enno var levande i ei lita gruppe av lærarelevane.

---

<sup>916</sup> S.st.

## Kap. 18. Reformpedagogikk og kristendomsopplæring

### Kritikk av minnebasert læring

*Reformpedagogikk* er ei nemning for ulike retningar som stod i motsetning til den rådande herbartske pedagogikken.<sup>917</sup> Det sentrale prinsippet var at skolen skulle setje barna i sentrum, aktivisere dei, og sjå på dei som skapande individ med nyfikne og vitehug, ikkje som motvillige skapningar som måtte tuktast til læring. Erfaringar frå klasserommet og kunnskap basert på barne- og læringspsykologisk forskning skulle leggest til grunn. Det som var i emning blei også oppfatta som ei frigjering frå den dominansen formelprega religionsopplæring hadde hatt i skolen. Målet for opplæringa blei eit myndig og demokratisk innstilt individ med syn både for eigen verdi og for fellesskapet.

Denne reformpedagogiske rørsle bygde på førestillinga om det «naturlege», slik Rousseau hadde skildra dette meir enn hundre år tidlegare. Kunnskapsidealet hadde front mot einseitig vekt på teoretisk innlæring. Målet blei å skape ein ny balanse mellom kunnskap, kjensler og haldningar. Læringsprosessen blei halden for å vere like viktig som lærestoffet. Målet var i vid forstand «livsdugleik», å gjere elevane til «gagns menneske».<sup>918</sup> Læraridealet blei i den norske skoledebatten knytt til det å kommunisere med elevane, gjere dei trygge og motivere dei for læring utan bruk av straff. Dette ser vi ikkje minst i artiklane til Anna Sethne i bladet *Vår skole* (1911–1941).<sup>919</sup>

For å finne att det frie og naturlege hos den lærande måtte ein bryte med det autoritære i undervisninga. Idealet om ein ikkje-hierarkisk relasjon mellom lærar og elev stod sentralt i reformpedagogikken, og gav han eit vidt demokratisk siktemål, å bryte ned autoritære stengsel mellom grupper og enkeltmenneske. Dette kunne gjerast ved at ein på ulike vis spela på og verdsette ressursane til barn og unge og samspelet dei imellom. På dette grunnlaget blei gruppearbeid utvikla og fremma som læringsmetode, og lærarens autoritet og styring av læringsprosessen blei drøfta kritisk.

<sup>917</sup> Sjå s. 51, 248

<sup>918</sup> Dette uttrykket møter vi første gong i *Lov um folkeskulen på landet, 16. juli, 1936*: «1, Føremål: Folkeskulen skal hjelpa til å gjeva borna ei kristeleg og moralsk uppseding og arbeida for å gjera dei til gagns menneske både åndeleg og kroppsleg.»

<sup>919</sup> Hagemann 1992, Dale 1999

I 1927 formulerte Erling Kristvik skiljet mellom den «gamle» og «den nye» skolen: «'Den gamle skolen' stod for tilpassing, tvang, passivitet, reproduksjon, kopiering og tradisjonsbundethet, 'den nye' fremmet frigjøring, personlig vekst, spontanitet, initiativ, produktivitet, fremskrittsevne.»<sup>920</sup> Mot slutten av 1930-talet gav han på nytt uttrykk for at norsk skole gjennomgjekk grunnleggande endringar ved at den aktivt lærande eleven blei sett i sentrum. Han framstilte arbeidsskoleprinsippet som eit paradigmeskifte.

«Ny oppfostring» blei ein samleterm for den reformpedagogiske rørsla. Den religionskritiske delen av rørsla samla seg i den internasjonale organisasjonen *New Education Fellowship*, som gav ut tidsskriftet *The New Era in Home and School*. I Norge blei det i 1928 stifta ein seksjon av denne organisasjonen, *Norsk Seksjon for Ny oppdragelse*, med Anna Sethne som leiar.<sup>921</sup> Normer med opphav i kristendommen og humanistisk idealisme blei kritiserte, og for mange erstatta med etiske ideal basert på frigjering frå autoritære strukturar og på utfolding for individet. Kritikken denne organisasjonen målbar mot kristendomsopplæringa fekk likevel ei avdempa form her til lands. Dette skuldast ikkje minst at Anna Sethne ikkje var grunnleggande negativ til religionsopplæring i skolen.

Dei metodiske tradisjonane og lærebøkene som hadde prega faget kristendom stod lagleg til for hogg då reformpedagogar kom i posisjon og deltok i utforminga av planverket. Faget hadde i den pietistiske tradisjonen ikkje blitt formidla med utgangspunkt i spørsmål barna skulle undrast over, eller tenke og resonnere rundt, men som ferdig formulerte sanningar dei skulle hugse ord for ord.<sup>922</sup> Denne didaktikken stod i skarp kontrast til dei nye, aktivitetsorienterte læringsideala. Vekkingsrørsla kunne derfor ha grunn til å frykte kva som kom til å skje med kristendomsopplæringa, og med det kristelege innhaldet i undervisninga.

I den offentlege skoledebatten tok kjende skolefolk avstand frå innarbeidde arbeidsmåtar og læringsformer. Skoledirektøren og lærarskolemannen *Olav Andreas Eftestøl*<sup>923</sup> formulerte i ein artikkel i *Norsk Skoleblad* (1916) sine tankar om det han kalla «ei stor omlegging» i skolen:

---

<sup>920</sup> Kristvik 1937:61

<sup>921</sup> Dale 1999

<sup>922</sup> Sjølvst sagt kunne lærarar skape samtale rundt forteljingar og likningar, men bøkene la i liten grad opp til det vi i dag kallar dialogpedagogiske undervisningsformer.

<sup>923</sup> *Olav Andreas Eftestøl*, (1863–1930) norsk skolemann og politkar. Skoledirektør i Hamar bispedømme frå 1907, stortingsrepresentant (Arbeiderdemokratene) 1906–1915, varapresident i Stortinget 1912–1915. Eftestøl var medlem av komiteen av 1911 som utgreidde forholdet mellom folkeskolen og den høgare skolen (Enhetsskolekomiteen), og ein av dei som la grunnlaget for einskapsskolen. (Kjelde: SNL, 20. feb 2018).



Vi staar f.t. midt op i den store omlægning av folkeskolens undervisning fra megen lækseelesning og meget moralpræk til en solid opøvelse i arbejdsdyktighed under den inderligste forståelse av barnenaturens krav, den store omdannelse av folkeskolen fra en bokskole til en arbeidsskole.<sup>924</sup>

Eftestøl understreka at det ikkje var tale om mindre kunnskap, men at minnebasert læring skulle ut, og at kunnskap som tente livet og kvardagen skulle inn. På denne måten skulle elevane få meir lyst til å lære, til beste for seg sjølv og samfunnet. Eftestøl blei ein forkjempar for idear som kunne knytast både til grundtvigiansk og reformpedagogisk skoletenking. Han kritiserte lærarutdanninga for å vere konservativ, ikkje minst når det gjaldt faget kristendom. I 1928 skreiv han eit kapittel i boka *År 1928 etter Kristus*, utgitt av *Landslaget for frilynt kristendom*. Kapittelet hadde tittelen *Religion i skolen*. Her konstaterte han at konservativ religionsforståing enno stod sterkt blant norske lærarar. På dette punktet ville det kome endringar, meinte han, ikkje minst fordi arbeidarrørsla fekk stigande oppslutnad blant lærarane:

Så meget er i allefall sikkert at den konservative opfatning er meget sterk blant lærerne, som blant prestene. (...) Den liberale teologi har siden Fastings dager ikke hatt nogen egentlig makt i lærerutdannelsen. Men arbeiderbevegelsen, som i nu raskt stigende grad vinner tilslutning blant lærerne, må jo etter det grunnsyn den bygger på, svekke de konservatives opfatning i skole og kirke.<sup>925</sup>

Eftestøl ville føre religiøs pluralisme inn i skolen. Han argumenterte for ein allianse mellom sosialdemokratisk politikk og liberal teologi: «Å være kirkelig liberal eller konservativ må det selvsagt være full frihet til for en religionslærer».<sup>926</sup> Det måtte vere opp til foreldra å sjå til at barna blei lærte opp i den kristendomsforma som «for dem er hellig og dyrebar».<sup>927</sup> Med dette som utgangspunkt kritiserte Eftestøl arven frå pietismen, forklarings- og katekiserings-tradisjonen, som død og makteslaus pedagogikk. I tråd med grundtvigiansk didaktikk ville han sette inn historisk orientert undervisning. Teologiske stridsemne skulle ikkje skuvast under teppet eller «løysast» ved at ein gav «det rette svaret», men ved at ein i tråd med den demokratiske målsettinga fremma kritisk refleksjon og toleranse.

---

<sup>924</sup> Eftestøl 1916:212

<sup>925</sup> Eftestøl 1928:147–148

<sup>926</sup> S.st. s. 148

<sup>927</sup> S.st. s. 151

## Anna Sethne, Erling Kristvik og det kristelege elementet i opplæringa

Med bakgrunn i ideen om ein elevaktiv skole var Anna Sethne og Erling Kristvik med på å legge eit nytt pedagogisk idegrunnlag for norsk lærarutdanning. Dette skulle kome til å skape ein ny dynamikk i utviklinga også av vekkingskristne lærarskolar. Kva fekk deira verksemd å seie for vekkingsørslas pedagogiske satsing?

*Anna Sethne* (1872–1961) kan reknast som den viktigaste reformatoren innan norsk skole i mellomkrigstida. Ho var særleg sentral når det gjaldt å omforme folkeskolen til ein moderne «grunnskole». Sethne blei talsperson for amerikansk reformpedagogikk, særleg John Dewey og William H. Kilpatrick.<sup>928</sup> Ho gjekk inn for nasjonale planar som gav lærarane, i samarbeid med elevane og heimen, fridom i stoffvalet. Saman med barneforskaren Helga Eng la ho vekt på vitskapleg kunnskapsutvikling som grunnlag for reformpedagogisk praksis. Psykologisk og pedagogisk gransking skulle bidra til å vise kva potensial for læring som låg i elevane på ulike alderssteg.<sup>929</sup> Det viktigaste var ikkje å kome gjennom mest muleg, men at lærestoffet blei gjort levande for barna.

Aktiviserande læringsformer fekk ikkje minst ved hennar verksemd gjennomslag i norsk skole.<sup>930</sup> Sethne meinte at pugg og streng disiplin førte til dårleg læring. «Pugg har liten verdi, vidløftige forklaringer likeså. Oppbyggelse for barn er heller ikke nokon riktig undervisningsform. Først fra 4. klasse skal læreboken tas i bruk. Luthers forklaringer er mye vanskeligere enn katekismetekstene og skal ikke læres utenat.»<sup>931</sup> I tråd med arbeidsskoleprinsippet kritiserte ho didaktikken og metodane i tradisjonell minnebasert religionsopplæring. Ho avviste også all tanke om forkynning i undervisninga. Dette var ikkje til hinder for at ho ville ha både andakt og skolegudstenester ved Sagene skole, der ho var styrar.<sup>932</sup> Bakgrunnen var hennar syn om at det religiøse må formidlast gjennom oppleving og kjensler, ikkje først og fremst gjennom minnebasert læringsarbeid.

Sethne såg det slik at skolen henta sitt mandat frå heimen. «Skolen nærmer seg hjemmet (med individuell undervisning) når den blir for barnet et sundt og godt voksested, ikke anstalt, men hjem.»<sup>933</sup> I 1930 skreiv ho om å setje barnet i sentrum: «Skolen skal organiseres omkring

<sup>928</sup> Kjelde: *Norsk biografisk leksikon*. (Henta 22. april 2016. frå [https://nbl.snl.no/Anna\\_Sethne](https://nbl.snl.no/Anna_Sethne))

<sup>929</sup> Sethne 1937:4

<sup>930</sup> Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), pp. 447–461 (Side 30–31)

<sup>931</sup> Sethne i radiosamtale om religionsopplæringa i folkeskolen. 12.12.1950. K371

<sup>932</sup> Hauge 1958:52–53

<sup>933</sup> Sethne 1937:6

barnets lyst til å lære, ikke omkring lærerens ønske om å undervise.»<sup>934</sup> Erling Lars Dale understreka skilnaden mellom grundtvigianismens didaktiske ideal og Sethnes arbeidsskole. Hos Grundtvig er det *læraren* som er aktiv, *elevens* oppgåve er å lytte og hugse.

I tråd med grunntankane i arbeidsskolen etterlyste Sethne reformer i lærarutdanninga. Ho meinte at det ikkje ville bli større arbeidstempo, målmedvit og fastleik i skolen før lærarskolane blei heilt omdanna. Særleg var det *elevkunnskap* ho sakna. Ho ville at forskning skulle leggst til grunn for undervisninga. Dale refererer hennar synspunkt slik: «Alminnelige vitenskapelige undersøkelser vil ifølge Sethne være av stor betydning for at læreren kan skaffe seg kjennskap til hvilke forestillinger barna sitter inne med. (...) Studium av barn må ikke forsømmes.»<sup>935</sup>

*Erling Kristvik* (1882–1969) blir rekna med til ei gruppe reformpedagogiske orienterte skolefolk som hadde sin «gullalder» i mellomkrigstida. Han var tolkar av ein normativ tradisjon, samtidig la han sosiologisk og filosofisk forskning til grunn for pedagogiske synsmåtar og reformforslag.

Kristvik voks opp i ein lærarheim, i eit vekkingsorientert miljø på Nordvestlandet. Han rekna seg aldri som pietist, og skreiv seinare med harme om den skremmande forkynninga han møtte på bedehuset.<sup>936</sup> Likevel omtala han Kristus som ein personleg frelsar, og bar med seg etiske ideal frå folkeleg kristenliv, ikkje som trongsynt moralisme, men som ei forplikting om å leve med nestens beste i tankane. Han ville dempe dikotomien som vekkingsrørsla hadde utvikla i møtet med den verdslege kulturen, og heldt fram at alle menneske har eit ansvar for samfunnet som fellesskap.

Kristvik felte ein hard dom over den pietistiske puggeskolen prega av mekanisk læring. Feilen er, meinte han, at først det ferdige resultatet blir halde for verdfullt. I positiv forstand understreka han verdibasert livstolking som dannelsingsmål. I boka *Folkelagnad* (1920) formulerte han dei ulike elementa som etter hans syn bygger opp «den indre kulturen»:

Moralen, der instinkta grunnlegg seder og skikkar og får fri veg gjennom plikter og ansvarsmedvet. Religionen, som løyser ut den høgste menneskelege dragnad gjennom tru og tilbeding. Kunsten når han er berar av ideal og livstrong. Filosofien som kastar lys over den einskapen i tilværet og den meining med livet som instinkt hjelper

<sup>934</sup> Sethne, A. (1930/1931). Den frie skole. *Vår skole* 1930, nr. 28 (s. 223–224) (Side 223)

<sup>935</sup> Dale 1999:81

<sup>936</sup> Kristvik 1939:163

mennesket til å oppleve. Endeleg oppsedinga som hjelper den unge ætt til å gjeve verdiane nytt liv og større spennvidde.<sup>937</sup>

Kristvik var ein syntetiserande tenkar som ikkje minst formulerte faren ved ei vitskapsbasert oppsplitting av kunnskapen. For han var motsetnaden til det allmenndanna mennesket ikkje analfabeten, men fagspesialisten. Derfor meinte han at det var eit mål for didaktikken å kome bort frå all unødig fagdeling. Læring skulle stimulerast gjennom arbeid med breie, samansette emne. Han kalla målet for læringsarbeidet «livskunnskap». Dette var meint som noko meir enn eit sett faglege kunnskapar. Heller var det eit perspektiv som etter kvart skulle gjennomsyre all opplæring. Han skreiv at heilskapsopplæring («Gesamtunterricht») var i ferd med å skape ein revolusjon i skolen.

Kristviks pedagogiske filosofi blei ikkje minst framstilt i bøkene *Folkelagnad. Tankar om samfund og kultur* (1920) og *Livsopplysning. Ideologisk nyorientering* (1954). Modellen for han var heimen, der barn og vaksne, i ulike aldrar og med ulike kunnskapsnivå, støttar kvarandre i læringa. Med nemninga «parentalisme» heldt han fram at den mest sentrale oppgåva for eit menneske er omsorg for barn gjennom opplæring og oppseding. Slik blir heile samfunnet eit pedagogisk rom. Oppgåva for skolen er då å setje eleven sine evner i verksemd gjennom arbeid med sentrale livsoppgåver. Eit vel fungerande hushald blir omtala som den høgste meininga med livet. Kristviks idear om heimen og staden som modell for opplæring er truleg det mest originale i tenkinga hans.<sup>938</sup>

Vegard Kvam har vist korleis Kristvik med heimen som modell utvikla sine synspunkt om *fådelte skolar*. I slike skolar kunne eldre elevar lære å ta ansvar for yngre.<sup>939</sup> Kristvik blei likevel ikkje ståande i det nære. Barneheimen blei modell for større fellesskapar, for nasjonen og folket. Alt endar i det kosmiske, «livsheimen». Bare fedrelandet, den store heimen, kan gje luft under vengene «for all skapande kraft». Kristvik heldt fram Ivar Aasens intellektuelle utvikling som eksempel:

Sunnmør vilde ikkje ha gjort anna ut av Ivar Aasen enn ein raritetssamlar. Markblomar og målblomar kunde han nok samla, men snaudt nok hadde det frigjort hans veldige

---

<sup>937</sup> Kristvik 1920:99

<sup>938</sup> Slagstad 1998

<sup>939</sup> Kvam 2009:144

ånd. Noreg derimot gjorde han til målmeisteren og kulturreisaren, til eit genialt reiskap for den nasjonale livsviljen i folket.<sup>940</sup>

Kristvik kom, med sin ide om folkedaning på basis av dei nære fellesskapa, til å formulere ein sekulær parallell til tanken om vekking og fornying av kulturen gjennom skolen. I desse grunndraga ved hans pedagogiske ideverd fins også motsetningar mellom han og Anna Sethne. Kristvik uttalte seg positivt om den innsatsen Sethne gjorde for arbeidsskolen, men var krass i karakteristikken av hennar tru på testing og intelligensmåling, som ho og Helga Eng gjekk inn for.<sup>941</sup> I 1920 skildra han dette som: «(...) eit pedagogisk syn som har vore med å gjere skulen til ein tenar for dødsmaktaene i den tid som gjekk, eit syn som kanskje har hovudansvaret for det samanbrot som trugar vår kultur.»<sup>942</sup>

For Kristvik var skolen det sentrale instrumentet for å gjere nasjonen til ein «folkedaningsheim». Skulle det lukkast, måtte lærarutdanninga, særleg pedagogikkstudiet, styrkast og endrast. Til det bidrog han sjølv gjennom dei tre mest brukte lærebøkene i pedagogikk gjennom 40 år: *Læreryrket. Indføring i pædagogik: Opsedinga* (1925), *Sjelelære. Pedagogisk psykologi* (1937) og *Elevkunne* (1939). I 1950 var det bare ein av ni lærarskolar som ikkje brukte alle desse tre lærebøkene som pensumbøker i pedagogikk.

## Den forteljande læraren versus den forkynnande

Som vi har sett, bar den demokratisk og pedagogiske oppvakninga i siste halvdel av 1800-talet med seg nye ideal om undervisning. Alfred Oftedal Telhaug skreiv at etter 1860 «(...) kom pietismen sine undervisningsformer, med sin veldige vekt på pugg og reproduktiv elevaktivitet under hard kritikk».<sup>943</sup> Dei som målbar denne kritikken, var skolefolk påverka av Grundtvig, først ut var Ole Vig og Hartvig Nissen. Dei understreka at læraren måtte tale frå hjarta og til hjarta. Kjenslene måtte vekkast. «Så ble idealet i skolen også den entusiastiske, karismatiske læreren som grep elevene, rørte ved dem, rev dem med seg, vekket bundne krefter hos dem. Den gode læreren forklarte, skildret, spurte, samtalte og fortalte.»<sup>944</sup>

Dette idealbildet av ei forteljande og levandegjerande undervisning samsvarer med tradisjonell folkeleg forteljekunst. Vi har mange fråsegner om at denne kunsten var levande i

<sup>940</sup> Kristvik 1921:271

<sup>941</sup> Vegard Kvam kommenterer at dette er noko å undre seg over, sidan inndeling av elevane etter intelligens innebar nettopp aldersblanda grupper, som Kristvik ivra for. (Kvam 2009:135)

<sup>942</sup> *Norsk pedagogisk tidsskrift* 1921:263. Det språket han brukte om andre i debattar kan forklare at han hadde ein tendens til å skuve folk frå seg.

<sup>943</sup> Telhaug & Mediås 2003:64

<sup>944</sup> S.st. s. 65

det sosiale fellesskapet i bondemiljø. Arne Garborg gav ei levande skildring av denne undervisningsforma i romanen *Bondestudentar*, og skriv her om ein lærar som hadde denne givnaden: «Og i staden for å spyrja sette kapellane seg til å fortelja.»<sup>945</sup> Den munnleg traderte og lokalt baserte forteljekunsten var også ein klangbotn for forkynningstradisjonen på bedehuset.

Munnleg forteljing var også for Erling Kristvik sjølv bærebjelken i lærararbeidet. Han understreka samtidig at grundig planlegging var avgjerande om forteljinga skulle fengsle barna og føre til læring. Han meinte at forteljinga var i ferd med å forsvinne i skolen, at det munnlege læringsstoffet blei trengt tilbake. På denne innsikta bygde han ein kritikk av det han såg som moderne overflåtisk og læringshemmande kultur: «Segner og soger og eventyr som alt saman er grodd ut or ein primitiv, barnsleg fantasi, har vorti avløyst av kunstprodukt, ofte ring kunst. Og alle bilete frittek barnet for å vera medytande, så sjølv fantasien til slutt misser skaparevna.»<sup>946</sup>

I boka *Læraryrket* la Kristvik, i tråd med grundtvigianismen og reformpedagogikken, vekt på det positivt byggjande i mennesket. Lærarane skulle hjelpe elevane til å utvikle eit moralsk livssyn i tråd med verdiane i heimen og bygda. Slik kunne folkeskolen bli det «fremste sosiale organet når det gjeld samvokster i levande samfunn og øving i evne til tenande samstrev».<sup>947</sup> Undervisninga måtte også bli prega av ansvaret læraren har for barnas danning. Når læringa blir gjennomstrøymd av etisk alvor, kan ho fremme eit «dynamisk liv som sermerkjer den moralske viljen».<sup>948</sup> Då først kan eleven få hjelp til å forme den øvste delen av byggverket, «det religiøse og *kristelege* livssynet».<sup>949</sup>

Etter Kristviks meining skulle opplæringa i skolefaget kristendom først og fremst verke dannande, legge grunnlaget for eit moralsk liv under ein religiøs kosmologi. Det *frelsesorienterte* blei avvist som læringsmål. Han stod i så måte langt frå vekkingsorienterte førestillingar om den religiøse opplæringa. Medan forkynnaren på bedehuset bygde retorikken sin kring syndserkjenning og medvite brot med verda, såg Kristvik elevens kunnskapsbaserte moralske og religiøse vokster som vilkår for ei sosial tilhøyrsløse, ein syntese

---

<sup>945</sup> Garborg 1883/1964:11

<sup>946</sup> Kristvik 1941:142

<sup>947</sup> Kristvik 1953:276. Dette er tankar vi kjenner igjen i det sosialpedagogiske alternative miljøet på Pedagogisk Institutt på 1970-talet, sterkt påverka av Eva Nordland.

<sup>948</sup> Kristvik 1941:282

<sup>949</sup> S.st.

av idealisme og biologi.<sup>950</sup> På dette grunnlaget ville han skape eit «hamskifte» i skolen. Det fremste målet skulle ikkje lenger vere fagkunnskap, men ei større forståing av sjølve livet i så vid og djup meining som mogleg.<sup>951</sup> For å få dette til, burde barna møte ulike emne i skolen «i det naturgitte miljøet», «i røyneleg samanheng» og «i eit sant heilskapsbilete av det verkelege».<sup>952</sup>

Ut frå det som her er nemnt, er det rimeleg å hevde, slik Asbjørn Tveiten har gjort, at Kristvik heller ikkje som pedagog kan kallast pietist.<sup>953</sup> Samtidig finn vi ikkje antikristelege standpunkt hos han. Han har mange formuleringar som viser at han heldt ved like grunntrekk ved den religiøse livsoppfatninga. I 1941 formulerer han seg på ein måte som må seiast å gi inntrykk av ei nærare tilknytning til den kristne trua. «Inga oppseding svarar til sitt formål utan å føra borna inn i den kristne livsvoksteren, gjennom møtet med han som er vegen, sanninga og livet.»<sup>954</sup> Dette er ei uttrykksmåte ein like gjerne kunne høyrte frå Henrik Kaarstad. Ikkje minst blir Kristus halden for å vere det øvste idealet for danning, ei etisk rettesnor, også for læraren. Likevel blir ikkje det religiøse ein referanse for det endelege *rette svaret* i oppsedingsspørsmål, slik det blei for Henrik Kaarstad, Asbjørn Knutsen og Ole Hallesby. Hos Kristvik kan det religiøse først og fremst sjåast på som eit element i hans verdikonservative grunnhaldning. Han vedstår seg trua som ein røyndom og ei kraft i samfunnet og i livet til den enkelte, men det normerande elementet frå den teologisk baserte antropologien er borte.<sup>955</sup>

Kristvik gav mot slutten av livet uttrykk for ei sorg over at det sosiale samspelet i eit nært fellesskap, kunnskap sprunge ut frå arbeidet på åkeren og i verkstaden, frå fisket på fjorden, heldt på å bli borte i opplæringa. Hans bidrag til skoletenkinga, det synet han hadde bygd opp gjennom eit langt liv som lærar, forskar og skoleleiar, kom ikkje til å prege norsk skolepolitikk. Det han såg av oppsplitta kunnskap og bortfall av tradisjonelle former for fellesskap, baud Kristvik imot med alt han hadde av kjensler og intellekt. Samtidig overlevde dei didaktiske grunntrekka i den pedagogiske retninga han var med på å etablere, reformpedagogikken. Desse trekka vann i løpet av 1970-talet ein hegemonisk posisjon i norsk skoletenking.

---

<sup>950</sup> Det er i så måte eit tankevekkande poeng at Kristvik, som var ein stridslysten og formuleringsglad mann, samarbeidde med Kaarstad, og tok sjølv over som rektor i Volda utan å reise nokon opposisjon mot visjonen om den misjonerande læraren. Dette kan tolkast slik at denne visjonen på 1930-talet var bleikna. I og med at Volda lærarskule då var overtatt av staten, fell dette utanfor ramma for mi undersøking.

<sup>951</sup> Kristvik 1939:995f.

<sup>952</sup> Kristvik 1953:68–69, 75

<sup>953</sup> Tveiten 1995:77

<sup>954</sup> Kristvik 1941:219

<sup>955</sup> Tveiten 1995:78

## Vekkingsrørsla – ingen fiende av reformpedagogikken

Trass i usemje når det gjaldt graden av elevorientering og kristeleg opplæring, synest ikkje vekkingsorienterte lærarar å ha sett den norske versjonen av reformpedagogikken som ein motstandar. Gjennomlesinga mi av årgangane av *Kristelig pædagogisk tidsskrift* frå 1909 til 1930 viser at det i dette lærarbladet var lite kritikk av eller motstand mot reformpedagogiske idear. Det kan ha samband med at Anna Sethne og Erling Kristvik ikkje var negative til det religiøse innslaget i skolen. Til dette kjem at den vekkingsorienterte skoleleiaren som ytra seg klarast om religionsdidaktiske spørsmål, Henrik Kaarstad, hadde ei sympatisk innstilling til reformpedagogiske grunntankar. Som nemnt kjende han seg også heime i Kristviks bygdebaserte verdigrunnlag som ideal for fellesskapet mellom elevane. Vekkingsrørslas pietistiske menneskesyn stod likevel mot den antropologien som låg til grunn for elevsynet innan reformpedagogikken. For vekkingskristne var mennesket grunnleggande syndig og fortapt, medan reformpedagogikken bygde på at mennesket har ein naturgitt spire til vokster og utvikling.

Carl Knap, leiar ved Pedagogisk seminar, var medlem av *Plankomiteen for den nye skoleordning* (1935), som la grunnlaget for Normalplanen av 1939.<sup>956</sup> Han brukte omgrepsparet *undervisning og oppseding*, og hevda at «i skolens hele regime får allsidige pedagogiske hensyn [nå] det avgjørende ord».<sup>957</sup> Knap kommenterer overgangen frå Herbarts pedagogikk til «moderne» pedagogikk ved å vise til at eleven sjølv sagt skal lære seg kunnskap og dugleik: «En almenskole som fortjener dette navn, nøier sig ikke med å la læreren eller læreboken dosere fullt ferdige resultater. Den forlanger nu til dags at eleven selv skal finne disse resultater ved eget arbeide.»<sup>958</sup>

Ei slik utsegn kan lyde som eit ekko av det menneskesynet vekkingsrørsla heilt frå Hans Nilsen Hauges tid bar med seg om at enkeltmennesket skal setjast i stand til sjølv å søke sanninga, finne ut kva som er meininga i budskapet, og på det grunnlaget velje omvendning og eit nytt liv. Likevel, i utviklinga av ein didaktikk for den kristeleg lærarutdanning, kom det til orde ein viss motstand mot det elevaktive grunnsynet. Ikkje minst viste dette seg når Henrik Kaarstad la vekt på at læraren måtte formidle *det rette svaret*, medan reformpedago-

<sup>956</sup> Plankomiteen blei oppnemnd med *Magnus Alfson* (1870–1943) som leiar, og med representantar frå den høgre skolen og folkeskolen med tanke på harmonisering mellom dei to skoleslaga. Ved sida av Knap og Alfson var dei meir kjende Bernhof Ribsskog og Anna Sethne med, dessutan skoledirektør Anders Todal (Trondheim). Normalplankomiteen blei oppnemnt 1936 med oppgåve å legge fram forslag til læreplan for folkeskolen.

<sup>957</sup> Knap 1927:275

<sup>958</sup> Plankomiteen II:32



gikken i større grad la vekt på elevens perspektiv og undersøkende nyfikne som motivasjon for læring.<sup>959</sup> I vitenskapssyn og epistemologi kom dette skiljet fram ved at reformpedagogane hadde eit fallibilistisk syn på menneskeleg erkjenning, medan vekkingsrørsla hadde ei teologisk forankring for «sann kunnskap».<sup>960</sup>

Dei korte portretta eg har gitt av Sethne og Kristvik viser at dei la grunnlag for ein relativt moderat religionspedagogisk kritikk. Deira syn på elevens ibuande læringspotensial og verdien av aktiviserande undervisningsformer kan seiast å vere ei vidareføring av grundtvigiansk didaktikk og dei endringane i skolen som starta med skolelova av 1860. Trass motsetnader i synet på kristendomsopplæringa kom vekkingsfolk ikkje til å sjå på den norske varianten av reformpedagogikken som uttrykk for avkristning. Dette fekk følgjer for utviklinga av læringsmiljøet og den pedagogiske profilen ved dei kristelege lærarskolane, som kan seiast å bli prega av reformpedagogisk tankegods. Med dette som grunnlag vil eg mot slutten av avhandlinga drøfte kva den reformpedagogiske impulsen kom til å bety for vekkingsrørslas utvikling av ein misjonsbasert didaktikk.

---

<sup>959</sup> Det er likevel grunn til å drøfte kor konkret og bokstavleg dette var meint, eller blei praktisert.

<sup>960</sup> «Fallibilisme, det syn at absolutt sikkerhet, nøyaktighet og allmenngyldighet aldri er, eller vil være, oppnåelig for menneskelig erkjennelse, verken i eller utenfor vitenskapen og filosofien.» (SNL)

## Kap. 19. Skolelovene av 1936 og Normalplanen av 1939

*Normalplanen bærer preg av å være blitt til i et tidsskifte, [...] den står så å si med et ben i hver tid.* <sup>961</sup>

### Ein svekt religiøs profil

Mot slutten av tidsperioden for denne undersøkinga var det religiøse dannelsingsmandatet knytt til eit læraryrke i endring. Kunnskapen blant folk flest hadde nådd eit nivå som svekte grunnlaget for lærarens autoritative rolle som kunnskapsberar og etisk-ideologisk leiar. Utviklinga av folkeskolen var i ferd med å skape ein skole der målformuleringane peika mot det instrumentelle og yrkesretta som grunnlag for samfunnsdeltaking.

Den parlamentariske skolekommissjon av 1922 hadde gitt ei rekke innstillingar som kom til å legge grunnlaget for folkeskolen som einskapsskole. Først etter at Arbeidarpartiet hadde danna regjering i 1935 kom *Folkeskolelovene for land og by* (1936). Desse lovene førte med seg ei rad endringar. På landsbygda var det mange stader slik at barn i ulik alder gjekk saman. Kravet til klassedeling etter alder blei no skjerpa. Det blei også fastsett at det ikkje skulle vere meir enn 30 elevar per klasse.<sup>962</sup> Med desse lovene blei også omgangsskolen avskaffa, fysisk straff forbode, og obligatorisk 7-årig einskapsskole lovfesta.<sup>963</sup> Dermed var ein nordisk skoleide realisert: alle barn skulle gå i ein felles skole i sju år på rad. Det blei sagt at «framtidfolket sat på skolebenken.»<sup>964</sup>

Skolelovene av 1936 avviste ikkje at kristendommen hadde ein plass i opplæringa. Det stod i innleiinga at timetalet i kristendom ikkje skulle bli ytterlegare redusert lokalt. Grunngevinga var at det skulle finnast eit timetal i faget «som kan samle hele folket».<sup>965</sup> Den kristne føremålsparagrafen sa framleis at det var skolens oppgåve å gi barna ei kristeleg og moralsk oppseding. Det blei likevel gjort ei viktig endring ved at formuleringa «kristelig dannels» blei supplert med «realistisk dannels», det vil seie opplæring med vekt på allmennyttige kunnskapar. Det som stig fram frå lovteksten er like fullt ein skole med nye ankerfeste: vitenskap, psykologi, demokrati og ein pedagogikk med elevaktive læringsformer. Lovene kan,

---

<sup>961</sup> Jordheim 2009:367

<sup>962</sup> Den parlamentariske skolekommissjon av 1922 (1927)

<sup>963</sup> *Folkeskoleloven for lands- og byskolene fra 16. juli 1936*, Innledning, s. 6; Bjørnsrud 2000

<sup>964</sup> Vevelstad 1951:162

<sup>965</sup> Engelsen 2003:6

saman med *Normalplanen av 1939*, oppfattast som eit slag mot vekkingsrørslas utdanningsstrategi.<sup>966</sup>

Ved maktovertakinga i 1935 hadde som nemnt brodden mot kristendomsfaget veikna i arbeidarrørsla.<sup>967</sup> Men skolens formelle avstand til kyrkja blei markert. Stortingsmann Johan Gjøstein meinte at folk i by og bygd kunne ta eit større ansvar for skolen. Foreldras frivillige deltaking ville skape ein betre relasjon mellom skolen og kyrkja, meinte han. Gjøstein og andre radikale blei etter kvart reddare for private skolar, som dei meinte ville bli prega av kapitalistisk spekulasjon. Då fekk ein heller akseptere kristendom som fag i den offentlege skolen, men opplæringa måtte bli så open og fordomsfri som mogleg. Arbeidarpartiet formulerte i sitt arbeidsprogram for 1939 følgjande: «Videre tillemping av arbeidsskoleprinsippet. Omlegging av undervisningsstoffet med sikte på innføring i samtidens arbeids- og samfunnsliv. (...) Fremme av alt verdifullt kulturliv, fri vitenskapelig forskning og åndelig toleranse.»<sup>968</sup>

Arbeidet med ein ny læreplan for folkeskolen hadde starta med at regjeringa oppnemnde *Normalplankomiteen* i desember 1936 med Bernhof Ribsskog som formann. Komiteen fullførte arbeidet sitt før skolestart 1939, og departementet rakk å gi ut planen, men okkupasjonen sette ein stoppar for gjennomføringa.<sup>969</sup> I utviklinga av *Normalplanen* fann arbeidarrørslas skolefolk særskilt støtte i det framveksande psykologiske fagfeltet, og i utprøvinga av pedagogiske reformer. Dette la grunnlag for ei ytterlegare svekking av den religiøse profilen i skolen og av kyrkjas pedagogiske autoritet. Religion, også kristendom, blei indirekte omtala som ein tvang mennesket måtte fri seg frå. Kyrkjehistorikaren Bernt T. Oftestad refererer desse synspunkta slik:

I det 'naturlige' barn fant en det genuint menneskelige som det gjaldt å gjenvinne og beskytte. Og det en ville beskytte mot var ikke minst kristendommens og kirkens innflytelse. (...) Selv om den nye pedagogikken ikke stod fram med et fanatisk kirke-

<sup>966</sup> Omtalen av Oslo lærerskole kan forståast som eit argument for at vekkingsrørsla nettopp greidde å balansere omsynet til tradisjon og modernitet, kristen og realistisk danning. Mitt poeng har likevel vore at dette greidde dei på formuleringsplanet, medan læringsmiljøet i liten grad synest å ha verka integrerande på vekkingas premissar.

<sup>967</sup> Den skarpaste kritikaren av kristendom i skolen, Edvard Bull d.e., hadde gått bort i 1932.

<sup>968</sup> Det norske Arbeidarpartis arbeidsprogram 1939. <https://www.Arbeidarpartiet.no/om/historien-om-Arbeidarpartiet/historiske-partiprogrammer/>

<sup>969</sup> Jordheim 2009:367; Dokka 1951:21

og kristendomshat, hadde den trekk som på mange måter måtte bety et oppbrudd nettopp fra den kristne kulturtradisjon.<sup>970</sup>

## Pluralisme og tankefridom

Normalplanen av 1939 innebar eit endra pedagogisk grunnlag for opplæringa, med demokrati, elevsentrering og aktiv læring som berande prinsipp.<sup>971</sup> Dette er prinsipp vi kjenner frå reformpedagogisk teori og utprøving, og innebar ei nedtoning av lærarens rolle som ideologisk autoritet og ei svekking av det religiøst baserte oppdragaransvaret.<sup>972</sup>

Eit omfattande forskings- og utprøvningsarbeid hadde lagt grunnlag for skolelovene og læreplanen, og hadde vist korleis ein reformpedagogisk didaktikk kunne prege opplæringa. Mellom anna la planen mindre vekt på at elevane hugsa stoffet, meir på at dei lærte tenlege arbeidsmåtar, både sjølvstendig og i samspel med andre. I innleiinga til Normalplanen står det: «Planen tar m.a.o. sikte på å gjennomføre arbeidsskolens prinsipp, elevaktivitetens prinsipp i den utstrekning det høver, og slik at arbeidet gir de beste vilkår for barnas frie, harmoniske vekst og utvikling.»<sup>973</sup>

Elevsentreringa kom til syne også i omtalen av det religiøse stoffet. I dei innleiande merknadene i planen blei kristendommen omtala som basis for tru og liv. Samtidig streka han under at fagstoffet måtte arbeidast med slik at elevane skulle oppleve det meiningsfullt.<sup>974</sup> Kyrkjehistorikaren Per Halse kommenterer dette slik: «Endringane løyste på den tradisjonelle kyrkjetilknyping og synest meir enn før å ha opna for ei eiga skuleutgåve av kristendomen. I undervisninga skulle religionen presenterast på skulen og elevane sine premiss heller enn på kyrkja sine.»<sup>975</sup> Her er nokre pedagogiske element i Normalplanen som har relevans for temaet i denne avhandlinga:

Målet er å gi rom for barns frie utvikling. Med appell til vilje og handling vil ein fremme danning og karakterutvikling. I arbeidet med *aktivt lærande elevar skal læraren utforme motiverande oppgåver og forsøk tilpassa elevanes evner og utviklingssteg.*

---

<sup>970</sup> Oftestad 1989: 93–94

<sup>971</sup> Engelsen 2003

<sup>972</sup> Hovdelien, O. (2003). Fra kristen trosopplæring til pluralistisk religionsundervisning. Den religionspedagogiske utvikling i norsk skole. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 5/6, 2003

<sup>973</sup> Normalplanen 1939:16

<sup>974</sup> S.st. s. 24f

<sup>975</sup> Halse, P. (2010). Frå statspietisme til livssynsmessig mangfald : eit danningperspektiv på religionsfaget i norsk skule. *Norske pedagogisk tidsskrift*, 2010, Årg. 94, nr. 5, pp. 359–370. (Side 362–363)

Opplæringa skal bygge på respekt for særtrekk og eigenart hos den enkelte eleven. Dette gjer tilpassa opplæring til ein berande tanke i planen. Målet er «(...) å gi elevene ei opplæring som er i best muleg samsvar med deres evner og anlegg.»<sup>976</sup>

Samspel mellom elevane blir formulert som eit sentralt mål. Individuell innsats og læring må integrerast i eit lærande fellesskap: «Barna opptrer som individer med sitt særpreg. Men de skal leve sammen med andre og arbeide sammen med dem.»<sup>977</sup>

Opplæring som grunnlag for tru har framleis ein plass i planen. På generell basis står det at læraren må hugse på at det barna lærer i kristendomskunnskap skal legge grunnlag for tru og liv. Samtidig skal ein legge vekt på verdiar som toleranse og tankefridom. Undervisninga må leggest opp slik at ho ikkje kjem i konflikt med «krava i vår tid om at kvar einskildmann må få tenkja fritt.»<sup>978</sup>

Innhaldet i dette faget blei endra i historisk retning, slik at emnelista blei religionshistorie, bibellesing, kyrkjehistorie, katekisme, salmar og songar. Læraren skal legge opp til forteljing og samtale. Elevane lærer når stoffet får «virke på deres kjensle og vilje».<sup>979</sup> Det kan dermed få «religiøs betydning for elevene».<sup>980</sup>

Planen gir ikkje uttrykk for ei aggressiv eller nektande haldning til innhaldet i tradisjonell kristendomsopplæring. I tråd med arbeidarrørslas modererte syn blei målet for kristendomsundervisninga omtala som *religiøs toleranse*. Planen var dermed, slik Olav Hovdelien også peika på, *uklar* når det gjaldt «fagets konfesjonelle karakter».<sup>981</sup> Likevel blei planen i ettertid sett på som eit nederlag for vekkingsrørsla.

---

<sup>976</sup> S.st. s. 11

<sup>977</sup> S.st. s. 15

<sup>978</sup> S.st. s. 24

<sup>979</sup> «Lærererkjøringen av 14. februar 1942» la vekt på samvitet som styrande etiske instans: «Jeg finner ikke å kunne medvirke til en oppdragelse av Noreg s ungdom etter de linjer som er satt opp for NS' ungdomstjeneste, da dette strider mot min samvittighet.» (Sjå Dahl et al. 1995:260)

<sup>980</sup> Normalplanen 1939:26

<sup>981</sup> S.st.

## «Grunnskudd»

Eg vil argumentere for at Normalplanen av 1939 når det gjeld kristendom og skole innebar eit «grunnskudd», eit alvorleg angrep mot vekkingsrørslas visjon om ei kristeleg vekking gjennom skolen. Også delar av planen som støtta kristenfolkets syn blei endra eller reduserte i møte med den skolepolitiske kvardagen.

Formuleringa i planen om ikkje å svekke *timetalet* i kristendom verka som ein siger for vekkingsrørsla. Realiteten blei likevel ein annan. Hans-Jørgen Dokka har samanlikna timetalet i planane for byskolen og landsskolen med det timetalet som verkeleg blei brukt til faget. Han fann at timetalet til kristendom, trass i formuleringa i planen, blei «betydelig redusert».<sup>982</sup> Bakgrunnen for dette var at nye fag som engelsk skulle inn, og at praktiske og estetiske fag skulle styrkast. Religionsdidaktikaren Olav Hovdelien er einig i dette, og har funne at så mykje som ein tredel av timetalet som var brukt til kristendomsopplæring blei borte då Normalplanen blei sett ut i livet etter andre verdskrigen:

Rammetimetallet ble skåret ned med omtrent en tredjedel, både i byskolen og landsskolen, et grep som ble gjort uten at lovverket ble endret. Videre ble det lagt føringer for at normalplanenes arbeidsskoleprinsipp skulle gjelde også for kristendomsfaget. (...) Sammen med læreplanenes toleranseprinsipp førte dette igjen til at kristendomsfagets konfesjonelle karakter og skolens kristne oppdragelsesmål kom under sterkt press.<sup>983</sup>

Formuleringa i Normalplanen om at kristendomskunnskap skulle *legge grunnlag for tru og liv* synest også å vere i samsvar med vekkingas haldning. Samtidig svarar ho til sentrale synsmåtar i reformpedagogikken om at stoffet skal legge grunnlaget for elevens deltaking. Og når opplæringa i kristendom skal ha eit historisk preg, er dette synspunkt som stemmer med mindretalet i skolekommisjonen av 1922, formulert av «kyrkjestormaren» Edvard Bull. Samla sett er det etter mitt syn rett å sjå på den retninga planen peikar ut for norsk skole som eit nederlag for vekkingsrørslas syn på skolens som misjonsmark.

Denne tolkinga av Normalplanen stemmer med det synspunktet som kom fram i *NOU 1995:9 Identitet og dialog*.<sup>984</sup> I ein gjennomgang av den pedagogiske profilen til planen blir

<sup>982</sup> Dokka 1988:144

<sup>983</sup> Hovdelien, O. (2003). Fra kristen trosopplæring til pluralistisk religionsundervisning. Den religionspedagogiske utvikling i norsk skole. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 5/6, 2003 (s. 15–16); Oftestad 1989

<sup>984</sup> *NOU 1995:9, Identitet og dialog*. Kapittel 3.3: Normalplanene av 1939: 'Kristendomskunnskap for alle'

det her hevda at målet om å utvikle «det demokratiske mennesket» førte til at «Kristendomsfaget på nytt står utsatt til».<sup>985</sup> Grunngevinga for denne slutninga var at kjent lærestoff i faget, som katekisma, hadde fått mindre plass, medan forteljinga, ikkje minst av bibelhistoria, blei framstilt som «sentralnerve i undervisningen».<sup>986</sup>

Går vi nærare inn på kva menneskesyn Normalplanen uttrykker, ser vi ein gjennomgåande skildring av mennesket som *fritt tenkande individ*. Planen understrekar også *livssynsmangfaldet* som ein realitet. Han peikar på at det er ulike meiningar om religion i heimane, og at opplæringa derfor må formidlast med *meningsutveksling* som didaktisk rettesnor. I staden for å sjå på læraren som ein autoritet med etisk-religiøst mandat, finn vi formuleringar om «fruktbringende» samarbeid på den eine sida og sosialpsykologisk omsorg på den andre. Dette, saman med idealet om ei meir *demokratisk* prega lærarrolle, gir ikkje rom for å forstå lærarens oppdrag, heller ikkje i kristendomsfaget, som misjon eller forkynning. Den berande tanken er at undervisninga i religion ikkje må kome i strid med kravet om «tankefrihet for de enkelte individer».<sup>987</sup>

At normalplanens innhald kan omtalast som eit pedagogisk vindskifte, inneber ikkje at praksis i skolen brått blei endra. Vi må langt inn på 1950-talet før vi med rimeleg rett kan seie at intensjonane i planen har materialisert seg i skolens kvardag. Det som likevel gjer planen til eit nederlag for misjonstanken, er det ideologiske, skolepolitiske og pedagogiske vegvalet han markerer. Planen innebar ei ny verdimesig retning, eit endeleg oppbrot frå den kristendomsdominerte einskapskulturelle skoleideologien.

Den religionspedagogiske endringa Normalplanen bar med seg blei kommentert av Bjarne Hareide, leiaren av Institutt for kristen oppseding (IKO) i 1953. Han hevda at planen var den mest «gjennomgripende reform norsk folkeskole vel har gjennomgått».<sup>988</sup> I tillegg til reduksjonen i timetal planen faktisk førte med seg, ramma endringa etter hans syn sjølve livsnerva i kristendomsfaget. Han slo fast at det meste av «kristendomsfagets bekjennelseskarakter» var viska ut gjennom Normalplanen.

Sjølv om Normalplanen har blitt halden fram som ei ny retning av pedagogar og skolefolk, har det samtidig halde seg ei politisk uvisse kring skolens opplæring i religion. Så seint som i 1969 kommenterte Kyrkje- og undervisningskomiteens i si innstilling til endringar

<sup>985</sup> S.st. Verbet 'står' er her i «historisk presens», så det er tilstanden i 1939 det er tale om.

<sup>986</sup> NOU 1995:9, *Identitet og dialog* s. 14

<sup>987</sup> Normalplanen 1939:25

<sup>988</sup> Hareide 1956:29

i *Grunnskolelova* dette spørsmålet. Politikerane fann enno grunn til å slå fast at skolens kristendomsopplæring *ikkje* var å oppfatte som ein del av kyrkjjas dåpsopplæring:

Komiteen har merket seg departementets uttalelse om at ‘kristendomsundervisninga er kyrkja si dåpsopplæring’. Komiteen vil understreke at denne uttalelsen gir uttrykk for kirkens syn. Kirken har regnet kristendomsundervisningen i skolen som en del av sin dåpsopplæring. Komiteen vil i denne sammenheng presisere at kirken selv har ansvaret for å gi dåpsopplæring i kirkelig forstand.<sup>989</sup>

Denne formuleringa frå 1969 har blitt sett på som ein endeleg sluttstrek for kristendomsopplæringas binding til kyrkjjas dåpsopplæring. Men haldninga til forkynnande element i opplæringa var endra lenge før, truleg alt før andre verdskrigen. Med dei atterhald som må leggst i tolkinga av August Langes undersøking, kan svara frå dei unge lærarelevane tyde på at forkynning stort sett ikkje blei rekna som legitim form for undervisning, heller ikkje i kristendomsfaget. Men, når stortingskomiteen i 1969 fann grunn til å minne om «at kristendomsundervisninga ikkje er kyrkja si dåpsopplæring, og at faget sin konfesjonelle karakter ikkje inneber forkynning»,<sup>990</sup> gav dei uttrykk for at *kyrkja* framleis heldt fast på si forståing, og at kyrkjjas syn hadde støtte i den politiske leiinga i departementet.

At posisjonane seint let seg rikke på dette punktet viser det faktumet at uvissa knytt til dåpsopplæring og forkynning blei borte først på 1980-talet. Den utdanningspolitiske utgreiinga *NOU 1995:9, Identitet og dialog* omtalar spenninga i Normalplanen av 1939 mellom religionsopplæringa og toleransekravet som eit dilemma. Likevel blir konklusjonen at Normalplanen hadde gitt skolens dåpsopplæring eit «grunnskudd».

I normalplanene trakk man samfunnets livsynspluralisme inn og lot den bli et styrende prinsipp for religionsdidaktikken ved siden av det kristelige mål for oppdragelsen. Det innebar at man allerede i 1939 ga den gamle tanke om skolens kristendomsundervisning som en del av kirkens dåpsundervisning et grunnskudd.<sup>991</sup>

Mi oppsummering av dette spørsmålet blir at Normalplanen av 1939 gav tydeleg uttrykk for at skolen og kyrkja har to ulike oppdrag. Planens aksentuering av verdiar som toleranse,

<sup>989</sup> Kyrkje- og undervisningskomiteen i behandlinga av Grunnskolelova av 1969: Innst. O. XIV (1968–69), fra kirke- og undervisningskomiteen om lov om grunnskolen. Sjå også Kirke/statutvalget (2001). *Dåpsopplæring i Den norske kirke*. Delrapport, september 2001, s. 26, og omtalen i NOU 1995:9, *Identitet og dialog*, s. 14–15

<sup>990</sup> Innst.S.nr. 93 (1994–95) frå Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen. s. 87

<sup>991</sup> NOU 1995:9, *Identitet og dialog*, s.14



demokrati, vitenskapleg tenkemåte og tankefridom kan etter mitt syn tolkast som ein motsats til vekkingsrørslas forståing av skolens religiøse opplæring som forkynning og misjon.

Denne korte gjennomgangen av Normalplanens didaktiske profil er meint som ein bakgrunn for det neste kapitlet. Der vil eg analysere læringsmiljøet ved ein av landets fremste institusjonar for lærarutdanning, Oslo lærerskole. Forståinga av lærarens oppdrag innan religionsopplæringa er sentral når eg skal vurdere haldninga til og utforminga av eit misjonsorientert læringsmiljø i den siste av dei vekkingskristelege lærarskolane. Denne analysen skal så leggest til grunn for mitt svar på forskingsspørsmål 3, om resultatet av den vekkingsbaserte satsinga.

## Kap. 20. Oslo lærerskole som vekkingbasert læringsmiljø

### Akademia versus vekking

*Pietismen hadde en tendens til å avvise både teologien og filosofien som en overgripende, metafysisk ramme omkring søken etter sann tro og viten.<sup>992</sup>*

Det er grunn til å meine at den faglege opplæringa stod sterkare ved Oslo lærerskole enn ved dei fleste andre lærarskolane. Men prioriteringa av det faglege kunne potensielt kome i konflikt med misjonsmandatet, og slik skape distanse til vekkingfolket som støttegruppe. Den kulturelle avstanden var på fleire måtar stor mellom den bygdebaserte bedehuskulturen med folkeleg forkynning og hovudstadens akademiske prega institusjonar med forskingsbasert undervisning. Gjennom striden med liberal teologi hadde det i vekkingskrinsar utvikla seg ein skepsis til vitskapleg kunnskap som ein negasjon av trua og Bibelens sanningar. Vitskap blei av mange i rørsle sett på som ei farleg side ved den moderne kulturen. I analysen av Oslo lærerskole stiller eg spørsmålet: Kan satsinga på ein akademisk basert læringskultur ha fjerna lærarskolen frå «grunnfjellet» av støttegrupper, frå deira religiøse og sosiale verdiar?

Ut frå kjeldene, institusjonsbiografiar, vitnemål frå tidlegare elevar og analysen av stoffet om skolen i avisa *FFoR*, sluttar eg at spenninga mellom fagleg opplæring og vekkingskristeleg danning var sterk, men lite eksplisitt omtala i læringskulturen ved Oslo lærarskole. Leiinga verkar å ha vore taus om denne spenninga. Dilemmaet synest ikkje å ha blitt bearbeidd verken internt eller eksternt. Ein var nok opptatt av den religiøst-etiske sida ved oppsedinga, men, som Asbjørn Tveiten skriv: «den prinsipielle drøftinga av tilhøvet mellom teologi og pedagogikk synest ikkje vera ført langt».<sup>993</sup> Problemet var at slike konflikhtar og dilemma ikkje synest å bli reflektert inn i ein integrert yrkesretta danningssprosess. Så vidt eg kan sjå i analysen av vekkingblada, blei slike problemstillingar heller ikkje drøfta i kommunikasjonen med vekkingfolket.

Leiarane Kaarstad, Hallesby og Leere understreka gong på gong kor mykje lærarpersonlegdommen hadde å seie for folkeskole og lærarutdanning. I *rekrutteringa av lærarpersonale* ved Oslo lærerskole blei det likevel gjort val som i ettertid ser ut til å ha lagt tyngst vekt

---

<sup>992</sup> Thue 2019

<sup>993</sup> Tveiten 1994:118

på faglege og økonomiske kriterier, val som synest å ha fått negative følgjer for lærarskolen som misjonsorientert danningsmiljø. Ved tilsetning av lærarar blei det lagt vekt på høgast mogleg fagleg nivå i tillegg til respekt for skolens ideologiske basis. I praksis synest kompetanse basert på akademisk utdanning å ha vore utslagsgivande. Det blei ikkje stilt krav om kristeleg bakgrunn og verksemd, heller ikkje erfaring frå vekking, bedehus eller misjon. Dei tilsette blei ikkje «handplukka». Hallesby sa at ein både i skolefaga og i pedagogikk «søker at være på høide med sin tid og nyttiggjøre sig de resultater av tidens aandsarbeide som kan sies at indeholde reale verdier». <sup>994</sup>

Tilknytninga til vekkingsrørsla synest då også å vere påfallande svak blant dei tilsette lærarane. <sup>995</sup> Ei gjennomlesing av lærarbiografiane for dei første 25 åra av skolens historie viser at bare nokre få av lærarane hadde bakgrunn frå teneste i ein lågkyrkjeleg eller vekkingskristeleg organisasjon. <sup>996</sup> Ei utveljing av personalet knytt til religiøst engasjement, slik det blei gjort ved ungdomsskolane og bibelskolane, men langt på veg også ved Volda lærarskule, ville truleg gitt ein annan profil på opplæringa, og mogleg andre verdibaserte prioriteringar. Mellom anna kunne det ha styrkt det vekkingsorienterte aspektet ved læringsmiljøet. Tveiten meiner også at det ved Oslo lærerskole blei ei større pluralistisk spreining når det gjaldt livssyn enn ein hadde tenkt seg. <sup>997</sup>

Også institusjonsbiografen Odd Ramsfjell omtalar rekrutteringa til dei faglege stillingane som eit mogleg brot med den vekkingskristelege målsettinga Oslo lærerskole var bygd på: «Det kan se ut som om lærernes faglige kvalifikasjoner ble tillagt størst vekt ved enkelttilsetninger. Dette harmonerer for øvrig godt med skolens generelt sterke vektlegging av lærernes faglige og pedagogiske kvalifikasjoner. Hvorvidt det lot seg gjøre å utdanne lærere for folkeskolen ‘med best mulig allmennkunnskaper og pedagogisk innsikt’ basert på ‘Guds ord og vor kirkes bekjendelses grund’, skal være usagt. Men vi har våre tvil.» <sup>998</sup>

Lista over tilsette viser at skolen dei ti første åra brukte mest *timelærarar*, ekspertar i ulike fag og emne. Desse hadde relativt få timar ved skolen, og kunne raskt skiftast ut. Dei fekk dermed ei veikare tilknytning til elevgruppa, noko som særleg svekte deira høve til å bygge

<sup>994</sup> Hallesby sitert etter Slyngstad 1937:11. Dette samsvarar med at Hallesby ville nå og appellere til den framtidige samfunnseliten.

<sup>995</sup> Ein slik bakgrunn hadde rektor Leere, styraren (teolog). Dessutan hadde ein av faglærarane også fungert som prest, og ein hadde undervist på Fjellhaug Misjonsskole (Ludvig Vågdal). Tilsvarande bakgrunn hadde overlærer Ringdal, rektor, redaktør, og nær venn av Hallesby. Han var timelærer og praksisrettleiar (1912–1928).

<sup>996</sup> Leere 1937

<sup>997</sup> Tveiten 1994:289

<sup>998</sup> Ramsfjell 1997:20–21

opp eit integrerande læringsmiljø rundt og ut over undervisninga. Timelærarane kunne, i mindre grad enn fast tilsette, stimulere ein foreiningskultur som gjerne gjekk føre seg på kveldstid og i helgene. Mellom 1912 og 1937 var det engasjert 46 timelærarar og praksisrettleiarar.<sup>999</sup>

Prioritering av «truande ungdom» ved opptak av elevar ved Oslo lærerskole var ei aktuell problemstilling. Dette blei drøfta då tilknytninga til staten var oppe til debatt i 1923. Det ser ut til at ein her gjekk varsamt fram, kanskje med tanke på relasjonen til staten, eller ut frå behovet for å fylle opp klassane. Det synet som vann fram var i alle fall at det ikkje skulle stillast særskilte livssynskrav til elevane ved opptaket. Hadde dette blitt gjort, kunne det ha skapt eit tydelegare vekkingskristeleg læringsmiljø.<sup>1000</sup>

Den nemnde relasjonen til styresmaktene kan ha forklarande kraft når det gjeld prioriteringa av fagleg nivå. Ei lojal oppfølging av lover og føreskrifter blei halden for å vere viktig i forsvaret av skolen. Dette kan nok ha skapt tillit hos borgarlege politikarar, som då også støtta skolen. Støtta kom likevel med ein kostnad. Ho kan, medvite eller ikkje, ha ført til at ideologiske og religiøse aspekt blei dempa, og det faglege og akademisk skuva fram, slik dei nemnde kjeldene gir eit inntrykk av.

Oslo lærerskole var ein *byskole*, ein hovudstadsskole. Mellom 1915 og 1925 rekrutterte Volda lærarskule bare 8% av lærarelevane frå byar, medan 39% av dei som gjekk ved Oslo lærerskole var byungdom. Dette kan ha påverka vilkåret for eit levande foreiningsliv mellom elevane. Fleire budde heime, eller på hyblar spreidd i storbyen. Det var derfor mindre fellesaktivitetar på kveldstid og i helgene enn ved landsens lærarskolar, noko som truleg har utarma elevmiljøet og svekt den religiøst integrerande foreiningskulturen.

Valet av *fagleg struktur* påverkar læringsmiljøet ved ein utdanningsinstitusjon. Den inndelinga av faga ein la opp til ved Oslo lærerskole innebar eit brot med den heilskapstenkinga som hadde prega seminartradisjonen, ein tradisjon som framleis stod sterkt i mellomkrigstida. Eit særtrekk ved denne tradisjonen var at undervisninga i dei ulike faga saman skulle skape ein danningsheilskap med normativ forankring. Oslo lærerskole la på si side vekt på «tunge faglege einingar som stod relativt fritt i høve til kvarandre».<sup>1001</sup> Kvart fag fekk utfalde seg meir på eigne premissar med mindre omsyn til ein normativt forpliktande heilskap. Denne strukturen la grunnlag for fagleg fordjuping, noko som blei utvikla mellom

---

<sup>999</sup> Tveiten 1994:108

<sup>1000</sup> Tveiten 1994:193

<sup>1001</sup> Tveiten 1987. *Oslo private lærerskule*. Forelesning ved Oslo lærerhøgskoles 75-årsjubileum 1987. Her sitert etter Ramsfjell 1997:73

anna i musikk og norsk. Ei slik organisering forsterka truleg merksemda kring det faglege, men kan ha svekt skolen som integrert vekkingsorientert læringsmiljø.

Det akademiske preget blei forsterka då Oslo lærerskole heilt frå starten av, som den første lærarskolen i landet, oppretta egne *studentklassar*.<sup>1002</sup> Studentane gjekk bare eitt år, var eldre enn dei andre, hadde ein annan og sterkare fagleg bakgrunn, og følgde eit meir komprimert og avansert fagleg tilbod. Studentklassane var fylt av *kvinner frå byen*, med ein sterk representasjon frå *øvre sosiale lag*. Dette var fagleg sett ei vellukka satsing, men førte til ei deling av læringsmiljøet. Odd Ramsfjell skriv om ei todelt elevgruppe, med potensial for interne spenningar. Mi vurdering er at denne årvisse gjennomstrøyminga av studentklassar kan ha gjort skolekulturen mindre stabil, mindre heilskapleg og mindre kraftfull som aktør i den vekkingsbaserte skolekampen.<sup>1003</sup>

Samla sett er det fleire faktorar som tyder på at læringsmiljøet ved Oslo lærerskole, i langt mindre grad enn i Volda og på Notodden, hadde *felles sosial profil* med vekkingsrørslas «grunnfjell». Asbjørn Tveiten har etter mitt syn rett når han av slike grunnar meiner at «tanken om kristianisering av samfunnet gjennom omvendning av einskildmennesket» var mindre artikulert i kulturen ved Oslo lærerskole. Han legg til eit viktig atterhald: «Difor treng dette ikkje ha vore karakteristisk for den einskilde læraren ved skulen, og slett ikkje for eleven.»<sup>1004</sup>

For alle lærarskolane var det ei krevjande oppgåve å balansere dei to elementa, fagleg opplæring og kristeleg danning. Alle var forplikta på faglege standardar formulert i nasjonale læreplanmål og eit strengt eksamensbasert kunnskapsregime. Samtidig kan vektlegginga av det fagleg-akademiske for dei vekkingskristelege lærarskolane ha marginalisert utviklinga av ein ideologisk normativ læringskultur. Når det gjeld Oslo lærerskole, kan spenninga mellom fag og forkynning ha verka negativt på relasjonen til skolens eigarar, den jamne medlemsmassen i Indremisjonen. Spenninga i læringskulturen blei som nemnt ikkje drøfta ope med det vekkingsfolket som hadde ofra så mykje for denne lærarskolen. Skolen oppfylte alle statens krav til ei framifrå fagleg og yrkeskvalifiserande lærarutdanning, men stod i mindre

<sup>1002</sup> Mindremannskjensla ungdom frå bygdene kjende på i møtet med det akademiske byprega blei skildra i *Bondestudentar* av Garborg. Arnfinn Fiskås skildrar det å kome til Blindern med bedehus-bakgrunn som å kome til New York med veska full av rublar. (Fiskå 1986).

<sup>1003</sup> Gymnaskulturen desse studentane var innforliva med stod relativt fjernt frå vekkingsrørsla. Ein kan litt uhøgtidleg sei at det var mykje 'moderne gjennombrøt' blant norske lektorar.

<sup>1004</sup> Tveiten 1994:286. Dette er påfallande, sidan denne lærarskolen for Hallesby og Indremisjonen var den viktigaste institusjonen i kampen for landsvekking gjennom skolen.

grad fram som eit alternativ til dei andre lærarskolane når det gjaldt den kristelege opplæringa.<sup>1005</sup> Slik kan skolen seiast å utvikle seg på tvers av vekkingrørslas prioritering.

Skolens målsetting om å danne personleg truande og misjonierende lærarar synest ikkje å ha blitt artikulert klart og vedvarande ved Oslo lærerskole. Det ser ikkje ut til at den sentrale målsettinga blei drøfta inngåande mellom dei tilsette. Odd Ramsfjell skriv at personlet hadde «meir enn nok med å holde hodet over vannet i økonomiske og politiske turbulente tider. Det er trolig ikkje mulig å påvise en direkte samanheng på dette punktet for det meste av undervisningen ved skolen. Snarere dreide det seg om en holdning som i større eller mindre grad gjennomsyret deler av undervisningen.»<sup>1006</sup>

### Magert foreiningsliv

Odd Ramsfjell intervjuar i 1996 tidlegare elevar ved Oslo lærerskole. Han konkluderte med at det var eit heller magert foreiningsliv mellom elevane. Ein av dei han intervjuar, Hans Stordal, hadde gått på lærarskolen 1931–1935, og stadfesta at det var den fagleg sterke undervisninga som prega læringsmiljøet. Etter det han minnest var det «ikkje så veldig godt fram møte» på dei månadlege samlingane til det kristelege elevlaget.<sup>1007</sup>

Rektor Arnfred Slyngstad slår fast at det var mange livssyn og livsinnstillingar i elevflokket, og at brytningane i miljøet var store. Det var inga plikt å delta på kristelege samlingar utanom skoletida. Også Slyngstad understrekar at det var vekslende engasjement kring den kristelege møteverksemda. Han meiner at det var fleire som mista trua medan dei gjekk på Oslo lærerskole. Likevel var det også mange personleg kristne lærarelevar, og «arbeidet ble ledet og drevet i en avgjort positiv kristelig ånd».<sup>1008</sup> Elevane slutta seg til tider saman i kristelege møte med andakt og bøn. Slik fekk dei livssynet sitt påverka av miljøet. Slyngstad slår fast at foreiningslivet mellom elevane (og studentane) aldri hadde nokon særleg «trivsel utenom det kristelige som også skiftet sterkt».<sup>1009</sup> Lagsverksemda på skolen synest i det heile å lide ved at elevane i liten grad søkte til skolen etter undervisninga. Samkjensla blei på denne måten veikare.

Tilsvarande skildringar av læringsmiljøet har vi også frå den tidlegare eleven Ola Rudvin. Han fortel om daglege andaktar som lærarane heldt etter tur. Sjølv om desse kunne få noko

---

<sup>1005</sup> Lojaliteten var mellom anna knytt til at institusjonane var avhengige av eksamensretten og driftstøtte frå staten.

<sup>1006</sup> Ramsfjell 1997:72

<sup>1007</sup> S.st. s. 73

<sup>1008</sup> Slyngstad 1937:38

<sup>1009</sup> Ramsfjell 1997:40

pliktmessig over seg, prega det skolen. Dei kristelege møta var konsentrerte om laurdagen, der elevane opna med bibellesing og bøn. Rudvin omtalar dette som «kravlause arrangement», men held samtidig fram at dei nok hadde mykje å seie for dei som søkte «næring for sitt åndelege liv».<sup>1010</sup> Han oppsummerer likevel med at det var lite lagsverksemd på skolen, noko han grunngir på same måten som Slyngstad med at elevane var spreidde utover i storbyen, som også freista med mange tilbod.

### Få inderlege skildringar

Kjeldene mine kan tolkast slik at vekkingsfolket utvikla ein ambivalens i høve til Oslo lærerskole, ein tvil knytt til om skolen i realiteten fremma vekkingas verdiar og målsetting. Denne konklusjonen bygger på ein gjennomgang av artiklar om skolen i Indremisjonens hovudorgan *FFoR*, frå starten i 1912 til slutten i 1946. Det er påfallande at skolen, trass i at han kosta vekkingsfolket dyrt, og var peika ut som fremste verkemidlet i skolekampen, blei omtala i langt mindre grad enn for eksempel Bibelskolen i Oslo.<sup>1011</sup> Lærarskolen blei først verkeleg synleg i spaltene frå midten av 1920-talet, då den politiske striden braut laus. Bildet vi får av lærerskolen etter dette er jamt over *utvendig*, det vil seie for det meste politisk, strategisk og økonomisk, sjeldan eller aldri innhaldsbasert, vekkingsorientert, nært og omfattande.

Indremisjonen tok eineansvar for Oslo lærerskole i 1923. Dette forklarar likevel ikkje mangelen på omtale før denne tida, for Indremisjonen hadde heller ikkje eineansvar for Menighetsfakultetet og Kristelig Gymnasium, som fekk talrike og djupe omtalar. Når lærarskolen blei nemnt, var det gjerne ved høgtidlege høve som opningar og jubileum, eller ved innsamlingsaksjonar, med oppmoding om pengestøtte. At etableringa av denne praktiegedommen i landets hovudstad ikkje synest å vekke meir interesse, merksemd og entusiasme, er påfallande.

Oslo lærerskole, Wergelandsveien 29,<sup>1012</sup> låg bare nokre steinkast frå det som på 1930-talet blei reist som eit av dei mest talande byggverk i tida, Staffeldts gate 4, hovudkvarter for vekkingsrørslas mektigaste organisasjon, Indremisjonen. Dette bygget, eit heilt kvartal, stod ferdig i 1934. Som signalbygg i funksjonalistisk stil var det eksponent for ei organisasjonsmessig sjølvforståing, den hegemoniske posisjonen til vekkingsrørsla. Samtidig viste bygget

---

<sup>1010</sup> Rudvin 1937:59

<sup>1011</sup> I 1937 samla Indremisjonen inn om lag 660000 kroner til nybygget i Wergelandsveien 29.

<sup>1012</sup> I dag: Litteraturhuset i Oslo

fram nokre av spenningane rørsla bar i seg. Forsamlingsalen og bibelskolen viste, trass storleiken og moderne arkitektur, til tradisjonelt kristenliv knytt til bedehuset, medan hotellet og administrasjonen viste fram Indremisjonen som ein moderne organisasjon.<sup>1013</sup>

Det er ein tydeleg skilnad mellom det genuint vekkingsorienterte ved bibelskolen i Staffeldtsgate 4 og den faglege og akademiske preget vi finn ved lærarskolen i Wergelandsveien 29. Distansen mellom vekkingsfolket og lærarskolen kan ha bakgrunn i at lærarutdanning, trass i Hallesbys insisterande retorikk og programerklæringa frå 1912, blant den jamne vekkingskristne *ikkje* blei oppfatta som ei kjerneoppgåve for Indremisjonen. Like sentralt kan det ha vore at lærarskolen som fagleg miljø og læringskultur vende seg mot universitetet, mot academia.

Det er mogleg å påvise ei *gliding* i avisstoffet om lærarskolen. Bakgrunnen for etableringa blei frå starten av omtala i teologiske og strategiske vendingar, i samsvar med Hallesbys artiklar frå 1912. Avisa *FFoR* slo fast kor avgjerande viktig skolen ville bli for å fremme ein kristen lærarstand. Utover på 1920-talet handla artiklane meir og meir om striden med staten og Arbeidarpartiet, som gong på gong var ute etter å legge ned skolen. Det som mest heilt manglar i *FFoR*, er skildring av det kristeleg dannande og trusstyrkande ved læringsmiljøet. Særleg talande er mangelen på skildringar av lærarskolen som *vekkingskristeleg elevkultur*. Denne mangelen blir særleg tydeleg når han blir samanlikna med den presentasjonen andre kristelege skolar fekk (søndagsskolen, ungdomsskolen, gymnaset, bibelskolen, landbrukskolen, hagebruksskolen). Bibelskolen blei for eksempel omtala med innleving og varme, som eit «kjært barn av Indremisjonen» med ein sosialt og religiøst integrerande skolekultur: «Bibelskolen på tur», «Elevstevne i Bibelens tegn» eller «Mitt år på Bibelskolen». Slik «inderleg» omtale finst ikkje når det gjeld Oslo lærerskole.

Når eg samanliknar læringsmiljøet ved dei andre kristelege skolane med det vi finn ved Oslo lærerskole, vil eg bruke dikotomien Johan Lövgren nyttar når han i si doktoravhandling karakteriserer folkehøgskolane. Desse skolane verka, meiner han, i spenninga mellom «inherently normative (authoritative) elements in the religious tradition and the idea of dialogue in the folk high school movement».<sup>1014</sup> Det normative hadde ein sjølvstøtt plass i lærarutdanninga, også ved Oslo lærerskole, ikkje minst i faget kristendom. Ut frå kjeldene synest det likevel openbart at det normative knytt til den vekkingskristelege tradisjonen kom til å stå svakare enn verdidokument og forsvarsskrifter formulerte som mål for opplæringa.

<sup>1013</sup> Per Anders Aas har gitt ein perspektivrik ideologisk analyse av bygget som arkitektur. (Aas 2002)

<sup>1014</sup> Lövgren 2018:57



## Frivillig integrasjon?

Den sterke politiske striden kring den kristelege lærarskolen i Oslo blei ei tung bår for eigarane. Dei blei tvungne til, som eit forsvar av skolen, å tilpasse seg vekslende politiske signal knytt til statens styring av norsk lærarutdanning. Kva følgjer fekk dette for handlingsrommet til skolen? Sosiologen Håkon Lorentzen har forska på integrasjon mellom frivillige organisasjonar og staten. For analysen av Oslo lærerskole er det mogleg å trekke vekslar på den drøftinga han har gitt av ein behandlingstilstand driven av Oslo Indremisjon (i dag Kirkens Bymisjon).<sup>1015</sup> I boka *Frivillighetens integrasjon*<sup>1016</sup> har han vist kva som kan skje når frivillige verdibaserte verksemder blir integrerte med statleg styring.<sup>1017</sup> Han viser for det første at integrasjon ikkje er einvegs, det vil seie einseitig påtvinga av staten. Frivillige organisasjonar kan *søke* å bli integrert. Verknaden av integrasjonen kan vere at religiøst baserte grunngevingar kan bli skuva i bakgrunnen av eit meir eller mindre nøytralt og vitskapsbasert fagregime.<sup>1018</sup> Lorentzen meiner at prioriteringa av det faglege i den aktuelle institusjonen i hans studie bygde på eit ønske om å vere «moderne». Den reelle målsettinga bygde også på «en oppfatning om at det ville være mulig å realisere forkynnesmålsettingene med offentlig samarbeid».<sup>1019</sup>

Konfliktar og dilemma Lorenzen skildrar i sitt materiale frå ein frivillig organisasjon innan sosialt arbeid liknar dei eg har funne ved Oslo lærerskole. Det er ingen tvil om at Hallesby og leiinga i Indremisjonen såg på seg sjølv som moderne og framstegsretta. I utviklinga av Oslo lærerskole har dette mellom anna kome til uttrykk gjennom rekrutteringa av fagleg tilsette som styrkte det akademiske ved opplæringa. For Indremisjonen var samspelet med staten kring lærarutdanninga både påtvinga og frivillig. Sjølv om samspelet med staten dels var frivillig, visste leiarane i Indremisjonen at lærarskolen ikkje ville greie seg utan støtta frå staten.

Lorentzen fann at fridommen i samspelet etter kvart innsnevra gjennom den langsiktige integrasjonen med staten, at realiseringa av institusjonens verdibaserte målsetting blei truga.<sup>1020</sup> Dette er ein konklusjon som stemmer med min analyse av Oslo lærerskole. Hallesby

---

<sup>1015</sup> Kirkens Bymisjon, tidl. Oslo Indremisjon, er ei diakonal stifting, etablert i 1855 som Christiania Indremissionsforening av mellom andre Gisle Johnson.

<sup>1016</sup> Lorentzen 1994

<sup>1017</sup> Lorentzen bruker «integrasjon» som ei samlande nemning om at statleg styring og frivillige velferdsytningar kan knytast saman. (Lorentzen 1994:47)

<sup>1018</sup> Omgrepet «kolonisering» er brukt om slike prosessar. (Lorentzen 1994:50)

<sup>1019</sup> Lorentzen 1994:96

<sup>1020</sup> S.st. s. 108

var, då kampen gjekk mot slutten, open om at Indremisjonen og Oslo lærerskole hadde gitt staten konsesjonar i samarbeidet. Han innsåg også at dette hadde verka hemmande på utfaldinga til organisasjonen. Samtidig understreka han at skolens *raison d'être* var knytt til utviklinga av eit vekkingsbasert læringsmiljø, og at dette ville vere mogleg sjølv i eit samarbeid med ein stat styrt av Arbeidarpartiet.

## Vonbrot

Det eg her har framstilt som eit tvitydig trekk ved Oslo lærerskole som vekkingskristeleg miljø, hadde samanheng med uavklara spenningar i vekkingsrørslas skolestrategi. Inntrykket kjeldene gir av lærerskolen som kristeleg misjonsretta danningsmiljø er uklart og sprikande. Eg meiner likevel å kunne dra somme slutningar.

Indremisjonens «flaggskip» synest ikkje å ha greidd å integrere vekkingsrørslas ideologi i ein læringskultur med vekt på akademiske faglege verdiar. I mindre grad enn lærarskolen i Volda synest Oslo lærarskole å vere oppfatta som eit «kjært barn» av vekkingsrørsla, og som eit kristeleg alternativ til dei offentlege lærarskolane. Samtidig heldt leiarane i Indremisjonen den ideologiske fana høgt. I 1926 skreiv Hallesby i *Kristelig pædagogisk tidsskrift* på nytt at den kristelege lærarutdanninga i Norge var det mest fruktbare Indremisjonen kunne utføre, og kalla det «den største fædrelandssak som nogen har paa sit program».<sup>1021</sup>

Ut frå denne gjennomgangen kan det sluttast følgjande: Læringsmiljøet ved Oslo lærerskole synleggjer underliggande dilemma og ambivalens i skolesatsinga. Spenninga mellom vekkingsaspektet og det fagleg-vitskapelege aspektet blei aldri avklara. Det veike vekkingsinnslaget og den distanserte skildringa av lærarskolen i *FFoR* kan ha ført til at det blant vekkingsfolket, truleg også innan leiinga av Indremisjonen, utvikla seg ein tvil knytt til lærarutdanninga som ein reiskap for vekking. Dersom denne analysen råkar, kan det ikkje vere feil å påstå at Oslo lærerskole, trass i målformuleringar, verdidokument, festtalar og kampretorikk, langt på veg stod fram som *eit vonbrot for vekkingsfolket*. Skolen blei aldri ein slagkraftig reiskap for landsvekking.

For Indremisjonen, og særleg for Ole Hallesby, skulle historia til Oslo lærerskole få ein bitter ende. Han opplevde eit dobbelt tap. Det første, at lærarskolen aldri blei eit «hjardebarn» for vekkingsfolket, eller ein faneberar i «åndskampen», finn eg ikkje teikn på at han innsåg.

<sup>1021</sup> Hallesby, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*, nr. 6, Juni 1926. Grunnen til at han her omtalar lærarutdanninga som ei «fædrelandssak» må vi sjå i samanheng med det han elles omtalar som «landsvekking» ein visjon om ei endring og rekristning av heile landets kultur.

Det andre innsåg han som eit sviande erkjenning, nemleg at skolen blei overtatt av staten som den siste kristelege lærarskolen. Tapet var eit nederlag for vekkingrørslas visjon om å utdanne misjonerande lærarar.

## Kap. 21. Kristeleg lærarutdanning mot slutten

### Svekt økonomi og politisk motstand

Då det frå midten av 1920-talet blei overskot av lærarar, gjekk søkinga til lærarutdanning ned. Dette ramma private institusjonar i endå større grad enn dei statlege, avhengige som dei var av solide søkarlister og fulle klassar.<sup>1022</sup> Det skrinne og etter kvart reduserte statstilskotet gjorde konkurransen med dei offentlege lærarskolane særskild krevjande for dei kristelege. Men eksamenskommissjonen stilte, gjennom dei nasjonal lærarprøvene, dei same kunnskapskrava til alle. Det faglege innhaldet blei dermed temmeleg likt anten skolen var statleg eller privat.

Mot midten av 1930-talet steig temperaturen i debatten kring den kristelege lærarutdanninga. Kampen blei ideologisk, politisk, prinsipiell og langvarig. Han spissa seg til, dempa seg, men kom tilbake i fleire omgangar. I striden med Arbeidarpartiet og staten var generalsekretær Fredrik Wisløff klar på at Indremisjonen hadde gitt staten god valuta for pengane som var brukt på drifta av Oslo lærerskole. Han meinte at «alle parter» hadde gitt skolen honnør for førsteklasses drift og resultat. «Kristenfolket har dessuten ofret alt for at Oslo lærerskole skal stå fullt på høide med hvad tiden krever. (...) Oslo lærerskole står først i rekken i vårt land. Hvorfor skal da ikke kristenfolket få beholde sin skole?»<sup>1023</sup> Skolen møtte ein prinsipiell og stadig sterkare motstandar i Arbeidarpartiet. Særleg for Hallesby blei dette ein tung strid.

Då Arbeidarpartiet fekk regjeringsmakt i 1935, viste det som nemnt ei meir forsonleg haldning til det kristelege innslaget i skolen.<sup>1024</sup> Enno fans det i partiet dei som hevda ei radikal linje, som då Sigvald Strømme på landsmøtet i 1936 etterlyste at partiet i regjeringsposisjon markerte seg som religionskritisk ved å krevje reformer i religionsundervisninga.

Jeg mener religionsundervisningen i grunnskolen slik den nu drives, er en skam for vår kultur, og at det er en skam for et parti som vårt å la det spørsmål helt ligge. (...) Jeg henviser som eksempel til hvordan denne undervisning er anlagt i Russland.<sup>1025</sup>

---

<sup>1022</sup> Myhre 1976

<sup>1023</sup> Wisløff, *For Fattig og Rik* 24. mai 1936

<sup>1024</sup> Midttun 1995

<sup>1025</sup> Strømme 1936. Her sitert frå Jordheim 2009:157

Sosialistisk skolelag leverte i 1935 eit forslag til skoleprogram. Formann i laget var Halvard M. Lange, bror til August Lange. Forslaget blei bearbeidd av ein «skolekomité» med Magnus Nilssen som formann, og lagt fram på landsstyremøtet i 1936. Lange var positiv til ei historisk og konfesjonslaus undervisning, men Nilssen tilrådde forslaget frå sentralstryret ut frå strategiske og pragmatiske omsyn, og fekk landsstyret med seg i dette:

Å føre inn en post om religionsundervisningen – selv med det innhold siste taler skisserte, og som jo ikke er fremmed for oss i partiet – finner jeg å måtte fraråde. Vi har sett hvilke plager vi har hatt i by og bygd med den post før. Vi er et politisk Arbeiderparti som må gi rum for alle opfatninger, også på det religiøse område; her skal det være plass for alle og enhver. Derfor må vi ikke sette op nogen post om religionsundervisningen eller om hvordan det enkelte medlems forhold til tro og religion skal være.<sup>1026</sup>

Om partiet ikkje lenger gjekk ope til felts mot kristendommen i skolen, var det klart at det stod for eit ideologisk linjeskifte når det gjaldt skolen som arena for folkeleg danning. Når det gjaldt skolens faglege og pedagogiske profil, kom synsmåtar om dette til uttrykk først i programmet i 1933. Der står det at ein går inn for «Folkeoplysning på videnskapelig grunn. Den videnskapelige forskning vernes og fremmes».<sup>1027</sup> I 1936 legg partiprogrammet endå sterkare vekt på at opplæringa skal bygge på pedagogisk forskning:

Fremme av pedagogisk forskning. Omlegging av undervisningsmetoden i retning av arbeidsskoleprinsippet. Tilpassing av fagkrets og undervisningsstoff til elevenes utviklingstrin. Omlegging av undervisningsstoffet med sikte på innføring i samtidens arbeids- og samfundsliv og i videnskapelig tankegang. Nyordning av eksamener og avgangsprøver så de gir virkelig uttrykk for elevenes arbeide på skolen. (...)

I programmet står det klart og tydeleg: «All lærerutdanning overtas av staten.»<sup>1028</sup>

Debatten om nedlegging av lærarskolar blei lang og hard. Den parlamentariske skolekommissjonen av 1922<sup>1029</sup> gav ei innstilling om nedskjering av opptak og om tal på institusjonar. Då

<sup>1026</sup> Magnus Nilssen, Landsstyremøte i Arbeidarpartiet 1936. Her sitert frå Jordheim 2009:158

<sup>1027</sup> Det norske Arbeidarparti, Valgprogram 1933.  
<https://www.Arbeidarpartiet.no/om/historien-om-Arbeidarpartiet/historiske-partiprogrammer/>

<sup>1028</sup> Det norske Arbeidarpartis arbeidsprogram 1936.  
<https://www.Arbeidarpartiet.no/om/historien-om-Arbeidarpartiet/historiske-partiprogrammer/>

<sup>1029</sup> *Den parlamentariske skolekommissjon av 1922*, 1927:4–7.

Volda lærarskule blei kjøpt av staten gjennom eit vedtak i Stortinget den 12. mai 1924 (mot 38 stemmer), hadde lærarskolane på Notodden og i Oslo ikkje noko ønske om å bli reine statsskolar.

Den 28. oktober 1925 heldt hovudstyret i Indremisjonen møte og drøfta brev frå departementet om dei var villige til å overlate Oslo lærerskole til staten. Medlemmene av hovudstyret var i tvil om ein ville greie sikre ein levedyktig institusjon i framtida, men meinte at dei ikkje kunne ta ansvar for å selje lærarskolen så lenge han var stifta gjennom eit vedtak i generalforsamlinga.<sup>1030</sup> Striden blei kraftig skjerpa då Stortinget den 2. juni 1926 vedtok (77 stemmer mot 61) å redusere statstilskotet med med to tredelar, og at heile bidraget på kr. 90000 skulle avviklast i løpet av tre år. Hovudstyret formulerte då eit langt brev som grunnga opprettinga av Oslo lærerskole og skildra drifta fram til då. I brevet blir det understreka at skolen fullt og heilt hadde vore driven i tråd med statens lover, reglement og læreplanar. Hovudstyret understrekar også «(...) at skolen i denne tid ydet staten store tjenester, hvad ogsaa Kirkedepartementet gang paa gang har git uttryk for.

For skolens bestyrer og lærere var dette en byrdefuld tid med store personlige opofrelser, som for enkeltes vedkommende gik paa helbreden løs.»<sup>1031</sup> Det var framleis knytt stor uvisse til kva staten ville gjere med statstilskotet.<sup>1032</sup> Då saka på nytt kom opp i 1928, blei det sagt i hovudstyret at det var Arbeidarpartiets mål å «frata skolen både statsbidraget og eksamensretten».<sup>1033</sup> I den vidare behandlinga i Stortinget i åra deretter, blei statstilskotet redusert, men ikkje fjerna. Eksamensretten blei halden oppe.

Etter at Arbeidarpartiet tok over makta i 1935, la regjeringa fram eit forslag (23. desember 1936) om overføring av Oslo lærerskole til staten. Forslaget møtte ein negativ reaksjon hos kristenfolket, men også hos fleirtalet i stortingskomiteen. Då regjeringa skulle grunngi forslaget om nedlegging, blei det hevda at «lærarskulane er fagskular, og at det berande idegrunnlaget fyrst og fremst bør vere av fagleg art um det skal få nokor verd for lærarutdanningi».<sup>1034</sup> Regjeringa meinte at dei private skolane skulle få eitt år til å avvikle.

<sup>1030</sup> Møteprotokoll, Hovudstyret i Indremisjonen, 28. oktober 1925, Sak 11. Arkivet til Normisjon

<sup>1031</sup> Utkast brev til «Norges Storting og Regjering», vedlegg til Møteprotokollen Hovudstyret i Indremisjonen, 1926. Arkivet til Normisjon. Brevet blei truleg lagt fram til orientering. Kopi av det ferdige brevet er ikkje vedlagt protokollen.

<sup>1032</sup> Så usikre var hovudstyret at dei ikkje ville halde eit planlagt drøftingsmøte om saka i redsle for å irritere sin politiske motpart. Eit slikt møte ville kunne «bli misoppfattet av statsmyndighetene». (Møteprotokoll, Hovedstyret i Indremisjonen, 25. februar 1927, Sak 10. Arkivet til Normisjon.) s

<sup>1033</sup> Møteprotokoll, Hovedstyret i Indremisjonen, 20. april 1928, Sak 1. Arkivet til Normisjon

<sup>1034</sup> St.forh. 1937 1a kap. 243 s. 81–82

Debatten i Stortinget 21. – 25. mai 1937 blei eit storoppgjer. Ordskiiftet handla på nytt om privat kontra statleg lærarutdanning, dessutan om lokalisering av skolane, det vil seie distriktspolitikk. Lars Moen karakteriserte dei private skolane som «blindtarmar i lærarskule-stellet». Svein Øraker snakka om «kneskjelv for indremisjonen». Ved voteringa blei utfallet at Elverum lærarskole skulle haldast oppe (mot 31 stemmer), medan Notodden blei nedlagt. Året etter, 1. juli 1939, gjekk departementet likevel med på å overta lærarskolen på Elverum.

Ordninga med privat lærarutdanning overlevde, det same gjorde Oslo lærarskole. Men kva var igjen av den kristelege lærarutdanninga som kamparena for vekkingsbasert kristendom? No var lærarskolen ved Slottsparken, «angrepsanstalten» til Hallesby og Indremisjonen, den einaste vekkingskristelege lærarskolen. Med Arbeidarpartiets syn på private lærarskolar var det innlysande for dei fleste at det ikkje kunne vare lenge før også denne fall.

For dei vekkingskristne handla striden ikkje først og fremst om den *formelle konfesjonelle forankringa* til lærarutdanninga. Evangelisk-luthersk kristendom var framleis statens offisielle religion og sentral for skolens verdigrunnlag. Saka var at dei mistrudde den verdslege staten fordi radikale politikarar med Arbeidarpartiet i spissen hadde sagt, skrive og vist at dei ville gjere skolen sekulær. Striden hadde alt frå starten handla om retten til å påverke komande lærarar, og dermed elevane i den allmenne folkeskolen i ei særskilt religiøs retning, om retten til å fremme eit *misjonsbasert syn på lærarrolla*. Dei som var imot kristeleg lærarutdanning hevda at det var feil å basere utdanninga av lærarar for den offentlege folkeskolen på ei særskilt forståing av religionen. For dei var det logisk at alle lærararskolane og alle lærarane skulle gi ei opplæring basert på kristeleg truslære og etikk i tråd med skolens kristne føremålsparagraf og verdigrunnlag.

Striden handla indirekte om vekkingsrørslas store skoleprosjekt. Dei planane og den skolesatsinga Hallesby hadde initiert var heilt og fullt tufta på utviklinga av ei vekkingsbasert kristeleg lærarutdanning. Han hadde framleis i 1937 ei positiv vurdering av kva resultat den kristelege lærarskolen i Oslo kunne vise til. I ein takketale til rektor Anton E. Leere sa Hallesby: «Vi takker Gud, og vi takker dig. For det du har gjort gjennom Lærarskolen for de norske barn, for de norske hjem, for Norges fremtid.»<sup>1035</sup>

Med Arbeidarpartiet i regjeringskontora auka presset. Striden blei med dette sett inn i politiske og ideologiske rammer som verka med til å forsteine posisjonane. Rektor ved lærarskolen, Arnfred Slyngstad, bidrog til dette då han aksentuerte den religiøse grunngevinga med krigstermar: «Det er en krig mellem to åndsmakter. Utfallet er visst, dersom vi står

<sup>1035</sup> Hallesby 1937. Her sitert etter Ramsfjell 1997:40

sammen og lar oss bruke. Det blir om skolen kampen herefter står, – ikke bare de såkalte kristelige skoler. Og den som har skolen, har folket.»<sup>1036</sup> Fredrik Wisløff skreiv ut frå den same retoriske posisjonen i *FFoR*. Han fryktar at

(...) kristenfolket mister den lærerskole som med store ofre er reist som vakt om en bekjennelsestro og levende kristendomsundervisning i vår folkeskole. (...) vi kjenner et kall fra Gud til å få gjøre denne gjerning i det norske folk og vi vet at der står et stort folkeønske bak denne bønn (...).<sup>1037</sup>

Krigstmermar og åndeleggjering av kampen kan nok ha verka mobiliserande internt, men gjorde ikkje inntrykk på motstandarane, snarare tvert om. Til sist måtte Indremisjonen strekke våpen og innsjå at makta rådde. Statsråd Kaare Fostervoll<sup>1038</sup> sende hausten 1946 brev til styret for Oslo lærerskole om at staten ville overta skolen. Deretter forhandla han med Wisløff, Hallesby og Slyngstad, og gjekk inn for å utsette avgjerda. Då saka kom opp i stortingskomiteen, ville desse derimot ha ei avgjerd, og gjekk inn for at staten straks overtok skolen. Etter det snudde statsråden, og gjekk inn for synet til komitéfleirtalet.<sup>1039</sup> Han skreiv i *Arbeiderbladet* om korleis ein demokratisk skole skal tene opplysning for heile folket, og karakteriserte motparten som fanatikarar:

Vi anerkjenner statskirken og griper ikke inn i dens indre forhold. Men hvis en sekterisk og trosfanatisk retning som Indremisjonen truer med å ta kvelertak på vårt folks åndsliv, og hvis statskirkens og de borgerlige partiers menn slutter opp om dette, må vi rope et varsku.<sup>1040</sup>

Også i stortingsdebatten omtala statsråden lærarskolen lite respektfullt: «Denne Oslo lærerskole (...) står etter mitt syn så vidt eg kan skjønna som ein sektskule.»<sup>1041</sup> *FFoR* hevda at skolen blei skulda for å vere prega av «en pietistisk og indremisjonsk trosfanatisme».<sup>1042</sup>

Vekkingrørslas stortente og målretta satsing på lærarutdanning fekk si avslutning då Stortinget 20. november i 1946 vedtok med 83 mot 58 stemmer at staten skulle overta all

---

<sup>1036</sup> Slyngstad 1937:34

<sup>1037</sup> Wisløff, *For Fattig og Rik*, 9. feb. 1935

<sup>1038</sup> Kaare Fostervoll, stortingsrepresentant 1945–49, kirke- og undervisningsminister 1945–48, kringkastingssjef 1948–62.

<sup>1039</sup> Hallesby var svært bitter over denne handsaminga. *For Fattig og Rik*, 4. aug 1946

<sup>1040</sup> Statsråd Fostervoll, *Arbeiderbladet* 28. nov 1946

<sup>1041</sup> Slyngstad 1964:39

<sup>1042</sup> S.st.



privat lærerutdanning. Det innebar at staten overtok Oslo lærerskole.<sup>1043</sup> Skolen hadde statsbidrag også skoleåret 1947-1948, medan forhandlingane om overtakinga gjekk føre seg. Frå 1. juli 1948 var også denne lærarskolen i offentleg eige.<sup>1044</sup>

### «Flertallsdiktatur»

Tapet av Oslo lærerskole var eit sviande nederlag for den vekkingbaserte skolevisjonen. For radikale politikarar var overtakinga av all privat lærerutdanning eit spørsmål om demokrati. For Hallesby var det eit uttrykk for «fleirtalsdiktatur».<sup>1045</sup> Han viste til at kristeleg lærerutdanning hadde blitt oppretta fordi dei andre lærarskolane, trass i målformuleringane, hadde forlate det sentrale målet om opplæring på Bibelens grunn.

‘Undervisningen skal skje på Guds ords og kirkens bekjennelses grunn’ stend det i meldingi. Dei kunne lagt til: Likesom dei andre lærarskulane. Men det legg dei ikkje til, for då hadde alle folk sett at dette med Guds ord er ei frase.<sup>1046</sup>

Etter at stortingsvedtaket var fatta, skreiv Hallesby ein lang artikkel i *FFoR* med tittelen *Oslo lærerskole*. Her gav han nok ein gong uttrykk for at staten alt hadde kontroll med både det faglege og pedagogiske ved dei private lærarskolane.

Denne kontroll har den gjennom sin rett til å godkjenne alle læreransettelser samt ved å meddele eller nekte eksamensrett. Men er det ikke det pedagogiske ved denne private lærerutdanning som driver Staten til å overta den private skole, så må det jo være det ideologiske. Og her har vi ensrettingen: statsfunksjonærene skal støpes i samme form. (...) Her går skillelinjen mellom demokrati og diktatur.<sup>1047</sup>

Hallesby skreiv ein ny artikkel i julenummeret av *FFoR*, 1946: *Vore barns lærere*.<sup>1048</sup> Han var framleis i sjokk over at Oslo lærerskole var tapt, og skreiv ei av dei mest engasjerte og innlevande skildringane han hadde forfatta om læraren og skolen. Her var han ikkje lenger kampstrateg, men visjonær kristenleiar. Han skreiv om kor sentral rolle lærarane spela for framtida til folket. Dei kan ikkje unngå å påverke og forme neste generasjon, til det gode eller

<sup>1043</sup> St.forh. 1847 VII b. s. 1959–1991. 1947 I kap. 243, s. 75

<sup>1044</sup> Dahl 1959:357

<sup>1045</sup> Jan Messel (2016): <https://blogg.hioa.no/hioahistorie/2016/01/07/laererutdanning-ogkulturkollisjoner/> (Lese 20.1.2017)

<sup>1046</sup> *Den 17. mai* 1912

<sup>1047</sup> Hallesby i *For Fattig og Rik*, 1946, 1. des.

<sup>1048</sup> *For Fattig og Rik*, 1946, nr. 50, 1946

det vonde, hevda han. «Ingen bestemmer mer over folkets religion, moral og livsanskuelse.»<sup>1049</sup> Hallesby tok på nytt fram det kjende synspunktet frå Kaarstad og Ringdal, at det ikkje var sjølvje undervisninga som var hovudsaka, men at det den personleg kristne læraren stod for kunne hjelpe barna til å «bli hos Kristus». Det var dette synet som hadde drive det norske vekkingsfolket til å reise kristelege lærarskolar.

Men nå har Staten tatt disse skoler fra oss. Dermed har vi mistet et av de aller mest effektive arbeidsredskaper i vårt kristelige arbeid. Intet kristelig arbeid gir så mange fold som arbeidet blant de vordende lærere for våre barn.<sup>1050</sup>

Også i 1948 omtala Hallesby lærarskolen som eit tapt prosjekt. Like fullt heldt han fast på det sentrale i den opphavlege skolestrategien, og oppmoda «indremisjonsvennene» til å kjempe for at samfunnet skulle bli prega av kristne verdiar. På nytt drog han fram tanken som var sentral i skolestrategien hans, at vekkingsfolket gjennom skolen nådde dei høgare sosiale laga, dei som forvalta makta i samfunnet. «Vi har ansvar for hele vårt folk. Ikke minst for dem som ved sin utdanning kommer til å innta de ledende stillinger i vårt folk.»<sup>1051</sup> Ambisjonane var framleis skyhøge: «Vårt mål er: Troende prester, troende læger, troende jurister, troende offiserer, troende lektorer.»<sup>1052</sup>

Då Hallesby skreiv dette, i 1948, hadde Indremisjonen ikkje lenger nokon lærarskole.<sup>1053</sup> Realistisk nok sette han ikkje den kristne læraren i ei særstilling, og nemnde ikkje det misjonerande mandatet, som frå 1912 hadde stått sentralt i skolestrategien. Framleis omtala han skolen med bekymringsfull omsorg, men det er noko avbleika og lite konkret ved teksten hans. Den gamle generalen gir ikkje lenger ein kommando, eit kampsignal, men uttrykker eit nølande ønske: «Det burde jo være en ‘skolekomité’ i enhver ungdomsforening.»<sup>1054</sup>

Hallesbys visjon om skolen som reiskap for vekking og rekristning blei freista ført vidare då *Kristelig pedagogisk kontor* blei oppretta i november 1945, med Bjarne Hareide som leiar. (Kontoret skifta namn til *Institutt for kristen oppseding (IKO)* i 1948). Hareide delte Hallesbys

---

<sup>1049</sup> S.st.

<sup>1050</sup> S.st.

<sup>1051</sup> Hallesby 1948:219. Dette er som eit vekkingsbasert ekko av *Edvard Bulls* agitatoriske opprop i 1923: «Vi skal gjøre skolen verdslig, likesom sykepleien og begravelser og ekteskapet og fødselsregistreringen. Vi skal slåss uforsonlig med den bestående officielle lutherdom, som med andre fordømmende sekter.» (Bull 1923:31)

<sup>1052</sup> S.st.

<sup>1053</sup> Likevel blei boka publisert med eit avsnitt som føreset at Oslo lærarskole framleis er eigd av Indremisjonen.

<sup>1054</sup> Hallesby 1948:220

syn om at ein gjennom utdanninga kunne nå dei øvste delane av samfunnet, menneske som i framtida skulle innta leiande posisjonar og som kom til å prege utviklinga. Ikkje minst kom dette til uttrykk gjennom slagordet Hareide formulerte i boka frå 1956, *Skal kristendommen ut av skolen?*: «Det positive siktepunkt kan formuleres slik: Fyll institusjonene!»<sup>1055</sup>

Åge Holter, ein nær medarbeidar til Hareide i IKO, såg det som sentralt å kunne fremme ein folkepedagogisk visjon «med samme innhold som Indremisjonens og Hallesbys tanker, bare med større bredde både kirkelig og kulturelt». <sup>1056</sup> Instituttet stod fram som ei vidareføring av Hallesbys strategi også på den måten at det «ut ifra et kristent grunnsyn framsto som samtidens klareste kritiker av Arbeidarpartiets skolepolitikk». <sup>1057</sup> Hareide stilte seg dessutan i ein pietistisk tradisjon då han definerte omgrepet kristeleg «oppseding» som «en bevisst tanke om å vektlegge det moralske aspektet i virksomheten». Målet var «å `dempe synden` og holde åpenbare syndere i age, så orden kan opprettholdes i samfunnet og lov og rett gjelde». <sup>1058</sup> Hareide stilte seg også på linje med Henrik Kaarstad då han heldt fram at opplæringa ikkje aleine kunne føre til kristendom og til tru, men kunne bli ein «tuktmeister (pedagog) til Kristus», og leie individet til frelse. Den kristne opplæringa var dermed å forstå som forkynning i den meininga at ho «gjør foreldre og lærere til apostler, biskoper og prester for sine barn». <sup>1059</sup>

Vekkingsrørslas satsing på utdanning heldt altså fram etter andre verdskrigen. Vi har i dag kristelege allmennfaglege og yrkesfaglege vidare gåande skolar. Av vitskaplege høgskolar finn vi mellom anna *Menighetsfakultetet* og *VID (Diakonhjemmet o.a.)*. Ei lærarutdanning på vekkingskristeleg grunn kom til då *Norsk lærerakademi* starta lærarskole retta mot grunnskolen i 1995. Sjølv om fleire av desse institusjonane kan seiast å føre vidare delar av vekkingsrørslas visjonar, ser dei i mindre grad på verksemda si som ein kulturkamp med misjonsretta lærargjerning og rekristning gjennom landsvekking som mål. Derfor står konklusjonen i denne undersøkinga fast – at vekkingsrørslas skolepolitiske visjon om misjonerande lærarar fekk eit grunnskot då Oslo lærerskole blei overtatt av staten i 1946.

---

<sup>1055</sup> Hareide 1956:8

<sup>1056</sup> Holter, Åge. «I begynnelsen – et personlig tilbakeblikk på IKOs første år», *Prismet* 3/1995, s.94-95

<sup>1057</sup> Helsvig 2005: 137

<sup>1058</sup> Holter 1991:2

<sup>1059</sup> Bjarne Hareide i 1955. Sitert frå Kim Helsvig 2005

## Oppsummering 1930–1946

1930-talet var ei tid for både vekking og sekularisering. Samtidig blei spenninga innan norsk kyrkjeliv dempa, ikkje minst mellom konservativ og liberal teologi. Det kom inn fornyande impulsar, for eksempel gjennom vekkingar i hovudstaden, og i møtet med Oxfordrørsla. Likevel var hovudtrekket at kristendommens posisjon var svekt som samlande ideologi på samfunnsplanet. Som praktiserande pedagogar måtte også vekkingskristne lærarar forsone seg med at det kristne elementet i opplæringa blei redusert, om ikkje borte. Normalplanen av 1939 markerte ei retning for skolen basert på demokratisk danning, elevsentrert pedagogikk og eit vitskapsbasert kunnskapssyn. I denne konteksten blei det ei tung oppgåve å tolke og formidle den vekkingskristne budskapet. Etter at bandet til kyrkjjas dåpsopplæring gradvis hadde blitt veikare, blei vekkingsrørslas doble lærarmandatet, *kunnskapsformidling og trusopplæring*, stadig meir krevjande i møte med praksis.

*Av ytre faktorar* som forklarar motgangen den vekkingsbaserte lærarutdanninga møtte har eg trekt fram den politiske og ideologiske motstanden frå Arbeidarpartiet. Fram til om lag 1930 markerte partiet eit radikale standpunkt om at kristendomsfaget burde bort frå skolen, eller formast om til eit orienterande fag. Etter at partiet midt på 1930-talet søkte og fekk regjeringsmakt, blei kritikken mot kristendomsopplæringa dempa. Likevel heldt det fast på standpunktet om at staten skulle ha hand om all lærarutdanning retta mot den offentlege skolen.

All lærarutdanning hadde store vanskar med å halde seg flytande gjennom 1920-talet og første delen av 1930-talet. Då den økonomiske nedgangen prega skolen, og overskotet av lærarar blei synleg, måtte lærarskolane redusere opptaket og i fleire år stenge. Dette gjekk sjølvstundt hardast ut over dei skolane som hadde satsa sterkast på nybygg, som dermed hadde store utgifter og fekk mindre stønad frå staten. Det gjaldt særleg dei private lærarskolane, også dei i Volda og Oslo.

I stigande grad blei Oslo lærerskole sjølv symbolet på vekkingsfolks kulturelle kamp, og symptomatisk for den allmennkulturelle posisjonen til vekkingsrørsla. Motstanden frå den liberale pressa blei sterkare. Skolen og vekkingsfolket blei omtala nedsettande som kulturfiendtelege og pietistiske. I ein kulturell kontekst der religiøs pluralitet blei sett som teikn på opplyst danning, blei Indremisjonens ortodoksi og lærarskolens religiøse målsetting brukt mot dei.

*Av interne faktorar* har eg vist til at spenninga mellom vekkingsbaserte og akademiske verdiar innan opplæringa kom til å hindre eller hemme oppbygginga av eit heilskapleg

misjonsorientert læringsmiljø. Ambivalensen i møtet med den akademiske kulturen var openbar innan den kristeleg lærarutdanninga. Dette gjaldt også Oslo lærerskole. Som læringsmiljø synest skolen ikkje å integrere ein rasjonelt orientert pedagogisk samtidskultur med skolens visjon om danning av misjonerande lærarpersonlegdommar. Den vekkingakristne skoledebatten blei avsondra frå den allmenne pedagogiske diskursen. I ein utdanningskontekst prega av vitskapleg rasjonalitet førte dette til vanskar når det gjaldt utviklinga av ein integrerande og dannande læringskultur på vekkingas premissar. At skolen og eigarane ikkje greidde å utvikle ei felles forståing av dei didaktiske utfordringane, kan også skuldast at dei ikkje hadde miljø eller enkeltpersonar som kunne legge eit grunnlag for ein vekkingbasert pedagogisk diskurs.

Det ikkje krevjande å svare på kva resultat dei vekkingakristlege lærarskolane kunne vise til. Dei var ein suksess både kvantitativt og kvalitativt ut frå allmenne mål for lærarutdanning. Legg ein derimot vekkingarørslas fremste målsetting til grunn, danning av misjonsorientert lærarpersonlegdommar, og i siste instans landsvekking, er det klart at dei vekkingbaserte lærarskolane ikkje makta å verknadsfullt fremme vekkingas verdiar og mål.



## Konklusjonar

### 1. Grunngevinga, gjennomføringa, vurderinga

#### Grunngevinga

*Kvifor satsa den norske vekkingrørsla på kristelege lærarskolar?*

Gjennom innføringa av allmenn skoleplikt på 1700-talet fekk læraren som oppgåve å føre barn og unge fram til kristeleg kunnskap og tru, med kyrkjas konfirmasjon som avgangsprøve. Då dei pietistiske vekkingane på 1800-talet etablerte ei forståing av trua som ei personleg sak, blei spørsmålet stilt: Kan skolens kristendomsopplæring føre dei unge fram til ei levande tru?<sup>1060</sup> Som eit resultat av verksemda til Hans Nielsen Hauge, og den rørsla han stifta, stod den norske lekmannskristendommen fram som ein motstandar av embetsmannsbasert religiøs makt, og hevda eit individorientert og erfaringsbasert syn på tru, omvending og etikk. På grunnlag av den lutherske førestillinga om det allmenne prestedømmet blei det bygd opp folkelege lekmannsfellesskap. I andre halvdel av 1800-talet gjekk vekkingakristne inn for at skolen skulle fristillast frå kyrkjeleg makt, og overførast frå kyrkja til det lokale demokratiet. Andre innanfor vekkingrørsla meinte at ein på denne måten fremma fråfall og vantru.

Framveksten av vitenskapleg basert kunnskap og auka folkeleg opplysning førte til kravet om ein meir opplyst lærarstand. Læraren gjekk over frå å vere ein tenar for presteskapet til å bli ein kulturell formidlar med eit allment dannande mandat. Staten tok i stigande grad ansvar for lærarutdanninga, som blei ein arena for politisk, kulturell og religiøs strid. Dette skapte eit press mot den hegemoniske posisjonen teologi og kristendomsfaget hadde hatt ved lærarseminara. Då vekkingfolk innsåg at sekulariserande kulturdrag fekk stadig sterkare feste i skolen, skapte dette ei uro med mobiliserande kraft, og la grunnlag for ein motkulturell vekkingbasert aksjon.

---

<sup>1060</sup> Slike debattar såg vi utfalde seg også i andre land. Vi kjenner det i dei tidlege grundtvigianske reformene i Danmark. I Tyskland har angrepet på den tradisjonelle religionsundervisninga blitt tolka som ein katalysator for den reformpedagogiske rørsla. (Baader 2002)

Vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning hadde eit konservativt teologiske grunnlag. Gjennom ei aukande demonisering av verda avviste rørsla den moderne allmennkulturen som syndig eller uvedkomande. Fellesskapet i samfunnet var etter deira oppfatning likevel avhengig av at «eit livssyn stod sterkt og hindra kaos og anarki».<sup>1061</sup> Vi ser dermed eit dilemma: vekkingsrørsla som avsondrande motkultur versus rørslas ambisjonar om hegemoni. Uavklara dilemmaet som dette kan ha verka hemmande eller hindrande på rørslas evne til å utvikle ein institusjon innan høgre utdanning med eit integrerande og dannande læringsmiljø.

Vekkingskristne såg vantru og moralsk forfall som eit trugsmål av eksistensielle dimensjonar. I kampen mot ei tiltakande sekularisering svikta både heimen, skolen og staten, meinte dei. Heller ikkje kyrkja blei halden skuldfri, for vantrua hadde tatt plass mellom prestane, som liberal teologi. Uroa skapte «djup sorg i mange hjarto».<sup>1062</sup> Sorga kan sjåast på som motiv for etableringa av kristelege ungdomsskolar, men i endå sterkare grad for kristelege lærarskolar. På 1890-talet mobiliserte rørslas leiande skolefolk til handling kring ein visjon om rekristning av den allmenne kulturen gjennom utdanning av truande lærarar. Snart tok fleire vekkingsleiarar til orde for at forkynninga måtte nå alle delar av folket, også høgare sosiale lag. Visjonen om landsvekking gjennom skolen førte til at vekkingskristelege lærarskolar blei sett på som ein strategisk reiskap i spreininga av den kristelege bodskapen om vekking og frelse. Satsinga bygde derfor ikkje på ein *pedagogisk analyse*, men på ei *trusbasert kriseforståing*.

## Gjennomføringa

### *Korleis satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?*

Som ein respons på det dei såg på som ei sekulariserande utvikling i folkeskolen, bygde vekkingsfolket institusjonar for lærarutdanning basert på eit misjonsorientert syn på lærarens mandat. Skulle norsk skole skaffast truande lærarar i den kulturkampen som var i emning, trongst det først og fremst ei kristeleg fornying av lærarutdanninga. Dei som skulle bli lærarar og vinne barn og unge for ei personleg kristentru, måtte sjølv vere omvende. Venstremannen

---

<sup>1061</sup> Furre 1990:585

<sup>1062</sup> Vevelstad 1951:101



Lars Liestøl var den første som tok til orde for ein særskilt kristeleg danna lærarstand. Lars Oftedal og Jakob Sverdrup var dei to som første organiserte ei vekkingsbasert opplæring, i første omgang som eit supplement og eit alternativ til den offentlege skolen., Asbjørn Knutsen, Henrik Kaarstad og Ole Hallesby var dei vekkings-kristelege leiarane som bidrog mest til å initiere og gjennomføre vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning. Visjonen om misjonerande lærarar var restaurativ, knytt til ønsket om å vende tilbake til lærarmandatet frå den kristelege einskapskulturen – læraren som kristeleg bodberar, og lærarrolla som ein parallell til presterolla.

Dei kristelege lærarskolane i Volda, på Notodden og i Oslo blei alle starta på ein premis om at det mest sentrale i lærargjeringa var å føre barn til ei levande kristentru. Målsettinga var dermed ikkje ulik den som blei formulert for bibelskolane, at elevane gjennom opplæringa skulle få eit gjennombrøt som truande, som omvende kristne. Samtidig hadde også desse lærarskolane eit fagleg-vitskapeleg basert opplæringsmandat. Dei blei også avhengige av statleg støtte og styring. Dei kom derfor i form og innhald til å likne på dei offentlege lærarskolane.

## Vurderinga

### *Med kva resultat satsa den norske vekkingsrørsla på kristelege lærarskolar?*

Norsk skole blei påverka av den vekkingskristelege lærarutdanninga. Dette gjaldt ikkje minst på det kvantitative planet. Mellom 1900 og 1920 kom nær 30% av alle lærarane som gjekk ut i skolen frå dei kristelege lærarskolane. Truleg har vekkingspreget lokka mange søkarar, men ein skal ikkje sjå bort frå at den faglege kvaliteten og storleiken på miljøa hadde noko å seie.

Satsinga blei internt i vekkingsrørsla omtala som ein suksess. Denne vurderinga blei ikkje minst knytt til talet på uteksaminerte lærarar, men også til utdanningas faglege kvalitet. Det blei også hevda at dei kristelege lærarskolane førte med seg ei positiv utvikling i sosialt og kristeleg arbeid. Ut over dette kunne ikkje vekkingsrørsla vise til konkrete resultat knytt til den misjonsbaserte grunngivinga for lærarutdanninga. Likevel skriv Carl Fredrik Wisløff at «I kampen om lærarutdanninga var det rasjonalismen som tapte».<sup>1063</sup>

---

<sup>1063</sup> Wisløff 1971:90

Analysen min av læringsmiljøet ved Oslo lærarskole legg grunnlag for ein meir negativ konklusjon. Premissen for vurderinga er at den vekkingskristelege strategien bygde på at skolen skulle gjerast til ein reiskap for landsvekking, for rekristianisering av kulturen, men at målet først og fremst var frelse for enkeltmennesket. Det er derfor på dette grunnlaget satsinga først og fremst må vurderast. Legg vi til grunn at ein ville fremme eit misjonsorientert syn på lærargjeringa, og i neste omgang påverke elevane til ei levande tru, er det sjølvsagt særskilt vanskeleg å vurdere resultatet. Å undersøke dette ville også vere ei «nær uoverkomeleg oppgåve».<sup>1064</sup> Eg er likevel einig med Asbjørn Tveiten når han meiner at det er uklart kva som her blei oppnådd. Ein indikasjon på kva syn komande lærarar hadde på yrket sitt får vi gjennom undersøkinga til August Lange. Denne tyder på at lærarskoleelevane mot slutten av 1930-talet hadde ei positiv haldning til å påverke barna i religiøs lei, men at dette neppe kunne skjje gjennom ei misjonsverksemd i vekkingsrørslas meining.

Analysen viser like fullt at det er grunn til å tvile på om Oslo lærarskole verka integrerende og dannande som vekkingskristeleg læringsmiljø. Tvilen grunnar seg mellom anna i at lærarkreftene ikkje blei tilsette ut frå tilknytning til vekkingsrørsla. Valet av tilsette og av fagleg struktur gjorde læringsmiljøet pedagogisk og akademisk sterkt, men synest i mindre grad å bidra til å gjere opplæringa religiøst dannande i vekkingskristeleg meining. Oslo lærarskole kom som læringsmiljø til å fjerne seg frå rørslas verdimeslige fundament og overordna målsetting. Indremisjonen skapte her eitt av landets mest moderne og akademisk sterke fagmiljø for lærarutdanning, men let samtidig verdiar knytt til vekkingas lekmannsbaserte kristenliv kome i bakgrunnen.

Pietismen hadde stått for ei radikaliserings av den lutherske læra om det allmenne prestedømmet ved å motivere alle omvende til å spreie Bibelens bodskap gjennom misjon og opplæring. Like fullt synest vekkingsrørslas didaktikk også innan lærarutdanninga å få eit kognitivt og skjematisk preg. Elevane skulle leiast av læraren mot «det rette svaret» ut frå eit system av vedtatte trussanningar. Slik kom rørsla til å føre vidare delar av statspietismens formelprega formidling. Dermed bidrog ho også til å reprodusere den forståinga av religionen ho hadde gjort opprør mot.

Undersøkinga tyder på at dei kristelege lærarskolane vidareførte eit lærar- og pensum-sentrert didaktisk ideal, samtidig som dei la vekt på elevsentrerte undervisningsformer som munnleg forteljing og samtale.<sup>1065</sup> Truande lærarar synest å ha opplevd ei spenning mellom

---

<sup>1064</sup> Tveiten 1994:287

<sup>1065</sup> Baader 2002

det å «møde eleverne med personlig kristelig erfaring» på den eine sida og å fremme dogmatiske kristeleg sanningar på den andre.<sup>1066</sup> Denne motsetninga var ikkje eintydig og skarp.<sup>1067</sup> Tilsvarande nyansering finn vi i omtalen av tysk skolehistorie. Ifølgje henne stod striden om religionsundervisningas former og målsettingar i sentrum for den reformpedagogiske rørsla i Tyskland kring hundreårsskiftet, m.a. gjennom ein kjend strid omkring lærarforbundet i Bremen. Meike S. Baader stiller det spørsmålet som gjerne kunne vore stilt til vekkingas pedagogar: Kva kunne det bety å undervise i «sann» kristendom med barnet i sentrum, eller «vom Kinde aus», som ho uttrykker det? Den norske vekkingrørsla gav ikkje svaret, i alle fall har eg ikkje funne det klart uttrykt. Kan hende er grunnen at spørsmålet ikkje blei stilt.

Asbjørn Tveiten har funne at det neppe er grunnlag for å hevde at dei kristeleg lærarskolane fekk ein annan fagleg eller pedagogisk profil enn dei offentlege, at dei vekkingskristeleg ikkje ser ut til å ha skilt seg ut «med alternative undervisningsopplegg i høve til dei offentlege skulane».<sup>1068</sup> Også dei vekkingskristne lærarskolane hadde solid fagleg kunnskap som mål. Felles avgangsprøve arrangert av Eksamenskommissjonen bidrog også til at det faglege innhaldet blei omlag likt ved statlege og private lærarskolar.

Den siste rektoren ved Oslo lærarskole i den vekkingskristeleg perioden, Arnfred Slyngstad, skreiv kritisk om spreiningseffekten av skolesatsinga. Han gav dessutan den same grunngevinga for vanskane som eg har formulert, nemleg at skolane i stor grad var knytte til og bundne av statens reguleringar. Han legg også til ein sjølvkritisk merknad:

Det viser seg at det har lykkjes bedre å skape nye skoler på kristelig grunn enn å verne kristendommen i de skoler vi har hatt. For en del bunner dette i statens økende krav til skolen og i kirkens avhengighet av staten; men kanskje likeså meget skyldes det mangel på åndelig kraft i kirken selv og et ensidig forkynnerarbeide med forsømmelse av undervisning og skole.<sup>1069</sup>

Eg vil legge til at fråværet av (sjølv-)kritisk pedagogisk debatt ser ut til å ha skapt særskilte vanskar for den kristeleg lærarutdanninga. Her blei spenninga mellom vekking og vitskap spissa ved at ein og same læringskulturen skulle legge grunnlag for vekkingbasert misjon og for fagleg opplæring i tråd med ålmenne fagleg-pedagogiske standardar. Avsondra frå

---

<sup>1066</sup> Notodden seminars bestyrelse 1898: *Årsmelding*

<sup>1067</sup> Sjø omtalen av Kristvik og Sethne

<sup>1068</sup> Tveiten 1994:286

<sup>1069</sup> Slyngstad 1937:46

allmenn pedagogisk diskurs greidde vekkingssørsla i liten grad å formulere sin eigen didaktiske ståstad. Uavklara dilemma kom dermed til å svekke profilen og truverdet ved lærarutdanninga som verkemiddel for vekking, og truleg også motivasjonen hos utdanningas støttegrupper.

Analysen av læringsmiljøa ved lærarskolane i Volda og Oslo har vist at spenninga mellom teologi og vitskap, opplæring og forkynning i liten og vekslende grad synest å ha blitt bearbeidd internt, og ikkje kritisk drøfta blant vekkingssolket.<sup>1070</sup> Asbjørn Tveiten peikar på at Oslo lærarskole fekk støtte frå vekkingssolket då skolen blei truga med statleg overtaking. Han hevdar at dette viser ein brei folkeleg aksept for skolesatsinga. Mi vurdering er at vekkingssolket utover i mellomkrigstida blei *meir uvisse* i spørsmålet om lærarutdanninga som satsingsfelt. Eg har, særleg i gjennomlesinga av lærarskolestoffet i *FFoR*, sett at støtta gjekk frå entusiastisk tilslutning til nøling og tvil, at «offerviljen» avtok. Etter kvart var det stadig gjentatte bønnebrev om auka pengestøtte som dominerte omtalen av Oslo lærarskole. Trass i ei ressurskrevjande institusjonsbygging finn eg mest ikkje ei omfamnande og nær skildring av Indremisjonens eigen lærarskole. Støttegruppene syntest å gå trøytt.<sup>1071</sup>

Konklusjonen min i analysen av Oslo lærarskole er at «grunnfjellet» i rørsle etter kvart opplevde distanse til lærarskolen, og dermed også til grunntrekk ved skolesatsinga. «Ein opplevde vonbrot, og det vart skapt skepsis. (...) Det er vitnemål om at kvaliteten på opplæringa og spenninga mellom fag og religion tok på.»<sup>1072</sup> Med avstand til den allmenne pedagogiske debatten blei vekkingssolkets visjon om den misjonsorienterte lærarrolla og om landsvekking dermed ståande som *didaktisk utydeleg*. Den norske vekkingssørsla hadde då heller ikkje nytenkande pedagogar som Grundtvig, Kold, Vig eller Kristvik.

Påstanden om manglande didaktisk refleksjon må likevel nyanserast. Eg har funne eksempel på vekkingbasert drøfting av didaktiske problem. Det gjeld debattar på lærarmøte, i bøker om didaktikk, dessutan i artiklar i kristelege aviser og blad.<sup>1073</sup> Eg har vist til artiklar som tar opp spørsmålet om forkynning og vekking retta mot barn, og om fri tilslutning til trua i ein pedagogisk kontekst prega av makt og tvang.<sup>1074</sup> Det som likevel særkjenner desse

<sup>1070</sup> Overraskande nok er det i dei kristne lærarane sitt eige blad, *Kristelig Pædagogisk Tidsskrift*, at dette skiljet står fram som mest uklart.

<sup>1071</sup> Uttrykket er henta frå Tveiten 1994, og handlar om ulike meir eller mindre organiserte grupperingar som aktivt støtta opp om skolesatsinga. Mest handlar det om pengegåver frå lokale foreiningar innan dei store organisasjonane, men også gåver frå enkeltpersonar.

<sup>1072</sup> Tveiten 1994:104

<sup>1073</sup> Sjå mellom anna drøftinga om forkynning og vekking blant barn, særleg i *Kristelig pædagogisk tidsskrift*. Sjå s. 191 ff.

<sup>1074</sup> I svaret som blir gitt konkluderte ein med at læraren må vise omsorg for alle og ta omsyn til deira «indre og ytre livsforhold». (Svendsen 1921:7)

tekstane, er at dei i liten grad er drøftande, dei går ikkje inn i ein dialog med annleis tenkjande, og bygger ikkje på ei kritisk-analytisk tilnærming. I referata frå dei regionale lærarmøta og i *Kristelig pædagogisk tidsskrift* finn eg rett nok innslag av didaktiske diskusjonar. Svært få av desse viser likevel til korleis lærarens misjonsmandat kan tolkast i klasserommet, i undervisninga. Heller ikkje ein medviten og erfaren lærarutdannar som Henrik Kaarstad formulerte ei kritisk drøfting av den misjonerande og forkynnande lærarrolla. Når han for eksempel viste til Jesus som modell og rettleiar i det didaktiske, verka dette lite avklarande i ein moderne pedagogisk kontekst. Samla sett er mi vurdering at Kaarstad i sin didaktiske refleksjon var meir markert forkynnar enn nytenkande pedagog.

Kva så med Hallesby? Han var til vanleg klar i si rettleiing, og gav ut mange bøker med kommentarar til arbeidsmåte og strategi innan indremisjonsarbeidet. Mi vurdering er at heller ikkje han stod fram som nytenkande pedagog. På skolefeltet gav han få utdjupande didaktiske råd eller refleksjonar. Han skreiv at han ville setje lærarane som «fronttropp» i åndskampen, men underbygde ikkje dette med didaktiske råd eller resonnement. Sjølv når han mobiliserte til kamp med lærarane i front, viste han ikkje til kva pedagogiske våpen dei kunne bruke. Også hos han blei rettleiinga som oftast avgrensa til kommentarar kring lærarens personlege trusliv, til behovet for bøn og skriftlesing.

Slik eg her har formulert meg, bygger eg opp eit historisk plot i sjangeren tragedie, der teorien er at vekkingsrørsla langt på veg mislukkast i møte med sekulær rasjonalistisk pedagogikk og medviten politisk basert religionskritikk. Kanskje dette kan sjåast annleis? Kanskje er det heller slik at den opphavlege grunnivinga knytt til motkulturell kamp som ei ideologisk grunniving blei svakare eller fall bort, at diskursen og retorikken knytt til satsinga fann *ny legitimitet* og ny energi gjennom å bli integrert i nye kampprega kontekstar. Kanskje blei den opphavlege utopiske målsettinga slik *transformert* og *reformulert* gjennom tilpassing til skiftande kontekstar. Den vekkingsinterne omtalen av kristeleg lærarutdanning kan tyde på at dei opphavlege målsettingane etter nokre år blei dempa. Somme interne kommentatorar og historieskrivarar synest å meine at ei lærarutdanning i hendene på vekkingsfolket, gjennom høg fagleg tillit og stor søknad, trass i alt bidrog til å styrke kristendommens posisjon. På det grunnlaget kunne ein dra slutningen om at satsinga var vellukka.

Ut frå materialet mitt er det vanskeleg å forsvare eller avvise ei slik tolking. Eg har ikkje tilgang til kjelder som på truverdig vis avslører korleis vekkingsrørslas medlemmer reflekterte kring grunnlaget og målsettinga for satsinga på lærarutdanning, slik dei møtte denne i rørslas

medlemsblad. Leiarane inviterte då heller ikkje til ein diskusjon om satsinga eller ei endring av målsettinga. Sjølv om leiarane stort sett på ein kampprega retorikk og åndeleg overbygning, finn eg også ei *veksling* mellom krigstermar og utsegner om ein «stille revisjon».

Vekkingas satsing på lærarskolar blir i *denne avhandlinga* først og fremst vurdert ut frå den opphavlege målsettinga strategien var tufta på, ei målsetting som heller aldri blei eksplisitt endra eller dempa. Tvert om blei den frelses- og misjonsorienterte målsettinga for Oslo lærerskole skjerpa då Indremisjonen overtok som einaste eigar. I det store bildet meiner eg endringane i retorikk og togn i kommunikasjonen med vekkingfolket indikerer at vekkinga også på leiarhald kom på defensiven og opplevde utviklinga som eit varsla nederlag.

Satsinga på ei kristeleg lærarutdanning står fram som eit «leap of faith», med ein visjon basert på tradisjonell vekkingorientert teologi og retorikk. Satsinga møtte mektig ytre motstand i form av krevjande økonomiske vilkår, ei sterk arbeidarrørsle, ei strid statleg styring, og ein sjølvmedviten vitskapsbasert pedagogisk diskurs. Ei misjonsbasert formidling av religiøs tru kunne dermed oppfattast som noko nær ein anakronisme. Like avgjerande var den interne motstand satsinga møtte. Mangelen på kritisk didaktisk drøfting førte til at dei ikkje greidde å utvikle misjonsorienterte dannande læringsmiljø. Dermed mangla den vekkingskristeleg lærarutdanninga ein pedagogisk-ideologisk ståstad då stormane kring dette stortenkte utdanningsprosjektet auka i styrke.

## 2. Vekking, sekularisering og differensiering

Eg skal her drøfte og svare på det spørsmålet som blei stilt i «Teoretiske og metodiske merknader»: Kva har det å seie for forståinga av vekkingrørslas satsing på lærarutdanning at denne skjer innan rammene av ein sekulariserande prosess?

Frå midten av 1800-talet har nedgangen i religiøs tilslutning i det offentlege hatt sitt motstykke i ei oppblomstring av fromheit i det private, i religiøst basert sosialt engasjement, og i ein endra relasjon mellom ulike variantar av kristen tru.<sup>1075</sup> Også satsinga på ei vekkingbasert misjonsorientert lærarutdanning blir i denne forståingsramma knytt til sekularisering som eit aspekt ved det moderne samfunnet.<sup>1076</sup>

---

<sup>1075</sup> McLeod 2009:8

<sup>1076</sup> Gilje 1995:218, McLeod: 2009:8, Sommerville 1992:17, Sanders 2004:8, 11

Forskarar har halde fram at etikken i det moderne har funne si grunngeving i eit mangfald av førestillingar.<sup>1077</sup> Den norske vekkingasrørsla såg det ikkje slik. Kriseforståinga deira gjekk ut på at samfunnet kom til å bryte saman under trykket av ei aukande vantru og bortfallet av ein kristen moral. Deira restaurative visjon for satsing på kristeleg lærarutdanning bygde på at Bibelen og dei kristne trussanningane på nytt skulle bli det rådande grunnlaget for moraldommar.

Liknande restaurative aspekt ved vekkinga har vore observert av fleire forskarar. Religionshistorikaren Hanne Sanders har peika på at lekmannsbasert religiøs praksis i Norden vann folkeleg styrke og legitimitet ved å formulere seg i eit «førsekularisert språk».<sup>1078</sup> Det religiøse språket blei dermed ikkje lenger eit felles *lingua franca*, men eit språk for innvigde truande.<sup>1079</sup> I grunngevinga for ei kristeleg lærarutdanning i Norge viste også vekkingasrørslas leiarar og pedagogar til førsekulær teologi og språkbruk, ei bokstavtru bibeltolking, eit dualistisk verdsbilde, og ei eskatologisk førestilling om endetida. I opposisjon til moderne liberal teologi ville dei bygge opplæringa i kristendom på ein didaktikk der eksklusiviteten i den bibelske kunnskapen ikkje kunne integrerast i rådande sekulære forståingsformer.<sup>1080</sup>

I analysen av Oslo lærerskole har eg vist at leiinga tok val som truleg verka kontraproduktive i høve til rørslas langsiktige målsetting. Med sosiologisk terminologi kan det seiast at det innan rammene av denne institusjonen fanst motstridande rasjonalitetar. For det første blei det i styringsdokument og i kommunikasjonen med støttegruppene gitt uttrykk for ein teologisk rasjonalitet med danninga av kristne lærarpersonlegdommar som det fremste målet. På tvers av dette blei det utforma eit læringsmiljø som stilte fagleg rasjonalitet fremst. For det tredje fanst det ein byråkratisk rasjonalitet, knytt til statleg regulering, som dels stod i motstrid til dei teologisk baserte måla.

Sameksistensen mellom desse motstridande rasjonalitetane kan forståast ut frå ein webersk bruk av omgrepet *differensiering*.<sup>1081</sup> Denne inneber ei opning for at sfærar med ulike logikkar blir isolerte frå kvarandre.<sup>1082</sup> Når det gjeld ein sfære som utdanning, kan denne teorien innebere at ei teologisk forståing står i «uforsonleg» motstrid til ei vitskapsbasert. Slik kan handlingar og strukturar på eit institusjonelt plan vere dominerte av motstridande

<sup>1077</sup> Sosialantropologen Sindre Bangstad skriv: «[S]elvets moralske kilde er i det moderne samfunn sammensatt.» (Bangstad 2009:57)

<sup>1078</sup> Sanders 2004:11

<sup>1079</sup> McLeon 2009:11

<sup>1080</sup> Hopland 2005:78

<sup>1081</sup> Sjø s. 30f., 43

<sup>1082</sup> Weber gav eksempel frå rettsvesenet, der ein indre logikk kan verke på tvers av etiske oppfatningar om moral, rett og straff. (Gilje 1988:183)

rasjonalitetar. Dette kan forklare det eg har vist til av implisitte spenningar i læringsmiljøet ved Oslo lærerskole.

Kunne det gått annleis? Kunne Oslo lærerskole og dei andre vekkingskristelege institusjonane levd vidare dersom dei politiske rammene hadde vore annleis, eller om leiinga hadde tatt andre val? Den etableringa vi har sett av kristelege skolar av mange slag, også etter andre verdskrigen, viser at satsinga på religiøst alternative skolar ikkje i seg sjølv kan forståast som ei tapt sak. Dei vekkingskristne har sett positive resultat knytt til det å markere seg innan ei så sentral del av samfunnet som skolepolitikk og lærarutdanning. Likevel, trass i deira visjonen om makt gjennom ein kristeleg danna elite, og trass i etableringa av eit kristeleg politisk parti, var dei vekkingskristne aldri i nærleiken av å greie det arbeidarrørsla greidde, nemleg å få makt over staten.

Som berarar av ideologiske og teologiske spenningar viste vekkinga fram ei moderne form for religiøs praksis, ikkje som hegemonisk kristeleg kultur, men som motkulturelt avsondra fellesskap, som åndskamp og misjon. I ein prosess der religionen blei skuva over frå det offentlege til det private, frå det kollektive til det individuelle, ville dei gjere lærarutdanning for den offentlege skolen til eit verkemiddel for landsvekking. Med denne restaurative utopien som målestav og den politiske og ideologiske konteksten som premiss, meiner eg å kunne slå fast: Den vekkingskristelege lærarutdanninga kom aldri til bli eit effektivt verkemiddel i kampen for å motverke den differensierte sekulære moderniteten. Ikkje minst gjennom integrasjonen med statleg styring blei satsinga på lærarutdanning sjølv eit uttrykk for religiøst engasjement *innan* den moderne sekulære opplæringskulturen.<sup>1083</sup>

---

<sup>1083</sup> Taylor 2007, 1–3, 15; Leirvik 2012:9 ff.



## Mine funn

Eg listar her opp funna mine for å synleggjere kva undersøkinga kan bidra med til forskingsfronten når det gjeld vekking og lærarutdanning i Norge. Oversikten viser tilbake til problemstillinga og til forskingsoversynet.

---

Den norske vekkingrørsla spela ei aktiv rolle i demokratiseringa av skolen i siste delen av 1800-talet, og medverka til oppvakninga av det sivile samfunnet. Dette bidrog til oppløysinga av mange former for einskapskultur, ikkje minst den kristelege.

Den fremste faktoren for vekkingrørslas satsing på lærarutdanning var ei teologisk basert kriseforståing knytt til sekulariserande trekk ved skoleutviklinga på slutten av 1800-talet.

Alt i første fasen av den moderne vekkingrørsla, kring 1870, innsåg prestane Lars Oftedal og Jakob Sverdrup verdien av ei særskilt vekkingskristeleg opplæring basert på pietistisk teologi, kunnskapssyn og verdsbilde. Slik peika dei fram mot rørslas satsing på kristeleg lærarutdanning 25 år seinare.

Vekkingas pedagogar, særleg innan lærarutdanninga, var påverka av grundtvigianismen, men flagga ikkje dette slektskapet. Også den vekkingskristelege lærarutdanninga må langt på veg reknast som ein arvtakar etter grundtvigianske førestillingar om opplæringas form, om ikkje læringsmål. Men trass i grundtvigianske og reformpedagogiske impulsar fekk opplæringa i *kristendom* ved dei vekkingskristelege lærarskolane ei form som bygde på statspietismens formidling av «trussanningar».

At lova om lærarutdanning av 1890 opna for *privat lærarutdanning* hadde ikkje bakgrunn i eit ønske frå kyrkja eller vekkingrørsla, men hadde samanheng med at grundtvigianarane i lovkommissjonen meinte at undervisningsformene kunne bli utvikla friare ved private seminar.

Venstrepolitikaren Lars Liestøl tok i 1887 til orde for ein særskilt kristeleg danna lærarstand. Jakob Sverdrup og Asbjørn Knutsen fremma kring 1890 ideen om ei vekkingorientert lærarutdanning. I 1895 starta eit kristeleg seminar på Notodden – initiert ut frå ein reaksjon

på tilsettinga av den liberale teologen Georg Fasting ved Asker Seminarium. I Volda blei ei privat vekkingsorientert seminar starta same året. Eigaren Henrik Kaarstads utvikla her visjonen om «den misjonerande læraren», som seinare blei lagt til grunn også for Hallesbys opplæringsstrategi.

Gjennom Ole Hallesbys fem avisartiklar frå 1912 fekk satsinga på ei vekkingskristeleg lærarutdanning ei gjennomtenkt grunngeving og ein slagkraftig strategi. Særleg verka det mobiliserande at han kopla satsinga til kampen mot liberal teologi og til visjonen om landsvekking gjennom skolen. Same året var han med på å starte Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo lærerskole.

Av dei tre lærarskolane som er med i undersøkinga var Notodden den minst vekkingsorienterte. Her kom det nasjonale og kyrkjelege til å prege læringsmiljøet. Volda lærarskule var den institusjonen som viste klarast vekkingspreg. Oslo lærerskole blei ein av landets fremste når det gjaldt fagleg og pedagogisk kvalitet, men verka i mindre grad integrerande og dannande som vekkingskristeleg læringsmiljø.

Harde økonomiske kår, nedgang i søkartal og politisk motstand blei dei klaraste negative faktorane for den vekkingsbaserte satsing på lærarutdanning. Motstanden blei i Arbeidarpartiet grunnlagt ut frå politiske ideologiske prinsipp, ikkje minst knytt til einskapsskolen.

Vekkingsrørslas avsondring frå allmennkulturen kan truleg forklare manglande deltaking i den allmenne pedagogiske debatten. Dette kan ha motverka ei kritisk og reflektiv drøfting av dei kristelege lærarskolane som misjonsorienterte læringsmiljø. Utan eit didaktisk fundament blei det krevjande å etablere og halde ved like vekkingskristelege læringsmiljø.

Integrasjonen med statleg styring kom til å fjerne dei vekkingskristne lærarskolane frå sitt opphav og si målsetting. Ingen av dei søkte om eksamensrett ut frå religiøse mål eller alternative pedagogiske idear. Dei blei alle drivne innan rammene av gjeldande lover og reglar for norsk lærarutdanning, kontrollerte av Eksamenkommisjonen.

Vekkingsrørslas satsing på eiga lærarutdanning blei gjennomført på det moderne sekulariserte samfunnets premissar. Dette svekte truleg deira evne til å utvikle ein misjonsretta profil.

Vekkingsrørslas satsing på lærarutdanning starta som eit oppbrot frå den geistlege dominansen, men enda som ein nyttelaus freistnad på å gjenreise den kristlege einskapskulturen vekkingsfolket sjølv hadde medverka til å oppløyse.

Satsinga kan også tolkast som eit eksempel på religiøs oppvakning og vitalisering, som eit uttrykk for religiøst engasjement *innan* den moderne sekulære opplæringskulturen.



## Kjelder

### Litteratur<sup>1084</sup>

- Amdam, P. (1993). *Bjørnstjerne Bjørnson : Kunstneren og samfunnsmennesket 1832–1880*. Oslo: Gyldendal
- Amundsen, B. (1998). I himmelen og på jorden : Noen perspektiver på slekt og religion i Noreg etter reformasjonen.» I: Winge, H. (red.) *Slekt og lokalsamfunn*, Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt
- Amundsen, A. B. (2002). Vennene og vekkelsen : Hallesbys signalement av indremisjonskulturen. I: Aarnes, A. og Bjerkset, O. A. *Gjensyn med Hallesby*. Oslo: Lunde forlag
- Anker, Ø. og Beyer, E. (1982). «Og nu vil jeg tale ut» : «Men nu vil jeg også tale du» : *Brevvekslingen mellom Bjørnstjerne Bjørnson og Amalie Skram 1878–1904*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Asheim, I. (1989). Kan vi lære av historien? I: Haraldsbø, B. (red.) (1989). *Kirke – skole – stat. 1739–1989*. Oslo: IKO-forlaget
- Bakhtin, M. (2003). *Latter og dialog. Utvalgte skrifter*. Omsett av Audun Johannes Mørch. Oslo: Cappelen
- Banggren G. (2015). *Private barnehjem i Noreg i 100 år : Hvilken nytteverdi har Kristne barnehjem i Noreg hatt i løpet av 100 år? : Med fokus på to kristne barnehjem drevet av to kristne ideelle organisasjoner*. Mastergradsavhandling, Menighetsfakultetet
- Bangstad, S. (2009). *Sekularitetens ansikter*. Oslo: Universitetsforlaget
- Barlindhaug, K. J. (1926). *Tromsø offentlige lærerskole i 100 år*. Tromsø: A/S Peder Norbyes Bok & Aktietrykkeri
- Bauman, Z. (2000). *Savnet fellesskap*. Oslo: Cappelen akademiske forlag
- Baune, T. (2007). *Den skal tidlig krøkes : Norsk skole i et historisk perspektiv*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag
- Bechholm, A. (1920). *Folkeskole-lærerutdannelsen i Noreg : I de første 300 år etter reformasjonen*. Kristiania: Olaf Norlis Forlag
- Bassøe, P. (1856). *Bemærkninger til Provstevisitatsen i Vestre Borgefylke Provsti i Aaret 1856*. Vedlegg til Kristiania biskops visit. Meld. 1856. K.D.J. nr. 592 A. 57 R.A.
- Berge, A. (1986). Det første bygdebedehuset. I: Aagedal, O. (red.) *Bedehuset : Rørsla, bygda, folket*. Oslo: Samlaget
- Bergem, P. (1985). *Erling Kristvik i strid for eit heilskapssyn på allmennlærerutdanninga 1919–1946*. Volda: Volda lærarskule
- Bergem, P. (1995). *Forkynning, fellesskap, forskning : Volda lærarskule 1895–1995*. Volda: Høgskulen i Volda
- Bergem, P. (1998). *Henrik Kaarstad og Volda lærarskule : ein vestlending og livsverket*

<sup>1084</sup> Tilvisingar til avisartiklar og tidsskriftartiklar står som noter til teksten.

- hans*. Volda: Høgskulen i Volda, Møreforskning Volda. Forskingsrapportet nr. 36
- Berger, P. (1993). *Religion, samfund og virkelighed : elementer til en sociologisk religionsteori*. Oslo: Vidarforlaget (Original tittel: *The Sacred Canopy : Elements of a Sociological Theory of Religion*, 1967. New York: Doubleday)
- Berger, P. (ed.) (1999) *The Desecularization of the World. Resurgent Religion and World Politics*. Grand Rapids: William B. Eerdmans Publishing Co
- Beyer, A. P. (1860). *Absalon Pedersøns Dagbog over begivenheder især I Bergen : 1552–1572*. Udgiven efter offentlig foranstaltning med anmærkninger og tillæg af N. Nicolaysen. Christiania: Johan Dahls Forlagshandel (Original utg. 1571)
- Beyer, E. (1975). *Norges litteraturhistorie : Bind 3 : Fra Ibsen til Garborg*. Oslo: J. W. Cappelens Forlag A.S.
- Birkeli, E. (1946). *Liv i vekst : Jubileumsbok for Stavanger krets av Det Norske Misjonsselskap : 1846–1946*. Stavanger: Det norske misjonsselskaps forlag
- Birkeli, F. (1979). Kirker og kristenliv gjennom tidene. I: Åsnøy, A. (red.) *Rogaland*. Serien «By og bygd i Norge». Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Bjørndal, B. (1959). *P. Voss og hans samtid : Pedagogiske brytninger 1869–1896*. Oslo: Universitetsforlaget
- Bjørndal, B. (1964). *Frå formaldaning til allmenndaning : Eit studium av allmenndaningsomgrepet i norsk pedagogikk i det 19. hundreåret*. Oslo: Universitetsforlaget
- Bjørnsrud, H. (2000). *Den inkluderende skolen : enhetsskolens idealer, dilemmaer og hverdag*. Oslo: Gyldendal akademisk
- Bjerkås, T. (2016). *Fra tilskuer til deltager? : Offentlig deltagelse i Noreg i overgangen mellom enevelde og konstitusjonelt styre*. Doktorgradsavhandling, NTNU
- Bjørnøy, O., Gullberg, V. H., Lohndal, A. (1989). *Lærerutdanning på Stord i 150 år : jubileumsskrift : Storøens seminar 1839 – Stord lærarhøgskole 1989*. Rommetveit: Stord lærarskule
- Brandes, G. (1923). *Hovedstrømninger i det 19de aarhundredes litteratur: Forelæsninger Holdte ved Købehavns Universitet 1871–1887 : 1. Emigranstillitteraturen*. København: Gyldendalske Boghandels Forlag (F. Hegel & Søn)
- Bratholm, B. (2001). *Godkjenningsordningen for lærebøker 1889–2001 : En historisk gjennomgang*. Høgskolen i Vestfold. Lese 3.12.2017: <http://www.bib.hive.no/tekster/hveskrift/notat/2001-05/not5-2001-02.html>
- Bregnsbo, M. (1997). *Samfundsorden og statsmagt set fra prædikestolen : Udviklingen i præsternes syn på samfundsorden og statsmagt i Danmark 1750-1848 : belyst ved trykte prædikener*. Doktorgradsavhandling, Københavns Universitet
- Brekke, K. (red.) (1952) *Norske skulefolk*. Band I. Stavanger: Dreyer forlag
- Brekke, K. (red.) (1952) *Norske skulefolk*. Band II. Stavanger: Dreyer forlag
- Brun, M. og Andersen, S. E. (1982). *Disciplin og orden i demokratiets skole*. København: Lærerforeningernes Materialudvalg
- Bugge, K. E. (1965). *Skolen for Livet : Studier over N. F. S. Grundtvigs pædagogiske tanker*. København: Gads Forlag
- Bull, E. d.e. (1923). *Kommunisme og religion*. Kristiania: Det norske Arbeidarpartis forlag

- Bull, E. d.y. (1981). *Lærerhistorie. I: Bull, E.: Retten til en fortid.* Oslo: Universitetsforlaget
- Bull, E. d.y. (1985). *Arbeiderbevegelsens historie i Noreg : I : Arbeiderklassen blir til (1850-1900).* Oslo: Tiden Norsk Forlag
- Butterfield, H. (1931). *The Whig Interpretation of History.* London: Bell
- Bøe, G. (1965). *Biskop J. C. Heuch : Visitasberetninger 1889–1902.* Oslo: Lunde & Co's Forlag
- Christoffersen, S. Aa. (red.) (1999). *Moralsk og moderne? : Trekk av den kristne moraltradisjonen fra 1814 til i dag.* Oslo: AdNotam Gyldendal
- Christoffersen, S. Aa. (1999). *Religiøs modernitet. I: Christoffersen S. Aa. (red.), Moralsk og moderne? Trekk av den kristne moraltradisjon i Noreg fra 1814 til i dag.* Oslo: AdNotam Gyldendal
- Clausen, H. P. (1968). *Hva er historie? Historieforskningens metodiske grunnspørsmål, med nye synspunkter på kildekritikkens praktiske og prinsipielle problemer.* Oslo: Gyldendal Fakkell
- Crespo, M. (2001). *Verwalten und Erziehen : Die Entwicklung des Zürcher Waisenhauses 1637–1837.* Zürich: Chronos
- Dahl, H. (1959). *Norsk lærerutdanning fra 1814 til i dag.* Oslo: Universitetsforlaget
- Dahl, H. (1976). *Tromsø Offentlige Lærerskole i 150 år : 1826–1976.* Tromsø lærerskole
- Dahl, H. (1991). *Frå seminar til høgskole. I: Melbostad, K.S., Grøndahl, K. K., Lønning, I., Mæhle, N. (red.) Med viten og vilje mot et lærerrikt samfunn? : Perspektiver på norsk lærerutdanning.* Oslo: Universitetsforlaget
- Dale, E. L. (1999). *De strategiske pedagoger : Pedagogikkens vitenskapshistorie i Norge.* Oslo: AdNotam Gyldendal
- Danielsen, L. J., Kleppa, J., Landro, M., Sæle, F. J. (1982). *Fri til teneste : Om kvinna sin plass og funksjon i kyrkjelyden.* Oslo: Luther forlag
- Den parlamentariske skolekommisjon av 1922 (1927). *Kommisjonens nedsettesle og enhetsskolen.* Oslo: Det mallingske Bogtrykkeri
- Djupedal, R. (1957). *Ivar Aasens brev og dagbøker : Band I.* Oslo: Det Norske Samlaget
- Dokka, H. J. (1951). *Hvordan Normalplanen ble til. Prismet nr. 6/1951.*
- Dokka, H. J. (1967). *Fra allmueskole til folkeskole : Studier i den norske folkeskoles historie i det 19. århundre.* Oslo: Universitetsforlaget
- Dokka, H. J. (1988). *En skole gjennom 250 år : Den norske allmueskole, folkeskole, grunnskole : 1739–1989.* Oslo: NKS-forlaget
- Dørum, K. og Sødal, H. K. (red.) (2016). *Mellom gammelt og nytt. Kristendommen i Noreg på 1800- og 1900-tallet.* Bergen: Fagbokforlaget
- Eftestøl, O. A. (1916). *Lærerutdanningen : I– II. Norsk skoletidende, nr. 13, og 14, 1913*
- Eftestøl, O. A., (1928). *Religion i skolen. I: Landslaget for frilynt kristendom. 1928 år etter Kristus.* Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Egenberg, G. (1959). *Tanker kring oppgåvene i dag og framover. I: Egenberg, G. Norges Kristelige Lærerforbund : 50 års jubileumsskrift : 1909–1959.* Stavanger: Dreyer

## Aksjeselskap

- Eikeland T. (2007). *Om å vokse opp på barnehjem og på sykehus : En undersøkelse av barnehjemsbarns opplevelser på barnehjem sammenholdt med sanatoriebarns beskrivelser av langvarige sykehusopphold – og et forsøk på forklaring*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen
- Elstad, H. (1997). «...en Kraft og et Salt i Menigheden...» : *Ein studie av presteskapet i Noreg i siste halvpart av 1800-talet, dei såkalla «johnsonske prestane»*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo
- Engberg, H. (1985). *Historien om Christen Kold*. København: Gyldendal
- Engelsen, B. U. (2003). *Ideer som formet vår skole?: læreplanen som idébærer – et historisk perspektiv*. Oslo: Gyldendal akademisk
- Fangen, R. (1934). *Dagen og veien*. Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Faye, A. (1853). *Almuskolen eller Vink til at opdrage og undervise Børn, samt ordne og styre en Almuskole*. (3. utg. 1864) Christiania: Carl C. Berner & Comp.
- Fiskå, A. (1986). *Frå bedehuset til Blindern : Ei kulturvandring*. I: Aagedal, O. (red.) *Bedehuset : Rørsla, bygda, folket*. Oslo: Samlaget
- Fladrud, T. m.fl. (red.) (1967). *Hamar lærerskole 100 år*. Hamar: Hamar lærerskole
- Flint, J. T. (1990). *Historical role analysis in the study of religious change : Mass educational development in Norway, 1740–1891*. Cambridge: Cambridge University Press
- Forordning av 1739:  
[https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_dibok\\_2014031808020?page=3](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_dibok_2014031808020?page=3)
- Fossåskaret, E. og Furre, B. (red.) (1987). *Rogalandskulturen. Mellom religion og Politikk : Ei tverrfagleg vandring gjennom 120 år*. Seminarrapport nr. 77. Stavanger: Høgskolesenteret i Stavanger
- Fossåskaret, E. (1987). *Emissæren og bygda*. I: Tjeltveit, N. (red.): *Bedehuskulturen : Bedehus og bygdelag i Ryfylke*. Stavanger: Dreyer bok, 69-92
- Francke, A. H. (1930). *Velsignelsesrike fotspor*. I: *Hovedverker av den kristne litteratur: Bind VIII: Frå pietismens tid*. (Først utgitt 1701) Oslo: Lutherstiftelsen
- Francke, A. O. (1702/1733). *Kurtzer und einfältiger Unterricht, wie die Kinder zur Wahren Gottseligkeit und christlichen Klugheit anzuführen sind*. Halle, 1733
- Furre, B. (1987). *Mjølkk, misjon og moderate : Eit tolkingsforsøk*. I: Fossåskaret, E. og Furre, B. (red.) *Rogalandskulturen. Mellom religion og politikk. Ei tverrfagleg Vandring gjennom 120 år*. Seminarrapport nr. 77. Stavanger: Høgskolesenteret i Stavanger
- Furre, B. (1971). *Norsk historie 1905–1940*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Furre, B. (1990). *Soga om Lars Oftedal*. Oslo: Samlaget
- Furre, B. (1992a). *Lars Oftedal i Vest-Agder kring 1870*. I: Slettan, B. *Vekkingsrørslar på Agder, sprengstoff i folkekyrkja? Ei artikkelsamling redigert av Bjørn Slettan*. Kristiansand: Agder Distriktshøgskole
- Furre, B. (1992b). *Frå lekpredikant til profesjonell emissær*. I: Oftestad, B.T. (red.): *Prest og predikant på 1800-tallet*. Sarpsborg: Østfoldprosjektet, 60-72
- Furre, B. (1996). *Hans Nielsen Hauge og det nye Noreg*. I: Christoffersen, S. Aa. (red.)



- Hans Nielsen Hauge og det moderne Norge*. Norges forskningsråd, KULT skriftserie nr. 48.
- Garborg, A. (1964) *Bondestudentar*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard) (Først utgitt 1883)
- Garborg, A. (1950). Skule og tru : «Or eit foredrag i Theologisk foreining» 1907. I: *Tankar og utsyn. 1. Artiklar redigert av Johs. A. Dale og Rolf Thesen*. Oslo: Aschehoug & Co. (W. Nygaard)
- Gilje, N. (1988). Rasjonalisme og resignasjon.. En introduksjon til Max Webers kulturteori. I: Skirbekk, G. (red.) *Modernitet : Differensiering og rasjonalisering*. Senter for vitenskapsteori. Bergen: Ariadne Forlag
- Gilje, N. (1995). Haugebevegelsen og sekulariseringens dialektikk. I: Christoffersen, S. Aa. og Wyller, T. (red.) *Arv og utfordring : Menneske og samfunn i den kritiske moraltradisjon*. Oslo: Universitetsforlaget
- Gilje, N. (2014). Prestene. Fra kall til profesjon. I: Slagstad, R. og Messel, J. (red.) *Profesjonshistorier*. Oslo: Pax forlag A/S
- Goffman, E. (1957) The Characteristics of Total Institutions. In: *Symposium on Preventive and Social Psychiatry*, 15–17, April 1957, Walter Reed Army Institute of Research, Washinton, D.C.
- Golf, O. (1996). *Haugianisme og folkeopplysning*. Oslo: O. Golf
- Gripsrud, J. (1990). *Folkeopplysningas dialektikk : Perspektiv på norskdomsrørsla og amatørteatret 1890–1940*. Oslo: Samlaget
- Gripsrud, J. (1999). *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget
- Gripsrud, J. (2017). *Allmenningen : historien om norsk offentlighet*. Oslo: Universitet forlaget
- Grundtvig, N.F.S. (1836/1942). Er Troen virkelig en Skole-Sag? I: Grundtvig, N.F.S. *Værker i udvalg*, 4. bind, 140–144, København: Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag
- Grundtvig, N. F. S. (1929). Nyaars-Önske i Danske Samfund 1843. I: Borup, E. J. og Schroder, F. *Haandbog i N. F. S. Grundtvigs Skrifter*, bind 1. København
- Grung, F. (1887). *Skolearbeide og arbeidsskole*. Bergen: B. Giertsens Forlag
- Grøndahl, M. (1849). *Hans Nielsen Hauges Liv, Virksomhed og dennes Følger*. Trondheim: PA Udgiverens Forlag
- Guneriusen, W. (1999) *Å forstå det moderne : framskrittstro, rasjonalitet, ambivalens og irrasjonalitet i diskursen og modernitet*. Oslo: Tano Aschehoug
- Hagemann, G. (1992). *Skolefolk : Lærernes historie i Norge*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Hagemann, G. (1994). Kvinnesak og norskdøm. I: Ohman Nielsen, M-B. (red.) *Nasjonal identitet og nasjonalisme*. Oslo: Den norske historiske forening
- Hagemann, G. (1998). *Det moderne gjennombrudd : 1879–1905. Aschehougs norgeshistorie*. Oslo: Aschehoug
- Hallesby, O. (1919) *Barnets liv med Gud*. Oslo: Lutherstiftelsen
- Hallesby, O. (1923) *Oppbyggelseskristendom og vækkelseskristendom*. Oslo: Lutherstiftelsen

- Hallesby, O. (1928a/1948). *Fra arbeidsmarken : Et ord til indremisjonens venner*. Oslo: Lutherstiftelsens forlag
- Hallesby, O. (1928b). *Den kristelige sedelære*. Oslo: Lutherstiftelsens Forlag
- Hallesby, O. (1937). Våre barns lærere. I: Leere, A. *Oslo lærerskole gjennom 25 år: 1912–1937*. Oslo: Oslo lærerskole
- Hallesby, O. (1946). Haugianernes inntog i skolen. I: *Ungdomsskolen i femti år*. Stavanger.
- Hallesby, O. (1948). *Fra arbeidsmarken : Et ord til indremisjonsvenner*. Oslo: Lutherstiftelsens forlag
- Halse, P. (2011). *Gudsord og folkespråk : Då nynorsk vart kyrkjepspråk*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag (Bygger på avh. Dr. theol. Universitetet i Oslo, Teologisk fakultet, 2009)
- Halse, P. (2016). *Peter Hognestad : Språkstrid og heilag fred : Biografi*. Oslo: Samlaget
- Halvorsen, H. (1999). *Hundre år på lag med lærerutdanningen 1899–1999*. Oslo: Forskerforbundets Forening for Lærerutdanning.
- Hamsun, K. (1889). *Lars Oftedal. Et udkast*. Bergen: Litlere
- Handeland, O. (1922) *Vårløysing I : Thormod Rettedal og samtida hans*. Bergen: A.S. Lunde & Co.s Forlag
- Handeland, O. (1934). *Vårløysing II* : Bergen: A.S. Lunde & Co.s Forlag
- Handeland, O. (1936). *Vårløysing III* : Bergen: A.S. Lunde & Co.s Forlag
- Handeland, O. (1948). *Kristenliv på Agder : 50 års-skrift for Agder krins av Den norske lutherske Kinamisjonsforbund*. Utgitt av hovedstyret. Oslo: Fordundets Forlag
- Handeland, O. (1966). *Vårløysing I*. (Andre utgåva.) Bergen: A.S. Lunde & Co.s Forlag
- Haraldsbø, B. (red.) (1989). *Kirke – skole – stat. 1739–1989*. Oslo: IKO-forlaget A
- Haraldsbø, B. (1989). 1739–1850. Det stille århundret – menighetenes tid. I: Haraldsbø, B. (red.) (1989). *Kirke – skole – stat. 1739–1989*. Oslo: IKO-forlaget AS
- Hareide, B. (1956) *Skal kristendommen ut av skolen?* Oslo: Lutherstiftelsen
- Hauge, D. (1958). Lørdagsandakten. *Prismet* 2/1958
- Haugland, K. (1977). Lærarane i brodden for norsk målreising på 1800-talet. *Syn og Segn*, 3:177–188
- Haugland, K. (1995). Unge seminaristar søker kulturell identitet og sosial posisjon – bygder i hamskifte søker leiarar og strategiar : Ein studie med to innfallsvinklar. I: Haugland, L. (2014). Hans Nielsen Hauge : A catalyst of literacy in Norway. *Scandinavian Journal of History*, 2014, Vol. 39, Nr. 5, 539-559
- Høydal, R. (red.) (1995b): *Nasjon – region – nasjon. Vestlandslæraren 1840–1940*. *KULT skriftserie nr 45*, Norges forskningsråd
- Hellern, V. (1968). *Den norske skolens idegrunnlag : En idéhistorisk fremstilling av den pedagogiske debatt i Noreg inntil 1900*. Oslo: Universitetsforlaget
- Helsvig, K. (2003). Kristendom og dåpsopplæring i norsk skole 1939–2003. *Kirke og kultur*, 2003, Vol. 108(05-06), pp. 447–461
- Helsvig, K. (2005). *Pedagogikkens grenser : kampen om norsk pedagogikk ved Pedagogisk forskningsinstitutt 1938–1980*. Oslo: Abstrakt forlag. Doltorgradsa

- handling, Universitetet i Oslo, 2003
- Henriksen, J.-O. (2012). Religion mellom sekularitet og sekularisme: Sekularitetens gevinster i et religionsfilosofisk perspektiv. I: Bangstad, S., Leirvik, O. & Plesner, I. T.: *Sekularisme – med norske briller*. Oslo: Unipub
- Hertzberg, N. (1910). *Minder fra min skolemestertid : 1844–1873*. Kristiania: Aschehoug & Co (W. Nygaard)
- Hertzberg, N. (1888). *Om forslag til nye Love for Folkeskolen*. Kristiania
- Hertzberg, N. (1889). *Barnets kristelige Opdragelse*. Det Østerhausiske Legats Folkeskifter III. Kristiania: Selskabet til frivillige Andaktsbøgers Udgivelse
- Hertzberg, N. (1891). *Opdragelse og Undervisning*. Kristiania: Grøndahl & Søn Forlag
- Heuch, J. C. (1883). *Vantroens Væsen : Populære polemiske Foredrag*. Kristiania: Alb. Cammermeyer
- Heuch, J. C. (1902). *Mod Strømmen*. Kristiania: Aschehoug
- Hodne, Ø. (1987). *Skolen i gamle dager : Barndomsminner fra den gamle folkeskolen 1885–1925*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hoem, E. (2005). *Mors og fars historie*. Oslo: Oktober
- Holter, H. (1974). *Kvinnens liv og arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget
- Holter, Å. (1989). 1850–1890. Det store spranget : Fra menighetskole til borgerskole. I: Haraldsø, B. (red.) *Kirke – skole – stat 1739–1989*. Oslo: IKO-forlaget
- Holter, Å. (1991). *Tilbakeblikk*. Innledning ved IKO-samling, 18/4-1991. Upublisert Manus. (Her sitert frå Helsvig 2005:137)
- Hopland, K. (2005). Profet og professor med institusjonell og symbolsk makt : Ole Hallesby som religiøs leder i Noreg 1910–1950. *Chaos* 43, 2005:63–81
- Hoprekstad, O. (1960). *Bergen folkeskule 1890–1911*. Bergen: Eide forlag
- Hoprekstad, O. (1961). *Vestlandske lærarstemna 1861–1961*. Bergen: Styret for Vestlandske lærarstemna
- Hovland, B. M. (1999). *For Fedreland og Broderband : Allmugeskolelæraren si møteverksemd i det nasjonale gjennombrøtet 1850–1870 : Utdanning som nasjonsbygging*. Skrift nr. 1. Volda: Høgskulen i Volda.
- Hovland, B. M. (2016). *Historie som skolefag og dannelsesprosjekt 1889–1940 : En historiografi ut fra folkeskolens historielærebøker*. Doktoravhandling, Universitetet i Oslo,
- Høigård, E. og Ruge, H. (1963). *Den norske skolens historie : En oversikt*. Oslo: J. W. Cappelens forlag A.S.
- Høydal, R. (1995). *Periferiens nasjonsbyggjarar : Vestlandslæraren og Volda Lærarskule 1895–1920*. KULT Skriftserie nr. 39. Norges Forskningsråd.
- Høydal, R. (1995b): *Nasjon – region – nasjon : Vestlandslæraren 1840–1940*. KULT skriftserie nr. 45. Norges forskningsråd
- Høverstad, T. (1918). *Norsk skulesoga : Det store interregnum 1739–1827*. Oslo: Steenske forlag
- Høverstad, T. (1924). *Ole Vig : Norsk folkelesnad I*. Trondheim: Nidaros folkeskriftnemnd
- Høverstad, T. (1930). *Norsk skulesoga : Frå eineveldet til folkestyre 1814–1842*. Oslo:

Steenske forlag

- Høverstad, T. (1953). *Ole Vig : Ein norrøn uppsedar*. Hamar: Norrøn livskunst
- Hägglund, B. (1956). *Teologiens historia : en dogmatisk översikt*. Lund: Gleerup
- Imsen, G. (2005). *Elevenes verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget
- Jansen, J. J. (1909). *Oplevet og tænkt*. Kristiania: Aschehoug
- Jensen, P. A. (1863). *Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet. Udgiven efter offentlig Foranstaltning. Andet Skoletrin*. Christiania: J. W. Cappelens Forlag
- Jensen, E. B. (1998). Trekk ved utviklingen av lærerutdanning for samisk skole. I: Haakstad, J., Tvinnereim, H., Ramsfjell, O.: *Læreutdanning, Tradisjon, Nyskaping*. Oslo: Lærerutdanningsrådet
- Johansen, A. (2001). *All verdens tid*. Oslo: Spartacus
- Johansen, A. (2009). *Skriv! : Håndverk i sakprosa*. Oslo: Spartacus
- Johnson, G. (1857). *Nogle Ord om BARNEDÅBEN*. Christiania: Jac. Dybwad
- Johnson, G. (1883). Til Christendommens Venner i vort Land. *Aftenposten* 27. feb. 1883
- Jordheim, K. (2009). *Seierherren vender hjem: Skolen i mellomkrigstiden med Akersogninger som aktører*. Doktorgradsavhandling, Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo
- Karlsen, G. (2005) Styring av norsk lærerutdanning : et historisk perspektiv. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 2005, Årg. 89, nr 6, pp.402-416
- Keel, A. (1999). *Bjørnstjerne Bjørnson : En biografi 1880–1910*. Oslo: Gyldendal
- Kielland, A. (1887). *St. Hans Fest*. Kristiania: Gyldendal norsk forlag
- Kjeldstadli, K. (1994). *Norges historie : Bind 10 : Et splittet samfunn : 1905–1935*. Oslo: Aschehoug
- Klonteig, I. (1977). *Daningsidear hjå Grundtvig*. Skrift nr. 4. Seljord: Norsk Folkehøgskolelag
- Knap, C. (1927) 1896–1927. I: Boyesen, E. og Wildhagen, F. *Tidskifte*. Oslo: Aschehoug
- Knutsen, P. (2002) *Analytisk narrasjon. En innføring i historiefagets vitenskapsfilosofi*. Bergen: Fagbokforlaget
- Koht, H. (1925). *Johan Sverdrup : 3:2 : 1880–1892*. Kristiania: Aschehoug
- Korsgaard, O., Kristiansen, J. E., Jensen, H. S. (2017). *Pædagogikkens idehistorie*. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag
- Koselleck (2004) [*Erfarenhet, tid och historia*. Uddevalla: Bokförlaget Daidalos AB
- Kringen, O. (1904). *Kirken sett fra et socialistisk synspunkt*. Kristiania
- Kristvik, E. (1920). *Folkelagnad : tankar om samfund og kultur*. Kristiania: Norli Forlag
- Kristvik, E. (1921). Heimstadelære. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 1921, s. 268
- Kristvik, E. (1937). Striden om den gammel og ny skule. I: Holmboe, H., Holtman, O., Daae, T., Ingebretsen, M. (red.) *Den nye barneskolen: Festskrift til overlærer Anna Sethne: 25. september 1947*. Oslo: Steenske Forlag
- Kristvik, E. (1939). *Elevkunne : Pedagogisk psykologi II*. Oslo: Olaf Norlis Forlag

- Kristvik, E. (1941). *Læreryrket : Innføring i pedagogikk*. Oslo: Olaf Norlis Forlag
- Kristvik, E. (1953) *Læreryrket : Innføring i pedagogikk*. (4. utg.). Oslo: Olaf Norlis Forlag
- Kristvik, E. (1954). Landsskule-læraren. I: Berg, F., M. Strømnes, Todal, A. og Tolstad, W. H. (red.) *Aschehougs Metodeverk – aktuelle problem i folkeskolen* Oslo: Aschehougs Forlag
- Krokann, I. (1942/1976). *Det store hamskiftet i bondesamfunnet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Kulich, J. (1997). Christen Kold : founder of the Danish folk high school : myth and reality. *International journal of lifelong education*, Vol. 16, 5 (sep.-oct. 1997) pp. 439–453 (Side 448)
- Kullerud, D. (1987). *Hallesby : Mannen som ville kristne Norge*. Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Kullerud, D. (1996). *Hans Nielsen Hauge : Mannen som vekket Norge*. Oslo: Forum Aschehoug
- Kullerud, D. (2016). *Bibelen: Boken som formet vår kultur*. Oslo: Verbum forlag
- Kvam, V. (2009). *Livsnær skole : En historie om Erling Kristvik og den fådelte skolen*. Oslo: Abstrakt forlag. (Boka er ei redigert utgåve av doktorgradsavhandlinga hans: *Livsnær skole. En studie av Erling Kristviks pedagogiske engasjement for fådelt landsfolkeskole*. Universitetet i Oslo, 2009)
- Kaarstad, H. (1913). *Katekisme-upplæringi for heim og skule*. Volda: Gjærders bok- og notetrykkeri
- Kaarstad, H. (1920a). *Um opplæring og uppseding i folkeskulen : Rettleiing for dei praktiske prøvor ved lærarskulen*. Bergen: Lunde forlag (Først utgitt 1911)
- Kaarstad, H. (1920b). Kristendomsupplæringi og den liberale teologi, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*. nr. 4. 1920
- Kaarstad, H. (1920c). *25-årsmelding um Volda lærarskule ved styraren*. Volda: Volda lærarskule
- Kaartvedt, A. (1967). *Kampen mot parlamentarisme 1880–1884 : Den konservative Politikken under vetostriden* (2. utgåve). Bergen: Universitetsforlaget
- Lambert, Y. (2003). New Christianity, Indifference and Diffused Spirituality. I: *The Decline of Christendom in Western Europe 1750–2000*. Cambridge, Eng.: Cambridge University Press
- Lakoff G. og Johnson, M. (2003) *Hverdagslivets metaforer : fornuft, følelser og menneskehjernen*. Oslo: Pax forlag
- Lange, A. (1947). *Hvem blir lærere – og hvorfor?* Utgitt av komiteen for pedagogisk forskning. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Lavik, A. (1916). *Kristne hjem og kristen barneoppdragelse*. Bergen: Lunde & Co.s Forlag
- Leere, A. (1915). *Den nye lærerskole i Kristiania : Beretning 1912–1915*. Kristiania: Den nye lærerskole i Kristiania
- Leere, A. m.fl. (1937). *Oslo lærerskole gjennom 25 år : 1912–1937*. Oslo: Oslo lærerskole

- Lein, B. N. (1981). *Kirken i felttog mot kvinnefrigjøring : Kirkens holdning til den borgerlige kvinnebevegelsen i 1880-årene*. Oslo: Universitetsforlaget
- Leirvik, O. (2012). Religionsdialog, sekularitet og eit felles forpliktande prosjekt. I: Bangstad, S., Leirvik, O. & Plesner, I. T.: *Sekularisme – med norske briller*. Oslo: Unipub
- Liedman, S. E. (2016). *Den moderne verdens idéhistorie : i skyggen av fremtiden*. Oslo: Dreyers forlag
- Lorentzen, H. (1994). *Frivillighetens integrasjon: Staten og de frivillige velferdsprodusentene*. Oslo: Universitetsforlaget
- Lundby, K. (1987). *Troskollektivet : Folkekirkens oppløsning i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget
- Lunde, N. (1974). *Skoleloven av 1889 : fra almueskole til folkeskole*. Oslo: Aschehoug
- Lycke, K. H. (1984). Så visst ikkje berre bak speilet! I: *Skolen 1984. Årbok for norsk skolehistorie*, s. 23–42, Oslo: NKS-forlaget
- Lövgren, A. (2018). *The Reflective Community : Learning processes in Norwegian folk high schools*. Doktorgradsavhandling, Menighetsfakultet
- Løvlie, B. (2002). *Vestavind. 1870-årenes debatt om kristenliv og kirkeordning under innflytelse fra Skottland*. Oslo: KIFO. Rapport nr. 20
- Løvlie, B. (2007). *Matias Orheim, hans bidrag til vestnorsk kultur og kristenliv*. Trondheim: Tapir akademiske forlag
- Løvlie, B. (2009). Med Nissen på lasset – kirke, skole og demokrati omkring 1860. I: Løvlie, B., Meier, R. og Redse, A. (red.) (2009). *Danning, identitet og dialog : Festskrift til Per Magne Aadnanes*. Trondheim: Tapir akademiske forlag
- Løvlie, B. (2016) Lekmanns- og misjonsbevegelsene som demokratiseringsagenter. I: Dørum K. og Sødal, H. K. *Mellom gammelt og nytt. Kristendom i Noreg på 1800- og 1900-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget
- Markussen, I. (1995). *Til Skaberens Ære, Statens Tjeneste og Vor Egen Nytt : Pietistiske og kameralistiske ideer bag fremvæksten af en offentlig skole i landdistrikterne i 1700-tallet*. Doktorgradsavhandling, Odense Universitet
- Martinussen, K. (1959). Hilsen til 50-års jubileet. I: Egenberg, G. *Norges Kristelige Lærerforbund. 50 års jubileumsskrift. 1909–1959*. Stavanger: Dreyer Aksjeselskap
- McLeod, H. (2009). Introduction. I: *The Decline of Christendom in Western Europe, 1750–2000*. Edited by Hugh McLeod and Werner Ustorf. Cambridge: Cambridge University Press
- McCulloch, G. (2011). *The Struggle for the History of Education*. London: Rutledge
- Melle, O. (2002). *Utdanning og nasjon i moderniteten – mellom sivilt samfunn og Governmentalitet : Tema med variasjonar i tid og rom*. Volda: Høgskulen i Volda
- Melby, K. (1995). *Kvinnelighetens strategier : Norges Husmorsforbund 1915–1940 og Norges Lærerinneforbund 1912–1940*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Trondheim
- Messel, J. (2016). *Lærerutdanning og kulturkollisjoner*. Oslo: HiOA  
<https://blogg.hioa.no/hioahistorie/2016/01/07/laererutdanning-ogkulturkollisjoner/>  
 Lese 4.1.2017

- Midttun, J. (1995). *Sosialdemokrati og folkekirke : Det norske Arbeidarpartis forhold til kirke og religion*. Norges forskningsråd: KULTs skriftserie nr. 4
- Moe, S. (1996) *Det avgjørende frelsesvalg : Vilje og omvendelsesforståelsen hos Ole Hallesby*. (Opptrykk av doktorgradsavhandling frå 1988, UiO) Høgskolen i Vestfold, Rapport 5/96
- Molland, E. (1972). *Fra Hans Nielsen Hauge til Eivind Berggrav : Hovedlinjer i norsk kirkehistorie i det 19. og 20. århundre*. (3. utg.) Oslo: Gyldendal, Studiefakkell.
- Molland, E. (1979). *Norges kirkehistorie i det 19. århundre*. (Bind I–II) Oslo: Universitetsforlaget
- Molven, F. (2017) *Historieskrivningens strev*. Dr.avh. Universitetet i Bergen
- Muri, B. (2016). *Materialet etter Christiania guttehem*. Oslobilder.no/Anders B. Wilse, Oslo Museum
- Myhre, R. (1976). *Den norske skoles utvikling : idé og virkelighet*. Oslo: Fabritius. Pedagogisk bibliotek.
- Myhre, H. J. (1882). *En Lægmands Betragtninger over de mest fremtrædende religiøse Bevegelser i vort Land i de sidste firsindtyve Aar*. Horten: Udgiverens Forlag
- Nerbøvik, J. (1986). *Norsk historie 1870–1905 : Frå jordbruksamfunn til organisasjonssamfunn*. (Ny utg.) Oslo: Det Norske Samlaget
- Nerbøvik, J. (1993). *Volden høiere Almueskole med annecteret Dannelseanstalt for Almueskolelærere 1861–1880*. Notat. Referert i Høydal 1995:59
- Nerbøvik, J. (1995). I førre tider : Voldens høiere Almueskole med annecteret Dannelsesanstalt for Almueskolelærere 1861–1880. I: Høydal, R. (1995b): *Nasjon – region – nasjon. Vestlandslæraren 1840–1940*. KULT skriftserie nr 45. Norges Forskningsråd
- Nerbøvik, J. (2000). *Nasjonsbygging og modernisering : Tema med variasjonar : artiklar og talar 1990–2000*. Volda: Høgskulen i Volda
- Ness, E. (1989). *Det var en gang – norsk skole gjennom tidene*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nicolaysen, B. K. (1997) Forteljninga, kulturen, historien : Samtale med Pasul Ricoeur. I: Nicolaysen, B. K. *Omvegar fører lengst : Stykkesvise essay om forståing*. Oslo: Samlaget
- Nielsen, M.-B.O. (1995). Besynge og beskrive : Å spore vestlendingen i tale og tabeller. I: Høydal, R. (red.) *Nasjon – region – profesjon : Vestlandslæraren 1840–1940*. KULTs skriftserie nr. 45. Oslo: Norges Forskningsråd, 155-165
- Nissen, H. (1849). *Om kvinnelig Dannelse og kvindelige Undervisningsanstalter*. Christiania: Malling
- Nome, J. (1942). *Demringstid i Noreg : fra misjonsinteresse til misjonsselskap*. Stavanger: Det norske misjonsselskap
- Nome, J. (1966). Kirke og kultur i Norge. I: Huseby, R. *Det angår kirken : 7 essays om kulturspørsmål*. Stavanger: Nomi forlag
- Norborg, S. (1966). *Hans Nielsen Hauge : Biografi : 1771– 1804*. Oslo: J. W. Cappelen's Forlag
- Norborg, S. (1979). *Vekkeren fra Aremark*. Oslo: Luther forlag

- Nordstrand, A. (1975). *Rekruttering til lærerskolene i tiden 1902 til 1926*. Hovedoppgave i pedagogikk, Universitetet i Oslo
- Norseth, K. (2007). «*La os bryte over tvert med vor stumhet!*»: *Kvinnerens vei til myndighet i de kristelige organisasjonene 1842–1912*. Doktorgradsavhandling, Menighetsfakultetet
- Norske skolefolk. (1966). Band I–III, Stavanger: Dreyer forlag
- Oftestad, B. T. (1982). Vekkelsene og samfunnet : Tre vekkelse i 1930-årene. I: Larsen, S. U. og Montgomery, I. (red.) *Kirken, krisen og krigen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Oftestad, B. T. (1989). 1890–1940 : Kirkens møte med skolen i moderne tid. I: Haraldsbø, B. (red.): *Kirke – skole –stat : 1739–1989*. Oslo: IKO-forlaget AS
- Oftestad, B. T. (1991). *Kirken i det nye Norge*. I: Oftestad, B., Rasmussen T. og Schumacher, J.: *Norsk Kirkehistorie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Oftestad, B. T., Rasmussen T., og Schumacher, J. (1991). *Norsk Kirkehistorie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Oftestad, B. T. (1994). Skolelovene av 1889 og virkningen av dem : Noen teoretiske perspektiver. I: Amundsen, A. B. *Skolen, oppdragelsen, forbildene: Perspektiver på Østfolds skolehistorie gjennom 300 år. Serie: Kirkegeografi for Østfold*. Sarpsborg: Borgarsyssel Museum
- Pavels, C., (1899). *Dagbøker for Aarene 1812–1813*. Kristiania: Udg. for Den norske historiske forening af Dr. L. Daae.
- Pontoppidan, E. (1737/1817). *Sandhed til Gudfrygtighed, udi en eenfoldig og efter Muelighed kort dog tristrækkelig Forklaring over Sal. Dr. Mort. Luthers liden Catecismo, indeholdende alt det, som den, der vil blive salig, har behov for vite og gjøre. Paa Kongelig allernaadigst Befaling til almidelig Brug*. Kristiansand: D. B. Moe (Første utgåve: 1737)
- Pontoppidan, E., (1756/1850). Om Skole-Besøgelse. I: *Collegium pastorale practicum : indeholdende en fornøden Underviisning, Advarsel, Raadførelse og Opmuntring for dem som enten berede sig til at tjene Gud og Næsten i det hellige Præste-Embede, eller og leve allerede deri och ønske at udrette alt med Frugt og Opbyggelse, (...)*. Kristiansand: D. U. Steens Forlag
- Ramsfjell, O. (1997). *Tradisjon og fornyelse i norsk allmennlærerutdanning, Oslo lærerhøgskole 1912–1992*. HiO-rapport 1997, nr. 7. Oslo: Høgskolen i Oslo
- Rasmussen, T. (1991). Fra reformasjonen til 1814. I: Oftestad, B. T., Rasmussen, T. og Schumacher, J.: *Norsk kirkehistorie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Rasmussen, T. (1995). Reformasjonens etos og Norge. I: Christoffersen, S. Aa. og Wyller T. (red.): *Arv og utfordring : Menneske og samfunn i den kritiske moraltradisjon*. Oslo: Universitetsforlaget
- Rasmussen, T. (1996). Kristelig og borgerlig offentlighet i Noreg på 1800-tallet. I: Rasmussen, T. og Wyller, T. (red.) *Kristelig og borgerlig offentlighet i Norge*. Norges forskningsråd: KULTs skriftserie nr.53
- Rasmussen, T. (1999). Det indre og det ytre. Noen hovedtemaer fra luthersk moraltradisjon. I: Christoffersen, S. A. (red.): *Moralsk og moderne? : Trekk av den kristne moraltradisjonen fra 1814 til i dag*. Oslo: AdNotam Gyldendal



- Rasmussen, T. (2004). Erik Pontoppidan : Opplyst pietisme. I: Thuen, H. og Vaage, S. (red.) *Pedagogiske profiler : Norsk utanningstenkning for Holberg til Hernes*. Oslo: Abstrakt forlag
- Repstad, P. (1981). *Mellom himmel og jord : En innføring i religions sosiologi*. Oslo: Gyldendal
- Repstad, P. (1992). Sørlandspietismen – status og framtidsutsikter. I: Slettan, B., *Vekkingsrørsler på Agder, sprengstoff i folkekyrkja? Ei artikkelsamling redigert av Bjørn Slettan*. Kristiansand: Agder Distriktshøgskole
- Repstad, P. (2016). Hvordan fastslå kristendommens virkninger? I: Dørum, K. og Sødal, H. K. (red.): *Mellom gammelt og nytt. Kristendom i Noreg på 1800- og 1900-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget
- Ricoeur, P. (1991). Life in quest of narrative. In: Wood, D. (ed.) *On Paul Ricoeur : Narrative and interpretation*. London and New York: Routledge
- Ribsskog, O. K. og Svensen, S. (1914). *Trondhjems folkeskole : En historisk fremstilling*. Trondhjem kommune
- Roedder, K. (1937). *Knus ikke en elendig i porten*. Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Rogaland lærarlag (1952). *Rogaland lærarlag 1850–1950*. Bryne: Jærprent
- Rudvin, O. (1937). Kristeleg samfundsliv. I: *Oslo lærerskole gjennom 25 år: 1912–1937*. Oslo: Oslo lærerskole
- Rudvin, O. (1967). *Indremisjonens historie*. (Bind 1). Oslo: Lutherstiftelsens Forlag
- Rudvin, O. (1970). *Indremisjonshistorie I–II : Det norske lutherske indremisjonsselskap 1892–1968*. Oslo: Lutherstiftelsens Forlag
- Sanders, H. (1995). *Bondevækkelse og sekularisering : En protestantisk folkelig kultur i Danmark og Sverige 1820–1850*. Doktorgradsavhandling, Stads- og kommunhistoriska instituttet, Stockholm universitet.
- Sanders, H. (2004) Sekularisering – Et relevant begreb for historisk forskning? I: *Mem religion og opplysning. Sekularisering af 1700-tallets politiske og kulturelle univers*. *Den Jydske Historiker* nr. 5, 2004
- Sandin, B. (1992). Barndommen, skolen og kulturen : Teoretiske og empiriske perspektiver på folkeskoleundervisning i Sverige 1600–1900. I: Aasen, P. og Te haug, O. (red.): *Takten, takten, pass på takten. Studier i den offentlige oppdragelsens historie*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Schelderup, A. og Andersen, J. (1953) *Kristendomsundervisningen i folkeskolen*. Oslo : Aschehoug & Co (W. Nygaard)
- Seip, J. A. (1981). *Utsikt over Norges historie : 2 : Tidsrommet ca. 1850-1884*. Oslo: Gyldendal
- Seip, J. A. (1987). *To linjer i norsk historie : Fra embetsmannsstat til ettpartistat : Høyre gjennom hundre år : 1880–1980*. Oslo: Universitetsforlaget
- Seland, B. (2006). *Religion på det frie marked : Folkelig pietisme og bedehuskultur*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS
- Seland, B. & Agedal, O. (2008). *Vekkelsesvind. Den norske vekkelseskristendommen*. Oslo: Samlaget
- Seland, B. (2014). Tale eller tie i forsamlingen? : Kristelig kjønnsregime mellom tradi-

- sjon og modernitet. I: Dørum, K. (red.): *Politikk, profesjon og vekkelse : Kvinner i Noreg på 1800- og 1900-tallet*. Bergen: Fagbokforlaget
- Sethne, A. og Killingstad, A. (1928). *Hjemstedslære : håndbok for lærere*. Oslo: Cappelen.
- Sethne, A. (1937). Individuelt arbeide. I: Sethne, A., Gierow, A. & Nørvig, A. M.: *Individuel undervisning*. Populære pedagogiske skrifter. Bind I. Oslo: J. W. Cappelen
- Sheehen, J. (2003). Review Essay. Enlightenment, Religion, and the Enigma of secularization. *American Historical Review*, Oct. 2003
- Sivertsen, N. (1946). *Hans Nielsen Hauge og vennesamfunnet*. Oslo: Land og kirke
- Sjursen, F. W. (1973). *Indremisjonen i en ny tid; 1973: Det Vestlandske Indremisjonsforbund, 1898–1848 – 1973*. Bergen: Det Vestlandske Indremisjonsforbund
- Sjursen, F. W. (1997). *Den haugianske periode (III). 1796–ca. 1850. Artikler om Hans Nielsen Hauge, haugianismen og bevegelsens betydning for kultur- og opplysningsarbeidet*. Bergen: NLA-forlaget
- Skar, J. (1963). *Gamalt or Sætedal : 3*. Oslo: Samlaget
- Skard, M. (1926). *Barndom og kristendom : religionsundervisningen i barneskolen*. Oslo: Olaf Norlis forlag
- Skeie, G. (2004). An overview of Religious Education Research in Norway. I: Larsson, R. and Gustavsson, C. (ed.): *Towards a European Perspective on Religious Education. Bibliotheca Theologiae Practicae 74*. Uppsala Universitet
- Skiftun, T. (1938) *Hjelmelend : Skipnad, herad og kyrkjesokn : Gard og ætt*. Stavanger: Dreyers Grafiske Anstalt
- Skinningrud, T. (2012). *Fra reformasjonen til mellomkrigstiden : Framveksten av den Norske utdanningssystemet*. Dokorgradsavhandling, Universitetet i Tromsø
- Skirbekk, G. (2010). *Norsk og moderne*. Oslo: Res Publica
- Skrondal, A. (1929). *Grundtvigianismen i Noreg : Kyrkje og skule 1872–1890*. Bergen: A/S Lunde & Co's Forlag
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax forlag
- Slagstad, R. (2002). Hallesby og folkedannelsen. I: Aarnes, A. og Bjerkeset, O. A. (red.): *Gjensyn med Hallesby*. Oslo: Lunde
- Slettan, B. (1986). Prædikerinder og arbeidsbier : Kristelige kvinneroller på 1800-tallet. I: Aagedal, O. (red.): *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Slettan, B. (1992a). «O, at eg kunde min Jesum prise...» : *Folkelig religiøsitet og vekkelsesliv på Agder på 1800-tallet*. Oslo: NAVF/Universitetsforlaget
- Slettan, B. (1992b). Separatisme eller sanne kristne? : Fekk «einskapskulturen» grunnskotet av vekkingsrørslene? I: Slettan, B. *Vekkingsrørslar på Agder : Sprengstoff i folkekyrkja : Ei artikkelsamling redigert av Bjørn Slettan*. ADH-serien, nr. 39. Kristiansand: Agder distriktshøgskole.
- Slettan, B. (1995). 1800-tallets folkelige religiøse bevegelser i Noreg : Forskning på vekkelse og fromhetsliv; status og oppgaver. *Historisk tidsskrift* 2/1995, s. 171–

- Slyngstad, A. (1937). Oslo lærerskole 1912–1937. I: Leere, A. m.fl. *Oslo lærerskole gjennom 25 år: 1912–1937*. Oslo: Oslo lærerskole
- Slyngstad, A. (1964). *Oslo lærerskole 1912–1962*. Ikkje publ.
- Solberg, P. (1996). *Norske lærebøker i pedagogikk 1902–1938*. Doktorgradsavhandling, NTNU
- Sommerville, C. J. (1992). *The Secularization of Early Modern England: From Religious Culture to Religious Faith*. New York: Oxford University Press. 1992. Pp. 227
- Spener, P. J. (1930). Pia Desiderie. I: *Hovedverker av den kristne litteratur: 8: Frå pietismen tid*. Oslo: Lutherstiftelsen
- Stavseng, O. (1996). *Den historiske konstruksjon av moderne ungdom : Om ungdom som forskningsobjekt i vitenskaps- og utdanningshistorisk belysning*. Dr. gr. avh. Oslo: Cappelen Akademiske forlag/NOVA-Ungforsk
- Stegane, I. (1987). *Det nynorske skriftlivet : Nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjonen*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen
- Stensvold, A. (2005). Kristen modernisering – misjon, indremisjon og frikirker. I:
- Stone, L. (1979). The Revival of Narrative: Reflections on a New Old History. *Past & Present*, 1 November 1979, Issue 85, pp.3-24
- Straume, J. (1948–1965). *Kristenliv (I–XII)*. Bergen: Lunde
- Straume, J. (1948–1965). *Kristenliv (I–XII)*. Bergen: Lunde
- Straume, J. (1957). *Kristenliv i Rogaland : Frå Haugesund til Hidra : Eit sogeskrift*. Bergen: Lunde
- Strømnes, M. (1982). *Kristvik-skolen*. Oslo: Aschehoug
- Strømnes, Å. L. (1989). *Lærarrolla til ulike tider : foredrag på møte i Selskapet for Norsk skolehistorie, 19. november 1988*. Trondheim: Åsmund Lønning Strømnes
- Supphellen, S. (2012). *Konventikkelplakatens historie 1741–1842*. Trondheim: Studies in History. Tapir Academic Press 2012.
- Svartvatn, R. O. og Telhaug, A. O. (1992). Straff av barn i folkeskolen : En studie av Legemlig straff som disiplineringsmiddel i Trondheims folkeskoler 1890–1930. I: Aasen, P. og Telhaug, A. O., 1992: *Takten, takten pass på takten : Studier i den offentlige oppdragelsens historie*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Svensden, S. (1929). *En vækkelse*. Oslo: Lutherstiftelsen
- Sverdrup, J. (1870). Grundtvig og de danske Folkehøiskolen. *Folkevennen 1870*
- Sverdrup, J. (1892/1982). *Religionsundervisningen i Folkeskolen : Indledningsforedrag ved Stiftsmødet i Bergen den 25de Oktober 1892*. Bergen
- Sødal, H. K. (2008). «Mod Strømmen» – i tiden. *J.C. Heuch og kulturen*. Dr.gradsavh. Menighetsfakultetet
- Sødal, H. K. (2013). *Noreg i brann. Oxfordbevegelsen 1934–1940*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Sødal, H. K. (2014). Kontemplativitet handlingsrettet spiritualitet – Stille studenter og ledelse i Oxfordbevegelsen belyst ved nedtegnelser fra Erling Wikborg. *Teologisk Tidsskrift* 2014, 3(4), 431–450
- Sødal, H. K. (2015). Oxfordbevegelsen, en annerledes vekkelse. I: *Agder Vitenskaps*

- kademis Årbok 2014* s. 62-71. Kristiansand: Portal forlag
- Sødal, H. K. (2016) Skolens vekst og fall som kirkelig institusjon. I: Dørum, K. og Sødal, H. K. (red.) *Mellom gammelt og nytt. Kristendom i Noreg på 1800- og 1900 tallet*. Bergen: Fagbokforlaget
- Sørensen, Ø. (2001). *Kampen om Norges sjel. I: Norsk idéhistorie. Bind 3.* Oslo: Aschehoug,
- Taylor, C. (2007) *A Secular Age*. Cambridge, Massachusetts; London: The Belknap Press of Harvard University Press
- Telhaug, A. O. (1973). Til forsvar for den historiske pedagogikken. I: Befring, E. og Dokka, H. J. (red.) *Pedagogisk periferi : noen sentrale problemer*. Oslo: Gyldendal
- Telhaug, A. O. (1997). *Norsk skolehistorisk forskning på defensiven? : Beskrivelse og Analyse : Innlegg i symposiet Utdanningshistorisk og komparativ forskning i Norden.* Universitetet i Oslo, 7.–8. mars 1997
- Telhaug, A. O. (1999). Norsk skolehistorisk forskning – fire generasjoner. I: Telhaug, A.O. og Aasen, P. (red.) *Både - og. 90-tallets utdanningsreformer i historisk perspektiv*. Oslo: Cappelen akademisk forlag
- Telhaug, A. O. & Mediås, O.A. (2003). *Grunnskolen som nasjonsbygger : Fra statspietisme til nyliberalisme*. Oslo: Abstrakt forlag
- Thue, F. (2019). *Skjervheimførelsesninga 2019*, Stalheim, 13.9.2019
- Thorkildsen, D. (1997). Gisle Johnson – ‘The Godfather’ i norsk kirkeliv (1822–1894). Uprenta artikkel 1997
- Thorkildsen, D. (1998). Vekkelse og modernisering i Norden på 1800-tallet. *Historisk Tidsskrift* 1998, 77: 160–180
- Thorkildsen, D. (1999). Frå kirkeskole til folkeskole. I: Christoffersen, S. Aa. (red.) *Moralsk og moderne? Trekk av den kristne moraltradisjon i Noreg frå 1814 til i dag*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Thorkildsen, D. (2002) Stat og kirke i historisk og nordisk perspektiv. *Norsk Teologisk Tidsskrift*, Årg. 103, nr. 2–3, s. 113–124.
- Thorkildsen, D. (2010). Lutherdom, vekkelse og de nordiske velferdsstater. *Tidsskrift for historie*. Nr.1, s. 131–146
- Thuen, H. (2001). *I foreldrenes sted. Barneredningens oppdragelsesdiskurs. 1820 1900*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Thuen, H. (1992). Oppdragelse eller straff : Oppdragelsesanstalter i Noreg 1840 1950. I: Aasen, P. og Telhaug, A. O. *Takten, takten pass på takten. Studier i den offentlige oppdragelsens historie*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Thuen, H. (2014). Ny dansk utdanningshistorie – hva med Norge? : Historiografiske refleksjoner. I: *Årbok for norsk utdanningshistorie Bergen*. Bymuseet i Bergen
- Tiilikilä, O. (1949). Professor Hallesby som teolog. I: *Korsets ord og troens tale : Festskrift til O. Hallesby på 70 års dagen*. Oslo: Lutherstiftelsen
- Toskedal, G. (2005). 100 år i nasjonal og lokal skulehistorie. I: Medhaug, K. A. *Mot nye Horisonter: Karmøy folkehøgskole 100 år : 1906–2006*. Kopervik
- Try, H. (1985). *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Noreg : Forskningsoversyn og Perspektiv : Eit skrift frå det samnordiske prosjektet «Frå assosiasjon til*

- Masseorganisasjon*». Øvre Ervik: Alvheim & Eide Akademisk forlag.
- Try, H. (1995). *To kulturer, en stat 1851–1884*. (3. utg.) Oslo: Cappelen
- Tvedt, K. A. (2018). *Norges Historie fra 1905 til 1939*. I Store norske leksikon. Hentet 5. april 2018 fra [https://snl.no/Norges\\_historie\\_fra\\_1905\\_til\\_1939](https://snl.no/Norges_historie_fra_1905_til_1939).
- Tveiten, A. (1994). *Private lærarskular 1890–1947 : Med fokus på dei kristelege skoleane Notodden, Volda, Oslo og Nidaros*. Bergen: Norsk lærerakademi
- Tveiten, A. (1995). Volda lærarskule sett i eit nasjonalt perspektiv – i tida 1895–1940. I: Bergem, P. *Forkynning, fellesskap, forskning : Volda lærarskule 1895–1995*. Volda: Høgskulen i Volda
- Tveiten, A. (1997). Kristelege lærarskular i historisk perspektiv. I: *NLAs årbok for 1997: Tradisjon, reform og strategi*. Bergen: NLA-Forlaget.
- Tønnesen, H. O. (1966). *Tekster og aktstykker til den norske skoles historie*. Oslo: Fabritius
- Ustvedt, Y. (2000). *Djeveløya i Osloffjorden : Historien om Bastøy og andre straffeanstalter for slemme gutter*. Oslo: Cappelen forlag AS
- Veka, J. (1980). *På skulebenken i eldre tider*. Stavanger: Stabfeldt
- Vengen, O. (1985). Skule som indremisjon : Hovudmoment i den «unge» Hallesbys skulprogram. I: Kvalbein, J. *Foreldrerett og friskolekamp : Festskrift til rektor Hans Bovim på 70-årsdagen 31. mai 1985*. Oslo: Lunde Forlag
- Vetlesen, A. J. (2007). “Religionens gjenkomst – sekulariseringstesens fallitt”. I Lysaker, O. & Aakvaag, G.C. (red.) 10-33
- Vevelstad, J. (1951). *Asbjørn Knutsen : Ungdomsskulens far: Ein banebrytar*. Oslo: Lutherstiftelsen
- Vinje, A. O. (1943). *Skrifter i samling I* [ved Olav Midttun] Oslo : Cappelen
- Vinje, A. O. (1944). *Skrifter i samling II*, [ved Olav Midttun] Oslo: Cappelen
- Vogt, V. (1885). *Bibelhistorie med Lidt af Kirkens Historie*. Christiania: B. J. Steensballes Boghandels Forlag
- Vaage, S. (red.) (2001). *Education and nationbuilding*. Volda: Volda University College
- Vygotskij, L. (2001). *Tenkning og tale*. Oslo: Gyldendal Akademisk.] ).Weber, M. (1995). *Den protestantiske etikk og kapitalismens ånd*. Oslo: Gyldendal. (Dansk utgave) Først utgitt på tysk 1904–1905
- Weber, M. (1985). Weber, M. (1985). *Gesammelte Aufsätze zur Wissenschaftlehre*. Tbingen
- Welle, I. (1948). *Norges kirkehistorie*. Oslo: Lutherstiftelsens forlag
- White, H. (1973). *Metahistory. The Historical Imagination on Nineteenth-Century Europe*. Baltimore, MD og London.
- Wisløff, J. M. (1920). *Landsmøtet i anledning av kirkestriden, avholdt i Calmeyer-gatens Missionshus 1.–18. februar 1920*. Kristiania
- Wisløff, C. F. (1961). *Politikk og kristendom : En studie omkring oppropet «Til Christensommens Venner i vort Land (Januar 1883)»*. Oslo: A.S. Lunde & Co's Forlag
- Wisløff, C. F. (1971). *Norsk kirkehistorie : Bind III*. Oslo: Lutherstiftelsen
- Østerhaug, R. (2009). Da barmhjertigheten slo rot i Stavanger. I: Gulbrandsen,

- B. o.a. (red.) *Josephines Stiftelse Barnehjem 175 års Jubileum*.
- Øverland, A. (1935) *Kristendommen, den tiende landeplage. 4 foredrag til offentlig forargelse*. Oslo: Fram forlag
- Øvrelid, R. (1920). 25 år – minne og saga. I: *Volda lærarskule i 25 år*. Volda: Volda lærarskule
- Øystese, O. (1985). Hva er en kristen skole? I: Kvalbein, J. (ref.): *Foreldrerett og friskolekamp*. Festskrift til rektor Hans Bovim. Oslo: Lunde forlag
- Aagedal, O. (2003). *Bedehusfolket : Ein studie av bedehusulturen i tre bygder på 1980- og 1990-talet*. Trondheim: Tapir akademiske forlag
- Aagedal, O. (red.) (1986). *Bedehuset : Rørsla, bygda, folket*. Oslo: Samlaget
- Aagedal, O. (2003). Modernisering og motkultur i bedehusland. I: Lund-Olsen, T. og Repstad, P. (red.) *Forankring eller frikopling? : kulturperspektiver på religiøst liv i dag*. Bergen: Program for kulturstudier, Norges forskningsråd, Høyskoleforlaget
- Aagre, W. (2016). *Folkeopplyseren : Anna Sethne og den norske reformpedagogikken*. Bergen: Fagbokforlaget
- Aarflot, A. (1967). *Norsk kirkehistorie* (bind 2). Oslo: Lutherstiftelsen
- Aarflot, A. (1971). *Hans Nielsen Hauge : Liv og budskap*. Oslo: Universitetsforlaget
- Aas, P. A. (2002). Ove Bangs bygg – Ole Hallesbys hus : Arkitektur og ideologi i Staffaldts gate 4. I: Aarnes, A. og Bjerkeset, O. A. (red.) *Gjensyn med Hallesby*. Oslo: Lunde
- Aasen, P. (1992). Den store innesperringen : Skolens historie i lys av Michel Foucaults Sosialiseringsteori. I: Aasen, P. og Telhaug, A. O. (red.) *Takten, takten pass på Takten : Studier i den offentlige oppdragelseshistorie*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Aasen, P. og Telhaug, A.O. (red.) (1992). *Takten, takten pass på takten : Studier i den offentlige oppdragelseshistorie*. Oslo: AdNotam Gyldendal
- Aaslestad, P. (1999). *Narratologi. En innføring i anvendt fortellerteori*. Oslo: LNU/Cappelen Akademiske Forlag) (Aaslestad 1999:26-27

## Vedlegg

### Vedlegg 1

Offentlege dokument og oppslagsverk

Arbeidarpartiet: valprogram, og partiprogram

Norsk biografisk leksikon

SSB: Statistisk årbok (div. årg.)

SSB: Beretning om skolevesenets tilstand (1920)

SSB: Historisk statistikk (1978)

Store Norske Leksikon

Norsk Biografisk Leksikon

#### Blad/Aviser

Aftenposten

Almuevennen

Arbeiderbladet

Arbeider-Foreningenes blad

Bergens Tidende

Bibelbudet

Dagbladet

Dansk Kirketidende

Den lille Samler

Den norske folkeskole

Den 17. mai

Folkevennen

For Fattig og Rik

Fædrelandet

Ivar

Kineseren

Kirke og Kultur

Kristelig Ugeblad

Lærer-standens avis

Morgenbladet

Møre

Romsdals Budstikke

Sambaandet

Svein Urædd

Stille Stunder

Stavanger Aftenblad  
 Tidens Tegn  
 Verdens Gang  
 Vestlandsposten  
 Vestmannen  
 Vor Ungdom

Tidsskrift

Den norske Folkeskole  
 For kirke og kultur  
 Luthersk Kirketidende  
 Norsk Almueskole Tidende  
 Norsk pedagogisk tidsskrift  
 Norsk skoletidende  
 Nye Luthersk Kirketidende  
 Kristelig Pædagogisk Tidsskrift  
 Syn og Segn  
 Vår skole

Lover, forordningar, offentlege utgreiingar, læreplanar

Lov om Folkeskolen paa Landet. (1889)  
 Lov om folkeskolen på landet. (1936)  
 Lov om folkeskolen i kjøpstædene. (1936)  
 Lov om folkehøyskoler. (1949)  
 Forordning om Confirmasjon. (1736).  
 Forordning om skolerne paa Landet i Norge. (1739)  
 Instruction for Degne, Klokkere og Skoleholdere paa Landet. (1739)  
 Plakat og nærmere Anordning angående Skolerne på Landet i Norge. (1741)  
 Lov, angaaende Almue-Skolevæsenet paa Landet. (1827)  
 Lov om Almueskolevæsenet paa Landet. (1860)  
 Reglement for Rigets Stiftsseminarier (1869)  
 Lov om Folkeskolen i Købstæderne. (1889)  
 Lov om Folkeskolen på Landet. (1889)  
 Lov af 14. juni 1890 om Seminarier og prøver for lærere og Lærerinder i Folkeskolen.  
 (1890)  
 Lov om Lærerskoler og Prøver for Lærere og Lærerinder i Folkeskolen (1902)  
 Lov av 6. juni 1930 om lærerskoler og prøver for lærere i folkeskolen. (1930)



Lov om Folkeskolen i kjøpstedene (1936)

Lov om folkeskolen på landet (1936)

Normalplanen for byfolkeskolen (1939)

---

NOU 1988:28. *Med viten og vilje*. Universitets- og høyskoleutvalget

NOU 1995:9 *Identitet og dialog*

Innst. S.nr. 93 (1994–95) fra Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen

Innst. O. XIV (1968–69), fra kirke- og undervisningskomiteen om lov om grunnskolen

---

Normalplan for byfolkeskolen. (1939). (Utarbeidd ved Normalplannemnda oppnemnd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Normalplan for landsfolkeskolen. (1939). Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Mønsterplan for grunnskolen. (1987). Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97). (1996). Det kongelige utdannings- og forsknings-departementet,

---

## Vedlegg 2

## Private seminar/lærarskolar etter 1860

<b>Namn på friseminar</b>	<b>Oppretta</b>	<b>Eksam- ensrett</b>	<b>Nedlagt/ over- tatt av staten</b>
Nissens pikeskoles lærerinnese seminar	1860	1893	Nedlagt 1919
Seljord friseminar	1888	1891	Nedlagt 1903
Elverum friseminar	1892	1893	Off. 1938
Bergens privatseminar	1894	1896	Nedlagt 1899
<b>Notodden friseminar</b>	1895	1896	Nedlagt 1938
<b>Volda friseminar</b>	1895	1896	Offentleg 1924
<b>Den nye lærerskole i Kristiania (1924: Oslo lærerskole)</b>	1912	1916	Offentleg 1946
Nesna lærarskule	1918	1922	Offentleg 1924
Nidaros lærarskole	1922	Fekk ikkje	Nedlagt 1929

Som tabellen viser, var det ikkje berre vekkingrørsla som dreiv friseminar, men det var dei tre «kristelege» som hadde størst kapasitet.

## Vedlegg 3

### Kort oversikt over skoleutviklinga 1736–1946

- 1736 Obligatorisk konfirmasjon innstifta. Denne var ei plikt for alle borgarar fram til 1912.
- 1737 Pontoppidans forklaring til Luthers Lille Katekisme
- 1739 Den første forordninga om allmugeskolar i Norge. Offentleg barneskole frå 7-årsalderen fram til konfirmasjonen. Sette fram ønsket om faste skolar, men godtok omgangsskolar. Innførte opplæringsplikt på sju år til konfirmasjonsalderen.
- 1741 Konventikkelpakaten fastsette grenser for religiøse samlingar.
- 1796 Hans Nielsen Hauge opplever ein visjon og startar lekmannsforkynning.
- 1801 Første folketeljinga: 800 000 innbyggjarar.
- 1811 Universitetet i Christiania oppretta.
- 1818 Statens handverks- og kunstindustriskole oppretta
- 1821 Oppretting av *Opplysningsvæsenets Fond*, som sikra statleg større til seminarutdanninga.
- 1826 Første statlege «stiftseminaret» oppretta ved Trondenes, Harstad.
- 1827 Lov om allmugeskolen på landet. Lova stilte krav om skolar ved hovudkyrkjer, bergverk, sagbruk og liknande. Obligatoriske fag: religion, lesing, song, skriving og rekning. Slo fast at det skulle opprettast eit «stiftseminar» i kvart stift (bispedømme).
- 1842 Konventikkelpakaten oppheva.
- 1848 Lov om allmugeskolen i kjøpstadene. Opna for betalingsklassar med utvida opplæring. La den lokale styringa av skolen til ein skolekommisjon der presten var formann.
- 1851 Selskabet for Folkeoplysningens Fremme.
- 1860 Lov om landsallmugeskolen. Minste årlege skoletid: 12 veker i udelte skolar. Lova sikra skolen ei lesebok. Distrikt med fleire enn 30 elevar skulle ha skolehus. Fram til 1890 blei det bygd 2600 skolehus. Elevar per lærar: ca. 100. Skoledirektørembetet sette skolen under statleg oppsyn.
- 1860 I 1860 gjekk 52% av borna i *omgangsskolar*, i 1863: 30%, i 1875: 15%  
Styrking av lærarutdanninga. Utdanna lærarar: 1860: 33%; 1864: 50%; 1885: 95%.  
Skoleåret var på 9–12 veker. Fag: religion, lesing, skriving, rekning, historie, naturfag, geografi, song.
- 1863 Ny lesebok for folkeskolen med innslag av verdslege tekstar: P. A. Jensen: *Læsebog*

*For Folkeskolen og Folkehjemmet.* Inneheldt «verdsleg» stoff. Boka kom i ni opplag fram til 1890.

- 1864 Første norske folkehøgskole oppretta ved Hamar: *Sagatun*.
- 1869 Kvinner kunne få stilling i allmugeskolen.
- 1872 Kvinner kunne avlegge særskilt lærarprøve.
- 1875 75% av elevane ved lærarseminara var bondesøner, 15% søner til husmenn og arbeidrarar
- 1878 Stortinget påla lærarane å undervise på barnas eige talemål. 1885: Nynorsk og bokmål blir sidestilt som skole- og offisielt språk. I 1892 fekk skolestyra sjølv velje hovudmål i folkeskolen.
- 1882 Kvinnene får rett til å ta examen artium og i 1884 får dei rett til å ta embetseksamen.
- 1885 3700 lærarar på landsbygda, 1000 i byane, 900 lærarinner i off. allmennskole.
- 1887 Den siste «lærarskolen» (korte, oftast eittårige kurs retta mot omgangsskolen), på Kviteseid, blir lagt ned.
- 1889 Lov om folkeskolen, ei for by (Købstad) og ei for land (Herred). Felles skole for alle. Definerer skolen som sjuårig utan binding til konfirmasjonen. Skolen blir eit ansvar for det lokale demokratiet. Presten mistar den faste plassen som leiar av skolestyret, hovudorganet i skoleadministrasjonen.
- 1890 Lov om lærarutdanning opnar for opptak av kvinner. Skolen i byen: 62% kvinner. Skolen på landet: 12,3% kvinner. Lova opnar også for etablering av friseminar.
- 1892 Nordahl Rolfsens *Læsebog for Folkeskolen*. Bortsett frå Bibelen har inga bok hatt større utbreiing i Norge.
- 1894 Utbygging av privat lærarutdanning. Volda lærarskule og Notodden lærerskole etablert.
- 1895 Udelte skolar i 1800 krinsar (32%).
- 1902 «Seminar» blir «Lærarskole», og utdanninga utvida frå 2 til 3 år.
- 1910 4630 skolekrinsar har bokmål, 1360 nynorsk.
- 1917 Norsk pedagogisk tidsskrift starta.
- 1922 Norges lærerhøgskole oppretta.
- 1924 Volda lærarskule blir kjøpt av staten.
- 1923 Vedtak i Stortinget legg grunnlag for einskapsskole.
- 1930 Lærarutdanninga blir utvida til 4 år (etter folkeskole) og 2 år (etter gymnas).
- 1935 Skolen på landet: 5280 lærarar, 2600 lærarinner. Skolen i byen: 1060 lærarar, 1660

## Lærarinner.

- 1936 Ny lov om skolen. Fysisk straff blir forbode.
- 1936 Pedagogisk forskingsinstitutt (PFI) oppretta.
- 1938 Helga Eng første professor ved PFI
- 1938 Notodden lærerskole blir nedlagt.
- 1939 Normalplanen for skolen (N39)
- 1946 Stortinget vedtar at staten skal overta Oslo lærerskole.
- 1948 Den siste private lærarskolen blir overtatt av staten: «Oslo lærerskole» blir «Oslo offentlige lærerskole».

Vedlegg 4. Førstesida til *For Fattig og Rik*, 22. feb. 1931. Plakaten heng i inngangen til Litteraturhuset i Oslo, Wergelandsveien 29

# For Fattig og Rik

## Organ for Det norske lutherske Indremisjonsselskap

---

Nr. 8

Utkommer hver uke.  
Koster kr. 6.00 pr. År. Kr. 3.00 pr. halvår.  
Sendt til utlandet kr. 10.00 pr. år.

Søndag 22. februar 1931

Avertissementspris.  
30 øre pr. millimeter.

83de årg.

---

### Hovedstyret innbyr Norges kristenfolk til en stikkekortinnsamling til beste for Oslo lærerskoles nybygg.

**Biskop Lunde:**

Med glede gir jeg Indremisjonsselskapets innsamling til fullførelse av Oslo lærerskoles nybygg min varmeste anbefaling. Det kan synes dristig under de nærværende vanskelige økonomiske forhold i landet å gå til et såpass kostbart foretagende. Men saken er, at det kjennes som en bydende nødvendighet av hensyn til den overordentlige betydningsfulle stilling for kirke og kristendom blandt oss som denne skole inntar. Oslo lærerskole har like fra begynnelsen hevdet sig som en av landets aller beste lærerskoler, og den omstendighet at den ligger i Oslo gjør at dens innflytelse når så meget lenger.

Vi skylder Indremisjonsselskapet stor takk fordi det ikke har latt sig skremme av de vanskelige tider, men i tro til Gud og i tro til kristenfolket har vovet å gå igang med arbeidet. Brødre, la oss vise oss verdige til denne deres tro, la det sies at også i vår tid er troen mektig til å flytte berg! For enda gjelder hvad den gamle apostel skrev: Gud er mektig til å gi eder all nåde i rikelig mål, for at I alltid i alle ting kan ha alt I trenger til og således rikelig kan gjøre all god gjerning. Der er nåde nok, det er bare om å gjøre at vi bruker den.

Johan Lunde.



**Der vedlegges dette nummer til alle abonnenter et stikkekort på 5 kroner, fordelt på 20 stikk à 25 øre.**

**Lykkes dette, er saken i havn! Dertor svikt ikke!**

**Professor Hallesby:**

Når jeg undtar medrene, så finnes der ingen som over større innflytelse i vårt folk enn våre lærere og lærerinner i folkeskolen. Vi overgi dem det dyrebareste vi eier: våre barn.

I syv år har de hvert barn i Norge under sin påvirkning. Og det i de syv år, da barnet er lettest å påvirke, da dets sjellevir er som voks.

Fra det øieblikk da dette gikk op for mig, har jeg sett på arbeidet for en kristelig lærerutdanning som en av indremisjonens aller viktigste arbeidsgrenser.

Der er da også i de siste 20 år ydet meget til dette arbeide. Våre venner har i sannhet forstått sakens betydning.

Men det har også vært motstandere.

Det er grunnan til vårt selskap nu bare har Oslo lærerskole igjen. Og som bekjent har man gjort gjentagne forsøk på å felle også den.

Vi har sørgt for at våre ungdomsskoler blev lærerskoles utstyrt med hus og materiell. La oss nu gi lærerskolen det samme. Dette er ikke bare en Oslo-sak, men en landsak.

O. Hallesby.

Hovedstyret for Det norske lutherske Indremisjonsselskap har i henhold til benyttelse av generalforsamlingen i Fredrikstad 1929 besluttet å ferdigbygge Oslo lærerskoles lokaler i Wergelandsveien 29 efter de av Kirke- og undervisningsdepartementet godkjente planer og tegninger. Dette er helt nødvendig, om den skal kunne opta en fullstendig 4-årig lærerskole med studentklasser.

Når dette byggeforetagende er ferdig, vil Oslo lærerskole være førsteklases utstyret og fylle alle tidens krav til en moderne lærerskole.

Hvad angår skolens betydning for kirke og kristendom henvises til de uttalelser av kjente menn, som vi bringer i dagens nummer.

Resultatene av arbeidet vil i høi grad bero på den interesse, sympati og særlig den forbønn skolen vil bli omgitt av. Derfor vil vi legge Oslo lærerskole, som forøvrig alle landets lærerskoler, inn på det bedende folks hjertes.

Da tiden vi lever i er økonomisk tung og vanskelig, har hovedstyret trodd det å være rett under innsamlingen særlig å regne med de mange små bidrag, fordelt på flest mulig bidragsydere. Altså et allemannsløft.

Det er derfor vi har valgt stikkekortsystemet med kun 25 øre for hvert stikk og hvert kort på 5 kroner. Et sådant stikk

**Ludvig Hope:**

Skulde og skilna millom verdet av dei ymse kristelige skular — frå ungdomsskule til presteskule — so trur eg at ein kristeleg lærarskule som gjev oss verkeleg kristne lærarar, har størst verd.

Dei som vår born i skulestova frå 7—14 årsalderen, dei får menneski i si hand då dei fram for nokon tid er skrytt som glas og mjukt som voks.

Gjev oss ein kristen lærarstand og vårt land vert redda frå øydelagde heimar, fra samfunnsuppløysing og avkristning.

Ludvig Hope.

**Folkeskolen har alltid vært og vil sikkert også i all fremtid vedbli å være vår viktigste skoleart. Den har barna i den mest mottagelige alder, da grunnen legges for det kommende. Det er derfor av største viktighet for menneskets hele liv hvorledes dette fundament blir lagt.**

Det må glede alle venner av folkeskolen, at Stortinget i fjor besluttet at utdannelsestiden for dens lærere heretter skal være 4 år. Derved vil de bli satt bedre istand til å skjøtte sin betydningsfulle samfunnsoppgave.

Men det er ikke nok. I et «kristent» land med kristendommen som statsreligion, er det av avgjørende betydning at lærerstanden ikke bare har kristelig kunnskap, men at den også har kristelig liv. En varmherjet, troende lærerstand vil være det beste bolværk mot alle kristendomsfiendtlige og samfunnsmedbrøytende angrep.

Efter den fransk-tyske krig 1870—71 blev det sagt at denne egentlig blev vunnet av den tyske skolemester. Han hadde innblåst i soldaten den ånd som bar seiren hjem. Mätte det med sannhet kunne sies, når vår tids historie engang skal skrives, at kristendommens seier i Norge, den skyldtes i første rekke våre folkeskolelærere. De bygget i barna den mur som stod mot antikristens stormer.

Hans Hoeg.

**Professor Vold:**

Når Indremisjonsselskapet nu har besluttet sig til å fullføre Oslo lærerskole, blir det sikkert et tvingt løft i disse vanskelige tider. Men jeg vil dog få uttale min store glede over denne beslutning. Oslo lærerskole har hittil vist sig å være en av de aller beste i landet, og det må den fortsette å være.

**Joh. M. Wisløff.**

**O. Hallesby,**  
formann.

**Harald Fadum**  
viceformann.

**Erik Asdahl,**  
bonde, Romstikk.

**Axel Braathen,**  
lagerchef, Bekkelaget.

**Gunnar Dehli,**  
prest, Oslo.

**L. Grytten,**  
landsekr., Stabekk.

**Th. Halvorsen,**  
bonde, Slagen.

**Anton Kjærnes,**  
bonde, Blygge.

**Berger Langmoen,**  
bruksier, Veldre.

**Iver Langmoen,**  
ekogeler, Soler.

**Olaf Nesje,**  
kjøpmann, Gjøvik.

**O. Martin Olsen,**  
grøsserer, Kr.sand.

**Eivnar Riiber,**  
prest, Moss.

**Gunerius Rud,**  
bonde, Trondheim.


**C. Oscar Schjølbred,**  
kjøpmann, Sandefjord.

## Vedlegg 5


Oslo lærerskole, Wergelandsveien 29, 1932



Notodden lærerskole ca. 1915



Volda lærarskule 1922





## Vedlegg 6

### Skolesatsinga i tre vekkingsblad

#### *For Fattig og Rik*, bladet til Det norske lutherske Indremisjonsselskap

Det er lite skolestoff i *For Fattig og Rik* fram til 1912, då Hallesbys artiklar utfordra indremisjonsfolket med sin skolestrategi. Fram til då var det mange artiklar som skildra vanskane Indremisjonen sleit med, ikkje minst fridommen i høve til kyrkja. Posisjonen og oppgåvene til denne største lekmannsorganisasjonen blei i 1906 skildra i ein lang redaksjonell artikkelserie: *Til hvilket Arbeide kalder den kirkelige Stilling os, for at Kirken kan faa mere Indflydelse paa sine egne Anliggender?*<sup>1085</sup>

I 1908 stifta Indremisjonsselskapet saman med andre vekkingsbaserte organisasjonar *Menighetsfakultetet* (MF). Vi finn etter dette fleire artiklar om denne institusjonen, men desse handlar underleg nok i liten grad om det som låg bak etableringa, kampen mot liberal teologi. Som før nemnt, knytte Indremisjonen etter 1910 sterke band til *Norges kristelige lærerforbund*, og bladet deira, *Kristelig pædagogisk tidsskrift*. Denne lærarorganisasjonen blir omtala som «en betydningsfuld Bevægelse», og stiftinga som «en overmaate glædelig begivenhed. (...) Gud har i Norges kristelige lærerforbund givet den norske Kirke en stor Gave».<sup>1086</sup>

I 1912 publiserte *For Fattig og Rik* dei omtala fem artiklane av Hallesby om indremisjonsverksemda. Artiklane, *Indremisjonen og den nye tid*,<sup>1087</sup> fekk stor merksemd i bladet.<sup>1088</sup> På bakgrunn av artiklane starta Indremisjonens samarbeid med andre organisasjonar på skolefeltet, ikkje minst knytt til etableringa av gymnas og lærarskole i Kristiania. Det kom artiklar om kristelege *ungdomsskolar* som blei stifta i alle delane av landet. Desse blei sett på som viktige, ikkje minst for det kristelege foreiningslivet lokalt. Stadig stod det notisar og artiklar om at det blei planlagt eller starta ungdomsskolar i regi av Indremisjonen. I desse omtalane har eg ikkje funne noe eksempel på den tidlegare omtala motsetnaden til frilynte grundtvigianske folkehøgskolar. Motsetnaden var ei grunngeving for etablering av ungdomsskolar, slik dei fremste strategane på skolefeltet, særleg Nils Hertzberg, hadde formulert det. Dette kan tyde på at motsetnaden var avdempa, eller at striden hadde gått inn i ei «våpenkvile».

Ikkje minst blei etableringa av ungdomsskolar i dei nordlegaste fylka omtala inngåande. Den kulturelle, religiøse og sosiale situasjonen for det samiske samfunnet blei skildra som eit signal til Indremisjonen om å arbeide hardare for å styrke kristeleg opplysning og danning blant samiske barn. Indremisjonens innsats på skolefeltet blir grunnlagt ut frå filantropiske mål, men også som ein reiskap for kristen (*indre-*)*misjon*.<sup>1089</sup>

Rundt midten av 1920-talet sleit Indremisjonen med å få inn nok pengar til skolesatsinga. På denne tida kom det derfor svært mange oppslag om at organisasjonen trong større gåver. Det finst også artiklar med nærare skildring av skolar som var i økonomiske vanskar, og artiklar som minte om kvifor skolesatsinga blei starta, om den ideologiske og teologiske grunngevinga for skolesatsinga.

<sup>1085</sup> *For Fattig og Rik*, juni 1906

<sup>1086</sup> *For Fattig og Rik*, mars 1910

<sup>1087</sup> *For Fattig og Rik*, nr. 20–25, 1912

<sup>1088</sup> Sjå nærare analyse av desse artiklane s. 245

<sup>1089</sup> Sjå nærare om lærarutdanning for dei nordlegaste delane av landet og som grunnlag for misjon retta mot samane.

Hallesby og Wisløff skreiv om sekularismen og vantrua, og knytte omtalen til den aktuelle striden mot liberal teologi. Hallesby skreiv at ein måtte halde fram arbeidet mot det langsiktige målet, landsvekking gjennom skolen. I ei tid med økonomisk nedgang, som også ramma folkeskolen, kommenterte han den tunge børa skolesatsinga la på dei kristne. Samtidig skreiv han at det trongs ei ny mobilisering, for det trekte opp til strid om dei private kristelege skolane, særleg lærarskolane. Den 6. februar 1924 omtala han på nytt kampen om skolen og det langsiktige målet:

Vi har bedt om denne landsvekkelse nu allerede i flere aar. Bli I trætte, mine venner? Det har I ingen grund til. Mener I, at en saa vældig sak, som landsvækkelsen er, skulde kunne bli til uten langvarig og smertefyldt bøn fra de trofaste sjæler? Nei, la os berre fortsætte at be og ikke bli trætte.<sup>1090</sup>

Hallesby skreiv vidare at det ikkje var ei snever vekking knytt til dei som alt var truande eller religiøse han såg føre seg. Heller var det ei vekking som stakk djupt og som kunne omforme kulturen. Her møter vi på nytt lærarrolla slik ho hadde blitt omtala i vekkingsretorikken, som ikkje minst formulerte visjonen om etisk og kulturell «reisning».

Jo mere min sjel kredser omkring denne for mig saa kjære tanke, jo større blir den for mig. Hvad skal den ikke bli for mit kjære folk! Ikke berre frelse for de mange enkelte sjele. Ikke berre et rikt og yndig liv i de helliges samfund. Men en vældig reisning av hele folkets samlede liv. En reisning i moralsk, social, politisk, økonomisk og kulturelt henseende.<sup>1091</sup>

Etter 1920 finst teikn i For Fattig og Rik på at indremisjonsfolket ikkje lenger ser så optimistisk på strategien om å vinne barn og unge gjennom utdanning av misjonerande lærarar. Som nemnt er det ein påfallande mangel på omtale når det gjeld det indre livet ved Oslo lærerskole og strategien han var knytt til. Denne mangelen gjeld etter kvart meir generelt satsinga på lærarutdanning og skole som ein veg til landsvekking. I så måte kan omtalen av dei kristelege skolane i For Fattig og Rik vere eit eksempel på, og ein refleks av, marginalisering av skolesatsinga.

*Sambaandet*, bladet til Det Vestlandske Indremisjonsforbund

Før 1912 kom det i *Sambaandet* artiklar med den same negative samfunnsanalysen som vi såg i For Fattig og Rik. Dessutan kom det ein klar kritikk av skolens kristendomsopplæring. Etter 1912 kom bladet med fleire artiklar der forfatarane slutta seg til Hallesbys opprop og skolestrategi. Somme av desse artiklane gav dramatiserande skildringar av korleis vantrua var på veg inn i skolen gjennom ikkje-truande lærarar: «Der er røyster i vort folk, som ropar: Burt med bibelen! Der er folkeskolelærarar som riv bibelen sund for dei unge! Me vil ropa vaart: ‘Varg i veum!’ – ‘Ulv i heilagdomen!’<sup>1092</sup>

Trass tilslutninga til Hallesbys strategi og til målet for skolesatsinga er det før første verdskrigen færre artiklar om skole og lærarutdanning i *Sambaandet* enn i For Fattig og Rik. Grunnane kan vere fleire. Det Vestlandske Indremisjonsforbund var ein ung organisasjon under etablering då Hallesby lanserte skolesatsinga. Dei hadde dermed færre ressursar enn Indremisjonen. Engasjementet i skole spørsmålet auka likevel. Dei kristne skolane som fekk mest merksemd i spaltene var søndagsskolen, ungdomsskolen, gymnaset og bibelskolen. Det

<sup>1090</sup> Hallesby, *For Fattig og Rik*, 6. feb. 1924

<sup>1091</sup> S.st.

<sup>1092</sup> Olsen, *Sambaandet*, april 1908

Vestlandske Indremisjonsforbund etablerte egne ungdomsskolar på Vestlandet, i Trøndelag og i Finnmark. Samtidig støtta dei den kristelege lærarutdanninga i Volda, og ikkje minst Kristelig Gymnasium og Menighetsfakultetet i Kristiania. Søndagsskolen blir omtala så å seie i kvart nummer. Artiklane handlar om utbreiinga av søndagsskolen, men også om kva innhaldet i opplæringa bør vere.

Etter 1915 er det stadig meir stoff om skolen i Sambaandet. Ikkje minst blir etableringa av kristelege *ungdomsskolar* kommentert, pengeinnsamlingar organisert og resultat rapportert. Stigande merksemd blir også retta mot folkeskolen og lærarutdanninga. Etter 1915 blir *Norges kristelige lærerforbund* omtala som samarbeidspartnar. Redaktøren i Sambaandet har tydeleg respekt for det arbeidet dei kristne lærarane driv. Kristelege *lærarstemne* blir annonserte og refererte. Eit anna eksempel på at intensiteten i skolesatsinga aukar, er dei mange oppslaga om *Kristelig Gymnasium*. I ein redaksjonell artikkel blir det bede om økonomisk støtte:

Da vi for to aar siden satte gymnasiet i gang, henvendte vi os ikke forgjeves til eder. I de 2 aar som er gaat har Gud velsignet gjerningen paa en maate som neppe nogen av os vovet at vente. Kjære venner, hjælp os nu at skaffe disse penge saa vi kan ta fat og bygge.<sup>1093</sup>

Året 1915 skulle bli eit merkeår for skolesatsinga til Det Vestlandske Indremisjonsforbund. Vedtak om å starte ein *bibelskole* i Bergen viste at organisasjonen hadde vakse seg sterk. Mange artiklar og oppslag viste at ein knytte store voner til denne institusjonen, og omtala han som eit svar på oppgåva tida hadde lagt på dei kristne: «Bibelskolen vil her være av den største betydning for den unge slekt.»<sup>1094</sup>

I november 1915 blei ungdomsskolearbeidet på Vestlandet oppsummert. Tala var oppmuntrande: Framnes: 90 elevar, Malde på Jæren: 70 elevar, Møre: 70 elevar, Frekhaug i Hordaland: 60 elevar. Målet med skolesatsinga var frelst ungdom:

Vort ansvar for de unge i overgangsalderen. Aa vinna dei unge for Jesus, er maalet for vaart arbeid i ungdomsklassen. Ein moralsk ungdom er ikkje nok! Ein religiøs ungdom er ikkje nok! Ein frelst ungdom er maalet!<sup>1095</sup>

I det same nummeret blei *læraren* omtala som forkynnar. Det var haustmøte i Søndhordland: «Sogneprest Tanke talte over dagens evangelium. Han mindet os særlig om det store ansvar som en prest, lærer, emissær og andre som forkynnder Guds ord har.»<sup>1096</sup>

Sambaandet slutta i prinsippet opp om skolesatsinga. Det finst likevel *ikkje* ei eksplisitt støtte til Hallesbys visjon om ei landsdekkande rekke av kristne lærarskolar, eller til visjonen om landsvekking gjennom skolen. Vekta ligg på presentasjonen av egne kristelege ungdomsskolar og eigen bibelskole.

At bladet ikkje eksplisitt slutta seg til Hallesbys og Indremisjonens visjon knytt til kulturen kan tyde på at det i organisasjonen var ulike meiningar om denne sida ved skolesatsinga. Sambaandet såg likevel, på linje med dei andre blada, skolen som ei misjonsmark, og lærarane, også dei i folkeskolen, som misjonærar. Det fremste målet var også for dei at barn og unge måtte bli omvende og truande kristne.

---

<sup>1093</sup> *Sambaandet* aug. 1915

<sup>1094</sup> S.st.

<sup>1095</sup> S.st.

<sup>1096</sup> S.st.

*Kineseren*, bladet til Det norske lutherske Kinamissionsforbund

Bladet *Kineseren* var i tida frå 1910 og utover opptatt av misjonens skolar i Kina. Det var ein underliggende premiss at Kinamisjonen burde bruke midlar og arbeidskraft på opplæring. Også *lærerutdanning på misjonsmarka* blei sett på som ei tenleg løysing for å nå folket med den kristne budskapet. Argumentet var misjonsstrategisk: utdanna kristne kinesiske lærarar kunne skape tillit for misjonssaka i ei lokalbefolkning som tradisjonelt var skeptiske til utlendingar.

*Som Forholdene nu er, kan vi ikke undvære nogen af disse to Skoler. Vor Missions Trivsel og Udvikling hjemme og ude kræver dem. (...) Den Betydning, som denne Skole vil ha for Missionen, er meget iøenfaldende; derfor beder vi om Hjælp til den.*<sup>1097</sup>

Misjonens lærarutdanning i Kina var bygd opp etter same mønsteret som norsk lærarutdanning: «Hvad læreplan og timefordeling angaar, saa blev undervisningen drevet efter samme plan som for forrige kursus, – nemlig de norske lærarseminariers dog med den forskjel, at morsmaal og regning fik en fyldigere plass paa planen; (...)»<sup>1098</sup>

At Kinamisjonen hadde eit allmennkulturelt, og ikkje minst eit etisk-filantropisk motiv knytt til skolesatsinga, går fram av dei mange rapportane frå skoleverksemda. Der kan ein mellom anna lese om korleis dei arbeidde med skilnaden mellom kinesisk og vestleg kultur, men ikkje minst om korleis dei ønskte å vekke folks interesse for skolearbeidet, og derigjennom for Guds ord. Slik skulle elevane leiast mot «høiere Maal saavel i det timelige som i det aandelige».<sup>1099</sup>

Når det gjeld undervisninga av barn, blei det særleg lagt vekt på verdien av å ha *kvinnelege lærarar*. Dette gjeld ikkje minst fordi ein i stor grad måtte bruke ei *kostskoleordning*, med omsorg for barna gjennom heile døgnet. Misjonær Ole Mikkelsen Sama (1864–1928) viste til at kostskolane gav best resultat, men at dei også kosta misjonen mest:

*Fordelen ved en Kostskole ligger deri, at Eleverne stadig kan paavirkes og undervises, og under sit Ophold paa Skolen kommer de bort fra og blir løst fra Forbindelsen med Hjemmene og det forførende hedenske Liv.*<sup>1100</sup>

Etter kvart kom Kinamisjonen i gang med eigen «seminarklasse» ved misjonsskolen på *Framnes* i Hardanger. Søkinga til denne utdanninga blei så stor at ein måtte lyse etter fleire «skikkede» lærarkrefter. Også på dette feltet verkar Kinamisjonen vere påverka av den optimismen og det engasjementet Hallesbys artikkel hadde skapt. Sjølv om *Kineseren* ikkje er konkret i si støtte til Indremisjonens skolestrategi, er det fleire samanfall i satsinga på kristeleg lærarutdanning mellom dei to organisasjonane. Skilnaden er at misjonens lærarskolar først og fremst skulle utdanne lærarar for misjonsmarka.<sup>1101</sup>

Med avgrensa kapasitet som relativt ung organisasjon, og ikkje minst med ein særleg klar mothug når det gjaldt å ta imot statsstønad, er det forståeleg at Kinamisjonen ikkje gjekk saman med dei andre organisasjonane som stifta *Den nye lærerskole i Kristiania/Oslo*

<sup>1097</sup> *Kineseren* des. 1907

<sup>1098</sup> *Kineseren*, jun. 1914

<sup>1099</sup> S.st.

<sup>1100</sup> *Kineseren*, feb. 1908

<sup>1101</sup> Dei skriv at det går to typar elevar ved misjonsskolen, nemleg dei som siktar mot å gå inn i misjonstenesta, og dei som siktar mot ei teneste i misjonen i Noreg. Fleire av dei som gjekk ut frå lærarkurset kan derfor ha enda i den norske skolen.

*lærerskole*. Synet på lærarutdanning som aktør for vekkingskristeleg misjon delte Kinamisjonen likevel fullt ut med dei andre organisasjonane.

I juli 1915 blei *Kristelig Gymnasium* omtala. Kinamisjonen hadde vore med på oppstarten av denne skolen.<sup>1102</sup> Bakgrunnen for artikkelen var spørsmålet om det var rett av ein misjonsorganisasjon å bruke så mykje tid og midlar på ein skole i Norge. Denne debatten blei ikkje ført langt, og viste at det ikkje var stor motstand mot at ein misjonsorganisasjon skulle bruke innsamla midlar på ein kristeleg skole, også i Norge. Som andre misjonsorganisasjonar hadde også Kinamisjonen ei utstrekkt indremisjonsk verksemd.

På 1920-talet viste *Kineseren* stor interesse for dei kristelegene *ungdomsskolane*. Dei enkelte skolane sende inn meldingar om arbeidet, og det blei annonsert for å få ungdom til å søke opptak. I samband med ungdomsskolane var det i 1922 ein annan intern skoledebatt i dette bladet. Spørsmålet handla om *relasjonen til staten*. Det blei drøfta om Kinaforbundet kunne ta imot statsstønad til ungdomsskolane sine. I ein lang og omfattande debatt, der særleg Johannes Daasvand var pådrivar, blei det hevda at det braut med fleire prinsipp knytt til drifta av dei kristne organisasjonane å gjere seg avhengig av statsbidrag. Grunnen til at det kristeleg skolearbeidet hadde blitt sett i gang, var jo misnøye med staten og statens skolar. Når misjonens skolar har blitt støtta så heilhjarta frå kristenfolket, er grunnen at dei har eit høgare mål enn vanlege statsskolar, meinte Daasvand. Han hevda at dei kristne ungdomsskolane aldri hadde blitt oppretta om allment retta opplysningsarbeid var mål og kjerne i verksemda. Bakgrunnen for den kristeleg skolen er at dei tener det same målet som anna misjonsarbeid, hevda han:

*Ikke fordi kristenfolket er imot kulturelt opplysningsarbeide, men fordi der var nok av ungdomsskoler før, som la al sin kraft ned for dette formaal. Nei, det var for at vinde ungdommen for Kristus, at de kristelige ungdomsskoler reistes. Det var i alfald hovedsaken, og derfor mener jeg at vort ungdomsskolearbeide kan sidestilles med det øvrige missionsarbeide som vi steller med.*<sup>1103</sup>

Hovudsynet, som blei konklusjonen på debatten, var at for dei skolane som var starta lokalt, kunne krinsane sjølv avgjere om dei ville søke stønad frå staten eller ikkje. Men når det gjaldt dei skolane som var starta av den sentrale organisasjonen, som ungdomsskolen på *Fjellhaug*, Kristiania, kunne det ikkje kome på tale å søke staten om pengar. Ein innsendar, Matias Bredvei, sa det slik: «Men det vet jeg, at viss skolen der får statshjelp, kunde ikke jeg be om Guds velsignelse over arbeidet der.»<sup>1104</sup>

I det heile viser artiklane i bladet at Kinamisjonens fotfolk kjenner seg på noe større avstand til kyrkja enn dei to andre organisasjonane som er omtala her. Dette kan vere ein delforklaring på at dei også har eit noe fjernare relasjon til den skolesatsinga som Indremisjonen er den sterkaste drivkrafta for.

<sup>1102</sup> Dei som stifta Kristelig Gymnasium var fem kjerneorganisasjonar innan vekkingsrørsla: Det norske misjonsselskap, Det norske lutherske indremisjonsforbund, Det Vestlandske Indremisjonsforbund, Noreg s kristelige lærerforbund, Det norske lutherske Kinamisjonsforbund.

<sup>1103</sup> Daasvand, *Kineseren* 22.1.1922

<sup>1104</sup> Bredvei, *Kineseren*, jan. 1922



**Errataliste** for avhandlinga *Med skolen som misjonsmark. Den norske vekkingrørslas satsing på lærarutdanning 1890–1940*

- s. 34, 4. avsnitt: ... the glorification of the present. (Her mangla punktum)
- s. 34, nest nedste linje: frå fortida manglar > frå fortidas manglar
- s. 41, 2. avsnitt: ein innanfrå-forklaring > ei innanfrå-forklaring
- s. 53, 3. avsnitt: Den juridiske grunnlaget > Det juridiske grunnlaget
- s. 58, 3. avsnitt: då han i gifte seg > då han gifte seg
- s. 58, 3. avsnitt: Det Kobber-vigske > Det Kobbervigske
- s. 61, 3. avsnitt: Sjølvstende-strevet > Sjølvstendestrevet
- s. 104, 4. avsnitt: pietistismen > pietismen
- s. 147, 1. avsnitt: lærar-utdanninga > lærarutdanninga
- s. 165, 1. avsnitt: Nordhorda-land > Nord-Hordaland
- s. 180, 2. avsnitt: fundamen-talist > fundamentalist
- s. 195, 2. avsnitt: leikpreikaren > lekpreikaren
- s. 196, 2. avsnitt: stort verd > stor verd
- s. 214, 3. avsnitt: Kaarstads understrelar > Kaarstad understrekar
- s. 217, 1. avsnitt: Peder Hognestad > Peter Hognestad
- s. 223, 4. avsnitt: Midt på 1820-talet > Midt på 1920-talet
- s. 232, 4. avsnitt: De nådde ikkje på > De nådde ikke på
- s. 233, 3. avsnitt: Å bygge lærfarens > Å bygge lærarens
- s. 234, 2. avsnitt: visjonen > visjon
- s. 237, 1. avsnitt: kristendoms-kunnskap > kristendomskunnskap
- s. 237, 1. avsnitt: elevens krisstne tru > elevens kristne tru
- s. 258, 1. avsnitt: støttegrupper > støttegrupper
- s. 262, 2. avsnitt: meir enn nok > mer enn nok
- s. 265, 3. avsnitt: samspelet etter kvart innsnevra > samspelet etter kvart blei innsnevra
- s. 270: Delinga mellom avsnitt 2 og 3 skal bort
- s. 272, 1. avsnitt: Fredrik Wisløff skreiv > Fredrik Wisløff skriv
- s. 272, 3. avsnitt: Krigsmermar > Krigstermar

- s. 275, 3 avsnitt: vidare-gåande > vidaregåande
- s. 277, 2. avsnitt: Det er ikkje krevjande... > Det er krevjande
- s. 280, 1. avsnitt: deira oppfatning likevel avhengig > deira oppfatning avhengig
- s. 283, 1. avsnitt: Ifølgje henne stod > Ifølgje Meike S. Baader stod
- s. 286, 1. avsnitt: Sjølv om leiarane stort sett på > Sjølv om leiarane stort sett heldt på
- s. 286, 3. avsnitt: den interne motstand > den interne motstanden
- s. 288, 2. avsnitt: Etter «hadde tatt andre val?» skal det inn ei tilvising til s. 36
- s. 289, 5. avsnitt: grundtavigianske > grundtavigianske

*Tillegg til Velegg 1, s. 311*

Arkiv

Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo

Nasjonalbibliotekets mikrofilmarkiv og nettbibliotek

Normisjons arkiv

Stavanger byarkiv